

Michael



Publication Series of The Norwegian Medical Society



Dagar til å leva,
og dagar til å døy...

1/20

Dagar til å leva, og dagar til å døy ...^[1]

Med ”doktorblikk” på helse og sjukdom i Olav Duuns dikting

Jostein Holmen

Innhald

Forord 9

Samandrag 11

1. Innleiing 16

- 1.1. Duun skildra også helse og sjukdom 16
- 1.2. Olav Duuns bakgrunn 17
- 1.3. Livet i Holmestrand 21
- 1.4. Landet der Duun vaks opp 22
- 1.5. Duuns litterære univers 23
- 1.6. Helse og sjukdom – gamle og nye førestillingar på same tid 25
- 1.7. Duuns medisinske kjeldetilfang 28
- 1.8. Tidlegare litteratur om Olav Duun og hans forfattarskap 36
- 1.9. Foreløpig oppsummering 37

2. Mål for boka, materiale og metodar 39

- 2.1. Mål 39
- 2.2. Materiale og metodar 40

3. Levekår i Duuns litterære univers 47

- 3.1. Hus 47
- 3.2. Kosthald 49
- 3.3. Kleda og sko 51
- 3.4. Hygienen 52
- 3.5. Diskusjon 54

4. Bygda 58
 - 4.1. Klassestrukturen 58
 - 4.2. Husmenn, plassfolk og andre fattige 61
 - 4.3. Samar/finnar 69
 - 4.4. Taterar 76
 - 4.5. Negrar 78
 - 4.6. Sosial kontroll – «bygdedyret» 79
 - 4.7. Sosial mobilitet 86
 - 4.8. Diskusjon 88
5. Sjukdomsmønsteret i Duuns litteratur 92
 - 5.1. Oversikt over diagnosar etter ICPC-2 92
 - 5.2. Sjukdomsmønsteret i Ytter-Namdalens på Duuns tid 95
 - 5.3. Diskusjon 96
6. Tuberkulose 100
 - 6.1. Tuberkulose – ei svepe til alle tider 100
 - 6.2. Tidlege teikn på tuberkulose 103
 - 6.3. Korleis sjukdommen kunne arte seg 105
 - 6.4. Skam – tabuisering 107
 - 6.5. Tæringsdøden - langvarig og slitsam 113
 - 6.6. Sterke inntrykk 123
 - 6.7. Behandling – sanatorium 124
 - 6.8. Diskusjon 126
7. Andre infeksjonssjukdommar 132
 - 7.1. Lungebetennelse 133
 - 7.2. Influensa 137
 - 7.3. Difteri og miltbrann 140
 - 7.4. Kikhoste 146
 - 7.5. Tyfoidfeber – nervefeber 148
 - 7.6. Ulike andre infeksjonar 151
 - 7.7. Diskusjon 154
8. Graviditet og fødsel. Kvinnenes stilling 157
 - 8.1. Seksualvanar og barnebegrensing 157
 - 8.2. Redsel for graviditet 159
 - 8.3. Uønska graviditet og «lausungar» 159

8.4.	Spontanabort	169
8.5.	Provosert abort	171
8.6.	Infertilitet	174
8.7.	Incest og valdtekst	174
8.8.	Fødselskomplikasjonar	177
8.9.	Diskusjon	180
9.	Psykiatri	187
9.1.	Depresjon og sjølvmord	187
9.2.	Alkoholmisbruk	197
9.3.	Angst	203
9.4.	Demens	205
9.5.	Psykisk utviklingshemming	207
9.6.	Diskusjon	209
10.	Andre helseproblem	214
10.1.	Synshemming	214
10.2.	Hørselshemming	218
10.3.	Hjarte- og karsjukdom	218
10.4.	Hjerneslag	221
10.5.	Kreft	224
10.6.	Magesår	235
10.7.	Muskel- og skjelettplager	137
10.8.	Hovudpine – synkope	239
10.9.	Tannverk	240
10.10.	Skader og ulykker	242
10.11.	Diskusjon	263
11.	Vald i familien og oppvekstvilkår	266
11.1.	Konemishandling	266
11.2.	Oppsedarvald – barnevern	271
11.3.	Bortsett på bygda	280
11.4.	Diskusjon	285
12.	Aldring og alderdom	290
12.1.	Aldring	290
12.2.	Eldreomsorg - og død	295
12.3.	Diskusjon	303

13.	Tru, overtru, folkemedisin og anna behandling	305
13.1.	Tru, overtru og helse	305
13.2.	Kristentrua	315
13.3.	Dokter og sjukesøster	316
10.4	Sjukehus og sanatorier	324
10.5.	Diskusjon	327
14.	Nokre kasuistikkar	331
14.1.	Ola Håberg	332
14.2.	Magnus Brudalen	338
14.3.	Carolus Magnus	342
14.4.	Hovudpersonar i «Medmenneske»	350
14.5.	Diskusjon	371
15.	Samla diskusjon	373
15.1.	Hovudfunn	373
15.2.	Å bruke «dokterbriller» på Duuns litteratur	378
15.3.	Skjønnlitteratur som kjelde til medisinsk historie	380
15.4.	Duuns skildringar av helse og sjukdom i perspektiv	383
15.5.	Konklusjon	389
	Etterord	390

Litteratur 392

Vedlegg

Vedlegg 1: Eksempel på levekår i Johan Bojers litteratur 402

Vedlegg 2: Omtale av samar på 1800-talet 408

Vedlegg 3: Oversikt over Juvikslekta 414

Vedlegg 4: Tuberkulosedødsfall 416

Vedlegg 5: «En liten brystsvak pike» 426

Vedlegg 6: Alvorleg lungebetennelse 429

Forord

Det er mange grunnar for å lese verka til diktaren Olav Duun (1876-1939). Hos han får vi innsikt i det å vere menneske på godt og vondt. Her er det drama der Duun skildrar både rett- og vrangsida av menneska. Med stor psykologisk og sosiologisk innsikt skildrar han menneska og konfliktane dei opplever, ikkje berre inne i sitt eige sinn, men også i familien og i samfunnet. Duun gjer dette på ein meir truverdig måte enn det mange andre forfattarar har greidd. Hos Duun er det ingen A4-personar, folk er mangslungne og motsetningsfylte, det gjer dei interessante og spennande.

Handlingane og konfliktane har ofte mange «lag», dei kan tolkast på fleire måtar, og dei dreier seg ofte også om dei klassiske og evigvarande eksistensielle tema – livet, kjærleiken, døden. Det var ikkje tilfeldig at Duun i mange år var nominert til Nobelprisen i litteratur.

Vakre og sterke naturskildringar er viktige element i mange av romanane, noko som ofte er med og forsterkar og understrekar dei eigentlege handlingane. Og han har ein gjennomgåande innbakt, ofte barsk humor. Språket er eit dialektnært nynorsk som var nytt og uvant da Duun ga ut sine bøker, men som inneheld mange gode ord og uttrykk. Det er ein måte å uttrykke seg på som særleg ein trønder lett kan kjenne seg att i.

I tillegg kan Duuns romanar lesast som historiske tidsbilde, der folkelivet på kysten omkring førre hundreårskiftet er skildra på ein levande måte.

Det er altså mange grunnar for å lese Duun. Når eg i denne boka har tatt for meg helse og sjukdom i Duuns litteratur, er det ikkje fordi det er den viktigaste grunnen til å lese Duun. Men da eg for nokre år sidan begynte å lese Juvikfolke på nytt, slo det meg kor stor rolle helse, sjukdom, ulykker og død spelar i romanane. Som historisk interessert lege med hytte på Trøndelagskysten ikkje så langt unna Duuns heimtrakter, begynte eg å lese meir systematisk for å studere dette temaet. Eg fekk stadfesta at helse og sjukdom er tema som går att, ikkje berre i Juvikfolke, men i mange av Duuns romanar. Her er skildringar av sjukdommar som vi sjeldan eller aldri ser i dag, enten fordi vi greier å forebygge dei eller fordi vi i dag kan behandle dei før dei blir alvorlege. Vi kan alltid lese om sjukdommane i medisinske lærebøker, men vi får eit heilt anna inntrykk når vi les skildringar av ein forfattar som Duun, for eksempel av unge menneske som dør av tæring, av lungebetennelse eller av andre infeksjonar – sjukdommar som vi i dag ikkje er vant til å sjå på som særleg alvorlege.

Dessutan er det ikkje sikkert vi skal slå oss til ro med at sjukdommar som Duun skildrar berre er historiske kuriositetar. Sjølv om sjukdomsmønsteret hos Duun på mange måtar er ulikt det vi opplever i Norge i dag, er det slett ikkje ukjent i mange andre land. Både tuberkulose, barseldød og spebarnsdød er daglegdagse hendingar i mange fattige land også i dag. Dessutan er det teikn som tyder på at fleire sjukdommar på nytt kan bli meir aktuelle enn det vi likar å tenkje på, også i vårt land. Vi blir stadig mint om den aukande antibiotikaresistensen, deriblant behandlingsresistent tuberkulose. Vi reiser stadig oftare til eksotiske land, og innvandrarar kan ha med seg sjukdommar frå heimlandet. Det er også stadig snakk om at mange er motstandarar av vaksiner, slik at det er vanskeleg å halde oppe ein tilfredstilande vaksinasjonsdekning. Så sjølv om mange av sjukdommane som Duun skildrar, i dag er under bra kontroll i vårt land, er det ikkje utenkeleg at dei på nytt

kan bli ein realitet også hos oss. Så kanskje har vi alle noko å lære av Duun, ikkje berre som historiske skildringar, men også fordi det er relevant for morgondagens samfunn?

Hos Duun kjem vi nært inn på personane, ikkje minst når dei blir sjuke. Vi får høyre kva dei opplever, kva dei håpar på og kva dei er redde for, korleis dei greier å komme gjennom krisa, enten dei blir friske igjen eller om dei dør. For døden er nær hos Duun, den er ein naturleg del av livet, nokså ulikt det som er vanleg i dagens moderne samfunn. Kanskje har vi også her noko å lære?

Det er ikkje minst i skildringane av dei sjuke eg kjenner meg att i rolla som mangeårig allmennlege. Som lege kjem ein ofte nært inn på pasientane, slik at ein kan sjå bakom maska og bli kjent med livshistorier som få andre kjenner til. Kanskje er det mogleg å forstå kvifor han eller ho sit på kontoret, forstå grunnen til plagene – nokre gonger kanskje betre enn dei sjølve gjer. Ofte har eg og undra meg over korleis pasientane har greidd seg gjennom all motgang - korleis dei har greidd å leve liva sine. For kvart menneske som kjem på legekontoret har si historie, slik som kvar av personane til Duun har si historie. Litteraturkritikar Rolv Thesen siterer dette fra Duun: «*Dei hadde kvar si soga. Dei som andre. Eller vel så det, tykte dei nok sjøb*» [2].

Dette arbeidet har gitt meg høve til å kombinere den medisinske bakgrunnen min med ei mangeårig interesse for både Duun og for historie. At eg dei seinare åra har brukt mykje tid ved kysten ikkje så langt frå der Duuns personar levde, har gitt ekstra inspirasjon.

Mange fortener ein stor takk for hjelp i arbeidet med boka: Søstra mi, Åse, som ga meg heile serien med Duuns romanar - arvegods etter den felles tanta vår Alla. Kristen Dille og Torgeir Strøm, som har vist vegen til Kjelvika og andre stader på Jøa og forsynt meg med litteratur. Rigmor Duun Grande og historikarane Elin Strøm og Sven Carstens, som alle har gitt gode råd undervegs. Arnfinn Johansen, som tok imot meg på Rambergfjellet sommaren 2017 og viste meg boksamlinga til Duun.

Redaktørane Øivind Larsen og Magne Nylenna, som har sørga for gode, faglege tilbakemeldingar og godkjent at boka blir utgitt i tidsskriftet *Michael*. NTNUs publiseringsfond for åpen publisering, som har gitt økonomisk støtte til trykking av boka, og ikkje minst kona mi, Turid, som tålmodig har akseptert at Olav Duun nå i fleire år har vore nesten som eit ekstra familiemedlem.

Takk til alle!

Verdal, august 2019

Jostein Holmen

Samandrag

Innleiing

Olav Duun er rekna som ein av våre største forfattarar, først og fremst på grunn av måten han tek for seg mange av de store eksistensielle spørsmåla – livet, kjærleiken, døden. Innimellan skildringar av på mange måtar livsfriske og sterke folk går han heller ikkje av vegen for å omtale dei mørke sidene ved det å vere menneske, deriblant skildringar av sjukdom, ulykker og død. Det er denne sida av Duuns forfattarskap eg har studert i denne boka. Eg har tatt utgangspunkt i at hans skildringar kan vere interessante ut frå eit medisinsk historisk perspektiv og har studert nærmare desse spørsmåla: Korleis var levekåra for personane i Duuns litterære univers? Kva betydde familien, bygda og samfunnet elles, for sjukdom og uhelse? Korleis var sjukdomsmønsteret? Korleis opplevde romanfigurane hans sjukdom og uhelse? Kva slags syn hadde dei på medisinske hjelpemiddel, som for eksempel folkemedisin, dokter og sjukehus?

Metode og materiale

Eg har bakgrunn som allmennlege og samfunnsmedisinar, og dette var utgangspunktet mitt også for dette arbeidet. Ved gjennomgang av dei 25 romanane og dei tre novellesamlingane i Minneutgåva frå 1949 (Norlis forlag), markerte eg dei avsnitta som hadde medisinsk relevans og sette først diagnosar der det var mogleg. Deretter kategoriserte eg avsnitta ut frå ulike medisinske tema og samla desse i kvart sitt kapittel, der eg så har drøfta temaet nærmare. Eg har relatert Duuns medisinske skildringar både opp mot hans eigen bakgrunn og oppvekst og til den tida han har

lagt hendingane til. I tillegg har eg drøfta dei ulike temaa sett i lys av vår eiga tid, særleg med tanke på at vi kan ha noko å lære av Duun også i dag.

Resultat

I tid spenner Duuns litterære univers seg over ein periode på godt over hundre år, dvs. frå slutten av 1700-talet til 1930-talet, men handlinga i dei fleste romanane er lagt til tida omkring førre hundreårsskiftet. Eit hovudinntrykk er at Duuns romanfigurar levde tett på sjukdom, ulykker og død i kvardagen. Det var infeksjonssjukdommane som dominerte bildet, og særleg tuberkulosen går att i fleire romanar. Vi hører sjølv sagt også om mange andre infeksjonssjukdommar, og han skildrar mange dødsfall både hos barn og vaksne. Vi kan og lese om folk med psykiske problem og psykisk sjukdom, bl.a. med depresjon og sjølvmur som resultat. I tillegg hører vi om mange andre sjukdommar, om vald i familien og og hos andre som er med på å oppdra barn, og vi får illustrasjonar på kor svakt rettsvern barn hadde. Også kvinnene si stilling var svak, både sosialt og helsemessig, med redsel for graviditet, uønska graviditetar, abortar og risikofylte fødslar. Eldre, folk med psykisk sjukdom og psykisk utviklingshemma hadde det ofte kummerleg. I det heile skildrar Duun eit breidt spekter av helseproblem.

Tru, overtru og folkemedisin var viktige for mange av personane, mens sjukesøster, dokter og sjukehus blir tatt i bruk i dei romanane som er lagt til «nyare» tid, sjølv om vi sjeldan hører at dei gjorde særleg nytte for seg. Andre helserelaterte tema som kosthald, mat, kleda, hus og hygiene får vi lite innsyn i, men forholdet til familien og bygda elles var ofte viktige faktorar, og vi kan erfare kor farleg både «bygdedyret» og «familiedyret» kunne vere. I Duuns persongalleri er det til saman mange interessante personar, og eg har studert nokre av desse spesielt i eit forsøk på å forstå korleis dei kunne handle slik dei gjorde ut frå mitt eige medisinske perspektiv.

Diskusjon

Eit av dei sterkeste inntrykka ved lesing av Duun med «dokterbrillene» mine, er kor tett romanfigurane levde med sjukdom, ulykker og død innpå seg. Livet var utrygt på ein heilt annan måte enn det vi er vande med i dag. Eit anna hovudinntrykk er det breie spekteret av sjukdommar som Duun skildrar. Det er ikkje rart at tuberkulosen og andre infeksjonssjukdommar dominerte, ettersom desse var dei mest vanlege sjukdommane på hans tid. Likevel inkluderer han og mange andre sjukdommar og helseplager, til dels ganske detaljert, og ein kan undre seg på kor han har fått denne kunnskapen frå. Ikkje berre skildrar han symptoma og korleis den sjuke opplevde det, men ofte også korleis dei rundt den sjuke hadde det. Mange av sjukdomstilfella er truverdig skildra, også ut frå ei medisinsk vurdering. Fleire av sjukdommane han skildrar er i dag nesten utrydda i Noreg, så her i landet er det knapt nokon helsearbeidar i dag som har sett eller opplevd fleire av tilfella som Duun skildrar.

I det medisinske vokabularet finn vi ikkje ord som «synd», «vond» eller «god», omgrep som er viktige for Duun og som ofte er brukt i analyser av forfattarskapet hans. Eg har prøvd å forstå romanfigurane ut frå bakgrunnen og tilhøva deira utan å sette moralske merkelappar på dei. Mi vurdering av nokre av dei sentrale personane hos Duun blir difor litt annleis enn dei fleste som tidlegare har omtalt desse figurane.

Konklusjon

Duuns forfattarskap gir eit godt innblikk i fleire av dei store folkehelseproblema på Duuns tid. Vi får innsikt i kor tett folk levde med sjukdom og uhelse i kvardagen, og vi får nære skildringar som ein vanlegvis ikkje får frå medisinske lærebøker. Gjennom Duuns litterære univers kan vi følgje korleis folk såg på og møtte sjukdom og uhelse, kva dei trudde på, stolte på og var redde for. Og vi kan sjå korleis dette endra seg frå dei eldste juvikingane først på 1800-talet til dei meir moderne romanfigurane på 1900-talet. Duuns forfattarskap gir også på andre måtar innblikk i eit samfunn som var svært ulikt vårt samfunn i dag.

1. Innleiing

1.1. Duun skildra også sjukdom og uhelse

Olav Duun var ein av dei meste kjente og anerkjente norske forfattarane for nokre tiår sidan. Han debuterte med den første boka i 1907 og hadde ein stor produksjon gjennom mange år. Hovudtemaa i dei fleste bøkene er ulike sider ved dei store, eksistensielle spørsmåla – livet, kjærleiken, døden. Dei mest leste bøkene er seksbindverket «Juvikfolke» (1918-1923), «Medmenneske» (1929) og «Menneske og maktene» (1938). Fleire av romanane er dramatisert. Duun vart nominert til Nobelprisen i litteratur i mange år.

For nokre år sidan tok eg fram Juvikfolke på nytt. Duun er kjent for å skildre alle sider ved det å vere menneske, også baksida – dei meir mørke sidene. Innimellom skildringar av på mange måtar friske, livskraftige og arbeidsame juvikingar, merka eg meg nå at det heller ikkje var lenge mellom til dels nære skildringar av sjukdom, ulykker og død. Alt den første juvikingen vi blir godt kjent med, Per Anders, som lever først på 1800-talet, følger vi da han ligg ned i naustet Løssi Langnatt, får lungebetennelse og dør. Seinare får vi høre om tuberkulose, barnedødsfall, psykisk sjukdom og ulykker på land og på sjøen.

Når eg så tok for meg dei andre romanane og novellene av Duun, slo det meg kor detaljert han har skildra mange sjukdomstilfelle, og kor stor innleving han viser, både med dei som er sjuke og med dei som står omkring. Eg begynte dermed å lese systematisk for å studere denne litteraturen. Kva var det han eigentleg skildra?

Korleis var helsetilstanden i Duuns litterære univers? Kanskje kan vi lære noko av hans skildringar også i dag?

Da eg begynte å lese Duun med «dokterbriller», var eg usikker på om denne litteraturen eigentleg var relevant ut frå ein medisinsk historisk ståstad, for Duun skreiv romanar og noveller og ikkje historiebøker. Mange forfattarar skriv rein fiksjon, heilt oppdikta historier og skildringar av sjukdom og uhelse, som ikkje har noko med realitetane å gjere. Også slike historier kan vere spennande og fascinerande og viktige reint litterært, men da dei ikkje liknar det verkelege livet, er dei mindre interessante ut frå eit medisinsk synspunkt. Med Duun er det annleis. Han skildrar mange medisinske tilfelle som om han skulle ha sett dei eller opplevd dei sjølv, og for ein allmennlege verkar mange av tilfella truverdige. Det kan få ein til å tru at Duun ikkje skriv berre fiksjon, men har eit erfaringsgrunnlag som gjer at skildringane kan vere av interesse også ut frå ein medisinsk historisk ståstad.

Heilt sidan eg begynte å studere Duuns litteratur med blikk for skildringar av sjukdom og uhelse, har eg undra meg over korleis han kan ha fått så god innsikt i ulike sjukdommar. I dette kapitlet har eg difor ei oppsummering av Duuns bakgrunn og har lagt vekt på moment som kan gjere det lettare å forstå korleis han kunne skildre sjukdom og uhelse på ein så truverdig måte.

1.2. Olav Duuns bakgrunn

Olav Duun, eller Ole Johannessen Duun som han eigentleg heitte, var fødd på Jøa i Namdalens i 1876 og budde der i heile oppveksten. Foreldra var Johannes og Elen Duun, og den vesle familien leigde først rom på Brakstad, seinare på husmannsplassen Litjgår'n under Hov, den garden som seinare truleg var modell for Håberg i «Juvikfolke». Ole fekk etter kvart tre søskener: Inga Mathilde (f. årsskiftet 1879-80), Alfred Eckoff (f. 1881) og Erik Gunnerus (f. 1884). Faren dreiv på sjøen eller arbeidde rundt på gardane, og det var trøngt økonomisk.

Det var her på Litj-går`n han budde dei fire-fem åra før han begynte på skolen, og Kolbjørn Gåsvær (1927-2012), ein av dei lokale Duun-kjennarane, trur at denne plassen har sett djupe spor i eit undrande barnesinn:

... På haugene og i fjellene her fikk Ole de første naturopplevelsene og de rikeste erfaringene som den senere dikteren så mesterlig gjenskapte i fortellingen om Odins barndomsår i sagaen om Juvikfolket. ... [1]

Vekkingsbølga, med utgangspunkt i Gisle Johnsons og Gustav Adolf Lammers forkynningslære, gjekk over store delar av landet sist på 1800-talet og kom også til Namdalen. Først på 1880-åra vart far til Ole, Johannes, omvendt, bedehuset vart det naturlege samlingspunktet, og den strenge pietistiske kristendommen sette sterkt preg på familien gjennom Ole sin oppvekst. Litj-gården var ein lesarheim, og Sivert Fløttum, ein av Duun-biografane, tek det for gitt at det difor var ein enkel og nøktern heim, utan fine møblar eller pyntegjenstandar.

I 1884, da Ole var sju år, kjøpte faren halvparten av garden Øver-Dón, og familien flytta dit. På slutten av året kom det meldingar om at fleire av ungane i grenda døydde. Det kunne vere både skarlagensfeber, difteri, meslingar, kikhøste eller influensa som herja. Ved juletider vart Alfred Eckhoff sjuk og døydde berre nokre dagar seinare. Snart vart Inga Mathilde sjuk, og etter tre veker døydde også ho. Tapet av veslesøstra skal ha gått sterkt inn på Ole – ho var den beste leikekameraten og vennen hans. Men Fløttum, som kjente lekmannsrørsla godt, trur reaksjonen i miljøet var slik:

*... Gud straffet hardt, men rettferdig, forklarte leserne, og alt skjedde vel til folkets beste. ...
Men når alt skjedde etter Guds vilje, måtte han godta det. Men han kunne aldri skjonne hvorfor Gud straffet ham så hardt. ...[2]*

Ole fekk seinare fem søskan til, men ein av desse døydde tre år gammal. Ole mista altså tre av søskena sine.

Ole var flink på skolen, den flinkaste i klassen, og han las alt han kom over – ikkje berre skolebøker, men all slags litteratur, aviser og blad, og han fekk god opplæring i språkutvikling og replikk-kunst både av faren og av kårkallen på Dun, Andreas.

På fritida var han i lag med venner, slik som dei andre ungdommane, i ungdomslaget, skyttarlaget, i kjerka, på bedehuset eller på turar i skog og mark. Det kunne sjå ut som han var ein blant mange i flokken, men ofte trekte han seg tilbake frå vennene, og alltid når dei var samla til dans og moro. Da sto han i utkanten som tilskodar.

... Ofte gikk han med trangstanker og var mistenksom. Sosialt var han en stakkar som grep en slags redningsplanke ved å trekke seg bort fra flokken. Når han spilte rollen som tilbaketrukket tilskuer, ble de andre engstelig for de følte seg overvåket. De følte at han spionerte på dem. Det han opplevde, hørnet i kisten, og da tankene hans senere kom på trykk som noveller eller større arbeider, fikk de bekreftet mistanken, og da følte de seg nesten forrådet. Slik kom han på kant med folk og ble upopular i mange kretser. ... [3]

Han var med og rodde fiske i alle fall seks, kanskje åtte vintrar, truleg i åra 1891-1899. I følge Kolbjørn Gåsvær var det vanleg at ungdommane var med på sjøen, men det Ole opplevde, lagra han til bruk seinare [4].

Duun var 25 år gammal og ein vaksen og erfaren arbeidskar da han flytta heimafrå. Fløttum trur at usemja med foreldra om religionen var ei viktig årsak til at han reiste ut:

... Duun så på foreldrenes sterke engasjement i Den norske Frikirke som et stort svik. Ikke bare mot ham personlig, men også mot miljøet omkring seg, som han satte uendelig høyt. Han mente at foreldrene på en måte sviktet når de ikke ført videre de gode tradisjonene som hadde blitt formidlet gjennom forfedrene. Det var her i hjemmet og i hverdagen at oppgavene ventet på å bli løst, ikke på bedehuset, mente Duun. Det var her på jorden at livet skulle leves. I stedet

opplevde han at tiden gikk med til bønner, forkynning og forberedelser til det som skulle komme etter døden. ... [5]

Spenningsa mellom Ole og foreldra auka for kvar dag, og våren 1901 kom det til ein skikkeleg konfrontasjon mellom far og son. Han greidde ikkje å vere heime lenger. Broren Erik kalla det ein «nødforanstaltning» at han reiste heimanfrå [6]. I følgje Fløttum var mora den einaste han sa adjø til da han reiste, men forholdet til henne var heller ikkje greit:

... En av hans søstre, Inga, fortalte ved en senere anledning at moren hatet det Duun skrev. Moren hadde også uttalt at da Ole var liten, ba hun til Gud om at gutten skulle få vokse opp. Senere hadde hun i tunge stunder angret på det. ... [6]

Historikar Elin Strøm trur imidlertid at han reiste heimanfrå for å realisere målet sitt – å bli diktar [7]. På lærarskolen på Levanger (1901-04) møtte han norsklæraren Vetele Vislie (1858-1933), som vart ei stor inspirasjonskjelde gjennom mange år. Det var også han som fekk Duun til å finne fram til språket han vart kjent for – eit landsmål med innslag av namdalsdialekt. På lærarskolen hadde han også Søren Noreide som lærar eit år. Noreide hadde psykologi som ei hovudinteresse og ga seinare ut ei lærebok i psykologi.

I lærarskoletida og dei første åra etterpå hadde han mykje kontakt med to jenter – søstrene Ingunn og Magnhild Jørstad, som var døtre av presten på Frosta. Det finst fleire brev frå denne kontakten, og det er spekulert på om Olav og Magnhild (1885-1970) var meir enn venner, men dette veit ein lite om [8]. Etter lærarskolen fekk Duun erfaring som lærar både på Inderøya (1905-1906), Singås og Budalen (1906-1908), før han til slutt busette seg i Holmestrand i 1908. Dette året gifta han seg med Emma Nakling, som han først hadde møtt på Jøa fleire år før, og dei fekk ei dotter, Dagmar, i 1910.

1.3. Livet i Holmestrand

Olav Duun fekk etter kvart kjøpt eit hus på Rambergfjellet i Holmestrand, og han levde med den vesle familien sin der resten av livet. Han var folkeskolelærar, men det var nok skrivinga og ikkje lærargjerninga han var mest engasjert i. Skrivinga skjedde mest på kvelds- og nattestid. Duun hadde nokre få venner, men elles levde familien skjerma og slapp få innpå seg, og Duun gav svært få intervju. Han let det heller ikkje vere att personlege papir etter seg, og også etter at han var død verna både Emma og Dagmar strengt om privatlivet. Duun skreiv likevel mange brev oppgjennom åra, og mottakarane tok ofte vare på breva, slik at dei er nokre av dei viktigaste kjeldene for Duun-biografane. Som person var nok Duun ganske introvert, kanskje litt depressiv av natur og med litt sosial angst, men han kunne vere kvass i replikken og viste ofte ein underfundig humor.

Duun fekk nokre reisestipend, slik at han kunne reise fleire turar bl.a. til Tyskland. Under ein tur i 1927 hadde skolen fått ein lærarvikar som foreldra var svært godt fornøgd med, så da Duun kom heim, vart han møtt med ein foreldreaksjon som kravde at han måtte gå av. Dette var meir enn han tålte; han slutta på dagen, og det gjekk svært inn på han. Han følte seg utstøytt frå samfunnet. Etter den tid vart han forfattar på heiltid.

Duun fekk forfattarstipend frå 1923, men både mens han berre hadde lønn som lærar og etter at han fekk forfattarstipend, hadde han økonomiske problem, og han fekk ofte forsot frå forleggaren Olaf Norli. Da han fekk den tyske Henrik Steffens' pris i 1936, hadde han ei gjeld på kr 10 000 hos Norli, meir enn ei årslønn for ein lærar. Men særleg etter at «Juvikfolke» kom ut, vart han sett høgt både av forfattarkollegaer og av lesarane, og da han døydde i 1939, 62 år gammal, var han ein av dei mest anerkjente norske forfattarane. «*Norges største dikter*», sa Sigrid Undset, da ho la ned krans på båra hans frå Den norske forfatterforening [9].

1.4. Landet der Duun vaks opp

Gjennom forfattarskapet sitt skildrar Duun personar og miljø som i hovudsak er lagt til kystmiljøet i Namdalens, og særleg Jøa, «... *dette underlege landet, der det er saa vondt aa vera til ...* », som han skreiv til ein venn mens han var på lærarskolen på Levanger [10]. Jøa er eit øysamfunn nordvest for Namsos. Historikar Elin Strøm, som har studert korleis det var på Jøa siste del av 1800-talet, fann at det i 1865 var i alt 34 sjølveigarbruk der det budde 240 personar og 34 husmannsplassar der det budde 171 personar [11]. Sjølv om gardane stort sett var små, var det ei klar klassegrense mellom dei som eigde jord og dei eigedomslause [12], men jordbrukskunst gav lite kontantar, så det var fisket som måtte sørge for å dekke utgifter som kravde pengar. Frå 1871 til 1877 var det uvanleg godt fiske utanfor Namdalskysten, og da vart det rikeleg med pengar mellom folk i nokre år. I 1880-åra vart levekåra igjen vanskelege, noko som også går fram av Medisinalmeldinga for 1888 frå distriktslegen. I 1890-åra var forholda igjen betre, men likevel skriv han dette i 1892:

... Befolkingen lever tarveligt og sparsomt; kosten bestaar hovedsagelig af saltet sild og fisk, grød samt kaffe; fersk mad nydes nesten aldrig. ... [7]

Spebarnsdødelegheta var høg i heile perioden frå 1870 til 1899 [13].

På slutten av 1800-talet var altså Jøa prega av ustabile økonomiske forhold, dei levde eit spartansk liv og dei opplevde mykje sjukdom og død, ikkje minst blant barn. Samfunnet var også prega av lekmannsrørsla, som hadde sterkt framgang frå 1870-åra, slik at det vart ein ny religiøs kultur [14].

Duuns levetid var i det heile ein periode med store omveltingar på mange områder, ikkje berre lokalt, men også nasjonalt og internasjonalt. Han opplevde den norske nasjonale reisinga som førte til unionsoppløysinga i 1905. Det var politisk uro i mange land, eksempelvis revolusjonane i Russland og første verdskriga. Han opplevde store tekniske framsteg, for eksempel at det vart vanleg med motor i båtane, at elektrisiteten og telefonen vart utbygd, og ei gryande industrialisering.

Økonomisk var det store svingingar, blant anna med depresjonen på 1920- og 1930-talet.

Det er difor klart at Duun vaks opp i og levde i eit samfunn som var nokså annleis enn det vi har i dag. Folk såg på verda rundt seg på ein annan måte enn vi gjør i dag, og dei hadde andre erfaringar enn vi har. Men Duun reiste frå Jøa i 1901 da han var 25 år og var der sjeldan sidan. Likevel var det dette landskapet og dette samfunnet han dikta om heile livet. På mange måtar vart det difor ein slags «emigrantlitteratur», der han som utflytta namdaling dikta om det landet og det samfunnet han hadde kjent som ung. På spørsmål om kva i heimbygdas natur og folkeliv som hadde gitt han inspirasjon, svara Duun ganske enkelt: «*Det var ikkje anna rart ved naturen der heime i Ytre Namdalen enn det at han var min*» [15]. Men som Gujord skriv: Dette var Olav Duuns rike, «... først og fremst en litterær verden – et kunstnerisk univers og en rik tumlelass for fantasien» [16].

1.5. Duuns litterære univers

Duun var ein produktiv forfattar – han kom med ei ny bok nesten kvart år frå han debuterte i 1907 til han døydde i 1939. Den første boka, «Løglege skruvar og anna folk», er ei novellesamling. Han kom også med ei novellesamling i 1911 («Gamal jord») og ei i 1924 («Blind-Anders»). Det var seks-bind-verket «Juvikfolke» (1918-1923) som for alvor gjorde Duun kjent. Der skisserer han juvikslekta langt bakover, men den første juvikingen vi blir godt kjent med, Per Anders, lever omrent frå midten av 1700-talet til først på 1800-talet. Vi kan så følgje slekta derifrå og i fleire generasjonar, dvs. meir enn hundre år. Handlinga i dei fleste andre romanane er lagt til tiåra rundt førre hundrearsskiftet.

Dei fleste romanane av Duun kan lesast for seg, men det er nokre som heng saman også utanom dei seks binda av «Juvikfolke». I dei to binda «Nøkksjølia» (1910) og «Sigyn» (1913) kan vi følgje med Sigyn, som er fødd utanfor ekteskap og bortsett

som litra jente. Ho blir avvist av mora, men kjem seg etter kvart opp og fram. I trilogien «Medmenneske» (1929), «Ragnhild» (1931) og «Siste leveåret» (1933) følger vi Ragnhild og Håkon på Stavsund og familien deira gjennom fleire år.

«Medmenneske» er ei av dei mest kjente av Duuns bøker. «Det gode samvite» (1916) er også ein stor slektsroman der vi følger to familiar gjennom tre generasjonar. «Ettermæle» (1932) er lagt opp mest som ein krim-roman, der Agnar skal prøve å oppklare dødsfallet til mora. Dei to siste bøkene frå Duun, «Samtid» (1936) og «Menneske og maktene» (1938), er av mange tolka som ei form for skildring av den politiske utviklinga i mellomkrigstida. I alle fall er det også her stor dramatikk, både på det indre og det ytre planet.

Det er ikke lett å samanfatte Duuns forfattarskap på ein meiningsfull måte, til det er han for omfattande og mangesidig. Rolv Thesen var i mange år den mest autoritative Duun-kjennaren og ga ut ein grundig omtale av heile Duuns forfattarskap i 1942. I innleiinga skriv han:

Då Olav Duun i 1938 sendte ut «Menneske og maktene», den boka som vart hans testamente, gav han henne ein tittel som femner om hans heile dikting. For Olav Duuns skrifter i samling, det er eit einaste stort, organisk kunstverk om menneske og maktene, - eit monument som stig opp frå det norske landskapet og lyfter seg mot himmelen i storlagd ro. Eit monument over norsk ånd og lynde. Og over mennesket i strid med maktene.

Det er ei merkeleg mangslungen og motsetningsrik verd ein møter i Duuns dikting. Mennesket strir med maktene, i seg og utanfor seg, med natur og lagnad, sed og skikk, tru og ovtru, redde tankar og vonde hugdrag; det stupar og reiser seg, taper og vinn. Det er ei verd der striden står mellom lys og mørker, vondt og godt, himmel og hel, og der mennesket først og fremst har berre seg sjølv og sin eigen styrke å lite på. ... [17]

1.6. Helse og sjukdom - gamle og nye førestillingar på same tid

Det var ikkje berre samfunnet som endra seg sterkt i Duuns levetid. Også synet på helse og sjukdom endra seg sterkt. Den naturvitenskapeleg baserte medisinen begynte å få fotfeste på slutten av 1800-talet, men gamle førestillingar om helse og sjukdom var levande lenge. I Duuns litteratur hører vi blant anna om årelating, ganning og andre former for overtru, i lag med kristne forestillingar om synd og skyld, som årsak til sjukdom. Dessutan møter vi ei form for nihilisme i forhold til sjukdom og død som er ukjent i dag.

For å forstå nokre av dei førestillingane folk kunne ha om medisin og helse så seint som på 1800-talet, må vi faktisk trekke liner heilt tilbake til antikken, da humorallæra – humoralpatologien (humor=væske) vart utvikla. Den hippokratiske læra la mellom anna vekt på observasjon som viktig metode og den empiriske kunnskapen ein får ved stadig å sjå til den sjuke. Det var difor viktig at legen kunne besøke pasienten i eigen heim, og dette la grunnlaget for prognostikken (pro=før, gnosis=kunnskap). Det vart hevda at det var prognosen som var det primære, ikkje diagnosen (dia=gjennom, gnosis=kunnskap). Dessutan var legane overtydde om at naturen kunne ordne opp sjølv; deira oppgåve var å vere medhjelpar for naturen. Og det var pasienten som stod i sentrum, korleis han eller ho kjende seg og fungerte, ikkje det at eit organ var i «uorden». Hippokratisk medisin var på denne måten holistisk og ikkje reduksjonistisk, som delar av medisinen seinare skulle bli.

Eit anna viktig trekk ved den tidlege medisinens var kristendommen, som også kom til å prege dei teoretiske overbygningane og den praktiske tilnærminga til helse og sjukdom. Dette gjorde at sjukdom vart oppfatta som resultat av eit syndefullt liv, som straff eller som prøving. Kroppen var underordna sjela, og behandlinga av den sjuke måtte innrette seg deretter. Slik vart botemidla for å bli frisk knytta til skrifting, bønn, bruk av reliktiar, velsigningar, eksorsisme og påkalling av helgenar, gjerne ein for kvar sjukdom. Desse metodane var vanlege i fleire hundre år framover.

I tidlegare tider var det ofte ingen klare skiljelinjer mellom kva og kven ein hadde tillit til. Det var ikkje uvanleg å søke hjelp frå fleire typar behandlarar for same problem: frå ein lege, frå ei klok kone eller ein prest, eller frå dei alle. Likevel var det ikkje tvil om at kristendommen og den religiøse forståinga av sjukdom og helbreding fekk eit sterkt grep [18].

Naturvitenskapen får fotfeste

Sjølv om humorallæra, ofte i lag med kristen-religiøse forestillingar, var sentrale i medisinsk praksis til eit godt stykke utpå 1800-talet, skjedde endringar alt tidleg på 1800-talet, før Duun var fødd. I 1810 vart koppevaksinen obligatorisk i Noreg, og utan koppevaksinasjonsattest kunne ein sidan verken bli konfirmert eller gift. Sunnheitslova av 1860, med innføring av sunnheitskommisjonar i kommunane, fekk mykje å seie, og hygiene-rørsla, med engasjement av frivillige lag og organisasjonar, kom for alvor i gang på slutten av 1800-talet [18]. Behandling med antitoksinserum mot difteri, som vart innført i 1895, reduserte letaliteten av difteri vesentleg [19].

Internasjonalt skjedde det og store endringar i synet på helse og sjukdom. Louis Pasteur (1822-1895) utvikla vaksiner mot rosen, miltbrann og hundegalskap. Oppdagninga hans av bakteriar, og korleis dei verkar i sjukdomsprosessane, var med på å etablere bakteriologien som vitenskap. I Tyskland la Rudolf Virchow (1821-1902) grunnlaget for moderne patologi da han viste at årsaka til sjukdom var forandringar i cellene. Han vart ein stor autoritet innan medisin og fekk mykje å seie i arbeidet med å betre sanitære forhold generelt og forholda på sjukehusa spesielt [20, 21].

På 1800-talet starta også utbygging av meir moderne sjukehus, noko som skaut fart etter oppblomstringa av mikrobiologien som vitenskap og med erkjenning av at bakteriane var viktige smittestoff. Mange norske sjukehus vart etablert i perioden 1900–40. Det var også ei sterk utvikling av legetenester og jordmortester i distrikta i denne perioden [22].

Dette viser at i tiåra før Duun var fødd og i Duuns levetid var det ein gradvis overgang frå den gamle humorallæra og dei kristen-religiøse forestillingane til ein meir naturvitenskapeleg basert medisin. Det vart gjort mange banebrytande oppdaginger, det var stor vitenskapsoptimisme - det var liksom ingen grenser for nyvinningar. Isiste halvdel av 1800-talet var altså fundamentet i hovudsak lagt for den naturvitenskapelege medisinen og dermed også for behandling av viktige sjukdommar. I mange miljø levde nok framleis både restar av den gamle humorallæra og dei kristen-religiøse forestillingane likevel i beste velgåande, parallelt med den nye naturvitenskapelege kunnskapen.

Også innan psykiatrien skjedde det mykje på 1800-talet og første del av 1900-talet. Historia om korleis psykiatriske og psykisk funksjonshemma pasientar har vorte behandla opp gjennom tidene er ikkje vakker. Ho er prega av skam, av forsøk på å skjule, og av forsømming - i det heile ei uverdig behandling sett med moderne auge [23, 24, 25]. «Sinnsykeloven», som vart vedtatt i Stortinget i 1848, var eit framsteg i behandlinga av desse pasientgruppene, og i andre halvdel av 1800-talet var det ei sterkt utbygging av psykiatriske anstalar (sinnsjukeasyl). Dei fleste psykiatriske pasientane var likevel framleis plassert utanfor anstaltane, hos private som fekk betaling av det offentlege [23].

Psykologien blir eit fag

Mange av Duuns romanar kan kallast psykologiske drama. Faget psykologi handlar om korleis menneske tenker, føler og oppfører seg. Gjennombrotet for psykologien kom i andre halvdel av 1800-talet. Men faget har gått gjennom fleire fasar etter at det vart eigen vitenskap, og dette har gitt det mange ulike perspektiv som kan forklare åtferd på ulike måtar [26].

Psykoanalysen vart utvikla av Sigmund Freud i åra rundt 1900. Han var mest opptatt av korleis ubevisste mentale prosessar kan påverke åtferd og personlegdom, og mest kjent var kanskje fascinasjonen hans av det dei kalla hysteri hos kvinner.

Behaviorismen vart grunnlagt av amerikanaren John B. Watson i 1913. Han fokuserte på korleis det ytre miljøet kunne påverke åtferd, og han meinte at det var observerbar åtferd og ikkje uobserverbare indre prosessar som var viktige. Seinare, etter Duuns tid, har psykologien utvikla seg i fleire retningar, [26] men det må ha vore litteratur om psykoanalysen og behaviorismen som Duun hadde tilgang til.

1.7. Duuns medisinske kjeldetilfang

I utgangspunktet er sjølvsgått Duuns litteratur dikting, der han har skapt seg ei litterær verd, og det må vi gå ut frå gjeld også når han omtalar sjukdom og uhelse. Duun må likevel ha hatt eit utgangspunkt når han har skildra også desse temaa, og eg kan tenkje meg at han kan ha hatt tre type kjelder til dette stoffet: Eigne opplevingar og erfaringar, historier han har høyrt og stoff han har lese seg til.

Eigne opplevingar og erfaringar

Det er sagt at Duun har basert mykje at det han har skrive på eigne opplevingar og erfaringar. Dette har vore eit diskusjonstema heilt frå dei tidlege romanane hans, blant anna ved at namdalingerne meinte dei kunne kjenne igjen karakterar og hendingar, noko som førte til at han ei tid var dårleg likt i Namdalen [27]. Det er difor grunn til å tru at det han også skriv om sjukdom og uhelse kan vere basert på eigne opplevingar og erfaringar.

Sjukdom i familien. Duun vaks opp under nøkterne kår, og oppveksten var dessutan prega av sjukdom og død. Ole (Olav) var eldst av åtte søskene, og det er grunn til å tru at det gjorde sterkt inntrykk på han at tre av søskena hans døydde som små.

... Barnedødeligheten var stor på denne tiden. Litt for ofte kom det beskjed om at en av ungene i grenda var gått bort. Skarlagensfeber, difteri, meslinger, kikhoste eller influensa klorte seg fast i lett mottakelige barnekroppen. Hygienen kunne det være så som så med. Smitten spredte seg derfor fort når den først hadde fått innpass i grenda. Faren for at egne barn skulle bli rammet av sykdom, gav næring til angst og mismot [28].

Nerveproblem. Duun ser ut til å ha hatt nerveproblem heilt fra han var ganske ung, sosialt var han ein stakkar, og han trekte seg ofte vekk frå kameratane [2]. Også i vaksen alder hadde han mange helseproblem:

... Olav Duun karakteriserte seg selv som en plaget mann. Han skrev ofte om sin svake helse til venner og kjente. Ofte var han deprimert og følte seg utenfor med hodepine og kvalme. Da stakk han gjerne til skogs etter middagen og kunne være ute til langt på natt. Duun gikk ikke alltid i detaljer om sykdommene sine. Noe ganger sa han bare at han var syk – uten å komme nærmere inn på plagene. ...

... I korrespondansen med sin tidligere norsklærer, Vetle Vislie, skinner også helsebekymringene igjennom. Sommeren 1906 skrev Duun at han hadde vært dårlig en stund. To år senere kunne Vislie lese at Duun hadde vært og fortsatt var syk. Da det led til jul samme året, skrev han at han hadde vært litt skraphelsig, men at han var på bedringens vei. Ved en anledning sa han at han arbeidet hardt og levde i stor ensombret, men ikke i ensom storhet. I brev til dem som sto ham nær, gav Duun ofte uttrykk for at han følte seg utenfor ... [6].

Hovudpine. I 1927 oppsøkte han badeanstalten i Montecatini i Tyskland, i håp om å få bukt med den evinnelege hovudpina og smertene han var plaga med elles i kroppen. Dei hadde forfølgt han heilt fra ungdommen, men «som vanleg» vart Duun sjuk mens dei var der, han fekk influensa og «anna fark». Ein dag mange år tidlegare hadde smertene vore så ille at han hadde lagt seg på golvet i klasserommet mens elevane hadde frikvarter, rulla seg rundt og vridd seg i smerter. Han brukte sjenever

som medisin oftare og oftare, og til slutt vart det søkt om invalidepensjon for han [6].

Depresjon. Det ser ut til at Duun kan ha hatt ein lett sosial fobi, og han var truleg depressiv av karakter. Etter som åra gjekk vart han mindre og mindre engasjert i skolearbeidet, og det var aukande misnøye blant foreldra. Etter at han kom heim frå tysklandsturen i 1927 og vart presentert for foreldreaksjonen som ville fjerne han frå skolen, følte han at heile verda rasa saman omkring han. Det som heldt han oppe var den nære familien og diktinga. (Etter at han slutta i skolen bestemte han seg for å vere forfattar på heiltid, og han trakk tilbake søknaden om invalidepensjon) [29].

Alkohol. Emma Duun skal ha fortalt at ektemannen var «*svært nøktern og måtehalden*» når det gjaldt alkohol, og han skreiv aldri i påverka tilstand, forsikra ho. Sjølv sa han det slik: «*Nei, eg kastar aldri bort tida med dikting når eg har drukke litt. Men eg gjer mangt anna dumt, gud skje pris*» [30]. Det er trass i dette mange andre teikn på at alkohol var ein viktig del av livet til Duun: «*Og så vinter utan brennvin – det er synd mot naturen*», skriv Duun til vennen Tore Ørjasæter (1886-1968), året etter at Stortinget vedtok brennevinsforbodet. «*Lid på kvellen vil eg taka meg ein dugeleg heimebrent, - kjem du, så drypp det på deg òg*», skriv han i eit anna brev til Ørjasæter, og i eit brev til Ronald Fangen fortel han at han har kjøpt ei heil kasse whisky, som dessverre viste seg å vere «*tysk kloakk-vatn + loktanæs*».

Mens Duun arbeidde med å skrive «I blinda», skreiv han i eit brev til Ørjasæter: «*Eg har hatt ein skruv laus i hue eit tak, eller så var det ein meitemark i heilen. Det var vondt og nifst, men no er det i stand der oppe att; eg druknar pina i pjolten*» [8]. Han heldt seg truleg på avstand frå festinga til forfattarane i hovudstaden. «*Pjolteren sin, den ville han helst nyte i enerom, eller sammen med venner som Sigurd Christiansen og Tore Ørjasater. Dem kunne han virkelig stole på*».

Det er spekulert på om det store alkoholforbruket var noko av årsaka til at familien Duun hadde økonomiske problem i alle år. Men til skolebarna fortalte han om alkoholens forbanning: «*Ja, barn, de må hugse at sprit berre må drikkast som medisin*», skal Duun visstnok ha sagt [30]. Alt i alt er det grunn til å tru at Duun hadde eit stort alkoholforbruk gjennom mange år. Når han i mange av romanane skildrar alkoholbruk og rus, hadde han difor truleg rikeleg erfaringsbakgrunn.

Emmas erfaringar, særleg under oppveksten, var truleg også ein viktig del av Duuns bakgrunn. Ho var fødd utanfor ekteskap, og for Emma si mor vart kontakten med barnefaren ein sosial katastrofe. Emma vart bortsett til fosterforeldre og hadde lite kontakt med mora. Da ho seinare prøvde å få kontakt med henne, avviste mora henne. Dette må ha gjort sterkt inntrykk, og både motivet med at barn blir bortsett og at barn blir avvist av mora går igjen fleire stader i Duuns romanar [31]. Elles veit vi lite om kva slags erfaringar Emma hadde med helse og sjukdom, men ho gjekk gjennom ein operasjon i 1926 [32].

Arbeidserfaring. Som andre ungdommar på hans tid deltok Duun som arbeidskar frå han var konfirmert i femtenårs-alderen, både heime på garden og på fisket. I dei ti åra før han reiste heimanfrå må vi gå ut frå at han opplevde sjukdom, ulykker og død både heime på Jøa og mens han var ute på fiske. Fleire kjelder meiner og at han var ein uvanleg god observatør og at han også ofte noterte det han hadde hørt og opplevd.

Etter lærarskolen (1901-05) og eit år som lærar på Inderøya (1905-06) kom han til Singsås i Gauldalen og var der til 1908:

... *Da han kom til Singsås herja tuberkulosen, og epidemiene avløste hverandre.*

Barnedødeligheten var svært stor. Man ble etter hvert klar over at urensligheten var en viktig årsak til at smitten spredte seg så fort blant folk. Duun engasjerte seg sterkt i helsespørsmål og var overbevist om at rensligheten blant skolebarna kunne bedres. ... [33]

Ein av dei nærmeste naboane til Duun var distriktslegen, Christian Hirsch (1871-1951), ein engasjert lege som prøvde å betre hygienen blant folk. Han prøvde saman med Duun å få bygd ei badstu, men måtte gi opp prosjektet. Når folk vart sjuke og sengeliggande, var det behov for sjukepleiarar, og slik vart Singsås sanitetsforening stifta. Det vart også stifta ei sjukepleieforening for menn, og Duun var formann der ei tid [33].

I 1908 skriv Duun til Magnhild Jørstad om dei hygieniske forholda i Gauldalen:

... Doktoren stråver haardt med dette; kjæmper som en helt; men han hugger – ikke i sten – men i en uldsæk. ... [34]

Og folk visste ikkje sitt eige beste:

... I sume heimar har dei tæring, alle; det vert verre og verre, og folk ser det; men ikkje i ein einaste ting høyrer dei etter dokteren eller andre. ... [34]

I tida på Singsås vart han på nytt konfrontert med sjukdom, bl.a. tuberkulose, og han vart engasjert i helsearbeid, bl.a. i lag med distriktslegen, som han vart godt kjent med. Det kunne tenkast at han fekk høre pasienthistorier gjennom kontakten med distriktslegen, kanskje fekk han også tilgang på medisinsk litteratur, men dette veit vi ingen ting om.

Historier han har hørt

Ole vaks opp i eit miljø der det vart fortalt mange historier, og han fekk god opplæring i språkutvikling og replikk-kunst:

... Faren var kjent for å ha en god replikk og var presis i formuleringene. Dessuten lærte gutten mye av kårkallen på Dun, Andreas. Han dyrket den gode replikken og var nøyde med måten han ordla seg på. ... [35]

Fløttum fortel at Ole hadde ei lita rosemåla kiste på loftet på Øver-Dón, der han bl.a. hadde ei notatbok. Særleg i onnene kunne det vere mykje folk på gardane, praten gjekk ofte livleg og det vart fortalt mange historier:

... Ole Julius sugde inn hvert ord med ørene på stilker. Med ett klaget han over at han hadde vondt i magen. Han måtte hjem en tur og holdt seg for magen i det han gikk ut. Så snart han hadde rundet bushjørnet og trodde at ingen så ham, la han på sprang. Det var rett hjem og opp på loftet der kista sto. Der hadde han notatbok, og nå skrev han ned det han hadde hørt de snakket om. ... [35]

Det er også grunn til å tru at han høyrd mange historier dei åra han var på fiske. Dei historiene han på denne måten høyrd, kunne sikkert vere frå mesteparten av 1800-talet, kanskje også eldre.

Stoff han har lese seg til

Duun har ofte vori omtala som «den store psykologen» blant norske forfattarar. Alt frå gjennombrotsromanen «På tvert» frå 1909 viste han stor psykologisk innsikt, men mange år seinare avviste han at han hadde fått impulsar frå dei moderne psykologane (Brev til A.H. Winsnes 19.7.1937):

... Da eg skreiv På tvert hadde eg i høgda lese litt psykologi av W. James. Det gjekk enda eit tiår eller meir før eg las litt om og av Freud i tyske tidsskrift. Eg fann i grunnen ikkje noko som var farlig nytt der. ... Så etter det eg veit har eg ikkje noen impulsar frå dei moderne psykologane. ... [36]

I den rikhaldige boksamlinga etter Duun i huset på Rambergfjellet finn vi i dag ingen medisinske eller psykologiske fagbøker. Det er heller ingen bøker av Leo Tolstoj eller Amalie Skram. Boksamlinga er prega av skjønnlitteratur av både norske, svenske og danske forfattarar, men det er også fleire bøker av tyske, engelske og franske forfattarar. Dette seier ikkje nødvendigvis noko om kva Duun faktisk las i si tid, men

mellan dei vel 1100 boktitlane er det ingen ting som tyder på at medisinsk eller psykologisk faglitteratur har vore viktig for Duun.

Lars Groven har studert ungdomstida til Duun nærmere [36], og han meiner at Duun må ha fått impulsar frå psykologifaget alt frå tidleg ungdom. Ungdomslaget på Jøa abonnerte på tidsskriftet «Kringsjaa» (1893-1910), og der var psykologi tema i mest kvart nummer. Det går fram at dette faget var i ei rivande utvikling, bl.a. var det omtale av Maurice Maeterlinck, seinare nobelprisvinnar, som vart kalla «Drømmedigtingens mester» i «Kringsjaa». Kjelder har fortald at Duun var svært opptatt av Maeterlinck og hadde bilde av han på loftet sitt heime på Jøa [36]. «Kringsjaa» tok for seg tema som barnepsykologi, kompensasjonsteoriar og kor viktig undermedvitet kunne vere. Også tema som fylogenese (utviklinga av menneske frå generasjon til generasjon) og ontogenese (utviklinga frå barn til voksen) vart omtalt. Groven meiner det er rimeleg å tru at Duun følgde med i «Kringsjaa» så lenge han budde heime på Jøa, og da han kom til lærarskolen på Levanger kunne han lese tidsskriftet også der [36].

Trass i at Duun sjølv avviste at han hadde fått impulsar utanfrå, er det difor grunn til å tru at han i alt i ungdomstida fekk mange inntrykk frå debatten omkring psykologifaget, kanskje særleg gjennom tidsskriftet «Kringsjaa».

På lærarskolen møtte Duun læraren Vetle Vislie (1858-1933), som alt i 1896 hadde skrive artikkelen «Farlig evne» i «Kringsjaa», og Duun og Vislie hadde seinare kontakt i mange år. Det første året på lærarskolen var dessutan Søren Noreide (1872-1941) norsk lærar for Duun. Hans faglege interessefelt låg innafor pedagogikk og psykologi, og i 1913 gav han ut standardverket *Lærebok i sjælelære* saman med ein annan forfattar. Noreide prega fagfeltet sitt i ein heil mannsalder [37]. At Duun møtte Vislie og Noreide på lærarskolen kan ha styrka interessa hans for psykologi. Dessutan veit vi at han las mykje annan litteratur, blant anna Dostojevski [38], og

han hadde kontakt med mange forfattarkollegaer, som han også truleg las. Men Duun hadde også eigne erfaringar. I eit brev til Magnhild Jørstad i 1906 skriv Duun:

... - du veit det er so mange no som ikkje er friske, og daa «har dei det» alltid paa ein eller annan maaten. Eg har det slik, eg, - nei, eg kjem ingen veg paa den der maaten, ser eg. Ser du: eg les alt eg kjem yver um «sindsygdomme», um nerrose og paralyse og slikt. So las eg noko av dansken Lange om «vrangforestilling», og daa fann eg det ut med ein gong, - slik var det eg «hadde det». Iminsto er eg ikkje fri det. Tykkjer eg vert ikkje paa-akta nok, stundom vert eg for, at folk heller vil meg vondt enn godt osb. – «forurettelses- og forfølgesesforestillinger»- . . . [37] («dansken Lange» er ukjent, forf. mrk)

Det var sjeldan at Duun sjølv uttalte seg om sin eigen forfatterskap. Men i 1926 skreiv han pamfletten *Det norske syn*. Duun meinte at skal kunstnaren ha noko å formidle til andre folk enn sitt eige, må han ta utgangspunkt i sitt eige tradisjonsgrunnlag. For kva skulle han elles ha å skrive om som ikkje andre folk visste betre av seg sjølve? Det må vere dialog mellom fortid og notid og det heimlege og det framande [37]. Fløttum skriv:

... Det er blitt sagt om forfattere at de er best når de skriver om seg selv. Hvis det er et holdbart utsagn, og vi bruker det som utgangspunkt, vil nok mange med styrke påstå at Duuns forfatterskap er selvbiografisk. ... De selvbiografiske trekkene i hans bøker synes jeg er blitt mer fremtredende etter hvert. ... Men de utfordringene og problemene Duuns romanfigurer blir stilt overfor, kjenner han fra sin egen erfaringsbakgrunn. ...[39]

På bautaen over Olav Duun på heimpllassen hans Øver-Dón på Jøa er det rissa inn eit sitat frå forfattaren: «*Eg skal taka av mitt eige og forkynne dykk*» [40]. Det er grunn til å tru at dette galldt også omtalen hans av helse og sjukdom.

1.8. Tidlegare litteratur om Olav Duun og hans forfattarskap

Alt frå Duun debuterte og opp gjennom heile karriera hans fekk bøkene hans meldingar og annan omtale i avisene. Men det var litteraturkritikar Rolv Thesen som i 1942 først tok for seg heile Duuns forfattarskap, berre tre år etter hans død. I boka «Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending» [41] går Thesen gjennom bok for bok og gir grundige kommentarar. Dette var i mange år eit slags standardverk om Duuns forfattarskap.

Andre har seinare tatt for seg delar av Duuns forfattarskap eller livshistorie. I boka «Lys over Olav Duun» [42] gir Bjørn Paulsen Nordheim mange glimt frå livet til Duun, bl.a. frå tida da han gjekk på lærarskolen og da han var lærar i Singsaas. Lokalhistorikar Kolbjørn Gåsvær har skrive om oppveksten og ungdomstida hans, blant anna korleis det var på den tida han var med på fisket på Gjæslingan [4].

I boka «På sporet av Olav Duun. Artiklar og kommentarar» [36] drøftar Lars Groven mange sider ved Duuns liv og forfattarskap, og bl.a. dreg han fram kor mykje tidsskriftet «Kringsjaa» kan ha betydd for han i ungdommen.

I 2003 kom Sivert Fløttum med boka «Olav Duun – dikteren på Rambergfjellet. En biografi» [43], der han går inn på fleire sider ved Duuns oppvekst og vaksne liv. Bl.a. skildrar han tida hans som lærar i Singsås i Gauldalen og kontakta hans med søstrene Jørstad. Sjølv om det seinare er påvist nokre feil i boka, gir ho eit godt innblikk i Duuns liv. Historikar Elin Strøm har studert Jøa-samfunnet på 1800-talet, som eit bakteppe for det samfunnet som Duun vaks opp i og som som han brukte i dei fleste bøkene sine [44].

Heming Gujord forsvarte i 2005 ei doktoravhandling om Duun, og han hadde og tidlegare publisert fleire artiklar om Duun. I 2007 kom han med den første større biografien av Duun: «Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller» i 2007 [45]. Biografien er grundig, der Gujord både skildrar livet og forfattarskapen hans. Boka skapte ein del

debatt, særleg fordi Gujord sette spørsmålsteikn ved den politiske haldninga til Duun i mellomkrigstida.

Grete Fatima Syéd har også engasjert seg i Duuns forfattarskap gjennom mange år. I 2001 skreiv ho hovudoppgave i nordisk litteratur med utgangspunkt i Olav Duuns *Samtid*. I 2012 forsvarte ho doktoravhandlinga med tittelen «Nådeløs omsorg. Kjærlighet, selvmord, kunst og overskridelse i Olav Duuns fiksjonsverden», og i etterkant av den kom ho i 2015 med boka «Olav Duun. Kunsten, døden og kjærlighetens dikter» [46]. Her drøftar ho mange ulike sider ved Duuns litteratur.

Det foreløpig siste større verket om Duun er Einar Vannebos doktoravhandling frå 2016: «Å vera menneske. Religion og menneskesyn i Olav Duuns dikting», [47] der han drøftar ulike religiøse sider ved Duuns forfattarskap.

Helse og sjukdom er omtalt hos fleire av forfattarane, men oftast ganske kort. Den einaste publikasjonen som har hatt dette som hovedtema er Lilli Hovstads artikkel frå 1969: «Olav Duun: Juvikfolke – en medisinsk historisk studie» [48], der ho drøftar korleis Duun har skildra helse og sjukdom i Juvikfolke.

1.9. Foreløpig oppsummering

Det er grunn til å slå fast at Duun hadde rikeleg erfaring med både fysiske, mentale og sosiale problem, som han ofte skildrar i romanane sine. Hans eigen erfaringsbakgrunn kunne strekke seg frå han var gutungen (han var sju år i 1883) opp til 1930-åra. Trass i at han sjølv ikkje ville vedgå at han hadde fått impulsar frå dei moderne psykologane, er det truleg at han las om psykologi alt mens han budde heime på Jøa. Og Duun har sjølv uttalt at kunstnaren må skrive ut frå sitt eige tradisjonsgrunnlag.

Utgangspunktet mitt er difor at Duuns skildringar av helse, sjukdom, ulykker og død kan ha historisk relevans. Og dette har ikkje vore hovedtema hos andre som har omtalt Duun-litteratur, bortsett frå Hovstads artikkel. Eg meiner difor at helse og

sjukdom i Duuns litteratur kan vere eit interessant tema for nærmare studiar. Men sjølv om vi trur at Duun i stor grad skreiv ut frå sitt eige tradisjonsgrunnlag, kan det også vere grunn til å hugse svaret Rolv Thesen fekk hos jøbyggen Aksel Devik da han spurde kor hen Svarthammaren låg. Da svara Aksel, som den ekte juvikingen han var: «*Å, ha'n bruk fer ein hammar, så va'n vel kar om å gjera'n sjøl, han!*» [4].

2. Mål for boka, materiale og metodar

2.1. Mål

Med det bakteppet som er skissert i kapittel 1, meiner eg at Duuns skildringar av helse og sjukdom er interessante av fleire grunnar:

- Korleis var det samfunnet som Duun skildrar utforma, særleg med tanke på risikoene for sjukdom og ulykker? Duun skriv om mange slike *samfunnsmedisinske tema* som er relevante for å forstå samfunnet der handlinga i romanane er lagt til.
- Skildringane hans av helse og sjukdom kan vere ein refleks av helse- og sjukdomsbildet som han opplevde sjølv. Dersom det er rett, kan vi få ei *oversikt over folkehelsa* på den tida.
- Det gir eit inntrykk av korleis folk *opplevde* ulike sjukdommar på den tida.
- Det viser korleis dei tenkte om – og brukte – *folkemedisin, lege, sjukehus og andre helsetenester*.

Målet med denne boka er difor å studere Duuns dikting i lys av desse aspekta:

1. Levekår og andre samfunnsmedisinske relevante tema

Korleis skildrar Duun levekåra og andre samfunnsmedisinske forhold som er relevante for å forstå helsestilstanden i det samfunnet der handlingane er lagt til?

Korleis var bygda å leve i? Interessante tema er for eksempel sosioøkonomi, eldreomsorg, barnevern, kvinnene si stilling, vald i og utafor familien og den rolla som dei nære sosiale nettverka og bygda spelar. Livsstilsfaktorar som hus, mat, klede og bruk av tobakk og alkohol kan også vere viktige.

2. Sjukdomsfrekvens – epidemiologi

Kva slags sjukdommar er det Duun skildrar, dvs. fysiske sjukdommar og skader, mentale sjukdommar og sosiale problem? Er det mogleg å sette diagnosar på helseproblema hos Duuns litterære personar, og kan dette gi eit bilde av folkehelsa på Duuns tid?

3. Subjektiv oppleving av sjukdom

Korleis skildrar Duun ulike sjukdomsforløp sett frå pasienten og frå familien og dei nærmaste si side? Dette var ei tid da dei hadde lite eller inga effektiv behandling, og mange sjukdommar var alvorlege. Og korleis skildrar Duun døden?

4. Bruk av folkemedisin, dokter, sjukehus og andre helsetenester

Korleis blir bruken av folkemedisin, dokter og andre helsetenester skildra i Duuns litteratur? Handlinga i mange av Duuns romanar er lagt til ei tid der overtru og folkemedisin var vanleg, samtidig som kristentrua og lekmannsrørsla var sterkt og meir moderne helsetenester vart utbygd.

2.2. Materiale og metodar

Det materialet eg har brukt er *Skrifter i 12 bind*, den såkalla *Minneutgåva frå 1949 (Norli forlag)*. Minneutgåva omfattar heile Duuns forfattarskap med nokre unntak: Under namnet Ole Raabye ga han ut to barnebøker, «Storbåten» (1912) og «Sumareventyr» (1913), men ville knapt vedkjenne seg desse seinare. Minneutgåva har dessutan utelate nokre få noveller. Mens det seinare er utgitt fleire utgåver av Duun der språket er moderert, har denne minneutgåva brukt Duuns originalspråk. Dei 12 binda inneheld:

Bind 1: Marjane (1908)

Or Løglege skruvar og anna folk (1907):

Berre fiendar

Guten i røyken

Han Lauris

Fyrste skuledagen

På tvert (1909)

Or Gamal jord (1911):

Eit samliv

To næter

Han Jon og han Per og ho Bina

Ved kverna

Jørgen Jensa

Bind 2: Nøkksjølia (1910)

Sigyn (1913)

Hilderøya (1912)

Bind 3: På Lyngsøya (1917)

Tre venner (1914)

Bind 4: Harald (1915)

Det gode samvite (1916)

Bind 5: Juvikingar (1918)

I blinda (1919)

Bind 6: Storbrylloppet (1920)

I eventyret (1921)

Bind 7: I ungdommen (1922)

I stormen (1923)

Bind 8: Straumen og evja (1926)

Carolus Magnus (1928)

Bind 9: Olsøygutane (1927)

Or Blind-Anders (1924):

Blind-Anders

Søster

Fram

Åmund og Vemund

Den eine og dei andre

Bedehuset

Gapstokken

Ei lita gjente og tjyven hennes

På leiting

Lykke-Per

Millom røvarar og rettferdsmenneske

Bind 10: Medmenneske (1929)

Ragnhild (1931)

Siste leveåret (1933)

Bind 11: Ettermæle (1932)

Gud smiler (1935)

Bind 12: Samtid (1936)

Menneske og maktene (1938)

Ei allmenn- og samfunnsmedisinsk tilnærming

Eg har bakgrunn som allmennlege og som samfunnsmedisinar, og eg har hatt medisin som innfallsport i denne analysen av Duuns forfattarskap, men medisin som fag er ikkje eintydig. Ein allmennlege får presentert og må ta stilling til eit usortert utvalg av medisinske problemstillingar, både somatiske, mentale og sosiale. Og ein allmennlege må kunne vurdere pasientar i alle aldersgrupper, frå graviditet, fødsel og spebarn til dei aller eldste. Samfunnsmedisinen handlar om forholdet mellom helse, sjukdom og samfunn, f.eks. kor vanlege dei ulike helseproblema er, og kva slags tilhøve i samfunnet som kan føre til helseproblem. Mens ein allmennlege ser på den enkelte pasienten, ser samfunnsmedisinaren på *grupper* i samfunnet. Ofte grensar samfunnsmedisinen inn på politiske forhold.

Ein lege av i dag har ein naturvitenskapleg bakgrunn og eit diagnosesystem som er felles, også internasjonalt. Legen er bunden av sin legeetikk, der det mellom anna heiter:

... «(§1): *Legen skal bygge sin gjerning på respekt for grunnleggende menneskerettigheter, og på sannhet og rettferdighet i forholdet til pasient og samfunn.* (§2): *Legen skal ivareta den enkelte pasients interesse og integritet. Pasienten skal behandles med omsorg og respekt...*» [1]

Legen må altså vere nøytral når det gjeld moral, livssyn og religion. Normative omgrep som for eksempel «ond», «god» og «synd» er ofte brukt både av Duun og av dei forfattarane som har omtalt litteraturen hans, men desse finst ikkje i medisinsk terminologi. Derimot er det viktig, ut frå eit medisinsk perspektiv, å prøve å forstå *kvifor* problema har oppstått, enten det gjeld somatiske eller mentale lidingar eller sosiale problem. Og det er viktig å prøve å sette seg inn i korleis pasienten har det, korleis sjukdommen blir opplevd. Den medisinske innfallsvinkelen min blir dermed nokså annleis enn den har vore for dei fleste som har studert Duuns litteratur tidlegare.

Framgangsmåtar

Analysen er basert på følgjande framgangsmåte:

- Grundig gjennomlesing med markering og avskrift av dei avsnitta som omhandlar helse, sjukdom og andre relevante tema.
- Deretter har eg analysert og kategorisert dei nedskrivne avsnitta med omsyn til dei ulike problemstillingane.
- For kvart avsnitt har eg notert diagnosar i tråd med ICPC-2 (International Classification of Primary Care) så langt det er mogleg [2]. Dette har blant anna gitt grunnlag for ein statistisk oversikt over sjukdomsmønsteret i Duuns litterære univers.
- Diagnosane/sjukdomstilfella er deretter gruppert tematisk på tvers av dei enkelte romanane og presentert i kvar sine avsnitt.
- Dei romanane der handlinga går å tidfeste, i alle fall omtrent, er mest relevante for mitt formål, så eg har analysert dei grundigast. «Juvikfolke», der historia går lengst tilbake i tid og spenner over eit tidsrom på meir enn hundre år, er særleg interessant.
- Skildringane i Duuns romanar har eg halde opp mot det ein elles veit om helse og sjukdom på den tida handlingane går føre seg, bl.a. ved bruk av Medisinalmeldingane i tidsrommet 1880-1920. Litteratur om Duuns eige liv har vore viktig for å tolke funna og for å vurdere kor truverdig skildringane er. Eg har også trekt nokre parallellear til korleis helse og sjukdom har vorte skildra i annan litteratur.
- Nokre av sjukdomsskildringane blir på den måten delt på to ulike nivå:
 - a) Sjukdommar i Duuns litterære univers, slik dei kunne bli opplevd og tolka ut frå si tid. Dette endra seg på viktige måtar over tidsperioden på meir enn dei

hundre åra som Duuns romanfigurar opptrer, frå eldgamle førestillingar og overtru til meir naturvitenskapelege tolkingar i dei siste romanane.

- b) Sjukdommar er kategoriserte etter dagens diagnosesystem (ICPC-2), der eg ut frå dagens kunnskap tolkar symptom og sjukdomsforløp. Dette er altså til dels heilt ulike utgangspunkt og ulike tolkingsrom for både kva sjukdom er, korleis dette blir opplevd og korleis ein skal behandle og mestre tilstanden.
- Til slutt har eg trekt liner til situasjonen i dag, der eg med «dokterbriller» i 2019 vurderer Duuns skildringar og drøftar kva vi i dag kan lære av ei slik skjønnlitterær kunnskapskjelde.

Framstilling, språk og sitatbruk

Noko av det som særpregar Duun som forfattar er språket, og det gjeld også når han skriv om helse og sjukdom. Faktisk er det slik at også frå ein medisinsk historisk synsvinkel er språket til Duun noko av det viktigaste. Det er gjennom skildringane hans vi kan få innblikk i korleis personane opplever helseplager, sjukdom, ulykker og død. Gjennom framstillinga hans får vi ofte eit nært og personleg innblikk i det som skjer, heilt annleis enn når vi les medisinske lærebøker. Eg har difor valt å framstille dette stoffet som ein monografi, der det er plass til meir tekst enn det er i ein tidsskriftartikkel. Og det er også grunnen til at eg har tatt med mange og til dels lange sitat, nettopp for å vise nyansane i korleis helse og sjukdom kunne opplevast hos Duuns personar. Og eg har vore mest raus med sitata der Duun skildrar sjukdommar eller andre problem som vi ikkje opplever så ofte i dag.

Alle sitat er alltid tatt ut av ein samanheng. For at det skal vere lett å slå opp og lese sitata i sin rette samanheng, har eg valt å ta med referansen etter kvart sitat, slik: (Tittel (bind); side). Ordinære (eksterne) referansar er ordna numerisk og samla i eit eige kapittel (sjå side 392).

Etter kvart kapittel har eg eit diskusjonsavsnitt, mens eg i det avsluttande diskusjonskapitlet (kapittel 15) prøver å trekke opp dei større linene.

Ordvalet kan variere litt: Duuns forfattarskap omfattar både romanar og noveller, men for å forenkle har eg ofte berre omtalt forfattarskapen som romanar. Duun omtalar ulike helseplager og sjukdommar, både somatiske og mentale, i tillegg til ulykker og død. Ofte har eg omtalt dette med samleomgrep som sjukdom eller uhelse.

3. Levekår i Duuns litterære univers

For å få eit inntrykk av kva slag levekår Duuns personar levde under, har eg først sett på korleis han har skildra nokre av dei grunnleggande behova for å kunne ha ei god helse, som hus, mat, klede og hygiene. Men hos Duun er slike ting ikkje viktige, dei er meir som nødvendige «rekvisita» som han ikkje bruker mykje tid på - det er dei mellommenneskelege forholda som er viktige for han. Men vi kan finne nokre eksempel på korleis dei meir grunnleggande basisbehova vart dekt:

3.1. Hus

Dei større gardane som er sentrale i Duuns romanar, som Juvika, Håberg, Vennestad, Bjønnes og Lines, får vi berre overflatiske skildringar av. Vi hører lite om korleis standarden på husa er, for eksempel korleis det er å halde på varmen, om det er trekk frå golvet eller vindauga, eller om korleis innelufta er – faktorar som er viktige for helsa. Det er likevel nokre skildringar av inventar og møblar, for eksempel på Håberg, når Otte er på besök:

... Da ho hadde gått, kom han til å sjå stua i kring seg. Kanskje det var der han låg, denne tonen som ringte stilla inn over folke her. Veggene synte seg først. Dei var mørkegrønne, hadde sin eigen lett som han ikkje hadde sett på vegg før; og rendene etter bordfara var lysraude eller kva ein vilde kalde det, dei streka så rolig oppetter veggen og hadde si eiga meinings. Loftet var blåkvitt, med skyer av blått i botnen. Den letten hadde orde lykka havt, den tida han var småguten. Og benken og stolane og klokkeskape, det var same tyngda i den,

og same lykkelige tanken; det var same mannen som hadde sett dem her. Einast det store kråskape stod og ønska seg herifrå. Det var breit og rundmaga, og blankt så det skjein brunt av de – her var det, skape hans skulde ha stått det som han aldri fekk til! ... (I eventyre (6);183)

Vi får høyre lite om kjøkenutstyr eller anna utstyr til bruk i det daglege stellet. Vi finn heller ingen detaljerte skildringar av rorbuene dei brukar når dei er ute på fiske eller av utstyr om bord i båtane.

Når det gjeld husmannsplassar, har vi likevel nokre skildringar. Halt-Andrias og dottera Solvi blir sett på som samar (finn) og er dermed lågast på den sosiale rangstigen. Dei bur avsides til og har det kummerleg:

... Halt-Andrias budde i marka nordmed fjorden, der Prestgaren og Engdalen valdar saman, eit lite bortgjømt rom. Stua var berre hytta å kalla, og ein omkvelvd båt med tørv i kring var alle uthusa. Det lukta brenntørv her som i alle husmannsplassane, heilt opp til lee, og sia lukta det allslag armod. ... (I blinda (5); 159)

Helge frå Breistranda i «Marjane» er skamfull over kor fattigsleg dei har det heime hos han:

... Det kunde ikkje nokon tru vondt det var å koma heim for han. Det var så lågt under loftet, inn, og so myrkt og trøngt. Fyrr gádde han det ikkje. Og stygt av han var det å tykkja soleis, han visste det, men kunde inga rád for det. ... (Marjane (1);16)

... Mora gjekk i ei lortutt kvit trøya og sund stakk; håret hadde ho i tafsar ned i andlite. Klædesplagg og ymse anna låg strødd utsyver det skitne golvet. Ei sur og fatig lugt fyllte romet. Han hadde set det fyrr òg, men aldri slik som no. Det var liksom det brende seg inni sjæla, - han kjende det som eit svidande, blødande sår. ... (Marjane (1);62)

Ein tredje husmannsplass, Kjelvika, får vi eit lite bilde av når Elen og den sjuårige Odin kjem til Kjelvika første gongen:

... Dei gjekk over haugen, og hadde plassen framfor seg: ei grøn slette millom sjøen og småhaugane, med steingar rundt omkring, så det var som ein haga; og to små grå bus med tørvtak på. Det låg så gjømt og utrulig, ein måtte mest vera den første som fann det. Fjøse var som du såg ein salrygga hest, ein kuv opp på kvar enden og ei djup sell i midten ... (I eventyre (6); 149-150)

3.2. Kosthald

Duun nemner ofte mat og måltider, men går sjeldan i detalj om korleis maten er eller korleis han er laga. Vi får likevel nokre gløtt inn i kjøkenet. Handlinga i «I blinda» er lagt til omkring midt på 1800-talet, og da er dei i ferd med å prøve noko nytt, poteta, og steiker potatkake. (I blinda (5);170) I “Tre venner” er kvardagskosten hos Ingeborg skildra:

... Karane kom inn. Ingeborg bad dei sette seg bortåt borde, snudde seg så imot faren og han sette seg i benken, bar fram enno litt matstell og fekk det i gang. Det var ikkje ansles enn borti dei andre smågarane, det var potatkake, litt omnibaka-kake, havrebrot, smør og ost og myssmør, og nokre kringlor på eit brett. – Kasten såg seg litt opprådd i førstninga, men nokon kostforaktar hadde han aldri vore og var snart i tygginga. ... (Tre venner (3); 262).

I «Gud smiler» er det hovudpersonen Justin som vil ha kveldsmat, men steikt kaldgraut og flesk fell ikkje i smak hos «Haradreporen» - jaktkameraten hans:

... Eller han steig til og krevde det og det, eit ombyte i kosten; i dag vilde han ha det han likte, og det var så mykje som steikt kaldgraut og flesk! Rebekka hystra. Haradreporen hadde kalla det ein dyster kveldsmat. Ein kvelden gjekk han på bure og skar seg salt

saueside som han steikte på glør i kjøkene. Rebekka mukka, ho var ikkje vant til slik uvore framferd. ... (Gud smiler (11);148)

I «Gud smiler» har Gudrun gøynt kjærasten Vidar Holm på loftet, ettersom han var på rømmen frå lensmannen. Før han reiser har ho laga middag:

... Dei sat ved middagsborde som eit anna ektepar. Dei hadde nysalta ur og poteter og smør, der med punktum, og molter og rømme til eit ekstrapunktum, fortalte ho; og han sa at hadde dei berre ein spiss av sherry over den, da vart det eit utropstegn. Det vart det òg. ... (Gud smiler (11):253)

Fisking av småsei var nok «uverdig arbeid» for skikkelege sjøfolk, men Helmer i «Menneske og maktene» var eigentleg landkrabbe og brydde seg ikkje om slikt. Og småsei og lever var likevel «mat for sjukfolk»:

... Langt utpå våga han seg ikkje, bonde var bonde, men småsei var òg ein gild fisk, småsei og lever var mat for sjukfolk det. Ungane tok han god dei med, dei var ikkje så mette at dei krangla på maten. – Og så slepp eg ta tran da, trøsta Egil seg. ...

... Slik kunde komma for småfiskaren ja. Arbeide hans var uverdig for folk her, dei tukla ikkje med slikt. Heller svalt dei visst ei dagstund, mannsfolk har si ære her som der aust, -

... Men øyvaringane var vettugt folk, dei tok mot småseien når dei fekk han og takka til. Enda meir takka dei for mjøl og poteter. ... (Menneske og maktene (12);186-187)

Til kvardags var nok graut vanleg, blant anna som kveldsgraut (Samtid (12);68), eller kanskje kaldgraut med sirup, som hos Ludvig «Sjøtrollet» og Inger:

... Han gjekk heim og stelte kveldsmat for Inger og seg. Det var fort laga og fort ete, det var kaldgraut med litt sirup på. Inger åt det han sette fram, når ho berre fekk bruke sitt eige verkty.

I kveld hadde ho ete meir hadde der meir vore. Etterpå gjekk ho og togg i seg ei tørrfiskflis.
... (Menneske og maktene (12);274)

Ved festlege samankomster og ved gravøl får vi meir innblikk i matskikkane: I «Tre venner» dør Gamal-Ola, og i gravølet er maten skildra:

... Det bar til bords. Det vart ete og drukke til gangs, borde var fullt av «niste» som kjærringane hadde hatt med seg, klining og gumme og bergenskringle og alt godt. Så bar dei inn like og song det ut. Fire båtar reiste til kirka. ... (Tre venner (3);190).

Etter at dei kjem frå kjerka kjem maten fram:

... Dei hadde fått rom ved borde, og maten hauga seg opp framfor dem, alle 3 rettene kom med ein gong no på sistninga slik: sodd, fersk ur, og søtsuppe med svesker og rosiner i, det finaste som var. Dei såg seg mest oppradd, dei to sjoulkane, slik mathug var dei uvant med ... (Tre venner (3); 191)

I «Ragnhild» bed Periander heim til selskap og diskar opp:

... Men ein gong imillom tok Periander etter velmakta, eller var det velmakta som tok etter han? Og reidde til einkvart storveges eller uventa, kalvesteik og rødvin til kvelds, finare ting òg kanskje, eller som no: syltelabbar og dram i blankaste sommarstid. ... (Ragnhild (10);176)

3.3. Klede og sko

Vi får heller ikkje særleg innsikt i kva slags klede og sko folk brukte, men tresko var nok vanleg hos mange – blant anna laga Bendek nye tresko til Odin:

... Var dette treskone han skulde få? Han var over dem i same blinka, og no hadde han dem på, eit par nye ope-tresko som Bendek hadde gjort, berre tresolen å kalle og ei reim over

rista. Bendek spurte korles dei kjentes å ha på seg, - Det her var karen sin til klæ-plagg! lo han og kuta rundt stua. ... (I eventyre (5);163)

Fattigfolk hadde nok ofte dårleg med klede, men det var ikkje alltid lett å ta mot gåver. I «Menneske og maktene» høyrer vi om at Ludvig «Sjötrollet» ikkje vil ta i mot klede, sjølv om dottera Inger har dårleg med slikt. (Menneske og maktene (12);273) Nokre gonger høyrer vi om «finkleda» (Ragnhild (10);173), og når Tale reiser for å få Ragnhild heim att og ser henne først i kjerka, har ho grå kufte, silketørkle og svarte hanskar. (Ragnhild (10);203,206)

Peder Håberg er i byen før han skal gifte seg og kjøper ferdigsydde klede, truleg ganske uvanleg:

*... han kjøpte seg ytterfrakke ferdig, kom med han på seg midt i gata, og slik ein frakke!
Blåaste og finaste dyffelen ein kunde leite seg ut, og med floielskrage og silkesfør, det var som
ein møtte ørrigheita. ... (Storbrylloppet; 93)*

Men dette var finkleda og seier lite om kva slags klede folk brukte for halde varmen, for eksempel om vinteren når det var kaldt, når det regna og når dei var på sjøen. I «Ragnhild» har dei oljekleda på når Håkon og Paul skal reise sørover i uvêret, kanskje eit nymotens plagg på den tida. (Ragnhild (10);221) Når Håkon og Ragnhild reiser på båten nordover, har Ragnhild ei regnkåpe:

... Ragnhild hadde av desse nymotens klæa som ikkje var kjole og ikkje kåpe, dei kalla det drakt. Han henta regnkåpa hennes, eit blått gummiplagg som fresta henge i kring henne; - det må bli rom for mykjen kulde her inni, let han. ... (Ragnhild (10);242)

3.4. Hygienen

Personleg hygiene som kroppsvask og bading er ikkje noko stort tema hos Duun, sjølv om han skildrar mange daglegdagse aktivitetar elles. Men det finst unntak: I «På

Lyngsøya» ser Martin Brudalen ei jente bade i sjøen, noko som han får därleg samvit av seinare. Her er det da ikkje hygienen, men moralen som er det sentrale (På Lyngsøya (3); 14). Heller ikkje utøy som lopper, lus og skabb (*fnat*), som må ha vore ganske vanleg, ikkje minst i dei overfylte rorbuene, er med hos Duun. Men det finst eksempel på at hygienen kanskje ikkje var bra hos alle. Novella «Eit samliv» handlar om Edvin og Ovidia som blir gift, men Ovidia er ikkje heilt fornøgd med ektemannen:

... Det pinte henne, når han kom i nærleiken, - og der skulde han vera støtt no; det følgde allslags vond lukt av han av tjæra og fisk og annan styggedom, og han gjekk og pusta og snufsa så det ikkje var til å stå ut. ... (Eit samliv (1);289)

På 1800-talet og langt opp på 1900-talet var det vanleg å bruke skrå, og uvanen med å spytte, enten ein var ute eller inne, høyrd med. Spyting var vanleg i alle sosiale lag; Også mange av Duuns personar brukte tobakk, som for eksempel på butikken til Danel i «På tvert»:

... Og han gjekk rundt og såg etter sputtekopp; han hadde liksom fått tobakk nok ... Så sende han skrå og heile stasen utgjennom døra. ... - Au au da! sette han i – der ha du så nérta fått skjènk hos meig, - såg deig ikkj, såg deig ikkj, sjer du! - Nå-å, du ha fell tänkt meig skalå, ferstår eig, log det i døra, og det kom inn ei lita, tjukkvaksi gjente i hjos kusfte med korg i armen. Ho var raudleitt, og ho smilte enno, - ho hadde så nær fått heile tobakks-spruten i syna. ... (På tvert (1);183)

Rundt førre hundreårskifte var smittefarene ved tuberkulose godt kjent, og vi veit at også Duun var godt kjent med dette, men sjølv om tuberkulosen går igjen i heile forfattarskapet hans, hører vi lite om tiltak mot spyting.

Naturlege funksjonar som avføring, vannlating og menstruasjon blir heller ikkje omtalte, truleg fordi dette var tabuisert, og trass i at diaré er eit av hovudsymptoma ved nervefeber (tyfoidfeber), nemner ikkje Duun dette. Men også her er det unntak.

(Samtid (12);120) Og i «Gud smiler» hører vi om det første moderne wc. (Gud smiler (11);243)

3.5. Diskusjon

Duuns omtale av mat og matvaner er så overflatisk at det ikke er mogleg å vurdere om kosten kunne ha helsemessige følger, men i Medisinalmeldingane kan vi lese om at distriktslegane slett ikke var nøgde med kosthaldet i distriktet:

...I Viktens Distrikt lever Befolkningen hovedsagelig af saltet Sild og Fisk samt Poteter, Melspiser og Kaffe. ...[1]

... I Vikten Distrikt har man endu ikke faaet Blikket op for Betydningen af et forbedret Madstel. «Kjød er Kjød og Fisk er Fisk», ligegyldigt hvorledes det tilberedes. ... [2]

... I Vikten: Levemaaten er nogenlunde god. Fisk, hjemmebakt brød, grøt, melk, smør, poteter og om høsten litt kjød er de almindelige næringsmidler. Men i mange hus er tilberedningen af maten daarlig, og stellet alt andet end propert. Om vinteren er det ofte smaat med melkeforsyningen; melk erstattes da dels av suppe, dels av sirupsvand, som brukes til grøten. ... [3]

Uroa over det store misbruket av kaffe går igjen i mange av rapportane.

... Trods prækning og foredrag drikkes kaffe i uhyggelige mængder; kaffekjedlerne staar paa hele dagen, og antallet av kopper pr. individ pr. dag er mange steder uhyggelig stort. Det er dog ikke utankelig, at 10-15 kopper daglig av glohet kaffe gjennem aar kan utgjøre det kemiske og thermiske irritament, som i et dertil disponeret organ hos en disponeret person kan fremkalde kraftsvulst. ... [4]

Så seint som i 1920 skriv distriktslegen om Kolvereid:

... Kaffemis bruk selv blant barn er almindelig. ... [5]

I «Den siste viking» av Johan Bojer (1872-1959) får vi imidlertid ei meir detaljert skildring av kosthaldet i rorbua hos rissaværingane når dei var i Lofoten (Vedlegg 1). Det var truleg neppe stort annleis når jøværingane var på fiske.

Skildringa av kleda er også så overflatisk hos Duun at det er vanskeleg å vurdere kor mykje kleda kunne ha å seie for helsa. Det er grunn til å tro at folk under Duuns oppvekst brukte heimelaga klede, men alt i 1910 rapporterer distriktslegen:

... At se folk i klær av hjemmervirkede tøier er forholdsvis sjeldent og blant den voksne ungdom rent en raritet. Fabrikktøier anvendes, ferdigsydde klær og skotøi kjøpes i stigende utstrækning, uagtet de baade er mindre holdbare og passer daarlig til forholdene; men de er billige, og har bysnit. ... [6]

Hos Bojer vi får eit betre innblikk i korleis det kunne opplevast når mennene kom inn etter å ha vore på sjøen i lengre tid (Vedlegg 1).

Duun skildrar og kor fattigsleg det kunne vere på husmannsplassane, men det var nok ikkje berre på husmannsplassane det var kummerleg på Duuns tid.

Medisinalmeldinga for år 1900 skildrar at husværa slett ikkje var gode alle stader:

*... I Fosnes gav Fisket ved Gjeslingerne et godt Uddytte, ligesaa Laxefisket og Sildefisket. Levemaaden er dog daarlig og ensformig som før. Boligerne er daarlige og staar for en stor Del paa fugtig Myrgrund uden tilstrækkelig Drænering; Grundmuren er oftest lav og daarlig, og Fugtigheden inde i Husene som Følge heraf meget stor. ...
I Vikten: ... De i tidligere Beretninger omtalte Mangler ved Boligerne er fremdeles tilstede. Ved Fiskeværene er det sanitære Forhold yderst mislige; Rorboderne er i høi Grad overbelagte hver Gang, naar Fisket slaar nogenlunde godt til. Sædeligheden staar lavt. ... [7]*

I 1905 har distriktslegen likevel tru på betring når bygningslova trer i kraft:

... De sanitære misligheter paa Rørvik (jfr medicinalberetningen for 1904) har det endnu ikke lykkes at faa rettet stort paa, men der er grundet haab om forbedring i den nærmeste fremtid, da der i aarets løp er vedtaget sundhedsforskrifter, som er approbert, ligesom der er udsikter til at bygningsloven vil blive gjort gjældende. ... [8]

Harald Natvig (1872-1947), som var distriktslege i Vikna like etter førre hundreårskifte, gjorde ei grundig kartlegging av tilhøva på fiskeværa og ga klar melding:

... De hygieniske forhold paa Viktens fiskevær har lange været slette. Det har ikke hjulpet det ringeste, at herredet i 1893 fik følgende sundhedsforskrifter i fiskeværene ... Som det sees, forlanges kun 3 kubikmeter luft pr. mand i rorboderne, mindre end nogen anden lignende forskrift. ... Sundhedskommisionens medlemmer har taget denne – som ogsaa sine andre opgaver – meget let, og formanden, distriktslægen, har lige til ifor ingen anledning havt til at optræde paa værene. ...

... Kun i meget faa rorboder af typen A og B er der paa loftet indredet virkelige sengestede. Hist og her er der en slags inddeling af gulvet ved hjælp af kantstillende bord. Som oftest ligger dog fiskerne og driver udover gulvet, helt eller halvt paaklædt og væltende sig i hinandens spyt, der hensynsløst klyses rundt, foruden i alskens anden urenlighed, der drages med op fra fisket. ... Naar man engang har seet 29 fiskere saaledes sammenstuvet paa et gulv, glemmer man det ikke saa let. Man kommer unegtelig til at mindes historien om molboerne, som ikke fandt sine ben igjen; med hvad verre er, man forstaar, at her er en stor fare for fiskernes sundhed, ikke mindst med hensyn til tuberkulosen. ...

... men jeg vil her skarpt pointere, at hvis ytre Namdalen og særlig Vikten vil gjøre noget for at modarbeide tuberkulosens udbredelse, bør der først og fremst sorges for en forbedret hygiene paa fiskeværene. ... [9]

Etter ein slik gjennomgang kan vi konkludere med at Duuns litterære personar var plasserte i eit samfunn der dei levde nøkternt, til dels i fattigdom og i helsefarlege miljø. Dette bildet blir stadfesta og til dels forsterka, både av Medisinalmeldingane, av rapporten frå distriktslege Natvig og av dei meir detaljerte skildringane som Bojer har i «Den siste viking». Sjølv om Duun nok har skildra det miljøet han kjente som ung, tyder det på at han har skildra det heller betre enn det faktisk var. Men slike «ytre» og materielle ting er ikkje vesentleg for Duuns litteratur – han var meir opptatt av dei «indre», psykologiske faktorane. I neste kapittel skal vi sjå på korleis «bygda» kunne verka på folk på andre måtar.

4. Bygda

Bygda spelar ei sentral rolle i dei fleste av Duuns romanar. Han skildrar ofte små bygdesamfunn der dei fleste veit det meste om kvarandre, og der det er eit tett samspel mellom individ, den nære familien og bygdesamfunnet. Dette samspelet kan vere på godt og vondt. Nokre gonger verkar bygda som ein stimulans og inspirasjon til innsats, andre gonger kan bygda vere som ei klam, truande og kvelande hand, slik at det kan gå ut over både liv og helse. I dette kapittelet vil eg ta for meg nokre sider av bygda, slik Duun skildrar henne.

4.1. Klassestrukturen

Den delen av Duuns litterære univers som vi blir godt kjente med, strekker seg over ein periode på godt over hundre år, dvs. frå tidleg 1800-tal (Per-Anders i «Juvikfolke») til 1930-talet («Samtid» og «Menneske og makten»). Eit trekk ved det samfunnet som Duun skildrar er klassesstrukturen, eit sosialt hierarki som ligg som ein overbygnad over dei fleste romanane. I dag er det velkjent at store sosioøkonomiske skilnader kan bety mykje for helse og sjukdom. Det er difor interessant å studere dei ulike klassane i det samfunnet som Duun skildrar. Det er naturleg å dele Duuns samfunn i seks klassar: 1) Embetsstanden, 2) Bønder, 3) Fiskarar og fiskarbønder, 4) Lærarar/handverkarar/arbeidrarar, 5) Husmenn, plassfolk og andre fattige, og 6) Samar/finnar og taterar/farkar.

Embetsstanden

I Duuns romanar står embetsstanden, som presten, dokteren, dyrlegen og lensmannen, øvst. Dei er med i mange av romanane; likevel er det få vi kjenner namnet på eller blir godt kjent med. Men det er nokre unntak: Anders Håberg (Blind-Anders), som blir som ein høvding i bygda, har eit godt forhold til både den gamle og den unge presten, og dei er gode samtalepartnarar for Anders («I blinda»), men vi får aldri namnet på dei. Eit unntak er når Frigg («Det gode samvite, Yngste åtta») går til familielegen, doktor Wibe, for å få legeattestar. Dette er den einaste legen Duun skildrar så nært og personleg (kapittel 13.3).

I romanen «Harald» er folkeskolelæraren Harald forlova med Sara, dottera til gamaldokteren. Dette blir ein kulturkollisjon mellom «vanlege folk» og dei «kondisjonerte», eller overklassen, først og fremst representert ved dokterfamilien. I eit selskap hos dokterfamilien tek Harald eit oppgjer med dei «kondisjonerte» og slår opp med Sara (Harald (4); 20-26). I eit brev til Sara like etterpå skriv han:

... Ikkje berre det at mor di er av storfolk, og at far din vil vera det, nei, det verste er at du er som du er. Du er fin. Heilt gjennom fin er du, og Gud velsigne deg for det; men eg er så grov og ufin, at det kunde du aldri tru før du hadde vori gift med meg i lang tid. ... (Harald (4); 30-31).

Også Petra (Harald (4);50) og naboen Ola (Harald (4);109) gir uttrykk for at dei er ulike dei frå overklassen. Dokteren og familien hans er altså her representantar for overklassa. Nydokteren får for eksempel laga ein seglbåt, dvs. ein fritidsbåt, noko som nok var eit framandelement i eit fiskarmiljø, der båtar var til nyttebruk. (Harald (4);113)

Elles er representantane for overklassa skildra nokså upersonleg, og vi får difor inntrykk av at dei er ganske fjerne og distanserte frå folk flest, og dei har heller ikkje sentrale roller i romanane.

Bønder

Det er bøndene i Juvika, på Håberg og dei andre gardane som er dei mest dominerande personane i Duuns dikting. Dei er ofte hovudpersonar og har ein solid status i samfunnet. Det gjeld for eksempel Per-Anders i Juvika og Per Håberg («Juvikingar»), (Blind)-Anders («I blinda»), Per Håbjørn på Bjørland og Lars på Lines («Det gode samvite»), Torleiv Svennem på Svennem («Straumen og evja»), Håkon på Stavsund («Medmenneske», «Ragnhild», «Siste leveåre») og Justin Bunese («Gud smiler»). Dei kan ha sin problem å stri med, og nokre går også konkurs (Torleiv Svennem og Håkon på Stavsund) og får dermed eit alvorleg statusfall, men i det store og heile har dei ein trygg posisjon i samfunnet.

Fiskarar og fiskarbønder

Mange av hovudpersonane hos Duun er fiskararar, ofte kombinert med gardsdrift. Sjølv om fisket kan gje stor inntekt, og sjølv om heile samfunnet på mange måtar er avhengig av fisket, får vi inntrykk av at fiskarane har litt lågare status enn bonden.

Lærarar/ handverkarar/ arbeidrarar

I Duuns persongalleri er det fleire personar som statusmessig er i ei mellomgruppe. Dei tilhører verken embetsstanden eller bonden/fiskarbonden, men har likevel ein respektable posisjon i bygda. Det gjeld for eksempel lærarar som Sigyn og Thekla i «Sigyn», Harald i «Harald», klokkaren Ola Håberg og handverkaren Otte i «I ungdommen». I siste del av Juvikfolke møter vi også industriarbeidaren som tek opp den meir moderne «klassekampen» mot fabrikkeigarane i «I stormen».

Husmenn, plassfolk og andre fattige

Dei er det mange av i Duun litteratur, og dei står langt nede på rangstigen.

Samar/finnar og taterar/farkar

Desse står aller nedst.

Ut frå eit samfunnsmedisinsk perspektiv er det dei gruppene i samfunnet som er nedst på den sosiale rangstigen som ofte er mest interessante, både fordi dei vanlegvis har størst helserisiko og fordi det er dei Duun fortel mest om. Eg vil difor drøfte deira situasjon nærmare.

4.2. Husmenn, plassfolk og andre fattige

Husmenn, plassfolk og andre fattige får sjeldan nokon positiv omtale hos Duun. På garden Juvika bur Per og Jens først på 1800-talet, men Jens er ikkje så nøyne med kor han fér:

*... Jens var ned Skare, ein plass nedmed sjøen, på nordsia, det var ikkje mange stega dit.
Dei ned Skare var berre så midt i lage til folk, og Per vilde helst kalle de ratpakk, late og svoltne, og ureinslige i kjeften; men der var Jens, og der var han ofte. ... (Juvikingar (5);86)*

... berre ein grankvist til klinka ...

Duun skildrar ofte ein krass sosialrealisme, der fattigdom først og fremst er ei skam: I «Marjane» er husmannsguten Helge frå Breistranda hovudpersonen. Han har vore glad i Marjane frå storgarden Håberg heilt frå dei gjekk på skolen. Han har truleg sett korleis dei bur på ein storgard og opplever kontrasten til fattigdommen heime:

*... Det kunde ikkje nokon tru kor rondt det var å koma heim for han. Det var så lågt under loftet, inne, og so myrkt og tront. Fyrr gádde han det ikkje. Og stygt av han var det å tykkja soleis, han visste det, men kunde inga rád for det. – So syrgjeleg stilt som det var.
Han vann snart ikkje draga anda. ... Og so mor, som gjekk ut og inn og stulla og småskjende på ungarne og klaga yver at det var mjøllaust eller vedlaust; - ho hadde alltid noko å bera seg for. Småungarne, dei var snørutte og svarte; dei ylte og peip og stellte stova til som eit fjøs, beint fram, ... (Marjane (1);16)*

Ein dag kjem Marjane til Breistranda i lag med ein løytnant og ei jente, noko Helge syntes er svært pinleg:

... *Ho var i fylge med den lange fine mannen i hermannsbunaden og so ei framand gjenta.*
... *Mora gjekk i ei lortutt kvit trøya og sund stakk; håret hadde ho i tafsar ned i andlitet.*
Klædesplagg og ymse anna låg strødd utsyver det skitne golvet. Ei sur og fatig lugt fyllte romet.
Han hadde set det fyrr òg, men aldri slik som no. Det var liksom det brende seg inni sjæla, - han kjende det som eit svidande, blødande sår. ... (Marjane (1);62)

Når løytnanten byr på dram og spør om glas, blir det enda verre:

... *Hadde ho eit par glas, so.*
- *Glas Ja, det kom meir an på. Ungane var so fæle. Men uppi loftsglaset var der visst eitt, - det var alltid sundt, men for det so. – Helge, spreng aett' de' du! – Ongan', sjer du, ongan; dæm sler soinnt aillt som e'. Det siste av brudlaupsglasa deira. ...* (Marjane (1);63)

Og i Breistranda er dørklinka berre ein grankvist:

... *Det var berre ein grankvist til klinka, såg han, ein kvist med borken på; og det skar han som ein kniv. ...* (Marjane (1);97)

Dette er den nakne og skamfulle fattigdommen, skildra av ein som ser kontrastane i bygda.

Brutalt klasseskilje

Historia om Sigyn («Nøkksjølia» og «Sigyn») inneheld også krasse sosiale skildringar. Alt i innleiinga får vi høyre at mora til Sigyn, Sigrun, dotter til lensmannen, først har gifta seg med Ingbrigt:

... *kleinare kar enn Ingbrigt gjekk det ikkje i to skor der i bygda...* (Nøkksjølia (2);7)

Kort tid etter kjem Sigyn til verda. Ingbrigt gjer underslag på postkontoret, blir fengsla og henger seg kort tid etter. Mora reiser til byen og giftar seg oppatt snart;

... storveges godt gift og. ... (Nøkksjølia (2);7)

Det viser seg at mora er gift med dokter Gulbranson, som har praksis i byen (Nøkksjølia (2);37), men han må ikkje få vite at mora har eit barn, så Sigyn blir avvist av mora.

Trygge fosterforeldre

Hos Duun er «husmann» og «fattigfolk» oftast skjellsord, men det finst unntak. Når Odin kjem til Kjelvika og møter Bendek og Gurianna, blir dei to skildra på ein varm måte, sjølv om Bendek er ein småtjuv og Gurianna kan verke litt skummel for ein sjuåring:

... Gurianna var like svarthård, kor lenge ein såg på henne, og litt kaldt var det å sjå på henne, ho var ikkje ulik ei farkkjerring som hadde vore innom på Vennestad eingong, ... (I eventyre 6);151)

Odin blir i Kjelvika i fleire år, og i det store og heile blir Bendek og Gurianna skildra som trygge og varme menneske.

... berreste ei husmanns-førkj ...

Nokre år seinare kjem også Lauris til Kjelvika, og ein kveld er Odin og Lauris på seisjøen:

... Da sa Odin, med dei kvilte på årane: Er det ikkje rart at det skal vera som avgjort førut kven vi skal ha? ... Det bli no berreste ei husmanns-førkj på dæ da, sa Lauris (I eventyre (6);230)

Odin får problem når det blir kjent at han har vore på lemmen hos Karen-Anna frå Jørnstranda, ein naboplass til Kjelvika, alt før han var konfirmert. Det er Kristine som kommenterer dette:

... «*Låg du verkeli i lag med a Karen-Anna da? Du e guten du! Men ho e berre eit husmannsjåltre, Odin!*» ... (I eventyre (6);251)

... *det luktar fattigfolk* ...

Fleire år seinare går Astrid Håberg og Odin heim i lag etter julfesten. Astrid synest det er så tomt og stilt, ho skulde ønske det kunne hende einkvart:

... *Tenke over det først! Det kan dei andre gjera, dem bry eg meg ikkje om, det luktar fattigfolk av dem, og det er det verste eg veit. Men slik er ikkje du, Odin,* ... (I ungdommen (7);19)

Etter at Odin er vorten vaksen, arbeider han med våronna på Håberg. Han har hjelp av dei som tidlegare har vore husmenn. No er dei sjølveigarar, men det verkar ikkje som Odin har veldig høge tankar om dei:

... *Husmennene, hadde vore, var der mykje godt i onna og hjelpte til. Det var no som før, at når Håberg skikka bud på dem, så kom dei visst dei kunde; men no gjekk dei for dagpengar. For Odin var dei husmennene like vel, han tenkte ikkje ansles over den tingan.*
... *Men lystra gjorde dei. Odin såg etter dem der dei gjekk.* ... (I ungdommen (7);57-58)

Det er også eit klart skilje mellom ein bonde og «ein vanleg arbeidskar, ein utor plassane». Etter at Lauris har kjøpt hus i Håbergvågen, kjem han av og til opp til Håberg om kveldane:

... *Han var ein velkommen gjest, enda ein kunde merke at Åsel sette han berre jamsides med ein vanlig arbeidskar, ein utor plassane.* ... (I ungdommen (7);98)

Storkarar og småfolk

Når Astri og Lauris på Håberg får det fjerde barnet, er det barnedåp. Fadrane ved barnedåpen er viktige, men det går fram at dokteren og dyrlegen blir rekna som ei eiga klasse - dei tilhører «storkarane», så dei er ikkje med. (I stormen (7);166)

Lauris set ut rykte om at han har vore i lag med Ingri, kona til Odin, i Nordland, før ho og Odin var gift, og Engelbert, som er fagforeiningsmann på fabrikken, fortel dette til Ingri. Odin blir da så rasande at han styrer seg ikkje, og han jagar Engelbert slik at han må springe på sjøen. Odin trur først han har teke livet av han:

... «Og'n Engelbert han har æ jaga på sjø'n i kveld, i aftes, rettar sagt. Høyri du det, Ingri?...

Han såg det for seg, alt han nemte, men han tenkte ikkje over at han låg og sa det. – Her skulde har vore kosta i bygda! Småfolk, seier dei. Eg har sagt det mange gonger: Eg hatar det orde. Det er eit stygt ord. Men no har det snuud seg, no må eg til å bruke det. Alt saman har snuud seg, og eg er på andre sida. Ho Astri og 'n Lauris, dei ser eg på småmanns-sida, eg trur snart eg ser heile bygda der. Men da vil eg heller rømme. Dei skulde settast i tjor eller bås. Eg ser det no: det er slik over heile lande. Det er slik no ei tid. At det skulde komma til å sjå ut slik for meg da!

... Astri ja, ho er aristokrat. Ho ser både opp og fram, ho er skapt til mor for ei stor slekt. Men morsinnstinktet, det har småfolka òg, det er plebeiisk, har eg lese, det dreg ned. ...

(I stormen (7);257). ...

Her definerer Odin både Engelbert, Lauris og mange andre som «småfolk», som bygda skulle ha vore «kosta» for, mens han ser seg sjølv «på den andre sida». Det er tydeleg at Odin er bevisst på sin eigen status.

... største skarvane skal høgast henge ...

I «Ragnhild» hører vi om Lea, halvsøster til Håkon på Stavsund. Ho mister mannen sin, Morten, på sjøen, og har ingen ting å leve av, så ho risikerer å hamne på «fattigkassa». Håkon besøker henne:

... - De er vel redd eg kjem på kassa dykkar no? Nei, born, så glad i live er eg no ikkje heller ...

... Dykk andre hadde vi ikkje noko hop-hav med, de hang på ein spikar høgare opp, som rett var, største skarvane skal høgast henge. ... (Ragnhild (10);169)

Vi les at Lea og Morten har plassert seg sjølve i ein annan klasse enn Håkon, som er bonde på Stavsund.

Brutal fattigdom

Også i «Ettermæle», som i tid er plassert rundt 1918, er det eksempel på brutal fattigdom:

... Kilius var på lag fattigaste menneske i bygda, etter det folk visste og såg. Ingen kunde ha tenkt seg så snau ei stue, eller så gamle klæplagg på ein menneskekropp. Han ser ut som han fekk mat i fjar ein gong, vart det sagt. ... (Ettermæle (11);70)

Men det finst eksempel på at bondene viser omsorg for fattige folk. I «Medmenneske» tenkjer Ragnhild på ei husmannsenke og barnet hennes og går dit med mat. (Medmenneske (10);51)

Novella «Gapstokken» er ei historie om fattigfolk som er redde for å bli til spott i bygda – gapestokken er eit symbol på dette, men dei er så stolte at dei heller blir tjuvar enn å be naboen om hjelp. Så opplever dei at dei ikkje blir sett i gapestokken, men får hjelp utan å tape for mykje ansikt. (Gapstokken (9);201-207)

... Fattigfolk skal vera fattige dei ...

Historia om Borghild og Arne i «Menneske og maktene» handlar om ei mor som reiser frå barna sine, og det handlar om fattigdom, svolt og mishandling av barn over mange år. Etter at mora har reist frå dei, reiser dei nordover til mostra si, men blir sett i hardt arbeid, samtidig som dei får for lite mat. Arne prøver å opponere, men det er ikkje lett, for «fattigfolk skal vera fattige dei»:

... Borghild visste loven deres: Fattigfolk skal vera fattige dei, for det er dei. Dei andre ikkje.

*... Med kvart lo ho til dem, for det hørtes som dei ville sope ned stjernene med ei kalverompe
og strø ut til armoda. Meir hjelpte det vel heller ikkje om Arne protesterte mot uloven deres.*

Men det var friskt at han gjorde det, kor som var. ... (Menneske og maktene (12);206)

I same boka blir Borghild kjent med Roald som bur i Øyvære, og til slutt blir både ho og Arne med dit. Etter at Borghild kjem til Øyvære, legg ho på seg og blir «som eit anna kvinnemenneske». (Menneske og maktene (12);223) Til slutt blir dei så berga ut av den håplause situasjonen hos mostra og mannen hennes.

Fattigdom, mobbing og hemnlyst

Justin i «Gud smiler» blir mobba på skolen og får mykje å hemne, men når han blir stor, finn han ut at han heller vil bruke vettet:

... Han heitte Justin, men da han var liten og gjekk på skolen, la dei på han namnet Stakars Per. Han fann seg i det, etter kvart: han var ikkje anna enn ein stakars krok. Ein fattigmanns-unge, ... Dei var leie mot han dei andre skolebarna. ...

... Ei stor lang gjente la på han utnamne, enda det var ho han likte best av alle i hop. Han trøsta seg med at han skulde hemne henne når han vart stor. ... Men da han vart stor da hadde han så alt for mykje å hemne han såg ikkje syn for å gå i gang. Da brukte han heller vette. ... (Gud smiler (11);113)

Hersing med fattigfolk

Novella «Bede huse» er ei historie om korleis rikfolk og bedehusfolk kunne herse med fattigfolk. Likevel blir det ein slags rettferdig slutt på historia. (Bede huse (9);195-201)

Men i «Medmenneske» er Didrik på desperat jakt etter pengar, slik at han kan investere i prosjektet sitt på Stranda. Da kastar han brutalt ut fattigfolk som har budd i eit hus han har eigm i fleire år:

... Neste dag tok Didrik vegn vestetter att, der han før dagen før. Han åtte husa på ein liten gar-part som låg øde. Der hadde det leigd seg inn ein mann med huslyden sin, ein skulde aldri ha set slik ei umengd med stygge ungar. No var det eitt av to: enten kjøpte han stua, eller så laut han ut. Her den forre dagen fekk han ikkje mote til å snakke med han. Kroppen var nøydd til å kjøpe, eller rettare sagt, bygda laut kjøpe, for kor skulde dei elles gjera av han?, Ein måtte som sagt til å føre saka si sjøl. Han var innom fattigordføraren og kunngjorde korles det stod til med han som aldri betalte. Han fekk berre ein vantruен smil til svar. Han venta seg ikkje meir heller. ... (Medmenneske (10);59)

... andre fiendar hadde han frå før, og dei siste dagane hadde han fare fram som ein tyrk: han hadde hivd ut ein huslyd som hadde budd fritt hos han i fleirfaldige år; ...

(Medmenneske (10);60)

«Gammelheim» for fattige gamle

Tidlegare var fattige gamle nøydde til å gå på legd, og vi høyrer fleire eksempel på dette i Duuns litteratur:

... Bina Rismese dreiv garden på den måten, at ho hadde to legdekallar for betaling, lite grand utretta dei, og så leigde ho karshjelp for dei skillingane ho hadde for dei. Ein tre fire gonger om åre truga ho dei med å seie dei opp, men gjorde det aldri. ... (Or gamal jord (1); 298)

I «Medmenneske» hører vi om Tull-Beret som går på legd gardane mellom (Medmenneske (10);67), og i «Hilderøya» blir Tull-Nils og broren hans, Sivert, bortsett for betaling (Hilderøya (2);277). Men i slutten på «I ungdommen», like før ho dør, hører vi om at bestemor Åsel meiner det bør byggast ein gamleheim. (I ungdommen (7);137)

I gravølet etter Åsel vil Odin ha med seg folk til å sette Åsel sitt ønske ut i livet, men blir mest gjort til latter. Åsel dør kanskje omkring førre hundrearsskiftet, og da er tanken på å bygge ein gamleheim enda ny og ukjent, slik at Odin møter motstand. Når vi møter Odin nokre år seinare, har han likevel fått bygd gamleheim («den store fattigkassa på Vennestad») i tillegg til mykje anna, som nyveg, bank og sildoljefabrikk (I Stormen (7);169). Korleis han har greidd alt dette, hører vi lite om.

4.3. Samar/finnar

I dag heiter det «same», men på Duuns tid var det vanleg å bruke ordet «finn», eit omgrep som på den tida var nøytralt (jfr for eksempel Finnemisjonen). I Duuns romanar møter vi mange finnar, og bortsett frå Solvi blir dei alle omtalt i negativ samanheng. Ordet «finn» blir dessutan brukt i mange ulike samanhengar, og ofte som skjellsord [1].

Finngann var farleg

Den første juvikingen vi blir godt kjent med, Per Anders, levde på slutten av 1700-talet og tidleg på 1800-talet. Han var kjent bl.a. for å ha trossa finngann, men elles var folk redde finnane, for dei kunne ganne og føre sjukdom og ulykker både på folk og dyr. (Kapittel 13)

... Det e da berre finn, Anders. ...

Sonen til Per Anders, Per, og Valborg bur på Håberg i første halvdel av 1800-talet. Dei har to guitar, Anders (seinare Blind-Anders) og Petter («I blinda»). Til Håberg kjem det besök:

... Det var Petter som var fram att, han og eit par andre gutþákar. Det var ei fattigkjerring dei hadde for seg, ei halvvori finntøykje, som før og smått tagg; finn var ho no elles ikkje, men ho var kona til han Halt-Andrias inni Engdalsmarka. Ho kom smettande om stallnova, hadde vore i kjøkene hos forgongfolke og fått i panken sin, og no hadde dei fanga førkjungen hennar i eit taug og vilde draga av med henne. Dei skulde berre skure av henne finnhamen, let dei, ho gjorde ikkje vera redd. Mora snakka vislig til dem, men sistpå saud det over for henne; det var vel det at gjentungen gret. ... (I blinda (5); 139)

Det er storebror Anders som må gripe inn:

... men Petter vart ståande og flire like skyldlaust som han pla gjera.

«Finn, finn!» ropa han, til kjerringa var nær på å ryke i lufta; snudde seg så til broren, liksom han strauk ut alt som gale var. – «Det e da berre finn, Anders!» ... (I blinda (5); 140).

... - Han hadde tenkt på den little finnveikja: Det var no vel hunden til liv å vera finnunge slik, når ein kom fram i bygda. Kanskje dei hadde einkvart heime å trøste seg med; ein kattunge eller ei gjeit, men lel så. Ho kunde få ein liten speiel av han, kom ho slik ein gong... (I blinda (5); 140)

Her viser Anders empati for samejenta, og nokre år seinare er denne samejenta, eller finnveikja Solvi, vorte ei vakker jente som Petter blir interessert i:

... ho var det mest velskapte kvinnfolkemne Petter hadde sett; og han hadde sett på dem alle i hop. Kring høftene og midja var ho teinrund, og føtene slikt slag, - når ho sprang, måtte ein tru ho hadde fjører under dem; halsen og den vesle barmen kunde ta sømnen ifrå ein, ansles

vissste han ikkje å seie det. Andlete var eit grand v rbare, men elles var ho kvit i holde som det gildaste kristen-menneske. Auga dei var brune, to kvikke, blanke dropar, som undra seg og blunka og s g midt imot ein, det eine litt mindre enn det andre, slikeit par underlege auga under lyse bruner og lyst h r. Dei var s  innerlig truhjarta, og s  gode, men visste ei mengd likevel, og fulle av l tt og tr yheit var dei. Petter meinte det m tte vera godt som umulig   gjera dem noko st rre vondt. Og slikeit eit h r da, til   henge i eit tre etter. ... (I blinda (5);160)

... l t finn vara finn ...

Vakker er ho, men knapt rekna som eit kristen-menneske, og Massi  tvarar Peter mot   ga til Solvi:

... «G  beinast heim, du Anders - du Petter, vil  g sei - s  e du gromgut da. Og l t finn vara finn, om dem e aldri s  vakker. ... (I blinda (5); 158)

... Han vilde sj  Solvi lel. Ho fekk vara finn s  mykje ho vilde. Finn var ho no elles ikkje, faren var halvfinn berre, og mora var garmannsdotter ovant sj lve Grong, det hadde Anders f tt greie p  med han var der og handla best. Hadde dei nokon gong set finn med lyst h r? ... (I blinda (5); 159)

Petter er redd faren til Solvi, Andrias, og han orkar ikkje klappe hunden. Ogs  elles blir plassen der Andrias og Solvi bur, skildra som b de utriveleg og uhyggeleg, der det ogs  finst overnaturlege krefter:

... Petter gjekk aldri s  langt at Andrias fekk sj  han. Han var redd kallen. Hundetassen kom gneldrande oppover, men da han kjente kven det var, tagde han og kraup. «Du gjer d g finn-blid no,» sa Petter, «tynn som 'n Gammel-Sjur, n r dem mana 'n utgjennom n kkelhole. Ja, v r d g fer folk, det sei  g d g.» Hunden vilde ha klapp, men Petter herde ikkje ta i han. ... (I blinda (5); 159)

... Ho (Solvi) hadde eit lite raudt snøreliv, som ikkje gjekk att, og eit lite stubbskjørt med bot i bot, og elles berre serken, men han var uventande kvit. ... (I blinda (5); 159-160)

... «Men kom inn lel, ska du sjå; æg hi strødd osplauv på golvi, og krita muren, osså hi vi fått omn – ka?»

Nei Petter vilde ikkje. Ho fekk skynde seg å mjølke gjeite-teksene, så låg han her så lenge. Men da krydde han full av orm og øle, her var tjukt av det slage. ...

Gjorde ikkje far hennar åt for slikt da? Han som var så grov til å ganne?

«Ikkjå sei det der!» bad ho. ... (I blinda (5); 160-161)

... Dermed tok ho gjeitene og før, dei hang etter henne liksom det aldri skulle finnast gjeit i dem. ... Han visste elles om kor brennsnar ho kunde vera når det stod om, reint som ho trolla det til; denne snuen i kroppen hennar, det var liksom du såg oteren i straumen. ... (I blinda (5); 161)

Solvi får også god attest av Massi:

... Det var det, sa Anders, at Petter før her og rak og vasa seg av til denne finn-tøykja inni marka.

Hm-hm! Ja kvifor ikkje det? Ho Solvi var ei gromtaus det; ho hadde vore her mange gonger og hjelp til, og nokon likare hadde Massi aldri hatt. Og slik vakker unge da – vakker som synda. ... (I blinda (5); 162)

... eit folkmenniskj ho Solvi ò ...

Men Anders vil hindre at Petter har kontakt med Solvi, og vil hente han heim:

... Kvistar som kom i vegn for han, braut han tvert av. «Finnlus og fark!» murra han.

For resten, det vilde han seie. Veikja var bra nok. Ho var alt for god å han trasen. Han hadde set henne med kirka; det var ei gulldokke. ... (I blinda (5); 162-163)

... «*Ho e no eit folkemenniskj ho Solvi ò, ska du bus-på.*» (I blinda (5);163)

Snart blir også Anders interessert i Solvi:

... *da han spurte om kva dei levde av her inni marka. Men ho svara stilt og beint fram på det. Faren gjorde hornskeier og anna smått og selde, og ho spann litt for folk, og med kvart var ho borti garane og hjelpte til med eitt eller anna. Anders visste at dei tagg aldri no, og han vart reint laus i andlete med han hørte på henne.* ... (I blinda (5);164)

Solvi tener seinare i prestegarden, og Anders ser henne i kirka:

... *Ho var i full stas, hadde ein lys, fin kjole på, og ein kvit krage kring halsen. Det hadde gjort henne til eit nytt menneske, eit som ein måtte ha.* ... (I blinda (5);167)

Dette utviklar seg slik at Anders og Solvi snart skal gifte seg. Da snakkar Petter og Massi om finnbryllopp, neppe eit kompliment:

... *Dei hadde det orde der i grenda, at eldstjerner på gryte og jarn varsla for finnbryllopp; for slik på lag dansa dei der.* ... (I blinda (5);170)

... *som dei hadde fått ei kaldvassbøtte utover seg.* ...

Det blir eit sjokk for folk i bygda at Anders skal gifte seg med finn. Massi er i kjerka når det blir lytt for dei:

... *Han veit ikkje skam! sa Massi. Han går forlate meg som han skulde ha gjort ei stor gjerning. – Det har han no òg, det, sa Ola, han var reint varm i måle. Folke i kirka såg ut som dei hadde fått ei kaldvassbøtte utover seg.* ... (I blinda (5); 170)

I bryloppet kjem det også kommentarar:

... - *At det skulde komma finnblod inni Juvikslekta da. – Ja da er ho tørst.* ... (I blinda (5);172)

Men Solvi er ei vakker brur:

... Dei kunde ikkje anna seie, enn at ho lyste som ei sol for altene, og dagen etter, da ho kom i nykåenna-kjolen og huva, var ho enda vakrare. Ho hadde slik lykke i kring seg; ho vermte som sommardagen der ho kom. ... (I blinda (5);172)

Og etter brylloppet viser det seg at ho også er flink med arbeidet på garden:

... Det raraste var, kor visshendt ho tok i med arbeide i garen. ... Ho fann rommet sitt med ein tirøygd smil. ... Handlage hennar smøygde seg inn og tok eit tak i han så han (Anders) vart forandra. ... (I blinda (5);173)

Solvi blir altså omtala på ein svært positiv måte, motsett av måten samane elles blir skildra hos Duun. Det er likevel knytta forestillingar om overtru, ganning og ulykker til samane, og framgangen til Anders og Solvi blir brukt mot dei. Samtidig som det går bra med Anders og Solvi på Håberg, blir det nemleg berre sjukdom og elendigkeit i Engdalen, der Massi og Ola bur. Snart tek det til å gå rykter om finngann, og at det er Solvi og faren hennes som står bak. Det endar med at Anders jagar Solvi og vesleguten Per ut av garden. Dei tek båten, kjem ut for steinskreia og druknar. (I blinda (5);185-188)

... Berre ein finn ...

I «Medmenneske» har dei dugnadsfest på Fagernese hos Morten og Lea, men Paul er for full til å spele:

... I staden hans spela Finn-Jørgen, ein skamdrukken finn som rak i garane med ymse finn-arbeid. Folk sa han var sviken i kjærligheita; han var gråtande ulykkelig når han var påskjenkt. Da dikta han det han spela, tok det beint utor hjarte, vart det sagt, og ofte murra han og song attåt, når sorga vart han for nærgåande. Her i lage skulde han ikkje ha vore, tykte dei, men Lea var ikkje den som viste vekk nokon. ... (Medmenneske (10);61-62)

Seinare, etter at Didrik er drept, fortel Morten til Håkon at Didrik ein gong vart mistenkt for eit drap:

... - Kven var det han drap? spurte han endelig.

- Berre ein finn, og langt nord i ville Finnmarka, utanfor kristendommen og alt. Men for Vårherre, og for loven, blir ein da mordar av slikt òg, veit du.

Og så fortalte han korleis det hang i hop. Didrik var skylda for noko stygt, for valdsferd mot ei halvwaksi gjente, men han var uskyldig. Der var berre eit vitne som hadde set Didrik på den kanten om kvelden, ein finnkall, men ein slik skapning kan sverja på svarte logna, han er ikkje døypt eingong. Gjenta hadde ikkje fått sjå valdsmannen. Så fann dei kallen dau ned i fjæra ein morgonen, han hadde fått ein kakk i hovude av noko hardt. ...

(Medmenneske (10);132)

Fattigfinn ovant fjella ...

I «Gud smiler» foregår deler av handlinga på storgarden Sevaldstad. Også dit kjem det ein same, som dei tydelegvis gjer narr av:

... Litt etter kom der ein finn rekande. Han bad om mat først, og sia vilde han få ligge på låven. Dei torde ikkje ha nokon liggande på låven, men han skulde få sengrom som eit anna menneske. Han var ein fattigfinn ovant fjella, fortalte han, skulde til byen, på sjukehuset, og bli operert for prokk, som han sa. Kan hende det var kreft òg, la han til og smilte.

Brokk eller kreft, finnkallen skulde ha sjenk. Han tykte det same sjølv. Finnen spurte best det var: - Er det sant dei er så føle med folk på sjukehuset? At dei auser vatn på naken kropp? Han såg forfæld på dem. ... (Gud smiler (11);182)

Om natta blir det ein dramatisk låvebrann, og det er usikkert korleis brannen starta. Så kjem dei på at finnkallen overnatta på låven, så da har dei forklaringa:

... - *Finnkallen, vart det sagt. Ja var han på låven no, da vart han der. Men nokre av dei første som kom til gars kunde fortele dei hadde set han, ein liten hjulbeint ein som nøsta og sprang her ifrå, ...* (Gud smiler (11);266-267)

... *Finnkallen berga dem. Dei fann han på sjukehuse, og han tilstod han hadde ligge på låven, men han var full, da han hadde mist pipa si, og så visste han ikkje meir før høye brann ikring han, det var så overhendig kor det brann! ...* (Gud smiler (11);272)

«Finn» som skjellsord

Fleire stader blir finn brukta som skjellsord:

... --- *Nei å hjelpe 'n Martin, det er som du hivde ein finn ned i eit tomt helvet, det. He? ...* (Samtid (12);18)

... *Ungdommen hadde vore meir brydd, for her skulde det gå fint for seg, og ingen vilde vera finn, ...* (Storbrylloppet (6);105)

... *Justin Bunese var der med nykona si. Ein finn måtta ha ganna det på han. ...* (Samtid (12);121)

4.4. Taterar

Ei anna gruppe som ikkje blir «rekna med» i samfunnet som Duun skildrar, er taterar eller farkar, som dei òg blir kalla, og det verkar som det var lett å gi taterane skylda når det var gjort noko gale:

Så no visste alle korles det var ...

I «I blinda» får Petter, bror til Blind-Anders, jobben med å male kjerka. Men han fuskar med malinga, og dette oppdagar Anders. Først tek Anders kontakt med

handelsmannen, Hallstein, som har levert malinga til Petter. Han skuldar Hallstein for å ha levert dårlig maling, og seier han opp:

... Han vilde ha han unda. Han hørte ikkje til her, og fark var her nøgda av før. ... (I blinda (5); 243)

For ikkje å bli avslørt, tenner Petter på kjerka. Etterpå er det spekulasjonar om korleis varmen har komme opp:

... Men morgenen etter kom den tidna til gars, at der hadde fare eit fark-følje, eit heilt båtlag, og dei hadde vorte utvist i prestgaren og hadde lova ilt da dei fór. Så no visste alle korles det var. ... (I blinda (5); 251)

... ihopkokka av storkar og fark ...

I «Sigyn» kan vi lese om at det er julelag hos Marta Brønnes, svigermora til Sigyn:

... han Henrik årelatar sat uti kjøkenet og duppa. Fela hadde han med støtt. Han hadde kome raklande her ikveld og hørt etter om bus. Ho hadde lovt han det, endå Sigyn var imot det. ...

-- Sigyn hadde ikkje set Henrik sea den gongen i haust, da han stemte blode i Elias. Dei hadde skiltes som gode venner, men då han kom her ikveld, kvakk ho med det same. Han var no òg så mager og fæl, det var reine beinrangle som var ute og drog seg. Og så var det det, at han skulde vera i slekt med henne, på farsida. Ho var ihopkokka av storkar og fark, ho kom då ihug den ting, men det var ikkje stort trøysamare å bli mint om det slik for det. ... (Sigyn (2);158).

Mor hennes skulde vera av bra folk ...

I «Gud smiler» høyrer vi om Gurina:

... Gurina var dotter til eit taterlag i bygda. Mor hennes skulde vera av bra folk. Ungane vart bortsett for betaling, men straks Gurina var konfirmert rømte ho sin veg. ... Ho hadde

vore så fin i hamleten, men no var ho så brunskjoldut som ein fisk. Ho hadde vore på fiskberge nordanfor, hadde gått der i sol og vind og tørka fisk, og vére hadde tørka henne med. Ikkje dokteren heller visste noka råd for det. ... (Gud smiler (11);229)

Ikkje berre er ho av taterslekt (sjølv om mor hennes skulle vere av bra folk), men er også *så brunskjoldut som ein fisk*.

4.5. Negarar

Hos Duun er det få som har vore i kontakt med folk frå andre land, og det er berre nokre stader vi høyrer om folk med mørk hudfarge. I «På tvert» er folk samla i butikken til Danel, og Normann kjem fram og ser på kjoletøyet som Danel legg fram:

... Var det brokty, dei såg på? ja, det trong han òg – skulde dei kanskje ta seg kvar-sitt? Det skulde bli stas med kyrkja det. Blått ja? Det var just blått som kladde han; blå brok og sko av negerskinn. - Gjentone log. ... (På tvert (1);186)

Slik humor var altså tydelegvis akseptert.

Når spanskesjuka kjem, går det ei vekking over bygda, bedehusfolket meiner epidemien er Guds straffedom, men Odin kjem i hard diskusjon med talaren:

... - Nei, ti still! – eg hørte negrane ein gong, det var ein flokk som synte seg fram for pengar og dei song slik. Same bitande fattigdommen, same armodsgleda. ... (I stormen (7);238)

I «Menneske og maktene» høyrer vi at Ludvik «Sjötrollet» har vore til sjøs, der han har sett ein neger:

... Han såg ein neger i utlande, svarte armingen sprang seg beint ned i ei tom dokk, på lys dagen, låg der steindau. Kvifor det? Han vilde berge live sitt, polisen og loven var etter han. Danare neger har ingen set. ... (Menneske og maktene (12);270)

... neger og anna kravl ...

I «Samtid» høyrer vi om Gudrun, gift med Justin Bunese, som i eit selskap er uroa over korleis verda er, og meiner kvinnene burde «streike»:

... Ja, let ho, det blir ikkje eg som sett barn inn i verda slik ho no er. De lyt ordne opp litt først, karar. Ho sa meir sterkt, men ho var mild i måle. Ho meinte verkeleg at verda vi kallar var utan grunnmur, at alle kvinnene burde streike i tenesta ...

... Prat, sa Birger der dei giekk. – Ja, det kunde ikkje Agnar nekte, men: det skulde vore moro om kvinnfolka sette i verk den streiken sin. Det vart ei fin avlusing, kva? Birger svara, at da grodde verda ned med neger og anna kravl. ... (Samtid (12);42)

4.6. Sosial kontroll – «bygdedyret»

Nesten alle romanar og noveller av Duun skildrar små og tette bygdesamfunn der dei fleste veit det meste om kvarandre – på godt og vondt.

Eit tvisyn på bygda

I eit par episodar viser forfattaren med underfundig humor at han kunne ha eit tvisyn på «bygda». I «I blinda» blir Anders blind etter å hatt varm tjære innpå augene. Like vel møter han fram i gravølet etter faster Ane i Pålsnese ikkje lenge etter:

... «Æg e for resten blind fer levetida!» sa han; han sa det like säl, og fomla og åt.

Det var ikkje sant lel? slik måtte han ikkje seie! og slik bortsetter, borde rundt i ein song.

«Det e rett så ja. Men ingen ting å bli så glad fer det, veit æg, fer dokk? Og ingen ting å bli så lei fer heller; fer mag. Det gjekk slik.» ... (I blinda (5);286)

Også i «Samtid» høyrer vi at naboskap kan ha fleire sider, noko som kan vise seg når grannen dør («lyt i veg»):

... Det er somme som får en smil i andlete, verdens minste smil, når grannen lyt i veg. Enda dei var venner og vel forlikte all sin dag. ... (Samtid (12);61)

Den sosiale kontrollen er sterkt, og det er mange historier som skildrar kor vanskeleg forholdet til «bygda» kunne vere. Og nokre gonger kan det gå på helsa laus:

Du veit korleis det bli millom øværingane ofte: den eine grannen gjer den andre reint sjuk; det er sjøen som er slik (Hilderøya (2); 255).

Akt deg for bygda, Andrea, ho tek deg ...

I «Storbrylloppet» har Andrea vore på kvinneforeining på Ramset:

... og kaffen var god nok, og mangt av det dei snakka om var arti å høre på, ho kunde ikkje nekte for det, ein kunde bli blå forbunga på å høre meir om det som gjekk for seg i bygda; for ho visste elles ingen ting om det. Men det sleit så på henne, og urolig gjorde det henne rett som det var: før ein visste orde av, var dei tett inn på ein, som fingrar i mørkre, og så kjentes det som der var ei myr under ein, som saug og saug, vilde ha ein ned. Hadde det ikkje vore for hedningkrokane, hadde ho knapt komme der. Og i kveld skuld ho ha vore heime. ...

(Storbrylloppet (6);28-29)

Andrea går i lag med Kjersti Rønninga, fosterdottera hans Petter, i heimvegen:

... Jaja, ho fekk ha takk for lage da, sa Kjersti. – Og no har eg vore så bra ei sladdekkjerring som nokon, det går den vegen det skal med oss. Akt deg for bygda, Andrea, ho tek deg! Kjersti lo. ... (Storbrylloppet (6);30)

... Osså e det folksnakkje da ...

I «I ungdommen» høyrer vi om Odin og Astri, som har hatt eit godtauge til kvarandre sidan ungdommen. Astri giftar seg med Arne Finne, men han dør etter

kort tid. Etter at Astri har vorte enke, snakkar ho og Odin om at dei kanskje skal gifte seg, men Odin er i tvil:

... Vi får vent, Astri. Hm? – Osså e det folksnakkje da. Ho gjorde store auga. Det bevra små rykk over andlete på henne. – slik hadde han set hestenasen bevra for ei hard hand i beitsle.

Bry du dæ om ka folk sei da?

Å ja; liti grand. For a mormor si skyld, om ikkj anna.

Da e du kkj den – da e du ikkj då vårt folk!

Nei, nei; det kund komma vel med det ein gong. Han sette hendene i lomma og smilte. ...

(I ungdommen (7);100)

Bygda – inspirasjon og klam hand

Det tette bygdesamfunnet som Duun skildrar kunne vere til inspirasjon til innsats både for seg sjølv, familien og bygda elles. Blind-Anders og Odin er kanskje dei beste eksempla på dette. Det var i høg grad bygda som «dreiv dei» og motiverte dei til ekstra innsats. Truleg greidde dei å kommunisere med folk i bygda, og truleg fekk dei mange tilbakemeldingar om at dei gjorde eit godt arbeid. På den måten fekk «bygda» ein positiv effekt.

Men Duun har også mange eksempel på korleis «bygda» kunne utøve ein negativ sosial kontroll på folk - kor destruktiv ho kunne vere. Danel i «På tvert» bruker heile livet sitt på å kjempe seg til ein plass i samfunnet, som dels gjer narr av og dels synest synd i han som har ein vanskapt fot. Ola Håberg er utsett for negativ omtale så å seie frå han er fødd og gjennom heile livet, både av dei i den nære familien hans og av andre i bygda. Dette må gå ut over sjølvkjensla hans, han blir depressiv og tek til slutt livet sitt («Juvikfolke»). Didrik Dale blir «førtidspensjonert» mot sin vilje, blir

aggressiv mot både familien og bygda, og han blir til gjengjeld sosialt utstøytta («Medmenneske»). (Meir om dette i kapitttel 14).

Bedehusmiljøet, som i Duuns verd er ein sentral del av «bygda», er viktig i mange historier. Dette miljøet får mest eintydig negativ omtale, og måten dei opptrer på får ofte store personlege, familiære og sosiale følgjer. I «Menneske og maktene» dreg dei med seg alle i bedehuskretsen i døden uvêrsnatta på Øyværet.

Brutalt «bygdedyr»

«Bygdedyret» kan vere brutalt, og Duun skildrar fleire tilfelle der det gir katastrofale følger. I «I blinda» hører vi om Anders på Håberg som er gift med samejenta Solvi. Det går svært godt for dei på Håberg, mens det er sjukdom og elendighet hos naboane Massi og Ola i Engdalen. Når vargen i tillegg har rive sau i Engdalen, tek det til å gå rykte om at det er finn-gann som er årsaka til alle ulykkene. Etter kvart forstår Andreas at folk trur at både far til Solvi, Halt-Andrias, og Solvi sjølv også kan skape seg om til ulv og rive sau:

... Heile bygda hadde ligge på lur ette han. Ja, og så synte det seg for han, som skare i berge kunde syne seg og gapa somtid, at dei vilde ta ho Solvi ifrå han. Ho skulde stikkast for det peke Anders hadde gjort dem. ... (I blinda (5); 180-181)

Han kjenner på seg at heile bygda trur Solvi og faren driv med gann og trollskap, og til slutt trur han på dette sjølv og:

... Når han berre hadde funne ei själ, ei einaste ei, som trila! Men dei hadde smidd han inn, i svarte spikertonna. ... (I blinda (5); 185)

Det endar med at Anders jagar Solvi og vesleguten Per heimafrå. (I blinda (5); 185-188)

Æ lystra ikkj! Om a så ha vøri både finn og fark. ...

I «I stormen» hører vi at oldebarnet til Anders, Odin, også opplever ein svært vanskeleg situasjon. Han er gift med Ingri, men Lauris har sagt at han har hatt eit forhold til Ingri før ho var gift. No har dette ryktet om Ingri og Lauris komme ut på bygda:

... Best det var, reiste Odin seg. – Det får skje, sa han. Han sette øksa i stabben. Han skalv på fingrane så han knapt fekk det til. – Eg såg henne i sta, og alle sammen har sett det – eg jarar henne utor huse! Han sa det tørt og lognt, slik ein dømmer eit gammalt hus til rivings. Og no var han på vegen. Han mumla med han gjekk, det var einkvart frå i natt. «Det har kommi ut alt i hop,» sa ho. «Alt i hop,» sa ho. I det same levde han det opp att, den skjelvinga som før gjennom henne, da han fortalte at Engelbert hadde sagt stygge ting om henne, no la han i veg med lange steg. «Som han Lauris har både brukt og rata,» var det ikkje det han sa? Dei må ha visst om det lenge. Dei har undrast på meg – sitt og undrast no òg! Ho kan bli med 'n far sin nordover.

Men ved trammen vart han ståande. Han såg undersamt på stua, og sia frå ting til ting. «Finn?» sa han. «Finn? Å, no veit æ det: Det va ein eingong som jaga finn.» Han tok seg fortulla opp i panna. «Bygda!» stota han. «Bygda som plaga 'n te det. Men æ? --- Æ lystra ikkj! Om a så ha vøri både finn og fark.»

Han vart ståande der han stod, med handa over nakken, og hadde enda i seg at han stod der og tok seg ut som ein fåming. – Bygde-andlete ja, nikka han. Har plaga mang ein, det, til å gjera karsverk, - plaga ein til å jaga finn utor husa sine eingong. Ei sålbott til kar, han skulde ha vore jaga etter sjølv. Den blinde farten, he? Ein heilrend ein? Snakk ikkje tøv i kveld. Det var mangt dei ikkje visste før i tida. Eg veit ti gonger meir. Er det å vera for veik, så lat meg vera for veik da. ... (I stormen (7);267-268)

Fire generasjonar etter at Anders jaga Solvi heimafrå, greier altså Odin å stå mot «bygde-andletet».

Sosial utstøyting med fatalt resultat

Novella «*Den eine og den andre*» er historia om sosial utstøyting med fatalt resultat.

Helmer Pålsnese bur i lag med mora Ane-Marja, han er forlova med Sissel og skal ta over farsgarden, og Helmer er likt av alle.

Etter å ha vore på Segelsund, kappror Helmer i ein liten færing med to kameratar, Iver og Erik. Dei to kollseglar i uveret, mens Helmer prøver å ro til land for å få ta i ein større båt. Imens kjem andre og bergar dei før han. Dette blir han lasta for. Faren til Sissel seier at han hadde venta meir av ein verson, og Sissel seier no beint fram at ho ikkje vil ha han. Han blir utstøytt av kameratflokk, blir rasande og kjem opp i slåsskamp med fleire. Han kjem seg heim, men mora blir skremt:

... Mat smakte han ikkje, og ikkje sønn; slik gjekk han eit par døgn heime. Så ein kvelden vart han borte. Han kom ikkje att meir. ... (Den eine og dei andre (9);186)

Barbro, som er i tjueårs-alderen og bur på ein liten gard, er tjuvkjent for å ha tatt eit lam som hadde gått seg fast i fjellet. Ho finn Helmer til slutt inni marka:

... Ho snakka med mor si, og dei vart samrådd om å gjømme han på løfte til så lenge. Han hadde lidd hundvondt med han låg ute, han fortalte han ville ikkje eingong stela seg mat frå så vondt folk, men han fortalte ikkje kva han hadde levd av; han var ikkje mann for å reise seg dei første dagane, da han endeleg hadde komme i seng. ... (Den eine og dei andre (9);190)

Han får etter kvart vite kva dei snakkar om i bygda, og ein dagen henger han seg i Hesthammarfurua:

... Det var ei nød. Det let seg ikkje gjera å få han ned. Furua var gammal og spro, det knaka i rotfeste på henne først ein kleiv eit føtt utetter. Ho bar ein, og han hang der alt. Han hang og dingla utover avgrunnen; dei fleste stod ikkje ut å sjå på det. ... (Den eine og dei andre (9);191)

Det blir Bertil, far til Sissel, som til slutt tek risikoen med å få han ned.

Helmer blir altså urettmessig stigmatisert og utstøytt. Han går inn i ein alvorleg depresjon og blir uteliggjar, og når han kjem seg i hus og får greie på korleis bygdefolket har reagert, tek han livet sitt. Ein beisk kommentar til kor vondarta «bygdedyret» kan vere.

Det urettferdige og hykleriske samfunnet

Novella «Millom røvarar og rettferdmenneske» er historia om Dave og Eli som blir utsett for røvarar og bortført som gislars. Dave blir torturert på det grovaste og trua til å vera mellommann for å få løysepengane (sølvet). Han greier det, men Eli har i mellomtida vorte glad i røvarhøvdingen og vil ikkje bli med heim, kanskje eit eksempel på Stockholmsyndromet [2]. Dave blir utstøytt frå samfunnet. (Millom røvarar og rettferdmenneske (9);272).

Dei får tak i nokre av røvarane, men Eli blir drept. Deretter kjem heile røvarflokkene og okkuperer våpenlageret og krutkjellaren, og dei har på den måten kontroll over heile bygda. Dave ofrar seg i ein sjølmordsaksjon ved å sette fyr på kruttlageret, slik at alle røvarane blir drept.

... Bygda var berga, og dei samla seg og heldt takkefest for det. Og sia levde folke til dei døde, i fred og ro. Dei aller rettvisaste millom dei spytta på tørva som Dave låg under, når dei gjekk framom. Dei andre gjorde det same.

Men sia kom nye ætter, med ei ny rettferd. For dem vart Dave etter kvart ein stor mann, - ein laut komma i hug kva han hadde gjort! ...

- Det hender det som hende skal, sa dei. – Og alle ting skjer til det beste, sa dei.

(Millom røvarar og rettferdmenneske (9);273-274)

Dette er eit eventyr der vi veit verken når eller kor handlingane skjer. Det er bilde på kor urettferdig og hyklerisk samfunnet kan vera og kor brutale menneske kan vera.

4.7. Sosial mobilitet

Det gamle bondesamfunnet som Duun skildrar i dei første binda av «Juvikfolke», var nokså sementert, og for dei som syntest det vart for tett og klamt, var det små sjansar for å komme seg bort. Vi har sett at dette kunne få dramatiske følger, men i dei romanane som er lagt til rundt førre hundreårsskiftet og først på 1900-talet, er det etter kvart større sjansar for å bryte ut av mørsteret og også kanskje klatre i det sosiale hierarkiet. Duun skildrar tre utvegar: Utdanning, statusjobbar eller Amerika.

Utdanning

For nokre var seminaret (lærarskolen) ein utveg. Vi høyrer at både Sigyn («Sigyn») og Harald («Harald») gjekk på seminaret og vart lærarar, noko som ga dei ein viss posisjon i bygda. I «Carolus Magnus» får Carolus Magnus presteutdanning i Christiania, og det var truleg den høgste utdanninga ein kunne tenke seg at ein bygdegut kunne få. I «I blinda» høyrer vi at Blind-Anders vil at sonen Ola skal bli prest. Han gjekk seminaret og vart klokkar, men ikkje prest.

Odin tek middelskolen på eitt år (middelskolen tilsvrar ungdomsskolen i dag) og går seinare i snekkarlære hos faren, Otte Setran («I ungdommen»). Seinare får vi høre at Odin blir ordførar og på mange måtar ein leiar i bygda («I Stormen»), men om det har noko med utdanninga hans å gjere veit vi ikkje. Henrik i «Det gode samvite» studerer i byen, men vi veit ikkje kva slags fag - han er først og fremst opptatt av om han kan få meir pengar heimafrå. Farbror til Frigg («Det gode samvite») er sakførar i byen, så han må ha studert jus. Han er elles framstilt som ein lite sympatisk person.

Elles var underoffisersskolen ei vanleg utdanning hos dei som ikkje hadde råd til privat-finansierte studiar. Hos Duun høyrer vi lite om denne utdanninga, men i «Det gode samvite» tek Lars Lines underoffisersskolen, noko som gjer han til ein aktuell kandidat til å bli lensmann. (Det gode samvite (4); 152, 187)

Statusjobbar

For dei som ikkje får utdanning, er det ikkje mange utvegar til å klatre sosialt i Duuns univers, men Blind-Anders, som er opptatt av korleis det skal gå med ungane sine, vil at Jens skal bli handelsmann:

... Fortel a det, at han Jens ska bli handelsmann og storkar snart, at det ska æg vara mann fer, sei!» (I blinda (5); 239)

Det var også nokre andre statusjobbar som kunne vere innan rekkevidde. Bortsett frå at Lars Lines vart lensmann, høyrer vi i «Storbrylloppet» at Kristen Arnesen er direktør i banken, og seinare har Lauris denne jobben («I Stormen»). Å vere ordførar er sjølv sagt status, og i «I Stormen» har Odin dette vervet. Det same har Periander i «Siste leveåre», men desse statusjobbene var ikkje for kven som helst. Ein burde nok helst både vere av «bra» familie og elles ha mange gode støttespelarar i bygda.

Amerika

Fleire av Duuns personar som ikkje ser noko framtid i Norge, reiser til Amerika. Dette er i siste del av 1800-talet, når emigrasjonsbølga er på det største. Rett nok heiter det når Jens Håberg kjem heim omkring 1880 at mange hadde reist, men få hadde komme tilbake. (Storbrylluppet (6); 60,79) Av Duuns personar kjem likevel mange tilbake. Jens Håberg er eine sonen til Blind-Anders. Han kjem tilbake etter å ha tent ein del pengar i Amerika. (Storbrylloppet (6); 79-83). Gjartru, søstra til Jens, er gift med Johan Martin Arnesen. Dei bur ei tid på Vågen, deretter i Segelsund, men etter at dei går konkurs, reiser dei til slutt til Amerika i lag med Jens når han reiser tilbake, utan at vi høyrer meir om korleis det går med dei. (Storbrylloppet (6); 141-142)

Danel i «På tvert» lever truleg omkring førre hundreårskifte og i åra etterpå. Også han reiser til Amerika; vi høyrer at han driv med fleire ulike aktivitetar der og tener også pengar. Han kjem heim etter ti-tolv år og set i gang med å bygge kvern og

elektrisitetsverk. (På tvert (1); 272-275). (Amerikareisa til Danel er neppe heilt realistisk, ettersom han med si funksjonshemming neppe ville ha komme inn i Amerika på den tida. På mottakssenteret Ellis Island utanfor New York vart dei som ikkje var heilt friske plukka ut straks dei kom i land. Dei vart først sendt til sjukehuset og deretter oftast returnert dit dei kom frå, og Danel med den vanskapte foten ville mest truleg ha vorte stansa der.)

Bror til Håkon Dale på Stavsund, Johannes, kjem heim etter å ha vore både i Amerika, Kanada og Argentina. (Ragnhild (10);149). Etter ei turbulent tid heime i bygda, bestemmer han seg for å reise ut igjen, denne gongen til Australia. (Siste leveåre (10);238)

4.8. Diskusjon

Ein gjennomgangstone i Duuns forfattarskap er at han tek parti for dei svake og underprivilegerte, blant dei barn som er utsette for omsorgssvikt. Eksempel på dette er Helge Breistrand i «Marjane», Danel i «På tvert», Sigyn i «Nøkksjølia», Ragnhild i «Medmenneske», Borghild og Bror i «Menneske og maktene» og Odin i «I eventyre».

Duun teiknar og eit samfunn med klar klassestruktur, der embetstanden står øvst og husmenn eller plassfolk står nedst blant dei som blir «rekna med» i samfunnet. Bøndene har ein solid plass i samfunnet, og dei har også hovudrolla i mange av romanane. Læraren, klokkaren og arbeidaren har også ein viss posisjon, mens husmenn eller «plassfolk» ofte blir sett ned på og sjeldan omtala på ein positiv måte. Men det finst unntak, som den varme skildringa av Gurianna og Bendek i Kjelvika («I eventyre»).

Det er ein godt dokumentert samanheng mellom sosioøkonomi og helse [3]. Sjølv om grunnlaget er for spinkelt til å vise dette i Duuns persongalleri, er det likevel grunn til å tru at dette også var tilfelle på Duuns tid. Det var og truleg husmenn/plassfolk og «utgruppene» i samfunnet som var mest sårbare.

Utgroppene i samfunnet

Det er to grupper som står aller nedst i det sosiale hierarkiet: Samane/finnane og taterane/farkane. Dei er med i mange av historiene til Duun, men dei blir vanlegvis ikkje «rekna med» til bygda – dei er grupper som lever på utsida av samfunnet. Dei blir nesten utan unntak sett ned på og behandla nedverdigande og med forakt, dels også med frykt. Dessutan får desse gruppene, som også er fattige og ressurssvake, liten eller ingen positiv omtale, og vi merkar sjeldan at nokon har empati eller omsorg for dei [4]. Etter som det elles i Duuns litterære univers er mykje omtanke for dei svake, kan dette verke som eit paradoks. Eit relevant spørsmål er difor om dette er eit fenomen som er spesielt hos Duun, eller om han reflekterer haldningarsom kanskje var vanlege på hans tid.

I 1835-36 kom skotten Samuel Laing til Trøndelag og leigde seg ein gard i Verdal. Den dreiv han i eitt år. Etter at han kom tilbake til Skottland skreiv han ei bok om opphaldet i Noreg, deriblant om det året han var i Verdal. Han møtte også samar, og skildrar, på same måte som Duun, at samane hadde lågast status i samfunnet også i Verdal ... *sett på med ein slags vanvørnad, som eit dyr av eit lågare art...* Dessutan var det knytta mykje overtru til samane, særleg at dei kunne skade folk og dyr. (Sjå vedlegg 2)

Louise Rygh (1848-1928) skreiv om korleis det var da ho vaks opp i Verdal, blant anna korleis dei såg på samane. Ho stadfester mykje av det som Samuel Laing skildra eit par tiår før. Ho skriv også om samar i Verdal som kunne gjere seg om til ulv - den same historia som gjekk i bygda om Solvi og faren hennes, Halt-Andrias, og som var ei viktig årsak til at Anders jaga Solvi heimafrå («I blind»). (Sjå vedlegg 2)

Både skildringane av skotten Samuel Laing frå 1835-36 og av verdalskvinnna Louise Rygh frå 1850-60-åra tyder på at mange av Duuns skildringar av samar ikkje var spesielle for Namdalen eller for Duuns litterære univers. Truleg var dette vanlege haldningars i store delar av samfunnet.

Ei viss motvekt mot denne einsidige, negative skildringa av samane finn vi i boka om Laila, skrive av språkforskaren Jens Andreas Friis (1821-1896) og først utgitt i 1881 med tittelen «Fra Finnmarken. Skildringer» [5]. Denne historia er filma fleire gonger, sist i 1937, og ho var svært populær. Boka skildrar reinsamar i Finnmark på ein gjennomgåande sympatisk måte. Hovudpersonen og heltinna Laila veks opp på vidda blant samane, men ho er «norsk» og ikkje same, og ho giftar seg sjølvsagt med ein «norsk» mann til slutt. Likevel gir denne boka eit meir nyansert bilde av samane enn det Duun viser. Dessutan var det sjølvsagt langt mellom rike reinsamar på Finnmarksvidda og fattige samar i Ytter-Namdalens.

Fanga i si eiga tid

Duuns litterære figurar skildrar negrar, samar/finnar og taterar/farkar i tråd med tradisjonell rasisme og slik rasetenkinga og raseteoriane var på slutten av 1800-talet og dei første tiåra på 1900-talet [6]. På den måten ser Duun ut til å ha vore fange av si eiga tid. Han skildrar bygda og dei ulike gruppene der ut frå slik haldningane var i den tida historiene var lagt til. Det er få teikn til at dei litterære figurane hans braut med dei gjengse normene. Kanskje skulle vi heller ikkje forvente det. «*Vi ville være urettferdige om vi skulle forvente eller kreve at forfatteren stod høyt hevet over fordommene i sin egen samtid*», skriv Gujord [7].

Ein kunstnar som levde på Duuns tid og som braut med dei vanlege konvensjonane, var Edvard Munch (1863-1944). Det gjaldt ikkje samar eller taterar, men svarte afrikanarar. Dette var på ei tid da afrikanarar (og samar) vart utstilte som raritetar, som for eksempel på jubileumsutstillinga i Frognerparken i 1914. Det Munch i staden gjorde, var å måle ein svart afrikanar i vanlege vestlege klede («Afrikaner i grønt skjerf», 1916). Dette var eit signal frå Munch om at afrikanarar var menneske som oss andre. Framstillinga som Munch gjorde, var likevel uvanleg.

Bygdedyret

«Bygdedyret» er eit omgrep skapt av forfattaren Tor Jonsson (1916-1951) om negative sider av livet på den norske landsbygda. Bygdedyret er blitt kalla den rurale versjonen av Jantelova [8]. Hos Duun møter vi «bygdedyret» fleire stader, fleire tiår før omgrepet vart definert. «Bygdedyret» hos Duun har ofte stor makt og kan vere farleg, kanskje livsfarleg. Tor Jonsson vaks opp i Lom i Gudbrandsdalen, så det viser at fenomenet ikkje berre fanst i kystbygdene, som hos Duun. Mykje av det som blir tillagt «bygdedyret», er utbreidd i heile samfunnet. Vondsinna mobbing, som er eit hovudtrekk hos «bygdedyret», er i følgje samfunnsforskaren Ottar Brox (f. 1932) eit minst like stort problem i små og store byar som i fjellbygder og fiskevær [8].

Brox meiner at mykje av den forakta for den svake, som er typisk for «bygdedyret», først og fremst er eit trekk ved klassesamfunnet og ikkje nødvendigvis eit trekk ved grisgrendte bygder. Dei som var øvst i samfunnet, for eksempel bøndene, var avhengige av at det fanst fattige og svake, folk som stod klare til å gjere dagarbeid for därleg betaling. Den forakta for underklassa som vi finn i slike samfunn, heng difor saman med klasseskiljet.

Kanskje den verste effekten av undertrykkjande klasseskilje er aggressjonen mellom dei svakaste og dei som berre er nesten like undertrykt. Det var der bygdedyret manifesterte seg på det verste. Det kan vere verd å tenke over at vi i det norske samfunnet i dag ser ut til vere i ferd med å innføre nye klasseskilje, noko som gjer at «bygdedyret» lett kan stikke hovudet sitt opp på nytt. Motviljen mot innvandrarar i urbane grender kan vere eit forvarsel om dette [8].

5. Sjukdomsmønsteret i Duuns litteratur

Med ein bakgrunn i samfunnsmedisin og epidemiologi, er det naturleg for meg å prøve å få oversikt over den populasjonen eg skal studere. I denne samanhengen dreier det seg om det litterære universet som Duun har skapt. Eg ville difor prøve å få oversikt over kor mange helseproblem og kva slags helseproblem han faktisk omtalar.


Som hjelpemiddel har eg brukt det internasjonale diagnoseklassifikasjonssystemet ICPC-2, som er utvikla til bruk i allmennmedisin [1]. ICPC-2 omfattar både symptomdiagnosar og organdiagnosar. Symptomdiagnosane skal brukast når legen ikkje har nok opplysningar til å stille ein sikker organdiagnose, slik det ofte er i allmennmedisinen. Difor passar symptomdiagnosar på mange av Duuns personar – dei får ein tentativ («forsøksvis», «foreløpig») diagnose. Samla kan difor bruken av ICPC-2 gi ei oversikt over det sjukdomsmønsteret som Duun skildrar i det litterære universet sitt.

5.1. Oversikt over diagnosar etter ICPC-2

Ved gjennomgang av dei 25 romanane og dei tre novellesamlingane i Minneutgåva frå 1949 markerte eg dei stadene i teksten der det var eit relevant helseproblem. Ut frå den informasjonen som teksten ga, prøvde eg å sette den mest sannsynlege diagnosen. Nokre gonger ga dette seg sjølv, for eksempel der Duun fortel kva for ein sjukdom det er. Også om mange andre personar er det fyldige opplysningar, slik at diagnosen er rimeleg sikker. Om andre kan det vere sparsamt med informasjon, og der brukte eg ofte symptomdiagnosane. Ein person som vart omtalt med same

sjukdomen fleire stader, fekk berre ein diagnose, mens personar som hadde fleire ulike helseproblem, kunne få fleire diagnosar.

Etter denne gjennomgangen hadde eg markert til saman 503 diagnostilfelle ved hjelp av ICPC-2. Figur 5.1 viser ei oversikt der diagnosane er gruppert. Dette stadfester at døden var nær hos Duuns personar – han skildrar i alt 128 dødsfall. Ved gruppering av dei andre diagnosane var det flest under kategorien «Psykisk», med til saman 83 diagnosar. Det var til saman 68 diagnosar under «Luftvegar», dersom vi tek med 34 diagnostilfelle med tuberkulose (tuberkulose hos Duun er med få unntak lungetuberkulose). Det vart registrert 52 diagnosar under «Sosiale problem» og 42 under «Svangerskap/fødsel/familieplanlegging». Dei fleste andre diagnosegruppene var også representerte, men med færre tilfelle (Figur 5.1).



Figur 5.1. Ved gjennomgang av Duuns 25 romanar og tre novellesamlingar registrerte eg 503 diagnosar. Figuren viser rangering av diagnosegruppene ved bruk av ICPC-2.

Dei vanlegaste diagnosane

Bortsett frå dødsfall, er «tuberkulose/tæring» den diagnosen som er mest vanleg hos Duun, med i alt 34 tilfelle. Deretter kjem 24 tilfelle med «uønska graviditet» og 22 «sjølvmort/sjølvmortsforsøk». Eg registrerte også ei rekke «sosiale problem med barn», «fattigdom», «lungebetennelse» og «kronisk alkoholmisbruk». Andre diagnosar var sjeldnare (Tabell 5.1). Det vart registrert til saman 29 tilfelle av skadar (summen av N80, A06, L17, A81 og S18).

ICPC-2 kode	Diagnose	Antal
A96	Død/dødsfall IKA	128
A70	Tuberkulose/tæring	34
W24	Uønska graviditet	24
P77	Sjølvmort/sjølvmortsforsøk	22
Z16	Problem – barn	16
Z01	Fattigdom	12
R81	Lungebetennelse	10
P15	Kronisk alkoholmisbruk	10
Z03	Problem – nabolag	9
P76	Depressiv liding	8
P99	Psykisk liding IKA	8
Z12	Problem – samlivspartnar	7
N80	Hovudskade	7
A06	Besvimelse/synkope	6
L17	Skada fot	6
A27	Redd for sjukdom	5
A81	Multiple skader/traumer	5
P74	Angstliding	5
P78	Nevrasteni	5
P85	Psykisk utviklingshemming	5
S18	Opent sår	5
R83	Luftvegsinfeksjon	5
Sum		342

Tabell 5.1. Oversikt over diagnosegruppene i Duuns litteratur med fem diagnosar eller meir etter ICPC-2.

Denne oversikta viser at Duun skildrar, ikkje berre *mange* helseproblem, men også *eit breidt spekter* av sjukdommar og helseplager i litteraturen sin. Han skildrar mange dødsfall og særleg mange psykiske plager og sjukdommar knytta til luftvegar, sosiale problem og svangerskap/fødsel/familieplanlegging.

5.2. Sjukdomsmønsteret i Ytter-Namdalens på Duuns tid

Eit relevant spørsmål er om sjukdomsmønsteret hos Duun er i samsvar med mønsteret slik det faktisk var på den tida han la handlingane til.

For å finne korleis sjukdomsmønsteret faktisk var i Ytter-Namdalens på Duuns tid, har vi to kjelder: Dødsårsaksregisteret [2] og Medisinalmeldingane [3] som distriktslegane sende inn til amtmannen. Eg noterte dei vanlegaste registrerte årsakene til 4001 dødsfall i utvalte år i perioden 1880-1916. Når vi grupperer diagnostiserte, ser vi at det er tuberkulose som var den vanlegaste dødsårsaka, med i alt 1109 dødsfall (27,7%) (tabell 5.2.). Deretter kom alderdomssvakheit, kreft og lungebetennelse. Hjartesjukdom kom først på femteplass med 7,4%. Når det i Duuns litteratur er tuberkulosen som dominerer, stemmer det godt med desse dataa. Elles er det grunn til å merke seg at det enno var «lov» å døy av alderdomssvakheit.

Dødsårsaker 1880-1916	Antal	Prosent
Tuberkulose	1109	27,7
Alderdomssvakheit	903	22,6
Kreft	479	12,0
Lungebetennelse	386	9,6
Hjartesjukdom	295	7,4
Annan luftvegssjukdom	289	7,2
Hjerneslag	213	5,3
Difteri	124	3,1
Medfødt svakheit	54	1,3
Peritonitt	45	1,1
Brights nyresjukdom	31	0,8
Akutt poliomielitt	28	0,7
Skarlagensfeber	26	0,6
Strupehoste	19	0,5
Sum	4001	100,0

Tabell 5.2. Dei vanlegaste registrerte dødsårsakene i Ytter-Namdalen i perioden 1880-1916, gruppert og rangert.

5.3. Diskusjon

Formålet med å stille diagnosar på Duuns litterære personar var å få ei oversikt over omtrent *kor mange* og *kva slags* sjukdommar og andre helseproblem han skildrar i samfunnet han skriv om. Gjennomgangen viser at sjukdom, ulykker og død er vanlege tema i Duuns litteratur - i alle romanane kan vi lese om ulike helseproblem, og det er eit breidt spekter av diagnosar. Ikkje minst ser vi at det er mange dødsfall. Men er det riktig, og i det heile tatt mogleg, å stille diagnosar på denne måten?

Diagnostikk per distanse

For å kunne stille ein diagnose i moderne medisin er det fleire krav: Sjukehistorie, klinisk undersøking og ofte supplerande laboratorieprøver, røntgen eller andre diagnostiske metodar. Generelt skal legar vere svært forsiktige med å stille diagnosar utan å ha møtt pasienten personleg.

Kva så med å stille diagnosar ut frå opplysningar i ein litterær tekst, slik som i dette tilfellet? Her har eg ikkje hatt høve til å møte nokon av pasientane, ofte er dei medisinske opplysningane ufullstendige, og i tillegg skal pasientane ha levd for hundre, kanskje to hundre år sidan, mens teksten er skriven for om lag hundre år sidan. Det er likevel fleire grunnar til at eg synest det både er interessant og forsvarleg å prøve å sette diagnosar på dei medisinske tilfella vi møter i Duuns litteratur:

- I mange tilfelle oppgir Duun sjølv diagnosane, for eksempel tæring, lungebetennelse eller difteri. Hans litterære personar gjekk neppe gjennom mange diagnostiske testar, slik vi er vande med i dag, men når han bruker sjukdomsbegrep på den måten han gjer, går eg ut frå at han skildrar personane *som om* dei skulle ha den sjukdommen han skriv om, og for mitt formål er det godt nok.
- I andre tilfelle skildrar han mange symptom og sjukdomsteikn slik at det er mogleg å peile inn diagnosen, sjølv om det er ulik grad av usikkerheit.
- Diagnosesystemet ICPC-2 omfattar både symptomdiagnosar og organdiagnosar. Symptomdiagnosane skal brukast når legen ikkje har nok opplysningar til å stille ein sikker organdiagnose, slik det ofte er i allmennmedisin. På same måte passar ofte symptomdiagnosar på mange av Duuns personar – dei får ein tentativ («forsøksvis», «foreløpig») diagnose.
- Dei diagnosane eg har stilt hos Duuns personar gir ei oversikt over sjukdomsmønsteret i det litterære universet hans. I motsetning til diagnostisering i klinisk praksis på legekontoret, får diagnosane hos Duun sine litterære personar ingen konsekvensar for pasientane, verken når det gjeld behandling eller på andre måtar – dei «levde» i eit litterært univers for hundre, kanskje to hundre år sidan.

Det kan også reisast spørsmål ved om det er riktig å bruke eit moderne klassifikasjonssystem som ICPC-2 på sjukehistorier frå ei anna tid, der dei kunne ha heilt andre oppfatningar og tolkingar av symptom og sjukdomsforløp. Statistikken i Medisinalmeldingane er også basert på eit anna grunnlag enn vi er vande med i moderne medisinsk statistikk; legane hadde få diagnostiske hjelpemiddel og klassifiserte ofte sjukdommar annleis enn vi gjer i dag.

Trass i desse innvendingane synest eg at diagnosesetting ved hjelp av ICPC-2 gir mening. Det gir ei grov oversikt over det medisinske terrenget som Duun skildrar i litteraturen sin.

Sjukdomsmonsteret hos Duun

Oversikta viser at Duun har skildra mange ulike sjukdommar – diagnoselista er lang – og vi kan lese om både somatiske og mentale lidingar og om sosiale problem. Som ei foreløpig oppsummering:

- Døden er nær hos Duun.
- Tuberkulosen er den enkeltsjukdommen som går igjen oftast, men vi kan også lese om mange andre infeksjonssjukdomar.
- Uønska graviditet er eit vanleg problem.
- Det er mange tilfelle med psykiske plager av ulik grad, deriblant depresjon, sjølvmord, sjølvmordsforsøk og kronisk alkoholmisbruk.
- Det er mange sosiale problem, deriblant problem i forhold til barn og problem med fattigdom.
- Duun skildrar mange andre sjukdomar, men det er relativt få tilfelle av kreft og av hjarte- og karsjukdomar.

Sjukdomsmønsteret i Ytter-Namdalens

Dei kjeldene vi har om kva slags sjukdommar som faktisk fanst i Ytter-Namdalens på Duuns tid, er nokså upresise. Diagnoseprosedyrane kunne nok variere både frå lege til lege og frå tid til tid - dette var lenge før diagnoseklassifikasjonen vart standardisert, og ein kan få inntrykk av at det kanskje var litt tilfeldig kva for kategoriar som distriktslegen brukte. Dersom ein grupperer diagnosane og ser heile perioden under eitt, får vi likevel truleg hovudtrekka i sjukdomsmønsteret på denne tida. Tabell 5.2. viser at tuberkulosen var den vanlegaste dødsårsaka, og lungetuberkulosen var vanleg. Kreft vart oppgitt som vanleg dødsårsak, sjølv om det er grunn til å tru at kreftdiagnosane på den tida måtte vere temmeleg usikre. Lungebetennelse var og vanleg, mens hjarte- og karsjukdommar var relativt sjeldan samanlikna med situasjonen etter andre verdskrig.

Den statistikken vi har tilgang på omtrent frå Duuns tid, gir grunnlag for å tru at både forfattaren og hans samtidige i Ytter-Namdalens måtte få eit nært forhold til mange sjukdommar og til døden, som ofte råka både barn, vaksne og eldre.

I dei neste kapitla vil eg vise korleis Duun har skildra dei ulike helseplagene.

6. Tuberkulose

Tuberkulose er den sjukdommen som går igjen i dei fleste av Duuns romanar, og det er kanskje ikkje så rart at tuberkulose vart eit sentralt tema hos ein forfattar som var fødd på slutten av 1800-talet: Rundt førre hundreårsskiftet tok tuberkulosen livet av 6 – 7000 nordmenn kvart år, og i løpet av dei seksti åra frå 1895 til 1955 kosta sjukdommen livet til omrent 250 000 nordmenn [1]. Det var mest unge menneske mellom 15 og 35 år som fekk tuberkulose, og med sjukdommen følgde mangeårige lidingar, kanskje sanatorieopphold langt frå heimen, isolasjon, frykt og – ikkje minst – skam.

6.1. Tuberkulosen – ei svepe til alle tider

Tuberkulosen har hatt mange namn opp gjennom tidene: den kvite pesten, lungesott, den store manndreporen, phthisis, scrofulose, consumption, eller tæring, som kanskje er det aller vanlegaste namnet. Tæring betyr underernæring, og avmagring er eit vanleg symptom. Denne sjukdommen har følgt menneska til alle tider, og det er funne spor av tuberkulose i skjelett frå Egypt frå ca. 3000 f.Kr. Om lag tre tusen år seinare skildra legen Aretaios frå Kappadokia (ca år 200 e.Kr) den tæringssjuke i detalj:

... Den tæringssykes lunger mangler spennkraft og elastisitet. Om kvelden føler den syke seg kald, om morgen het, og svetten som presser seg frem, er mer ubehagelig enn heten. Oppspyttet er mangeartet, halsen er lett bøyet, slank, noe ubevegelig og spent. Fingrene er tynne, leddene noe fortykket og knoklene trer sterkt frem fordi bløtdelene er taret vekk. Neglene på fingre og tær er krummet, underlivet rynket og flatt. Nesen er spiss, tynn mens kinnbenene er fremstående med hektiskrøde kinn, dyptliggende øyne med glinsende blek eller blygrå hudfarve. De slappe kinnene legger seg om tennene liksom en leende og gir ansiktet et utseende som et lik. Kroppen er mager og arvpillet, ribbene kan en ikke bare telle, men en ser også tydelig heftingen til brystbenet. Leddene trer tydelig frem både på knær, hofster og armer mens skulderbladene rager fram som fuglevinger. ... [2]

I følge forfattaren Dag Skogheim (1928-2015) er denne skildringa truverdig: *Jeg har sett døende tæringssyke og kjenner hvert eneste trekk i Aretaios' detaljerte beskrivelse*, skriv Skogheim, som sjølv hadde tuberkulose i mange år og fekk rikeleg erfaring i omgang med andre som hadde tuberkulose [2].

Det var en tragedie å få tæring. ... Tragedie på tragedie fulgte i kjølvannet. Det å få tæring var ensbetydende med å miste sin sosiale sammenheng. Plutselig ble en kastet inn i en verden hvor helt andre normer for adferd gjaldt. Autoriteter og reglement regjerte og administrerte nå ens liv. Ikke underlig at angst for å bli smittet grep om seg og skapte holdninger som gjorde at tuberkulose så ofte ble stigmatisert og isolert. Å bli isolert fra det miljøet hvor en hørte til, var nesten ikke til å bære og fikk selvsagt de alvorligste konsekvenser. Det kan forklare hvorfor noen, selv om symptomene på sykdommen helt klart var til stede, ikke gikk til lege. Angsten for å bli erklært syk, sendt til sanatorium eller – aller verst! – havne på pleiehjem ble altoverskyggende. Så prøvde de å flykte fra tæringen ved å late som om intet var i veien med dem til de var så avkreftet at de ikke maktet mer og døde ... hjemme. I mellomtiden hadde de smittet mange [3].

Fire av fem barn dør av tæring

Eit eksempel på kor hard tærингa kunne vere for nokre familiar, får vi i «Juvikfolke» (slekskart over Juvik-slekta: sjå vedlegg 5). På slutten av 1800-talet er det Åsel og Kristen (Folden) som styrer på Håberg, ein av stor-gardane i bygda. Kristen er også direktør i banken. Dei har fått fem barn: Valborg, Peder, Marjane, Elen og Marta. Peder er einaste sonen, men han har ikkje så lyst på sjøen og er i opposisjon til foreldra. Han er heller ikkje heilt frisk.

Elles og har dei hatt mykje å stri med. Valborg er død i tæring tidlegare, og den yngste, Marta, er dauvstum:

... Motgang hadde dei hart, det var så. Eine veikjungen deira var dauvstum, ei sorg og eit kors og halvvore som eit fingerpekk; og for eit par år sida døde eldste dotra i tæring, for det at mora nekta henne å ta den ho vilde, vart det sagt. ... (Storbrylloppet (6); 17)

... Kor var dei andre borna, tru? Først var det Marta ho måtte sjå etter, ho som var dauvstum, for ho var sjølrådig så det var ei nau, og den ein minst vilde vere av med like vel. Gudskjelov, ho var inni kammerse hoss'n morfar, i lag med Marjane, littleveikja. Dei kraup inn der gjernast, når det var mørkt. Elen hadde gått på loftet og lagt seg. Henne var det aldri farlig med. Når det berre hadde vori litt meir om henne, såla – kvifor åtte hos ikkje det som kunde kallast mot på live? ... (Storbrylloppet (6); 20)

Etter kvart får vi oppleve at Marjane dør av tæring i 17-18-års-alderen, Peder dør like etter at han har gifta seg, og Elen, som blir mor til Odin, dør seinare, kanskje i 50-årsalderen, så fire av dei fem barna til Åsel dør av tæring. Korleis det går med Marta hører vi ingen ting om. Åsel overlever dei alle, men også ho dør til slutt av same sjukdommen. Rundt førre hundreårskiftet og tidleg på 1900-talet var det ikkje noko særsyn at tuberkulosen kunne ramme ein familie på denne måten.

Vidare i dette kapittelet vil eg vise korleis Duun skildrar ulike stadier av tuberkulose, frå dei svake og tidlege teikna til seige dødsprosessar.

6.2. Tidlege teikn på tuberkulose

Mange kan gå med symptom på lungetuberkulose i lang tid, kanskje fleire år, før sjukdommen blir oppdaga. Vanlege symptom i tidleg fase kan vere hoste, blodig oppspyt, avmagring, raude kinn og nattesveitte. Hos Duun får vi høre om alle desse symptomata.

Hoste – eit vanleg symptom

«Det gode samvitet» er ein stort anlagt slektsroman der vi følgjer dei to familiene på Bjørland og Lines i tre generasjonar. Sentrale tema er økonomisk utruskap, religiøsitet, kjærleik i og utanfor ekteskapet og sjalusi, men også lungetuberkulose er eit sentralt tema. På Bjørland, sør for fjorden, bur faren Per Håbjørn og kona Ane-Marta i lag med dottera Nora og sonen Anders. Alt i innleiinga blir Ane-Marta omtalt med at ho stadig hostar. (Det gode samvite (4);132). Vi får og høre at hosten varar ved utover i historia, og til slutt dør ho av lungetuberkulose (vedlegg 4).

I «I eventyre» får vi høre at Eilert, far til Iver som bur på kåret, hostar og er tung for bringa. (I eventyre (6);159) Det er Elen, mor til Odin, som steller han. Fleire år seinare dør også Elen av tuberkulose, så det kan godt tenkjast at det er Eilert som har smitta henne. Hoste er eit symptom hos fleire andre av Duuns personar.

Avmagring

Ved tæring er det også vanleg at pasientane blir avmagra og tynne. I «Ettermæle» er Turid, søster til Brynjar, sjuk, typisk for lungetuberkulose:

... Slik såg ho ut. Betre stod det ikkje til. Ein måtte tru ho hadde opplevd både kista og grava. ... Ho står og heldt handa hans, med dei tynne, tynne fingrane sine, ho eig ikkje tanke om kor søsterlaus han kjenner seg. ... (Ettermæle (11);12)

Feber, raudleitt og sveitt

I «Samtid» er Birger, 23 år gammal, veikhelsa:

... Verst der er ikkje større helse i stakaren heller,- Bryste mitt er ikkje noko å slå i veggen med, tilstod han ein gong. ... (Samtid (12);14)

... Det gjekk ei streng krimsjuke eller kva det var. Da hørte han at Birger òg var sjuk, han hadde alt vore liggande fleire dagar. Det var verre, for Birger var veikbrysta av seg, og all slag fark som fór der, saug seg på han med ein særskild vondskap. ... Feberen sat i han enda, men det var betre oppe enn i senga. ... Dokteren hadde nyst vore der. Birger låg hardt sjuk. ... Han var gloheit å sjå til, svært ulik seg, men han smilte da Agnar kom inn. Det var bra lenge sia han gjorde det. ... Han er meir sjuk enn han sjølv veit. Kan hende han veit det òg. ... Der ligg han brennande rødlett og sveitt, den lyse luggen hans er stryken ned, flatt til hovude, som av ei frammand hand. Auga hans flyttar seg ein og annan gongen. Så rettar han seg og må ha luft, og da smiler han raringen; det blenker blått i auga hans, enda så truverdig gråe dei er. Litt etter er blikke uutgrunnelig som før. ... (Samtid (12);101)

Blodig oppspytt

Eit anna vanleg symptom er at den sjuke får blodig oppspytt, dei «hostar blod». I novella «Lauris» er redselen for smitte eit tema: Rebekka, kona til Lauris, er sjuk og spyttar blod. Dette skaper smittefrykt, slik at nokre meiner at dei ikkje bør få lov til å sende mjølka til meieriet. Bygda er også redd for ungane (Or løglege skruvar og anna folk (1);126).

I «Samtid» går Albert og spyttar blod, men bryr seg ikkje om slikt:

... Albert ja, med kvart spyttar han blod, men han er vaksenkar og bryd seg ikkje om slikt. Nei da, han er ikkje meint å døy ungkar og utan avkom, - eg skal vel ikkje døy gjelk? seier han, og da tar han seg over skjegget og smiler. ... (Samtid (12);51)

6.3. Korleis tuberkulosen kunne arte seg

Duun skildrar fleire sjukdomsforløp ganske detaljert og illustrerer at tæring kunne arte seg på mange ulike måtar, både fysisk, psykisk og sosialt. For tæring på den tida Duun skriv om, var ikkje ein sjukdom som berre affiserte den sjuke og det sjuke organet – oftast lungene. Sjukdommen kunne føre med seg sterke psykiske reaksjonar, ofte angst og depresjon, og det var ikkje berre den sjuke som fekk reaksjonar, det hende også ofte hos dei nærmaste. Hos Duun er det berre i nokre få tilfelle at den sjuke kan komme på ein tuberkuloseinstitusjon. Det vanlege er at familien må ta seg av den sjuke på alle måtar, og sjukdommen kan vare lenge, gjerne månader og år, før døden til slutt kjem. Da var nok familien ganske utsliitt, både fysisk og mentalt. Ikkje minst fordi sjukdommen oftast angrep unge menneske som var i starten på livet, fekk sjukdommen også ofte store sosiale konsekvensar for resten av familien, arbeidslivet og samfunnet elles.

Astri «ofrar» seg for ein tæringssjuk

Astri Håberg i «Juvikfolke» er eit eksempel på at nokon også kunne «ofre» seg for tæringssjuke. Astri går på jordbrukskole, og der møter ho Arne Finne, som truleg har tæring alt på dette tidspunktet. (I ungdommen (7);15) Odin og Astri hadde eit godtauge til kvarandre, men i jula kjem også Arne Finne på festen:

... Arne Finne, tenkte Odin; han såg litt meir på han. Ålvorlig bleik var han, og ikkje stort vakker heller; og auga i han dei var hjartans tungsinte. No såg han hitover att, gjekk så og sette seg. (I ungdommen (7);17)

Seinare får Astri høre at Arne Finne er alvorlig sjuk, og vi får inntrykk av at ho først og fremst synest synd på han. Sjølv om han er dødssjuk, bestemmer ho seg for å gifte seg med han:

... Æ fekk brev ifrå `n Arne i dag. Nei, i går va det. Han sei farvel med mæ. Han ska døy no. ...

... Men er det ikkje rart, seier ho, at han skulde bli liggande no nett med det same -? Som eit tegn, synes du ikkje det? Dokteren seier han skjønnar det ikkje, det har komme så fort. (I ungdommen (7);54)

Etter at dei er gift, skal dei bu i ei lita stue nedmed sjøen:

... Arne måtte kjørast dit, og enda berast inn.

... Og der på sengegavlens eller på stolen attmed senga vart ho verande for det meste, dei tre vekene han levde. Ho hadde ein liten benk å ligge i; men om natta torde han lite eller ikkje sleppe handa hennar, han var redd som barne og kvakk opp først ho reiste på seg, og om dagen gav han henne heller ikkje stor freden. ...

... Som snarast, eit døgn eller to, såg det ut som sjukdommen hadde slakna. Hosten linna litt i, og sømnen vart jamnare; ein dagensov dei fleire timar båe to. (I ungdommen (7); 58-59)

Men Arne dør etter berre tre vekers tid:

... Astri skreiv heim da Arne var død. Brevet var til mora denne gongen. – Han døde i natt, skreiv ho. Det var utpå morgoparten for resten, og lytt ute, eg hørte fuglen song. Han døde så vakkert, det var inga sak, verken for han eller meg. Det er så langt ansles å døy enn eg trudde før. ... (I ungdommen (7);60-61)

Når Astri kjem heim etter å ha vore sørover med kista til Arne, er ho innom Segelsund hos Mina (Mina var gift med Arthur, morbror til Astri). Mina var «frelst» og er slett ikkje fornøgd med korleis Astri har oppført seg – ho er redd for både smittefaren og skamma. Her snakkar ho med bestemor Åsel:

... Og dessutan så veit de ikkje korleis det her går enno, på det eine eller det andre vise, ho kan vera både smitta og sjuk alt, og kva sette ho av ut for? Og slik ei skam! (I ungdommen (7);72)

6.4. Skam - tabuisering

Eit viktig trekk ved tuberkulose har vore at sjukdommen vart sett på som ein lågstatus-sjukdom, ofte knyttta til skam. Dermed har det også vore vanleg å fornekte sjukdommen på ulike måtar, omskrive omgrep og bruke andre namn enn tuberkulose eller tæring. «*Alltid lå det et tabu over denne sykdommen som i menneskenes historie har krevd fleste dødsfall*», skriv Dag Skogheim, som sjølv hadde opplevd dette, blant anna da storesøstra hans døde:

... Rundt tæringen lå alltid stillheten. Der den var gjest, hørtes ikke latteren, alle gikk stille og talte sakte. Der tæringen slo til, var det aldri skrik, jammertog av flagellarer og tordnende vekkelsesmøter for panikkslårte mennesker. Tæringen var en lang, stille prosess mot en sikker død – lumsk og uberegnelig. Av og til syntes det som om den slapp taket. Det kunne komme en periode med tilsynelatende bedring. Så, helt uventet, tentes en rasende feber med blødninger som rev den syke raskere mot livets definitive slutt. ... [4].

Marjane – eit eksempel på tabuisering

Alt i Duuns første roman, «Marjane» (1908), er tuberkulose eit sentralt tema, særleg kor vanskeleg det er å snakke åpent om sjukdommen. I romanen får vi høre om Helge frå Breistranda, som er glad i Marjane heilt frå dei er små, før konfirmasjonsalderen. Vi får inntrykk av at ho også er glad i han, men slik tradisjonen er, er det vanskeleg å vise dette. Og Marjane held Helge på avstand, samtidig som Helge opplever at Andreas er ein rival. Slik går Helge og har det vondt i heile ungdomstida til dei blir vaksne. Helge gjer det bra på sjøen og er borte i lengre

periodar, men når han kjem heim, ser han Marjane i kyrkja. Da har ho vorte bleik og alvorleg av seg:

... Han såg ho med kyrkja ein dagen. Ho var uvanlig bleik, og det var, tykte han, noko yver ho som han ikkje hadde sett fyrr. Noko som ein saknad. ... (Marjane (1);65)

... Der stod ho Marjane og såg på han att. Ålvorlegt; grundande. ... (Marjane (1);66)

... Høg - og grann - var ho. Bleikare enn andre. Ålvorleg og still. Slik var det ho var. ... (Marjane (1);70)

... Men sumtid var hennar augo so tunge. Det kom sorg yver andletet. Ein gong såg ho på han, det kom ein liten smil um munnen, og ho nikka åt han. Elles, det var visst gjerne ikkje slik, at ho såg på han, augo kvilde berre rett fram. Dei var tunge av tankar, visst. ... (Marjane (1);75)

Marjane kjem og vil vere i lage med han på ein fest, men innimellom er ho tungsint. (Marjane (1);77) Ho er fleire gonger på nippet til å fortelje Helge kva som feiler seg, men gjer det ikkje, og han forstår ikkje at ho er alvorleg sjuk. Vi får nokre indirekte hint om kva som feiler henne, men det blir aldri sagt rett ut.

... Men kunde dei ikkje møtast ein kveld snart? – de' e noko du ikkj' veit ... sa ho. ... (Marjane (1);77)

... Han kjende ho ikkje, visste ikkje kven ho var. Ingen i verda visste kven ho var. Kvifor kom ho etter han, - kva vilde ho, - kva var det som dreiv ho? ... (Marjane (1);79)

... Men det vart – synd i han, det.

Synd i han?

Ja. Ho riste på horudet. – Det vart synd i han. Han visste då vel – korles ho var

... Då vart han vis med at ho gjekk og gret. Tårerne rann stilt og kringt nedover kinnnet.

... Kva var det, det der som låg so tungt yver ho og som drog ho langt bort ifrå han? Kunde vel ikkje spyrja um det. Det fekk vera kva det vilde. ... (Marjane (1);81)

Han reiser på fiske igjen og blir borte lenge, men tenkjer på den siste kvelden han møtte henne:

... Han vart sitjande og tenkja på den siste kvelden han møtte ho. ... heile tida tala ho berre um at det vart synd i han, at ho ikkje var som dei andre og ikkje dugde til nokon ting. – Held du ikkje av meg? spurde han. – Visste ikkje. Det hadde vorte berre vondt for han, det òg, sa ho og fekk gråten i halsen. Og han torde ikkje spyrja meir. No sat ho og trykte handa hans. Men det var so tungt å få tankarne burt ifrå den kvelden.

Då bøygde ho seg burt til han og kviskra:

- *Ikveill ska' a vera di.*
- *Ikveill ...*
- *Ja. De' e' sist' kveill'n ikveill, veit du. Vil du ikkj' de' da? spurde ho lågt og sårt. Berre i kveld ... sukka det gjennom han. ...*
... slik hadde han aldri set ho fyrr; augo brann i ein uroleg, framand glans, og på kinnerne hadde ho two heite rosor. Under – var det visst gråten. (Marjane (1);83-84)
... Men ho vart meir og meir tunglynd, dess lenger det leid. Kvifor kunde ho ikkje segja han kva det var? So sa han at han skulde fara burt; på fiske. – Du gjer ikkje det ... sa ho. Ikkje i vinter. Då dei skildest, la ho handa yver panna hans og sukka. – Stakkars deg! Du veit ikkje - - veit ikkje ---. So sprang ho ifrå han. Gråten vann yver ho. ...
(Marjane (1);87-88)

... Den siste kvelden ... Ho hadde dei rauda rosorne; det var som to flekkjer av blod. Rett som dei gjekk, sette ho seg på ein stein; ho pusta tungt og klaga yver at ho var so veik i knea. Han spurde korles det var, - han visste då ingen sterkare enn ho. – Ja, sa ho tankefull. So reiste ho seg. Ho trudde ho var bra sterkt. Det kom berre yver ho, sumtid. Eller – ho visste ikkje. – Då dei skildest, bad ho so vakkert at han måtte ikkje taka det so tungt; ho kunde ikkje noko for det, at ho ---- . Det var dei orda, visst, som dreiv han

burt. Kva var det han ikkje skulde taka so tungt? Alltid det der som han ikkje kjende og ikkje fekk vita; alltid gleid ho burt ifrå han. Tenkte ho ikkje det grand på han då.

Men kanskje han hadde fare gale. Reist ifrå ho ... Han tenkte på dei raudne rosorne og dei forpinte andedraga. Hadde ikkje sansa stort på det den gongen. ... (Marjane (1);88)

Når Helge endeleg kjem heim frå sjøen, finn han at ho nyleg har døydd. Han kjem seg aldri over tapet av Marjane. Han reiser ut igjen, men er av og til heimom og vitjar grava hennar.

... Sidan såg dei han ikkje meir. Kom vel burt på sjøen, helst. ... (Marjane (1);100)

Marjane som lita jente

I fjerde boka i serien om Juvikfolke («I ungdommen») møter vi på nytt Marjane på Håberg, denne gongen som lita jente. Romanen blir innleia med at veslejenta Astri leikar seg med faster Marjane, som er nokre år eldre. Men Astri merkar det er noko gale med Marjane:

... for den dåmen (av heggblomster) var det same som tonen inni stua, og det same faster Marjane tenkte på når ho sto still og såg framfor seg; og det var noko ho var redd, for ho visste ikkje kva det var. Det var det òg at ingen av dei andre merka det. ... (I ungdommen (7);7)

Alt her tyder det på at det er ein litt dyster stemning i heimen, at Marjane sjølv veit at ho er sjuk, men at ingen snakkar om det. Astri trur ikkje dei andre merkar det. Astri «forstår» at Marjane skal døy ung, og at det er eit därleg teikn når ein er for tynn:

... Marjane var tynn som pirålen og bleik i hamleten ... (I ungdommen (7);7)

Ho leikar med dokka si:

*... -Ti still no, di klomse! sa ho. Trur du du får døy tidlig da? Du som er så rund og raud?
... Ho Marjane --- ho reisi ifrå oss ho. Så langt att!*

... Å ja men, når ein vart stor så. Men da var ikkje ho litt-faster her meir. Men det visste dei ikkje, nokon. ... (I ungdommen (7);9)

Astri kjenner på seg at det er noko i vegen med Marjane, men det blir ikkje snakka om at ho er sjuk, så Astri trur ikkje dei andre veit om det. Dette er ei god skildring av korleis eit barn kunne oppleve korleis tærtinga var eit tabu og dermed tagd i hel.

... Det gjekk ein fire-fem år, før det hendte som Astri visste om. Marjane vart sjuk og døde. Ho var millom 17 og 18 da, og Astri omkring 12. Det kom så dått på. Ho, som hadde vori så frisk av seg? sa folk. Men dokteren meinte ho hadde bore på det lenge, etter som det bar i veg så fort, og når Åsel tenkte seg om, så ranns det for henne at slik hadde det vore ja, ho hadde regjort i feigda, som dei sa for gammalt. Det var tærtingen, den same sjuka som tok far til Astri, og slik på lag hadde det vore med han òg: mote var større enn makta. Tærtingen var ein uransakelig ein, som hadde sett seg for i slekta. Han skulde vera arvelig, enda. Berre det ikkje var han som tok ho Marta òg. Eldste dotra si nemnte ho ikkje så nokon hørte det. ...
(I ungdommen (7);10)

... Marjane vart kvitare og kvitare i andlete, med brennrande roser i kinna, og anga dei vart meir og meir som glase å sjå til, som tomme skinande glase. ... (I ungdommen (7);10)

Marjane døydde ein gong tidleg på 1900-talet. Bakterien som er årsak til tuberkulose var for lengst oppdaga, men enno høyrer vi at dei trur at sjukdommen er arveleg. Med den sjukehistoria dei har på Håberg, er det ikkje rart at dei tenkjer slik.

Berre nerveslit, vart det sagt...

Også i «Hilderøya» får vi eit eksempel på at dei ikkje likte å snakke om tuberkulose.

Alt tyder på at Hanna har fått tærting og er innlagt til kur «på fjelle», truleg ein helseheim eller eit sanatorium, men «det var berre nerveslit, vart det sagt». (Hilderøya (2); 266)

I «Ettermæle» opplever vi at Turid først ikkje vil innsjå kor sjuk ho er. Brynjar, broren hennes, prøver å overtale henne til å vente med å gifte seg fordi ho er for sjuk, men Turid prøver å fortrenge sjukdommen:

- Du lyt vente, Turid, sa han.

Angsten jaga harmen opp i henne. – Du trur ikkje eg er frisk nok til å gifte meg, du heller? Men eg er frisk, eg gir ein god dag i kva de seier alle sammen! ... (Ettermæle (11);17)

... kalla det plevritt og tok det kvardagslig...

Også i «Gud smiler» møter vi tæringer – og her er det dokteren som prøver å bagatellisere:

... Rebekka var avskaplig lang og mager, og freknut i andlete. Folk spådde ho skulde døy av tæring, for det hadde mor hennes gjort, og gjenta hadde same voksteren og same andlete. ...
(Gud smiler (11);118)

... Han vart sjølv skremt av døden den tida. Han motte han personlig, gjorde han. Han vaknar ei natta med ein farlig styng for bringa. Ikkje får han puste, og ikkje får han snu seg. Han blir jaga inn i kalde dødsangsten. ... Sia kom dokteren, han kalla det pleuritt og tok det kvardagslig; det var berre å lide pina og sengeligga det, og arbeidstape og slikt. Han sa til Rebekka etter han kom opp att: - Eg blir aldri meg sjøl meir. Eg har set for mykje av døden til det. ... (Gud smiler (11);140)

Sosial utstøyting

Både redselen for smitte og skam-stempelet var truleg grunnar til at dei som hadde tuberkulose kunne bli utstøytt sosialt. Alt i «Sigyn» får vi høre at Sigyn hadde hatt motvilje mot folk med symptom frå brystet. Thekla Olsen kjem til bygda som lærarinne, og ho hadde Sigyn gått i lag med på lærarskolen. Ho er ikkje frisk (Sigyn (2); 97), men ettersom det er ei som Sigyn kjenner godt, blir det annleis:

... Det skulde vera eitkvart i bryste Thekla drogs med. Sigyn hadde støtt hørt imot folk som gjekk med bringsverk, anten det så var på den eine eller den andre måten. Dette her var ansles. ... (Sigyn (2); 98-99).

Men vi hører at mange av Duuns personar var redde for smitte.

6.5. Tæringsdøden - langvarig og slitsam

Fleire av Duuns personar som har tæring, dør til slutt, og Duun skildrar fleire sider ved desse vanskelege sjukdomsforløpa, til dels ganske detaljert. Her siterer eg eit av sjukdomsforløpa som ein illustrasjon til korleis det kunne opplevast. Andre som dør av tæring har sine historier og sine opplevelingar. Dei er omtalte i vedlegg 4.

Odelsguten dør

I «Storbrylloppet» hører vi om Peder, som er odelsgut på Håberg (sjå vedlegg 3). Han gifter seg med Andrea, dottera til dyrlegen, men under bryllaupet blir han sjuk. Denne historia om Peder er ei skildring av korleis sluttfasen av tæring kan vere. Peder har feber, sveittar og er tørst, og i periodar nektar han å innsjå at han er alvorleg sjuk, men han hostar blod, han blir uroleg, deprimert og krevjande for dei som er rundt han. Etter kvart blir han svakare. Her går det fram kor vanskeleg ein slik sjukdom kan vere også for dei som er omkring pasienten. Denne sjukdomsfasen kan gå over mange veker, så det er slitsamt for både den sjuke og dei som står han nær:

... Andrea var på løfte hoss Peder, for han var sjuk og i senga; det fauk så på han det han drakk i sta. Arnesen kom just opp, og da gjekk ho ned etter vatn. Ho kom ikkje att straks, og så var Arnesen ned etter vatnet. Peder drakk i villska. ...

... Andrea sat på senggavlen attmed Peder, da ho fortalte korles det stod til. Han hadde lagt handa hennar på panna si, for han hadde så ilt i hovude, og der måtte ho ligge ...
(Storbrylloppe (6);129-130).

... Var det ikkje så at han Peder hadde vorte sjuk? hadde fått den sjukdommen som søstra hans døde i? ...

... Det var lys på loftet hoss Peder enda, da Ola kom til Håberg. Da sat vel Andrea opp og vaka over han; det hadde vorte hennar arbeid sia ho flytta hit. For det var sant som folk fortalte, at Peder hadde vorte klein. Han fekk det med både frost og heite. Andrea hadde trua han til sengs, og der låg han. Han hosta blod. Om nettene var han så urolig, kunde mest ikkje vera i seng, og kom han opp vilde han svimre utor og måtte støast åt senga straks. – Eg sveittar som ein husmann, lo han – kva er det her for slag? Han såg undren og vantruuen på dem.

... Doktoren hadde vore der, men han var gammel og vilde ikkje seie stort. Peder skulde ligge, og ta nokre dropar. Men det var ingen smak på dem, og Peder spytta dem ut og nekta å ta dem meir. Det feila han aldri det slag, stod han på berre litt krim etter byturen og brylloppssjanen, og han fortalte han hadde spytta blod før, fleire tak, han skulde snart vera god kar att. – Du skal ikkje vera så bleik, Andrea; du trur da ikkje eg er slik ein krypsyl til kar?

... Men da det leid om nokre dagar, slakna han av. Han sa ikkje noko, snakka godtsom ikkje orde meir, han såg ut som han vissste kva veg det bar.

... Åsel såg det klart nok. Just slik var det ho fekk det, ho Valborg som døde; det var denne tæringen, og han var det inga råd for. Han sang blode fåfolk. ... (Storbrylloppe (6);132)

Morbror Ola er på Håberg og snakk med Andrea:

... Han spurte om han ikkje kunne få sjå opp til Peder. Det før ei flage med nød og angst over andlete hennar, og auga stana midt imot han: Det er knapt han vil sjå meg. Og ingen annan. Ola visste det elles. Ikkje mora eingong ville han sjå. Men åleine likte han heller ikkje å vera. ... (Storbrylluppe (6);133)

Dagen etter kjem Andrea ut til Ola utpå garden:

... «Reis etter bydokteren, Ola, kan du ikke gjøre det! Kan du ikke få folk i vei da, Ola!»

... «Du tror ikke det er noe hjelp i det, ser jeg?» ho hadde tårane i auga.

«Jau, det trur æ fullt og fast.»

Han var uti plassane og gjorde laus 3 mann, og skreiv ein brevlapp og skikka med dem.

Doktoren kom andre dagen, han gjekk over Peder gong for gong, og sa til slutt, at dette her var visst ikkje så farlig. «En sort lungebetændelse, som må ha sin tid,» sa han. Peder la seg attende med ein bleik liten hånflir. Men Andrea fór ned og fortalte det, først til Åsel og sia til Ola, ho fann han i snekkarstua:

«Det står til liv! Det står til liv, Ola! ...

... Ola stod lenge og såg seg rundt.

Han sa det med Åsel straks etter, ho kom over garen ifrå fjøse. – Ho skin som blanke dagen, sa han. – Ja, stakars henne, eg har set det – kan ikkje du snakke med henne? For meg skal du ingenting fortele om han Peder. Vi har mista han. Det såg eg på doktoren òg.

... Ja men her må vera berging enno? Ola var nåmen kring munnen som ein blåfrosen unge. Så vart han flageraud over andlete:

«Vårherre, kann du ikkj prøv å --» (Storbrylluppe (6);133-134)

...

... Peder kunne og sjå månen; han stod midt i vindauge og synter seg for han. – Kva er det han er ute og ser etter? sa han. Det er ikkje meg du vil noko. Det er dei andre du skal skine for; og lykka til for resten. Han snudde seg tvert og såg ned til fotenden av senga, der Andrea

hadde sett seg. – Kva er det du sitt der og siper for? For eg ser du gjer det. Det var skit eg vart klein, vil du seie? Og verst for deg ja, eg veit det. Men er det du som skal i jorda, eller eg?

Han kasta seg attende, og låg lenge og såg i take og bles tungt. – Ein vass-skrett! bad han. Andrea skyndte seg og slo vatn i glase og kom med. – Isj! skal eg ha lunka vatn da? Nei, nei, bli ikkje kvit i andlete for det, eg meinte ikkje noko med det. – Vent litt, eg skal vera snar! Ho var alt i døra og fór nedgjennom troppa. Da ho kom med nytt vatn, var han ikkje tørst lenger.

Ho stakk fingrane inni håre hans. Ho beit seg i leppa og syntes ho beit i eit kaldt stykke ved.

«Du må ikke skjenne på mig, Peder – jeg – jeg – »

Han låg still ei lang stund. – Åh! Her er så varmt, anka han med seg sjølv. Kjøtte kokar av beina på meg – finns her ikkje vind da?

Andrea var borttil glase og såg ut: Det er som eit lite drag no. Eg hører han aust i haugane, ein liten sus. – Jauvisst! Trøst skal du ha, Peder. Men i morgo står eg opp. Berre eg kjem meg i arbeide er eg god kar att, eg har prøvd det før. He? Trur du det ikkje kanskje? – Du må vera tålmodig ei lita tid enno, Peder, så kjem du vel opp. Eg trur for oss båe, eg. Han kvitna i leppene: Tålmodig? Korles trudde du eg var da? Du har vel aldri vore gift med ein bonde før? Men bed heller han morbror Ola komma opp litegrand. Så får du fred den stunda, trur du ikkje eg unner deg så pass? Han er ein luskålv, men. Så får du fred, som sagt.

«Nei, nei nei!» bad ho. Men ho reiste seg og gjekk ned.

Ola kom og sette seg attmed senga. Peder såg håndlig på han. – De driv på de, karar, sa han. Men du kan vel sitte her ei lita stund for det. Så riv eg da ikkje øyra av kjerringa mi den stunda. Han kasta seg i senga, strauk sveitten av panna:

«Å! Ho plaga ut ma!»

«Du må da vel skjemmast, gut!»

Peder vart logande raud: Er det ikkje det eg gjer da, for svarten! Ho går her som ein gudsengel all dagen, og natta med; ovant himmelen ein stad. Og her ligg eg som eit anna

kraum. Du skulde ha vore gift med henne du, så skulde du ha fått kjenne. Når du var ein varg til menneske og ein bonde, og låg her og måtte syne det, for slik ei som henne? Tvi! Eg er vel like bra eg som ho? No går det hundande i vald med garen her; og da ho fekk meg, fekk ho ein sjukling. Som ofra når det var for seint. He? Og når eg lyser helvete over henne, så puskar ho berre og gret med seg sjølv. Du var slug du som tapte. Kan du ikkje svare?

Og lest som han tenkte på andre ting, og det logna utrulig.

«Men sei mæ ein ting, Ola; Trur du ikkjæ bli fresk meir?»

«Va du ein kar, Peder, så spurd du ikkjæ slik. Og da vart du fresk ja.»

«Men ho trur det, veit du. Ho trur for oss beggji to. Liksom folk når dem trur her må komma ei likar ti' snart; det må, det, sei dem, det såg for svart ut ellest.» Han var blank i auga av hån, han såg dem tydelig for seg.

Så fekk han ei hosterid. Da han hadde ligge still eit tak, spurte han om ikkje Ola kunde bli der natta over. Og det lova han.

Andrea måtte snu i døra. ... (Storbrylloppe (6);137-139).

.....

Han (Ola) sat oppe hos Peder om nettene. Natta er lang, vinterstida, for den som ikkje får sova, og da var Ola den einaste han vilde ha der. Om dagen slepte han ikkje Andrea frå seg. Rett som det var, kunde han spørre: Søv du, morbror? Og straks etter: Kva er det du sitt og tenker på no? Først ei natt utpå vårparten, da han ikkje hadde lenge att, kom han fram med det som hadde plaga han: Har du aldri trudd det kunde ha vorte nokon kar tå meg? – Tå deg? – Nei, eg trur det ikkje sjøl heller nei. Her veks ikkje opp nokon hovding meir. Det trengs visst ikkje; dei får til å styre seg sjølv no, småfolka. Så låg han ei stund liksom han beit i ein smil. Fingrane famla og plukka på åklæe. – Men det ser eg no lel, morbror, at det var ikkje den der ugreia borti Juvika som slo meg over ende. Det går ikkje slik for seg, - det var inga sak da. Det blir ho mor som får bera på den tingen; ho er skapt til å bera ho.

*Han vart som eit lite barn før han døde, og da var det mora som helst skulde vera hos han.
Ola vilde han ikkje sjå. – Han har Styggmannen med seg! kviskra han.
Åsel let att auga hans, og så tok ho Andrea og leidde henne bort. ... (Storbrylluppe
(6);142-143)*

Magetuberkulose

Dei aller fleste med tuberkulose hos Duun har lungetuberkulose, men det er unntak.
Faren til Odin, Otte, har tuberkulose i magen:

*... Slik møtte han Astri, da ho kom med bud om at far hans låg på det siste. Andrea hadde telefonert utover at han gjerne vilde sjå Odin, og ho trudde ikkje han hadde lange stunda att.
... (I stormen (7);224)*

... - Har du visst det før, du da, at det stod til så kleint med han? sa ho, og no var ho som ho pla vera. – Å, det har da komme for meg. Tuberklar i magen, har eg tenkt. – Det skal vera det ja. Ja ja, du får helse frå meg òg da ... (I stormen (7);225).

*... Otte var det smått med. Odin sat lenge attmed senga hans før han kom seg til å seie noko.
– Det vart dårlig med deg, meiner eg? sa han endelig. Otte smilte så vidt det sågs.*

*Leid om eit tak kom han seg så pass at han tok handa til Odin og heldt henne; han låg og såg på han heile tida. Odin trudde han visste tankane hans. – Nei, ho Astri nådde ikkje til, sa han. Ho bad meg helse deg. Vi er venner og vel forlikte; om vi ikkje er einig stødt.
Seinare på kvelden var Otte kvikkare enn vanlig. Han tok handa til Odin og heldt henne hardt. ... (I stormen (7);225)*

... Otte vilde ha svara, men han fekk ei rid med pine, og sia var han for troytt, tok seg ein liten blund enda, med fullt tak i handa til Odin. ... (I stormen (7);226)

Odin snakkar om det å vera bonde:

... Odin hadde snakka lågmålt og med små kvil alt i eitt, men enda stod sveitten i panna på han, og no da han tok til seg handa, seig han halvveges i hop i stolen. Otte låg med ein djup, takksam glans iauga. Dei hadde sagt einannan farvel, og det var ikkje det som hadde teke på Odin, han var forundra over det. Det hadde strøypt han mest, før her når han kom til å sjå han auga. Faren famla og fekk i handa hans att. ... (I stormen (7);227)

... Han vaka hoss faren om natta, og om morgonen sa han farvel med han enda ein gong, men da var det ikkje stort meir enn ein død mann han tok i handa og møtte auga til ... (I stormen (7);228)

Tæring i eit øysamfunn

I «Olsøygutane» er tæringa eit gjennomgangstema i heile romanen. Handlinga er lagt til Olsøya, eit lite øysamfunn som er nokså isolert frå fastlandet. Alt på første sida får vi vite at det er tuberkulose der, når Sofia kjem roande til Olsøya, for kona til Jørgen hadde ligge sjuk i tæring i lang tid. (Olsøygutane (9);5). Ikkje lenge etter dør ho (Olsøygutane (9);6), og Sofia må vere som ei mor til dei to gutane til Jørgen, Johan på tre og Jæger på to år. Snart giftar Sofia og Jørgen seg, og dei får to gutter, Arne og Sebulon. Men Jørgen omkjem på sjøen ikkje så lenge etter.

Nokre år seinare blir Sofia gravid med drengen, og det blir ei jente som ho kallar Jørgine. Men drengen sender ho bort, så da er ho einsleg mor med fem barn, og dei prøver å klare seg så godt dei kan der ute på øyene. Men når Jørgine er i sjuårsalderen, blir Sofia sjuk, blir operert på sjukehuset, men dør like etterpå. (Olsøygutane (9);30).

På nabøøyene bur to jenter, Johanna og Olga, og etter at dei veks opp, blir Johan og Johanna gift. Johanna får ein gut, har ein komplisert fødsel, og kjem seg liksom ikkje etter den:

... Om sommaren kom det til ein gut på Olsøya. Johanna var svært sjuk, alle karane såg ut som dei vilde ta til rømmings snart. Over stod ho det, men retteleg frisk såg ho ikkje ut etter den ferda. ... Eit par gonger snakka brørne frampå til Johan, om Johanna verkeleg var frisk? - Jøss, ho var frisk, kva anna skulde ho vera? ... (Olsøygutane (9);56)

... Johanna gjekk der og vart mindre og mindre for kvar tida. Ho hadde mista både helsa og mote, og om ikkje anna så hosta ho seg i hel. ... (Olsøygutane (9);58)

Dokteren slår fast at det er tæring, og at ho må på sanatorium. (Olsøygutane (9);58)
Men ho har ikkje klede, så Jæger og mor til Johanna kjøper klede til henne utan at Johan veit det. (Olsøygutane (9);59) Langt utpå hausten kjem ho heim igjen:

... Og det var verkeleg så at ho kom seg. Det gjekk dagar og det gjekk veker, og helsa heldt.
... (Olsøygutane (9);60).

Johan kollseglar og hamnar i sjøen, får lungebetennelse og døyr. Etter ei stund blir Johanna og Jæger gift. Like etterpå reiser dei ut til fiskeværet. Da får Jæger tæring:

... Men straks etter vart han sjuk, og da der var lite å tape med det, tok dei han og før heim. Det var vågsamt, men han bad så vakkert om det. Det var influensaen som hadde teke han.... Ho tok handa hans, og held henne hardt: - Det er ikkje lungebrune da? - Nei da, nei da! Berre influensa, du kan tru meg på det, Johanna! ... (Olsøygutane (9);70)

... Sjukdommen tok seg på tak etter heimferda. Johanna vaka som ho hadde vaka over Johan. Det var Sebulon som måtte jaga henne i seng. Dokteren vilde Jæger ikkje høre snakk om. Han vann seg til att, smått om senn, men hosten for hardt med han, og mat og sovn smakte han ikkje. – Bronkitt, sa han. Det er berre ei råd for den, og det er å ligge, ligge, ein må ligge sjukdommen i hel. Mikstur og slikt ødelegg magen og tennene, det er klokkebytte med tap det. ... (Olsøygutane (9);70)

... Det kom slik uro over han at han stod opp. Det lettna for ein sjøl og det lettna for andre når ein først var ovan senga. Kanskje så kunde ein bli trøytt eller svolt og. ...

... Dei hadde komme i hug, skjonna han, at mor hans døde i tæring. Eller Johanna frykta for ho hadde smitta han. Ho såg han visst ikkje så heilt og fullt i auga som før? Men kan hende ein sjukling krev meir enn friskt folk, - ein er ikkje menneske når helsa er borte.

- Han sat oppe nokre dagar, og dermed bar det til sengs satt. Denne gongen henta dei dokteren. Det var ein ung og dugelig mann, han trøsta dei med at der var god von.

Sjukesøstra kom dit, den same som hadde vore hoss Johan. ... (Olsøygutane (9);70)

... Sommaren gjorde Jæger god att. Han låg ute godversdagane og kurerte seg, slik han hadde lese om det skulle gjerast, eller som Johanna hadde lært det da ho var borte. Det var sanatorium godt nok det. Litt blod spytta han, men det var så lite at han nemnte det ikkje. Og så heldt både det og hosten opp. Det som hadde hjelpt mest trudde han var tran med sprit i, som det var god tid på uti øyane no. ... (Olsøygutane (9);72)

... Det einaste var at Jæger hadde fått eit grand innvertes frost i seg oppå haugen den dagen, han tok inn sterke saker, reint så live lysna, og enda vart han ikkje gjennomvarm. Johanna bad han så vakkert han måtte legge seg ein dags tid. Endeleg gjorde han det, for det var til med vestaver og full haust. Da kjente han at han kom ikkje opp meir. ... (Olsøygutane (9);74)

... Ein kvelden sa han: No ligg eg her, Johanna, der eg skal ligge. ... Tæringen er ein tenlig sjukdom. Han hjelper den som har godt av det. Han gjer vel imot oss. ... (Olsøygutane (9);74-75)

... for det var ikkje til å sjå på kor sjukdommen og døden for med han. Skulde ho røre ved han, vart ho kald all igjenom og hjarte vilde stogge i redsla. ... (Olsøygutane (9);75)

... Jæger døde først i april. ... Da snudde ho (Johanna) seg og stirde tomt på Sebulon: - Det er eg som har teke live av han. (Olsøygutane (9);77)

Etter at Jæger er død, reiser Johanna heim til foreldra sine, men ho blir sjuk igjen:

... Aletta fortalte at Johanna hadde vorte sjuk att. ... (Olsøygutane (9);84)

... Berre ein fekk henne på trua til å reise på denne helseheimen att, så var det ingen fare. Men han (Sebulon) var der mange gonger før ho gjekk med på det. Han var hos dokteren og fekk han til å tinge rom for henne, var så i banken etter dei kronene han hadde der, og følgde henne til byen da ho for... (Olsøygutane (9);84)

.... Litt lenger ut på hausten hørte dei at Johanna hadde komme heim. Ho skulde ikkje vera friskare enn at ho låg. ... (Olsøygutane (9);85) ... Johanna hadde vorte grå i hamleten, men ho smilte da Sebulon kom: - Eg reiste heim att eg. Eg vann ikkje å vera der lenger. Du må ikkje vera sint på meg for det. ... (Olsøygutane (9);86).... Men eg blir ikkje frisk. Nei, eg gir meg no, Sebulon. ... Ho fekk eit par gråthikst, og dermed kom hosten. Sebulon tok og heldt henne med det stod på. Da kjente han det ho måtte ha kjent med Jæger låg på sitt siste: han vart kald i kroppen når han tok i henne. Etterpå låg ho lenge still. ...
(Olsøygutane (9);86)

....

Johanna smilte som ho pla gjera når han kom. Da han hadde sitte der ein times tid, såg han det tok på henne, og så sa han godnatt. Ho bad at han måtte ikkje dryge så lenge før han såg dit igjen. ... (Olsøygutane (9);89)

....

Johanna hadde det gått fort att og ned med. Andlete var borte, og auga stod halvopne og framande imot Sebulon. Smilen var ingen smil meir. – Kjem du verkeleg åt meg enno? kviskra ho, det var armelig han hørte det. Ho retta fram handa, og den vart han sittande med, fire tynne, kalde bein inn loven hans. Ho småhosta og anka seg, ho vart brennraud i dei grågrønne kinna: - Kan vel ikkje ha så lenge att no?... (Olsøygutane (9);100)

.... Men om eit par dagar kom mora og fortalte at Johanna var død. (Olsøygutane (9);100)

Duun skildrar fleire andre dødsfall av tuberkulose, sjå vedlegg 4.

6.6. Sterke inntrykk

Ví har tidlegare hørt at Helge Breistrand aldri kom over at Marjane dør frå han så uventa. (Marjane (1)). Det var ikkje rart at slike dødsfall blant ungdom kunne sette sterke og varige inntrykk som kanskje prega dei resten av livet. I «Harald» er hovudpersonen ein villstyring og spelemann som gjer og seier mykje rart. Noko av forklaringa på at han er slik, kjem eit stykke uti romanen:

... Han kom til å minnast den tid han var ein 14-års gutunge: Da kom det ei framand gjente på skolen, ho var frå byen, og ho hadde ein lyserød kjole på; ho var så bleik og fin; halsen hennar var lang og kvit, og så hadde ho eit lite, svart sluketørkle omkring han, så han vart enda kvitare, for ho hadde vondt i halsen og hosta støtt. Ho var det vakraste han hadde sett, ho måtte ha gått gjennom døden, syntes han, så vakker var ho, at han før i veg og gjorde alt det villaste og grovaste han visste. Da hendte det seg ho smilte, og han var nær på å strøypast av lukke. Så vart ho konfirmert, og så vart ho forlova, med ein spelmann frå byen, - og Harald låg og drømte oppi lia om korleis dei hadde det, til han vart reint fortulla og sjuk. Så døde ho av tæring. Og villskapen og spelemannshugen hadde sete i han frå den tida, og minne om henne hadde gnage han – og det var det som hadde ført han til Sara, no først gjekk det opp for han. ... (Harald (4);38)

Berre det å ha denne sjukdommen kan ha store konsekvensar for mange: I «Ettermæle» er Turid, søster til Brynjær, sjuk. Ho er forlova, men faster Dina er lite fornøgd med dette når ho snakkar med Brynjær:

- Nei da er det rettare du tenker på Turid, søster di. Det øg skulle Torberg måtte ha. Ein helselaus barnsunge som sett i veg og forlovar seg. Forlovar seg i den alderen. Det var nei-menn ikkje vårt vis. ... (Ettermæle (11);27)

Men Turid forstår etter kvart kor sjuk ho er og gjer det slutt med kjærasten:

... ein kunde kjenne på seg at han vart tung å miste, om så skulde skje. No skulde det ikkje skje, ventelig, men herre gud kor ho hosta i natt! ... (Ettermæle (11);103)

... - Eg sa berre det, at han skal vente på meg til eg blir frisk. --- Og det blir eg aldri, veit du. ... (Ettermæle (11);104)

6.7. Behandling – sanatorium

Ei mor med tæring og sonen funksjonshemma etter ulykke

I «I stormen» er det konflikten mellom Odin og Lauris som er hovudtema. Karen-Anna frå Jørnstranda har tidlegare fått eit barn med Lauris, og ho og guten bur i byen. Astri, som no er gift med Lauris, besøker Karen-Anna når ho er i byen:

... Karen-Anna budde i utkanten av byen, i eit kammers. Det var reint og velstelt inne, men utrulig trøngt. Karen-Anna var bleik og skrinn og var ikkje rart klædd, det var berre armoda og vanhelsa, såg Astri. ... Borti benken sat sonen, han skulde vera i tjugeårsalderen no, rekna Astri etter. Han var ikkje stort lik Lauris lenger, det kunde ho sjå; han var ubhuglig beinberr i andlete og slo i auga, det måtte stå til kleint med han. Krykkja låg attmed han.

.... Ho (Karen-Anna) hadde vore sjuk ja, og var sjuk, ho hadde sneven av tæring, etter som doktoren sa, og no masa han på at ho skulde bort, byen skulde koste henne inn på eit sanatorium dei kalla. ... (I stormen (7);210)

Astri tek guten (Ludvig) med seg heim til Håberg, slik at mora kan reise på sanatorium. (I stormen (7);211-213)

I «Ettermæle», der handlinga er lagt til tida omkring første verdskrig, har Turid, søster til Brynjar, eit håp om å komme til den helseheimen ho har vore på før, og faren har planer om å bli med henne:

... Eg får ta Turid og fara nedover med henne, til helseheimen der ho var, og få lappa litt på helsa hennes. Kanskje ho er litt tynnslett mi helse òg, flekk og annan slik. Vi reiser i alle fall. Eller kva seier du om det? spurte han Turid, ho sat og vart flagande raudlett.
Auga hennes fortalte kor glad ho var. ... (Ettermæle (11);106)

Men faren, Torberg, dør plutselig, så det er broren Brynjar som reiser med henne til helseheimen. (Ettermæle (11);110)

I «Samtid», som også går for seg omkring 1920 (folkemordet på armenarane), har Birger fått plass på ein helseheim som blir skildra som eit stasbygg, så kanskje er det ganske nytt. Der hører vi om unge pasientar som er ute og går tur i frisk luft, det same behandlingsopplegget som Brehmer starta med om lag sytti år tidlegare. Men vi hører lite om korleis pasientane eigentleg har det, eller om dei får annan behandling. Agnar reiser for å besøke han på helseheimen:

... Helseheimen låg der han skulde ligge, men det var lenger ferd dit enn folk skulde tru. Paradisvakkert måtte ein seie der var, og heimen sjølv fresta vera det same; han tykte visst han var vel så det. Jau da, det var eit fin hotell å sjå til, storveges, men tru om det ikkje kunde vera litt langsamt å bu der like vel? Men du veit, når ein er sjukling, så. ... (Samtid (12);110)

... Da møter han Birger. Ja først møtte han ein flokk med damer som kom etter ein skogstig. Dei var som andre menneske utvendes, dei var friske og vel så det, men det før i han at dei var gjester der, gjester ja og sjukt folk. Han såg nærmare på dem, vart visst syndhard i hjarte og såg vel: Dei hørte til her og ingen andre stader. Men dei var her og skulde bli friske; og det

vart dei nok. Der kom eit par mannsfolk òg, av same slage, der etter nokre som gjekk parvis, gjente og gut.

Og da møter han Birger på same stigen, Birger og ei gjente, ei ung dame, ja så gu! ...

... Birger er friskare enn vona var, og mykje meir til kar enn han var der heime. – Er det slik å vera sjukling her? spør Agnar og ler. ... (Samtid (12);110-111)

... Gjenta gjekk frå dem nedetter og heim att. Ho var ulovlig tynn, til menneske å vera, ho vona vel ikkje ho skulde bli gammalkjerring ho der? ... (Samtid (12);111)

... Agnar gjekk til sjukepalasse og fann Birger. Det var fint der, all ting på stormanns-vise frå tak til kjellar. ... (Samtid (12);115)

... Men å veta, som han gjer det, at rettno er det slut? Eit helselaust-år eller to, så kjem døden? – Ein kunde sette seg ned og – nei ikkje gråte, men gjøye, sette seg ned på bakbeina og hyle likhund mot alt i hop!

Slik er lagnaen for somme, for mange. Dei burde organisere seg. ... (Samtid (12);116)

6.8. Diskusjon

Tuberkulose er den dominerande sjukdommen i Duuns litteratur – i fleirtalet av romanane hans opptrer tuberkulose i ei eller anna form. I nokre tilfelle, som i «Marjane», i «Olsøygutane» og i delar av «Juvikfolke» er sjukdommen også eit gjennomgangstema. Duun skildrar dei ulike sjukdomsfasane av tuberkulosen detaljert, nærgåande og på mange måtar truverdig, også ut frå ein fagleg medisinsk synsvinkel. Eg har difor valt å ta med mange direkte sitat av korleis han skildrar sjukdommen. Ein får inntrykk av at forfattaren må ha opplevd mykje av dette på nært hald, utan det kunne han knapt ha skrive på denne måten. Og mens tuberkulosen på Duuns tid var vanleg, har knapt nokon lege eller sjukepleiar av dagens norske generasjon opplevd dødsfall på grunn av tuberkulose.

Tuberkulose spreier seg ved dråpesmitte, dvs. at bakterien blir spreidd til lufta når ein person med tuberkulose nys eller hostar og personar rundt pustar inn lufta.

Bakterien kan da sette seg i lungene til den som blir smitta og vekse opp der. Derifrå kan bakterien vandre via blodet til andre delar av kroppen, slik som nyrene, skjelettet, ryggmargen og hjernen.

Det var først mot slutten av 1800-talet at behandling av tuberkulose kom inn i meir organiserte former. Før den tid hadde legane lite å tilby av behandling, men dei hadde utvikla metodar for betre diagnostisering, blant anna med oppfinninga av perkusjonsmetoden (Auenbrugger, 1761) og stetoskopet (Laënnec, 1816). Mange av dei gamle lungelegane var dyktige til å diagnostisere, og dei visste godt kor sjukdomsprosessen sat og kva for ein fase han var i. Dei kunne journalføre dette mellom anna ved hjelp av eit slags notesystem, med eigne teikn for ulike perkusjonsfunn og respirasjonslydar, slik at det hos nokre pasientar vart som oversådde partitur [5].

Opp gjennom historia var det gjort tallause forsøk på å behandle tuberkulose, for eksempel ved bønner, fetisjdyrkning, opphold ved mineralkjelder, dagleg drikking av tjærevatn, opphold i tørr fjellluft, reiser til sjø med frisk havluft, innanding av svovelhaldig gass i vulkanske område, innanding av amoniakkhaldig luft i fjøs eller duft av nåletrær. Alt utan positive resultat.

Mot slutten av 1800-talet kom det så meir systematiske behandlingsopplegg med sanatorier og helseheimar. Det var den tyske legen Hermann Brehmer (1826-1889) som i 1850-åra bygde det første tuberkulosesanatoriet, Görbersdorf i Schlesien, eit eige sanatorium meint berre for pasientar med lungetuberkulose. Behandlinga gjekk ut på feitrik og næringsrik mat, ro, mykje kvile, rolege spaserturar og frisk luft i landleg natur. Etter kvart greidde Brehmer å overbevise fleire om at behandlinga verka, og med modifikasjonar vart Görbersdorf mønster for alle sanatoria som seinare vart bygde [6].

Dei fleste tuberkuloseinstitusjonane i Noreg vart bygde i perioden frå 1900 til 1930. Sanatoria var meint for dei pasientane som i følgje legane trøng behandling. Lyster sanatorium var eit av dei første i Noreg (1902), men på tross av at det vart bygd mange liknande institusjonar, var det vanskeleg å få plass. Helseheimane var ein annan type institusjon, og kunne ha opp til 50-60 pasientar. Dei hadde ofte eigen lege som var lungespesialist og kunne for eksempel foreta blåsebehandling og vurdere pasienten for operasjon. Namnet «helseheim» vart brukt for å unngå å knyte tuberkulose eller tæring til namnet. Ein tredje institusjonskategori var tuberkuloseheimane eller pleieheimane, som var meint for pasientar med uhelbredeleg tuberkulose. Desse vart difor ofte sett på som «dødens forgårder» [7].

Tuberkulosen på Jøa på Duuns tid.

Fleire av Medisinalmeldingane i perioden 1882-1916 nemner tuberkulose, men som regel ganske kort. Elles ser det ut til at distriktslegane var meir opptatt av dei epidemiske sjukdommane, som difteri, kikhoste, meslinger og skarlagensfeber. Kanskje er forklaringa at tuberkulosen oftast vart opplevd som ein kronisk sjukdom som folk kunne gå med i mange år og difor ikkje var så dramatisk. Det var på mange måtar ein «stille» sjukdom som folk heller ikkje ville snakke om, men dersom vi ser på dødsårsakene, ser vi at det er tuberkulose som var den vanlegaste dødsårsaka i Ytter-Namdalens i perioden 1880-1916. (Tabell 5.2, kapittel 5)

På Duuns tid var det lungetuberkulose som var vanlegast, og det er også den som er vanlegast i litteraturen hans. Sjølv om legane kunne vere gode til å diagnostisere lungetuberkulose, kunne nok mange sjukdomstilfelle vere usikre. Men vi får høre at Otte, far til Odin, hadde magetuberkulose. Tuberkulose i skjelettet, som heller ikkje var uvanleg, får vi derimot ikkje høre om. Heller ikkje skrofulosen, der infeksjonen er lokalisert særleg til lymfeknutane på halsen og i kjeven, skriv Duun om, men han skildrar mange av dei vanlege symptomata ved lungetuberkulose, som langvarig hoste,

blodig oppspytte, lungeblødningar, tung pust, bleik hud og ofte hektiske, rauda kinn. Vanlege symptom ved meir alvorleg sjukdom: avmagring, tung pust, feber, sveitting og etter kvart minkande krefter, sengeleie med stadig verre tungpust, hoste, oppspytte, kanskje større blödingar, før den sjuke blir mentalt uklar, kanskje på grunn av hjerneaffeksjon (meningitt), før døden kjem. Sjukdommen kunne vere langvarig, kanskje over månader og år, og Duun har fleire skildringar av kor stor påkjenning sjukdommen kunne vere, ikkje berre fysisk, men også psykisk og sosialt.


At både Sigyn (Sigyn (2)) og andre var opplærte til å halde seg borte frå tæringsjuke, var ikkje så rart. I ei lærebok for folkeskolen frå 1921 er det også understreka at ein skal halde seg borte frå dei sjuke og som er «urenslige»:

*... Urensige er alle de tæringssyke som ikke brenner op de forbindinger de har på åpne sår.
Likeså alle de som hoster og spytter på gulv og gate. Alle slike skal man ta sig i aksjon og ikke være sammen med dem. ... [8]*

Det er naturleg å tolke det slik at Duuns litteratur reflekterer kor vanleg tuberkulosen var på hans tid, og kor stort trugsmål sjukdommen var. Når unge menneske gjekk sjuke, kanskje over lang tid, og dei til slutt døydde på denne måten, fekk det store følger, ikkje berre for den sjuke, men også for familien og samfunnet rundt. Og nokre kunne bli prega for resten av livet av slike opplevingar. Eit kjent eksempel på at slike opplevingar kunne prege eit heilt liv, var Edvard Munch (1863-1944), som levde omrent på same tid som Duun. Han kom stadig tilbake til korleis han opplevde at søstera hans døydde som ung av tuberkulose, blant anna uttrykt ved maleriet «Syk pike» (1885-1886).

«En brystsvak pike» - ei vise som vart kjent over heile Skandinavia - er eit anna eksempel som viser kor tragisk tuberkulosen kunne opplevast. Forfattaren skal ha vore Nicolay Benjamin Batt (1865-1932), overlege ved Namdal sjukehus i åra 1893-1932, og visa vart skrive til ei av pasientane hans, den elleve år gamle Anna Sætereng frå Otterøya, som døydde av tuberkulose i 1907. Sjå vedlegg 5.

Frå først på 1900-talet vart det ei storstilt satsing på helseopplysning og hygienetiltak i regi av Norske Kvinners Sanitetsforening, Nasjonalforeningen, Røde Kors, andre frivillige, og regjering og Storting, og dødelegheita av tuberkulose gjekk vesentleg ned (Figur 6.1).



Figur 6.1. Dødeleghet av tuberkulose per 10 000 innbyggjarar, femårige gjennomsnitt.

1871/1875 – 2001/2004 (alders- og kjønnsjustert etter europeisk standard) [9].

I 1943 vart Statens skjermbildefotografering oppretta, og i 1947 vart det lovfesta at det var pliktig å møte fram til skjermildeundersøking, dvs. røntgenundersøking av lungene. I 1950- og 1960-åra reiste Statens skjermildefotografering, ved hjelp av bussar og båtar, rundt til byar og bygder – alle fekk besøk.

Den første effektive medisinen, Streptomycin, vart tatt i bruk først i 1947. I 1947 starta ein også med BCG-vaksinering av barn, noko som var påbode ved lov heilt til 1995. Talet på sjuke og dødelegheita sank enda meir i åra etter krigen [6].

Ved den første runden av Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT1, 1984-86) vart det tatt ca. 75 000 skjermbilder (røntgenbilde av lungene) i Nord-Trøndelag, og resultatet var at det vart påvist éin – 1 – person med tidlegare uoppdaga tuberkulose [10]. På dette tidspunktet kunne ein altså konkludere med at tuberkulosen var under kontroll. Men sidan har mykje skjedd: Folk reiser oftare til utlandet enn før, det har kome fleire innvandrarar til Noreg, og dessutan har antibiotikaresistente tuberkelbasiller begynt å spre seg. I Noreg blir det nå registrert ca. 340-400 nye tuberkulosetilfelle i året. Omtrent 85% av nye tilfelle oppstår blant utanlandsfødde, og ein går ut frå at dei fleste er smitta i det landet dei kjem frå. I dag inngår BCG-vaksine i vaksinasjonsprogrammet for barn med mor eller far frå land med høg forekomst av tuberkulose. Nyfødde barn av foreldre frå land med høg forekomst av tuberkulose blir vanlegvis vaksinert på barselavdelinga eller ved første besøk på helsestasjonen. På verdensbasis går ein ut frå at 1,7 milliardar menneske er smitta, og rundt to millionar menneske dør av tuberkulose kvart år [11].

7. Andre infeksjonssjukdommar

Infeksjonar før og nå

Før det store gjennombrotet til bakteriologien i 1870-80- åra var contagionismen og miasmelæra etablerte skoleretninga. Dei stod for to motstridande teoriar om korleis sjukdom oppsto, men tilhengarane av begge retningane var einige om at det fanst eit smittestoff.

Kontagionistane påstod at det kom utanfrå, og hevda at smittestoffet – *kontagium* – vart spreidd ved kontakt mellom personar. Karantene var difor ein naturleg måte å hindre smitten på.

Miasmatikarane meinte at smittestoffet også kunne oppstå spontant, og dei såg på sjølve smittestoffet som ganske ufarleg. Andre føresetnader måtte også vere til stades for at sjukdommen skulle spreie seg. For det første måtte smittestoffet bli omgjort til *miasme*, noko som berre kunne hende i ein atmosfære av ekskrement, uorden og animalske utdunstingar. Dessutan kunne ein sjukdom som kolera berre utvikle seg dersom miasmen møtte ein person eller slo til i eit samfunn som var godt eigna for å ta i mot sjukdommen, som for eksempel fattigfolk i fattigkvartera i byane.

Miasmatikarane meinte difor det var viktig å fjerne skitt og lort og var ofte talsmenn for ein forsiktig livsstil og sosial reform, men dei støtta ikkje bruk av karantene.

Likevel, straks ein epidemi var broten ut, var begge partane einige om at hygiene, privat og offentleg, var den beste måten å slå ned sjukdommen på [1].

Da bergensaren Gerhard Armauer Hansen (1841-1912) oppdaga leprabasillen, *mycobacterium leprae*, i 1876, var han den første i verda som viste at ein bakterie kunne vere årsak til kronisk sjukdom hos menneske. Nokre år seinare, i 1882, greidde den tyske legen Robert Koch (1843-1910) å identifisere tuberkelbasillen, *mycobacterium tuberculosis*, og i løpet av nokre få år, dvs. innan 1890, hadde forskarane påvist mikroorganismane som var årsak også til kolera, difteri og tyfoidfeber. Det vart så utvikla kjemiske og bakteriologiske metodar for å påvise sjukdomsframkallande mikroorganismer. Legane fekk også betre utstyr elles, for eksempel røntgen frå slutten av 1890-åra og framover. Alt dette representerte ei stor omvelting i synet på sjukdom og årsaker til sjukdom, men det var likevel lite dei kunne gjere for å endre på sjukdomsutviklinga, bortsett frå to ting: koppevaksine og difteriantitoksin. Det viktigaste var difor å forebygge.

Dette var noko av bakgrunnen for Duun da han skreiv romanane sine. Sjølv om det er tuberkulosen som dominerer i hans litterære univers, så skildrar han også mange andre infeksjonssjukdommar.

7.1. Lungebetennelse

Før antibiotika kom i 1940-åra var lungebetennelse ein farleg sjukdom - av dei som fekk sjukdommen døydde omrent ein av fem (20%), og hos Duun er lungebetennelse ein vanleg sjukdom.

Juvikingen Per Anders og «Løssi Langnatt»

Den første juvikingen vi blir godt kjent med, Per Anders, lever først på 1800-talet. Etter ein lang rotur blir han gjennomfrosen og legg seg til å sove i naustet. Dette er Løssi Langnatt, ei natt det var knytta mykje overtru til. Han kjem seg aldri etter den natta og har alle teikn på lungebetennelse. Vi hører om teikn på høg feber og feberfantasier, hoste, pusteproblem og sting i brystet. Han har så kort pust at han har

problem med å snakke, men innimellom er han betre, er klår, og på julekvelden har han også matlyst. Så går det nedover, og til slutt har han *ei føl strid med struping og surkling før han dør*.

Sjukdommen varar litt over to veker, dvs. frå Løssi Langnatt (13. desember) til over nyttår. Det blir eit krevande stell for dei nærmaste, og mange netter med nattevåk, slik at dei er i ferd med å slite seg ut. Det er og utriveleg å høyre på feberfantasiane hans, særleg ettersom både Per Anders og resten av familien er fanga i førestillingar om skrømt og vonde makter. Vi får også høyre at heile familien får tid til å samlast omkring Per Anders, og innimellom har Per Anders det ganske bra, for «...det er inga sak å døy, veit du, når ein times å få døy i måneskine og klårt vær»:

... Kallen låg mykje godt som hansov. Så låg han blåvak ... Andre gonger før han opp or halvsømnen og kava og bles, det var så bågt å få puste, han vart harm, kunde ikkje få til kva dette var, det var ei hemn! «Det stana heile verkje i mæg!» ynka han seg. ...

Om julkvelden var Per Anders likare. Åt badstun kom han ikkje, men Per måtte fram med rakekniven og balbere han, og ny skjorte fekk han på, og så sat han i senga og åt, med dei andre sat ved borde; for kveita kunde ein no ikkje late gå ifrå seg, let han, og ikkje gryngrauten heller.. «Jul ska vara jul, om det så ska vara den sist for mæg,» la han til. ...

(Juvikingar (5);44)

... Han fekk ikkje sova den natta, han hadde ikkje godt av maten. ... Det tok til og gjekk att og ned fort no, og det vart ikkje siste natta Per måtte ut i kammerse. Gong for gong trudde dei det var enden som kom. Ane smakte mest ikkje sømn, ho var over han støtt, og Per Anders hystra henne som barne. (Juvikingar (5);45)

... Det vart skikka bud både til Håberg og til Viken, og nyårshelga var dei der. Det vart som eit heilt gjestebud i Juvika ... Per Anders hadde havt det stridt i det siste, han hadde slik styng for brystet at han lite og ikkje hadde munthalde; han sa ikkje noko om det, men

han var raud og heit og visste lite til seg. ... Han vilde snakke med dem, men gav seg ikkje om det. Dei hørte kor bringa beit av alle orda for han. ... (Juvikingar (5);45-46)

... Så la han seg attover, fekk ei rid med hoste og kov for bringa. Ane, dotra, kom med dropar og vilde ha han til å ta inn. Han kava ifrå seg: dropar hadde aldri komme innom hans tenner! ...

... Da han kom seg att, låg han og smilte. Set deg hit, Åsel, sa han. Det er inga sak for meg, ser du, for eg har hatt lukka med meg støtt – det er inga sak å døy, veit du, når ein times å få døy i måneskine og klårt vær. Eg kjenner det no: Det er ikkje berre tull heller. Og var vi ikkje heldig, du, at vi brente eit grand her føre jul? Lukka har no vore med meg da, ho har ikkje våga anna.

Hansov att, og han vakna ikkje før andre dagen. Dei var oppe heile natta, dei to døttrene; men Ane var trøytt og klar ogsov for det meste; og det gjorde mora med. Han låg og tulla og snakka, og somtid lo han; det var utrivelig i høre på. Åsel sa det sia, at ho syntes ho skjelvoks over alle sin kropp når han tok til på det verste. Midnattes tid låg han og hya, tok i senggavlen og letta på seg; «Høyr den støgge bokkjen da, kor han remja! Å nei, ban, du skremi ikkj mæg ikkj!» ... (Juvikingar (5);46-47)

... Natta etter, utpå morgenparten, var det gjort. Mest heile tida låg han og snakka ... men det var med seg sjølv han snakka, og det var lite botn å få i det. Det var gammalkarane han bala med. ... Så fer han opp og hyer: «Høyr bokkjen!» Men han legg seg ned att, og smiler: «Pøtt san, det er berre stagan og bjørkja. Dem skremi ikkj mæg ikkj!»

Det stod eitkvart stygt utover veggen, det merka dei. Det sat ein vond ein på take og reid. Det var ei ulykkesnatt.

Per Anders hadde ei fæl rid med struping og surkling. Så sa han: «Kom no, Ane. Gi mæg no staven».

«Be te Vårherre, be te Vårherre!» kviskra ho ivrig.

«M-m. Hi æg no ikkje bedt te ‘om før, så ---»

Det vart det siste han sa. ... (Juvikingar (5);48-49)

Lungebetennelse etter kollsegling

I romanen «Marjane» kollseglar Helge Breistrand og faren da dei skal hente ved som dei hadde hogge ulovleg. Faren druknar og Helge blir sjuk etter denne kollseglinga:

... I kammerset på Breistranda låg han Helge og sveitta og visste lite av seg. Han gádde ikkje stort anna enn sjøen, som song upp sumtid, helst um natta, og so lampen som stod på bordet med grønt papir ikring. Det var like vondt med både dei tingarne no. ...

... Han vakna att. Marjane ... Og so han. Auksjonen. Hosten sette på so følt, og so gløymde han det.

--- Det giekk dagar og næter. Av og til var han med seg sjølv, han såg umkring seg og undrast. Det var framandfolk inne hjå han. Kva som hadde hendt, hugsa han ikkje; men han kjende at det var noko vondt. Han vilde sovna frå det att. Berre sjøen vilde tegja. Dei var der og vakte yver han den eine etter den andre, både gamall og ung. Det fekk dei gjera, tykte dei. For det var ganske å segja eit syrgeleg hus på Breistranda. Mannen sjølv stod på likstrå, og kona, stakar, var reint som ifrå seg, som ventande det, ... (Marjane (1);39).

... Dokteren sa det stod um. Dei fekk no sjå, når dette døgret var yver. Klara han det, so. Det var no det, at det var ein makelaus sterke kar. ...

... Sjuklingen slo augo upp ein morgon og såg ikring seg med undrande augo, so stort og klårt. ... - Han vart forundra sjølv óg: det hadde vorte so lett å vera til. ... (Marjane (1);40)

... Dei hadde vakt her kvar si natt mykje godt, ungdomen her umkring, fortalte ho. ... (Marjane (1);41)

... Endeleg vart våren lettare for bringa. ... Men dei var so tunge å få med seg, føterne. Ikke hadde han skikkeleg lov til det heller; doktaren sa nei. ... Tjorekosten kjendest

liksom han var gjort av bly. Rett som det var, sette han seg, sveitt og trøytt. ... (Marjane (1);42-43)

Duun skildrar fleire som får lungebetennelse, både unge og eldre, sjå vedlegg 6.

7.2. Influensa

I romanen «Harald» blir hovudpersonen Harald, som er lærar, sjuk. Det går fram at han har fått influensa, sjølv om det nok ikkje var nokon presis diagnostikk:

... Det gjekk, det stinta og gjekk, enda dei vart noko etter anna folk. Men så tok Harald til få vondt i nakken, og fraus gjorde han og syntes det smakte vondt av alt han tenkte på. Det var influenza, og det nytta verken å arbeide henne utor seg eller fordrive henne på annan måte. Dette var noko nytt for han. ...

... Dagane var mange og vonde, og Harald var så nærpå å stupe somtid, at han reint måtte le...

... Straks etter bynte skolen, og sjukdommen sat i kroppen enda. ... Det var rart å royne kor mykje ein tålte; det skulde visst ikkje lite til før ein «gjekk på føten», som dei sa. ...

(Harald (4);45)

... Og så var det denne elendigheita som sat i kroppen på han enno; det dansa svarte flekker og gule stjernor for augo når han sprang utor senga om morgonen, og sveitta og fraus gjorde han støtt, - han dingla somtid når han gjekk; han skjemtes hjartelig av det, og blå-negta om nokon bar det på han ... (Harald (4);47)

... Harald stod ei stund og tenkte. Det dansa rundt for han; han studde seg på spadeskafte og kvilte eine føten. ... (Harald (4);47-48)

- Petra såg på han med han stelte seg. Ho lo, men der låg eitkvart innunder:

- Vil du endelig ta helsa av deg da, Harald?

- Helsa? Ho får halde med ho held ho, det er no hennar plikt.

*Orda hennar drog etter seg. Han tok dem oppatt for seg fleire gonger med han sat og spela.
Vil du endelig ta helsa av deg? ... (Harald (4);48)*

Influensa er ein virusinfeksjon som normalt går over i løpet av ei vekes tid. Men her får vi høre at Harald er slapp og har feber over lengre tid, truleg langt over ei veke. Det kan difor vere grunn til å mistenke at det er tuberkulosen eller noko anna som ligg under, men det får vi ikkje vite.

Spanskesjuka

I siste bind av Juvikfolket «I stormen» får vi høre om ein streng farang som går i byen. Etter kvart forstår vi at det er «spanska» som har kome, og ho spreier seg også utpå bygda:


... Andrea nemte denne farangen som gjekk så strengt i byen. Folk døde fort vekk, og smittsam var han, - ho skulde akte seg. – Akte meg? Nei. Har aldri akta meg nokon gong. Da måtte ein bli redd, visst? Ho farmor, ho var aldri redd. Men det er sant: Er han Otte klein? – Ja, han var ikkje frisk. Men det var ikkje farangen, det var noko i magen; var kanskje magesår. ... (I stormen (7);213)

... Det vara ikkje lenge, så hadde dei farangen utpå lande òg. Dei hadde kanskje hatt han lenge, når dei tenkte etter. Både den og den hadde vore dau-klein, han måtte ha vore spansk. Men sjølve pesten kom gjerne etter, og den var det som hadde komme no. Ein ungdom aust i Segelsund-grenda var død før dei rett ansa kor sjuk han var, og straks etter ein til, det var som ein sløkte eit lys. Det skulde vera lunga som gjekk i stå, sa dei. Og i grannebygda der gar-før døden, etter som det vart fortalt. Fekk dei i doktoren tidsnok, var det alltid ei von, eller visst ein hadde brennvin, men ingen av det ting var det godt om. Folk var skramt, og

mange var det som ikkje våga seg bort i grannegaren, så smittsam som denne sjukdommen var. Dei las om han i blada, det var ei ulykke halve verda over, ei syndstraff, meinte mange. Så redde vart somme, at dei ikkje vilde til meierie med mjølka. Vart det alvor av det, vilde det gå ut over arbeidsfolka på fabrikken, for dei fekk mjølk og smør derifrå. ... (I stormen (7); 215-216)

... Ved denne tida før Odin rundt og skulle teikne aktiar i handelslage. ... Så var dei redd han, at han kom med snitta. – Ja, men no står du i døra, så står eg her, sa han, og da seig gjerne reddhugen av dem. ... (I stormen (7); 216)

At dei er redde når denne epidemien kjem, er ikkje rart. Spanskejuka var ein influensapandemi som herja over heile verda i 1918-19 og tok livet av 50-100 millionar menneske. Epidemien kom til Noreg i juni 1918, truleg etter smitteimport frå Storbritannia, og han kom i tre bølger: Sommarepidemien 1918, haustepidemien 1918 og vinterepidemien 1918-19. Haustepidemien var den mest alvorlege. Ein reknar med at sjukdommen tok livet av 13-15 000 nordmenn, dei fleste av lungebetennelse eller lungekomplikasjonar, og det var særleg mange i alderen 20-40 år som vart ramma. Sjukdommen vart uvanleg dramatisk fordi viruset som forårsaka sjukdommen var meir virulent enn tilsvarende virus, truleg på grunn av den genetiske strukturen i viruset som herja i 1918-19 [2].



Figur 7.1. Antal rapporterte sjukdomstilfelle av influensa og lungebetennelse i Noreg i åra 1918-1920 [2].

7.3. Difteri og miltbrann

I fjerde bind i Juvikfolke, «I eventyre», bur niåringen Odin i Kjelvika når han oppdagar ei dau ku på sjøen:

... «Berre ei ku som har sjølstorma nokonstas,» sa han (Bendek) til Gurianna. Ho òg var ute om døra no. «Miltbrand, vil æg tru»... (I eventyre (6);200)

Opplevinga er uhyggeleg, og Odin går og ventar på at det skal skje ei skikkeleg ulykke. Og ulykka kjem i form av både ein miltbrannepidemi og ein difteriepidemi. Men dei som bur i Kjelvika bergar seg:

... Ikkje lenge etter kom det tidend om at miltbranden grasserte frå fjøs til fjøs borti Sørfjorden. Det var å dra krøter på sjøen fortast ein vann. Leid om litt spurtes det at det før ein annan sjukdom òg. Han tok borna. «Den ondartede halsesyge» kalla dokteren det, og han kunde lite hjelp gjera. Dei døde. I gar for gar fekk dei det; og kirkeklokka ho ringte. Odin stod ofte og lydde på henne.

Enda syntes han halvveges det hadde lettna no. For no hadde det komme. Dessutan var det ingen skole; og vegn til Kjelvika vart sjukdommen brydd for å finne. – Du må vera snild da, og ikkje glømme av kveldbonna di! formana dei han. – Ja da. Men han finn meg ikkje lel. – Akt deg, Odin! – Ja da. Men eg for min del døyr ikkje.

Nei, for det gjorde han ikkje; det var det. Og dessutan var det vel frami bygda sjukdommen hørte til? Han kunde sjå bygda for seg, ho var langt nedanfor ein staden, liksom han sat oppi høgste fjelle og såg dit ned; dei var ursmåe alle der, kunde døy på timen, kvar ein å kalle. Redd var han ikkje da heller, da han hørte sjukdommen var på Jørnstranda. Men så ein natta spring han opp borti benken sin og sitt og stirrer i kring seg. Sveitten rinn av han. – Er det du, Odin? seier Bendek.- Ja, det er eg, svarar han, likså forundra. – Er du dårlig? Nei, veit eg? – Nei, da! Men sittande blir han. ... (I eventyre (6);201-202)

...

«Legg dæ te å sova no, Odin!» bed Gurianna. «Less høyr no, Odin!» Han gjer det. Men no har Karen-Anna òg fått denne kleinheita, tenker han. Ho døyr no ikkje, ho heller, meir enn eg, smiler han under skinnfellen. ... (I eventyre (6);202)

...

Da han vakna morgonen etter, visste han ein ting; at denne gråvåren borti fjøsporten skulde vekk, og det måtte han sørge for. Han tenkte på sjukdommen av og til, og syntes halvvore dei hadde snytt han. Det var leit å møte dem som hadde stått det over. ... (I eventyre (6);202)

...

Jørnstrand-ungane var snart opp og ute, og i full sjau. Eit par av dei minste hadde stryke med. Det var berre dei to eldste som var fullstore for Odin; den eine var 14 år og den andre 13. Sjølv var han 10, og det syntes han skulde bli det same. ... (I eventyre (6);204)

Enda ein difteriepidemi

Også i novella «På leiting» hører vi om ein difteriepidemi. Her møter vi Lisbet, som er oppsagt frå tenesta hos lensmannen fordi ho er for gammal, etter at ho har vore der i 40 år. No er ho på veg sørover for å finne Jonetta, jenta som ho sette bort til frammandfolk for 35 år sidan. Ho går til fots og ligg ute, og ho får husly nokre netter. Ho fortel om ærendet sitt:

... Nei, Vårherre han har anna å gjera enn å leite opp lausungane, det får syndaren gjera sjølv. Slik kjem det for meg. – De skulde vera for gamal til slikt styggsnakk De, sa kona. Ho for sin part hadde nyst vore med gjentungen sin til kirkegaren. Det giekk slik streng sjukdom millom borna her ikring, dei døde fort vekk. ... (På leiting (9);229) ...

... Lisbet var innom hoss folk rett som det var etter den dag. Og mest kor ho kom låg ein liten ein og stridde og skulde døy. Dei hadde det i halsen, låg og peip og pintes, og pintes i hel for det vissaste; dei fekk ikkje luft. Ho visste ikkje ho meir enn dei andre kva slags sjuke det var, men etter kvart hadde ho set eitt og anna og ho var ikkje ansles godtil, ho stana for og gav dei rådene ho visste ... (På leiting (9);229)

Ho kjem så til en annan gard. Lisbet ber for seg, det er ikkje hennes vis å tulle seg inn i slike fine hus.

... Men eit kleint barn var det her og, ein liten gut, og han måtte ho sjå til. Det var så til at den her kunde ho ikkje gå ifrå. (På leiting (9);230) ... Ho sat og heldt barne over eit fat med rykande varmt vatn, det var einaste råda det var noko hjelp i, og det pusta verkeleg lettare da, rettno anda det som eit menneske. ... (På leiting (9);231)

Lisbet forstår at mora til barnet er Jonetta, og at barnet er hennar eige barnebarn. Men Jonetta påstår at ho ikkje hadde noko mor, og at dersom ho likevel kom, ville det vere hennes tur til å vise henne bort. Så Lisbet blir vist på dør, men blir likevel ei stund til for hjelpe barnet:

... Men ho gav frå seg barnet til barnetausa, måtte sjå å komma seg der i frå. Gutungen kvinka og vilde ikkje slekke henne, det var ei nød. Og hennes eige barn det hadde komme bort frå henne, - alt ho hadde elska det i desse åra!

Husfaren kom inn og såg til, og mora med. Lisbet vann seg ikkje laus, ho såg ein gong på kvar av dem, og sette seg på sengegavlven.

- Eg lyt bli her til utpå dagen, sa ho. Eg ser det skal så vera.

I kveldinga gjekk ho inn i andre stua, der ho visste Jonetta var. Jonetta snudde seg frå henne.

- Ja ja, sa Lisbet, men du ser kva veg det ber med barne ditt. Det fer i frå deg! Ho venta litt.

Så sa ho: - Vil du eg skal gjera det friskt, Jonetta?

- Kan du det da, spurte Jonetta, men ho snudde seg ikkje.

- Eg kan ei bøn som både bind og løyser. Les eg den, Jonetta, da er vesleguten din bærga. Men da har eg sagt ifrå meg Gudsrike, eg, og sold meg til den andre mannen. Og det får eg gjera. Eg er ikkje anna til. Eg tenkte ei tid å lesa den bønna for å finne deg, visst det kneip. ...

(På leiting (9);231-232)

... Lisbet gjekk ut og bortom uthusnova. Ho las bonna, slik ho hadde lært henne av taterkjerringa.

Ho gjekk inn att til barne. Ho sette seg til og heldt det over eimande vassfate som før. Det var lettare slik for kroken, med ein venta.

Og sjuka ho måtte ut. Han hosta opp små kvite filler, tak for tak, hosta alt det vonde opp, sovna i millom, vakna og var litt kvikkare for kvar gong; og for kvar gong kjente Lisbet at ho vart litt veikare, det kunde ikkje ansles gå. Ut på ettermiddagensov han så godt at ho lurte seg frå han, fann kjeppen og korga og stal seg ut. ... (På leiting (9);232)

Å halde barnet over kokande vatn slik at det kunne puste inn vassdamp, er eit gammalt velbrukt råd ved pusteproblem, som kan hjelpe. Men her hører vi også at Lisbet «ofrar» seg sjølv, i og med at ho tyr til svartekunster for å få barnebarnet sitt frisk.

Kommentarar

Difteri vart omtalt i Noreg første gongen i 1822, og bakterien vart først påvist i 1883. Sjukdommen oppsto som epidemiar omrent kvart tjuande år på 1800-talet og første halvdel av 1900-talet. Difteri vart lenge kalla “den trondhjemske halsesyke” etter eit større utbrot i byen i 1845-1848. Det var ofta barn under 10 år som fekk difteri, og sjukdommen var ofte assosiert med därlege sosiale forhold. Letaliteten i Noreg var 20-30%, men ved introduksjon av behandling med antitoksinserum i 1895 fall letaliteten til 5-10%. Vaksine vart utvikla på 1920-talet, og difteri var den første sjukdommen som i industrialiserte land kom under kontroll ved vaksinasjon. Den siste europeiske epidemien som ramma Noreg var under andre verdskrigene.

Verdas helseorganisasjon reknar med at det globalt i 2011 var 2500 dødsfall forårsaka av difteri. Difteri er endemisk i mange land i Asia, Afrika, Sør-Stillehavet,

Midtøsten, Øst-Europa, Haiti og Den dominikanske republikk. Det blir meldt flest tilfelle frå India.

Bakterien angrip slimhinner, vanlegvis svelg, nase, larynks og bronkier. Dei mest vanlege symptomata er redusert allmenntilstand med feber, hoste, forstørra lymfekjertlar og utvikling av membranar som kan gå utover tonsillane. Membranen er døde celler og fibrose som gir ein tynn, fastsittande membran. Eit typisk teikn er at det blør når ein skrapar på membranen. Membranen kan sitte i nase, larynks, luftrør eller på tonsillar.

Tilstopping av larynks og luftrør med difteribelegg kan gi såkalla "ekte krupp" med kraftig strid, kvelningsanfall og sterke uro med bleik hud og cyanose. Toksinet blir spreidd med lymfe og med blodet og kan angripe hjarte- og nervesystem og forårsake myokarditt og polynevritt. Slike symptom kan komme nokre veker etter symptomdebut. Letalitet ved difteri (utanom huddifteri) er 5-10% [3].

Miltbrann, eller *anthrax*, er ein sjukdom som normalt angrip husdyr som sau og storfe, men han kan også bli overført til menneske. Symptoma er feber, byllar, sår og opphovning av lymfekjertlane, og sjukdommen kan vere dødeleg dersom han ikkje blir behandla straks. Sjukdommen er forårsaka av bakterien *Bacillus anthracis*, som har hardføre sporar som kan overleve i opptil fleire tiår, og vanleg kokking er ikkje nok for å drepe dei. Miltbrann hos dyr vart skildra alt i oldtida, mens sjukdomsmønsteret hos menneske først vart skildra i 1752. Bakterien vart identifisert i 1849, og første vaksinen vart utvikla på 1880-talet. Miltbrann var ein av dei vanlegaste årsakene til ukontrollert død blant storfe, sau, geit, hest og gris før effektiv vaksine og antibiotika var tilgjengeleg mot midten av 1900-talet. Mellom 1890 og 1940 vart det rapportert ca. 13 000 tilfelle av miltbrann i Norge. Siste alvorlege utbrotet var i 1937. Miltbrannbakterien er brukt til biologisk krigføring, blant anna under første verdskrigen [4].

Sjølv om det godt kunne vere miltbrann som var dødsårsaka til kua som Odin såg i sjøen, høyrer vi ikkje meir om dette, og Duun skildrar heller ingen menneske som har fått miltbrann. Det kunne sjølvsagt vere katastrofalt nok at buskapen strauk med, så det var sikkert alltid uhygge når det var mistanke om miltbrann.

7.4. Kikhorte

Kikhorte var ein annan frykta sjukdom som kunne råke små barn. I romanen «Harald» kan vi lese om Harald og Petra som har fått ei jente. Petra har vore plaga med depresjonar før, men det skal bli verre:


... Ein kvelden, da Harald hadde lagt seg og Petra heldt på og klædde av seg, sukk ho med seg sjølv: - Berre ikkje den næste ulukka bli den tyngste! Ho vart det. Veslejenta deira vart sjuk og døde. Kikhosten gjekk i bygda, og han var streng. Dei henta dokteren i god tid, men barne vart kleinare og kleinare, og da dei vilde hente dokteren att, var han vekkreist. Så vaknar Harald midt på natta og ser Petra går og går på golvet med barne innåt barmen. Ho stirrer tomt framfor seg, og han spring opp med det same og veit korleis det står til.

.....
I ein augneblink, eit manna-liv så lang, var han i eitt med henne, leita etter luft for sorga som stroypete i bringa hennar, såg live som ein veg over lange, lange moar, der den må vandre som har mist alt ein ikkje tåler å miste. Og når ho såg på han med kalde, tørre auge, så var det han sjølv som gjorde det, han såg på seg som på ein framand som gjerne kunde ha vore vekk. Han såg skuggen av seg, ein kald grå skugge. Han såg barne, utan å sjå på det, eit lite andlet – eit lite utpint andlet – som grov og grov djupt inni hjarte, to små hender, som hadde blåna bort, men som aldri, aldri, slepte taket. ... (Harald (4);83)

Etter at veslejenta dør, blir Petra enda meir deprimert enn før, og det ender med at ho tek livet sitt.

Kommentarar

Kikhøste er ein bakteriell luftvegsinfeksjon forårsaka av *Bordetella pertussis*. Sjukdommen gir langvarig og kraftig hoste, hos barn ofte med karakteristiske kikeanfall etterfølgt av brekningar. Kikhøste vart første gongen skildra i 1540, og det første utbrotet vart skildra i 1578. Bakterien vart identifisert i 1906. Før kikhøstevaksinen vart ein del av barnevaksinasjonsprogrammet, var det kikhøstepidemiar med 4-5 års mellomrom, og ca. 90% av alle barn vart den gongen smitta av kikhøste i løpet av barneåra. Høgst insidens av kikhøste i Noreg vart meldt i 1949 med 48 567 tilfelle; og med 80 dødsfall hos små barn. Kikhøstevaksinen vart tilgjengeleg i Noreg frå slutten av 1940-åra og vart ein del av barnevaksinasjonsprogrammet frå 1952. Etter det vart forekomsten kraftig redusert. Verdas helseorganisasjon har rekna ut at ca. 195 000 dødsfall kvart år er forårsaka av kikhøste, og 90 % av desse er i utviklingsland. Sidan 1997 er det i Noreg observert auka forekomst av kikhøste, særlig hos eldre barn og unge.[5]



Figur 7.2. Tilfelle av kikhøste per 100 000 innbyggjarar i Noreg 1900-2016 etter diagnoseår [5].

7.5. Tyfoidfeber - nervefeber

Juvikingen Blind-Anders hadde to søner, Per og Jens. Ikkje lenge etter at Anders har mista synet, blir først Jens sjuk av nervefeber (tyfoidfeber). Jens kjem seg over sjukdommen, men etterpå blir Per sjuk:

... så kom dei med tidna at Jens var sjuk. Nervefeberen var ute og før, og han hadde alt teke mange. – Trur no aldri han tek han Jens lel, sa Anders. For når han stod over småpokko, stod han vel over einkvart anna òg. ... Han stavra inn til Per og Marja ein dagen. – Du tenker deg åt han Jens? sa han. Og det var no det; men denne her nervefeberen er ein klegg til sott, ho smittar og sitt med som vond lukt. – Ja, sa både Per og Marja. Dei hadde hørt det same, og det såg ut som det var noko i det. – Så du går ikkje dit nei, sa han. For han har no denne gammalbingsa, ho Mærit, til å røkte seg. – Det kjem for meg at eg får sjå dit lel. – Du let det vera! sa Marja. Anders sa ikkje meir; han sat og tørka sveitten og pusta tungt. Eg får no kjenne, sa Per; og det visste Anders var jamgodt med at han gjekk. Og gjekk gjorde han.

Og det bar til som Anders hadde spådd seg det. Per var der natt etter natt og vaka, og Jens stod det over, og Per vart sjuk. ...

... Han (Anders) flytta berre med stolen sin ut i Øysterstua, og der heldt han til attmed senga i eitt å kalle, til det var slutt. – Per låg og snakka over seg i eitt vekk, liksom han hadde sagt så alt for lite før. Andes hørte ikkje på det, vilde ikkje høre eit ord av det, og ingen annan skulde høre det heller. Dei heldt seg elles bra unda av seg sjølv, ja kona med. Anders smilte når han såg korlivredd ho var om ho kom i døra ein blink. – Det var han og Per døgne rundt, og slik vilde han ha det. – Somtid snakka han litt med Per, det var berre kviskring, og gjernast dei same orda: Enn at det skulde bli eg som passa deg da, Per, og ikkje du meg. Kven skal passe meg da, trur du? Ja ja ja. Først let eg att auga hans far. No ventar dei seg dette her av meg.

Ingen kunde merke noko særlig sorg på Anders da Per vart førd. (I blinda (5);287-289)

Kommentarar

Sjukdomsbildet her er ikkje særleg nøye skildra, anna enn at Per har feber og feberfantasiar. Denne hendinga er lagt til omtrent midt på 1800-talet, dvs. før salmonella-bakterien vart påvist. Men familien veit godt at sjukdomen er smittsam, så dei er redde for å bli smitta, og med god grunn. At tyfoidfeber var aktuell på Duuns tid viser også Medisinalmeldingane frå 1880, der det blir rapportert at det i ytre Namdal er 36 fleire tilfelle enn i 1879 [6]. Også i 1890 vart det rapportert om tyfoidfeber, men færre enn før, så epidemien vart da rekna for å vere over [7].


Tyfoidfeber (nervefeber) vart først skildra i 1829, og bakterien som er årsaka til sjukdommen, *Salmonella typhi*, vart første gong påvist i 1880. Større utbrot var ofte assosiert med krigssituasjonar med dårlig hygiene og dårlig kvalitet på drikkevatnet, f.eks. under den amerikanske borgarkrigen (1861–1865), den spansk-amerikanske krigen (1898) og Boarkrigen (1899-1902). Vaksine mot tyfoidfeber vart tatt i bruk under første verdskrigen og hindra større utbrot blant soldatar under krigen.

Første skildringa av ein tyfoidepidemi i Noreg var på 1700-tallet. Ved tyfoidfeber får pasienten høg feber på 39-40 grader, låg puls, er slapp, får hovudpine, mangel på matlyst, alvorleg diaré, magesmerter og utslett som flate, raudfarga flekker kalla roseflekker. På grunn av diaréen dør mange av inntörking og forstyrra saltbalanse i kroppen. Nyresvikt er ikkje uvanleg. Ubehandla varer tyfoidfeber i tre til fire veker, og ubehandla dør opp til 10% av dei som er smitta [8].

Utbrot av tyfoid- og paratyfoidfeber var ikkje uvanleg i Noreg på 1800-talet, og sjukdommen vart da kalla *forråtnelsesfeber* eller *landfarsott*. Frå slutten av 1800-talet vart tyfoid- og paratyfoidfeber kalla *nervefeber*, da sjukdommen bl.a. kunne gi fantasering og mental apati. I Noreg var spesielt mjølkeepidemiar utbreidd. Mjølk vart ofte forureina med bakterien av kroniske bærarar. Da mjølk frå den enkelte leverandøren vart blanda med mjølk frå andre leverandørar, kunne ein enkelt kronisk bærar gi opphav til større utbrot, spesielt i byane. Sjukdommen blussa opp i Noreg under

andre verdskrigen. Eit generelt påbod om pasteurisering av mjølk som skulle seljast vart lovbestemt i Norge så seint som i 1951 [8].

Det finst ein vaksine mot tyfoidfeber som tilrådd for personar som reiser i område der sjukdommen er vanleg (særleg Asia, Afrika og Latin-Amerika). Behandlinga er antibiotika i tillegg til symptomatisk behandling, særleg væsketilførsel. I perioden 2009-2016 vart det meldt inn 9-16 tilfelle per år i Noreg. Bakterien er svært vanleg på verdensbasis – Verdas helseorganisasjon reknar med at 11-20 millionar menneske blir sjuke og at opp til 160 000 dør av tyfoidfeber årleg, særleg i Asia [8].



Figur 7.3. Tilfelle av tyfoidfeber per 100 000 innbyggjarar i Norge 1928-2016 etter diagnoseår. Auken frå 1980-talet kjem hovudsakeleg av sjukdom hos innvandrargar på besøk i tidlegare heimland [8].

7.6. Ulike andre infeksjonar

Gangren/koldbrann. Sepsis/blodforgiftning

I bind 2 av Juvikfolke, «I blinda», er Anders hovudpersonen. Han giftar seg med Solvi, som er av sameslekt. Etter at Anders og Solvi er gift, går det dårlig hos naboane i Engdalen, der Massi og Ola bur. Ola har av ein eller annan grunn fått infeksjon i ein fot. Skildringa, blant anna av den uuthaldelege lukta, kan tyde på det har utvikla seg til gangren (koldbrann). Dette kunne lett utvikle seg vidare til blodforgiftning (sepsis), noko som var livstruande før antibiotikaen kom:

... Og enno mindre vann ho (Massi) seg inn i stua der Ola låg, det var slik lukt av foten, og det såg ut som ho skydde mannen for det. Petter var den som måtte røkte han, og det var armelig nok han klara det.

Verst var det om natta, for Ola fekk ikkje sova, pina sleit han ut i lange rider så han vart vond og apsam, og imillom var det berre tulle med han, han låg og bantes og bar seg for all slag styggmakt som sette inn på han, han såg grangivelig skapningar attmed senga si; det kunde ta i hu-tenna på ein og løfte, så utrivelig var det. ... (I blinda (5);177)

... Den kvelden kom Petter og vilde vera på Håberg. Han stod det ikkje ut med Ola lenger, og så hadde dei fått fatt i eit menneske til å passe han, den stunda han hadde att. ... (I blinda (5);181)

Anders kjem på besök til Engdalen:

... Han fann eit frammund-kvinnfolk inne, og såg Ola borti senga. Anders såg straks her stod einkvart på, og han gjekk på tærne bortåt. Ola kjente han ikkje. Han låg og døde. Andlete hadde vorte blått på han, og auga åtte ikkje liv lenger; han tala og bala, men tunga var tjukk og vali så det vart berre ei klagande ulåt. ... (I blinda (5);183)

Kva som er årsak til Olas infeksjon veit vi ikkje, det kunne vere berre eit lite sår det hadde sett seg bakterieinfeksjon i. Før antibiotikaen kom i bruk sist på 1940-talet hadde ein lite å hjelpe seg med i slike situasjonar. Der det var kyndige legar til stades kunne ein amputere foten for å stoppe infeksjonen og hindre den livstruande blodforgiftninga, og slik behandling var ikkje uvanleg for eksempel under krigar der dei hadde krigskirurgar. I Ytter-Namdalens midt på 1800-talet derimot, var ikkje slikt aktuelt, så Ola måtte berre ligge å døy sakte men sikkert, under store plager og med ein stank rundt seg som også sette familien og andre som skulle stelle han på prøve.

Sepsis på grunn av ei vond tå

I «Gud smiler» får vi høre om eit liknande tilfelle. Det er mora til hovudpersonen Justin som har fått infeksjon i ei vond tå, og det tek livet av henne:

... Mor hadde vondt i ei tå. Rebekka sa til henne ein dagen at dette var farlig, det hadde blitt døden av det for somme. – Døden? sa mor. – Han kunde komma som lyn frå klår himmel ja, påstod Rebekka. – Da kjem han ikkje i mi tid, svara mor og hinka sin veg. Før dei fekk overtala henne og henta dokteren, før døden i henne, og så var det gjort.

Justin hadde hørt einkvart med hansov, stod så opp midt på natta og gjekk ned, no skulde dokteren hit! Da han kom ned i kammerse stod Rebekka der krita bleik, ho såg på han så hjelpelaus at han glømte det aldri. Mor kjente han ikkje, ho låg og fekta med armane og tala i vikska. Han før ut og drog fram kjerra.

Lenger kom han ikkje før Rebekka stod i døra og sa einkvart. Mor hadde ei fæl ri da han kom inn, og da var det over, da var det slut. Enten dei trudde det eller ikkje. ... (Gud smiler (11);121)

I «Menneske og maktene» hører vi om Eivind som også fekk blodforgiftning og vart sendt til dokteren. (Menneske og maktene (12);148-149)

Halsbyll

I «I blinda» giftar Anders og Massi seg og lever i lag i mange år. Men så får Massi ein svull i halsen. Vanleg årsak til ein slik halsbyll er ein bakterieinfeksjon (streptokokkar), dvs. ein halsinfeksjon. Anders vil bruke kniven frå utsida for å tømme byllen, men Massi vil ikkje, så halsbyllen får utvikle seg slik at ho også får pusteproblem. Ho blir slapp, men det er usikkert kor mykje ho er påverka av generell infeksjon. Til slutt tømmer byllen seg av seg sjølv:

... Massi låg inni stua. Ho hadde flytta utor kammerset straks ho vart klein. Ho låg og såg fram imot dem, med det same augelage ho hadde hatt all tida når ho såg på dem; det var berre enda meir rolig. ... Utover natta vart striden tyngre og tyngre. Ho fekk ikkje luft. Anders reiste seg fleire gonger og vilde gjera det han burde gjera: han vilde klemme utanpå halsen til det gjekk hol på svullen. Men han kom ikkje i veg med det. Han sat fast. ... Ho døde ut på morgenparten. Det gjekk hol på svullen av seg sjølv, så det stod fram med verk og blod. Anders fekk ei skjelverid, for dette bar da jamisel til live det og ikkje andre vegen! No slo ho enda auga opp, livs vaken og retande, såg dem alle i hop og kjentes ved dem.

«Slutt fred med Vårherre, Anders», kviskra ho. Han e likar enn du trur. Slutt fred med all i hop. Du hi vunni nok no».

Så tok døden til. Ho fekk kramperykk og skjelvingar, stivna til over all kroppen, og gleid bort ifrå dem. Det måtte ha vore eiter og forgift i den bylden, ansles kunde ikkje Anders få det til. ... (I blinda (5);258-259)

Ut frå skildringa er det grunn til å tru at Massi også får ei generell blodforgifting (sepsis) etter at det går hol på byllen. I dag ville Massi fått penicillin for den vonde halsen sin av fastlegen. Dersom det likevel hadde utvikla seg til halsbyll, ville det vore aktuelt med kirurgi, dvs. å opne og tømme byllen. Det ville bli gjort enten av fastlegen eller av ein øyre-nase-hals-spesialist, og dersom det hadde kome teikn på

sepsis/blodforgifting, ville ho fått intensiv antibiotika-behandling på sjukehuset. Risikoen for ein dødeleg utgang ved ein slik sjukdom i Noreg i dag er svært liten.

7.7. Diskusjon

Det er infeksjonssjukdommane som dominerer sjukdomsbildet blant Duuns litterære personar. Før antibiotikaen kom i bruk, kunne nær sagt alle infeksjonar vere farlege. Tuberkulosen var den som var mest frykta, men også andre infeksjonar kunne vere dramatiske. Ei forkjøling med eit «uskyldig» virus kunne utvikle seg til ein bakteriell lungebetennelse, noko som ofte tok livet av både barn og vaksne. Som vi har sett, har Duun fleire slike skildringar. Barnesjukdommar som vi i dag knapt tek alvorleg, for eksempel difteri og kikhorte, gjekk som dødelege epidemiar over bygdene. Dårleg hygiene og manglande kunnskap kunne føre til epidemiar med tyfoidfeber.

Situasjonen på Jøa på Duuns tid

Medisinalmeldingane stadfester at mange av sjukdommane som Duun skildrar, var vanlege på Jøa på slutten av 1800-talet, men det var også nokre sjukdommar som Duun ikkje skildrar, som førekom ofte, for eksempel skarlagensfeber og meslingar. I 1881 skriv distriktslegen:

... Af Scarlatina med Difterit forekom allerede i Begyndelsen af Aaret 1 Tilfælde i Ullensvig, importert fra Eidsfjorden, og den Snedker, der arbeidede Ligkisten, førte Sygdommen med sig hjem til Fosland, hvor alle Børnene angrebes og 1 døde. I Mai importeredes Smitten fra Bjørnør til Sellevigsplads i Bølefjorden, hvor flere døde i samme Hus. Til flere Steder kom imidlertid ikke Sygdommen, da Folk af Frykt i lang Tid holdt sig borte fra de smittede Steder. ... [9]

I 1883 skriv distriktslegen:

... Det forløbne Aar har været særdeles rigt paa Epidemier. Blodgang og Mæslinger udbredte sig videre fra forrige Aar Mæslingerne artede sig i det hele meget ondartet, idet ikke alene Patienterne under gunstige Tilfælde følte sig særdeles daarlige, men Sygdommen efterfulges ogsaa oftere af Tæring, Meningit, Miliaer tuberkulose Patienter der i Forveien havde Bronchit med Sibili, Ronchi og Rallelyd, døde uden undtagelse, naar de blevne angrebne af Mæslinger. ... [10]

Og i 1886:

... Af andre epidemiske Sygdomme optraadte Kighosten over hele Distriktet, medens Difteriten optraadte mest paa paa Jøen og Salsnæsset.

Bronchiterne var meget hyppige og af 2 Slags. De behandlede have naturligvis været de daarligste, men langt flere Tilfælderne ere forløbne uden Behandling. [Denne] Sort forekom mest i de Familier, hvor Børnene havde Kighoste og da især hos dem, der passede Børnene. Hosten var intens og skraldende, af og til med lidt Kigen, og uden auscultatoriske Fund. Af de Angrebne var Folk i alle Aldere lige op til 70 Aar, og blandt dem Folk, som med Bestemthed vidste tidligere at have gjennemgaaet Kighosten. ... [11]

Også i Medicinalmeldingane for åra 1886 – 1893 er det rapportert om lungebetennelse, difteri, meslinger og skarlagensfeber. Alt i alt stafester Medisinalmeldingane at infeksjonar var vanlege i Ytter-Namdalens på slutten av 1800-talet, slik det også er skildra i Duuns litterære univers.

Relevans i dag

Infeksjonssjukdommane er kanskje dei som har endra seg mest sidan Duuns dagar. Koppevaksinen var obligatorisk alt frå 1805, og vi fekk difteri antitoksinserum i 1895. Arbeidet med å betre hygienen starta alt på siste halvdel av 1800-talet og heldt fram langt inn på 1900-talet. Folk fekk meir kunnskap om smittemåtar og om kor

vikting hygienen var, det vart betre kvalitet på drikkevatnet og betre kloakk- og avfallshandtering. Etter kvart vart det vanleg å pasteurisere mjølka. Levestandarden vart og generelt betre utover 1900-talet med betre ernæring, noko som i sin tur ga betre immunforsvar. Økonomien var i framgang. I tillegg vart helsetenestene utbygd, med fleire legar, fleire sjukehus og etter kvart også helseosstrer. Dette førte blant anna til at dødelegheta av tuberkulose begynte å gå ned alt frå 1920-talet. Men ut over slike generelle tiltak hadde legane lite å tilby av effektiv behandling før etter Duuns tid. Først på 1940-talet, da antibiotikaen kom i bruk, fekk legane effektive medisinar. Dessutan fekk vi i tiåra etter andre verdskrigen vaksiner både mot tuberkulose, difteri, kikhoste, meslinger og polio, noko som har vore med på å hindre slike epidemiar som folk frykta og som Duun skildrar.

Alt dette gjer at situasjonen når det gjeld infeksjonssjukdommar generelt i dag i Noreg er heilt annleis enn han var på Duun si tid. Dagens generasjon av norske helsearbeidrarar har difor knapt sett mange av dei sjukdomstilfella som Duun skildrar, for eksempel terminal lungetuberkulose hos unge, difteri, dødsfall av kikhoste hos barn eller alvorleg tyfoidfeber. Vi skal likevel ikkje langt utom Noregs grenser før vi også i dag kan oppleve situasjonar omtrent slik Duun skildrar dei. Difor, med aukande reiselyst blant nordmenn, fleire innvandrurar, aukande antibiotikaresistens og fleire vaksinemotstandarar, kan situasjonen endre seg også her til lands.

8. Graviditet og fødsel. Kvinnenes stilling

I heile forfattarskapen til Duun har kvinnene sjølvsagte og sentrale roller, og mange av kvinnene går gjennom graviditetar og fødslar, noko som naturleg nok har både kjenslemessige og praktiske konsekvensar, ikkje berre for kvinnene, men også for dei som står omkring. I dette kapittelet vil eg drøfte ulike medisinske og sosiale sider hos kvinnene i Duuns litteratur.

8.1. Seksualvanar og barnebegrensing

Mange av romanfigurane hos Duun er unge, driftene er sterke, det er mange besøk på lemmen til jentene, og dette får konsekvensar på fleire måtar. Skildringar av seksuell aktivitet held Duun seg likevel unna, på dette området er han blyg, slik det sikkert høvde seg på hans tid. Det er eit par eksempel der han er litt meir direkte i omtalen: I ein episode frå «Storbrylloppet», der Peder Håberg overnattar hos Andrea, får dei servert kaffe på senga av ei tenestejente morgonen etter:

... Gjenta drog ikkje på smilen eingong. Forlova folk låg i lag dei, slik var no det; dei gjorde det visst om dei var utrulin fine. – Eg kjem ifrå det andre pare, sa ho, - og no sett eg stelle her. ... (Storbrylloppet (6); 91)

Eit anna eksempel er Astri Håberg, som reiser til byen og giftar seg med den dødssjuke Arne Finne. Han har tæring, er sengeliggande og har berre kort tid att å leve. Astri sit hos han og steller han døgnet rundt dei tre vekene han lever:

... Som snarast, eit døgn eller to, såg det ut som sjukdommen hadde slakna. Hosten linna litt i, og sømnen vart jamnare; ein dagensov dei fleire timar båe to.

Den natta låg han og såg på henne, tok ikkje auga ifrå henne. Handa hennar heldt han så det brente. – Astri! kviskra han. – Astri! Da reiste ho seg, med brennande kinner, tungt og ålvorlig. Ja, Arne. Eg kan ikkje seie nei til deg. Det får - bli som det vil.

Ho såg ut. Det var grålyse natta der. Lauve rørte seg i vinden, og våra pusta frammد stranda; det var forunderlig langt unda henne. Og rolig og ålvorsamt som ho hadde reist seg, tok ho til å klæ av seg og gjekk og la seg attmed han. – Er her rom til meg da? sa ho.

Utpå morgoparten, da ho stod opp, klaga han: Du hadde ikkje tenkt det her, Astri, da du kom hit! – Nei, kanskje. Nei, sant å seie. Men no er du guten min, Arne! (I ungdommen (7); 59-60)

Kva Duuns romanfigurar tenkte om prevensjon og barnebegrensning veit vi ingen ting om. På 1800-talet og tidleg 1900-tal var det ikkje heilt uvanleg med tosifra barnetal, men ingen av familiene hos Duun har svært mange barn. Per Anders og Ane, som lever på slutten av 1700-talet og starten på 1800-talet, har seks barn (Juvikingar, (5)) (sjå vedlegg 5). Sonen Per og Valborg har berre to barn (Juvikingar (5)), mens barnebarnet (Blind)-Anders får seks barn med Massi, i tillegg til eit med Solvi og eit med tausa (I blinda (5)). Åsel, dottera til (Blind)-Anders og Massi, som lever på slutten av 1800-talet, får fem barn (Storbrylloppet (6)), mens Odin og Ingri, som lever først på 1900-talet, berre får to, og Astri og Lauris får fire barn (I stormen (7)). Heller ingen av dei andre av Duuns romanfigurar som lever først på 1900-talet har store ungekull.

Nokolunde effektive prevensjonsmidlar som pessar og kondom vart ikkje vanleg tilgjengeleg før på 1930-talet. Langvarig amming var ein gammal og kjend metode for å hindre ny graviditet, men Duun nemner knapt amming i det heile, så det veit vi lite om.

8.2. Redsel for graviditet

Sjølv om det i Duuns univers måtte vere mange som gjekk rundt og var redde for å bli gravide, høyrer vi om dette berre nokre få gonger. Eit eksempel er Odin, som er på lemmen til Karen-Anna alt før han er konfirmert. Dette kjem ut på bygda, og det er berre så vidt han får bli konfirmert. Konfirmasjonen var ein viktig milepål, så det å bli nekta konfirmasjon ville ha vore ei stor skam.

... Og no først rente det som kniven gjennom han, at var ulykka ute, så stod det gale til med ho Karen-Anna, ho hadde noko å fortele han, og da vart det ikkje anna råd enn å gifte seg; når tida kom. For slik var det i Kjelvika, og slik skulde det vera frami bygda òg, at eit ord var eit ord og mann var ein mann! ... (I eventyre (6); 256)

Odin meiner altså at han må gifte seg dersom Karen-Anna er gravid, men korleis Karen-Anna opplever denne situasjonen, veit vi ingen ting om.

Gudrun i «Gud smiler» goymer Vidar Holm på loftet sitt ei tid mens han er etterlyst for drap. Seinare, under brannen på Sevaldstad, dett han ned og slår seg i hel. Etterpå tenker Gudrun på at ho kanskje kunne vere gravid:

... Det kom dag og annan at ho måtte ligge til sengs ei tak, måtte late att auga og ligge stokk still. Ei tid var ho redd ho skulde ha barn. Sia var ho uglad for di ho ikkje var verdig til det. ... (Gud smiler (11); 274)

8.3. Uønska graviditet og «lausungar»

Uønska graviditet og «lausungar» er ikkje eit uvanleg fenomen hos Duun. Barn utanfor ekteskap er ei skam, men mange som blir gravide giftar seg før fødselen og kan dermed «berge seg». Andre må berre leve med skamma. Ofte er løysinga å sette bort barnet til andre som tek seg av oppfostringa.

Barn med tausa

I andre bindet av «Juvikfolke» følger vi (Blind)-Anders og Massi på Håberg, som lever omkring midt på 1800-talet. Dei får fleire barn, og til slutt får dei ein «attpåklett», Ola («røytegget»). Det er ein vanskeleg fødsel, så Massi får helseplager i lang tid etterpå. Kva slags helseplager det er, står det ingenting om, men kanskje er det underlivsplager, for det verkar som ho unnskylder Anders når han set barn på ei av tausene:

... og slik måtte det vel gå, når ho var kleinslig i årevis ...

... Den tida Massi var sjuk, hendte det noko leit. Ei av tausene fekk barn med Anders.

Slik hadde mest ikkje hendt der i bygda, det skjemte ut ein mann for levetida. Det var tyngst å gå til Massi med det. Anders angra det så han stod mest ikkje bein for henne, han kunde aldri i live ha fått fram eit ord om det, hadde det ikkje vore for det at det var så for gale. Men Massi ho visste det alt, han trong ikkje fortele det, og no først såg han kor tung sint ho hadde gått her og bore det med seg sjølv. ... (I blinda (5); 208)

... Ho tok det ovanfrå og ned, som ho gjorde med allting: Dei skulde ha dette, det var så tillaga; og slik måtte det vel gå, når ho var kleinslig i årevis og gjenta var så vidt vakker. – Dei leigde gjenta inn i plassane ein stad, og sorgde vel for henne i alle måtar, og åre etter tok Anders henne med seg opp i bygdene og tinga henne teneste der. Barne døde for resten snart. Vårherre var god både mot det og mot dei andre, sa Massi. – Kra folke sa og meinte, kom Anders mindre i hug; han hadde så lite med dem. ... (I blinda (5);208)

Korleis jenta som blir gravid opplever å bli gravid med husbonden og deretter bli sendt bort, høyrer vi ingen ting om. Vi høyrer heller ingen ting om korleis ho opplever det når barnet dør, men det verkar som Anders og Massi blir letta.



Olav Duun budde mesteparten av livet i Holmestrand, og vart på den måten ein slags «emigrantforfattar». Mens han budde på Jøa hadde han opplevd sjukdom og død både i familien og elles, fått med seg mange historier og vori ein lesehest sidan han var liten, så han hadde rikeleg stoff også når han skulle skildre sjukdom og uhelse.
(Foto: Wilse (1936), Nasjonalbiblioteket)




Olav Duun vaks opp på Jøa i Namdalen, og var ein erfaren arbeidskar på 25 år da han reiste til lærarskolen på Levanger. Seinare var han sjeldan på Jøa, men la likevel handlinga i dei fleste romanane til heimtraktene som han kjente som ung. (Foto: Turkart Jøa, Kjentmann.no)



Olav Duun og Emma Nakling gifta seg i 1908 og flytta same året til Holmestrand. Dotra Dagmar vart fødd i 1910. Etter nokre år fekk dei kjøpt huset på Rambergfjellet, der dei budde resten av livet. Her er familién fotografert i hagen i 1928. Duun hadde nokre få venner, men familién levde elles mykje for seg sjølv. Emma budde der i mange år etter at mannen døydde, og også da verna ho sterkt om privatlivet. (Foto: Wilse (1928), Nasjonalbiblioteket)




«*Eg vil taka av mitt eige og forkynne dykk*» skal Duun ha sagt. Sitatet er rissa inn på bautaen som er reist på heimpllassen hans Øver-Dón på Jøa. Det er mykje som tyder på at han brukte eigne erfaringar og opplevingar når han skreiv, og det er grunn til å tru at det galdt også når han skildra sjukdom og uhelse. (Foto: Jostein Holmen)



I 1949, ti år etter at Olav Duun døydde, ga Olaf Norlis Forlag og Johan Grundt Tanum Forlag ut den såkalla Minneutgåva med Duuns litteratur, og det er denne utgåva, med Duuns originalspråk, som er brukt som grunnlag for denne boka. Forleggar Olaf Norli (1861–1959) og Duun hadde eit nært samarbeid i alle år. (Foto: Jostein Holmen)



Afrikanar i grønt skjerf. Edvard Munch (1916). Duuns litterære personar omtalar ofte «utgrupper» som samar, tatrar og negrar i ein rasistisk tone, slik det truleg var vanleg i Duuns levetid. Edvard Munch, som levde omtrent samtidig med Duun, oppdaga afrikanaren Abdul Karim på sirkus og engasjerte han som modell på Ekely. Dette var ei tid da både afrikanarar og samar ofte vart vist fram som kuriositetar. Det at Munch kleddet Abdul Karim i vanlege, vestlege kleda når han mala han, for å vise at han var eit «vanleg menneske», var uvanleg. (Foto: Munchmuseet)



«Syk pike». Edvard Munch (1885–1886). Tuberkulosen var ein langvarig, ofte «stille» sjukdom som tok mange unge liv på Duuns tid. I mange av romanane skildrar Duun tuberkulosen, og sjukdommen er eit gjennomgangstema bl.a. i «Juvikfolke». Men alt i Duuns første roman «Marjane» (1908) skildrar han korleis sjukdommen kunne vere tabuisert, og kor tragisk det er når Marjane døyr i 17–18-års alderen. Også på Edvard Munch, som levde omrent på same tid som Duun, gjorde det sterkt inntrykk da søstra hans døydde av tuberkulose, slik han har skildra det i dette maleriet. (Foto: Munchmuseet)



I «Gud smiler» opplever Justin Bunese at mor hans først får vondt i ei tå. Men ganske snart blir ho alvorleg sjuk og dør, truleg har ho fått ein infeksjon i tåa, som i sin tur har ført til blodforgiftning (sepsis). Før antibiotika kom i bruk kunne ein slik infeksjon vere livsfarleg. Også Rebekka, jenta som Justin veks opp saman med, opplever det dramatiske dødsfallet. Her er Justin framstilt av Kristoffer Hjulstad og Rebekka framstilt av Emilie Mordal i dramatiseringa av «Gud smiler» på Turnéteateret i Trøndelag i 2019.

(Foto: Turnéteateret i Trøndelag)

«Lausungen» Odin blir bortsett

Hovudpersonen i dei tre siste binda av «Juvikfolke», Odin, er også fødd utanom ekteskap. Eilert på Vennestad hadde vorte enkemann, og Elen, dotter på Håberg, flyttar til han for å stelle huset. Dit kjem snekkaren Otte Setran for å innreie stuá. Han er der utover hausten og arbeider, men blir der også over jul, enda han da er ferdig med arbeidet. Når folk reiser på fisket, reiser Otte til gjengjeld til Amerika.

... Ut på haustparten kom guten til. Så uventa hadde ikkje slike barn komme til der i bygda, i manns alder. No lo dei til det, men den gongen syntes dei ho hadde hatt dem til nar alle i hop, så det kjentes. Ho lo enda, da ho låg på seng. – Slik ein velskapt gutunge da, sa Åsel Håberg, mor hennar. – Han gjorde jammen vel og! Vi var no ingen fuskarar, nokon tå oss! Og til den einaste ungdomsveninna si sa ho, da ho sat der på sengavlen hos henne: Ei einaste natt var han her, og så kom han ikkje att meir! – Kom han ikkje att meir? – Nei, for eg stengte døra igjen. Meir skulde det ikkje til. For det skulde gå slik.

Sia kom det ut, at ein av ungdommane hadde snakka med Otte, da han stod på ferdafot til Amerika. Om han ikkje skulde til Vennestad før han fór? – Nei. Ho vilde ikkje ha meg: ho stengte meg ute. Venta ikkje anna heller for resten. (I eventyre (6); 156-157).

Elen og Otte bur altså på same garden i over eit halvt år, dei har eit godtauge til kvarandre og har ei natt i lag. Men dei snakkar ikkje med kvarandre, så da ho stenger loftsdøra for han, tolkar han det slik at ho ikkje vil ha han. Dermed reiser han til Amerika utan å snakke med henne og utan å vite at ho er gravid. Når guten er fødd, høyrest det ut som Elen er stolt av guten, men det er likevel ei skam å få unge utanom ekteskap:

... Ho var utskjemt. Heim til Håberg kom ho aldri meir, og Åsel var ikkje den som trødde ut dørene for folk; og dei andre hadde heller ikkje stort å gjera der. Ingen kunde seie at ho tok seg nær av det, ho var heller lysare å sjå til enn før, og ho lo når det der var einkvart å le til.

... (I eventyre (6);157)

Seinare kjem Iver, brorsonen til Eilert, til Vennestad og kjøper garden. Etter kvart giftar Elen og han seg.

... Her i vår vart dei gift, og no hadde ho vore i Kjelvika med gutungen sin. For han var ikkje med i kontrakten, sa folk, og han Iver han vilde ikkje sjå han, hadde dei hørt. Han sa ikkje noko, han var ikkje den mannen, men det vart så kaldt i stua når han såg i kring seg og ikkje likte seg. Han var ein rett-tenkande mann, det var ingen som sa anna, og Elen var han visst god med, han hadde gjerne gått eit bra stykke veg for hennar skyld. Så var det vel ikkje for mykje om ho gjekk denne stubben for han?

Nei, sa ho med seg sjøl. Såpass fekk eg gjera. Etter som han ikkje sa eit ord om det. Hadde han nemnt det, så hadde det aldri vorte. Og ikkje hadde ho tenkt det heller frå førsten, det var langt av den vegen. Men ho såg skuggen i huse, og den hadde han Iver ikkje fortent. For han var meir til mann enn ho hadde tenkt. Ikkje var det så beint for henne heller med guten, det hadde vorte tyngre for kvar veka som gjekk, at her hørte han ikkje til. Ho hadde liksom teke på seg å gi han bort, ho fekk stå ved det. ... (I eventyre (6); 158).

Elen kjenner på seg at Iver ikkje kan tolerere Odin, så ho føler seg pressa til å sette han bort. Heller ikkje her snakkar dei om denne vanskelege situasjonen – ho berre tolkar mannen sin – og dermed blir ho med sjuåringen Odin til Kjelvika, slik at han kan bu der.

... så bra or vegen der...

I «Nøkksjølia» får vi høre at Sigrunn, eldste dottera til lensmannen, får ei jente straks etter at ho er gift. Mannen blir sett fast på grunn av underslag og henger seg ikkje lenge etter:

... Sigrunn strauk til byen. Ho vilde ha korkje hjelp eller trøyst. Barne sørgde lensmannen for. Eit år eller så etter dette vart fortalt at ho var gift att; storveges godt gift òg, med ein – ja, dei visste ikkje så nett å seie kva slags mann han var, men det skulde vera av dei grummaste som fans. Barne vart bortsett til Nøkksjølia, til han Erik. Der kunde det ha det så godt som blomen i egge, og så var det så bra or vegen der. Det kunde vera nok for mannen hennar Sigrunn, sa lensmannen, at han visste ho hadde hatt ein mann før, om han ikkje skulde vita ho hadde ein unge òg. ... (Nøkksjølia (2);7)

... men guten vilde han ikkje sjå ...

I «Samtid» er det storebror til Agnar, Aleksander, eller Sander som dei kalla han, som driv garden. Han er gift med Anna:

... Ho hadde eit barn før ho var gift, ein gutunge. Det likte Sander henne like godt for, men guten vilde han ikkje sjå, han måtte bli heime boss foreldra hennes, enda dei var meir enn mange nok i huse der. Men no da der kunde vera hjelp i guten vilde han ha tak i han. Ho hadde lengta nok etter gutpilten sin, såla, men ho torde ikkje for sitt berre liv gi han Sander i vald. ... (Samtid (12);33)

Burde ikkje vore «påsett»

I «Ragnhild» er Ellida hushaldar hos Håkon i dei åra Ragnhild sit i fengsel. Ellida har ein gut og er altså einsleg mor:

... Ho visste folk såg ned på henne for denne gutungen, derfor bar ho horude så høgt og såg så fritt på ein ... (Ragnhild (10);155)

Ellida og guten hennes bur på Stavsund i seks år. Guten blir omtala mange gonger, men konsekvent i negative ordelag, og dei brukar aldri namnet hans:

... Så nær som Ellidaguten, og at han hadde vorte på-sett det var ei skam. ... (Ragnhild (10);215)

Broren til Håkon, Johannes, kjem heim frå Amerika, og Ellida blir gravid med han. Håkon kommenterer dette på denne måten:

... Gjenta var ferdiggjort, slik stod det til, ho stod der og fortalte det og syntet det fram, ...
(Ragnhild (10);197)

På leiting etter jenta si – 35 år etter

I novella «På leiting» får vi høre at Lisbet er oppsagt frå tenesta hos lensmannen fordi ho er for gammal, etter at ho har vore der i 40 år. No er ho på veg sørover for å finne Jonetta, jenta som ho sette bort til frammandfolk for 35 sidan.

... Ho hadde havt dette barne med ho tente i lensmannsgaren. Ho gjekk ut or tenesta eit års tid og var hos søster si, som budde langt unda, for lensmannfrua måtte ikkje få nysn i det som hendte. Barne vart bortsett til snildt folk, det var så hjartans god ein gjentunge, og Jonetta heitte ho, etter faren. Kven han var, det visste berre ho Lisbeth sjølv og så presten der sør. ...
(På leiting (9);228)

«Hemmeleg» barn prega heile samlivet

«Ettermæle» er lagt opp mest som ein kriminalroman, der Brynjar kjem heim og vil oppklare korleis mor hans, Arna, døydde. Faren, Torberg, blir først arrestert mistenkt for drap, men seinare sett fri. Brynjar går rundt i bygda og snakkar med folk som har kjent dei to, og han forstår at foreldra ikkje har hatt eit heilt vanleg forhold seg mellom. Til slutt kjem det fram at opphavet til mysteriet, deriblant kvifor foreldra

har oppført seg litt rart av og til, er at mora hadde eit barn før ho gifta seg. Otte, gammelkjærasten til Arna, fortel:

... Det er stygt men sant, at 'n Tørris var som far for henne. Ho var i alle fall barn i huse. Og berre barne var ho. Og enda vilde han gifte seg med henne. Ja han vilde det, enda han såg kor redd ho vart først han nemnte det; og når han vilde det, da lova ho det. ... Jarisst var ho glad i han, for han hadde verkeleg vore eit godt menneske mot henne. Han vart ikkje vond før han hadde latt det vonde ta seg. Han visste ho gifta seg med han så sant ho berre kunde det. Men han trila på om ho kunde det; vart ho eit år eldre da sa ho gjerne nei. Kva gjer han så? Eg tenkjer du veit det no. Han tok henne til ekte ja, på tomannshand – det er svartaste gjerningen eg har nemnt i mitt liv! Trua seg til det, utan trugsmål, eg seier: hadde han enda brukt vald mot henne!

Du er ein monn bleik no ja. Eg var bort i mot like bleik eg, da eg fann henne i byen og skjonna korleis det stod til. ... Fann henne gjorde eg òg, visst du endelig skal vita det. Og da var det slik med henne, beint ut sagt. ...

... Eg fann henne att òg ja. Barne hadde komme vel og vakkert hit i verda. No har det komme vel og vakkert her ifrå òg, hører eg. ... (Ettermæle (11);79)

... Ho var dødsens redd at 'n Tørris skulde få vita om barne, for da vilde han bruke retten mot henne, trudde ho, da kom han og tok henne. Ho var redd han både på kropp og själ.

Hadde eg visst da det eg veit no, da hadde eg teke barne hit med makt! Det hadde vore rette gjerningen i mot alle samen. Om det så var ei synd mot henne. Men å gjera henne i mot, det var eg ikkje mann for den gongen. For der var ho, ser du, så åleine i byen og verda. ...

(Ettermæle (11);79)

Så Arna hadde vorte gravid med han som skulle vere som ein fosterfar for henne, og sjølv om det kanskje ikkje var valdtekt, ville vi i dag truleg kalle det eit overgrep.

Arna reiser til byen, føder barnet i dølgsmål og set det bort, slik at verken barnefaren

Tørris eller han som seinare blir mannen hennes, Torberg, får vite om det. Denne løyndommen pregar heile livet til ekteparet og er indirekte også årsak til at ho dør. Så her har Duun laga ein heil roman med utgangspunkt i ein uønska graviditet.

Fleire uønska graviditetar

I «Straumen og evja» er Kristian gift med Åsta, men er utru med butikkdama Laura. Når ho blir gravid, sender han henne bort, så vi hører ikkje meir om henne, anna enn at Kristian fortel om det til Åsta seinare (Straumen og evja (8);127). Ingeborg, eine søster til Åsta, blir forlova og etter kvart gift med Trygve, som er agronom. Men før dei blir gift, er ho redd for at ho er gravid:

... Jarisst får eg barn, det har eg ikkje tenkt på ein gong. Det gjer ikkje noko, det gjer ikkje noko, sa det i henne, med ho svara både den og den som snakka til henne. ... (Straumen og evja (8);76)

Også i «Samtid» er det fleire graviditetar som ikkje var planlagde:

... Dei (Agnar og Margit, forfattarens merknad) hadde ei vaksi søster òg, ho heite Beret, og ho var snild mot dem. Men ho var glad i ein gut, og han gjorde einkvart ved henne så ho vart med barn, sjøggingen, og da måtte ho gifte seg. ... (Samtid (12);25)

I «Olsøygutane» får vi høre om fleire som blir gravide utom ekteskap. Sofia blir gravid med Jørgen berre året etter at han vart enkemann:

... Da ho fortalte han, eine natta utpå sommaren, at ho var med barn, før han i vêre som ho hadde brukta kvast på ham. Ho gret både den natta og natta etter. Da tykte ho det kunde vera nok i ein gong. Så kjem han ein dagen og seier at dei lyt vel til presten no da. – Som du vil med det, svara ho. ... Ei kone frå Skinnarøya var der med ho låg. Ho sa det ho meinte, at dette var eit år for tidlig og vel så det. Sofia svara at ho hadde vist ifrå seg mange nok før. – Og han Jørgen han trøng meg, la ho til.

Om våren heldt dei bryllopp og barnsøl same dagen. ... (Olsøygutane (9);6).

Jørgen omkjem på sjøen. Ei stund etter får Sofia barn med drengen Kal, men etterpå skikkar ho drengen derifrå (Olsøygutane (9);10). Borghild kjem og er taus hos dei ei tid. Ho har besök av kjærasten av og til.

... At ho vart litt meir still av seg etter kvart merka dei ikkje. ... Sia kom kona hans Jens Johannes og fortalte at Borghild hadde vorte klein, dei fekk gi tål.

Da dei spør etter henne:

- Ho Borghild? sa ho og småflirte, men ho vart svært lågmalt. Ja no har ho fått seg ein gutunge, de får sjå han i morgo. Retteleg ein blinkfyr! ... (Olsøygutane (9);39)

Så her er det lite å merke til skamma. Det blir verre når kjærasten som Johan har hatt i byen og som er vorte gravid, kjem på besök. For Johan er i mellomtida forlova med Johanna:

... Jæger spurte kva han sa til denne forkja. – Sa? Eg ba henne pakke seg heim. Ungen blir min, veit du; og han kan eg da vel fø. Berre ho held kjefsten sin – eg skulde ha kjøpt henne til å tie! ... Gamle husmora deira vilde vita kva slags dame-menneske som var ute og før. Johan svara at det var gammalkjærasten hans frå byen, ho vilde seie farvel med han. – Ho skulde reise til Selbu, sa han. Det skjøna ikkje gamla, for å reise til Selbu var da det same som å fara i barnseng det? ... (Olsøygutane (9);54)

«Selbu-reiser» er altså eit omgrep også på Duuns tid.

I novella «Søster» er Valborg i teneste i prestegarden og blir gravid med ein student som er der. Dette er ei så stor skam at Berit, søstera til Valborg, først ikkje vil ha noko med henne å gjere etter det, men *tilgir* henne. Men Valborg kjem seg, blir godteke sosialt og greier å hemne seg på Berit og familien hennar. Heile denne novella og dramatikken som følger med blir slik sett i gang av den uønska graviditeten til Valborg og den skamma som følger med. (Søster (9);126-137)

I «Samtid» blir søstera til Oddny, Gudlaug, også gravid:

... Gudlaug, stas-søstra deres, var med barn. Ho som eit anna kvinnemenneske ja. Dei sa det som kjente henne, at den lagnaen bar ho ikkje, så stor i seg som ho var, det kom til å gå med henne som med Oddny. Visst ikkje Mattias Sundrem tok til vettes da, men der var lita von om det, gjenta hadde komme gråtande heim sist ho var i veg og møtte kjæresten. ...

(Samtid (12);70)

I «Menneske og maktene» blir vi bl.a. kjent med Ludvik, «Sjøtrolle». Da han kjem heim frå sjøen er søstera hans gravid:

... - Kjem du nå, midt oppi elende her! ... Inne låg søster hans og jamra seg, skulde ha ein unge, så ugift ho var. ... (Menneske og maktene (12);268)

Ingen ting å angre på

I «Olsøygutane» får vi imidlertid inntrykk av at dei «uekte» barna kunne vere meir aksepterte. Sofia er ei stolt kvinne som tilsynelatande ikkje let seg merke med at ho får barn utom ekteskap. Også barnet til Borghild blir omtala som «ein blinkfyr».

Kanskje var det mindre sosial kontroll ute på øyene der dei bur?

Eit anna eksempel er Anna, dotter av Lars og Elen Lines (på nordsida av fjorden) i «Det gode samvite». Anna blir kjent med ein student og blir gravid, men studenten reiser bort. Lines er ein av storgardane i bygda, så dette er ikkje bra:

... at no er det gale med ho Anna Lines, det er så synd i henne at ingen veit det -- ... (Det gode samvite (4);159).

Men det viser seg at Anna angrar slett ingen ting, og ho greier seg bra. Når Nora frå Bjørland, den andre storgarden i bygda, kjem på besøk og ser guten, har Anna denne kommentaren:

... Ja, æ sei no det æ, Nora, at når 'n har vori glad i 'n – og har fått sæ slik ein liten ein som han her, så har 'n ingenting å anger på! ... (Det gode samvite (4);180)

Anna er ei av dei første i Duuns litteratur som åpent står fram med eit «uekte» barn og er stolt – ei merkeleg «moderne» utsegn. Noko av den same, stolte haldninga kan vi merke i «Menneske og maktene». Kari, eine stedottera til Helmer, blir kjærast med lensmanndrengen:

... *Ho hadde ikkje stelt seg vettugare enn at dei måtte gifte seg lenge før dei hadde tenkt.*
Der stod ho framfor han og tilstod det. Ikkje så at ho såg noka skam eller ulykke i det.
Det gjorde ikkje Helmer heller. ... (Menneske og maktene (12);179)

Men å greie å stå fram med eit «uekte» barn utan å kjenne skamma, er nok vanskeleg. Også hos Duun er dette unntaket.

8.4. Spontanabort

Når Per og Valborg flytter frå Juvika til Håberg («Juvikingar»), har dei motgang i førstninga, det er uår og Valborg aborterer to gonger:

... *Det var no så det, sa Per berre. Ein riv no ikkje ned låven for berre eitt uår. ...*
... For Valborg var ikkje noko sålkrae til kvinnfolk. Det var det, at det hadde gått gale med henne, to gonger: ho hadde fare av vegen. Første gongen før dei flytta ifrå Juvika – det var no så tungt for henne å flytte derifrå; andre gongen her i sommar, og da heldt ho på å stryke med – det var vel det, at det vart som eit uår da òg: det vart for tørt. Ho tok det som eit varsel, eller korles det no var. ... (Juvikingar (5);97)

Nokre generasjonar seinare møter vi oldebarnet til Per, Peder. Han er sonen til Åsel og Kristen på Håberg og svært populær hos jentene. Kjerstina i Juvika blir gravid og det begynner å gå rykter om at ho har abortert, men det er viktig at dette ikkje kjem utover bygda:

... Det stod gale til borti Juvika, sa ho. Ho Kjerstina skulde vera så klein; skulde ligge for døden. ... (Storbrylloppet (6);62)

... Dem hi vori forlova. Og no e det slik med a – det kom fer tili! ... (Storbrylloppet (6);63)

... Ein fekk vera glad ho kom ifrå det med live, såla. ... (Storbrylloppet (6);65)

... Men dei hadde vel ikkje latt det komma utover bygda? ... (Storbrylloppet (6);65)

... Kjerstina var ikkje attkjennande. Ho var kvitfådd i andlete og blå i leppene som ein nåe, blode hadde gått av henne så det var mest ikkje liv at. ... (Storbrylloppet (6);65)

... Men Kjerstina hadde gått og lagt seg att, straks det vart fortalt dei var på vågen. Ho var så veik enno, det var alt med seg at ho gjekk, og no vart ho mjo i knea, og svimren, ho vann ikkje meir. ... (Storbrylloppet (6);76)

... Ho Kjerstina, ja, sa Marta, og dei andre såg stilt ned. Ho e dåli, ho. Ho e uti kammerse.

... (Storbrylloppet (6);77)

Kjerstina har tydelegvis mista mykje blod, symptoma verkar alarmerande, men ho kjem seg etter kvart. Peder giftar seg imidlertid med Andrea, og under dobbeltbrølloppet, der Peder og Andrea er eine paret og Mina og Arthur det andre paret, kjem bror til Kjerstina, Karl Jensa, «Juvikløva», og vil snakke med Peder:

... Kann hels dæ ifrå a Kjerstina. Vi mått ta og bitt a fast i dag. Ho villa tyn sæ. Ha? Ka du sei om det? Svara du ikkje?... (Storbrylloppet (6);116)

Kjerstina er altså suicidal etter at ho er svikta av Peder, så alvorleg at dei måtte binde henne fast.

8.5. Provosert abort

Provosert abort var straffbart på Duuns tid, men skjedde likevel, utført av legar eller av «kloke koner», ofte under primitive forhold og med dårlig hygiene. Resultata kunne vere alvorlege komplikasjonar med blødningar og infeksjonar, noko som ofte var livstrugande.

Besök hos madam Husvig

I «Det gode samvite, Yngste ætta» er Frigg ein av hovudpersonane. Ho flytter til byen og blir etter kvart forlova med Rohl, banksjefen, som er mykje eldre enn henne. Men Frigg er ganske vidløftig, er stadig på farten, og ho blir gravid med Martin Olsen, «mannen med arret». Rohl veit ikkje noko, men har ein mistanke og oppdagar at Frigg går til madam Husvig:

... - og var det ikke som jeg fryktede: Hun gikk ind til madam Husvig! De ved hende, jordemoren, som øvrigheten lange har hatt sin oppmerksomhet henvendt på. ... (Det gode samvite (4);294)

Etterpå fortel han korleis Frigg var:

... Bleg og elendig, men bare blodmangel, Hun besvimede i mine armer. ... (Det gode samvite (4);294)

Men det ser ut til at Frigg greier å overbevise Rohl om at ho aldri har tatt abort, og ho skriv om det til Nora, mor si, som verkar oppgitt over kor dum ein kar som Rohl kan vere:

*... Nora såg i veggen djupt og lenge:
- Dummar og dummar. Ikkje-noko veit ø – og ikkj-noko veit han. Men: vi kan tru det best.
Det pla bli billiast det. Ho Frigg, ho -- ... (Det gode samvite (4);295)*

Provosert abort med katastrofalt utfall

I «Gud smiler» blir Asta, søster til Gudrun, gravid med dokteren ho tener hos:

... men da ho vart åleine med Gudrun fortalte ho at ho måtte gjera ende på seg, ho visste berre ikkje korles ho skulde få tak i litt gift. ...

... Asta rista på hovude. Det var vonlaust å nemne det. – Eg skal ha eit barn! sa ho best det var og såg Gudrun i auga. ... Smått om senn skjønna ho det var umulig å leva visst dette var sant. ... Forferdelig, sa det i henne. ...

- Du får komma med denne ungen da. Blir han påsettande, så sett vi han på. ...

- Drepa seg for ein ufødd unge! lo Gudrun. Ho skar i seg sjølv med det, men lat det svi. Finn på noko dummare! let ho. ... (Gud smiler (11);191)

... Tru om ikkje ei forelska gjente er dummaste dyre på jorda? Mannfolka burde bli avsett og tryna ned i sola, ein får barn med dem, ein blir kjerring under dem! Eller så bed du om forgift. Far hadde revgift frå den tida han fanta med revfangst. Først ho kom heim skulde ho stela glase og få det ut av verda. At ikkje Asta heller skulde eiga skam i live! ... (Gud smiler (11);192)

... Du kan fortele han kva han har gjort med deg. Da blir det hans sak å få deg bort, eller få bort ungen. Han kan koste det til utlande, i lære, kan du seie. He! drepa seg for dokteren si skyld. Er det det vi har dokteren til? ... (Gud smiler (11);192)

Asta er nærmast suicidal fordi ho er gravid, men søstera Gudrun overtalar henne til heller å ta abort. Det endar katastrofalt:

... Asta fór. Ho kom aldri att. ... Asta skreiv til Gudrun at ho var sjuk, ikkje noko farlig, for det var overstått, men ho kjente seg ikkje frisk etterpå. Barne – og dokteren – nemnte ho ikkje med eit ord. ... Til slut bad ho: - Du må aldri fortele mor nokon ting! ... (Gud smiler (11);193)

Litt seinare kjem dokteren heim til dei:

... Han var like fin mann den dagen som elles, men han var ulik seg. Det var det han hadde å fortelle dem, at han hadde fått brev frå den kollegaen sin i hovudstaden, som Asta var i huse boss. Ho var død. Av blodforgift; det hadde gått så fort. ... (Gud smiler (11);194)

Dokteren, som også var barnefaren, har truleg fått ein kollega i byen til å ta abort på Asta. Men ho dør av blodforgiftning etter aborten, ein av dei vanlege komplikasjonane etter abort på den tida.

Overlever provosert abort – dokteren tiltalt

I «Menneske og maktene» blir Mildrid, ei av stedøtrene til Helmer, gravid. Barnefaren Roald får brev frå Mildrid:

Ho fortalte som det var, ho skulde bli mor, og han var faren, ingen av delene let seg nekte, dess verre. Så gale kunde det bli når to ungdommar let vera å tenke, skreiv ho, og ho lasta ingen av dem. ... Men kva skulde ho trive til? Ho hadde tenkt å bruke dei råder som fanns, men først ville ho høre eit ord frå han. ...

... han skreiv at ho måtte søke råd straks, og pålitelig råd. Det han åtte av pengar skulde bli sendt først han hørte frå henne att. Gud hjelpe oss båe to!

Det vart ikkje noko å høre frå henne. ...

... I staden kom de uhuglig hende i blada: ein dokter i den og den byen var skylda for fosterdrap. Ei bondegjente låg for døden. Sia stod der meir om det, gjenta var utanfor fare, dokteren var sett under tiltale o.s.b. ... (Menneske og maktene (12);265-266)

Også i dette tilfelle er mora i livsfare, men overlever. Her blir det oppdaga kva som er gjort, og dokteren blir sett under tiltale, utan at vi får vite kva som hender vidare.

8.6. Infertilitet

Manglande evne til å få barn, infertilitet, er også eit tema hos Duun. I «Gud smiler» blir Justin gift med Solgjerd, men dei får ikkje barn:

... Dei var barnlaust folk, det var det. Det var dei enno da dei hadde vore gift i 3 år. Han gjorde seg like sæl og sa til Solgjerd: at det å få barn det er ein gave, men å slekke unda det er ein nåde, han hadde hørt eit menneske sa dei orda. Ho hørt ikkje større på han, og svara ingen ting. ... (Gud smiler (11); 139)

I «Menneske og maktene» kjem Borghild flyttande til øya saman med broren. Ho bur i lag med Roland, men av av ein eller annan grunn får ho ikkje barn:

... Som nå det at ho fekk ikkje barn, det var eit tungt tap det. Ho hadde aldri trudd ho skulde eiga nokon ting, men like vel - ... (Menneske og maktene (12);213)

... Da først vart det vondt at ho ikkje fekk barn. Men, som han alt visste, ho måtte under dokterhand før det kunde bli. Kven vilde plage henne til det? ... (Menneske og maktene (12);224)

Her blir det antyda at Borghild kunne få behandling for infertilitet. Handlinga i denne romanen er lagt til første del av 1900-talet, så om det fanst nokon god behandling på den tida er uvisst. Det var heller neppe gode diagnostiske metodar for å undersøke årsaka til infertilitet.

8.7. Incest og valdtekst

Mistanke om incest

Seksuelle overgrep er nesten ikkje omtalt hos Duun, men to-tre stader har Duun antyda at det kan ha vore incest (blodskam). I «Straumen og evja» går det fram at søskenparet Åsta og Torleiv alltid har hatt eit nært forhold, og mannen til Åsta,

Kristian, mistenker eit incestuøst forhold, men vi får aldri vite om det var anna enn mistanken:

... Eg trur ikkje du Åsta skuld domme nokon. Korles det er millom deg og 'n bror din, det må du sjølv vita. Hadde det enda vore ein annan mann. ... (Straumen og evja (8);60)

I «Menneske og maktene» blir Helmer skulda både for valdtekts og incest (med dottera Målfrid), utan at det er anna enn lause skuldingar:

... Bror Jørgen hadde fortalt at der var ein som visste omse om Helmer. Olga, den gjenta han synda med, skulde ha sagt at Helmer valdtok henne. ... Korleis var det mellom Helmer og Målfrid, om sanninga skulde fram? ... (Menneske og maktene (12);173)

Mistanke om valdtekts

I «Menneske og maktene» blir vi også kjent med Inger, dottera til Ludvik (Sjøtrollet). Ho er truleg utviklingshemma og har dessutan store psykiske problem, og faren meiner dette kjem av at ho vart utsett for valdtekts mens ho var borte som 17-åring:

... Men dei ser ikkje . Dei ser ikkje korles den bonden der aust før fram mot vesle Inger. Det er far hennes som må sjå det òg. Gjentungen var 17 år den gongen. Dei trur Inger skjønner heller ikkje nokon ting. Trur ikkje ho minns valdtekta og heile styggedommen. ... (Menneske og maktene (12);271)

... Inger kan ikkje folk ta frå han. Ho vaknar ein dag og seier far. Ja, svarar han. Du er Inger. Du har berre drømt. Nå er det lyse dagen. Og da smiler ho. ... (Menneske og maktene (12);272)

Men uvérsnatta, da heile Øyvære heldt på å gå under, er både Inger og faren mellom dei som reddar seg på toppen av øya. Eit stykke unna ser Inger at Roald og Vebjørg står og held om einannan:

*... Inger hang og klønte der opp enda og såg vestover. – Hå, hå! ropte ho og sa. Å nei lel!
Dei hørte ikkje større på henne, ikkje før ho klaga med seg sjøl, det var meir som ho song:
- Henne vilde han ha! Og meg vilde aldri nokon ha!*

*Ho hadde det godt ho som var tullet, tykte somme. Andre før der som ein tanke igjennom,
og faren reiste seg, vart ståande og stirre opp til henne, han kremta og var rar alt med seg. –
Jaså! sa han endelig. Skal eg tru det er sant? Jaså, jaså, Inger! ... (Menneske og
maktene (12);304-305)*

*... Og Inger, såg han, ho hang fast i berge som ein ørn, gut, og var vettugare enn alle dei
andre. Henne hadde dei vraka, dei let henne gå urørt. Det var henne litt for tungt ja, armods
ungen hans. Slik ein vanheder var verre enn valdtekts. ... (Menneske og maktene
(12);306-307)*

Faren forstår at Inger ikkje vart valdteken. Det er audmjukinga over at ingen ville ha henne som først og fremst plagar henne.

Seksuelle overgrep

I «Ettermæle» viser det seg at Tørris, som skulle vere som ein fosterfar til Arna, har gjort henne gravid. Det var stor aldersforskjell, det er uklart kor gammel Arna eigentleg var da ho vart gravid, men «berre barne var ho». Det er vel liten tvil om at dette i dag ville ha vore vurdert som eit alvorleg overgrep, kanskje til og med mot mindreårig. (Ettermæle (11);78-79)

Didrik mistenkt for overgrep

I «Medmenneske» kjem det fram at Didrik har vore mistenkt både for drap og valdtekts. Det er Morten, mannen til Lea som fortel om dette til Håkon:

*... Og så fortalte han korles det hang i hop. Didrik var skylda for noko stygt, for valdsferd
mot ei halvvaksi gjente, men han var uskyldig. Det var berre eitt vitne som hadde set Didrik
på den kanten om kvelden, ein finnkall, men ein slik skapning kan sverje på svarte logna,
han er ikkje døypt eingong. Gjenta hadde ikkje fått sjå valdtektsmannen. Så fann dei kallen*

dau ned i fjæra ein morgenon, han hadde fått ein kakk i hovude av noko hardt. ...

(Medmenneske (10); 132)

Om Didrik var skyldig, får vi aldri vite sikkert. Men mistanken har hengt over Didrik, og Morten er så sikker på at Didrik var skyldig at han ripar ordet «mordar» på innsida av kistelokket til Didrik. (Medmenneske (10); 131-132)

8.8. Fødselskomplikasjonar

Det blir fødd mange barn i Duuns litterære verd, alle fødslar skjer heime, og oftest går det bra, men han skildrar også ulike fødselskomplikasjonar.

Svangerskapsdepresjon

I «Harald» er Petra sjuk under svangerskapet og har ein hard fødsel. Deretter får ho symptom på depresjon:

... Sommaren vart ein strid sjau for Harald. Petra vart sjuk lenge før guten kom, og da han endeleg var der, var ho mest klar. Ingen syntes heller det kunde vera anna å vente, for det var ein høljar til gutunge; og Harald kom i hug at han òg så nær hadde teke live av mor si da han kom til. Så var Petra oppe for tidlig og vart liggande ein tørning til.

Det var det med henne, at det nytta så lite å snakke til henne for slikt. ... Da ho vart liggande andre gongen, gjekk det hardt inn på henne. Ho låg og såg framfor seg, og svara knapt andre enn Harald. ... (Harald (4);44)

Komplisert fødsel

Massi og Anders på Håberg får mange ungar, og til sist kjem Ola. Dette er ein vanskeleg fødsel og gir Massi store helseplagar i lang tid, utan vi veit meir om kva slags plager. Mest truleg fekk Massi underlivsproblem. Iallfall set Anders barn på ei av tausene i tida etter fødselen, noko som Massi såg stort på (I blinda (5); 208).

Også i «Olsøygutane» er det ein komplisert fødsel, men Johanna kjem seg gjennom det:

... Om sommaren kom det til ein gut på Olsøya. Johanna var svært sjuk, alle karane såg ut som dei vilde ta til rømmings snart. Over stod ho det, men retteleg frisk såg ho ikkje ut etter den ferda. Eit par gonger snakka brørne frampå til Johan, om Johanna verkeleg var frisk? - Jøss, ho var frisk, kva anna skulde hos vera?... (Olsøygutane (9);56)

Svangerskapsforgiftning

Carolus Magnus lever ei tid i lag med Marta Solberg, og ho blir gravid. Da får Carolus henne til å reise til Danmark før fødselen. Etter ei tid får han først brev frå Marta om at ho er sjuk og er redd, og straks etter får han telegram om at han må komme straks. (Carolus Magnus (8);210)

... Marta var alt inni døden da han stod ved senga hennar, og der var nokon som ville ha han derifrå, det var gjerne dokteren. Ho låg og døde, og borti ei korg låg barne og levde. Det levde. Marta kjende han ikkje, ho låg i ein døs. Ikkje kjente han henne heller, andlete var ikkje hennar, han stod der hjartans åleine. Han stod der lenge.

Da vakna ho smått om senn, vakna og visste om han, og endelig såg ho han. Ho retta fram handa så godt ho kunde.

Ho smilte til han, enda så allvitande sorgsamt ho såg på han.

Men dermed tok pina til. Krampen slo ned i henne liksom han hadde ligge på lur. Han sleit sund andlete hennar, sleit sund heile menneske framfor auga på dem. Carolus Magnus steig unda, stod enno eit tak og såg og hørte, og kom seg så ut or stua. Han såg det blåe andlete hennar og blodskomme kring munnen. Det kom for han det var eit dyr dei pinte i hel, vettlaust folk hadde funne på det, dette var ein urett som gjekk over han!

Dokteren kom og snakka med han. Det var ein ung mann, med full av ålvore frå døds-senga; det var visst ikkje stor von i det han sa.

Han venta i timevis... Da fekk han bud om at ho var død.

Marta var ukjenneleg for han der ho låg. Han var ikkje mann for å sjå henne. ...

(Carolus Magnus (8);212-213)

Død i barsel

I «Hilderøya» er Herborg høggravid når konflikta mellom Svein og Etvard Jørgen toppar seg. Det endar med at Etvard Jørgen henger seg i naustet. Herborg oppdagar liket av Etvard Jørgen før Svein, men utan at ho seier noko om det. Etter det blir ho därleg:

... Herborg låg der krit i andlete og med blåbleike leppor. Det fans mest ikkje blod og liv att i henne. ... Herborg vart därlegare utover natta. Ho hadde vore ned i nauste og skulle sjå om der var meir kokfisk, og hadde gått seg på Etvard Jørgen, hadde sige i uvit og langt om lenge kome seg inn. No var ho heilt med seg sjølv att, men låg og kasta seg og bar seg i slik verk at det var spel om live. Kaldsveitten perla på panna i eitt vekk.

Svein sat hjelptelaus og såg på. Det var så greitt at ho skulde døy no. Nyttja ikkje å koma seg unna det. Mindre slapp han vel ikkje med. Hanna nemnte å hente doktoren, men Herborg riste på horude og vilde ikkje høyre tale om det.

Han seig ikne framfor senga. – Han tok handa hennar, og ho let han ha henne. Tennerne beit seg inn i leppa, han var stiv og still. Ho døydde frå han no, dokteren hadde ingenting her å gjera; og det verste, det beiskaste var det, at han trudde ho gledde seg over det. ...

(Hilderøya (2); 282).

... dokteren, som kom og ingen ting kunde gjera, stod der og tok av seg brillone og tørka dei og ikkje kunde seie eit livsens ord; barne, som var så lite og utan liv; og så anda, som arbeidde seg ut or barmen hennar, stridde sine siste tak i halsen og sloktes med ein pipande lyd i nasen (Hilderøya (2); 282).

Det står ingen ting om korleis sjølve fødselen gjekk for seg, og det er ingen direkte opplysningar om unormal blødning, men «*Det fanns mest ikkje blod og liv att i henne*», så kanskje blødde ho i hel. Men dette veit vi ikkje sikkert, til det er fødselen og dødsfallet skildra for upresist.

I «Menneske og maktene» fortel far til Torger ei historie når han ligg og skal døy. Kona hans, altså mor til Torger, hadde fått beskjed om at ho ikkje tålte å gå gjennom fleire fødslar. Likevel vart ho gravid:

... Da Torger kom til verda hadde dokteren sagt til far at mor måtte aldri komme på den vegen oftare, det stod ho ikkje ut. Og det hadde han lova, for Gud sjøl. Det var ein dom. Men så kom ho på den vegen like vel. Ho pintes meir enn nokon var godtil å minnast, før ho slapp utor live. Far hørte det visst nå, han såg slik ut.

- Eg visste ho måtte døy om så gale hendte, sa han. Eg visste det da? ... Men eg døyr rolig. For det var ho sjøl som vilde det slik. Eg må vel ha ein gjentunge òg, sa ho. Men, klaga han seg att, eg veit ikkje kva ho tenkte da. Eg veit det ikkje! ... (Menneske og maktene (12);225)

Trass i at ho hadde fått vite at ho ikkje tålte fleire fødslar, vart ho gravid på nytt, truleg med vilje: «*Eg må vel ha ein gjentunge òg*», hadde ho meint. Dødsårsaka veit vi ikkje, men også for henne vart det ein pinefull død.

8.9. Diskusjon

Prevensjon og uønska graviditet. Forelsking, hormoner og drifter er så absolutt til stades i mange av Duuns romanar, men Duun er blyg når det gjeld seksuelle skildringar. Det var truleg tabu å snakke høgt om slike ting i hans tid, nokså ulikt det vi kan lese i moderne litteratur. Han fortel om nokre seksuelle overgrep, men dei har ingen sentral plass i romanane.

Derimot er uønska graviditet eller angst for graviditet nokre av dei verkemidla han ofte brukar i diktinga si. Duun skriv ingen ting om prevensjonsmiddel, og vi kan ikkje vite kva Duuns personar tenkte omkring barneavgrensing eller kor mykje dei visste om slike tema. Kanskje amma mødrene lenge, noko som er ein gammal og kjent metode for å hindre graviditet. Reservelege Ludvig Wilhelm Dahl (1826-1890) ved Gaustad sjukehus reiste rundt for å undersøke «sindsyge» på 1850-talet. Han fortel at det mange stader var vanleg å amme 2-3 år [1]. Men heller ikkje amming er omtala hos Duun, så dette blir spekulasjonar.

Prevension har truleg vore praktisert til alle tider - heilt sidan mennesket vart klar over samanhengen mellom samleie og befruktningsmåten. Mange merkelege metodar er brukta opp gjennom historia, men det var først på 1900-talet at det vart utvikla pålitelege og stort sett ufarlege prevensjonsmidlar. Overlege Britt-Ingjerd Nesheim skildrar utviklinga av prevensjonsmidlar slik:

... I alle kulturer til alle tider er det truffet tiltak for å begrense barnetallet, f.eks. langvarig amming, avbrutt samleie, skylling av skjeden etter samleie, ulike remedier som har vart lagt inn i skjeden, og kondomer laget av dyretarmar. De prevensjonsmidlene som brukes i dag, er alle relativt nye. Kondom og pessar kom med moderne gummiteknologi på 1900-tallet. Sikre perioder kom med oppdagelsen av egglosningen omtrent på samme tid. Spiraler ble laget av sølv og silke i 1920-årene. Metoden ble gjenoppdaget i slutten av 1950-årene, men spiralen ble da laget av plast. I 1970-årene kom kobberspiralen og i 1990-årene hormonspiralen. P-pillen ble utprøvd i stor skala første gang 1956, ble registrert i Norge 1963, men tillatt som prevensjonsmiddel først 1967. ... [2]

Meir moderne kondom og pessar vart ikkje tilgjengeleg før på 1930-talet, og prevensjonsmiddel var prega av tabuførestillingar og hemmeleghald heilt til 1970-talet. Så det er grunn til å tvile på om Duuns personar i det heile brukte prevensjonsmetodar som var effektive.

Fødselskomplikasjonar. Det er da også mange av Duuns personar som blir gravide og føder, og vi hører også om fødselskomplikasjonar, for eksempel Petras fødselsdepresjon i «Harald», Massis helseplager i «I blinda» og Johanna i «Olsøygutane», mens Herborg i «Hilderøya» og Marta i «Carolus Magnus» dør i barsel. Det er likevel lite omtale av korleis dei gravide opplever graviditeten, om dei for eksempel har plager eller komplikasjonar. Fødslane blir stort sett også omtalt «på avstand» og med få detaljar, sjølv om dette ofte var dramatiske hendingar, nokre gonger med fatale utfall. Forklaringa kan vere at Duun ikkje har opplevd slike ting på nært hald, kanskje i motsetning til andre sjukdommar som han mange gonger skildrar ganske presist. Det var sjølv sagt utenkeleg at ein mann kunne vere med på ein fødsel på hans tid.

Det finst likevel eit unntak: Måten Marta dør på i «Carolus Magnus» er uvanleg detaljert skildra. Sjukdomsbildet er typisk for svangerskapsforgifting (eklampsí), ein tilstand som kan utvikle seg særleg hos gravide som har høgt blodtrykk. Dersom blodtrykket ikkje blir kontrollert og behandla, kan det etter kvart bli nyreskade med eggekvite i urinen og væskeoppophoping i kroppen, bl.a. med hovne bein. Ubehandla kan sjukdommen bli livstrugande både for mor og barn, og med affeksjon av mange organsystem, kanskje med dødeleg utgang, slik det er skildra hos Marta [3]. På hennar tid var svangerskapskontrollane ikkje utvikla, og truleg forsto heller ikkje legane kva sjukdommen kom av. I dag er ei av dei viktigaste oppgåvene ved svangerskapskontrollane nettopp å kontrollere blodtrykk og urin. Da kan ein oppdage sjukdommen i eit tidleg stadium (preeklampsí), slik at ein om nødvendig kan sette i verk behandling. Det er difor i dag sjeldan at nokon blir alvorleg sjuk av denne tilstanden, og det er truleg eit fåtal av dei legane som i dag er i arbeid i Noreg som har opplevd eit sjukdomsbilde som hos Marta. Men i mange andre land, særleg i utviklingsland med därleg utbygd svangerskapskontroll, er svangerskapsforgifting (eklampsí) framleis langt vanlegare [4].

Ettersom Duun har skildra Martas sjukdom så detaljert, gir det grunn til å tru at Duun enten må ha opplevd ein slik sjukdom på nært hold eller at han kan ha fått han skildra av andre som har opplevd dette. Han kunne kanskje også ha lese seg til det i medisinske lærebøker.

Elles er det ganske få deltaljar knytta til svangerskap og fødslar. Sjølv om svangerskapsplager og deltaljar om fødslar sikkert var eit samtaletema blant kvinner, var det truleg eit ikkje-tema blant menn. I det heile er Duuns omtale av graviditet og fødslar prega av at han ser dei frå menns ståstad, slik menn truleg såg på slike hendingar på hans tid. Det var nok frå menn Duun hadde fått sine historier, og det var mellom menn han hadde fått sine erfaringar.

Abortar. Vi hører om spontane abortar, som hos Valborg i «Juvikingar» og Kjerstina i «Storbrylloppet», og om provoserte abortar som kunne vere livstrugande, som hos Frigg i «Gud smiler» og Mildrid i «Menneske og maktene». Asta i «Gud smiler» dør etter ein provosert abort.

I Noreg var det frå 1687 dødsstraff for å gjennomføre svangerskapsavbrot. Dødsstraffa vart fjerna i 1842, men framleis var abort straffbart – ein kunne bli dømt til straffarbeid i opptil seks år. I 1913 starta kvinnesaksforkjemparen Katti Anker Møller (1868-1945) kampen for å fjerne forbodet mot å ta abort. Ho meinte det var urimeleg at det var legar, og ikkje kvinnene sjølv, som skulle ta avgjerda. Ho fekk støtte frå grupperingar av arbeidarkvinner, men det var først i åra etter Anker Møllers død at resten av arbeidarrørsla følgde standpunktet hennar. Sjølvbestemt abort vart vedtatt først i 1978 [5].

Barn utom ekteskap. Det å få barn utom ekteskap var ei skam, men vi hører om fleire mødre som ikkje ser ut til å bry seg om dette og var stolte av ungane sine. Det gjeld for eksempel Anna Lines i «Det gode samvitet», Borghild i «Olsøygutane» og Kari, dotter til Helmer, i «Menneske og maktene». Kanskje var moralen i ferd med å endre seg.

Duuns personar levde på ei tid før det var noko som heitte barnevern, så det var ikkje uvanleg å «sette bort» barn av einslege mødre. Dette gjeld for eksempel Sigyn i «Nøkksjølia», Odin i «I eventyre», Jonetta i «På leiting» og barnet til Arna i «Ettermæle».

Situasjonen på Jøa på Duuns tid. Sedskapen og barn utom ekteskap blir fleire gonger nemnt i Medisinalmeldingane:

1900 – Fosnes: Sædelighedstilstanden er ikke tilfredsstillende [6].

1905: Sædeligheten staar ikke synderlig høit. Det er noksaa almindelig, at unge piger har ett eller flere uægte børn; det synes ikke at regnes for nogen skam. Lavest staar sædeligheten paa Rørvik. Dette betinges vel for en del av, at stedet stadig besøkes av sjøfolk og fremmede fiskere [7].

I eit vedlegg til Medisinalmeldinga for 1905 skriv kommunelæge Einar Stoud Platou (1861-1946) i Bjugn, eit distrikt sør på Fosen-halvøya:

... Med sædeligheden er det dessverre daarlig bevendt; 1 à 2 uægte børn ansees af pigerne for normalt, forlovelse betragtes = ægteskab, og brylluppet feires først når der er «periculum in mora» (= «fare ved å vente», forfattarens merknad). Efter opgivende af sognepræsten i Bjugn var der: Femaaret (1901-1905): 657 fødsler, hvoraf 98 uægte= 14,92 pct. Det bemærkes, at procentantallet af uægte fødsler efter kirkebogen varierer med 11 og 21 pct i de sidste 25 aar. Der har i de seneste 10 aar været flere barnemordsager, alle, saavidt vides, i Skjørn. ... [8]

Fødselshjelp. Medisinalmeldingane viser at det i distriktet Namsos (by og landdistrikt), Vikna og Ytre Namdal i perioden 1880-1920 var eit ganske stabilt tal fødde, dødfødde, død 0-1 år og død 1. leveår, mens det ikkje vart registrert at mødre døydde i barsel etter 1910 (Tabell 8.1).

År	Fødde	Dødfødde	Død 0-1 år	Død 1. leveår	Død i barsel
1880	576	15	36	1	3
1890	593	19	37	0	3
1900	639	16	30	4	2
1905	555	46	50	8	1
1910	587	16	27	3	1
1916	601	15	21	3	0
1920	670	11	30	4	0

Tabell 8.1. Fødde, dødfødde, død 0-1 år, død 1. leveår og død i barsel for perioden 1880-1920 i Namsos (by og landdistrikt), Vikna og Ytre Namdal (inkl. Klinga, Overhalla, Flatanger, Fosnes, Kolvereid, og Leka). Tabell utarbeidd etter Medisinalmeldingane [9].

Frå Medisinalmeldingane for Nordre Trondhjem Amt i 1880 kan ein lese at det ikkje var uvanleg at legane utførte obstetriske operasjonar:

... Af obstetriske Operationer udførtes af Læger: 18 Tangforløsninger, 2 Vendinger, 2 Udtrækninger ved Bækkendefødsel, 1 Embryotomi og 2 Perforationer, tilsammen 25 Operationer, hvoraf 5 i Stjørdals, 5 i Levangers, 3 i Stenkjær, 6 i Grongs, 2 i Namsos (og Fosnæs) samt 4 i ytre Namdals Distrikter [10].

Og i Inderøens distrikt blir jordmødrane kommentert:

... Jordemødre benyttes i Inderøens Distrikt i den senere Tid mere og mere, hvor ikke Adgangen til dem er for besværlig, idet man begynder at indse, at deres Uddannelse og rigere Erfaring giver mere Garanti for en kyndig Hjælp.

Av Sygehuse har Amtet 2, et i Skogn og et i Overhalden; i Grong har Distriktslægen paa Sygestuen paa Gaarden Berre behandlet 23 Syge, hvoraf 7 for Fattigvæsenets Regning. ...

[11]

Alt i Medisinalmeldinga 1890 er det registrert tre jordmødre i Namsos, ei i Fosnes, tre i Kolvereid og tre i Vikna [12].

Kvinnenes stilling. I Duuns persongalleri er det mange sentrale og sterke kvinner som spelar avgjerande roller i romanane, men for ein lesar i dag kan ein likevel bli slått av kor svak posisjon kvinnene hadde i dette samfunnet. Det var først og fremst dei som fekk ta konsekvensane av uønska graviditetar, med skam og sosial utstøyting. Abort var ulovleg, og illegal abort var også livsfarleg. Det var ingen svangerskapskontroll, og fødslane var risikofylte, dels med fatal utgang både for mor og barn. Vi hører og om fleire einslege mødre som må «sette bort» barnet til oppfostring hos andre. Dette er godt skildra i «I eventyre», når mor Elen må vere med Odin til Kjelvika, men elles hører vi lite om korleis mødrane opplever dette.

Når Anders i «I blinda» set barn på taua, sender dei mora og barnet til «ein av plassane», og når barnet etter ei tid dør, er både Anders og Massi letta. Korleis mora til barnet opplever dette, hører vi ingen ting om. Det same er tilfelle når Laura, butikkdama til Kristian i «Straumen og evja» blir oppsagt og sendt bort etter at ho har vorte gravid med Kristian. Særleg brutal verkar det når Carolus Magnus sender Marta, som han har gjort gravid, til Danmark, der ho dør under fødselen, mens Carolus heilt kaldt observerer det heile.

Sett med dagens auge skildrar Duun først og fremst eit mannssamfunn. Sjølv om det finst unntak, for eksempel bestemor Åsel på Håberg, som styrer garden i mange år (Storbrylloppet), er det oftast mennene som har dei mest sentrale rollene. Det er dei som styrer både på garden, på sjøen og i bygda, og mye av det Duun skriv er sett med menns auge. Kvinnene har sine roller i heimen, med graviditetar, fødstrar, oppseding av barn, matstell og anna husleg arbeid, men mange sider ved kvinnenes liv får vi lite innblikk i.

Duun var ein mann av si tid, og det blir reflektert i forfattarskapen hans.

9. Psykiatri

Mykje av litteraturen til Duun er bygd opp omkring samspelet mellom menneske i nære relasjoner, som mellom kjærestar eller ektefeller, mellom foreldre og barn, mellom andre slektingar eller andre i bygda. Duun skildrar ofte korleis personane opplever ulike situasjonar, og ofte utviklar det seg konfliktar. Mange av romanane kan karakteriserast som psykologiske drama, der romanpersonane også opplever ulike psykiske eller mentale problem. Nokre gonger kan det vere det vi vil kalle normale reaksjonar på unormale situasjonar, andre gonger kan vi lese det som psykisk sjukdom. Sjølvord er den diagnosen som oftast er registrert, ofte i samband med depresjon, men også kronisk alkoholmisbruk, angstliding, nevrasteni og psykisk utviklingshemming blir skildra. Seks av Duuns personar, nokre med alvorleg depresjon og nokre med karakteravvik, blir nærmere omtala i kapittel 14.

9.1. Depresjon og sjølvord

Depresjon er av dei vanlegaste psykiske plagene i Duuns litteratur. Ettersom sjølvord hos Duuns litterære personar er nært knytta til depresjon, blir desse diagnosane omtala samla.

Redsle for Rotvoll

Rotvoll asyl vart bygd i 1867-1872 i ein austleg bydel i Trondheim, og dette var eit statseigd sjukehus for sinnslidande pasientar. Den første pasienten vart tatt imot i

1872 [1]. Danel i «På tvert» har depressive periodar og er redd for å bli sendt til Rotvoll:

... Han sat og stirde inn i kveldsbrannen, til alle tankar seig bort, og alt dagsens liv gjekk i gløyme. Og det slokna i han som ein brand. Det stilna, liksom hjul etter hjul stansa og ikkje susa lenger derinne.

Han visste om denne stunda. Det var den tyngste av alle stundene. Det nytta ikkje å herde seg imot henne; ho hadde just si magt idet, at han visste ho kom, at han kjende ho måtte koma. Så kom dei kvilelause tankane, denne fortærande runddansen. Så kom den iskalde otten. Då visna det i han, han kraup i høp og sat som han var nomen, medan kaldsveiten sprang fram i store dropar over all hans kropp.

For om det var som det skulde derinne i tanken, om det ikkje var som han ottast og tykte kjenne, at det var noko sundt, så nytta ikkje det: når han trudde det, ikkje fekk til å tru anna ein einaste kreld ... så var det vel så likevel da. Det var då ein sjukdom, det, ein slags lamenskap som det ikkje fans råd imot. ...

... Nei aldri i verda skulde dei få han til Rotvoll! ... (På tvert (1);227-228)

Danel går her inn i ein djup depresjonsperiode, der han også er redd for miste kontrollen - han er redd for å bli sinnsjuk, og det er ikkje første gongen. Her skildrar Duun han i ein kronisk eller tilbakevendande tilstand.

... Han kunne gi seg no. For det var noko gale med han. Han sat der så troysteslaus og tom, utbrend som ein oskehaug. Kunde så gjerne gi seg. Så kunde dei få ta han og føre han til Rotvoll. Det bar så dit lell. ... (På tvert (1);232)

Han greier likevel å halde på kontrollen. Nokre gonger har han imidlertid vanskeleg for å styre sinnet sitt. Han er emosjonelt ustabil, og Ane er redd at han skal gjere seg noko, og da han går konkurs, er han kanskje også suicidal:

... Han hadde ærlig nok tenkt å gå på elva den gongen før han reiste, men så vart det ikkje med han... (På tvert (1);272)

Også etter at han kjem heim frå Amerika, får vi eit hint om at han stadig har slike depressive episodar:

... No skulde det ikkje koma den svarte rida han ikkje meistra! ... (På tvert (1);274)

Andre gonger er han frenetisk opptatt med arbeidet. Denne vekslinga mellom depresjonsperiodar og hyperaktive eller maniske periodar og emosjonell instabilitet er typiske trekk for manisk depressiv sjukdom, i dag kalla bipolar liding. Det er ingen teikn på at han er psykotisk, for eksempel at han er hallusinert, men det er tydeleg at han slit med depresjonsperiodane, at han er redd for å miste kontrollen og at dei skal «ta han» og sende han til Rotvoll.

Svein og Etvard Jørgen: Konflikt, depresjon, sjøhmord

I «Hilderøya» er konflikten mellom Svein og Etvard Jørgen sentral. På øya bur også Tull-Nils og broren hans, truleg morbrørne til Etvard Jørgen. Etter ein alvorleg slåsskamp mellom Svein og Etvard Jørgen, blir Etvard Jørgen sendt til sjukehuset. På den tida Etvard Jørgen kjem heim frå sjukehuset, blir Nils og broren bortsett for betaling, men Nils går på sjøen. Etter dette blir Etvard Jørgen alvorleg deprimert:

... Etvard Jørgen kom heim då det leid ut i juli. Dei spurte mora korleis det stod til med han, og ho sa at han var då frisk nok, det var ikkje feil for det.

Han var ikkje å sjå, og dei skjonna det var eitkvart iven. Ved denne tida vart dei to kallane bortsett for betaling, dei hadde fare og skulle hengt opp seg i det siste, men hadde ikkje fått det høve. Straks etter fekk dei høyre at Nils, den eldste av dei, hadde gjort åt med seg. Han hadde kome bort, og dei leita øya rundt, der han budde, og fann skone hans utpå ein odde. Etter den tid såg dei Etvard Jørgen om nætene, han for og gjekk langsmed strandsteinane; om dagane sat han som han var mura inne. Mora riste på det store tunge hovude: no var her straks ein tulling igjen på Hilderøya. Ikkje enno, nei, han hadde sitt fulle vett enno; men når sommen bli borte, så veit ein kva veg det tenker seg. ... (Hilderøya (2); 277).

... Best det var, rusta Etvard Jørgen seg ut og fór ut på banken, kom att med full last og såg heilt grei ut. Men etterpå gav han seg for inni Sandøya eller kor det var, og stormdrakke ei heil veke, og då han kom att, var det med det gamle, berre det at han nørte varmen med sprit. En natta høyrd Hanna det tasla og gjekk utom stueveggen. Natta etter kom Herborg rennande inn til henne med gråten i halsen, ho hadde tykt det var nokon utom veggen og hadde kika ut, og då sat han der på berge tett utanfor og såg inn mot vindauge. ...

(Hilderøya (2); 278).

Ikkje lenge etter henger han seg i naustet.

Her hører vi om tre personar med alvorleg depresjon, og som er suicidale. To av dei tek livet av seg. Tull-Nils og broren blir skildra som psykisk utviklingshemma, men har budd heime i alle år. Grunnen til at dei blir suicidale veit vi ikkje, men konflikten mellom Svein og Etvard Jørgen, som til slutt blir ein kamp på liv og død, må naturlegvis prege heile det vesle øysamfunnet. Når dei i tillegg må flytte heimanfrå og blir bortsett for betaling, kan dette vere nok til at dei heller ønsker å ta livet av seg.

Etvard Jørgen har i alle år konkurrert med Svein om posisjonen på øya, og bl.a. på sjøen er han overlegen. Konflikten dei imellom kulminerer i slåsskampen i naustet, der Svein trur han har slått i hel den andre. Etvard Jørgen overlever så vidt, men han kjenner kanskje at han no har tapt kampen mot Svein. Når han også opplever at Tull-Nils har gått på sjøen, er dette til saman kanskje det som utløyser ein alvorleg depresjon, ein periode med drikking og til slutt sjølvord.

Kjærleksorg – depresjon

I Menneske og maktene er dotter til Helmer, Målfrid, og Arvid kjærestar, men så kjem lensmannsdrengen Emil med motorsykkelen:

... Han kom og tok Målfrid, just da Helmer ikkje ottast noko slikt. ...

... Verst var det for Arvid. Han kunde heller ikkje seie noko, han var ikkje av dem. Mor hans hadde sagt alt, lenge før han kom til. Helmer hadde ikkje tenkt over slike ting før, kor beistelig dei må tie og lide når nokon svik dem.

Det var så ille med Arvid, at mor hans kom til Helmer ein dagen. Guten var sjuk, påstod ho. ... Arvid var sjuk, reint nedfor, berre jordiske elende med han. ... (Menneske og maktene (12);175)

Vi ser at her går kjærleksorga på helsa laus. Målfrid giftar seg med lensmannsdrengen, men Arvid kjem seg etter kvart.

Petra og Harald: Sjalusi, spebarnsdød og depresjon

Romanen «Harald» er bygd opp omkring forholdet mellom Harald, ein folkeskolelærar, og Sara, dottera til gammeldoktoren. I starten er dei forlova, men Harald har tidlegare vore kjæraste med Petra. Det er klart for at Harald og Sara skal gifte seg, men Harald skiftar meining etter at han får høre at Petter, far til Petra, har tatt livet sitt. Tante Lavinia har gjort det same tidlegare:

... Ola (naboen til Harald og Petra, forfattarens merknad) fortalte om Petter som hadde hengt seg. Det var det, trudde dei, at han Petter hadde plaga ho Lavinia, søstra, borti det. Mannen hennar døde, og Petter krevde garen etter far sin. Det var noko med ein sau og han skulda henne for at ho hadde raska åt seg ein framand sau. Ho fann seg eit tang og ei kvistgran, og hengte opp seg. Ho var så tung til motes støtt. No fann dei Petter i same grana. Han bala ikkje rart ned i Vika, det gjekk att og ned med han villig vekk, i fjøse var det eine ulukka etter den andre. Leserie gjorde vel sitt det og. ... (Harald (4);15)

Harald gifter seg så med Petra, men Sara gløymer aldri Harald. Ho gifter seg seinare med Ola, naboen til Harald og Petra, og det går fram at noko av motivet er å komme nærmare Harald. Dette blir eit vanskeleg naboskap. Harald drikk og blir oppsagt som lærar, og Harald og Petra slit økonomisk. Når det andre barnet deira , ei jente, døyr av kikhoste, tek Petra det svært tungt:

... Harald ottast det vilde gå gale med Petra da like skulde i jorda. Men ho var rolig, merkelig klår og rolig, ho svara jamvel på alt dei snakka til henne. ... Etter kvart vart det mindre om å få svar av henne, og stundom merka han ho snudde seg frå han når han kom inn. ... Og Petra hosov ikkje. ... (Harald (4);84)

... Det varte ikkje lenge før det gjekk det orde i bygda, at Petra var litt rar av seg. Ja, det var dei som let så, at hengte ikkje ho opp seg snart, så var det eit under; ettersom det teikna til med henne. Kven som vilde, kunde sjå det. Einast han Harald, mannen hennar, merka ingenting. ... (Harald (4);85)

Og i tillegg til all motgangen Petra hadde hatt, trudde ho også det var noko mellom Harald og Sara:

... Petra var ansles enn vanlig. Ho såg på han, såg han inn i andlete og spurte kor han hadde vore. ... Den kvelden stelte ho med Kåre, vaska og kjemte han og bytte på han ny skjorte, fann fram litt godmat til han og snakka med han heile tida.

*Da ho gjekk framom Harald, strauk ho han over håre, med den store gode handa si.
-----Morgonen etter, da Harald stod opp og skulde til fjøse, var det tomt borti senga hennar.
... (Harald (4);87)*

Dei leita, men fann henne ikkje nokon stad. ...

... Ute på Engdalsbrygga, der motorbåten hadde lagt til land, stod skone hennar. Dei stod tett inntil kvarandre, slik som dei gjerne stod heime om morgonen; slik som dei bli ståande, når ein har teke dem i same handa og sett dem bort. ... (Harald (4);88)

Harald kom til å tenke på at dagen før hadde Petra oppført seg rart:

... Petra stod og mata fuglane: det krydde med høns og sporv omkring henne, ho kasta deigbitar hit og dit og skifta imillom dem så godt ho kunde, og attåt stod ho og småsnakka med dem, lokka og skjennste og tok seg av dem ein for ein. Han stod og undrast og såg på; han venta så halvveges ho skulde sjå opp på han. Ho gav på med sitt. – Har du bynt å legge deg etter fuglane no? sa han. – Jaha, sa ho og smilte, - men det var ikkje til han. – Den som da hadde vore fugl! sa han. Ho svara ikkje. Da lo han og la til: - Slik var ho Lavina og, ho skulde vera så glad i dyra. Da såg Petra opp litt kvast: - Kven? – Ho Lavina, faster di, ho som hengte opp seg, - Ja, sa ho og såg hånlig på han, ho gjorde det ja. Ho hengte seg, ho. Petra gav seg til med fuglane att. ... (Harald (4);89)

Harald måtte også leve med skamma etter at Petra hadde gått på sjøen:

*... Han tok seg over auga, stod litt og glømte seg; så såg han opp og smilte:
- Det skjønnar du kan hende, denne skamma, at det skulde gå slik. Eg bøyer meg under den. Eg slær auga ned for kvarmann; det er ei skamm som ein ikkje slenger ifrå seg. Men det er inga sak å bera den, og meir til. ... (Harald (4);91)*

Sjøhmordsforsøk på grunn av graviditet

«Det gode samvite, Yngste ætta» handlar om den tredje generasjonen av slektene frå Bjørland og Lines. Elen Lines er ei stille jente som har gått lærarskolen og har fått lærarvikariat heime i bygda. Ho blir gravid med Kristian, sonen på ein av storgardane, men faren til Kristian aksepterer ikkje Elen, og da avviser også Kristian henne. Då blir ho så fortvilt at ho vil ta livet sitt.

... Endelig braut det ut av henne:

- Du e ein – stakar!

- *Nei men vent no, du trur no vel ikkj det om mæ? For da gifta vi oss straks.*
- *Å nei da. Det trøngs ikkj. Da gå æ heller - lukt på vatnet. Før æ vil ha dæ. ...* (Det gode samvite (4);282)

Ho går på vatnet, men blir tilfeldigvis redda:

... - ho hadde elles vorre i veg og gått seg ned i Lovatnet, og læraren hadde hjelpt til med å få liv i henne att. ... (Det gode samvite (4);288)

Romanen endar med at Elen og søstera Frøya skal ta over farsgarden i lag. Når ho likevel får tilbod om å gifte seg med Kristian, avslår ho – ho skal greie seg utan. Dette er difor ein uvanleg «moderne» slutt på den måten at ei ugift, gravid kvinne markerer at ho vil vere sjølvstendig.

Underslag

Mor til Carolus Magnus sender først melding til han om at faren er død, truleg av slag. Etter ho kjem til Oslo der Carolus Magnus bur, må ho vedgå at han hengde seg:

... Han hang på kammerslofte da?
- *Ja! – ho ser redd på han. I bukseselane sine; selane til kirkebuksa. ...* (Carolus Magnus (8);183)

Grunnen var at han at han hadde stolte frå misjonskassa, truleg først og fremst for å betale utdanninga til Carolus Magnus. (Carolus Magnus (8);184)

... Han hang der! Og eg skar han ned! Eg laug både for dokter og lensmann, eg synte dem ein taugstubb som var avsliten. Og så bad eg dem tie, så godt dei kunde. Det var djævelen sjølv som hjelpte meg med all ting, eg hadde han tett attmed meg.
Da for det eit kaldt og grått ålvor i Carolus Magnus, og han bøyde seg over henne og sa: - Ti du ikkje no, da strøyper eg deg. Han såg henne i anga, og dei måtte svara han og forstå; det var meint som det var sagt! ... (Carolus Magnus (8);184-185)

Seinare i romanen hører vi om Ingebrigts Eian som driv handel, men så blir det kjent at hushjelpan til Eian er gravid, og ho prøver å ta livet av seg. Etter dette blir Eian «utstøytt» av bygda, og når han også blir utstøytt av Carolus Magnus, tek han livet sitt:

... Gjenta som hadde stått for husstelle hoss Eian var rømt sin veg; dei fekk tak i henne før ho sprang på vatne, ho sa ho hadde vori forlova med Eian og no var ho med barn. Eian nekta tvert. – Eg har mine tril om hennar mentale tilstand, sa klokkaaren. Resten får tida uttale seg om. ... (Carolus Magnus (8);264)

... Ei stund etter skaut Ingebrigts Eian seg. ... (Carolus Magnus (8);273)

Ettermæle - sjølvmord og sjølvmordsforsøk

I “Ettermæle” blir det omtalt to tilfelle av sjølvmord og sjølvmordsforsøk. Det ene blir fortalt i samband med Tørris, fosterfar til Arna, men vi får ingen forklaring på kvifor dette skjedde:

... Brynjar kjem i hug noko dei fortalte om Tørris frå skippertida. Der var ein mannskrok som vilde ha ende på live sitt, han slepte seg ned frå skverråa på jakta, tenkte å dette i sjøen, men han datt innabords og ned på harde dekke. Han slo seg stygt, men rettelig dau var han ikkje. Tørris sa til dokteren: - Du let han ikkje sleppe frå det, han skal betterde leva! ...
(Ettermæle (11);40)

Det andre tilfelle skjer fordi husbandsfolket ville tvinge tenesteguten til å gifte seg med dottera på garden:

... Ein tenestegut hengte opp seg her på Vangdal. Husbandfolke vilde plaga han til å gifte seg med dotra deres, han hadde komme i skade for henne. Han var berre tenarlarven og utabygding der til, men dei såg ikkje annan utveg, det fekk skeje. Han vilde ikkje! Endelig

kom dei så langt med han at han gav seg; dei hadde lokka og lova så det var ei synd. Men morgenen etter hang han på låven. ... (Ettermæle (11);48)

Torberg snakka om faren for at kona Arna kunne skade seg:

... Enda eg visste ho gjorde seg ikkje noko gale, det var aldri folkeskikk her å drepa seg sjølv. ... (Ettermæle (11);100)

Samtid – Sjølmordsforsøk

I “Samtid” er det mykje uhygge, blant anna fordi Oddny har rømt, og dei hører mange utrivelege lydar oppi fjellet. Når Martin oppi Bakken går langs vegen, ser han ei kvinne:

... Der sprang ein kvinnedekning over vegen framfor han. Han stod stokk still. Oddny! sa det i han, men han stod og vann seg til att. ... Han kom ut or skogen, og da såg han henne straks framfor seg, ho för ned til sjøen; med ein gong såg han det og visste det, ho der skulde på sjøen og drepa seg. Menneske hadde visst snudd seg før han ropa, det skreik det òg, i ville redsla, og så fall det på kne med armane i våre. men dette er ikkje henne, det er Kalpetter-Marja, han har hørt ho vart rar av seg da det lo oppi fjelle, for ho drap barne sitt ein gong. No legg ho seg på firefot og flekker tenner som eit dyr mot han, opnar så munnen og dyrebrølar, ei forfælende ulåt. Der etter snakkar ho med seg sjølv, ut i våre: - Eg visste da tukthuse hjelpte ikkje meg, ingen ting kan hjelpe meg, for synda er breiddmed meg støtt! Eg spring på vatne – no var eg der mest, og så - Ho bad vakkert for seg at ho måtte få lov å fara sin veg, --- for rettno ler det igjen! ropa ho. ...

Ho burde ha fått fara i veg, såltinge. For når ho hadde lidd sju års tukthus for synda si, og Gud enda let synda leva breiddmed henne like usona, da var det best ho gjømte seg. ...

... Men da beit ho etter handa hans. Ja vel, da skulde ho bli med til gars. Det bar i veg. ... Marja snakkar noko med seg sjølv. Det luktar fjøs av henne, ho er budeie på Øydal.

... Han leide henne til dørs på Øydal, opna kjøkendøra og skuvar henne inn. ... (Samtid (12);73-74)

Ei tid etter kjem Ola Øydal:

... Han kom farande og fortalte at no hadde han så vidt berge Kalpetter-Marja, ho heldt på og hengte seg bortpå låven da han kom over henne! No måtte han til lensmannen, fort, lensmannen skulde versågod kjøre henne over til austsida, for der ifrå hadde ho komme frå først av, der kunde ho henge seg! ... (Samtid (12);99)

Vi forstår at Kalpetter-Marja hadde tatt livet av ein nyfødd unge og hadde sitte på tukthuset i sju år for dette. Trass i at det var fleire år sidan, har ho tydelegevis ikkje komme seg over traumet og er suicidal, men vi merkar ikkje særleg empati for ei ulykkeleg kvinne. Martin reddar henne frå å gå på sjøen og får henne heim: ... *opna kjøkendøra og skuvar henne inn* ... Og Ola Øydal vil ha henne vekk og over på austsida ... *for der ifrå hadde ho komme frå først av, der kunde ho henge seg!* Det tyder på både eit nokså kaldt menneskesyn og eit kaldt naboskap.

9.2. Alkoholmisbruk

I Duuns litterære univers spelar alkohol ei sentral rolle. Bortsett frå «desarane» har dei fleste eit liberalt syn på alkohol, og det er ikkje langt mellom drammane. Dei fleste bruker alkohol i sosiale samanhengar, og nokre gonger blir det kanskje i meste laget (Storbrylloppet (6)). I nokre tilfelle kan vi snakke om kronisk alkoholmisbruk.

Alkoholisme, hovudpine og gikt

I «Hilderøya» hører vi om det einaste tilfellet der ei kvinne er alkoholikar. Det er mor til Hanna og Herborg som drikk. Vi får også høre at faren deira drakk og at det havarerte ekteskapet hadde vore «berre helvete»:

... Herborg var van til å finne henne slik. Men ho hadde ikkje smakt noko sterkt endå, kjente ho. ... (Hilderøya (2); 211).

Og mora hadde hatt eit turbulent ekteskap :

... for kvarmann visste då det var berre helvete, dette ekteskape med far, han drakk og tura med andre, for med fartye fra marknad til marknad nord gjennom lande og brydde seg aldrig dusta om dei som heime sat. ... (Hilderøya (2); 212).

Mor til Hanna og Herborg har ofte besøk av Henrik, som også drikker – dei kallar han Ponsius. Henrik prøver å kamuflere det som «medisin» for gikt og hovudpine:

... Det strama av han (Henrik); han hadde nok vore ned på naustlemmen ein sving og kurert seg for hovudpina. Før i tida tura han med kraft, for det hadde han særslivnad til, og dei kalla han ikkje noko anna enn Ponsius, dei som eldre var. No hadde han sjeldan meir enn ein liten fatigmannsskrett på naustlemmen, for gikt og hovudpine. ... (Hilderøya (2); 205).

På naustlemmen var det sterkt drikke. Og kanskje fekk han utskrive sprit av dokteren i byen?

... Henrik Brun gjekk på naustlemmen oftare enn før og hadde mykje ilt i hovude. Han var i byen og sokte råd, rett som det var, men det hjelpte ikkje meir enn ein månads tid om gongen ... (Hilderøya (2); 252).

Læraren mistar jobben

I romanen «Harald» er det læraren Harald som er hovedpersonen. Han har eit alkoholproblem, men han greier å halde seg borte frå alkoholen mens han er formann i ungdomslaget. Seinare blir det verre:

... Han drakk seg peisa full. Brennevin hadde han ikkje smakt på over eit år, han var avhaldsmann den tida han var formann i ungdomslage, for lage si skyld. No drakk han og spela til lyse morgonen, spela til dei knapt snudde seg lenger.

Tunga var eingrand lei, da han stod og skulde fortele Petra om dette. Han skulde ha fortalt, at ho kunde vera urædd, han var ikkje lei av live og vilde ikkje gi det ifrå seg enno...

(Harald (4);48)

Han sit og drikk i lag med kjøpmannen, tullar seg bort på heimvegen i fylla og kjenner seg skikkeleg sjuk:

... Men sjuk, det var han, sjuk ... han syntes døden skulde ha vore ein sot somn. Magen låg som ein heit stein i han - ... (Harald (4);53).

Han kjem til slutt til Plassen, der Berta tek vare på han over natta:

... Berta Trufast kalle dei henne. Ho var det. Ikkje berre mot ein, som dei andre gjentone, ho var trufast imot mange på same tida. ... (Harald (4);53)

Naboen Ola blir med på båtbygginga i lag med Harald:

... - Om kveldane etter arbeidstid, og om søndagane, kom Ola nedover og sat og røykte pipa si. Men kvar søndag hadde han vore borti brennvine. Og da båten var ferdig og verste sjauen var over, kom han halvfull om kvelden og. ... (Harald (4);108)

Det går dårlig for Harald, og til slutt mistar han jobben som lærar.

Alkoholproblem – og heimbrent

Også i «Det gode samvite» høyrer vi om alkoholisme. Frigg reiser til byen og får arbeid hos farbror Petter, som er sakførar:

... Frigg syntes ikkje nær så vel om farbror sin. Han hadde vorte tjukk og fleinskallut, og auga var enda gulare enn før. ... Og lat var han, og lonut var han; somtid var han for blid, og somtid var han for gnarren; men ædru var han sjeldan. ... (Det gode samvite (4); 58)

Ola Håberg, ein kjent figur i Juvikfolke, plagast ikkje berre med depresjon og sjølvmordstankar, han drikk også (sjå meir om Ola i kapittel 14.1):

... Det hadde elles vore lite om han i det siste. Han las blada, og la seg aldri borti det dei snakka om; og somme meinte han stulla og smått drakk. ... (I stormen (7);167)

Ola Håberg sit i lag med Odin:

... Men drikk du verkelig slike da, Odin? – han var lågmælt så ingen skulde høre det. – Ja, Odin kunde ikkje nekte for det. Den nye klokkaren kunde vera avhaldsmann i hans stad, no ei tid. – Å, du er ein fuling, Odin, hm, hm! Du blir meg for dryg.

Dei sat litt og småprata. Da bankar det på døra, og flaska var borte i same blinken. Det var formannen i arbeidarlaget, Engelbert Olsen, han hadde hørt Odin skulde vera der. ... (I stormen (7);184)

... Før dei rett ansa det, stod flaska på borde att. – Nei takk, Engelbert skulde ikkje ha. – Tøv? – Nei, han var avhaldsmann for arbeidarane si skyld; for dei trong å vera det. Eg gjer ikkje som han Odin, la han til. ... (I stormen (7);185)

... --- Same kvelden råktes Engelbert og Lauris ned i Vågen, ein staden der dei kom ofte både. Snakke var, at Lauris skulde lære dem brenninga, for den var det mange som prøvde med men få som fekk til. Einast han Lauris kunde det til gagns. Han hadde med seg apparatet i ein sekke, og ei flaske av sjølve tingen. Dei drak litt, og let vel; og så prata dei om eitt og

anna. Engelbert kom dit berre ved ein slump. – Du melder oss vel, du? sa Lauris. ... (I stormen (7);217)

... Kvelden etter hadde Engelbert fått fatt i brennevin, og han og nokre til drakk seg fulle. Kva dei hadde drukke, vart ikkje fortalt, men raspande galne vart dei, dei hoa og hauka halve natta, og på slutten før dei i veg og reiv ned reisverket på nybygge. ... (I stormen (7);222)

Vikesylt sat heime hos Odin da han kom frå bedehuset. Han var opptatt av hærverket på fabrikken og av at dei hadde vore fulle på heimbrent:

... Vikesylt let seg att. – Eg trudde du var fråhaldsmann framleies, sa han. – Det har De snakka meg ifrå for lenge sia. Men brent har eg ikkje, og skal ikkje gjera det heller, eg som er ordførar i bygda, ja og så kan eg ikkje. Men folk er – det er da liv i dem på sitt vis! (I stormen (7);240)

Alkoholisme – Gud smiler

I «Gud smiler» er Gudrun hovudpersonen som vi følger over mange år. Faren til Gudrun har truleg hatt alkoholproblem tidlegare:

... Der til var han totalist, det hadde han drukke seg til, sa einkvan, så var det òg ei skam. ... (Gud smiler (11);189)

Ola blir ein annan viktig person i denne romanen. Alt i ungdommen drikk han, og ein vinterkveld kjem han heim til Gudrun og familien, full og sjuk. Han blir til slutt liggande ute, men Gudrun dreg han inn i fjøset så han ikkje skal fryse i hel. (Gud smiler (11);196-197). Dagen etter slår han ut julebrennevinet og lover å slutte å drikke dersom han får Gudrun.

Ola og Gudrun blir gift, men Ola drikker framleis:

... Ho såg det òg, at Ola gjekk det nedetter med. Han var ute og festa veka lang somtid, og han såg ut der etter. ... (Gud smiler (11);213)

Vidar Holm, som var tilsett i banken, kjem ein dag heim til Gudrun:

... Erende hans var at han vilde snakke med henne om Ola, vilde formane henne, for Ola heldt på og tok live av seg med mat og drikk, ho kunde da vel gjera noko ved det? (Gud smiler (11);218)

... Ola var sjuk alt. Lange stunder sat han og var borte i pina eller kva det var. ... (Gud smiler (11);219)

Og det går stadig nedover med Ola:

... Da Ola vart liggande kom redsla over henne. Så fåpelig kan det gå til. Ho hadde mist han for år og dag sia, men han måtte ikkje døy! Men der låg han og let det skje. Han låg og hemna seg på henne for samlive deres, som det gjekk så bakvendt med; slik såg han ut, enda han smilte godslig til henne når han ikkje hadde det for vondt. Dokteren hadde sagt han hadde meir enn ein sjukdom. Sjølv sa han han hadde eit heilt batteri med sjukdommar. Han låg på kontore no. Sjukesøstra kom og tok over stelle med han. ... (Gud smiler (11);219-220)

... Ola var ein rar mann, eit menneske for seg sjølv. Han døde med opne auga, og så lik seg som mulig. Ein gudelig mann kom og vilde snakke religiøst med han. Ola vilde ikkje. Mannen spurte om han angra synda si. Ola smilte trøytt men til freds: - Eg er som tjyven. Eg angrar at eg vart knepen. ... (Gud smiler (11);221)

... Nei, sa han og slo med flathanda på teppe. Eg vil ikkje ha fleire gåter løyst; da får eg to nye å bitast med. Nei takk, da lyt eg heller be om litt meir kreft. Slik har han skapt meg. ... (Gud smiler (11);221)

... Det vilde seg slik at ho var inne boss han da han døde. ... Sjukesøstrasov seg ein stubb. Han låg pinefri og blunda, men ho vart sittande der. Dagen vart smått om sterkare enn lampelyse. No vart det ein ny dag for dei som var friske, tenkte ho, ein onsdag midt i veka berre. Ola var bortanfor slike ting.

Da slår han opp auga og ser, gud veit kva han ser, men det er ikkje dagen og ikkje henne. Ho undres litt over seg sjølv, for ho sitt still og ser på han og veit at no dør han. Sia blir det visst vondt, dette, men ho sitt her og stirrer forveten på han og på det som skal skje. Ola er noko ufattelig som går sin veg, inn i noko enda meir ufattelig.

Men no ser han henne like vel, han har ligge og set på henne med ho drømte. Det fer noko i blikke hans med det same ho møter det, det er døden visst, men han strider i mot, han har glømt noko og snur på vegn. Ho hører at ho hikstar til, ein gong og enda ein. Ho vil nemne han på namn, men får det ikkje til.

Da kviskrar han til henne. Sovepulver, skal det visst vera. Ho gir han det, så godt ho kan; han er som eit lite barn. Ho tar handa hans, så kald ho er. Det er ikkje verre det enn å ta i fisk.

Ho ser kva auga hans seier, at han er ufyselig no, for friskt folk, men no fer han.

Så før han ja, men det gjekk ikkje fort, sømnen slepte take sitt gong for gong. Så! ... (Gud smiler (11);221-222)

Ola er eit av dei få eksempla hos Duun der ein mann, meir eller mindre bevisst, sakte men sikkert «tek livet av seg» på grunn av drikk og usunn livsstil.

9.3. Angst

Sjølv om romanfigurane til Duun oftast er prega av depresjon, er det også nokre som har angstplager. I Hilderøya kjenner Svein på angst, han «kjenner» på seg at nokon er i nærleiken av og til. Dessutan har han angst for angst:

... Angsten var borte, idet same han såg det var Hanna som kom. Men det han for seg sjølv kalla angsten for angst, sat att. Det var ei mismodig kjensle av at han var hjelrelaus og ikkje kunde verje seg.

Ho sette seg stilt ned. Han hadde vore som ei hardspend fjør dei siste timane, det var som han hadde stridd med å halde seg ovan vatne; no slakna han av og vann seg ikkje meir; det rykte og bevra i han. ... (Hilderøya (2); 284).

... Gå og legg deg no, sa Hanna. Såsov du deg frisk att.

Frisk ...

Ja, for du er sjuk, Svein, det er det du er. Du må sova no. Så bli det vel ei råd med alt anna.

– Elles ber det nedfor med deg att, og då er det uvisst kor det går. ... (Hilderøya (2); 287).

Svein og Hanna kjøper seg ein gard innpå fastlandet, blant anna for å få det som har hendt på Hilderøya litt på avstand, men under flyttinga til garden innpå fastlandet kjenner Svein angstens på nytt:

... Ein gong imillom var dei gamle fangarmane ute etter han. Han kunde stanse midt i arbeide og sjå eit og anna for seg på sjøen og båten, ofte var det liksom nordanvinden og draugen ylte framom han med ein djevelelått: Tør du, eller tør du ikkje? Han sette seg opp og var huga på striden att, til å ta rædsla inni sjæla og bera henne der; for der var ei side ved han som ikkje var traust enno. Men han visste det var ein sjukdom og fekk det bort att. ...

(Hilderøya (2); 289).

... Det var ein sjukdom som heldt på og stal seg innpå han, det var eit minne frå i vinter. ...

(Hilderøya (2); 295).

Angst – Carolus Magnus

Carolus Magnus har til dels store psykiske vanskar, deriblant angst.

... Han sa enno mange ting. Ein augneblink vart han redd, da han hørte kor tomt snakk det var; men straks etter, midt i angstens, vart han forundra over at det var ålivor like vel. ...

(Carolus Magnus (8);197)

... Rett som det var kom angstens til han, stakk hovude sitt tett attmed han og følgde med han. Det var ein uviss angst, det var ikkje noko andlet på han enno. Til det synte seg for han at det var seg sjøl han ottast for, at han skulde klæ av seg og syne seg for henne slik han

hadde vori hittil, i fornederingsstand. Han rasa mot det og sa nei! For skal ein gå i rette med syndaren, kven kan da stå seg?... (Carolus Magnus (8);197)

... I det same er angstens der att, ein grå skapna som sitt og ventar på at lykka skal bli ødelagt for han. ... (Carolus Magnus (8);203)

... Han idest ikkje seie noko til mora for snakke hennar, enda ho ser så angeregjevi ut at det kunde få ein stein til å gå i knas. – Det blir ho som spiller alt for deg, sa angstens. – La gå!

... Han bad til angstens romte sin veg. Da smilte han: Han hadde verkeleg, som Erik sa, fått nerver. Om morgonen hadde han vondt for å komma etter kven han var. Men han slo seg til ro, han hadde Gud attmed seg. ... (Carolus Magnus (8);203-204)

... Det var Gud sjøl som hadde sendt han denne angstens, dette synet på vegen. Så skulde han vita kva det er å vera utvald til ein stor gjerning. ... (Carolus Magnus (8);240)

Det er hos Carolus Magnus Duun har skildra angstens mest tydeleg. Hos han er angstens ein plagsam sjukdom som pregar livet hans, i tillegg til dei andre psykiatriske særprega han har. (Sjå meir om Carolus Magnus i kapittel 14.3)

9.4. Demens

Trass i at mange av Duuns romanfigurar blir gamle, er det berre ein par-tre stader han skildrar tilstandar som liknar på demens.

Demens, kanskje Parkinson

I «Nøkksjølia» kan vi lese om Sigyn. Ho blir sett bort til Erik og Tea, som blir fosterforeldra hennes. I «Sigyn» møter vi Tea på nytt, og no er ho gammal og har begynt å bli dement, og kanskje har ho også fått Parkinson:

... Ja, ho Tea, stakar. Ho sat der om dagane og trudde for rame alvor at ho var mor til Sigyn, det ho hadde teke på seg å vera den tid ho var ei attgløyme på omkring 50 år. Alderen hadde komi så brått på henne; ho hadde fått ein slik skjelv over all sin kropp, og tanken var i ustand. Så rettno måtte Sigyn få tak i eit menneske til å røkte henne. ... (Sigyn (2); 129).

Går i barndommen

I «Det gode samvite» er Nora, dottera på Lines, og drengen Julius forelska, og Nora snakkar med Julius om at dei to skal reise til Amerika i lag. Faren (Per) er redusert:

... No, når ho mor er borte, så – for han far, det er ikkje stort att av han no, han går reint i barndommen han, ser meg mest ikkje ... (Det gode samvite (4); 217)

«Å gå i barndommen» var eit vanleg uttrykk for demens.

Gammalfar var slo

I «Gud smiler» blir Gammalfar omtalt som «slø» (sløv), han er uroleg, har vrangforestillingar og hallusinasjonar, alt saman symptom på alvorleg demens:

... Gammalfar var slo no. Han var mest borte lengste tida av døgne. Han påstod dei hadde død ifrå han alle saman, og Gudrun gjekk att, ho fekk ikkje fred i grava, som ventande var. Eller han trudde han var død sjølv, men litt å drikke måtte dei forunne han. Flua som plaga han trudde han var den og den av ætta, dei unte han ikkje kistefreden; men Gud signe dem alle, like vel! ... (Gud smiler (11);237)

...

... Gammalfar hadde skapt seg urolig, han vilde opp, for det brann i huse, påstod han, - kan hende det var døden som heldt på og kom over han.

Gammalfar låg der som han pla gjera. Når han berre hadde fått sova ein liten stubb så var all ting bra. Rettno kom vel Ola-guten heim frå skolen, vona han, så han såg etter Tora og varmen. Han fekk saft og vatn, ogsov med ein gong. Strak etter snakka han i sømnen, om mordaren som sat der og flirte – kan de ikkje fortelle meg at det er løgn! bad han. ... (Gud smiler (11);247)

9.5. Psykisk utviklingshemming

I «Hilderøya» bur Etvert Jørgen på Hylla i lag med mora og to brør som er psykisk utviklingshemma. Vi får aldri høre kor gamle dei er, men dei blir omtala som «kallane», så dei kan vere brør til mor hans.

... *Det hadde stått ein mann i døra då dei kom. No var han bortved dei. Han såg underlig liten og bortkommen ut, og auga var som dei dimme rutone...* (Hilderøya (2); 190).

... *Sir du der du – hæb! Tomsingen pekte på eit stort kvitt hus...* (Hilderøya (2);190).

... *England låg no på den kanten, meinte guten. – Va de lekt seg! Eg har vori utover, eg ban, eg har vori så langt at bloe stortna ti meg. Finnest ikkje noko England der. Berre sjyn, ban!* ... (Hilderøya (2);191).

... *Tull-Nils på Hylla stod og twistirte på Svein. Det kom liv i det halvvisne andlete. - Eg mein – eg mein – eg mein du e sjyskremt, du og? spurte han barneglad. - Han der, han peika på broren, han e sjyskremt han og – hæb! Sjyskræmt liksom eg. No e de tre – tre – som e sjyskreaamt på Hilderøya. Forstår seg ja – hæb! Ha du sitt andsegte åt sjyn, du? Ansegte has ...* (Hilderøya (2);227).

... *Oppå loftet låg ein av tullingane og las eitkvart og lo til. Den andre heldt til bortved omnen og lydde på. – Høyr'n Nils no, sa han, no e'n bra tollåt. Han ligg å les finn-fadervåre. Men vent no berre te de bi domda'n, da bi de støggjau i himmerikje. Kor dem ska gjæra tå'n Nils da, mein, di? Han som e idiot ...* (Hilderøya (2);238-239).

Det vart truleg for vanskeleg for Etvard Jørgen å ha dei to brørne buande heime, blant anna var dei suicidale. Difor vart dei sett bort for betaling, men da gjekk den eine på sjøen og tok livet sitt. (Hilderøya (2);277).

Ettermæle - psykisk utviklingshemming?

I «Ettermæle» er Mattis ein gjennomgangsfigur i romanen, ein gut som Tørris har tatt til seg.

... Da Turid og han (Brynjær, forfattarens merknad) sat ved frukostbordet var han vår ein mannsskapning utanfor vindauge, han stod og tøygde halsen og såg inn til dem. Det var ein ungdom, med ein krans av hyst krulla skjegghy kring kjakane; han smilte stort og snudde seg unda da Brynjær stirde på han.

- Det er Mattis, seier Turid. Han fer her støtt. Det er visdomstanna hans Tørris Vangdal, påstår dei. Han har teke han åt seg som sitt eige barn. Der finns ikkje vondt i han.

Ho reiser seg og vinkar til han. Da hoppar han til og dansar nokre føtt, han er overseg glad eller ulykkelig, og dermed slarkar han sin veg; men han ser seg att-ende tak og anna, og når Turid rører handa tek han enno nokre dansehopp.

- Jaså, det er deg han fer etter.

- Han våga seg ikkje fram til vindauga før ulykka kom over oss. Somtid syng han, han diktar i hop det eine rarare enn det andre. Dei seier han har lese bibelen frå perm til perm, men like tullut er han. Eg veit ikkje om han er tullut heller eg. Det må vera underlig å vera ein slik ein.

Brynjær undrast om ikkje det var greit nok. ... (Ettermæle (11);18)

Brynjær møter Mattis, som vil fortelje sanninga og syng ein lang song.

... Han stod ei god stund og stirde på Mattis før han kom seg att. For det var av slike ein måtte høre sanninga. Han gav seg til å minnast at det skulde vera stymora som hadde apa vette utor denne armingen. Ho kunne ikkje tilgi han at far hans hadde hatt ei kone før. ...
(Ettermæle (11);62)

... Brynjær vart vår at tullinga stod der. Det var lenge no sia han synte seg. Han såg Brynjær i auga og fresta vera åhvorsam, men han snudde seg fort, for låtten tok han. Han var

for lykkelig. Det var nifst kor han likna anna folk, der han gjekk. ... (Ettermæle (11);108)

9.6. Diskusjon

Psykiske problem er vanlege i Duuns litteratur, særleg depresjon, sjølvmord/sjølvmordsforsøk og kronisk alkoholmisbruk. Han skildrar også ei rekke andre psykiske problem, som angst, psykisk utviklingshemming og nevrasteni, og det er også nokre eksempel på psykoser.

I mange av romanane er det nettopp det psykologiske spelet mellom personane som er det sentrale i handlingane. Duun er også skildra som den store psykologen blant norske forfattarar [2], han viser stor innsikt i korleis samspelet mellom menneske kan vere – på godt og vondt. Rolv Thesen skriv alt i 1942:

... «På tvert» er ikkje mindre enn ein av dei merkelegaste og skarpaste psykologiske romanane i all norsk litteratur. Og han verkar den dag i dag så «moderne» at om ein ikkje visste betre, kunne ein tru at Duun hadde lesi både Freud og Adler før han skriv denne romanen. Ein møter her for første gongen i hans dikting det – bort i mot uhyggelege – psykologiske skarpsyn, den sjeldsynte intuitive evne, som var sjølve grunnlaget i hans geni. ... [3]

«På tvert» kom i 1909, heilt i starten på Duuns forfattarskap, og også dei fleste av dei seinare romanane hans er prega nettopp av den psykologiske innsikta hans. Det kan nokre gonger vere vanskeleg å vurdere om dei reaksjonane han skildrar hos personane er normale reaksjonar på ekstreme situasjonar, eller om det dreier seg om psykisk sjukdom. Dette er ikkje ulikt det ein allmennlege kan oppleve, så i tolkingane har eg måttta bruke ikkje berre dei opplysningane eg har i teksten, men også medisinske kunnskapar og klinisk erfaring.

Psykiatri

Korleis Duun har tileigna seg kunnskapen i psykologi og psykiatri, veit vi ikkje sikkert, men han skal ha lese om psykologi alt som ungdom i bladet «Kringsjaa». Møtet med norsklæraren Søren Noreide på Levanger lærarskole kunne ha gitt han inspirasjon - Noreide prega fagfeltet sitt i ein heil mannsalder [4]. Det kan difor tenkast at Duun både fekk inspirasjon og konkret kunnskap om psykologi og kanskje også om psykiatri av Noreide [5]. Det er og mykje som tyder på at Duun sjølv var plaga med «nerver» og andre helseplager i mange år. Han skreiv ofte om den svake helsa si til venner og kjente. Ofte var han deprimert og kjende seg utanfor, med hovudpine og kvalme [6].

.. en kop kaffe og hvedebrød ...

Kor mykje erfaring Duun hadde med psykiatriske sjukdommar frå heimpllassen Jøa er vanskeleg å seie. Medisinalmeldingane for Nordre Trondhjems Amt gir ikkje opplysningar om psykiske plager og sjukdomar, bortsett frå nokre kommentarar om «sindssyke». Det står også lite om korleis det var på Fosnes og i andre distrikt i Ytre Namdalens. På Frosta var det vanleg å ha slike pasientar i forpleining, og kanskje var det slik også i Namdalen:

1905: Om amtets sindssyke ... Disse patienters forpleining betegnes i det hele som forsvarlig. I Frosten lever ofte den vrang og fordringsfulde sindssyke bedre end forpleieren og hans familie; denne eller kanskje mere hustruen har mangen gang et godt grep paa at behandle opbrusende patienter; med en kop kaffe og hvedebrød kan der utrettes store ting. Her er mange eksempler paa, at vrang og urenslige syke efter faa maaneder har bedret sig saapas, at de har kunnet optages og behandles som medlemmer av familien. – Det skorter aldri på plads, da forpleierne sætter stor pris på den sikre indtægt. (Bendeke). – Fra Inderøen anføres, at for sindssyke, der burde behandles på Asyl, kan forpleiningen kun siges at være

relativt god. Men asylerne er overfyldt, saa det er vanskelig nok at faa plads for akute tilfælde, endsiige da for gamle kroniske, som ligger halvnøgne i sin urenlighet [7].

Det var difor truleg ikkje uvanleg at gamle kroniske psykiatriske pasientar låg «halvnøgne i sin urenlighet», og det var stort behov for asylplassar:

1910: Fra Frostas distrikt gjentar distriktslægen den rosende omtale av de i forpleining utsatt sindsykes behandling, og sin beklagelse over, at mange urenlige og urolige sindssyke ikke kan faa plads paa asyl. (Bendeke). I Inderøen distrikt tiltar sindssygdommene, og det har som regel været vanskelig at skaffe asylplads, selv for akute lidelser, saa amtsasylet imøtesees med stor längsel. De syke, som forpleies privat, maa siges at forpleies godt [8].

Situasjonen ser ikkje ut til å ha endra seg vesentleg sidan Ludvig Wilhelm Dahl reiste rundt og undersøkte korleis «de sindssyge» hadde det nokre tiår før [9].

Alkoholmisbruk

Medisinalmeldingane har ofte kommentarar om «edrueheten». I Levanger ser det ut til å ha blitt bedre etter at «Brændevinsbolaget» vart oppretta i 1878, men på Steinkjer var det ingen synleg effekt:

1880: Fra Levanger udhæves Brændevinsbolagets fortsatte Virksomhed til at mindske Drukkenskab. I 1877 (Aaret før Bolaget oprettedes) arresteredes for Drukkenskab 106 og i 1880 29 Personer. ...

... I Steinkjærers Distrikt ... Brændevinsdrik er ikke almindelig paa Landet uden ved enkelte Leiligheder; i Byen drikkes desmere, og Værtshuse og Udskjænkningssteder besøges jævnlig af tilreisende Bønder. Nogen Aftagen af Brændevinsdrikken siden Bolagets Oprettelse synes ikke at spores (Thome). – Fra Liernes Herred af Grongs Distrikt omtales Misbrug av Spirituosa baade blandt Mænd og Kvinder. ... [10]

I Fosnes og dei andre distrikta i Ytre Namdal ser det ut til å ha vore mindre drukkenskap, og disktriktslegane peikar på at det truleg hadde samanheng med den utbreidde pietismen i desse områda:

1890: I Fosnes Distrikt skal Ædrueligheden bland Befolningen være udmarket, hvilket Distriktslægen tilskriver de Dett n vidt udbredte Pietisme. I Kolvereid Distrikt ... Befolningen synes at være særlig sædlig. ... [11]

... men til jul og St. Hans kunne det vere annleis:

*1900: Forholdene i Grong beskrives som gode, og i Lierne er de i Fremgang ... Befolningen er ædruelig og sædelig, intelligent og almeninteresseret. ...
... I Fosnes ... Ædruelighedstilstanden er i det Hele god; Adgangen til at skaffe sig Spiriuosa er ogsaa vanskeligere end før. Til St. Hans og Jul indføres dog fra Trondhjem meget Brændervin, som i en Fart fortærer af Brugsarbeiderne og enkelte Unggutter.
Sædelighedstilstanden er ikke tilfredsstillende. ... [12]*

... alle rettar inndratte, og fråhaldslag danna ...

1905: I Vikten ... Befolningen er gjennemgående ædruelig. Det misbruk av alkoholiske drikke, som har fundet sted, særlig paa Rørvik, er omtrent fuldstændig ophört, efterat alle de gamle rettigheter er inddraget; der er dannet en avholdsforening, som har faaet stor tilslutning. Men er brænderinsforbruget ubetydelig, drikkes her til gjengjeld en utrolig mængde kaffe, ikke sjeldent 8-10 store kopper daglig pro persona. ... [13]

... "chokolade som gjæstebudskost" ...

I Skjørn, Bjugn, Ness og Jøssund herreder Af sterke drikke nydes lidet i hjemmene, øl næsten aldrig. Brændervin drikkes ved alle bryllupper, ved begravelser har jeg hørt, at det sjeldnere benyttes. Kvantitet og kvalitet retter sig efter samfundsstillingen. The og chokolade bruges ogsaa nærmest som gjæstebudskost ved ganske særlige anledninger. At faa patienter til

at nyde disse drikke istedenfor den daarlige kaffe er noksaa vanskelig; tyndt tillavet bliver de nu i hvertfald. ... [14]

1910: I Kolvereid distrikt ... Ædrueligheten er fremdeles særdeles god. De sedelige forhold er gode i Kolvereid og Foldereid, mindst gode i Næro, naar man ser hen til antallet av uegte fødsler. ... [15]

... iallfall på landsbygda ...

1916: Ædruelighetstilstanden er gjennemgaaende bra, ialfald ute paa selve landsbygden. ...

... I Kolvereid distrikt ... Ædrueligheten er gjennemgaaende bra. ... [16]

... men ungdommen ... "henfaller til misbruk av alkoholsurrogater "...

1920: ... I Bangsund har ungdommen for mange penger mellem henderne, så den henfaller til misbruk av alkoholsurrogater, cigaretter og chokolade, likesom sedeligheden her står tilbake.

... Overhalla ... Edruelighets- og sedelighetstilstanden synes å være bra. ...

... Flatanger. ... Edruelighetsforholdene er meget gode og sedeligheten ganske bra. ...

... Fosnes. ... Edruelighetstilstanden er fremdeles god. ... [17]

Som kjent vart foreldra og fleire andre i familien til Olav Duun aktivt med i Frikyrkja, så truleg brukte ikkje dei alkohol. Distriktslegane forklara også det låge alkoholforbruket i Ytre Namdal med den utbreidde pietismen, men Olav kan nok ha opplevd andre haldningar dei åra han var med på fiske. Det kan ha gitt han erfaring med korleis alkoholen kunne verke, både den akutte fylla og det langvarige alkoholmisbruket. Dessutan har fleire vist til at Duun sjølv i mange år truleg hadde eit høgt alkoholforbruk, trass i at han hevda at alkohol berre måtte brukast til «medisinsk bruk» [18]. Alt i alt er det grunn til å tru at han hadde rikeleg erfaring med korleis alkoholen kunne verke.

10. Andre helseproblem

Sjølv om det er tuberkulose og andre infeksjonssjukdommar som dominerer i Duuns litterære univers, saman med psykiske sjukdommar og plager, får vi høre om ei rekke andre sjukdommar.

10.1. Synshemming

Tjære var därleg augemedisin

I «I blinda» blir vi godt kjent med (Blind)-Anders som lever omtrent i første halvdel av 1800-talet. Han er som ein hovding i bygda, og han er først gift med Solvi, som han jagar heimanfrå og som blir drept av steinskreia. Seinare blir han gift med Massi og får seks barn og etter kvart ei stor etterslekt. Fleire i Juvikslekta har vore plaga med därleg syn. Anders er i utdraget nedanfor godt oppi åra, og han har lenge merka at synet har vorte svakare. Han har i lengre tid tenkt på kva han skal gjere og har endeleg bestemt seg. Han har sterkt tru på varm tjære - det hjelper visst mot alt:

*... Og no skulde det skje. Denne seiga over auga skulde vekk, han trong å sjå, no heretter.
Og no hadde han det rette mote. Han stana for og tenkte seg om. Han var rolig, slik han aldri hadde vore det før i heile sitt liv; og enda kjente han det hasta, live stod reint her og venta på han; sjølve verke var u gjort og i vente enno; det saug i han, men det uroa han ikkje. Ja ha, no skulde han snart sjå verda som ho var.*

Karane var ute på onna, og kvinnfolka hadde sitt å ståke med, så det høvde godt. Han var borti eldhuse og vermte seg ei skål med tjæra, gjorde ho skikkelig heit; så lunka han ei kola med lys og hadde for handa. ...

... No var tjæra heit nok, slik han brukte henne til sår. Og no bar det til. Han stod med fingeren ned i og kjente etter: det var høvelig dette her no, og fin og truverdig tjæra. – Den som no hadde hatt nokre gode ord og lese over, no, sa han. Han smilte med han sa det, slik blindt folk ofte gjer det; men han ønska det likevel. For i denne stunda hadde han tru på kva det skulde vera.

Å, men han var sveitt!

Han ser utgjennom døra, om der er nokon i farvatne for han. Nei; det var som han sjølv skulde ha laga det til, og no tok han stelle sitt og før over garen med det og inn å kammerse. Han kjenner på tjæra att. Står så ei stund og ser ut gjennom vindauge, ned over flata og reinane, der grønleten tytar fram or mosebotnen. Haugane som i lyseblå skodd for han utunder himmelen, slik har dei vore der all hans dag, ...

... «Men det va det!» sa han og snudde seg. Måle vart høgt, og song: «*Vil dokk mæg vel no, så må dokk vara i nerheita, og hjolp mæg!*»

Kaldsveitten måtte han tørke av skallen i einingen. Men det var lett å puste.

Så gjorde han det: Han smurde heite tjæra inn på auga med fingeren, over sjølve augnestinen så godt han fekk det til; han måtte rulle med auga både hit og dit før han var trygg. Ryggen kröktes i våre på han, og knea gav seg, men han heldt på til han var ferdig. Da sette han seg på senggavlen.

«*Jamenn va no det der fullt giftarmål lel!!* sa han. «*Eg ska fortel dokk det kjentes der det kom. Og ondt ska ondt fordriv! Ja da; det her det går bra det. Kast dit brød*»

«*Massi, Massi!*» stønna han ei stund etter, han visste lite kva han sa. Så var det tida å ha på trana. Han famla i kluten og vaska over auga. Det tok utor pina ikkje så lite, han vart enda god til å gjomme unda skrote sitt. Etterpå vart han sittande på senggavlen og vogge på seg, og han kviskra alt i eitt:

«*Vil dokk mæg vel no, så ska det vis sæg!*»

Da dei spurte etter Anders utpå dagen, var han kleinslig og i senga, og dei hadde det vette at dei let han i fred. Gjartru var der i kveldinga att og hørte etter. Han hadde litt «illt i hui». ... (I blinda (5);278-279)

... Han låg og snudde seg til veggen, slik han hadde gjort mest heile tida sia han vart dårlig, og det mumla i han, at frisk det var han, han hadde berre litt verking i ein ange. – Lat meg så ha fred! bad han. Det same sa han når dei kom med mat.

Utpå dagen sendte han bud på Per. ... Faren snudde seg fram til han, med bind for auga og rundt hovude:

«*Eg vart ussel, æg,*» sa han. «*O-lek, malli o-lek ò.*»

Per kremla berre til eit par gonger. Anders løfta handa og let henne falle tungt ned på senggarven:

«Ja, no e æg blind, Per! – Jau, æg e det du. Og bli det ò, ja, all min dag. Men du ska retta det: Det e sjølgjort!» Så fortalte han korles han hadde bori seg åt, og korles det hadde gått. Det måtte vera det, trudde han, at tjæra hadde vore for heit. For elles var tjæra det einaste som hjelpte for ilt: Ho e galant, Per.» ... (I blinda (5);283)

... «*Vi sei det slik da, Per, at æg fekk kæk innpå auan. Hm?*»

«*Ja ja. Det bli vel inga anna rå nei.*» ... (I blinda (5);284)

Mest truleg hadde Anders grå stær (katarrakt), dvs. fordunkling av linsa i auga , men den «behandlinga» som Anders prøver, endar katastrofalt, ikkje uventa for oss som les om det i dag. Tjæra må ha utløyst ein kraftig inflammasjon på hornhinna, og som øydeløs synet permanent. På Anders si tid var behandlinga mot grå stær därleg, så mange vart difor blinde, akkurat slik som Anders var redd for. I dag kunne han fått ein enkel operasjon som hadde berga synet.

Sterke briller hjalp

Åsel var dotter av Blind-Anders, og ho var også redd for å miste synet:

... Åsel måtte bruke sterke briller, hadde brukte dem i langsamlig tid, men synet hadde han ikkje mist, slik dei hadde spådd henne. ... (I ungdommen (7);33)

Ein därleg handel

I novella «Blind-Anders» er det nettopp Blind-Anders på Håberg som fortel. Den første historia er om ein annan Blind-Anders, sonen til ein som måtte flytte ut i skogen fordi han blinda ein annan i ein slåsskamp – det var som ein hemn for at guten var blind. Anders vaks opp utan å vite at han var blind til han var fem-seks år. Da han var 16-17 år, vart han kjend med ei jente, Lina, som kom og ville bu hos han. Ho fekk seinare høyre at det fanst ein vedunder-dokter ein stad som kunne gje folk synet, så dei reiste dit, og han fekk synet til slutt. Etterpå ville han ut i verda og sjå, mens ho reiste heim. Da han endeleg kom heim etter åtte år, var Lina sjuk og døydde like etter:

... Eg fekk synet, og så mista eg deg; det tykkjer eg er därleg handel, sa han. ... Han banna synet han fekk, og dagen da han fekk det, han banna seg sjølv. I same augneblinken slo tora. ... Han var berre svimeslegen. Men det tok tid før han kom til seg att. Da han det gjorde, vart dei vis med at han var stokk blind, såg ikkje handa framfor seg. Han såg henne aldri meir. ... (Or Blind-Anders (9);125)

Heile historia dreier seg om det å vera blind og korleis det kan vere ikkje å sjå. Om det på Anders si tid fanst ein vedunder-dokter som kunne gje synet tilbake, er vel usikkert. Uansett er moralen at til og med synet kan kjøpast for dyrt – det var *ein därleg handel*.

10.2. Hørselshemming

Sjølv om mange av Duuns personar er gamle, er det lite snakk om hørselsproblem, men vi hører om eit eksempel i «I eventyre» når Odin i lag med mora Elen kjem til Kjelvika første gongen:

... Det der, det måtte vera Kjehik-valen som han hadde hørt om: storstein og sand tvers over sundet og til øya. Ei framandvori lukt kom og tok imot dem, det måtte vera røyklukta frå ei stue. Men no stana dei og lydde: Det var ein som ropa hit over sunde bortant øya. – Gurianna! ropa det, og eit kvennfolk-mål attom haugen her svara ja. Der, no ropa det att, enda grovare, og kvennfolke svara ja. Odin var nær på å sette i med. Det ropa tredje gongen, så det røm i all marka:

«Guri-anna!» og no hørte dei han sa med seg sjølv: «Du e eit kors å dragast med.»

Det var han Bendek sjøl, det der, sa Elen, for han var urlite tunghørt av seg, og ho som svara, det var kona hans, ho skulde vel over med færingen og hente han. ... (I eventyre (6);149)

10.3. Hjarte- og karsjukdom

Liggande utom «stubrua»

Hjartesjukdom er ikkje vanleg i Duuns personsgalleri, men vi får høre om nokre få tilfelle. På den tida da personane hans skal ha levd, var det få gode diagnostiske hjelpemiddel, så legane måtte nok først og fremst stole på sitt eige kliniske skjønn. I «Juvikingar» har Ane gifta seg med Andrias Pålsnese og flytta til han, men ikkje lenge etter dør han plutsleleg:

... Ane hadde funne han liggande utom stubrua, og da var han klar. Slik vart dei liggande, somtid. Det var vandt å seie kvar det var. (Juvikingar (5); 108)

Sjølv om det i ein slik situasjon var vanskeleg å seie kva som var årsaka, er det nok mest truleg at Andrias fekk eit akutt hjartefarkt med hjartestans.

Hjarte hans – det gjekk og gjekk ...

I «Det gode samvite, Yngste ætta» får vi ei litt nærmare skildring av korleis Rohl har det når han blir sjuk. Rohl er banksjefen, som den langt yngre Frigg er forlova med:

... Rohl kom ikkje utover, han hadde vorte sjuk straks føre gravøle. ... (4;298)

... - Forresten, ho sa det lågt og tett innåt han, forresten så levi 'n no ikkjå så leng. Han har hjartefeil. ... (Det gode samvite (4);299)

... Det var som ho ottast, at det stod kleinvore til med Rohl. Først vilde dei ikkje sleppe henne inn til han, dokteren hadde forbydd det. Ho strauk beinast til dokteren, og endelig gav han etter. Ho skulde få sitte i kammerse, når ho berre ikkje snakka med han eller skaka han opp på noko vis; for hjarte var reint i ustand. Dokteren var enda med henne bortover.

Rohl låg som hansov da ho kom inn. Så slo han opp auga og kjente henne, og bad henne sette seg borttil senga. Det var bra ho kom, sa han. Han anda tungt ei stund, stutt og mødesamt, flytta hendene hit og dit oppå teppene; andlete var uttrøynta, og sveitten dogga oppunder håre. – Ja, det blev dårlig meg mig, Frigg, - han smilte att, og auga gleid til og frå.
... - Det va Mannen med are, sa han.

Ho nikka, og let auga ligge i hans.

- Han var fæl. Han vandt så rent over mig, jeg skjønner ikke ---
- Ja hysjt da! Vente te i morrå. Vil du ha drikk?

Ho hadde fått magta si, og ho gav seg ikkje før han låg still og tagde, ho strauk kaldsveitten av panna hans, stelte med han på alle vis; han gav seg over og vart eit litebarn, som berre skal ha det godt.

Heile natta vart ho sittande hoss han. Hansov for det meste; men utpå morgenparten vakna han og var lysvaken og lett. Og da fortalte han korles det hadde bore til. ... (Det gode samvite (4);304)

... ho låg og lydde på hjarte hans att. Det gjekk – og gjekk, og enno og enno; ei lang tid. Og morgonen grådde ute; dagen kom krypande. ...

... Rohl kvikna til, og dokteren sa han stod det over denne gongen. ... (Det gode samvite (4);307)

Frigg seier at han har «hjartefeil», men sjukdomsbildet kan stemme med hjartefarkt, kanskje kombinert med pumpesvikt. På Rohls tid var det lite å gjøre med ein slik sjukdom, men det var lenge sett på som viktig å ligge til sengs og å unngå stress. Det var difor så vidt Frigg fekk komme inn til han – han skulle ha ro.

... sløkna som eit lys sløknar ...

I «Gud smiler» er hovudpersonen Justin gift med Solgerd. Ho har vore sjuk ei god stund:

... Han har set at livsgnisten vart borte i henne, ho sløkna som eit lys sløknar. Nei ho sa ikkje farvel, det var ikkje tid eller tanke til det. ...

... Hjartekrampe, fortalte dokteren. Gjerne det, men det var døden. ... (Gud smiler (11);140)

... Men så til slut, da såg han tydelig at Solgerd var sjuk. Ho vart tagal og kristelig, meir og meir. Kristelig var bra, det er det tryggaste av alt. Og om ho vart litt stutt i ordlage mot han? Eit sjuklig menneske, kom i hug det, og eins eiga kone. ... (Gud smiler (4); 141)

... Ho døde ein dagen ut mot kveldinga. Det var straks før påskehelga. ... Ja, så er Rebekka i døra, ho roper kvast at han må komma inn. Da han kjem ligg Solgerd på golve. Rebekka vil hjelpe henne opp, men ho vil ikkje vita av det - Rebekka ser forvilla på han. Han vart ikkje redd enda. Han tok henne opp. Det kjentes som ho stridde i mot. Han bar

henne ut i kammerse og la henne på senga. Da var ho død. Rebekka hadde alt sprunge til nærmeste telefonen. Dokteren kom motorsyklande så sola skvatt. Hjartekrampe, sa han. ...
(Gud smiler (11);142)

... For det måtte ein komma i hug, at eit sjuklig menneske det var no først og fremst ei plage for seg sjøl, og der til ei plage for andre, ei farlig plage. I det store og heile, der var ingen grunn til å ønske nokon att-ende hit i verda. det var ein velgjerning at Solgerd fekk døy. ...

(Gud smiler (11);144)

Hjartekrampe var eit vanleg uttrykk for angina pectoris, og den diagnosen kunne dokteren stille ut frå symptom og sjukehistorie. Truleg hadde Solgerd gått med angina i lengre tid før ho til slutt fekk infarkt og døydde.

10.4. Hjerneslag

... måtte matast og røktast som eit lite barn ...

I «I blinda» hører vi at Åsel flytter til Pålsnese for å stelle gammalfaster Ane:

... Faster Ane i Pålsnese hadde øg vore i gravøle (etter Massi). Ho hadde aldri vore større til; men ho var av dem i åtta som ikkje visste å døy. Likevel vart ho liggande etter det gjestebode. Ho fekk kulde i eine foten, og så sette det seg for og gjorde han nåmen og dau; og litt med kvart døde heile den sida bort. Ho måtte matast og røktast som eit litebarn, og det var Åsel som måtte til. ... (I blinda (5); 263)

Dette er klassiske symptom på hjerneslag (blodpropp i hjernen) med halvsidig lamming (hemiparese). På Anes tid var det lite ein kunne tilby av behandling for ein slik tilstand, anna enn pleie og stell. Og det vart eit hardt slit for Åsel, som skulle stelle henne den siste tida (sjå også kapittel 12.2).

... der låg ho mor helselaus ...

I «Hilderøya» blir vi godt kjent med Svein. Mora hans er lam og sengeliggande. Faren til Svein, Henrik, er ofte på besøk hos mor til Hanna og Herborg på «Blåloftet», der dei gjerne sit og drikk. Alt dette ligg mor til Svein og veit:

... Det hadde vore slik alle åra, sea Henrik tok til å gå her; sea kona hans vart lam og sengeliggande. ... (Hilderøya (2); 192)

... Der låg ho mor helselaus og visste om det (at mannen Henrik var hos nabokona), tærdes opp av tankane og sa ingen ting. ... (Hilderøya (2); 197-198).

... Han (Svein) spurte etter mora. Jau, gudskjelov, ho låg no der ho. Nokså tålmodig. Svein hadde ikkje set henne så bleik. Det var mest så ein kunde sjå gjennom det vesle kvite andlete. Men ho fekk ein fin dåm av raudt i kinnene, då han kom.

Herborg har vore så flittig til å sjå hit åt meg, sa ho. Til no i det siste ... (Hilderøya (2); 205)

... Han var nede og snakka med mora, som alltid låg vaki utover natta. Ho såg så stilt og kjærlig på han; det var som ho forstod han og vilde ha gjort det godt att. ... (Hilderøya (2); 242).

Vi får ikkje vite meir om kva som feiler mora til Svein, mest truleg var det hjerneslag, men det kunne kanskje også vere ein nerve- eller muskelsjukdom. Etter angrepet på Etvert Jørgen blir mora därlegare:

... Han sveiv oppetter og såg inn til mor si. Det hadde han ikkje gjort før ofte, etter at han vart gift. Ho såg så ulukkeleg ut, den gongen han fortalte han skulde gifte seg; ho sa ingenting, men det var og det verste. Sea hadde ho lege og set på han, liksom ho tykte synd på han; meir og meir i det siste. No var det fleire vekor han ikkje hadde vori der.

I dag var det liksom auga hans gjekk opp og han såg korleis ho var. Ho levde enno, men ho var langt inni døden. Ho smilte til han med denne rare smilen frå gamle dagar, gud veit

om han ikkje hadde vore der alltid; han kjende handa hennar inni si som noko englefint og framandt, ho hadde ikkje lange stunda att. Han låg på kne framfor senga hennar.

Ho la handa på håret hans, uendes lett og vart:

- Gang no, Svein. – kom igjen i mårrå, -- Du ska sjå – de bi bra alt samma.

- Morgonen etter kom det bud at ho var dårlig. Svein skyndte seg oppover, Herborg kom etter. Hanna var der alt før. Han såg det var slutt. Handa var kald som is, og auga kjente ingen. Ein minutt kom det liv i dei, den siste lysken før allting sloknar. Dei såg på Hanna; så på han som snarast; og så på Hanna att. Og så var det ikkje meir. ... (Hilderøya (2); 276).

Heller ikkje no får vi vite kva som feilte mora.

Fann han død i senga

I «Ettermæle» blir Torberg, far til Brynjar, liggande bortpå stien, og Otte kjem settande til gards:

... Ja no ligg far dykkar inni marka på same romme! Ja det forstår seg, men de må ikkje bli forfald, det var da liv i han da eg gjekk, da eg sprang, han er kanskje god kar no att. Han svimra og datt, ser de, nei han datt ikkje rettelig, men eg måtte ta han og stø han bortå ein tommerlunn. ...

... Men da dei var halvveges møtte dei Torberg, han kom gåande. Han hadde ein staurende i handa til stav, og gjekk tålig bein, men han var bleik. ...

... Nei da. Det skulde ikkje gå den vegn med meg. Arna hadde det i hjarte ho. På meg var det horude som slo klikk. Som all snarast. No endelig er eg da full? tenkte seg; og så kunde eg ikkje tenke heller. Men det er overstått no.

Dokter vilde han ikkje høre snakk om; - de vil da ikkje rope det ut over alle bygda? sa han, det er gale nok som det er. ... (Ettermæle (11);105)

Otte fortel korleis det skjedde:

... Men best det er så tek han seg for panna, og så ler han og seier: - No da? Han seier det eit par gonger, - kva er det her for slag? seier han. Der med ser eg at han svanglar, og så tek eg han og held han, og sia stødde eg han bort til tommelunnen. Der sat han og visste lite til seg. Eg gjorde det klokaste eg kunde, eg la han over ende, og så tok eg hatten hans og henta vatn i, der fekk ei råd gjelde. Da var eg redd. ... (Ettermæle (11);105)

... Torberg heldt seg i senga dagen etter, men han meinte på han var heilt frisk. Han hadde dokterbok og visste kva der stod: Det var ikkje slag som hadde vore borti han. Næste dag var han oppe ... (Ettermæle (11);106)

... Og meg kan ingen gjera urett i mot.

Det var siste orda dei hørte av han. Sia om dagen gjekk han for sjølv og sveiv, og dagen etter fann dei han død i senga.

Dokteren vart ikkje einig med seg sjøl om dødsårsaka, han tykte det eine kunde vera like rimelig som det andre. Han undrast enda om det kunde vera forgift. ... Brynjar gav seg ikkje før det vart slege fast at faren hadde ikkje døydd av forgift. Han hadde hatt hjerneblødning, syntet det seg. ... (Ettermæle (11);106)

Her får vi altså høre at Torberg hadde fått hjerneblødning, kanskje klargjort etter at det vart gjort obduksjon. Dersom det ikkje vart gjort obduksjon, var det nok vanskeleg å slå fast om det var hjerneblødning eller trombose (blodpropp), men i alle fall stemmer det med at det var ei form for hjerneslag.

10.5. Kreft

Kreft går igjen hos fleire personar hos Duun. Diagnosen kreft var nok ofte usikker på den tida Duuns personar skulle leve, og legane hadde da lite anna enn sitt eige kliniske skjønn til å hjelpe seg med. I nokre tilfelle der det er lite informasjon i

teksten, har eg måtta tenke meg til den mest sannsynlege diagnosen. Det er for eksempel tilfelle hos Dåret, mor til Danel i «På tvert»:

Dokter - e du gælin, gut?

I «På tvert» møter vi Daniel og mora hans, Dåret, som er åleinemor, men når Danel er i 10-11-års-alderen blir mora därleg:

... Ho hadde vori skrall i magen ei tid, men ho kunne ikkje skjona kva det var, og då kunne ho ikkje gå til doktoren, tykte ho. Så vart ho brå-klein eine natta og kjende at ho snart var ferdig. Guten ville av stad etter hjelp, av eit eller anna slage, men det fekk han ikkje. – Eig stryk med no, korsom e, sa ho. – Å så vèkk folk medt på nattens ti – e du gælin, gut? Ho låg og kasta seg i stor pine, til det leid ut på morgonen. Då gav ho seg liksom over og døydde. ... (På tvert (1);155)

Ho forsto ikkje kva som feilte henne, difor kunne ho ikkje gå til doktoren, og å vekke folk midt på natta berre fordi ho skulle stryke med – nei - det skulle tatt seg ut!

Men vi får ikkje vite sikkert kva som feiler Dåret. Ho har vore «skrall» i magen ei tid, så det har ikkje komme akutt, og vi kan difor truleg eliminere dei vanlegaste infeksjonane. Det er ikkje utenkeleg at ho har hatt ein eller annan form for kreft.

... sjukhus ... det var imot skrifsta...

Når Lars Lines i «Det gode samvite» blir sjuk, får vi etter kvart vite ganske sikkert at det er kreft:

... han var ikkje frisk. Hadde så vondt av maten; og så vondt når han skulde bøye seg. ... Utover sommaren kunde dei sjå det alle som vilde, at Lars var ikkje i stand. Han naut ikkje mat i magen, og han vart skrinn og helselaus å sjå til. Men kan du ikkje reise til dokteren da? sette Nora på han. Dokteren? sa han, - kva skal eg der da? – Kan du ikkje prøve da, Lars! så fekk vi høre. – Vantrua... Å nei san, eg fekk no heller søke

overdokteren. Eg set det i hans hand, eg Nora. Men det skjønnar du vel ikkje. ... (Det gode samvite (4); 262)

... - Å det e inga sak å døy når 'n e frekst!

- Hm. Det – veit vi no så liti om. ...

... - Men æ sei som æ har sagt: det e stygt då dæ, at du ikkjøi søki dokteren. ...

... --- Ein dagen vart Lars så dårlig han måtte inn og legge seg. Det var ein blenkande solskinsdag, varmen hang og bevra i lufta, og siste høye skulde inn. Men Lars fraus same kor han gjorde av seg, og han låg og breidde over seg og låg og hutra og smått bar seg. Nora tok inn ein skinnfell og breidde han ned i, enda så varmt det var; ho sa ikkje noko, men ho stod lenge og såg på han. I nóns-tida sa han frå, at dei måtte hente dokteren, dette var ein alvorlig sjukdom. Nora ringte opp til gamledokteren. Han var ikkje heime. Ring til den nye da! sa Lars utålmodig. Nora stussa litt på det, for det var langt dit, og den gamle kom snart; men han bad henne telefonere litt fort.

Nydkteren kunde ikkje seie for visst kva det var, men han hadde inga god tru. Han forordna det som skulde til av mat, og det var ingenting, og skulde komma att med det første. Dagen etter kom gamledokteren. Han tok det gjerne med ro, men denne sjukdommen likte han ikkje. Det var best å komma på sjukhus, for det kunde snart vera kreft som heldt på og knytte seg, og da var det om å gjera å ta det med tid var tid. – Lars låg lenge og sa ikkje eit ord. Berre det ikkje er for sein! sukka han. Dokteren trøsta så godt han kunde, men det beit ikkje på han..

Om kvelden kom det fleire av vennene dit, dei bad og dei song lenge utetter, og næste dag forkynte Lars, at på sjukhus skulde han ikkje, det var imot skrifsta. ... (Det gode samvite (4); 263)

... Eit tak såg det mest ut som han skulde friskne til att, men så bar det til å gå nedover, og det fort. Han fekk harde rider i magen, han låg og vatt seg og anka seg høgt; men i millom hadde han det tålig, las litt i den åndelige songboka og snakka om at han gjerne vilde døy.

Han vart gulgrøn i hamleten, og dokteren sa det var kreft som hadde sprengt galdblåsa, så galde gjekk i blode. ...

... Nora kom sjeldan åt kammerse, og det såg ut til han hadde glømt henne. ...

... Det var ikkje stort att av Lars, det var alt med seg ho tålte sjå han.

- Du får ha farvel no da, Nora, sa han; han retta fram handa, som var grøn og halvdød. ...

... Nora sat der lenge med handa hans, og han låg og øra og la hovude hit og dit, ralla eitkvart og fekk ikkje tunga til å slå. ...

... Da reiste Nora seg, ho kviskra farvel til Lars og strauk han over panna, såg på forsamlinga som snarast, og gjekk.

Ho sat på kjøkenet mest heile natta. Eingong var ho inne, stod på dørstokken til kammerse. Lars vakna og klaga seg at det var så mørkt, mørkt og kaldt. Så ropte han på vennene, at dei måtte komma nærmare, han var så åleine, var så radd.

- Vatne! jamra han, vatne, vatne! Det flo heilt over mæ, det e Lovatne som kjem – å Jesus, Jesus, kor det vart då?

Dei var over han og skulde trøste, og Nora drog seg attlengs utgjennom døra. ... (Det gode samvite (4); 264-265)

Dette er skildring av sluttstadiet av kreft i mageregionen, med affeksjon av bukspyttkjertel, gallegangar, lever og kanskje bukspyttkjertelen. Gallegangen blir blokkert, slik at pasienten utviklar gulsott (ikterus). Det hadde neppe hatt noko å seie for utfallet om Lars hadde gått med på å bli innlagt på sjukehuset, sjukdommen hadde truleg komme for langt til at det hadde vore mogleg å operere. Annan behandling enn det hadde dei knapt på hans tid. Her ser vi dessutan eit eksempel på at «vennene» kjem og nærmast «invaderer» heimen, slik at blant andre Nora kjenner seg heilt utafor.

Pina sleit han sund framfor auga på dem ...

Når Odin er i Kjelvika, blir han jaga på dør om julekvelden, og han rømmer heim til mora. Dit kjem Gurianna og fortel at Bendek har vorte liggande sjuk og berre snakkar om Odin, så Odin går tilbake til Kjelvika. Når han kjem dit, er Bendek sengeliggande:

... Bendek var ikkje stort godtil å snakke. Han hadde fått ein frammand hamlett, som skramte Odin med det same, og auga i han dei hadde det vondt. Men dei følgte med Odin om dagane. – Kjenner du ikkje att deg? spurte han ein dagen. Odin vart ståande og stirre. – Jau, men. Jau, visst berre De kom opp snart, så. Bendek humrar så smått: Du seier noko, du. Men det kjennes umulig, for det første. Du får ta over styringa no du, heretter. Så blir det vaksenmann tå deg. ... (I eventyre (6); 225)

... Kva vilde han med båt lenger, som låg og skulde døy? For det bar den vegen. Odin måtte smile når han såg Bendek tok inn einkvart eller smurte på seg og påstod det gjorde mon. Kallen trudde verkelig han vart litt likare etter handa, og det same syntes Gurianna sjå. Han såg det vart kleinare og kleinare for kvar tia. Kvifor såg han det ikkje sjøl? Han gruva seg vel litt, no før det bar til, det måtte vera det. Og husje var det visst. Odin stana for og tenkte på det, ein og annan gongen; han kunde bli nyfiken så han ønska det kom snart.

... Men når Bendek var på det kleinaste og låg og anka seg, bleikna han utor. Da kom han i hug Vakkermannen, Vårherre, han som visste om det og hadde råd for det berre han vilde. – Du som kjenner han Bendek! kunde han seie, - du som veit kven har er for ein! Han før sildgarna for folk ja, la han til litt spakare. Ja, men da var det vel dei som stal av han først; det kan du vera stø på!

Men kvifor hadde han Bendek vorte liggande? Han kom i hug kua i sjøen, og oterbørsa og trollskapen, men han bles det ifrå seg straks (I eventyre (6); 226-227)

... Etter denne tida vart Odin sittande inne hoss Bendek halve dagen, og stundom halve natta med. Det bar visst til å døy med han Bendek no. Meir og meir skrukkut og gul vart

han, og stundom kunde han vera så evig langt unda, det såg ikkje ut til at han skulde komma att meir. Så kunde han snu litt på hovude og leite etter Odin. Oftast sa han ikkje eit ord. Sjøen vaska ned strandsteinane, vinden kosta oppi haugen; med kvart kom regnelingane og snerde frammed glase. Men somtid var det mest likt til han såg tvers gjennom Odin og langt att gjennom tidene. Ei natta låg han slik, da Odin vakna på stolen sin framfor senga. Han prøvde å smile, men andlete var ikkje til det. ... (I eventyre (6); 231)

... Ei vekes tid etter var det slutt med Bendek. Pina sleit han sund framfor auga på dem. Da det var på det verste, sprang Odin til Vennestad og bad dem hente dokteren, straks, han stod framfor Iver og Elen og sa det, det var så vidt dei samla seg og kjente han att. Dokteren kom, men han kunde ikkje gjera noko. Det var for seint. Og så gav han Bendek nokre dråpar og før sin veg. Dropane linna pina for ei stund, men ho kom att like hardt, og Bendek vilde ikkje smaka dem oftare.

Odin heldt til ute ved veggen med siste striden stod på. Den låta der var han for veik for. Nyfika hadde sitte som ein ring i nasen på han, alt frå han var urande liten: alt skulde han sjå og alt skulde han vita. No var døden her, og han var det raraste av alt i hop, men den vilde han ikkje vita noko om. ...

Gurianna kom og bad han inn.

Det hadde tagna i halsen til Bendek no. Han var død alt, syntes Odin. Bendek retta fram handa, og Odin tok henne. Han stod der og såg imot dei halvopne auga. Dei kjente han og vilde han vel. Så rettar Bendek på seg, tek etter våret fleire gonger og finn det ikkje, og så er han inni striden att.

Odin stod der naken og kald og såg det gjekk for seg. Og slik hadde dei stått før, nokon, og set det og ikkje forstått det, hadde ikkje fått meir botn i det enn han. ... (I eventyre (6); 233)

Kva som feiler Bendek er usikkert. Sjukdomsbildet er prega av smerter i magen, dessutan blir han *meir skrukkut og gul*. Det tyder på avmagring eller kanskje berre uttørking (dehydrering), og at han har gulsott (ikterus), dvs. affeksjon av gallegangane eller levra. Sjukdommen verkar å vere så pass aggressiv at Bendek ikkje kjem seg opp meir, men kor lenge han ligg slik, veit vi ikkje. Alt i alt er det mest nærliggande å tenke på kreft i bukspyttkjertelen, gallegangane eller levra. Ettersom tuberkulose var så vanleg, kunne ein kanskje også tenkje seg at det var tuberkulose i magen, men det er ingen andre teikn på at han skal ha hatt tuberkulose.

Dokteren bli tilkalla først i det terminale stadium, og kan lite gjere, bortsett frå å gje han nokre dråpar, kanskje opiumsdråpar, som smertestillande. Men det hadde jo ikkje hjelpt om han hadde kome før, heller.

Operasjon til liten nytte

I «Olsøygutane» blir Sofia alvorleg sjuk:

... Ho kunde ikkje vera lite sjuk heller, skjøna dei. ... Eg veit ikkje kva som feiler meg, klaga ho seg, eg kan da ikkje tru at eg skal bli liggande klein? ... Så går Jæger inn til henne og seier at no reiser dei etter dokteren. – Ja skulde dei vøre det? undrast ho. Kor som var skulde dei sova først, med henne var det ikkje så farlig. Ja og så måtte ho opp og fli både seg og stua til han kom. ... (Olsøygutane (9);28)

... Det var 2 mil til dokteren, og det enda svært gamle mil, påstod Jæger. ,...

Dokteren var ikkje heime; dei må vente ein times tid på han. Så bles det opp, men etter ei tid får dei med dokteren, som tek på seg sjøhyre:

... Han vilde ikkje ut med kva som feila Sofia, men ho måtte på sjukehuset, det var heller for seint enn for tidlig. Da Sofia hørte at dokteren ville tinge rom for henne, sa ho stopp. Ho vilde døy på Olsøya. Han snakka lenge med henne, men svare var det same. – Ja ja, sa han

til slut, ho var no sjøl den som fekk avgjera det. Men da dei lenda med han i dokterstøa om natta, sa både Johan og Jæger at han laut tinge rom på sjukehuse lel. Ja, det var ålvor det, han skulde! Få henne i veg? Det skulde dei ta på seg. – Ja ja, da kunde dei reise til byen med henne kva dag dei vilde. ... (Olsøygutane (9); 29)

... Dagen etter seglde dei to eldste i veg med henne og fekk inn på sjukehuse, og så bia dei til ho var operert. ... (Olsøygutane (9); 30)

Men etter ei tid fekk dei brev om at ho var død. Det står ingen ting om kva som feilte henne, men det kan passe med at ho hadde ein kreftsjukdom.

Det rakin som saumen, som draumen...

Vi blir kjent med Lea alt i første bindet av trilogien «Medmenneske», «Ragnhild» og «Siste leveåre». Lea er halvsøster til Håkon, først gift med Morten som omkjem på sjøen («Ragnhild»). I «Siste leveåre» reiser Lea ut til Håkon dit han har reist for å døy, for han trur han berre har eit år igjen å leve. Lea har så fått vite at dette berre er tull og vil at han skal komme heim. På turen utover til Håkon er Lea på Finnsvoll og oppsøker ein dokter:

... Men ho vart vår dei hadde rådd seg dokter der òg no. Den eine dokteren eller den andre, tenkte ho, og der med gjekk ho inn til han og klaga seg sjuk. Han tok det grundig, og såg mindre og mindre glad ut.

Ho bad han seie henne det beint i andlete kva han meinte, elles betalte ho ikkje. Han sa som den der heime, at han visste det ikkje, men ho burde vera budd på noko av kvart, ho måtte på sjukhus med all som først, og meir slikt. Ja ha, det kunde vera magekreft. – Ja vel, sa ho og betalte. Lite grand mjo i knea vart ho, men det vart dei vel alle i ei slikt stund, same kven dei var. Ho takka dokteren og tala enno nokre ord med han, - vislig manns snakk, tykte ho.

Så var ho ute og åleine med kunnskapen sin. Denne magen har elles vore meg ein skarvlaup all sin dag, trøsta ho seg. ... (Siste leveåre (10); 357)

Det viser seg altså at det er Lea som er sjuk – ho har hatt plager med magen i lengre tid:

... Døy, seier du? Nei, eg skal døy eg, og det snart òg. Det er i feigda eg er ute og fer. Dette er det siste eg bed deg om. Ja det er gjerne det største òg. Du må komma heim no, om du er aldri så nedfor.

- *Kva er det du forteler? Han vart ståande og stirre hardt på henne. – Skal du døy?*
- *Eg skal det ja. Eg har vore hoss to dokterar, og det er same dommen hoss dem båe to. Det er magekrest det, utan prutingsmon. Du er første skapningen eg forteler det til. Du er no bror min, same kor eg finn deg. Du ser så på meg? Trudde du eg var udøyelig? Eg er ikkje så seigdrepen som folk held meg for, eg er snart utrydda no. ... (Siste leveåre (10);359-360)*

Etter at Lea kjem heim, fortel ho Ragnhild kva som feiler henne:

... Å nei, her er da eit anna menneske som lyt døy. Det er eg det.

Ragnhild såg vantruен på henne.

Lea fortalte korles det stod til med henne, og kva dokterane hadde sagt. Vegen var da viss nok, trudde ho. – Det argaste er at eg kjem til å svelte i hel, etter som eg forstod dokterkallen der ute. At eg ikkje åt litt meir med tida var til! ... (Siste leveåre (10);375)

Det viser seg at Håkon har skrive falskt på ein bankveksel, og Periander, som Lea no bur i lag med, oppdagar dette. Både Ragnhild og Lea er difor redd at Håkon må i fengsel, men Periander veit enda ikkje at Lea er sjuk:

... Det vart Lea som svara, men ho skalv i måle.

- Må'n Håkon óg på straff, da kjem eg til å døy fort.

Periander såg hastig på henne, ikkje altfor mildt. Auga hennes brann i mot han.

- Ja eg kan like godt fortele deg det. Eg er sjuk og har ikkje så følt lenge att. Så eg har ingen rett til å krevje noko av deg. Eg har fare med svik i mot deg – eg er døyande menneske. Du kan vise meg døra i denne dag og stund.

Han såg vantruen på henne. Der etter såg han på Ragnhild. Ho nikka til han og sa: Kreft. Da krakk det i han. Etter kvart forandrast han i andletsdraga. Ragnhild kom i hug orde å bli lang i andlete: slik vart ein da. Ho tagde ho som dei andre to.

Lea beit seg i leppa, kanskje ho streid mot gråten. – Det ragnar som saumen, som draumen, sa ho, bort frå dei andre.

- Du skulde ha sagt meg det før, sa han endelig.

- Ho blir da frisk att, tok Ragnhild fram.

Han såg tungt på henne. – Trur du det?

- Ja eg gjer det. De fortener det i alle fall. De gjer snart ei god gjerning no, og det kan da umulig bli utan løn? Dei opererer for slikt fort vekk no, dei skjer bort av oss og sett inn nytt så det er eit under. Nei, her er da god von enno, verre er det ikkje. ... (Siste leveåre (10);391)

... Ein dag seinare kom så Periander og Lea framom Starsund, no skulde dei i veg. Han hadde endelig overtala henne at ho skulde freste ein operasjon, og sia var det ho som hadde overtala han, for når den eine våga det, da veik den andre unda. No vilde dei høre kva sjukehus-dokteren meinte; så fekk han ta andsvare. ... (Siste leveåre (10);394)

... Periander telefonerte til Starsund dagen før operasjonen skulde gå for seg. Der var god von. Ragnhild fekk snakke eit par ord med Lea. Dagen etter ringte han opp at det var overstått. Det hadde gått bra. ... Men den dagen telefonerte Periander at Lea var død. Ho hadde døydd om natta.

Dei hørte seinare at ho hadde døydd åleine, og stilt, ingen merka det før ho var kald. ... (Siste leveåre (10);395)

Dette er da enda eit eksempel på ein kreftoperasjon med fatalt utfall.

Blodbrekningar

I «Ettermæle» har faster Ane-Margit vore sjuk lenge, ho har hatt blodbrekningar, og alle trur ho ligg på det siste:

- Men eg har ligge sjuk i langsamlig tid, Brynjar. I blodbrekking og all slag elende. Eg har ligge for døden, Brynjar!

... Da skjedde det, at Ane-Margit skikka bud på Torberg. Ho hadde vore sjuk att, hadde ligge ei lang ri og brekt blod, så nå vart det enden. Ho måtte få snakke med Torberg før ho fór.

- Er ho så sjuk! smalo han. Jaså, ho bed meg heim på blodbrekking, åndelig og legemlig. ...

(Ettermæle (11);55)

Brynjar går og besøker henne i staden for faren:

... Det var ikkje frakt med henne no, og sjølv trudde ho det var godt som slut. ...

(Ettermæle (11);55)

... Du reiser da ikkje bort att så hastig, Brynjar? Du kunde bie over gravølet mitt. Du kunde gjera meg den gleda, ikkje sant?... (Ettermæle (11);61)

Ane-Margit har hatt ein langvarig sjukdom bl.a. med oppkast av blod (hematemese). Det kan vere magesår, men det passar nok best med kreft i magesekken. Korleis det går med Ane-Margit til slutt, får vi ikkje høre.

Strålebehandling

I «Gud smiler» møter vi blant andre Vidar Holm, og vi får vite at han skal til Stockholm for å bli behandla med radium:

... Og Holm, som var oppsagt, han hadde reist sin veg, skulde til Stockholm og bli kurert med radium for eit eller anna. ... (Gud smiler (11);228)

Det tyder på at han har ein eller annen kreftform, og at dei har starta med strålebehandling i Stockholm, men kanskje før dei hadde slik behandling i Norge.

10.6. Magesår

Ein av dei første juvikingane vi møter, Per Håberg, skal ha levd ein gong på første halvdel av 1800-talet. Han har nyss hatt besøk av Halt-Andrias, ein same som dei meinte kunne ganne, og Per har fornærma han, vore uforskamma og hardhendt med han. Per arbeider med å grave ned ein stor stein nedpå åkeren, og han kastar også stein ut av åkeren:

... Men da vart han for noko rart, idet same han slengte i veg ein Stein: Det var ein som rørte borti han. Det var ein som strauk han midt over magen med ein finger, ein varm og god finger, men det var reint som han datt av, i to stykk, føtene dei veikna under han, og han var ulik all igjennom. Han tok etter ein Stein til, for han vart arg, men det var inga makt i han meir, han måtte bera han nedover. ... Det var ikkje større vondt i magen, når han ikkje tøygde på seg; han vart berre så kald og rar. Skal eg verkeleg tru at eg sleit meg sund da? ... Å jau, det var gale mede magen no; - han gjekk og sette seg. ... (Juvikingar (5); 106-107)

Enda etter to-tre veker er ikkje Per bra i magen:

*... Per dreiv med å kjøre Stein. ... Sjøl måtte han fara rådlig fram, han måtte gå med magen sin, og stelle seg vel før han tok etter steinen. Maten var det enda verre med. Han åt som elles, det var det inga bør for, men han naut han ikkje i seg.
Valborg gjekk og hadde auga med han. Ho laga den lettaste maten ho visste, og ho tenkte att og fram, kva ho skulde gjera. ... (Juvikingar (5);113)*

Valborg ber Jens, bror til Per, om å hjelpe han, men det blir til at dei to brørne arbeider om kapp omtrent som i gamle dagar.

... Endelig ansa Jens på kor dette bar av. Per var avleta som ein dauing; han beit i høttenene så det gnaura i dem. ... Men det var for seint. Per halla seg framover steinen og kasta opp. Anders stod og såg på. Blod! kviskra han, han tok åt seg anda inn millom tennene liksom han datt i kaldvatne. Så la han på sprang heimover.

Kva var det som feila han? ville mora vita. – Nei, ingen ting. – Var det han far kan hende? – Ja. «Han brekkji blod!» ... Valborg sette seg. Ho sette seg stilt ned, med hendene i fange. Ho var åleine i stua. Der sat ho og såg inn i varmen heilt til det kom nokon inn. ...
(Juvikingar (5); 113-114)

... Dagen etter måtte Per ligge, og enda ein dag. Valborg heldt han nede med blid hand, det hadde vorte litebarn av han, han føyde seg utan eit ord. Så kom det ei tid han var opp og rak. Sjukdommen sin nemnte han ikkje. ... (Juvikingar (5); 115)

Men det var ei skam å vera sjuk:

Det var verst når han råka folk. Det var ei skamm: Ein ungdom i beste åra, og det ein juviking enda, som gjekk her og drog seg og hadde sott! Han var utpeka for heile bygda- han hadde vorte for stutt. ... (Juvikingar (5); 125)

Per lever i ei tid da det er vanleg å tru på finngann, og han er redd sjukdommen er påsett av Halt-Andrias. Han friskar da opp den gamle krossen over fjøsdøra så ingen ser det, henger opp ein hestesko og legg stål i senga. Han bed til og med Halt-Andrias gjere seg frisk igjen, men vi veit ikkje sikkert kva som feiler Per. Han får symptomata akutt, så det kan passe med blødande magesår med oppkast av blod (hematemese). Valborg prøver å gi han diettkost, noko som var vanleg ved magesår, men Per blir ikkje bra i magen, og han er arbeidsufør og døyr ikkje så lenger etter. Det kan gi mistanke om at det kanskje også kan vere tuberkulose eller kreft.

10.7. Muskel- og skjelettplager

Ryggvondt

I «Ragnhild» er Håkon og fleire ute på sjøen når det blir storm. Morten omkjem, men Håkon greier å redde Lea, halvsøstra si. Etter det har han plager med ryggen:

... Håkon merka noko over veikryggen da han skulde til å gå, han vart tvert ståande ei lita stund. Så gjekk det over. ... (Ragnhild (10);159)

Håkon snakkar med Ellida, som er hushjelp hos han etter at Ragnhild vart sett i fengsel, men stadig er det vondt i ryggen:

... Han steig og vilde gå etter henne, men i det same flaug det over ryggen på han, liksom einkvart slitna tvert av. Det var dette minne etter uversnatta, det måtte gå fort for seg da han tok Lea inn i båten. Han stod still og venta, til det gav seg. Litt mildare var det før kvar gongen det kom. ... (Ragnhild (10);191)

Håkon har eit godtauge til Elida, men det viser seg at broren Johannes og Elida alt er forlova. Og Johannes har ikkje berre gjort Elida gravid, men han har også sett seg i gjeld hos fleire. Alt dette gjer Håkon så rasande at han er redd han kan skade Johannes. Han har likevel så vondt i ryggen av han ikkje greier å gjere noko, så her blir han «redda» av ryggsmertene. (Ragnhild (10);199)

... No tuktar foten meg ...

I «Ettermæle» får vi høyre om Tørris, som sit med ein vond fot:

- Vi sit no her, seier Tørris. Foten og eg. Det har komme ei legemlig nød over oss. Ein levande udane. Han døyr bort under meg. Men det skal ikkje vera hans skyld. Dokteren seier det. Det er mi skyld. Det er hjarte mitt si skyld: Det er vondt! Ja det forteler dokteren

meg. Og eg som gledde meg på å døy i den trua at eg var godhjarta. ... (Ettermæle (11); 40)

... -Eg skulde ha vore dau for lenge sia, med den her foten, påstår folk ... (Ettermæle (11); 40)

... No tuktar foten meg no, til folkelig framferd i tankane.

Foten ja. Foten her, det er ei lita straff for at eg vart snytt for deg. Snytt for både deg og mor di. ... (Ettermæle (11); 40-41)

Det er usikkert kva som feiler foten til Tørris. Han seier det er hjartet si skyld, men det er ikkje lett å forstå, ettersom han har vondt i berre ein fot. Dette kan vere podagra (urinsyregikt), som ofte har samanheng med overvekt og andre risikofaktorar for hjarte- og karsjukdom. Tørris kan også ha skada foten, men det høyrer vi ingen ting om.

Braut av seg både paraplyen og foten

Birger i «Samtid» bur ilag med fostermor si Elina, eller Halt-Bingsa, som dei kallar henne. Ho haltar på grunn av ein vondt fot:

... kjerringa er berre sju og sytti, har vori det all din dag, og blir det like lenge her etter. ... (Samtid (12);13)

... Det er denne foten hennes som gjer henne vond. Ho må vere vondare enn pinna, minders held ho det ikkje ut. Ho datt ein gong i kjerkevegen og braut av seg både paraplyen og foten, pla ho seie. Eg gjekk dit ein gong for ofte, la ho til ... (Samtid (12);13-14)

Trefot

Det er ikkje mange som har protesar hos Duun, men i «Menneske og maktene» høyrer vi om Fritjof som går med trefot:

... På Langholmen budde Elling, fødd og boren her han òg, men han hadde vore langt ut i verda. Hoss han losjerte Fridtjof, som gjekk med trefot. ... (Menneske og maktene (12);148)

Årsaka til at han har amputert beinet, veit vi ingen ting om.

10.8. Hovudpine - synkope

For digert med hår

I «Ettermæle» prøver Brynjar å finne ut korleis mora, Arna, døydde. Det kjem fram at ho var mykje plaga med hovudpine:

... Ho (Arna) hadde stuttklift hår. Det var hovudpina si skyld, Arna hadde for digert med hår, sa folk. ... (Ettermæle (11);8)

Det blir også fortalt at Arna hadde besvikt fleire gonger. Det er Ingolf som fortel:

... Ein gong urita ho Arna, berre for det ho fekk eit ord av 'n Torberg. Jau da, ho seig i hop. Eg såg ho seig i hop, eg var berre gutungen da. ... (Ettermæle (11);20-21)

... Ein gong sette Torberg av opp i fjelle og løyste ein bokk. Ho Arna urita da òg, straks ho såg han oppi berge. Ho seig i hop den gongen ja, gjekk i golvet med skjelving og full sjau, vi visste ikkje kva vi skulle gjera. Vi trudde det bar på anstalten med henne, minst. ... (Ettermæle (11);21)

Tausa Dåret fortel at dei trudde Arna skulle døy ein gong:

... Endelig tilstod han at han skulde etter dokteren, for ho Arna var klein, - det ser ut som det er slut med henne! sa han, og da var 'n Torberg Bjørholt så kvit som krita muren.

Eg fekk henne frisk lenge før dokteren kom. ... og så tok ho nafta, og fortalte meg at det var det som hjelpte, ho trudde ho kunde narre meg! ... (Ettermæle (11);29)

- *Frisk ja, seier eg. Jarisst vart ho Arna frisk, men ho heldt på og vart tullut for oss etterpå. Ingen kunde ha kjent att henne, slik ho stirde på Torberg da han kom inn. Han kjente henne ikkje han heller, det svær eg på! Veit du det da! sa ho, nei ho ropa det, - eller kanskje ho berre kviskra det, men det hørtes i alle fall. Herre min, kor forfæld eg var.*
- *Eg minns mest ikkje at dokteren var der. ...* (Ettermæle (11);30)

10.9. Tannverk

Trass i at tannverk truleg var vanleg på Duuns tid og i den tida da romanpersonane hos Duun «levde», hører vi lite om tennene og om tannhelsa, men i romanen «Sigyn» vi får ei god skildring av korleis tannverken kunne opplevast. Det er Sigyn sjølv som har vondt:

... Og så meldte det seg ei gamal syndstraff, tannverken. Ho gjekk og småpintes med han om dagen, det var inga sak, men når han sette til om natta var det rådlaust. Det var gjerne å dorme litt straks ho hadde lagt seg, og så vakne med denne pina som er det verste ein kan vakne til, denne kvitgloande sylen som borar og spinn inni sjølve mergen på ein, borar og veks, veks utan å høre jamring eller skrik, gløder og veks til ein spikar, til ein bolt så diger at han sprenger tanngaren, sprenger heile hovude og driv ein til å rase oppetter slette veggen. Ho sprang opp eine natta og leita etter meir eld å kjøre inni munnen, det syntes ho skulde ha lindra. I staden nøgde ho seg med karbolsyre, det brente heller ikkje så kleint.

Elias vakna og spurte kva som stod på. Han spurte i same tonen og med dei same orda kvar natt. Når han hørte kva det var, sa han forarga:

- *Kan du ikkjør deg å få revi utu deg tanna?*
- *Vil du eg skal let dender dyrlagen riv ut kjakabeine på meg da?*
- *Nei men - -- te byn.*

Hansov før han kom lenger, og ho låg att og pintes. ... (Sigyn (2);114-115)

... Men heile tida låg det innunder, at ho måtte til byen såsnart onna var ifråseggjort, og få tennene etterset. I fjer såg han dei over, då han var på barejagt, det var berre eit fint lite hol i eine jakseln da. No fekk ho reise til han. ... (Sigyn (2);115)

... Sei meg du, sa ho då dei sat og drakk kaffen, - ska eg gå åt doktern her å få'n te å riv-ut tenn' min?... (Sigyn (2);116)

Sigyn reiste til tannlegen Rosendal, bror til kontoristen som hadde fridd til henne for ein del år sidan.

... Det var med ei underlig frysing ho gav hovude sitt over til han. Ho kunde ikkje for det, men det auka for kvar gongen; og det var mange gonger ho måtte til han, ho hadde feil i mest kvar ei tann. ... (Sigyn(2);118).

Fyllinga hadde falle ut

... Med snoen kom det ein gamal kjenning til Sigyn. Det var tannpina. Ho hadde ikkje kjent rondt i tann sea ho var hos tannlegen sist. No sette det til som best som ho sat og drakk kaffen ein dagen, ho sprang opp og stod og triveldt kjakane millom henderne og trødde rundt, visste ikkje kva ho gjorde. Så var det bra ei tid, men ein dagen ho hadde fare ute og vassa i nysnoen, bynte det att straks ho kom inn. Ho såg etter med ein speiel – fyllinga hadde falle ut or den eine tanna.

- Det va karravóri gjort! sa ho.
- De der får'n værsågo å gjera om igjen; gratis, meinte Elias.
- Alder i verden.
- Så-å? E'n for go te de kanskji?
- Åt han går eg ikkj oftar. Når'n en sånn en trehest.
- Nei, forresten. ... (Sigyn (2);147)

Ho gjekk likevel til tannlege Rosendal, og han vart ein viktig person for handlinga i romanen.

Det er grunn til å tru at tannhelsa ikkje var særleg god på denne tida, sjølv om vi bortsett frå Sigyn høyrer lite om dette. Men vi får eit lite hint om dette i «Gud smiler». Det er Gudrun som kommenterer tennene til Vidar Holm:

... Du burde til tanndokteren først, meiner eg. ... (Gud smiler (11);252)

Men om det vart noko tannlegebesök, veit vi ikkje.

10.10. Skader og ulykker

Duuns litterære personar lever i ei tid lenge før arbeidsmiljølov og fokus på HMS (helse, miljø, sikkerheit). Dei første juvikingane vi blir kjent med, lever først på 1800-talet, der overtrua og angst for «mørkemaktene» var sterke. Dei aller fleste i persongalleriet hans lever på kysten og er avhengige av båt for å komme seg fram og tilbake. Mange driv fiske, også på vinters tid, og dette er enda i ei tid dei bruker opne båtar. Bortsett frå usikre værteikn, erfaring og sunt vett, har dei lite å hjelpe seg med når dei vurderer faren for uvêr og storm, og ofte blir det dramatikk med farlege situasjonar. Ulykker og skader høyrer vi difor om ganske ofte hos Duun.

Nårøyk – og ein usikra brønn

Beret er dotter av Per-Anders og Ane i Juvika, som lever til først på 1800-talet. Etter tradisjonen brenner dei sengehalmen etter at Per-Anders er død, og da er det viktig å legge merke til retningen som røyken tek. Dersom han går mot garden, er det teikn på fleire dødsfall – det er «nårøyk». Redselen for denne nårøyken blir ulykka for Beret, yngste barnet i huset:

... Men ein kvelden dei sat og fekk seg mat, sprang Beret opp ifrå borde:

«Hysjt! Va det ikkje noko som ropa da?»

... Det ropa Beret, og ho skyndte seg ut. Berre ikkje nokon har døtte ned i bronnen! sa ho. Somme av dei andre meinte dei hadde hørt det ropa, somme hadde hørt ein katt som jamra utover nova. ...

... Per og Valborg var bortmed brunnen, og Beret hadde stupt uti, dei heldt just på og drog henne opp. Ho var stiv alt. Per og Valborg bar henne inn og la henne på senga. ... Ho e da stiv nok, sa han, da dei heldt på og vilde få liv i henne att. ... (Juvikingar (5); 60)

Fall på kjøkengolvet

Ane, kona til Per Anders, bryt av lårhalsen, men det heiter at ... verst var det med magen, han var sundslegen. ... Kva som meines med det, er vanskeleg å seie. Men kanskje har ho fått brot i bekkenet i tillegg til lårhalsen, og det kan ha ført til magekomplikasjonar. I alle fall blir det mykje smerter og eit vanskeleg sjukeleie:

... Ho datt på flate kjøkengolve, og vart liggande og jamre seg. Dei bar henne til sengs, og der låg ho med kauk og ank, til det var gjort med henne. Eine hofta var visst utor leden, men verst var det med magen, han var sundslegen, og det vart dauen hennar.

Det var ei uhuglig anferd. Ho var så redd. Rett som det var, før ho opp: Det tuta åt henne utover veggen, hørte dei ikkje det? Kvifor kunde dei ikkje gå ut og jaga styggmakta! Auga var ville og forskremte, ho torde ikkje vera åleine ein blink. Ho mista samlinga tid og anna, men så kom ho til seg att, og så var det same redsla. ...

Åsel roar henne ned:

... «Det e da berre'n far som står og venta på dæg». ... Og da ho hadde stridd frå seg, det var i lysinga same natta og Åsel stod åleine over henne, da retta ho ut handa og famla ut i lufta: «Ker det vart då deig da, Per Anders? Vent urliti, du e så hasti, dul!» ... (Juvikingar (5); 61-62)

Dødsfall i bryllaup: Blind mann, overtru og fulle folk

Storbryllaupet på Håberg går føre seg omkring 1880 (Storbryllaupet (6);60). Det er dobbeltbryllaup, der Peder Håberg gifter seg med Andrea, dottera til dyrlegen, og Mina giftar seg med Arthur, bror til Andrea. Blind-Anders, far til Åsel og bestefar til både Peder og Mina, har sete i kammerset sitt i fleire år, og han er redusert, men så var han da også gammal – over 70 år:

... Anders var blind som han hadde vore, og heldt seg i hie han kalla, ... Han var noko fæn og bleik, og hadde falle utor utrulig, men så var han no over 70 òg. (Storbryllaupet (6);13)

Det er som vanleg bryllaup over fleire dagar, og seint ein kveld tek folk plutselig til å snakke om at det står ein dauing utover på stuebrua. Anders kjem seg ut og vil i kast med vesenet:

... Der står ein dauing utover på stuebrua! ... Ola tek seg fram gjennom stimen, og ein to tre etter han. Dei ser synne vik unda, og svarte natta står som kjellaren attom, og der vart det borte.

Anders har hørt kva som står på, og no sett han ned gjentungane til Åsel, - dei fór støtt innat han når noko stod på - , og så kjem han famlande fram.

Gang unda! ropar han. Lætt mæg komma i kast med'n. Lætt mæg sjå ut, æg som veit kor lande ligg!

Dei gjer veg for han, Ola stanar og biar, og Anders ut; han var blåraud i anlete, såg Ola. Synet sågs ikkje meir, men Anders snåva utover på bru og datt framover, horudstups ned på marka, og vart liggande.

Fulle stakaller og nokon kvar elles rusar ut og ser i kring seg. Inga syn meir, finns ikkje, det der var tysing åt beiste! men korleis er det med han Anders? Har han skamfert seg? Og så denne fordervelig høge bruha, som han hadde gjort sjølv eingong!

Dei tok i han og drog, løfta og sleit og skulde ha han inn, men tung var han som to, og fotfeste rapa for dem i eitt vekk; og ikkje var han så lik han studde på hand eller fot sjølv, han var godt garva i kveld. Dei sette båt med han opp troppa; Å hoi, a hi – håli-åp! Så inn

gangen, vast no urliti! Og så inngjenom døra med han! – Slo du deg, Anders? Du datt, meiner eg? Men jamisel gjorde du åt for skrømte lel! Men Anders lo ikkje i kveld.

Da rettar han på seg, eit kjempetak, og så slaknar han alt med seg og er borte. Ola kjem bortåt, bed dei gå unda. Han står over han eit tak, tett nedåt han. Så ser han opp, og rundt på dei alla saman.

*«Du sei no vel ikkj det?» kjem det frå den eine etter den andre. «Du sei no vel ikkj det!»
«Jau, det e slutt no ja. Med han.» ... (Storbrylloppet (6);128-129)*

Anders som var blind, datt altså ned ei høg utetrapp og vart liggande, truleg bevisstlaus. Det skal mykje til å slå seg bevisstlaus ved å dette ned ei slik utetrapp, men vi veit ikkje kor høg ho var, berre at ho vart omtala som «denne forderveleg høge bru». Som blind greidde han kanskje heller ikkje å ta seg for i særleg grad. Vi veit heller ikkje kva han datt imot med hovudet; kanskje trefte han ein stein. Etter at dei fekk han innandørs, fekk han eit slags krampeanfall og var deretter død. Dødsårsaka er usikker, men ein tentativ diagnose kan vere subduralt hematom, dvs. blødning i hjernehinna, noko som kan komme av ein slik skade og vere dødeleg.

Ein kan lure på kor truverdig denne historia er: Ein blind gammal mann som brøyter seg ut gjennom folkemengda for å slåss med ein dauing utover ei høg steintrapp? Normalt ville ein kanskje vente at nokon hadde stansa Anders så han ikkje tulla seg utover trappa, men kanskje kan vi tru på historia dersom vi godtek at Anders var noko mentalt redusert (dement? ... *hadde falle utor utrulig...*), at dei fleste faktisk trudde på spørkelse, at folk vart overraska over reaksjonen til Anders, og kombinert med at dei fleste var fulle? I alle fall vart det slutten for Blind-Anders.

Livsfarleg hestenlykke

Odin, som no bur på Vennestad, skal ein dagen prøve å stanse ein hest, Bruna.

Hesten har gjort seg laus, Odin heng i taumlykka etter hesten og slær seg mest forderva:

... Åsel og Elen stod der alt med guten, da Iver kom. Han såg blode stod utor munn og nase på han, og sette i som han var fullt rasande:

«At du ikkj sleft da, din svimling te gut! Du skuld ha pryl, skuld dul!»

Slik kan ein forfæld ein sette i, tenkte Åsel. Ho tørkar blod med forklæ til Elen. Elen er bleik og tør knapt sjå på. Dei leier guten inn, og Iver gir seg til å stelle med Bruna. Han kjem etter til kjøkene, og seier høgt og hastig: Er det liv i han da? Odin hadde vore i svime med dei rengte av han kleane og vaska av han, men no rettar han på seg og seier så godt han kan:

«Ja da! Berre urliti næssablod. Vi knustra ein døra, men.»

... Åsel handfør han fleire gonger, da dei hadde fått han på løfte, og så retta ho på ryggen og sa at ho trudde han var heil innvending. Elen stod som ho ikkje hadde hørt det. Så seier ho: Eg er glad lel at det ikkje var slik laga. At det vart enden med han. Du får etter dokteren da, Iver. Åsel stelte med han det beste ho kunde. Han hadde ei stor flære oppi hovude, og var klemt og skrubba både her og der. Han kvinka og bar seg, når ho måtte vera hardhendt, men sia kviskra han at det var ikkje verdt han Iver fekk vita om det, - eg kom ikkje i hug meg, sa han. – Stakkars liten tull! sukka ho. Er du så glad i han styfar da? ...

... Dokteren kom og plåstra han og nesten han i hop. Odin gjorde seg stiv, og stod det over.

... (I eventyre (6);235-236)

Dette er eit eksempel på at også bruk av hest kunne vere farleg.

Slåsskamp på fest

Under sankthansfesten før Odin skal stå for presten blir han sint når dei skuldar far hans for å ha sett fyr på huset sitt:

... Og før han vardest, var han midt i heite krigen. ... Han brukte handfeng sist på.

Endelig hadde dei han under seg og tok til å gi han det han skulde ha.

Da kom Lauris og berge han. Han var enda med han nedtil bekken og fekk vaska av han blode. ... (I eventyre (6);241)

To alvorlege barneulykker

I «Sigyn» høyrer vi om sonen til Sigyn og Elias, Kristian på 6 år, som kjem i skade for å skufle ei jente uti vatnet. Marta, svigermor til Sigyn, får tak i jenta og strever med å få liv i henne:

... Det var ei nød, før ho fekk gjenta til å dra anda. Ho stod over henne med allslags kunster som ho berre hadde lese seg til, og venta tid for tid det skulde bli døden. Men endelig lervna ho til lell. ... (Sigyn (2);121)

Kristian får ris etterpå, men så blir han borte. Dei leitar lenge - i over eit døgn, og til sist er det nokre av gjætarane som går seg på han oppi marka:

... Elias kom berande inn med guten i ein diger tull med klæde. Han gjekk beint framom henne, såg ikkje på henne og sa ikkje noko. Ho gjekk stilt etter. Ho kom i hug det sea, at slik gjekk det til.

Kristian levde. Han låg med opne auga og såg ingen, han var bleik som eit laken, og blodut, men han levde. Dokteren kom straks etter. Det var eit stort sår oppi hovude og fleire små, kroppen elles hadde gått så nokonlunde unna det, men ein armen var avbryti. Kvar tingan for seg såg ikkje så farlig ut, dokteren stelte med det og meinte det skulde snart bli godt. Men då han hadde målt varmen att og skulde til å gå, sa han ikkje noko. Han skulde snart koma att.

Han kom att mange dagar og sa ingen ting. – Komplikasjonar, sa han berre.

Meir var det ikkje å få utor den gamle vismannen. Som Sigyn kom til å hate han. Han gjekk med ei steinmaske støtt. Andlete hadde ikkje auga, tykte ho. Dei var der nok, og dei var store, men dei sa ingenting dei heller; han brukte dei berre til å sjå seg for med. Han gjorde seg visst godt av dette, at dei ikkje kunde sjå noko på han. Han gjekk stilt og farleg som eit kattedyr, liksom han vilde pine dei med det og. – Sea kom ho til å skjonna at ho hadde set gale. ... (Sigyn (2);126).

... Guten hadde rasa utover eit svaberg og ned i Steinura, hadde lege der i uvært ei stund, hadde øra av opp og vildra iverg heilt nedpå skogmoen før han seig ihop. Der fann dei han, gjatarane. Sigyn tenkte ut dette i dei lange nætene då ho sat og vaka over han. Ho følgde han føtt for føtt. Og det klaffa bra med det dei fekk vita seinare. ... (Sigyn (2);127)

... Det vart mange nater å vaka over han. Han låg i ein blund, med opne auga som ikkje kjente dei og ikkje ansa dei; han låg der, og dei sat omkring han, men han var langt borte frå dei. Sigyn heldt handa hans for det meste. Elias sat borti kammerse einstad og lutte hovude fram i henderne... (Sigyn (2);127).

... Omsider vart det ei forandring. Hansov. Det var ein lang sovn, og dei ottast det verste når han vakna. – Men då kjente han mora. Han klaga over at han hadde litt vondt, sa eitkvart dei ikkje fekk tak i, ogsov att. Sea skreid det fram smått men visst, inntil dei var trygge. ... (Sigyn (2);128).

Her er det to ulykker som begge kunne endt fatalt. Dei får raskt liv i jenta som vart skubba ned i vatnet. Kristian rømmer heimanfrå, døtt i ura, får hjerneristing og blir liggande ute i marka i over eit døgn – alt her kunne det endt katastrofalt. Etter at dei finn han, ligg han i koma i fleire døgn, og kanskje har han ein infeksjon (dokteren blir bekymra etter at han har tatt temperaturen). Dette er ein kritisk tilstand, som i

dag ville vorte behandla på intensiv avdeling under maksimal observasjon, men vi høyrer ingen ting om at det var snakk om å sende Kristian til sjukehus. Dokteren såg til han mange gonger, og omsider vart det ein lykkeleg slutt på denne historia.

Arterieblødning. Dokteren og Henrik årelatar

I «Sigyn» er Elias, mannen til Sigyn, sjalu på tannlege Rosendal - ikkje heilt utan grunn. Han er sint, drikk seg full og kjører handa gjennom glasruta i døra:

... blode sprøyte av han og døra kom opp i ein fart; han hadde skamskori seg. Ho sprang bort til han, men visste ikkje kva ho skulde gjere, dei to andre var der og, men å få tak i handa hans og binde for var reint umoglig. ... Han vilde avstad, men Rosendal tok i han, braut han overende og tok handa med magt. Blode stod stint og raudt tilvers. I ein to tre la han lommeduken over, fekk eit snøre og vedskie og batt åt. Farmaceuten tok hest og karjol og kjørte etter dokter. ... (Sigyn (2);136).

... Ei stund etter kom Elias att, og hadde Henrik årelatar med seg. ... Henrik årelatar var ei ulukke som rak i gardane og gjorde eit og anna; ... Han var spelmann og alt anna, han kunne lodde og fortenne kjelar, han gjelda lam og slagta kalvar, tappa blod og stemte blod ettersom det trongs; han såg ut som han tørsta etter blod. Han var den siste av det slaget der i bygda.

- Du kan ta få de-der no, sa han om binde Elias gjekk med. – Berre ta de få du. Når bonna e lesi, så....

... Doktoren kom. Han tok binde av handa og la på nytt. Dei heldt anda alle mann, dei venta at blodtrålen skulde springe på nytt i vere att. Nei; han gjorde ikkje det; kva kunster det no var eller ikkje.

... Jaså, det var han! Dokteren kremta seg opp og heldt ein liten tale til han, syntet kor umoglig det var å stemme blode med berre ord, det var reint ut løgn, og han let så, at visst ikkje Henrik slutta med det der, så fekk han straff, for det var eit farlig spel han dreiv, og meir slikt. ... (Sigyn (2);137).

... Doktoren skjente dugelig på Elias, fordi han hadde vore så dummen han tok med handa imot glasruta når han snåva, og fordi han let han der --- han viste med hovude imot Henrik; og så for han. Sigyn bad Henrik bli der natta over, og han slo ikkje imot det. Men han undra seg over henne. ... (Sigyn (2);138).

Kombinasjonen av sjalusi og fyll fører til at Elias får ein arterieblødning, noko som kan vere livstrugande. Her er det tannlegen som med makt får Elias under seg, slik at han får stansa blodet: ... *I ein to tre la han lommeduken over, fekk eit snøre og vedskie og batt åt...* Denne torniqueen var ei fornuftig behandling, også etter dagens retningsliner, men det var sterkt tru på at Henrik Årelatar var den som best kunne stanse blodet. At blodet hadde stansa når dokteren tok av bandasjen, var nok ikkje noko mysterium, og sjølv om dokteren prøvde å fortelje at det Henrik fór med var farleg overtru, var det tryggast å få Henrik til å bli der over natta.

... var ikkje i stand til å seie ku eingong ...

Sjalusi og alkohol er også bakgrunnen når læraren Harald i «Harald» bankar opp dyrlegen, som var forlova med Sara, gammalkjærasten til Harald :

... Han hadde skamslege dyrlage Riise, så han låg og kraup inn på veggen og var ikkje i stand til å seie ku eingong da dei fann han; ei guds lukke var det at det kom ein kjørar og tok han opp, han strauk til doktergaren med han, og der vart han liggande sjukling i fleire dagar. ... (Harald (4);62)

Denne brutale slåsskampen var så alvorleg at det kunne gått riktig gale (Harald (4);60-61). Dyrlegen kjem seg etter kvart, men læraren blir i ettertid oppsagt på grunn av denne hendinga. (Harald (4);63-65)

Betent sår

Også her er det kombinasjonen av sjalus og fyll som utløyer konflikten. Harald og Petra er naboar med Ola og Sara, men Ola trur det stadig er noko mellom Harald og Sara, så til slutt jagar han Sara heimafrå. Han slær seg deretter på fylla, og ei natt set han fyr på naustet til Harald, der han driv med båtbygging. Mens det brenn i naustet, prøver Harald å få tak i Ola, som sit og kaldflirer oppi bakken:

... men kjem ikkje langt før han stuper framover og blir liggande. Han har fått ei flaske i syna. Blode flør utor eit stort sår i panna, og det tek tid før han kjem seg att; men Nanna bitt for såre og får han endelig med seg heim. ... Harald trudde han skulde vera snart vera god kar att, men så sette det seg ilt i såre, det trutna opp og såg følt ut, og han vart så kleinslig han måtte til sengs. ... No var det berre om å halde nakkeskinne stint, så han ikkje trong dokterhjelp, for det vilde han ikkje ha, og heller ikkje krepere, for det var så alt for tidlig.

Det vart ein strid törning. Han vart sjuk som ein hund, og han skjemdest å syne det; det sat i han som ein dyrenatur, at kvinnfolk i minsto ikkje skulde sjå ein mann nedfor slik. Han brukte lysol, og borvatn, blyvatn og alt det som godt var, og heldt verkelig blodforgiftninga unna og kom seg over det. ... (Harald;104-105)

Vi hører at Harald er alvorleg sjuk og redd blodforgiftning, og ein slik sårinfeksjon kunne lett bli livstruande i tida før antibiotikaen. Denne gongen gjekk det bra, men Harald hadde eigentleg all grunn til å vere engstleg.

For sterkt drikkevatn på sjøen – gut omkom

I «Hilderøya» er Etvard Jørgen ein av hovudpersonane. Han driv fiske, men ein gong han er full, køyrer han båten på grunn:

... Så hendte det at Etvard Jørgen siglde seg opp ein kveld austom været. Det forandra alt. Det var spakvere og hyst nok; karane sat og slögde fisken, medan dei rak heimover. Då veit

dei ikkje av, før tareleggene stikk opp langsmed båtripa, og dei står. No var det sjøstilt, men litt drog det alltid, og på nokre minuttar var båten ferdig. Då listringen kom etter, stod dei 4 karane i vatn til knes og heldt i kvarandre, medan fisk og anna flaut omkring dei. Ein gut dei hadde med var klar, Etvard Jørgen hadde vore langt nedgjennom etter han. Det skulle vera Etvard Jørgen si skyld. Han hadde hatt med for sterkt drikkevatn. ... (Hilderøya (2); 251-252).

Drapsforsøk i naustet

I «Hilderøya» er Svein og Etvard Jørgen konkurrentar både på sjøen og i kjærleikslivet. Ein dag dei begge er i naustet, toppar det seg for Svein, og han mistar kontrollen over seg sjølv:

... Svein hadde fått eit stykke av ei år handa; det var godt som ei klubbe... . Då swingar han klubba med all si magt, og slage skrell i panna på Etvard Jørgen. Det var ein tør og sanglande lyd i smellen. Etvard Jørgen stod stiv med det same så raga han og seig attende mot ein båt. Men før Svein fekk tenkt seg om, reiste han seg att, såg på Svein med eit angepar som lyste av blod og vanvit, og kom. Noko så følt hadde Svein aldri sett, dette var Etvard Jørgen, no først synte han seg som han var. Fötene gjer sitt av seg sjølv: han renner og spenner han under bringa, så han sig i hop med eit langt og døyande illåte. Han låg daustilt eit bel. Så tok han til å hive etter pusten. Lange, krampetunge sòg; ryggen gjekk opp og ned. Så låg han stilt att. ... (Hilderøya (2); 272-273).

Svein trur han har drept Etvard Jørgen, og går heim. Men Etvard Jørgen vaknar etter kvart, kjem seg ut av naustet og heim:

... Han raga austetter. Oppå loftet på Hylla låg Etvard Jørgen med eit blodut bind kring panna. Han hadde kasta opp inntil grøne galle. Mora stod der med hendene på høftene, ho

vissste ikkje kva ho skulde trive til. – De e så for sorgeli koles han ha føri. Døtti ne tå naustlemmen og sli seg mest i hjel. Ja, så gæle, de – ... (Hilderøya (2); 274).

Svein kjem etter til Hylla, der Etvert Jørgen ligg:

... Etvert Jørgen opna auga; dei stirte ei stund lik to blakke rutor på Svein. Så drog munnen seg opp og grein flirandre og vondt med dei gule tennene. Svein vart veik i knea. – Vi må iveig etter doktern, sa han, eg reisi på øye blekke!- Omak deg ikkji, mumla Etvert Jørgen og snudde seg mot veggen. Det var noko blodut og daudt i målet. Han fekk ei ny rid med oppkasting. Andlete vart blått, og auga sprengtes ut. ... (Hilderøya (2); 274-275).

Men etter nokre dagar ser Svein at fiskarlaget hans tek med Etvert Jørgen til sjukehuset:

... Så strauk dei til byen med han, på sjukhus. Fiskarlaget hans hadde vel kome att og før med han. ... Dei som skyssa Etvert Jørgen til byen, var attkome, og dei fortalte at det måtte ein operasjon til, og så skulde han snart vera god kar att. ... (Hilderøya (2); 275).

Dette er eit impulsivt drapsforsøk, og det er tilfeldig at det ikkje endar fatalt. Reint kroppsleg kjem Etvert Jørgen seg etter skaden, men han har fått ein psykisk knekk. Han blir meir deprimert, drikk mykje og tek livet sitt ikkje så lenge etterpå. (Hilderøya (2); 280).

Fleire som omkjem på sjøen

Duun omtalar fleire ulykker utan at vi får vite mange detaljar, og blant anna i «Olsøygutane» er det fleire som druknar: Jørgen druknar på Vestfjorden tidleg i historia, og gutane blir da farlause (Olsøygutane (9);7). Seinare i historia forliser ein stor lastebåt, og Gottfred og Sebulon oppdagar det om natta og finn både skipparen og ein mann på eit skjær. Begge var omkomne. (Olsøygutane (9);91).

Etter at Gottfred og Sebulon har sitte og drukke ein heile kveld, kjem Gottfred bort på sjøen når han skal ro heim i fylla. Arne mistenker Sebulon for å ha teke livet av Gottfred, - dei finn han ei stund seinare (Olsøygutane (9);108). Seinare blir Arne og Sebulon overraska av vestavindsstormen, og brått er Sebulon borte (Olsøygutane (9);113).

I «Ragnhild» blir fiskarane overraska av ein storm, og Morten, mannen til Lea, druknar (Ragnhild (10);158).

Andre dødsfall

Even, stefar til Ragnhild, legg seg til for å døy:

... Han la seg til å døy her, da han skjøna at Ragnhild hadde kakka i hel'n Didrik
(Ragnhild (10);163).

Håkon mintes frå da han var på Lofoten:

... På Vestfjorden siste åre, da dei seglde heim, vart hovedsmannen bråklein og seig i hop i løftingen. ... Ja ja, høvesen fekk dei på nærmaste sjukhuse, og han fekk døy der. ...
(Ragnhild (10);222)

Slagsmål

I «Ettermæle» oppdagar Brynjar at det har vore mange spenningar mellom fleire i bygda. Det er Tørris som fortel om ein episode mellom Torberg, far til Brynjar, og Otte, da Brynjar berre var årsgammal:

... Torberg smakte ikkje sterkt. Men best det er har han slege ein så han ligg skinnflat på vollen. Det var så handfritt gjort, dei vart ståande og glåme.

Kven det var som datt? Det var Otte, brorsonen min. Just han, ja. Dasken fekk han, og låg gjorde han. Eg unner han det enno, han er en småmann. Dina, moster di, var den som

tok seg av han. Har ho ikkje fortalt deg det? Ho og Ane-Margit bar han i bus og doktererte på han. ... (Ettermæle (11);44)

Seinare er det Otte, gammalkjærasten til Arna, som fortel om den same episoden:

... Jau da, Brynjar, det var om deg vi snakka. Eg skjønna ikkje kva han fór ute i lag med oss etter, og så spurte eg han korles det var med gutungen, med førstefødde sonen hans? Du må piskede ikkje la han døy i kregda, sa eg. Kregda gjekk streng den sommaren. – Ta vare på gutungen, Torberg, sa eg. ... Og i det same fekk eg ein så eg måtte klive ned det fortaste eg vann, heilt ned. ... (Ettermæle (11);84)

Også her er det altså sjalusi som ligg bak konflikten, men det vart ingen varige skader.

... som kobben i vatne ...

I «Ettermæle» fortel Duun om ein av dei få episodane der han skildrar at folk kan svømme. Det er Tørris som fortel dette til Agnar: Torberg har kasta seg i vatnet frå båten ein gong, men får krampe:

... han var jamgod med kobben i vatne. Men så bar det til å drukne med han, krampen hadde fare i eine foten hans. Og Otte, som var mann om bord hos han, ranger av seg og somte ut og kava seg i land med han. ... (Ettermæle (11);44)

Her er det altså rivalen hans, Otte, som bergar han.

... sår i tynningen ...

I «Ettermæle» er det Turid, søster til Brynjar, som fortel om korleis mora deira døydde:

... - Og så fekk dei hit dokteren og lensmannen; ein må det, veit du. ...

... To dokterar var der. Dei skulde grava opp like, og far måtte vera med. Det fekk eg ikkje vita før etterpå, dei trur ikkje eg så frisk som eg skal, enda eg er frisk no. ...

... Dei snakka berre om at der hadde vore ein ugjerningsmann fram, ho hadde eit sår i tynningen, og enda var der meir misstenkelig. ... (Ettermæle (11);15)

Otte har ein meir detaljert versjon av korleis Arna døydde:

... Eg vilde berre snakke med henne. Ein einaste gong, du skjønner da det? Ho var så evig redd meg, all tida. – Eg vil berre få snakke to ord med deg, bad eg. Og så bad eg henne at ho måtte ikkje sjå slik på meg. Herre gud, det var ho som slo meg overende!

Ho hadde våna før eg fekk sukk for meg. Ho våna og datt, og eg hadde ikkje teke borti henne.

Våna, seier eg? Det fanns ikkje liv i henne da eg løfta henne opp. Gud er mitt vitne, kunde eg seie. Dei får tru meg som eg vil, det gir eg snart hunden i. Men der stod eg med henne, stod og heldt henne. Det hadde eg ikkje gjort før, der veit du det òg.

Eg kom meg så vidt at eg reiv opp kjolen hennes i halsen, eg meinte det måtte hjelpe. Eg vart vårt at eg hadde blod på handa, og da var det ho som blødde, frå eit sår oppi tynningen. Ho datt ikkje lett nei. Men eg visste ikkje krifor ho datt. Men eg fekk sjå det.

Ho hadde set ein mann til nærheita.

Ja visst, det var han ja. Han stod eit godt stykke unda, just der vegen svingar inn i tjukkskogen. ...

... Eg tykte eg gjorde det klokaste som var å gjera, eg la ifrå meg like så vårhendt eg kunde, og kom meg der ifrå. ...

... Ja eg seier like, men slikt kom ikkje for meg da. Du veit, at hadde eg visst korles det stod til med henne, og korles det vart seinare, da hadde eg gått bortåt 'n Torberg og tala til han.

Nei eg meinte det var best eg kom meg litt unda, så fresta eg ikkje mannen til å fara tankelaust fram. ... (Ettermæle (11);88-89)

... Men da må du fortele meg først: Kvifor snudde han og gjekk heim den natta? Han gjekk heim og let henne ligge der. ... (Ettermæle (11);89)

... Kva var det han såg da det gjekk i stå for han,- da han vart tullut?... (Ettermæle (11);90)

Otte og Arna sto altså og prata, ho fekk sjå mannen sin borti skogbrynet, og ho besvimte og datt og slo hovudet mot ein stein. Otte meiner ho var død momentant
... *Der fanns ikkje liv i henne da eg løfta henne opp ...* Dei fleste som besvimer, dvs. får ein syncope, vil segne om utan å slå seg svært hardt. Da ville det vere overraskande om ho skulle døy momentant. Men Otte seier: ... *Ho datt ikkje lett nei.* ... Det kan tyde på at ho ikkje segna om, men datt meir direkte og hardare og kanskje slo hovudet hardt mot steinen. Likevel er det vanskeleg å tenkje seg at ho døydde momentant. I verste fall kan ein tenkje seg at ho fekk kraniebrot og kanskje eit subduralt hematom (blødning under hjernehinna), men heller ikkje da ville døden inntre straks. Så kanskje levde ho enda da ho vart liggande der på stien åleine, men døydde seinare av det subdurale hematomet.

... som ein part av live hennes

I «Gud smiler» er Gudrun med og reddar ungane når ein heim i grannelager brenn:

... Den hausten brann ein småmannsheim i grannelage. Ungane var åleine heime den dagen, og heldt på å skulde brenne opp. Gudrun sløkte varmen i klæane på den eine, og det var ho som tok han i armane og sprang til dokteren med han. Det var useieleg korles han var tilreidd. Dokteren kom bilande i møte med dem. Han såg ikkje henne nei, men den gongen såg ho ikkje han heller. Men branden og det skambrente barne vart som ein part av live hennes lenge etter, svartsida av det, og der bakom sat uretten og gliste i blinda si. Kva treiv ein til i mot live når det var slik? ... (Gud smiler (11);195)

Fallulykke under brann

I «Gud smiler» er Vidar Holm på rømmen. Ei natt tek det til å brenne i låven på Lindsholm, og plutselig dukkar Holm opp i vindaugen høgt oppå laveveggen. Stigen dei har er for kort, så han døtt ned på jorda:

... Dei tok til og vilde sjå om der var liv i han som låg att. Nei, det var slut, men dei gav seg ikkje, dokteren vart budsendt, og med dei venta dreiv dei på og vilde få andedratten i gang. Justin kunde litt med slikt og arbeidde jamt og irrig. Det skulde gå, ... Men ventetida vart henne for dryg, ho vilde ta han og springe dokteren i møte med han, ... Men han måtte da i alle fall slå opp auga og kjenne henne før han døde, det gjorde dei da?

Straks etter brekte han blod. Andlete hans kvitna, det vart eit lik-andlet med ho såg på det, kroppen slakna og synte kor vonlaus død han var. ... (Gud smiler (11);269)

... Ho hadde tenkt å ta med seg like og jordfeste det her, men da vart søstra forfæld. Så gjorde ho ikkje den synda nei, mot mor og værmor. Vidar låg bra nok der sør, etter at dokter og meir øvrigheit hadde saumfare han. ... (Gud smiler (11);272)

Dødsfall etter kollsegling

I «Samtid» er Agnar hovudpersonen. Opplevinga når søstra hans, Margit, dør, gjer sterkt inntrykk på han. Ho blir sjuk etter at dei har kollsegla og bergar seg opp på ein holme:

... Han fekk ein stynd til da fann henne att, for ho låg der død. Det var Mikal som hadde berga henne i land, korles det no hadde gått til eller ikkje. ...

... Og så vakna ho og tok til å leva att. ... (Samtid (12);26)

... Dei òg heldt humøre oppe, men Margit klarte ikkje å halde krefstene oppe. Ho la seg ned, makta ikkje å sette fot under seg. Stormen kom. ... Ho smilte da Agnar stelte med henne, men ho var knapt god til å sjå opp. Kulden rykte i henne. Ho blodde frå ei skråme i panna.

... Agnar kraup inn under båten til Margit, tok ryggen hennes inn til seg og vermet han det vesle han kunde. Sia var han fram og vreid opp og banka trøya si, breiddet den over søstra, og

så låg dei der, som da dei var småungane. I ørska vred ho seg om mot han, det var urimelig kor sterk ho var, styrken hennes før med ein varme gjennom han. Ho klemte kinnet sitt mot hans. Armane snara seg kring han; dei var visst sterkare enn døden. Men for han var dette verre enn døden.

Døden ja, der var no den. Men da før denne galenmannstanken gjenom Agnar, det var flirefan sjølv var det, at dør eg ikkje no da dør eg aldri.

... Nå ja, der kom verkelig båt. ... Søster smilte da han tok handa hennes og fortalte det.

... Det vart ei ventetid... Agnar låg attmed Margit og fresta verme henne. Men det var ho som gav han varme, ho gav frå seg resten, til han. ...

... Hjelpa kom, ei stor skjøyte og bergingsreiskap. ... Sia var dokteren der. Han nekta dem å flytte Margit heim. ... Det var òg ei ventetid. Giktfeberen drep så smått og vondt. Margit var ikkje eingong i stand til å halde handa hans. I grunnen hadde ho sagt han farvel da ho måtte i sjøen andre gongen. ...

... Han tykte det òg, da ho låg der og pintes i hel, at for henne hadde døden vore det einaste som var i vente. ...

... Far kom dit. Han var der da ho døde. ... (Samtid (12);26-28)

Vi får inntrykk av det er giktfeberen som blussar opp etter kollseglinga, at det er den som er den eigentlege dødsårsaka, men vi får lite opplysningar om korleis sjukdommen eigentleg var.

Giktfeber går gjerne i fire faser. Først kjem ein bakterieinfeksjon (streptokokkinfeksjon), som kan gi halsesjuke eller berre ukarakteristiske forkjølelsessymptom. Etter infeksjonen kjem ein latensperiode på ei til tre veker. I denne perioden kan pasienten vere litt ute av form, kjenne seg litt utilpass eller også kjenne seg heilt vel. Deretter kjem sjølve giktfeberanfallet, med feber, slappheit, ofte magesmerter og sterk sveitting. Det kan også komme ulike former for utslett. Mange får smertefulle, forbigåande leddbetennelsar, f.eks. i kne, handledd, olbogeledd eller i

ledd i foten. Meir alvorleg er hjarteaffeksjonen, som kan ramme alle lag i hjartet, dvs. den indre hinna (endokardiet), musklane (myokardiet) og hjarteposen (perikardiet). Dette kan føre til hjartesvikt og vere svært alvorleg. I dag er alvorlege følger av giktfeberen svært sjeldan, for dei fleste får antibiotikabehandling for slike streptokokkinfeksjonar.

... fann henne både stiv og kald

I «Samtid» er det fleire uhyggelege episodar:

... Det første han kan minnast om Birger, er at han kom heim frå gjætlemarken ein kvelden, gjekk og fila og plystra så hjartans velnøgd, og så sa han best det var: Der ligg ei kjerring innpå myra, ho er visst hundig sjuk. Ho datt, gut, og da låg ho lenge og rista og rykte på seg, men no ligg ho still. Einkvan vaksen hørte de. Dei fann henne både stiv og kald. ...

(Samtid (12);15)

Hovudstups ned på slipesteinen

I «Samtid» høyrer vi om Birger, som har vore forlova med Turid i fire år. Dei har ikkje råd til å gifte seg før Birger får arven etter «gammelbingsa», fostermora til Birger, så både Agnar og Birger går og ser fram til at ho skal døy. Agnar er redd for at Birger skal ta livet av henne, men det endar med at ho døtt ned frå låvebrua:

... Nei det vart Elina nedpå Bakkemoen som sette live til. Han hørte det morgonen etter stormdagen, ho hadde falle utfor låvebrua i gárkveld og slått seg i hel. Dokteren kom dit, men der fanns ikkje liv att i henne. Elina, gamle bingsa, ho hadde hinka over tune midt i uvêre og opp låvebrua, kva ho no vilde der. Før han når dit glett ho og døtt ho, for låvebrua var farlig glatt i regne, ho fer hovudstups ned på slipesteinen. Ho hadde eit stort gap oppi hovude, fortalte dei. ... (Samtid (12);75-76)

Jorda hivde han

«Samtid» sluttar på ein dramatisk måte med ei spengningsulykke, der både Agnar og jenta til Allek blir drept:

... da sette nokon i eit rop, og , og der med ropa mange, der var noko som stod på, og Allek gav frå seg ein jammerlyd og tok til å springe tilbake.

Agnar visste det før han fekk snudd seg, det var gjentungen som hadde blitt att. Ho kom stabbande opp av ei grop like ved haugen og skotte, ho hadde ligge der og gjømt og leikt seg med einkvart, og no vil ho opp og sjå på det som ryk. ... (Samtid (12);142)

... Han hørte ånddråtten sin, men no var han framme, no er han her, enten han er redd eller ei, her sat dei og bora, men opp med ungen, så! han har henne i handa.

Da skjedde det, jorda hivde han. (Samtid (12);143)

Ja fan ta deg så visst ...

Nikolai ga dokteren greit svar, etter at dokteren hadde drege aksla hans i ledd:

... Han tok etter det som ei trøst, at slik svor gamle Nikolai til dokteren ein gong. Dokteren drog aksla hans i led, og dokteren spurte om det gjorde vondt. Nikolai såg dokteren i auga og svara: - Ja fan ta deg så visst! ... (Samtid (12);107)

... ikkje feitare finger ...

I «Menneske og maktene» blir vi kjent med Borghild og Arne, som reiser til moster etter at mora deira har reist bort. Her steller Arne fingeren når moster skjer seg:

... Ein gong skar ho (moster, ff mrk) seg i fingeren. Ho var så redd ho ropte noko reint ukristelig. – Nei men moster, åtvvara han henne. Han tok handa hennes og stellte med såre: - Det var ikkje feitare fingen, berre som du skar i ein kjøpp, ser du. Ho fann seg i det som han var dokteren sjøl, ho takka han jamenn! ... (Menneske og maktene (12);205)

Omkom på tur etter dokteren

I «Menneske og maktene» er Øyvære eit eige lite samfunn, der vi blir kjent med dei fleste som bur der. Men når Torger og Arne skal hente dokter til ungen til Enka, blir Arne, bror til Borghild, skytt over bord:

... Ut på vinteren vart eine barnsungen til Enka bråsjuk. Dokteren måtte hentas. ... Arne hadde alt kledd seg i sjøhyre. ... Full storm var det ikkje, men høg sjø.

*Utpå dagen kom skjøyta inn sunde, mange timer før ho kunde vera ventande. Ho hadde gjort vendereis. ... men Borghild såg der var berre ein mann om bord. Ho gjekk inn og sette seg. Om ei stund stod mannen framfor henne og fresta fortele henne om ein brottsjø. ...
... Arne var for resten berga han. Kra det vil seie, det veit berre den som har hatt han til bror. ... (Menneske og maktene (12);211-212)*

Torger fortel korleis det har hendt:

... Austi farvatne ei staden kom dei ut i stolpesjøen, han var rettelig nask mot dem. Arne fer fram og skal sette fokka til, i det samme Torger vil be han om det. Da kom ulykka veltande inn over luv baug, ein veldig foss av ein straumsjø, og da den fór, da hadde gutstakaren òg fare.

Same kor lenge ein låg der, borte var borte. ... (Menneske og maktene (12);224)

Når nokon vart sjuk og dei skulle hente dokter, tok dei kanskje større sjansar enn vanleg.

Døydde på Øyvære uvérsnatta

Den største katastrofen Duun skildrar er den på Øyvære uvérsnatta, der til saman 14 personar omkjem. Tre menneske er borte, mens dei fører 11 lik til kyrkjegarden på fastlandet:

... Om kvelden hadde dei alle lika i Gammalstua. ... Der låg dei i breidd på det skjeive golvet, 11 lik. ... (Menneske og maktene (12);317)

10.11. Diskusjon

Kapitla 6-9 viste korleis Duun har skildra tuberkulose, andre infeksjonar, graviditet og fødslar og psykiske sjukdommar. Dette kapitlet viser at Duun også har skildra mange andre sjukdommar, ulykker og skader i dei ulike romanane og novellene. Kor detaljert han har skildra dei ulike helseproblema varierer. I nokre tilfelle får vi ganske bra innsikt, f.eks. når Lars Lines og Bendek i Kjelvika dør, og når Sigyn får tannpine. I andre tilfelle får vi berre overflatisk informasjon om sjukdommen. Dessutan har Duun skildra mange ulykker og skader, deriblant dødsulykker, der detaljnivået varierer sterkt.

Denne gjennomgangen illustrerer at dei litterære personane hos Duun levde nært på sjukdom, ulykker og død. Dette var før det var noko som heitte arbeidsmiljølov og HMS, og synet på risiko og tryggleik var nok ganske forskjellig frå i dag. Det var også før antibiotika og andre, meir moderne og effektive helsetenester, som vi i dag tek for gitt.

Korleis det faktisk var på Namdalskysten på Duuns tid har vi få data på, da berre nokre sjukdommar er omtala i Medisinalmeldingane. Men dødelegheita var høgare og levealderen lågare, og sjølv om Duun omtalar eit breidt spekter av sjukdommar, var det nok i røynda enda fleire sjukdommar og plager blant folk på hans tid:

Veneriske sjukdommar er ikkje eit tema hos Duun, men i Medisinalmeldingane går det fram at det er tilfelle av både syfilis og gonoré også i Ytter-Namdalens. I 1910 er det rapportert om heile 17 tilfelle av gonoré i Vikten:

... Samtlige fra Vikten distrikt anmeldte tilfælde var gonorré og uretrit (hos 12 mænd og 5 kvinder). I Vikten herred var halvparten utenbygdsboende fiskere og sjøfolk, som passerte Rørvik eller laa paa fiske. Man ser sygdommen hyppigst utover høsten; dette er vistnok til

dels betinget av sildfiskerierne, hvor kvinder i stor utstrækning følger med som «værkere» og har sit tilhold om bord i fartøier, som er utrustet for sildesaltnings. (Rüsing). ... [1]

Skabb høyrer vi heller ikkje om hos Duun, men i Medisinalmeldinga frå 1905 går det fram at skabb (fnat) ikkje var ukjent:

... Av fnat anmeldtes i alt 48 tilfælde, hvorav de fleste fra Vikten. Her spredtes nemlig sygdommen i almindelighet gjennom skolehusenes internater, som maa benyttes i stor utstrækning paa grund av den spredte bebyggelse, hvorav dessuten en betydelig del er paa smaaør. ... [2]

Tidlegare var skabb assosiert med dårlig hygiene og fattigdom, men i Europa i dag er ingen slik klar samanheng påvist [3].

Lepra eller spedalsksjuke finst heller ikkje i Duuns univers, men vi veit at lepra fanst også i Ytter-Namdalen mens Duun budde der. I Medisinalmeldinga for 1900 står det:

... I Fosnes Distrikt fandtes ved Aarets Udgang fremdeles 11 Spedalske, af disse var 3 ny tilkomne i 1900. ... [4]

I Medisinalmeldinga for 1916 går det fram at det er færre spedalske, og at fleire er sendt til Reitgjerdet:

... I Fosnes distrikt bor som før 1 spedalsk og i Flatanger 2. Den spedalske i Kolvereid distrikt blev efter helseraadsbeslutning indlagt i Reitgjerdets pleiestiftelse. I Leka distrikt er der nu ingen spedalske, idet den sidste blev sendt til Reitgjerdet, og ingen nye tilfælde blev konstateret i aarets løp. ... [5]

Ein kunne tru at dei som hadde lepra var godt kjende i lokalsamfunnet, og difor hadde det ikkje vore så rart om Duun hadde brukt denne sjukdommen som eit

litterært verkemiddel, slik han brukte andre sjukdommar. I Bojers «Den siste viking» høyrer vi for eksempel om Per Suzansa, som får diagnosen mens han er på Lofoten (Vedlegg 1).

Det å få lepra var ikkje mindre enn ein katastrofe: Vansiring av kroppen, lidingar utan håp om å bli bra, utstøyting av samfunnet, og ofte bortsending til ein leprainstitusjon langt heimanfrå for resten av levetida. Mens dei ennå budde heime, vart dei nok ofte gøynt bort utan å syne seg for folk, og familien prøvde å skjule skamma så godt dei kunne. Kanskje var lepra så tabuisert at sjukdommen ikkje passa inn i Duun sitt univers.

Mange av sjukdommane som Duun skildrar i litteraturen sin, ville fått ein nokså annleis omtale dersom det hadde vore i dag. Det gjeld for eksempel behandling av grå stær, hjartefarkt, hjerneslag, kreft, magesår og tanppine. Dessutan, med større båtar med motor, GPS, ekkolodd og andre hjelpemiddel, ville ulykkene på sjøen ha vore atskillig færre. Ein får inntrykk av at det berre er få av personane hos Duun som kan svømme, og det er aldri snakk om redningsvestar eller andre sikringstiltak. Også på dette området er situasjonen annleis i dag.

Alkohol var elles ein viktig medverkande faktor ved mange av ulykkene og skadane hos Duun. Dette er vel ikkje så ulikt det vi ser også i dag.

11. Vald i familien og oppvekstvilkår

I Duuns litterære univers lever dei fleste i tette familiar og tette bygdemiljø. Det betyr at dei fleste veit det meste om kvarandre. Rollene, både i familiene og i bygda, er stort sett avklarte, og med få unntak er det vanskeleg å komme seg vekk frå familien eller frå bygda. Ungane har viktige roller, men handlingane er lagt til ei tid lenge før barnekonvensjonar og andre rettar barn har i dag. Det oppstår mange konfliktsituasjonar, men den sosiale kontrollen er sterkt.

I dette kapittelet drøftar eg korleis familiekonfliktar blir løyste, deriblant konfrontasjonar mellom vaksne og barn, og korleis oppvekstvilkåra for barn kunne vere.

11.1. Konemishandling

Vald mellom vaksne i familien skjer sjeldan hos Duun. I tillegg til Ragnhilds drap på svigerfaren Didrik («Medmenneske»), finn vi berre tre eksempel på det vi dag ville kalle konemishandling.

Arbeidsufør, makteslaus og æreslaus

Per er sonen til Per Anders i Juvika (han som låg i naustet Løssi Langnatt) og gift med Valborg. Dei lever ein gong på første halvdel av 1800-talet. Det er Jens som er eldst og odelsson til Juvika, men Per får kjøpe Hårberg-garden og flyttar dit med familien. Under arbeidet med ein stein får han plutselig vondt i magen, kanskje er det eit magesår (sjå kapittel 10.6). I alle fall blir han arbeidsufør på grunn av mageplagene, og han går i lang tid og kjenner seg makteslaus, mens Valborg styrer garden. Jens gir opp å drive Juvika, og etter ei tid kjem han til Håberg og slær seg til der. Men ei natt tek Jens med sonen Anders, som berre er gutungen, til Svarthammaren. I ungdommen hadde Per og Jens jaga ein mann utfor denne berghammaren, og det går rykte om at mannen går att der. At Jens tek med seg guten

dit, gjer Valborg så sint at ho gir beskjed om at no må Jens ut av huset. Men at Valborg iretteset Jens på denne måten, går på æra laust for Per:

... Per var ikkje med han (Jens) ut, han vart sittande der han sat. Drengene gjekk på låven att, og tausene ut på kvar sin kant. Det var berre sjølsegfolke inne.

No reiste Per seg. Han stod og såg tvert ned i golve ei stund. Han støyte og bles kvast gjennom nasen, akslene skaut seg meir og meir i vére. – Før i tida, da gjorde dei eitt med slike, sa han med seg sjølv. Han rente auga i Valborg, - ho stod der liksom ho venta det.

«Ka det e for slags myndigkeit du tek deg?»

«Myndigkeit?»

«Eg spord rett om det ja.»

«Ein får ta sæg myndigheita ette som det trøngs.»

«Trøngs?» Han kom vålig nær henne no.

Ho lo midt imot han: «Ka det e du bli-for, stakall?»

Da kvitna han over alt andlete, liksom han hadde slite opp eit ulivssår i seg. Men straks etter var han mørkraud, han vart ukjennelig og stygg i åsyna. Han treiv i hårtanna på henne, så hovude slang hit og dit. Ho gav etter alt med seg, med det same, men straks etter stivna ho til, kroppen vilde ikkje finne seg i det, halsen vart som ein stolpe. Ho sa det lågt så ingen skulde høre det:

«Du må da skjemmast, Per!»

«Skjemmast?» Han slepte henne. Flager av raudt og kvitt fór over andlete på han.

«Ja. – Og hellest da så – skuld du no akt dæg urliti.»

«Akt mæg – he! Akt mæg? Trur du dem akta sæg fór i ti`n? Ein e no vel herre i sitt eige hus lel – du må akt dæg du!»

«Ja, kem som er herre og ikkje – ein får bruk vette som hi det, og makta med;» ho ropte det imot han, og no saud det over henne, gråten flødde gjennom henne, men det var det ho minst vilde, og dertil såg ho Anders utom vindanga, han hadde stått og sett inn. «Fysj skamme dæg Per!» hiksta ho.

Da hogg han i henne og kjørte henne til veggs så det sokk i stua, og gav seg til å banke henne. Han visste godt kva han gjorde; det murra kaldt gjennom all hans kropp:

«Det må te. Det må te!»

Da han var ferdig, var det så vidt han vann seg bort i benken. Han visste ikkje om ho hadde gjort motstand, men han var utslitен av det, hadde forderva seg så det svortna for auga.

Valborg gjekk ut. No først vart han vår Anders, og no først hørte han det han sa. «Far!» hadde han ropa, og no kom han og stod framfor han, han slo i borde til han, var raud som ein rasande juviking:

«Fysj skamme dæg far!» Måle slo klikk for han, men han tok seg på tak att: «Du kan berre rikk dæg ein-te gong, å rør a mor, så dæven besætti mæg!»

Per smilte. Han vann ikkje reise seg og gi gutskiten dengt, og så smilte andlete av seg sjølv, gjorde det klokaste det kunde gjerna. – Gå ut og hogg sund litt ved, du, sa han. Ei stund etter sa han, men det var til seg sjøl:

«Det skuld ha vært ein tå gammel-karan. Han ha næsten lærd kjerringja å baka mjukt han!»

«Ikkj a mor ikkj – det henda ikkj! Og for resten så ha ægflygji beint på ‘om!» Anders var skjelven alt med seg, og no la han på dør.

Per vart åleine inne. Men utover døra hørte han Anders, han var i hop med mora no:

«Det e så mykji du veit det mor: at du lystra `n far!»

«Ikkj herette, ban. Gang utu vein for mæg.»

Da Valborg kom inn, leste ho ikkje som Per fanns i stua. Per kjente han hadde tapt. ...

(Juvikingar (5); 119-121)

Vi ser altså ein arbeidsufør og makteslaus mann som opplever at kona overtek rolla hans som overhovud i familien. Dette går så på æra laust at han mister kontrollen og blir brutal, men Valborg er ei dame som ikkje let seg tukte, ein interessant motreaksjon som eigentleg verkar ganske «moderne». Det å tukte kona var kanskje

ikkje så uvanleg på den tida (... *Før i tida, da gjorde dei eitt med slikt, sa han med seg sjølv* ...). Kor vanleg det var at kvinnene gjorde slik motstand, veit vi derimot lite om.

Vi hører også korleis Anders opplever konflikten mellom foreldra. På sin fortvilte måte prøver han å irettesette begge to; han er sikkert glad i begge og opplever nok situasjonen trugande. Vi forstår at her har Per gått alt for langt, kanskje øydelegg det forholdet mellom ektefellene for godt, men skilsmisse hører vi ingen ting om – det var nok ein fjern tanke på den tida. Det er Anders som steller Per når han ligg på det siste, mens Valborg er meir fjern (sjå kapittel 12.2).

Sjalusi og konemishandling

I «Harald» hører vi om Harald og Petra og naboen Ola og Sara. Men Harald hadde vore forlova med Sara tidlegare, og det var Harald som hadde brote forlovinga. Sara hadde kanskje aldri kome seg over dette, så Ola er sjalu:

... Ein par dags tid etter kjem Nanna ovanfrå Engdalen, ho hadde vore etter mjølkespanne, og forteler at Sara hadde reist heim til foreldra sine, Ola hadde jagd etter henne da han kom frå byen. Og no låg han og var full. Tausa påstod han hadde banka Sara, og så hadde han rasa rundt i garen og svore på at han skulde ned og helse på båtbyggaren, det var ei lukke han alt var så tungt lasta at han gjekk overende. ... (Harald (4);104)

Litt seinare sit Harald og Ola og snakkar om dette:

*... Endelig sa Harald, ut i røykskodda:
- Var du --- mykje hard med henne og?
- Å. Ho fekk no det ho hadde godt av. Så small han i og lo: - Gudbevaremeg, som koppane dansa på borde da eg slo i det, ho ho, gut! – Nei, eg sette berre foten på nakken til henne. Burde ha latt det vera ja; men eg var ikkje godtil. Der, precis der, på nakken til denne*

storkarsungen, skulde hælen min settast! Slik kom det for meg. Ha ha ha! Eg må flire. Eg var vill! --- Å nei, san! Ho kjem sagt ikkje att. ... (Harald (4);108-109)

Her er det kombinasjonen av sjalusi og fyll som utløyser valden.

Didrik og Tale: Tvangspensjonert og frustrert

I «Medmenneske» hører vi om Didrik som er «tvangspensjonert» og har flytta til ei lita kårstove i lag med kona Tale. Han oppfører seg ufordrageleg og er mislikt både i familien og i bygda. Også kona Tale har mange hånord til han. Ein dag mister han kontrollen:

... Da Ragnhild hadde vore oppe og gitt Gammalfaster mat, hørte ho Didrik inni kårstua, han ropa vilt over seg og svor, han vilde jaga Tale på dør. – Eg tåler ikkje sjå deg meir! skreik han, ut med deg, til helvetes! Eg har gått her som ein devel for deg i alle dei år, trur du ikkje eg har set det? Går du ikkje på timen no, - han sa det lågare og farligare -, da da! Ragnhild hørte Tale gav eit rart lète frå seg, og der med reiv ho opp døra og steig inn. ... Tale seig ned på stolen da ho hørte korles han lo, og frå stolen bar det i golve med henne. Der låg ho. Ho hadde swimra utor. Det hadde hendt før. ...

... Ho (Ragnhild, forf mrk) hørte som gjennom sømnen at Didrik sa: - Ja da, du må gjera deg stiv no, din hyklar der du ligg. Eg skal spenne deg i hel visst du ikkje pellar deg opp! ... (Medmenneske (10); 56-57)

Didrik er ein sentral person i «Medmenneske» og blir drøfta i eit eige kapittel (kapittel 14.4).

Elles manglar det ikkje på spenningar mellom Duuns romanfigurar, heller ikkje mellom ektefeller. Men kampane går stort sett for seg på det psykologiske og verbale planet, utan fysisk vald.

11.2. Oppsedarvald - barnevern

I Duuns univers får vi inntrykk av at ris og anna fysisk straff av barn er vanleg. Dei vaksne meiner dette «må til» for at ungane skal bli skikkelege folk, men dei vaksne riser ikkje ungane fordi dei vil dei vondt. I fleire tilfelle forstår vi at dei vaksne gjer det med stor uvilje og tungt hjarte. Dessutan får vi innblikk i korleis nokre av ungane opplever det å få ris og korleis fysisk straff kunne påverke dei seinare, kanskje for resten av livet.

Rising som straffemetode - Odin i Kjelvika

I den tida Odin er i Kjelvika går han på skolen, men ein dag greier ikkje Odin å halde på fliren når dei syng på skolen:

... Lærarinna tok han med ut. – Var det til henne han lo? – Ja. – He?- Ja, for du var så hundig bister med du song! – og dermed var han på låtten att.

Det vart ris på berr kropp. Han kom i hug det sida, at dei skar tenner både to med det stod på. Han hadde aldri fått ris før. Det sat i han heile vinteren, kor umulig det var å kjenne på da det gjekk for seg; og like urimelig var det å samle seg etterpå og vita at dette var han. ...

(I eventyre (6); 176)

Når ein har gjort noko gale, er også ungane innpoda med at ris er den naturlege straffa. Ein dag Odin leikar i lag med Jørnstrandungane, glømmer han seg og mistar sauene. Bendek blir sint:

... Odin hadde halde seg litt unda, og no såg han Bendek heldt einkvart attom seg. Han prøvde å glytte bakom han.

«Ka Dokk bi attom dokk der?»

«Ja, ka du mein?» Bendek tok fram rise.

Odin avletas i kinna, men han sette frå seg bærkoppen sin, vilde til å knekke ned buksa.

Bendek vart litt stuss med. – Ja, bi no urlite, sa han.

«*Ska det ikkj vara på bær rauv da?*»

Bendek stod enno nokre augneblinkar; så sette han i og lo:

«*E det kjeltringen hell e det toskjen som regjeri ti dæg, gutpåker?*»

Dermed hirde ha sveigja. Han fekk ha seg opp i marka da og finne heim sauene, det var så mykje han visste. «Og det sei ag dæg,» la han til, «at kjem du heim utan dem, da, da –!»
... (I eventyre (6);194-195)

Men Odin finn ikkje krøttera. Det blir ein hard tørn både for Odin og Bendek:

... «*Og no får du dengt, gut!*» smilte han. «*Va du ikkj Odin no, da rømt du.*»

Føtene vilde ikkje bli her. Fingrane vilde ikkje ta i klinka.

Bendek såg ut så lei seg, da han kom og tok han, ein kunde skjemmast som nøydde han til det. Han dengte hardt. Odin klemte andlete inn imot bukselåre hans, det var utrulig hjelp i det. Men tårane var det inga råd med.

Bendek pusta ut da han var ferdig, og sukka. Han hadde gjort ifrå seg eit storarbeid. Det som gjekk mest inn på Odin, var det at han ikkje sa eit ord, ikkje krevde ein halv lovna eingong. Gurianna stod og snudde seg vekk da han kom inn att, og ikkje såg ho på Odin da han fekk seg mat heller. Ho var snillare enn folk visste om. ... (I eventyre (6);196)

Lauris sin oppvekst

Lauris blir ein hovudperson i dei siste romanane i «Juvikfolke» og på mange måtar ein motpol til Odin, også moralsk, men for å forstå noko av Lauris, kan det vere grunn til å minne om barndommen hans. Odin møter Lauris når han kjem til Kjelvika som dreng. Odin er da elleve år og Lauris fire år eldre, altså femten år:

... *Det vart om å gjera å få grein på denne karen. Noko hørte han av Jørnstrandgutane, og meir fortalte han sjølv når han var på det føre. Han var frå ein gar som heiter Svestadmoen. Faren var ein Guds mann, ein av lesarane. Odin visste ikkje større om kva slag folk det var, og Lauris vilde ikkje ut med det. Men ein hardkar til far var det; han tukta ungane sine så*

det gjekk ord av det. – Vi måtte til skogs etter rise sjølv, fortalte han. – Men visst det ikkje var stort nok da? undrast Odin. – Da var det i veg på nytt; og dubbelt dengt. Dei andre vart snilde av det, smilte Lauris; dei er langt på vegen no. Eg? Å ja da, det gjorde mon på meg òg. Eg leita fram skarve kortstokken min og brente han sjølv, så far såg på. Så stal eg meg ei papp-plate og gjorde ein ny. Da spell vi dess tryggare. Om pengja? det va fanken så vel! Eg måtte ned i pungen han far etter dei første kronene, - eg la dem der da eg hadde vunne det eg skulde. Sia hadde eg missionsbørsa, visst det trongs. Du skulde ha hatt meir juling du òg, kar. Så hadde du vore ein annan gut til å tenke deg om. Tobakken hans fann eg, same kor han gjorde av han, å det var trøyheit, gut! Veit du kor han har sin, han her? ... (I eventyre (6); 228)

Lauris er ustabil og manipulerande og kjem etter kvart borti fleire kvinnehistorier, men han kan også vise empati, f. eks. da han hjelper Odin etter han har slåss på St. Hans-dans. (I eventyre (6); 241). Vi blir fortalt at Lauris ikkje har hatt det så bra under oppveksten, så kanskje er det ikkje så rart at han er slik han er. Her kjem også Duun med enda eit stikk til lesarane – det er på ein måte lesarane som er «opphavet» til den «vonde» Lauris.

Rising i redsle

I «Harald» hører vi om faren Harald som riser Kåre på 3-4 år, etter at faren har vorten livredd for at guten skulle ha drukna:

... Kåre (3-4 år gammal) gjekk ned i fjæra eit stykke utfor naustet og såg etter flyndreungar. Han var berrføtt og hadde bretta buksa godt opp, så han kunde ro fiske langt utover grunnvatnet. ... (Harald (4);125)

*... Faren ropte så det ljoma i berghammaren på andre sida vågen:
- Kom på land, hører du, hell så får du juling!*

Da ser vesle gutpåken hitover, legg litt på hovude og ler: «Kom på land, Harald, så får æ bank dæ! Kjem du ikkj straks så har æ ikkj tid!»

Det var eit herm dei hadde etter klokkaaren, far til Harald. ... (Harald (4);126)

*... Da glett han, misser fotfeste og går under, kjem opp straks og rek med elvestraumen.
... (Harald (4);127)*

Harald kastar seg i vatnet og skal redde han ...

*... Men før dei veit korleis det har gått til, krabbar guten seg opp og står, midt ute i vatne.
– Skjere, seier Nanna. – Jamenn har han fått klønt seg fast der. ...*

No var Harald der og. Han stod og heldt i guten. Men kva var det han tok seg til med?

*Han la guten over knea, dei trudde det var for å få vatne utor ha, men så knepte han ned buksa på han og gav han til å denge han med bjørkerise han hadde teke med seg. Ikkje eit par små snertar nei, det vart eit stridregn med pisk som kunde ha mykt ein vaksen ein. To gonger linna han på litt og spurte seg for. Ikkje eit ord var det å få av Kåre. Siste salva var langvarig og tung, og da endelig gav han seg og lova bedring. Han knepte på seg buksa sjølv og puska vekk ein tåre som lurte seg fram, så slengte faren han på ryggen og la på vatne att.
... (Harald (4);127)*

... Karane kom opp bakken og sette seg i grase attmed dei to som sat og venta. ... Det sila utor buksebaken til Kåre enno, og håre låg klistra nedetter andlete i våte tavser; han styrte stinn framom dei to kvinnfolka og vilde inn, han smilte frimodig til dem, ei for ei:

- Eg berga meg no sjøl! ... (Harald (4);128)

Rising var alltid audmjukande og ein måte å kue ungar på, men Kåre ser ut til å ha berga sjølvkjensla på ein god måte.

Rising som del av barneoppdragninga

I «Olsøygutane» strevar Sofia med å halde styr på svært så aktive ungar. Ein av metodane er rising:

... Det kunde sjå ut somtid liksom dei vart meir glad i henne dess meir juling dei fekk. ...

... og så måtte ho ta etter sveigja att, så tungt det fall henne i denne stunda. ...

(Olsøygutane (9);10).

... Den eine måtte sjå på at den andre fekk ris; det var ei langvarig dengsle. ...

(Olsøygutane (9);15).

... Arne og Sebulon heldt seg still som mus i krå, for dei visste ifrå før at ein slik kveld var det godt om juling ... (Olsøygutane (9);15).

I «Ragnhild» får vi høre at Håkon strevar med å halde styr på sonen Hallvard, som finn på mykje rart. Også her er riset eit middel for å tukte guten når Hallvard og Ellida-guten har gjort innbrot i butikken til Karl Albert. Det er likevel ikkje lett for Håkon: «*Han syntes verda stana og lyja på med det gjekk for seg.*» ...

... Håkon tok han i aksla og løfta han. Harmen før i han som ei hellig makt, han hørte sjølv at dette var ikkje hans røst. – Svarar du?

Han sette han ned att og snudde seg frå han. Tok så fram bjørkrise han hadde budd seg med: - Skal eg måtte bruke den der da? Han tykte han spurte slik at syndaren måtte mjukne. – Eg meinte jamenn eg skulde sleppe det.

Guten tier. Best det er har han vorte avleta i kinna, og seier beint opp i auga til faren:

- Eg vil ikkje ha denne tukthuslemmen din til mor!

Håkon venta til sinne rauk av dem både to. Da bar det i gråten med gutungen. Men han hardna til att straks faren snakka åt han, og såg så tråssig på han, at der var berre eitt å

gjera: han fekk ta han over knee og gi han det som vanta. Han måtte gjera det, og han gjorde det. Han syntes verda stana og lyta på med det gjekk for seg. ... (Ragnhild (10);253)

Vald mot større ungar

Vi hører også om fedrar som brukar vald mot større ungar. I «Det gode samvite» er Anders, som er i 17-årsalderen, i opposisjon til faren, Per:

... Anders såg på faren og var forundra: det var ingen tyngd i han meir? Han drog enda på smilene, og så mumla han eitkvart ulovlig med seg sjølv. Da fekk han ein under øyra så det song. ... (Det gode samvite (4);140)

Anders har vore med på fiske, og etterpå har han vore med på dans. Faren, som er strengt religiøs, er ikkje blid:

... - Koles e det – vil du lova mæ at du aldri finn-på slikt-noko meir? He? – Svara du ikkje hell? Per vart rand. – Jaså. Ja, æ vil berre sei dæ det: rikka du dæ og gjer det der ein gong te, og kjem du på dans og slikt, så jaga æ dæ på døra! ...

... Ka du står og fliri åt? ropte Per.

- Åt dæ. Trur du verkeleg det va noko straff da, at du jaga ette mæ?

Per Håbjørn var mållaus ein augneblink, han hadde komme oppi noko han var vill framand for, visste knapt att frå på seg – og så gjorde han det som var greiaste greina: han slo. Det var ikkje mange som hadde slikt eiegodt handlag til å slå som han, og denne gongen var han omframt god. Anders raga. Men føtene heldt, og kjaken med. ... (Det gode samvite (4);143)

Etter ei lang preike frå faren:

- Ja ja! sa Per han drog inn pusten i ein lang sukk: - Lova du mæ det no da Anders, at du aldri gjer oss det lik-vel?*
- Nei. For æ – kund snart komma te å gjera det lik-vel.*

Per trudde ikkje øyra sine. – Ka det e som mankeri da, gut? Han tagde lenge, farlig lenge. - Du må ha ris, sa han lågt.

- *Ikkj no herette.*
- *He? Per hogg tak i trøyekraken og vilde dra guten med. Nora såg opp og løfta barmen tungt: munnen var liten og hard. Ane-Marta reiste på seg og seig ned att. Dei to karane stridde utan eit ord, men så rapa fotfeste for Anders, og ut bar det med han, ut i gangen, og der fekk Per tak i bjørkesveia han hadde leita seg dagen før. Han let det hagle over syndaren, kvast og kvassare, eit uvêr med straffedom som ingen ende vilde ta. Så kom det eit vilt skrik frå Anders, og dei hørte han reiv opp ytterdøra og storma ut, han slo att henne så det skallra i huse. ... (Det gode samvite (4);143-144)*

Etter ein månads tid reiser Anders heimanfrå ei natt utan at faren veit det - han greier ikkje å vere heime lenger. I mellomtida har Per kjøpt eit farty som han tenkjer at Anders skal overta og bruke til sildehandel. Anders får høyre om dette frå mora, men reiser likevel:

... Ane-Marta hadde fortalt Per det, da han heldt på og stod opp. Han vart blod-spritande rand, og han lovte mangdubbelt, at han skulle lære dem alle i hop, først og fremst ho som hadde andsvare, og så gutpåkeren sjølv – forlate meg synda – å, han skulle herlig få karen heim att og det litt fortare enn fort øg, han skulle få stryk!

Det letna unna ikkje så lite for Ane-Marta, at han tok det slik.

- Å ja. Du hi no visst git'n stryk nok, e æ rædd, sukka ho.

Han frøste til det; men så vart han sittande med vesten i handa og tenke seg om. Han tenkte lenge, og tungt; det small ikkje orde i han; og Ane-Marta kjente det på seg, som ei sorg gjennom all sin kropp, kor magta og mode lak ut or han og kor angermannen kom sigande.

... (Det gode samvite (4);150)

Anders kjem ikkje heim før etter mange år, men da har fiskeskøyta forlist, og garden er konkurs og går på auksjon. (Det gode samvite(4);170)

Jaga heimafrå på julkvelden

I «I eventyre» kan vi følge med Odin, som bur hos Bendek og Gurianna i Kjelvika. Ein dag da han er i 10-års alderen, tek han oterbørsa hans Bendek og skyt gråvêren. Det endar med at Bendek viser han på dør på sjølvaste julekvelden:

... Bendek kremita seg opp:

«Men svara mæg no opprekti, Odin: Kem som forteld dæg det der om børsa? Som narra dæg te det? Kan du ikkj svara da? Testå det no, Odin!» han ba så vakkert han kunde.

«Det va æ sjøl som drap'n!»

«Du vil ikkje ut med det? Ja, testår du det ikkje no på timen, så gjer æg dæg oløkkelig, æg jaga dæg på dør!

Odin berre såg på han. Han var knapt attkjennande i andlete. Stua vart både tom og still. Bendek avlettast. Han trampa i golve:

«Ut med dæg! Vil du pell dæg! utu mitt hus! Ut!»

Odin kvitna, men han tok huva bortpå vedkassa og kom seg ut. (I eventyre (6);211)

Odin er ute om natta, det er mørkt, det regnar og det blir skikkeleg uvêr. Omsider finn han fram til sommarfjøset der utgangarsauene ligg, så han er berga. Om morgenon kjem han seg til Vennestad, der mora er. Men Bendek og Gurianna angrar seg:

... I same veka kom Gurianna til Vennestad.

Ho var så utor det, ho kunne knapt bera opp målemne. ...

«Jau takk, han Bendek vart klein han!» kom det dumpande på eit hove, og no fortalte ho både fort og gale: Han låg der og plagdes og hadde ilt for bringa og i magen, og ikkje fekk

han sova, og ikkje kunde dei få til kva slag sjukdom han drogst med; og der låg han, og liggande vart han, og no var det eitt han snakka i, og det var gutungen her, det var han Odin.

Dei visste ikkje av før ho gret midt framfor auga på dem, ho beit seg i leppa og skakka på andlete og fekk inga bukt med det, - så gav ho seg over og såg beint opp på dem, med tårane stod tjukt i dei rådville hundauga og rann som dei vilde nedetter kinna: Vi veit det, Elen, at vi bar oss åt gæli imot han, det er meir enn vi kan snakke om, vi trudde han hadde vorte reint vond imot oss, vi, og heile kvelden var vi ute og leita og ropa, og tidlig om morgonen, og da rekte vi fare etter han heilt hit, men vi torde ikkje gå inn her. Og meg kan de straffe med de vil, men det er han Bendek, såla, han som er liggande – eg hadde ikkje gått hit for mykje peng nei! ... (I eventyre (6);223)

Å jage ein ti år gammal gutunge heimanfrå om natta på vinterstid med regn og storm kunne sjølvsagt ha enda katastrofalt. Dette var til og med på julekvelden. I dag ville dette vorte sett på som mishandling og eit alvorleg overgrep.

Også Julius hadde ein vond oppvekst

På Bjørland i «Det gode samvite» er Julius dreng. Han blir kjærast med dottera Nora på garden og får ei sentral rolle i romanen. Det kjem fram at han har hatt ein vanskeleg oppvekst:

... Han (Julius) gjorde det, fortalte om mora som døde da han var ein 10-12 års gut, om faren, som gifta seg straks etter, om stykmora, som jaga dem heimanfrå ein om senn; småsøstrene hans måtte ut og gjæte, og han skulde vera «kjørgut» på ein stor gar. Han vann ikkje gå der og sjå heimover, og så gjekk han ... (Det gode samvite (4);149)

Lærarvald

I novella «Lykkeper» høyrer vi om læraren som hadde pukkelrygg (skoliose?) og ofte vart kalla Pukkeloksen. Til gjengjeld kunne læraren vere brutal:

... Hall skolemeister var den som kunde slå, han slo så dei datt, ja, og no hadde han grunn til å slå, for orde Pukkeloksen det tålte han ikkje høre, kan de vita. Dei venta gutgappen stupte, men trur de ikkje han stod? Jagu stod han lel, det var ei skam; skolemeisteren trudde ikkje auga sine. Legg han så til andre gongen, gud hjelpe oss når vi blir så forarga! Men så skvatt 'n Per unda så arme kallkroken slo i lause lufta og hadde så nær kanta. Gut-ijyven på dør, og ta han der igjen!

Han fekk det som påfeila da mor hans hørte om det. Det spring vi over. Men de treng ikkje tru han Per tok seg nær av det. Eller kanskje han gjorde det? Vi har ikkje fresta å vera Per nokon av oss. ... (Lykke-Per (9);251)

Dette er eit eksempel på at elevane også kunne mobbe læraren. Her bruker læraren til gjengjeld brutal vald, og mora følger opp med meir straff. Det er grunn til å tru at Per tok seg nær av det, men kor mykje veit vi ikkje.

11.3. Bortsett på bygda

... Og bygda, den tida ...

«Ettermæle» handlar om å finne ut korleis Arna, mor til Brynjar, døydde. I etterforskinga prøver Brynjar å forstå korleis mora hadde det som barn. Det får han vite av Ane-Margit, søskabenget og venninna til Arna:

... Ifrå vi var to små fattige og foreldrelause kryp både to, og til Vangdal kom vi òg, eg til Bjørholtgaren og ho Arne til den andre garen. Jan da, det var moster si ho var boss. Ho tok henne til seg som sitt eige barn. ... (Ettermæle (11);34)

Men både moster og mannen døydde da Arna var omtrent tolv år:

... Alle dei små ungeskapningane. Ingen visste anna enn at det bar på bygda med dem, og med a mor di òg, for den saks skyld. Og bygda, den tida -- ...

... Jau no skal du høre. Dagen etter likferda, som sagt er, da gravølsfolke held på og fer sin veg, der var berre nokre av nærmaste skyldfolke att, da det er på det verste i huse ja, da stig der eit gammalt parfolk fram og tek dei til seg dei to minste av borna. Ja det gjorde dei, av miskund og nåde, for dei sat ikkje så romt i det. Og der med stig det fram eit par til og tek å seg dei to næste, det var ikkje mindre velgjerd det, og da må ein tredje ein ta eldsteguten, enda han hadde mange nok før. Ja slik gjekk det, - du hadde ikkje truud det om du var til stades og såg det, så reint ovanifrå kom det. Det var som eit stort tegn i bygda. . . . For no var dei nemnt og no var dei velberga alle dei andre borna, men ingen hadde nemnt a Arna enda. Ho hørte ikkje til borna i huse ho, ser du, dei hadde ikkje komme til å tenke på henne eingong, og der stod ho, tolv år gammal, eg ser det tydeligare enn eg ser deg no. Ja og der stod ho, som sagt, og kor skulde ho no gjera av seg? Ho hadde slike digre lyse fletter nedover ryggen, og svart kjole hadde ho på. Ho såg reint bleik ut. Ho stod og såg ned i golve, eg synes ho smilte, på eit vis. . . Eg undrast hardt på kor det skulde bli av henne no, eg synes så grant det er eg sjøl som står der og blir ståande der, attglømt av alle i hop. Eg blir blauthjarta først eg minns det.

Da var det drengen på garen synte seg. Da var det 'n Tørris Vangdal synte seg. Han gjekk bortåt henne og tok i handa hennes, og så sa han til alle som inne var:

- Her er ei som De har glømt bort, godt folk.

Stakars Arna vart ein gong raud og ein gong bleik, og sjøl veit kva eg vart, men der var noko i meg som løfta meg høgt til vêrs. Og Tørris kremla seg opp og sa:

- Ja ja, så har i alle fall ikkje eg glømt henne. Ho lyt bli med meg ho da, bort i kårstua, til mor mi; så har ho da ein heim ho òg. Han spurte henne om ho vilde det.

Ho såg opp på han før ho svara. Eg såg kor ho såg på han, eg ser det i denne stunda, han, ein glømmer aldri slikt. Kva ho svara det hørte ikkje eg, men det var ja og ja takk, kan du vita. Eg trur eg var nærare på gråten eg enn ho var, ja det trur eg at eg var. . . (Ettermæle (11);35-36)

... Ja for du kjenner til at foreldra hennes var døde? Ja snakk ikkje om det, faren var mykje til kar han, morfaren din, løitnant i kongenstenesta og meir til, og gift med så gild ei gargjente som du berre kunde leite deg ut, og lel gjekk det den vegen det gjekk. Drakk seg ifrå all ting han ja, og så dava han ifrå det til slut, korles det no gjekk for seg eller ikkje. Og mormor di, løitnantsfrua, skulde vera, ho vart sjuk og døde av både sorg og skam, ... (Ettermæle (11);36-37)

Fødd og bortsett i loyndom

I «Ettermæle» tek altså Tørris ansvaret for den foreldrelause jenta, Arna, men nokre år seinare går det ikkje likare til enn at Arna blir gravid med Tørris. Da reiser ho til Trondheim, føder barnet og set det bort, utan at nokon heime skal oppdage det, heller ikkje barnefaren. Kilius blir bedt om å ha med pengar frå Arna til dottera hennes:

... Og vesle gjentungen fekk eg sjå, Ho kunde vel vera i 3-4-års alderen da? Som eg seier, det var eit vakkert lite kre; ho heitte så mykje som Alvhild. ... (Ettermæle (11);72)

Når Kilius kjem til byen ein gong seinare, er barnet bortsett:

... Jau ser du, eg kom til same folke i byen, i foretningserend, og da spurte eg etter barnsungen deres. Ho var ikkje til stades, svara dei. Eg kom att eg, utpå dagen, men ho var borte da òg. Da såg eg dei snakka ikkje sant, og eg fortale dem det: Dei hadde sett henne bort til andre; der var pengar å tene på det, ser du, dei hadde fått betalinga ein gong for alle, som vi seier. Dei torde ikkje anna, far min, dei tilstod det, for eg nemnte politie eg. Kjerringa gret og tilstod det ja. Dei måtte ut med kor barne var å finne, og eg fann det.

Det var mange små der. Berre fattigdom alt i hop. Eit ulystelig syn, seier eg deg. ...

... men eg kom der halvåre etter, og da var gjentungen død. Låg på kirkegaren ja, eg gav meg ikkje før det var slege fast; eg vart over i byen ein dag berre for det. Det var differien som

hadde teke henne. Lat oss ikkje snakke vondt om sjukdommen for det. ... (Ettermåle (11);72-73)

Bortsett for betaling

Sigyn får ein hard start på livet. Mora Sigrun, dotter til lensmannen, giftar seg med Ingbrigt, og snart etter kjem barnet. Ingbrigt gjer desverre underslag på postkontoret, blir fengsla og henger seg kort tid etter. Mora reiser til byen og giftar seg oppatt snart, men barnet er ikkje med i «avtalen». Sigyn blir da bortsett for betaling til Nøkksjølia, til han Erik. Sigyn er både utsvelta, vanstelt og forskrämt når ho kjem til Nøkksjølia:

... Kunde sitte halve dagen med ein kavringsbit eller slikt noko ... (Nøkksjølia (2);9)

Men Tea er hard, ho vil ikkje skjemme bort ungen. Kristian er den som viser henne litt varme. Dei prøver å halde henne borte frå andre barn, og det er i det heile eit strengt regime, for eksempel på søndagane. Sigyn drøymer alltid om at mora skal komme og hente henne. Når ho blir åtte år, får ikkje Erik betaling for å ha henne lenger;

... Ho kunde gjæte åt folk, meinte lensmannen, og passe born og slikt. ... (Nøkksjølia (2);17)

På skolen blir ho mobba av andre barn. Etter kvart går det bra med skolearbeidet, ho greier seg gjennom ein vanskeleg oppvekst, men han sit nok i henne heile livet. (Nøkksjølia, Sigyn (2))

Fattigdom og etterlatne ungar

I «Menneske og maktene» møter vi Borghild og broren Arne. Plutseleg ein dag har mor deira reist i frå dei, så dei er heilt åleine. Dei har lite å leve av, men prøver å skjule skamma for resten av bygda:

... Borghild levde det oppatt i tankane, live deres frå første dagen og frå lenge før. Og første dagen det var da mor deres reiste frå dem for alvor. ... Det var om sommaren det, og dei kom frå bærskogen med det vesle dei hadde funne. ... (Menneske og maktene (12);189)

... Dei greidde seg bra gjennom det. Lite grann knapt med maten tok det til og vart, mest berre mjølk og flatbrød, litt spekesild fanns der òg, men ho var så brun og trist. Bærpengane torde dei ikkje skille seg av med. Og så kjerna ho og fekk smør ein dagen. Det var eit storhende. Bror dansa kring kjerna og song: Jamenn så eg smør eg! Den dagen fekk han smør på brøde. ... (Menneske og maktene (12);192)

... Dei kom ikkje til å klare seg vinteren over. Bror svalt i hel for henne. Dei måtte vel på bygda og be. Noko meir nifts kunde umulig vera til. ... (Menneske og maktene (12);193)

... Ho spurte Bror så hardt ho kunne: kva skulde dei ha til niste? – Du som treng mat mest kvar ein dag? sa ho. ... Eller, sa han og var klok mann, vi kokar dei største potene vi finn, eit spenn fullt. Med finsalt til. Kva anna har vi ete nå ei tid? ... (Menneske og maktene (12);195)

Dei reiser med dampbåten nordover for å finne moster si. På båten får Bror mat av mannskapet:

... Han var mett! Han hadde vore i kjøkkene deres, ventelig, og fått mat. ... Borghild åt ei potekake. Ho kunde greidd to. ... (Menneske og maktene (12);196)

Dei kjem til moster si nordafor:

... - Nei vi rømte unda for fattigdommen, sa Arne og såg hardsett på mostra si. Han vart oss litt for nærgåande, la han til. ... (Menneske og maktene (12);199)

Dei blir sett til hardt arbeid, men får lite mat. Arne kjem meir og meir i opposisjon til mostermannen, så han svarar han. Da blir mostermannen sint:

... Men Bubblan svinga neven og slo.

Arne stod still og tok dasken. Han fekk handa i hovude, det var så vidt han stod. Ingen av gutane der heime rakte Arne med ein dask, dei hadde øvd seg i boksing dei kalla. Nei han tok denne straffa. ... (Menneske og maktene (12);203)

... Ei tid var ho (Borghild forf. mrk) sjuk oppi hovude, så svimren og elendig. Ho voks for fort, sa moster. ... Du burde ikkje eta så kraftig kost, sa Arne ved borde stundom, du veks helsa av deg. På tomannshand sa han til henne, at ho burde få seg ein mjølkskrett i fjøse. Som godt var, kuvarm mjølk fresta henne ikkje til å stela. Derimot lurte ho i Arne og katten ein dråpe no og da. ... Arne hiksta til og snudde seg bort, ein gong han såg kor sjuk ho var. Større helten var han ikkje nei. ... (Menneske og maktene (12);204)

11.4. Diskusjon

Duun skildrar berre tre episodar av det vi i dag ville kalle konemishandling. I to av tilfella, både da Per Håberg denger kona Valborg (I blinda), og da Didrik slår Tale (Medmenneske), er det menn som mistar kontrollen over temperamentet etter å ha tapt både status og ære. Det tredje tilfellet er i «Harald», da kombinasjonen av sjalusi og fyll fører til at Ola er brutal mot kona Sara og jagar henne heimanfrå. Vi hører ingen ting om korleis Sara opplever dette, men ho reiser bort og kjem ikkje tilbake.

Elles manglar det ikkje på spenningar mellom ektefeller og andre familiemedlemmer i Duuns litteratur, men kampane går mest for seg på det psykologiske og verbale planet. Ragnhilds drap på svigerfaren Didrik i «Medmenneske» er eit unntak i så måte.

Derimot skildrar Duun ei rekke episodar og hendingar som i dag ville vorte sett på som overgrep og mishandling av barn. I «Menneske og maktene» høyrer vi og om ei mor som berre forsvinn og etterlet ungane til seg sjølv, og utan at nokon grip inn og hjelper dei. Hendingane er lagt til slutten av 1800-talet og dei første tiåra av 1900-talet. Foreldrelause barn vart da ofte bortsett til framande, og vi høyrer om eit eksempel da Tørris grip inn og tek ansvar for Arna, da ingen andre bryr seg om henne («Ettermæle»). Rett nok blir Arna gravid med Tørris nokre år seinare, og det er uklart om dette kanskje er eit seksuelt overgrep. Nyfødde barn som mora ikkje kan ta seg av, blir bortsett til andre i familien («Sigyn»), eller til heilt framande (barnet til Arna i «Ettermæle»). Rising er ein vanleg metode for å oppdra barn - utan å bruke riset ville ikkje foreldra ha tatt oppdragaransvaret på alvor. Vi merkar lite til at nokon har motforestillingar til denne metoden, og det er aldri nokon som grip inn og forsvarar barna mot slik straff, men samtidig går det fram at det er vonde opplevelingar både for den vaksne og barnet.

Lorverket på Duuns tid

Før *Vergerådslova* kom i 1896 var offentleg barnevern styrt av reglar i kriminal,- fattig,- og skolelovene, og vedtak om vern kunne like gjerne resultere i tukthus som i bortsetting til det som vart oppfatta som gode heimar. Først i 1896 vart den kriminelle lågalderen heva frå 10 til 14 år, og same året vart *Vergerådslova* – eller *Lov om behandling av forsømte børn* – vedteke av Stortinget. Lova tredde i kraft 1. januar 1900. *Vergerådslova* slo fast at barn som ikkje var fylt 16 år kunne settast bort til fosterforeldre, i barneheim, skoleheim e.l. dersom barnet hadde gjort ei straffbar handling, vart mishandla eller forsømt av foreldra, eller oppførselen til barnet var slik at heim eller skole ikkje makta å fylle oppdragarrolla. For å administrere lova vart det oppretta eit vergeråd i kvar kommune. Vergerådet hadde makt til å ta barnet ut av heimen for å plassere det i ein «pålidelig og hæderlig Familie» eller i ein barneheim

eller skoleheim. Vergerådet kunne og frådømme ein eller begge foreldra råderetten over barnet [1].

Vergerådslova var banebrytande i si tid, men forvaltninga var ikkje særleg effektiv. Så seint som i 1935 var berre halvparten av vergeråda aktive. Likevel var mange barn under offentlig tilsyn, i alt 6181 barn.

Gjennom heile mellomkrigstida vart fysisk straff av barn i oppdraginga debattert i dei nye faga psykologi og pedagogikk. Før hadde det vore eit vanleg syn at ingen hadde vondt av ein omgang juling, men etter kvart fekk nye stemmer gjennomslag.

Moderne barnevern, slik vi kjenner det i dag, er først og fremst eit etterkrigs-fenomen. I 1947 vart det sett ned ein barnevernskomite, noko som resulterte i *Lov om barnevern*, som tredde i kraft 1. juli 1954. I 1972 vart den såkalla *Refelseslova*, som ga foreldra rett til å straffe barn, oppheva, men ein meinte framleis at ein hadde ein viss rett til å bruke fysisk straff som ledd i oppdraginga.

Frå først på 1980-talet vart det klart at straff som ris og juling ikkje lenger var lovleg, utan at det var presisert i Banelova i 1981. Verdas første barneombod, Målfrid Grude Flekkøy (1936-2013), leia kampen for å få innført eit forbod. Ho vann fram i 1987, men i forarbeida til lova vart det akseptert «lette klaps».

I 1992 vart det vedteke ei ny barnevernslov, som igjen vart endra i 2000. Først i 2010 fekk Noreg nulltoleranse mot alle former for klaps og dask i oppdraginga. Det vart da straffbart etter dei vanlege reglane i straffelova [2]. I *Lov om barn og foreldre (banelova)*, sist endra 2017 (§ 30), er det presisert: ... *Barnet må ikkje bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare. Dette gjeld òg når valden brukast som ledd i oppsedinga av barnet. Bruk av vald og skremmande eller plagsam framferd eller annan omsynslaus åtferd overfor barnet er forbode.* ... [3]

Konsekvensar av overgrep mot barn

Nyare studiar om vald og overgrep mot barn og unge har vist at 21% av ungdom i Noreg har opplevd fysisk vald frå minst ein forelder i løpet av oppveksten. For dei fleste dreier dette seg om mindre alvorleg vald, for eksempel at dei éin eller fleire gonger har opplevd at foreldra har lugga, klypt, dytta, rista eller slått dei med flat hand [4]. Å oppleve fysisk eller psykisk vald frå eller mellom foreldra, kan få alvorlege konsekvensar for barna som blir utsett for dette. Dette heng saman med at valden skjer i heimen, som skal vere den viktigaste plassen for tryggleik og utvikling. Tilknytinga til omsorgsgivarar er av fundamental betydning for barnet [5, 6].

Bortsett frå frykta og dei fysiske skadane barna kan oppleve i konkrete valdssituasjonar, kan valdsutsette barn få vedvarande helseplager. Mellom anna er det påvist at vald kan få konsekvensar for den nevrologiske, kognitive og emosjonelle utviklinga og psykiske helsa hos barnet.

Andre negative konsekvensar av å bli utsett for vald og overgrep i barndommen kan vere tilknytingsproblem, sosial tilbaketrekkning, søvnvanskars, lærevanskars, aggressjonsproblem og angst [6, 7]. Vaksne som har opplevd vald heime som barn utset også oftere andre for vald om ein samanliknar med vaksne som ikkje har erfaring med vald i familien. Dei gir også oftere uttrykk for at det er greit å bruke vald i nære relasjonar [7].

Ikkje berre hos Duun

Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at fleire av Duuns karakterar kan ha vortne prega av den valdelege oppdraginga dei var utsette for. Lauris, «motpolen» til Odin i «Juvikfolke», kan vere eit eksempel på det. Det var likevel ikkje berre i Duuns litterære univers at fysisk straff vart brukt i barneoppdraginga. Den britisk-norske forfattaren Roald Dahl (1916-1990) gjekk på engelsk kostskole, og i sjølvbiografien «Gutt» fortel han korleis særleg rektor på skolen var ivrig etter å gi elevane fysisk

straff.Selv i dag, når jeg er nødt til å sitte lenge på en hard benk eller trestol, kan jeg kjenne pulsslagene langs de arrene som stokken laget over baken min for omtrent femtifem år siden ..., skriv han. Han fortel om da beste kameraten hans, Michael, vart kalla inn til rektor og fikk beskjed om å trekke ned buksene og knele framfor sofaen: ... Deretter ga den store mannen ham et forferdelig slag. (...) Nå ble det fjerde slaget avlevert mens advarslene om synd og elendighet fortsatte. Denne omstendelige og skrekkinngytende prosessen fortsatte helt til han hadde avlevert ti slag. Hele tiden holdt han på med å tenne fyrstikker og fyre opp i pipen, mens han snakket om ondskap og onde gjerninger og urettferdighet og alt det gale man kunne gjøre, uten stans. Han snakket til og med når han slo. Helt til slutt, etter at rektor hadde hentet fram et vaskevannsfat, en klut og et lite rent håndkle, fikk offeret beskjed om å vaske vekk blodet før han trakk på seg buksene igjen. ... [8]



I «Hilderøya» er det konkurransen mellom Etvard Jørgen og Svein som er eit hovudtema. Men mellom dei aktive ungdommane er det også fleire som slit med psykiske problem, bl.a. Svein som i periodar har både depresjon og angst. Svein Etvard går også inn ein depresjon og tek til slutt livet sitt, mens Herborg dør i barsel. Her er Svein spelt av Tore Granås og Herborg spelt av Helga Haga i Turnéteateret i Trøndelags dramatisering.
(Foto: Turnéteateret i Trøndelag)



Hos Duun er det mange fødslar, alle er heimefødslar, og oftaast er det familiemedlemmer eller nabokoner som er fødselshjelparar. Fødslane hos Duun er ofte dramatiske, ikkje sjeldan med alvorlege komplikasjonar både for mor og barn. Men hans skildringar av fødslar er «distansert» og lite detaljert – Duun hadde nok aldri sett ein fødsel. På dette bildet frå 1949 er det ro og harmoni, etter at jordmor Guldborg Woxholt (t.v.) har hjelpt vesle Marit til verda, og mor Kari Kvålen har fått servert kaffe på senga. (Foto utlånt av Gudrun Kvålen Veimo, Verdal)



«I eventyre» blir innleia med at mor Elen går i lag med sonen Odin til Kjelvika, der han skal bu og vera gjetar: ... «Ka du går og tenkji på du, Odin?» seier mora. ... «På det at æ berre e sju år,» svara han da det hadde vore litt. ... Uønska graviditet og «uekte» barn er eit vanleg tema hos Duun, og som mange andre barn fødd utanfor ekteskap, blir Odin «sett bort» på bygda. (Foto: Steinar Johansen, Foto Midt-Norge))



Danel i «På tvert» er fødd med ein fot som står «på tvert», og strevar med å finne seg ein plass i samfunnet trass i funksjonshemmingsa. Han opplever mykje vondt i oppveksten, men blir ein dyktig handelsmann. Sjølbildet er dårlig, på kjærleiksfronten tapar han, og han går i periodar ned i djup depresjon. Han er særleg redd for å bli sendt til Rotvoll sinnsjukeasyl, men unngår dette. Foto frå Turnéteateret i Trøndelags dramatisering av «På tvers» der Paul Otta Haga spelte Danel og Evi Kasset Røset spelte Ane.
(Foto: Turnéteateret i Trøndelag)




Ein behandlingsmetode ved lungetuberkulose var thorakoplastikk eller «storoperasjon». Da vart eit eller fleire ribbein operert bort slik at den infiserte lunga skulle falle saman og på den måten hindre vidare smitte. Dette var ein stor og frykta operasjon. På Luster sana-torium fekk ein pasient ei så stor blødning etter ein slik «storoperasjon» at han måtte ha blodoverføring. I mangel av blodbank, meldte ein medisinstudent seg som blodgivar, og pasienten berga livet. Som takk fekk studenten denne trefiguren som pasienten hadde skori ut. Det er ikkje vanskeleg å sjå kor spent pasienten er på å få «dommen». Dette hendte i 1940. Medisinstudenten var Odd Eiwinn Hanssen (1917–1964), som arbeidde på Luster i ein vente-termin i studiet (1939–1940). På Luster møtte han også Ingebjørg Weiberg Lingaas (1920–2016), som da var guvernanter der. Dei vart seinare svigerforeldre til forfattaren. (Foto: Jostein Holmen)




NTBscandix

Dei fleste gamle i Duuns litteratur blir stelt av nære slektingar, men dei som er fattige og heller ikkje har nære slektingar, blir sendt på legd rundt i bygda. Gammalfaster «Kvitugla» i «Medmenneske» er eit unntak. Ho er så utgammal at ho er sengeliggande – snart hundre - men har ein del pengar, så ho har eiga taus som steller for seg. Her frå ei teateroppsetting. (Foto: Nasjonalbiblioteket)



«Ingen ting stikk så kvasst som odden av ein ny tanke», forsto Justin Bunese da han prøvde seg i politikken og måtte forsvare seg – det var ein ny og vond tanke («Gud smiler»). Sitatet er rissa inn på ein stein i hagen utanfor Duuns heim i Holmestrand, og kan vere aktuelt også når ein dokter les Duun med sine «dokterbriller» - eit anna perspektiv enn det Duun-kjennarar har hatt før. (Foto: Jostein Holmen)



Olav Duuns rike. (Foto: Jostein Holmen)

12. Aldring og alderdom

12.1. Aldring

Blind-Anders - den første «pensjonisten»

I Duuns romanar møter vi menneske av alle aldrar, også mange som er gamle. Blind-Anders («I blinda») lever omkring midt på 1800-talet, og han er den første i Duuns persongalleri som får ei slags pensjonistrolle. Anders har øydelagt synet sitt for ei tid sidan, så han er blind, og eldstesonen Per er nyleg død av nervefeber (tyfoidfeber).

Anders er med da Per blir gravlagt:

... Han var med til kirkegaren, og heldt ut i gravøle til siste mann. Han var berre lite grand tunghørd av seg. Han hadde vorte slø, trudde dei, gjekk i barndommen; det var ikkje stort att av han. Han visste dei sa det, men det var noko dei hadde for seg. ... Han gjekk som han leita, dagane etter, før og vavra og stavra frå vegg til dør heile huse gjennom. Dei andre gjekk helst krok for han. – Så sette han seg til ro ein dagen. ... (I blinda (5);289)

... Det hadde gått i ein dur for Anders i det siste, og han takka for det. Det var alltid stunder til å sitte. Likevel var det liksom han vilde skynde seg på slutten, få det undagjort og komma seg i ro. Han ville sjå på det som hadde hendt, han ville ta for seg ulykka og allting og sjå det slikt det var. Og no stilna det forunderlig. Allting så la det seg til ro kringom han. Han hørte solskine, kor det stod ute i lufta sommardagen lang. Han hørte vinden, kor han bles over take og over alle fjella. Han kunde sjå det òg, når han berre let att auga: åkeren la seg unda vinden, våra mørkgrønt og lysgrønt, mørkgrønt og lysgrønt, – Men elles skjedde

her ikkje noko, syntes han, det var slut og til endes med den ting; verda låg og let tida gå over seg, som vind over fjell.

Og rundt i kring låg det i hop og hang, det han hadde bala med. – Der ligg det, og her sit eg, sa han. – Det der, Anders, det forstår du ikkje. Du blir for stutt! Slikt var rart å seie seg sjølv opp i auga; han hadde aldri prøvd det før. – Nei, men det var herlige ting lel, kor han skar seg fram den tida boren bles. Som han sa, Kristian Lauvset: Du har gjort ditt, Anders. ...

Men så skal du komma i hug det da, Anders, at dei venta seg mykje av deg. Og det største, det ventar dei seg no. For her skal du sitte, mann, og sitte så det spørs! Dei som føre deg var, dei kjørte på i same renne som du, men så sorna dei av og ifrå det. ... (I blinda (5); 295)

Anders, som har vore som ein slags hovding i bygda og alltid hatt mange jarn i elden, er sett utom det pulserande livet, men han får god attest frå «bygda», representert ved Kristian Lauvset: «*Du har gjort ditt, Anders*». Så han har grunn til å vere tilfreds med det han har utretta hittil, men «... det største, det ventar dei seg no. For her skal du sitte, mann, og sitte så det spørs! Dei som føre deg var, dei kjørte på i same renne som du, men så sorna dei av og ifrå det». ... Anders forstår nok at det kan bli vanskeleg berre å sitte i ro, men no har han endeleg fått tid og ro til å reflektere over livet og det han har vore med på, blant anna kva som hendte med Solvi. Han er truleg ein av dei få i bygda som har nok sjølvtillit til å snakke med presten om slike ting, omrent som dei var likemenn:

... Ho va få finn, stakar; det var det; kunde ikkje vera her, ho. ...

«Men hvorfor sendte skjæbnen dig dette da, Anders?»

«Ja sjå, det visst du ikkj. Der vart du fer støtt, ban! Men her sit æg. Og snaut og tomt i kringom mægja. Ein kund bli te is»

«Bed om – bed om tålmodighed!» Presten var bleik og kløkt; han vilde sagt einkvart som hjelpte.

«Trøngs ikkj, ban. Æg e tålmodi, æg, -- Men Vårherre, du kalla, kann nok ikkj ha lika mæg så kleint lik-vel. Det e no mi tru».

Anders lo godt, og presten rista på hovude. ... (I blinda (5);299-300)

Blind-Anders synest det er ... *snaut og tomt i kringom mægja* ... , men greier likevel å tilpasse seg den nye rolla som «pensjonist». ... *Æg e tålmodi, æg.* ... Han har hatt ein solid posisjon i bygda og er godt fornøgd med det han har utretta, og han trur heller ikkje at Vårherre har lika han så kleint.

Didrik Dale – «førtidspensjonert» mot sin vilje

Ein som slett ikkje er fornøgd med «pensjonistrolla», er Didrik Dale i «Medmenneske». Han må selje garden og «førtidspensjonere» seg når Håkon og Ragnhild skal gifte seg. Didrik er da i 60-års-alderen, enda frisk og full av arbeidslyst. Han og kona Tale har «kår», dvs. hus og mat på garden, men må bu i ei trong kårstue. Tale er fortsatt i fjøset, så ho har noko å gjere. Didrik, derimot, har inga rolle lenger, men er full av virkelyst og planar – og han er ikkje typen som kan sette seg i ro og reflektere over livet, slik Blind-Anders gjorde:

... *Her kjem vi snart inn i eit nytt hundreår, og enda sitt eg med den gammaldagse kårseddelen! Som ein ape i bur. Nei, sønnafor, der eg var i fjer, der var dei lenger framme, det fanns ikkje slike som kår der nei.* ... (Medmenneske (10);17-18)

Og det er trøngt om plassen når både ungfolket og kårfolket bur så tett på kvarandre:

... *Dei hadde berre eitt hushald enda, og åt i kjøkene, for det var stort som ei stue. Husromme var litt knapt for to busydar, Didrik hadde rett i det, - ja dei var i grunnen tre, for Gammalfaster og tausa hennes hadde ein trefire rom ovanpå.* ... (Medmenneske (10);25)

Det er trøngt også i kårstua:

... Etter maten gjekk Didrik til kårstua som elles. Det var ei trivelig lita stue, men der var reint for trøngt, ein gjekk seg på stol eller bord om der var aldri så lyst. I kveld var der slett ikkje verande. ... (Medmenneske (10);25)

I tillegg bur Gammalfaster «Kvitugla» på loftet:

... Gamla var snart hundre år. Blind hadde ho lenge vore, og var så utlevd og mager ho var ikkje god til å reise på seg. Men elles låg ho der oppå loftet sitt og var med i mesteparten av det som gjekk for seg på garen og litt av kvart borti bygda òg. Ho var garmannsenke, hadde vore gift som snarast og var barnlaus, men ho hadde fått alt som var etter mannen sin og hadde ein huglig slump med pengar i banken. Husvære her betalte ho for, men elles heldt ho si eiga tans og sitt eige hushald. ... (Medmenneske (10);26)

... No utetter hausten hadde ho vore meir enn vanlig vesal, dei trudde ikkje ho kunde ha så lenge att. Ho sa det sjølv òg: - Det er berre reklingane att av meg; rettno må jorda ha det little som er, skal ho ha noko av meg. ... (Medmenneske (10);26)

Her får vi altså inntrykk av korleis det var å vere kårfolk rundt førre hundreårskifte; det var trøngt om plassen, dei levde tett innpå kvarandre, og særleg kårmannen Didrik var misfornøgd med å leve slik. Det var nok heller ikkje lett å vere ungfolk. Kor mykje dette kunne ha å seie for den konflikten som utvikla seg i «Medmenneske», blir nærmare drøfta i kapittel 14.4.

... å bli gammal er verre ...

I det heile ser det ikkje ut til at gamle menneske har særleg høg status i Duuns litterære univers. Kor gamle folk var når dei vart sett på som gamle, kunne nok også variere:

... Anders før til og vart gammal. Han var over femti. Han gjekk like sein som før, og like frisk i hamleten var han, men kvit i hår og skjegg. ... (I blinda (5);210)

Tidleg på 1900-talet, når Odin er vaksen, møter han mormora Åsel:

... Han såg for seg den litle gamle ryggen til bestmora. – Å døy, sa han med seg sjølv, det må no gå det. Å bli gammal er verre. ... (I ungdommen (7);26)

Det er framleis Åsel som sit som eigar av Håberg, og no vil ho dele Håberg i tre partar. Dette er Astri, som er gift med Lauris, sterkt imot – ho vil ha heile garden.

Ho og Lauris snakkar om dette:

... - Du skal ikkje forsynde deg imot alderdommen, Astri. Han nemnte henne på namn, det gjekk ikkje ofte på. - Kor gammal kan ho vera no? Ho farmor di, meinte eg. – Ho er snart sytti. – Hm. Ja. Da er det ikkje meir å vente av henne. Litt glede må ein gammal krok ha; for det om vette har fare. ... (I ungdommen (7);131)

Så når Åsel er så gammal – snart sytti – kan ein ikkje vente meir, for «*vette har fare*».

Men ikkje nok med det: Når Astri seinare møter Odin, tek ho til orde for at farmora må «*gjerast omyndig*»:

*- Har du snakka med a farmor? spurte ho. – Eg har da det? – Men er ho rett da, sei meg det, er ho ikkje tullut da, trur du? – ho er da visst i sin gode rett. Og meg skil det ikkje; men eg har tenkt på det, eg skal tilstå det. Og likar det gjer eg ikkje nei.
- Ho må gjerast omyndig! ropa ho, ho står og bevrar som unghesten.
... Ho må avsettast før det er for seint. ... (I ungdommen (7);132-133)*

Også andre stader får vi peikepinn på kva folk meinte med «gammal»:

... *Ola var ålvorlig gammal no, han var mykje over 70....* (I stormen (7);166)

12.2. Eldreomsorg – og død

«*Gamlehjem*» - eit nytt omgrep

Åsel er sjuk og ligg på det siste, men det er nok ingen ting som tyder på at «*vette har fare*». Derimot er ho opptatt av korleis fattige gamle kan få det betre:

... *Det var noko, Odin. Eg las om det – gamlehjem – sei meg: kva er det for noko?*

Odin fortalte det han visste om det. – Ja, ser du der! anka ho seg. Visste det, eg, men. Det vart ikkje med meg. Kunde da ha gjort noko, ser du! Men så kjem Han og tek meg ifrå det – eg er så tørst, Odin! ... (I ungdommen (7);137)

No må du hald-ti mag, Anders, det ber i veig no ...

Hos Duun kan vi lese om mange dødsfall, og vi kan også følgje mange i den siste, terminale fasen av livet, for eksempel Per Anders og kona Ane («Juvikfolke»), gammalfaster Ane («I blinda»), Peder («Storbrylloppet»), Bendek («I eventyre»), Elen («I ungdommen»), bestemor Åsel («I ungdommen»), Thekla («Sigyn»), Lars Lines («Det gode samvite») og Nora («Det gode samvite»). Alle ligg heime og blir stelt av nære slektingar.

Eit anna eksempel er Per Håberg, som blir sjuk og dør. Per flyttar frå Juvika til Håberg, men slit seg sund på ein stein nedpå åkeren, får plager med magen og blir arbeidsufør. Han er i sin beste alder og synest det er ei skam å vere sjuk, men så ser han at sonen hans, Anders, som er i fjortenårsalderen, greier å tukte storoksen. Dette synest Per er storveges, men etter kvart blir han därlegare og sengeliggende. Han meiner det er på tid «*at ein kjem ság þund tørva, åt de andar*»:

... Etterpå vart han mjo og kløkt. No kunde han gå inn og legge seg. Det maura i han, - det lak utor han no, live dei kalla, ja ja, men det var godt å sitte her ei stund enno. Og kom han seg ikkje inn sjøl hjeltpandes, så stod det ikkje på; enda skulde ikkje kvennfolka få bry med han. (Juvikingar (5);127-128) ...

... Per reiste seg, vilde inn no. Men det vann han ikkje, han seig i hop att, vart liggande og skjelve, og så bar det i brekkinga med han. Han kom opp med svarte mageblode.

«Gjer aldri det slag, Anders. Det e på tia snart – at ein kjem sæg pund tørra, åt de ander».

«Ikkj å sei det, far!»

«Ska æg gang her som eit anna vanspark æg da? Nei. For no står det ikkj på».

Anders hjelpte han inn. Han bar han mest.

Per kraup i seng straks. – Det er godt å få legge seg attover, sa han. ... (Juvikingar (5);128)

... Per låg med ein smil nedunder auga; men munnen drog i hop seg tak for tak, og i panna båra det seg rukke for rukke, slik ein ser leira i fjæra sjø. Når det reiv for grovt innvendig, spennte han foten i senggavlen, kleip åklæså det knaka i finger-leane. Da fekk Anders det same drage, dei same rukkene vilde fram i panna på han òg. ...

Per stod ikkje opp meir, og ingen venta det heller. Han låg og hadde det tålig, tykte han. (Juvikingar (5);129)

Nettene vart så lange for Per, for han mista sømnen. ...

Endelig bar det i veg. ... Per tok til å kvinke og bera seg i kveldinga, slik han hadde gjort det ofte i det siste. ... Men så manna han seg oppatt og var fullt med seg sjølv. ...

Men straks Anders var utor synne, seig angst på han. Det ropar so kaldt der ute, kva er det? Kor det vart då deg, Anders? Eg ligg her blett mo åleine; på ryggen; kan ikkje snu meg. ... Anders bøygde seg over han og snakka han til rettes:

«Slik. Så bli det likar ska du kjenn».

Og Per kvinke med lyst barnemål:

«Jahaha! No vart det godt å vara mæg! ... (Juvikingar (5);131-132)

... Valborg la seg bortpå senga si. Det gjekk time etter time. – Er du der, Anders? spurde det frå Per gong og annan.

Og så kviskrar han fort og redd: «No må du hald-ti mæg, Anders, det ber i veig no! Nedover bakken, utover fjelle – kan du ikkj hald-ti mæg urliti!»

Han vart liggande og harkle og pipe, ein time og to timer; det var ei øve det stod på. Best det var, lo han litt ...

«Men hald ti mæg no – trur du vi kjem over, Anders? Æg hi vøri ne-i bårdalen all min dag – no ber det oppover – kor det vart då dæg? Det va slekta som fløtta mæg hit, Anders!»

Det var det siste han sa. Anders heldt lyse framfor han, og venta til det ikkje blykta lenger. Da klemte han i hop munnen på han, og sette fingeren på augelokka.

Valborg sov borti andre senga; ho hadde ikkje fått sova skikkelig på mange netter. No vakna ho, og sette seg over ende. Ho såg berre på Anders, og han mumla som eit ja. ...

(Juvikingar (5);133-134)

Per dør omrent midt på 1800-talet, og det er usikkert kva dødsårsaken er. Kanskje er det blødande magesår, men det kan og ha vore magekreft eller kanskje også tuberkulose i magen. Vi hører at han har smerter og angst, men det er ikkje snakk om å få tak i dokter. Det er sonen Anders som passar han den siste tida, og det er han som faren stoler på. Kona Valborg er meir perifer i denne vanskelege perioden, kanskje har det samanheng med den samanstøyten ho og Per hadde tidlegare (kapittel 11.1) (Juvikingar (5);119-121).

... streid ei natt til endes som ho aldri skulle glømme ...

Dei som levde på Duuns tid, var nok meir vant med å ha sjukdom og død omkring seg enn det vi er i dag, men det var ikkje dermed sjølvsagt at alle var vande med det. Når faster Ane får hjerneslag og blir avhengig av kontinuerleg pleie og omsorg, er det Åsel som steller henne:

... Faster Ane i Pålsnese vart fort dårligare. ... Det vart ingen sønn på Åsel den natta og ikkje noko natt på lang tid; for gamla var apsam og måtte snuast og rettleiast i eine bør, og sautra og bar seg som eit lite barn. ...

... Da var alt Ane så langt kommi at ho visste ikkje med seg lenger ... Ho (Åsel) streid ei natt til endes som ho aldri skulle glømme. Garfolke såg ho ikkje likt til; dei hadde fått nok av kårkjerringa med ho levde, og ikkje vilde dei syne kor glade dei var. Det kom for Åsel etter-sia, at ho hadde ikkje komme ifrå det med vette, hadde det ikkje vore for det at der var eitt menneske i nærmonom, og det var drengen. ...

... Ikkje lenge etter var det slutt. Åsel var iskald oppi hårrota og kjente ikkje gohe under seg, men ho beit seg i hop til det og sette fingeren på dei daude augelokka og klemte åt, og la salmeboka under haka på henne, dermed før ho ut i stua i sju redsler ... (I blinda (5);279-280)

... Åsel fekk det ikkje stort lettare da ho endelig hadde sove ut. Ho arbeidde så det svortna for auga. Men det gav ho ingen ans. Det var 16 års slaveri ho slapp ut ifrå no. Ho hadde bore fram børa si. Ho hadde mista alt ho kunde miste, syntes ho, - slite kom ho ikkje i hug - og noe var ho fri og ferdig. ... (I blinda (5);281)

Dette viser kor slitsamt stellet av terminalt sjuke kunne vere, både fysisk og psykisk. Terminalt er Åsel åleine om stellet, og ho er redd. Det viser at slett ikkje alle var vant med døden.

... men sjå, live fór i han att ...

I «Samtid» møter vi ein mann som blir skildra som «*gammal og avkvista*»:

... Det var ein gammal mann som tok opp og braut opp det jordstykke ein gong her. Han kom slik på det, og der med banna han med seg sjølv og gjorde det. Kal heitte han berre. Ein gammal og avkvista mann, sat der på kåre sitt og kunde vera like glad, men sjå, live fór i han att. Han grov og braut, og anna enn stein var det ikkje, men ungdommen sa han tørka av kvar steinen med lommeduken sin, så det vart litt mold òg. og Kal hadde denne tverkroken på ryggen sin, å grava var ingen sak for han. ... (Samtid (12);48)

Kal er altså enda ein som ikkje trivst med berre å sitte på kåret. Men «*live fór i han att*», så han tok til å arbeide igjen, sjølv om ungdommen gjorde narr av han.

Nedverdigande behandling

Gamle Nikolai, som hadde vore ein hardhendt mann i sine velmaktsdagar, er sjuk og sengeliggande, og no er det kona som har «makta»:

... Gamle Nikolai i grannegaren her var sengeliggande no for tida. Han var far til Albert, men hadde vore ein klok mann i si tid. Da han hørte låtten no, da vart han så redd han vekte kona si, for dette var feigdar-ropet hans! Ho bles berre åt han, dei sa enda ho rista i hop han. - Han hadde tukta kona si hardvore all tida, ja alle i huse; så vilde han tukte levra si òg, da ho slo seg vrang, men det var ho som tukta han, og etter den tid tukta kona han òg. ... (Samtid (12);54)

Men sjølv om han har leverkreft, er han ikkje sjukare enn at han krev skikkeleg undersøking før han betaler dokteren:

... berre kom i hug siste gongen dokteren var hos Nikolai, for det var ikkje lenge sia det. Dokteren varskudde det var kreft i levra, ikkje von om anna no lenger. – Skal eg enda betale Dykk, spurte gamlingen, når det inga von er? Ja vel, men da skal De hye på hjarte mitt for samme betalinga, krevde han, for han var ein sparsam mann. ... (Samtid (12);61-62)

Agnar skyssar presten til Nikolai så han skal få sakramentet:

... Da hendte der noko vondt. Døra til sengkammerse stod på gløtt. Agnar hadde set Nikolai låg der med kvit skjorte og med kvitt laken på senga, det var fredsamt og godt å sjå. Kona var der hoss han, for døtrene stod for hus-stelle. Og så hører dei, både presten og skysskaren, at kona kviskrar og er arg: - Enn du spillte vin på nyskjorta di, din gris! Og på lakene òg – ho kveser noko dei ikkje hører. – Eg er så skjelven! kvinkar kallen. – Sladder og vas, du er ikkje skjelven!

Presten er ingen sau, han spurte Agnar om det han just vilde spøre om, og Agnar svara meir enn gjerne, men kva hjelpte det, dei hørte Nikolai sette i med den gamle tynne røsta si: - Jan betterde er eg skjelven no ja! ... (Samtid (12);62)

Med sin vanlege beiske ironi skildrar Duun avmakta hos ein som er gammal og sjuk og korleis han blir audmjuka av kona, men han viser også at presten kan bruke sunn fornuft i ein pinleg, vanskeleg (og litt humoristisk) situasjon.

«Å vere kistetroytt» og andre uttrykk

Duun har fleire uttrykk om alderdom og død:

... Far kjem stiklande til gars med staven sin, han har vore nedover til Nikolai, ventelig Albert fortalte her i gårkveld at kallen var kistetroytt no, han mumla om å langsova. ... (Samtid (12);108)

Gode uttrykk som «kistetroytt» og «å langsova» er truleg meir uvanlege i dag.

... tok til å levde på nytt ...

Gammel-lensmannen, som både var sjuk, «dokterdømt» og «død, rettelig fint», måtte begynne å leve igjen, etter at «ein ung jypling» av ein dokter kom og levna han opp:

... Gammal-lensmannen sat på trammen og tok inn kveldsola og kva det no elles var. Han hadde eit stort glas att med seg. Det var pjloter han hadde trolla fram. Dei visste dette var gift for han, for kallen var sjuk, han var dokterdømt. Men slik var han: når det var gift da måtte han ha det. Der var mykje visdom i ei slik gammal vorte, og mykje del og moro. ...

(Samtid (12);90)

... Gammal-lensmannen datt ein dag og vart liggande. Dei trudde han var steindau. Dei bar han inn, og dokteren kom og fór han over. Da vakna gamlingen, og da var han arg: no var han da død, rettelig fint, hadde vore det i fleire døgn, og her stod der ein ung jypling og levna han opp att! Kva var det han fortalte om slag? Gamlingen mumla så godt han kunde: - Har du fått eit rettelig slag sjølv du? Har du vore ihelslått nokon gong? Kan aldri tru det. Dokteren skjønna sjølv at dette hadde ikkje vore slag. Gammal-lensmannen tok til og levde på nytt, slik det var. ... (Samtid (12);104)

Låg til sengs av alderdom

Også på Øyvære («Menneske og maktene») bur det gamle folk. Dei ligg til sengs av alderdom mens dotterdottera steller dei. Dei gamle er morfar og mormor til Herlaug, ein liten gut som bur i lag med dei. Men morfar er därleg, og mormor høyrer ikkje noko:

... Morfar låg og såg ut mot vindauge. Han brukte det. Men han såg ikkje noko større, han var for gammal til det. Han såg ikkje når det blinka i sjøen, såg ingen ting av det som er rart å sjå. Han såg visst berre det som er bortafor alle holmane, bortafor skya og uti der månen der. Der vi er når vi sov.

Herlaug mota seg opp og fortalte at sjøen nådde langt inn på lande. Morfar svara at han hørte det. Han hørte mykje han, men mormor hørte ikkje noko. ... (Menneske og maktene (12);278-279)

Det hører med til historia at både Herlaug og besteforeldra druknar denne uvérsnatta på Øyvære.

Andre dødsfall

Fleire av Duuns personar dør stille og utan nokon dramatikk. I «Menneske og maktene» er det Olina som steller for faren til Torger:

... Olina stellte vel med han da alderdommen og sjukdommen fall over han. ... (Menneske og maktene (12);216)

... Ved den tida døde far. Han hadde gått og vasa i sømnloysa lenge, han som ein annan øyværing i den alderen, ... Far datt på ein hålkekul og vart liggande. Han hadde all ein dag vore så frisk i magen, som ei god klokke. Nå var det den som tok skade. Dokteren visste ikkje nokka råd.

Han låg og døde så smått. ... (Menneske og maktene (12);224)

Husbonden på Vikland, der Roald tente, dør :

... Så døde husbonden. Han sokte dokteren til slutt, men da var det ikkje noko meir att av han. Han døde stilt, utan eit ord. ... (Menneske og maktene (12);244)

Hos desse er det sparsame opplysninga om dødsårsaka.

12.3. Diskusjon

Synet på aldring og på gamle folk

Av og til får vi høre at folk «i gamle dagar» hadde større respekt for eldre folk, og at eldre hadde høyre status enn det dei har i dag, men vi ser få teikn til dette hos Duun. På 1800-talet og tidleg 1900-tal var det mange unge som døydde, mens det ikkje var så mange som vart veldig gamle. Duun skriv sjeldan nøyaktig alder eller årstal, men skildrar nokre personar som truleg blir godt over 70 år. Blind-Anders er ein av desse, og han hadde nok ein viss status som klok og gammal, der han sat inni kammerset sitt. Dottera Åsel hadde styringa på Håberg så lenge ho greidde, men det er lite som tyder på at dei unge såg særleg opp til dei eldre. Som Odin sa: «*Å døy, det må no gå det. Å bli gammal er verre*» (I ungdommen (7);26). Også mange andre stader gir Duun inntrykk av at gamle folk ikkje hadde særleg høy status.

Pleie og stell av gamle

Dei fleste gamle som treng pleie og tilsyn hos Duun, får det av familiemedlemmer, oftast barn eller nære slektingar. I «I ungdommen» hører vi om Åsel som eit eksempel på at ei ung jente kunne avtale med ein eldre slekting (gammelfaster Ane), ikkje berre at ho skulle stelle henne, men at ho heller ikkje skulle gifte seg så lenge Ane levde. Som lønn skulle ho få arven etter henne. Ein slik avtale verkar utenkeleg i dag, og det røynte på også for Åsel, det vart til saman «*16 års slaveri*». Og mesteparten av det som var att etter Ane gjekk med til å sy messehakel til presten, så det vart ikkje mykje lønn.

Nokre gonger hører vi at det blir leigd hjelp, og Gammalfaster Kvitugla, som er utgammal og berre legg til sengs, er eit eksempel på det. Ho har eiga taus som steller henne (Medmenneske (10)). Nokre gonger kjem ei sjukesøster og hjelper til. Etter initiativ frå bestemor Åsel, får Odin sett opp ein aldersheim (I stormen (7)), men da er vi eit stykke ut på 1900-talet. I fleire tilfelle hører vi om at dokter blir tilkalla, også

til gamle, men utan unntak kjem dokteren når sjukdommen har komme langt, og dokteren kan gjere lite eller ingen ting. Nokre gonger gir han dråpar, men oftest blir dei ikkje brukt.

Forholdet til døden

Mange av Duuns litterære personar opplever fleire dødsfall i familien og i nærmiljøet. Likevel er døden ofte skremmande også for Duuns personar, og fleire av dei eldste er prega av trua på «mørkemaktene». Eit eksempel er Per Anders som ligg i naustet Løssi Langnatt og blir sjuk etterpå. Innimellom hadde han det bra: ... *Det er inga sak å døy, veit du, når ein times å få døy i måneskine og klårt vêr, ... Og var vi ikkje heldig, du, at vi brente eit grand her føre jul? ...* Men innimellom opplever han styggemaktene: ... *Høyr den støgge bokkjen da, kor han remja! Å nei, ban, du skremi ikkj mag ikkj!* ... Kona Ane ber han imidlertid intenst: ... *Be te Vårherre, be te Vårherre! kviskra ho ivrig.* ... (Juvikingar(5);47).

Sonen Per Håberg, som slit seg sund da han skal grave opp ein stein, friskar opp korset over stalldøra, legg stål i senga og ber Halt-Andrias om å gjere seg frisk, så det var nok ikkje alle som hadde eit roleg og avklara forhold til døden. Åsel, som steller gamalfaster Ane den siste tida ho lever ... *sette fingeren på dei dande augelokka og klemte åt, og la salmeboka under haka på henne; dermed før ho ut i stuá i sju redsler.* ... (I Blinda (5);280).

13. Tru, overtru, folkemedisin og anna behandling

Handlingane i mesteparten av Duuns litteratur er lagt til siste del av 1800-talet og dei første tiåra av 1900-talet, men i «Juvikfolke» går Duun lenger tilbake i tid. Til saman spenner han over eit tidsrom på fleire hundre år. I tråd med dette skildrar han kor viktig tru, overtru og folkemedisin var i tidlegare tider. Deretter, i perioden frå slutten av 1800-talet fram til 1930-talet, skjedde ei rivande utvikling innan vitenskap og teknisk utvikling, deriblant utvikling av moderne medisin og helsetenester. Dette blir også reflektert i Duuns litteratur. I dette kapittelet viser eg kor viktig overtru og folkemedisin er for Duuns litterære personar frå eldre tider og fram til utpå 1800-talet, og eg tek med nokre eksempel på overgangen til bruk av meir moderne hjelpemiddel hos dei som lever først på 1900-talet.

13.1. Tru, overtru og helse

Tru og overtru var nært knytta til sjukdom og død. Dei eldste juvikingane var kjende for vantrua si, og den eldste juvikingen, Per, ... *som kom ifrå Sparbun eller Stoe eller kor det no var...* og først flytta til Juvika, kanskje så tidleg som på 1300-1400-talet, brydde seg lite om kyrkja. Han hadde gravlagt mora sjølv:

... Førð? Nei ho ligg ned i bakken her. Betre jord å ligge i er her vandt om. ... Dei var elles så sjeldsynte ved kirka, juvikingane; det var eit visst ord i bygda, at gudsord og finngann beit ikkje på dem. ... (Juvikingar (5);12)

... det før kalde elingar igjennom dem ...

Per Anders er den første juvikingen vi blir godt kjende med. Han lever på slutten av 1700-talet og først på 1800-talet, og han blir kjent for å ha tråssa finngann. Ein dag kjem det ein same, Nila Fykom, til gards:

... Folk var så redd han, dei gav han det likaste dei visste. Han var innom Juvika ein dagen, og der fekk han alt han tagg om, og meir til. Da han skulle gå, tok han i hop hendene og velsigna både folk og fe, fjøse og bure og heim og hamn. Per Anders sto og flirte. – Kan du ganne? sa han. Finnen ville komma seg ut, men Per Anders steig i vegen: Kan du ganne, spør eg, ditt finnhelvet? Du skal svara når eg spør. He? Mora bad både kjære og sôte at han skulde halde fred, og tenarane drog seg unda, dei var både bleike og veike, for det skulde mindre til enn som så til han Nils Fykom før han gjorde ei ulykke på ein, dei kjende både ein og fleire som han hadde sprengt på flekken å kalle. – Du er ein ung mann, sa finnen blidt, men bugs-på ho er gammal ho som temmer. – No skal du ganne på meg, mindes kjem du ikkje herifrå med helsa! Sett beinsøtta på meg, så eg styp! Ta håre tå hue på meg, som du gjorde med med Bjørlandskona – vil du lystre! Fram med gannposen din! Og Per Anders reiv sekken ifrå finnen og tömte han. Dei snudde seg vekk alle mann: det før kalde elingar igjennom dem. ... Så tok Per Anders og bar ut både finnen og sekken hans, rista han som eit plag ut i vinden. Men all maten hans tok han og vilde vest i plassane med, for der var det støtt einkvan som svalt. - Da steig finnkallen opp på ein stor stein og las bannskap og ilt etter Per Anders, så det brann blått i kring han. Håre reiste seg iskaldt på horude åt ein: Fötene skulde krækast i hop under Per Anders, kjøte skulde rotne av beina på han, krøtera skulde sturte før dei var tilkomne – tretten dags dag skulde garen brenne – a-i, a-i, a-i oh! Per Anders klappa seg bak, og gjekk. Plasskjerringane vart

glade for maten, og Per Anders levde som han hadde gjort. Det beit ikkje gann på han.
... (Juvikingar (5);14)

Denne historia seier noko om kor redde folk var finngann, men ho seier også noko om kva slags status samane hadde i samfunnet og korleis ein kunne oppføre seg mot dei. (Sjå elles kapittel 4.3)

Løssi Langnatt og Svartmeisk

Eit år like før jul skal Per Anders besøke døtrene Ane på Håberg og Åsel i Vikan. Dette er på hans eldre dagar. På turen kjem han ut for uvér, og da han omsider kjem seg over fjorden seint på kvelden, er han kald og utslikt:

... No først merka han at han var utslitn og gjenomfrosen, han sat og hoppa på tofta, og auga dei var ikkje til noko meir. Først vart æg no blind, og så mist æg syns, sa han, for å lette på seg og vera den han var. ...

Han legg seg til i naustet. Men dette er Løssi Langnatt, da alle vonde makter er ute:

... Så kunde dei da få vita det, gutungane, at han var vaksen kar enno, og ikkje skuggredd; om det var ho Løssi Langnatt aldri så mykje. ... (Juvikingar (5);29-30)

... Det var ho Løssi Langnatt. Ei natt som aldri tek slutt. Da klagar kua seg på båsen, og sauens med; og folk sit med harehjarta opp i halsen, sitt og hakkar tennene og bit i det: goveitra rullar Stein oppi fjelle, småkallane spring og trampar kring veggene, det slamrar og det lèt all stads; kven er det som vil gå på lemmen den natta, eller åt nauste? – å gang utu ljøsi fer mæg! Dei herder ikkje høre på ei ulåt. Per Anders retta seg godt, sa i Jesu namn, som han gjorde kvar kveld, og såsov han. Nei, ikkje det heller, beint, men han var i dorminga. Da stomlar det ute i naustet... Da det leid om litt, luska det hund frammed veggen, med nasen i jorda. ... I sömnen hørte han det kom nokon opp frå sjøen, reiv opp døra og stod

still der, i mørkre. Vinden kom isande inn, gjorde han blå vaken. «Orka du å stå, så orka vel æg å liggji», sa Per Anders, og han låg. No let det visst att døra, her vart lognt att. Per Anders breidde godt over seg, for han var frozen etter roren. ... Men så stomlar det oppunder taket, han set seg opp og hører på det, med handa på kniven.

«Er det nokon!» ropar han. Da vart det drypstilt. Men så tuslar det og går att, trør over åsane og garnrærne, ein stor og tung kar. Per Anders spring opp, finn seg ei år, og slær ho imot åsen så ho fyk i filler: «Hald fre i naust, det varsku ag dæg om! Din Tykji der du er». Da lo det oppi mørkre, urande stilt, men djupt, liksom all natta lo. Men no visste han det: Dette var han Svartmeisk sjølv, sjølve Kallen. Per Anders var på veg til å gå ut, men det kunde han heller ikkje få seg til,- her var da vel rom for to? Dette var ein som var til; det var verken draug eller anna ovtru; denne mannen var det inga skam å fire for. Han sette seg. Han var ikkje lik seg lenger, han fraus så gudnådslig... (Juvikingar (5);30-31)

Sønene Per og Jens finn han omsider ned i naustet og hjelper han heim:

... Opp ved stueveggen stana han og såg vestover myr og haug, til plassane: I natt er dem forfald, folk. I natt smyg dem pund' fallen! Og så e det ein langt annan ein som – som skremi dem. Og han, han e rundt ikring oss. Han hi dem stanga tå seg honna på, gammelkaran her i gårn. Det bers mæg slik for. Han far, og 'n farfar – her va mang ein kall kar her, san. Dem gjord som ein brei veig med vantru ette sæg – gang utu ljosi fer mæg! Men han, han vart dem for dryg. He, he ag våga på dem murra når dem drog sæg unna. Å men det var folk som gjord' veig ette sæg i mørkri det. Ein annan ein bli berre – «Dei fekk han endelig inn, og han la seg rund. Han fraus så heile senga dilra. Ane stod opp og vermte eit åkle som ho snara han inn i; Per hadde fått av han trøya og støvlane. ... (Juvikingar (5);35)

Sjølv om juvikingane var kjent for si vantru, tek også Per Anders etter Jesu namn, men Løssi Langnatt og Svartmeisk, sjølve Kallen, er ein realitet. Etter denne Løssi

Langnatt kjem Per Anders seg aldri, men dør av lungebetennelse like over nyttår (kapittel 7.1).

Mange førevarsler om at faren skal døy

Per og Jens har fått fleire førevarsel om at faren skal døy. Ei natt dei ror heim, kjem ein stunn-ul (hubro) og set seg på mastetoppen:

... Eit stort svart flag kom nedgjennom lufta, utan ein lyd, som hamen av ein dau ein; eit stort hovud, og kveldskinglevenger.

«Hul!» Song det utor gape på han, dei hørte kor stor og stygt det gape var.

«Det dèr – e ingen faugl det», sa Per, han sputta rolig.

«Dra dæg te helvetes, der du kom ifrå!», skreik Jens og rista i riggen. ... No hua han att, med folkmål! (Juvikingar (5);41)

Når dei går oppover frå sjøen:

... Men kva var no det der? Det går ein føre dem oppover vegen, ein liten gammal og rundrygga mann, han er skruslen og stølfött, men han går frå dem, blir borte i halvmørkret oppi bakken.

«Hm-Hm!» sa Per. «Ska det barast te slik»

«Da lid det vel te kvelds med'n far snart» sa Jens. For det der, det vilde ikkje dem til livs.

(Juvikingingar (5);42)

Det går nedover med Per Anders:

... Per Anders hadde ei føl ri med struping og surkling. Så sa han: «Kom no, Ane. Gi mæg no staven.»

«Be te Vårherre, be te Vårherre!» kviskra ho ivrig.

«M-m. Hi æg no ikkj bedt te 'om før så ---»

Det var det siste han sa. Ane lett på døra, så sjæla fekk fara sin veg, og så stelte ho med like, slik det skulde gjerast. Ho vart vår Anders-guten, han stod i døra. Valborg gådde han òg i det same, og dei spurte båe to: Kva er det du står og ser, Anders?

Guten pekte mot fotenden av senga: Kva var det for ein kar som stod der?

Der? Dei såg på einannan. Dei vart mjo i knea. Valborg tok og fekk guten inn og i seng. ... (Juvikingar (5);49)

Kirkeklokka går tungt når dei skal ringe etter Per Anders, det er også eit dårleg teikn.
(Juvikingar (5);52)

... «Og dette at ikkje like stivna til – han stivna da til tålig fort, syntes ho?» ...

(Juvikingar (5);59)

Dei opplever altså fleire uhyggelege teikn. Ikkje lenge etter det Beret ned i brønnen og druknar (Juvikingar (5);60), og tre vekers tid etter det mora Ane på kjøkengolv og bryt lårhalsen og øydelegg magen, så også ho dør (kapittel 10.10). (Juvikingar (5);61)

Andre førevarsel

Morten Aune er ein stakkars som prøver å stelle til seg litt mat på buret i Juvika. Sønene på garden, Jens og Per, spring etter han og jagar han til slutt utom Svarthammaren og på sjøen. Etter at Morten er borte, blir det på bygda snakk om at han har gått seg ned i Flymyra:

... Dei hadde hatt førevarsel om det. Grenda grodde over med mørkredd snakk. Rev-tikja hadde sitte og hosta og gjøydd vestpå haugen ovom flya natt etter natt; og to kyr hadde kasta daukalven straks før. Ein gammal krok som var til sengs og låg vaken om nettene, hadde hørt rop innover myra i vinter; og ramnen, den usuglen, hadde sitte oppi fjellet og sagt rak! Mest kvar einaste dagen. Og kvelden før, eller same kvelden det hendte seg, hadde himmelen

vore så nivsk som dei ikkje hadde set han før: blågrøn og gul og vatrut i eitt bragl, som sist på var han som ein gloande omn, med nåkvite skapningar som hoppa og dansa – han hadde no vel aldri gjort åt med seg, armingen? For han kunde vel ha som ein liten grunn til det òg, hadde styggmakta fått klo han..... Men verst var det aust i Svarthammaren. ... da sto det ein kvit ein oppi berge, dei trudde ikkje auga sine, enda dei var to mann i båten, men så tok han til å lea på seg, bynte å fekte med armane åt dem og vilde dem einkvart; dei la seg på årane det dei vann, og det siste dei såg, var at han hivde seg hovudstups i sjøen, - det var ein som ikkje låg i kristen jord. ... (Juvikingar (5);76-77)

Finngann – ein farleg realitet

Sonen til Per Anders, Per, slit sund magen mens han arbeider med ein stor stein nedpå åkeren, straks etter at han har brukt makt mot Halt-Andrias, som var same (finn):

... Før han sjølv visste det, hogg han i kragen på finnen og løfta han tilsides: Reis til helvete og kom aldri att meir! formana han. ... (Juvikingar (5);107).

Men Per blir aldri den same etter dette. Han er redd det er finngann som er årsaka, og han prøver å verne seg ved å ty til gamle råder, men utan at andre får vite det:

... Han friska opp den gamle krossen over fjøsdøra, så ingen såg det; han spikra opp ein bestsko over stalldøra. I senga gjømte han eit knivblad, nedpå tele. ... (Juvikingar (5);108)

Ein kveld Per og Jens sit toeine:

... «Det e vel som dem sei: at vi sjør berre attlengjes. Men æg va så forbeksanes hoga på å prøv. Om æg fekk Styggin sjøl imot mæg!»

Per vart frosten og nåmen av seg, da han hadde sagt det. Mørkret tok til og sang i kring han. Han kjente han hadde sagt eit ord for mykje.

Ei stund etter, da han måtte ut ein vending, fekk han sanne det. Han gjekk seg beint på han. Det var borti fjøsposten, han kom famlande i mørkre, og så tok han i han. Det var som han tok i ein diger loddan stokk. Redd vart han, rasande vart han, og så hogg han i og vilde blåhalde han. Men da var han borte, han hørte berre kor han tuska og steig borti mørkre, og der hosta han litgrand; Per såg eit urande lite gloraudt griseauge som stirde på han. Han gjekk etter lykta: Fanns ikkje den ting i fjøsporten han kunde gå seg på, snaue veggene stod der og gliste mot han.

Først om natta kom redsla over Per. Valborgsov, og alle dei andresov. Han tok bort i henne og fekk henne vaki. – Er det du? sa ho. Ja, det er eg. Og med seg sjølv bad han, det heitaste han kunde: «Men frels os frå det Onde!» Og skam å seie, så logna det utrulig omkring han. Mannen var vel berre eit kraum mot Svartmakta, skjønna han. Å seie, når ein var skraput med helsa ja; da trong ein einkvart å stø seg til». ... (Juvikingar (5);116-117)

... Ei råd hadde han i bakhanda enno, og det var kirkegaren. Kirkegaren midt på svartaste natta, eit daumannsbein eller kva det no kunde bli, der var det kraft å finne! Og det var no inga skam da; for det er kur for vaksefolk det. Men Per visste ikkje: han kom vel knapt til å bruke den råda. Dei hadde vore bra lange, desse to åra, det hadde vore mang ein dag, men han hadde aldri vore mota på det lel. Det vart vel da som no. At han vilde ikkje gjera seg til hund for så lite! ... (Juvikingar (5);122-123)

Så gjekk han seg på Halt-Andrias:

... «No ska du fortel mæg, om det va du som gjord mæg helslaus!» ... «Ja ja,» sa han. «Du gjer som du vil. Men du skuld ikkj grunna på det. Om du gjord mæg fresk igjen. Du skuld ikkje gjera det fer inkj». ... (Juvikingar (5);123)

Overtru og bygdesnakk

Anders er sonesonen til Per Anders som låg ned i naustet Løssi Langnatt, og lever frå tidleg på 1800-talet til omtrent 1880. Anders blir forelska i Solvi, dotter til Halt-Andrias, som var halvt same. At ein frå juvikslekta giftar seg med ei jente av sameslekt, skaper stort oppstyr i bygda, og etter at Anders og Solvi er gift, går det svært godt på Håberg, mens i Engdalen, hos Massi og Ola, går det därleg: To av ungane der dør som små, Ola blir sjuk på grunn av ein fot, kyrne kastar daukalven, dei får aldri smør, og hesten stryk også med. Folk på bygda set alt dette i samband med finngann og trur det er Solvi og faren Halt-Andrias som står bak:

... «Dei snakka sitt borti alle garane» ... «Det var Halt-Andrias dei skugra for gann» ... «for dei fortalte det mannjamt, at dette hadde komme på sia ho Solvi flytta til Håberg. Ho skant vel dit Anders peka, var det ei gammal kjerring som sa, og Massi i alle fall trudde det.» ... (I blinda (5);176-177)

Bygdesnakket og redsla for finngann fører til at Anders jagar både Solvi og guten deira ut av garden, og begge blir tatt av steinskredet og druknar (sjå kapittel 4.3). Men også i seinare år er «Erik» ein realitet for Anders:

... Anders på Håberg gjekk til presten. ... Anders fór til og vart gammal. Han var over femti. Han gjekk like bein som før, og like frisk i hamleten var han, men kvit i hår og skjegg. ...

«Jan, du val ut med bokja åt mæg ja. Han Erek hi gjort mæg eit pek». ... «Vist såg ja? Låg som ein svart hund inpund sengja vår i mårest og let tausa sjå såg. Mæg rømt'n fer, veit du. Men æg va lik gla om'n; æg vil ikkj vøtta då 'om. ... Kom med bokja, så skal æg ler 'om den ny leksa æg!» ... (I blinda (5);210-211)

Andre former for behandling

Ved ulike former for sjukdom kan Duuns personar ty til både årelating og berøring av lik. Tjære kan brukast mot det meste, men «dråpar», som truleg er noko nymotens, vil ikkje Per Anders ha:

Dropar. Per Anders i Juvika får lungebetennelse etter natta i naustet (Løssi Langnatt):

... Så la han seg attover, fekk ei rid med hoste og kov for bringa. Ane, dotra, kom med dropar og vilde ha han til å ta inn. Han kava ifrå seg: dropar hadde aldri komme innom hans tenner! ... (Juvikingar (5);46)

Men kva slags dropar det er snakk om, veit vi ikkje.

Tjære. Dei eldste juvikingane er prega av overtru, og det er ingen som snakkar om dokter eller anna helsehjelp. Jens, sonen til Per Anders, skadar eine foten sin:

... Han skulde hoppe over ei bergklip oppi marka med ein tung borksekk på ryggen, glatt så og vrikla foten så han kom haltande heim. Han smurte på heit tjæra, og lest som han var like god, men det var armelig han kunde tippe ned på med han. ... (Juvikingar (5);64)

Årelating blir prøvd mot sinnsjukdom:

... Men yngste dotra til Anders, Beret; ho likna for mykje på fastra som ho heitte etter. ... Og eit par gonger hadde ho hatt ei tull-ri over seg, ho hadde sprunge opp og ut midt på nattens tid med kauk og skrik, og var frå seg i dagervis etter. Anders hadde kurert henne med årelating, men ein kunde aldri bli trygg. ... (I blinda (5);226)

Kirurgi. Når Massi får halsbyll, vil Anders bruke kniven, men får ikkje lov:

... Ho fekk ein svull i halsen. Anders såg straks at den vart ikkje grei, han sat så langt ned i at ein ikkje kom til med kvast der. Han kurerte med dei råder han visste, og tenkte å

bruke kniven utanfrå; men Massi ville ikkje høre snakk om det; ho rista så hjartans trøytt men sterkt med hovude: dei fekk lyde henne denne gongen. ... (I blinda (5);256).

Det er ikkje utenkeleg at Anders kunne ha berga Massi dersom han hadde opna byllen på eit tidlegare tidspunkt, men til slutt går det hol på byllen av seg sjølv, og straks etter dør ho. (I blinda (5);259)

Roring ved lik. At døde menneskekroppar kan kurere sjukdom, er ei gammal førestilling, og det høyrer vi om når Marjane er død. Astri, som er plaga med vorter, er i lag med farfaren:

... Ser du her du! sa ho og viste fram høgre pekesingeren sin. – Ja, kva da? – Eg blir fri vortene! – Så? – Ja. Dei må til, når ein gnur seg på lik. – Huff da! Du har da ikkje gjort det lell? Jau. Ho såg lykkelig på han: Eg strauk meg på handa hennar litl-faster. ... (I ungdommen (7);12)

13.2. Kristentrua

Parallelt med gammal overtru spela kristentrua ofte ei stor rolle også når det gjalt helsa. Per-Anders i Juvikfolket er kjent for vantrua si, men før han legg seg ned i naustet Løssi Langnatt, tek han med ei lita bøn lell:

... Per Anders retta seg godt, sa i Jesu namn, som han gjorde kvar kveld, og såsov han. Nei, ikkje det heller, beint, men han var i dorminga. ... (Juvikfolke (5); 30).

Men når Per Anders ligg på det siste, vil han likevel ikkje be til Vårherre:

... Per Anders hadde ei fæl rid med struping og surkling. Så sa han: «Kom no, Ane. Gi mæg no staven.»

«Be te Vårherre, be te Vårherre!» kviskra ho ivrig.

«M-m. Hi æg no ikkj bedt te òm før, så ---- «

Det vart det siste han sa. ... (Juvikfolke (5); 49)

Når sonen Per «slit sund» magen og blir ufør, har vi hørt at han friska opp krossen over fjøsdøra (Juvikinga (5);108). Når Anders, sonen til Per, skal kurere synet og planlegg å smøre varm tjære inn på auga:

... Den som no hadde hatt nokre ord og lese over, no, sa han. Han smilte med han sa det, slik blindt folk ofte gjer det; men han ønska det likevel. For i denne stunda hadde han tru på kva det skulde vera. ... (I blinda (5); 278)

Sjølv om juvikingane var kjende for vantrua si, skin kristentrua gjennom, parallelt med trua på «Gammel-Erik», skrømt, finngann og ulike førevarsel. I dei fleste romanane der handlinga er lagt til siste del av 1800-talet og først på 1900-talet, er også kristendommen ofte med på ulike vis. Men oftast dreier det seg om «desarane», dvs. pietistane eller bedehusfolket, og det er mange eksempel på at dei får ein heller ublid omtale av Duun. I «På Lyngsøya» går Martin Brudalen inn i ein alvorleg depresjon, delvis på grunn av religiøs grubling (sjå kapittel 14.2). Når Lars Lines ligg for døden i «Det gode samvite», høyrer vi om korleis «venene» kjem og tek over, slik at familiemedlemmene blir heilt utstøytt (Det gode samvite (4);264-265). I «Menneske og maktene» blir bedehusfolket verande inne i bedehuset mot «all sunn fornuft», og dei druknar alle i hop. Når spanskesjuka kjem og bedehusfolket meiner det er Guds straffedom, må Odin stenge bedehuset (I stormen (7); 237-238). I «Carolus Magnus» får vi også ein beisk kommentar når far til Carolus henger seg i selane til «kjerkbuksa», etter at han hadde gjort underslag i misjonskassa (Carolus Magnus (8);183). Det er mange andre eksempel.

13.3. Dokter og sjukesøster

I dei romanane av Duun som går lengst tilbake i tid, som «Juvikfolke» og «I blinda», høyrer vi ikkje om bruk av dokter eller sjukehus, trass i at det er fleire alvorlege sjukdommar og dødsfall, for eksempel Massi, som dør av ein halsbyll, faster Ane

som dør etter hjerneslag og (Blind-) Anders som øydelegg auga med varm tjære. Men når storbryllaupet blir feira omrent år 1880, og Peder blir alvorleg sjuk, får dei tak i dokter. I dei romanane som er lagt til rundt hundreårskiftet og seinare, er det ofte snakk om dokter. Vi får også høre om at sjukesøster kjem heim til den som er sjuk, og om folk som blir innlagde på sjukehus og sanatorium.

I «Sigyn» hører vi om Elias som skadar handa si og får ei arterieblødning. Dokteren kjem, og vi hører om konflikten mellom han og Henrik årelatar (kapittel 10.10).

Ein god familielege

I «Det gode samvite, Yngste ætta», finst eit av få eksempel i Duuns litteratur der vi blir meir kjent med ein dokter. Frigg er dottera til Lars og Nora på garden Lines. Lars er vorten lesar, mens Nora er tæringssjuk. Frigg er litt av ein opprørar og orkar ikkje vera heime. Da reiser ho til dokter Vibe:

... Ho klagar over at ho tålte ikkje slite heime, ho vilde til byen, og bad om to attestar, ein til dem heime, så dei kunde sjå ho var sjuklig og veik, og ein til farbror Petter, om at ho var frisk og vel i stand.

Da lo gamle dokter Vibe. Han lo lenge. Endelig fekk ho han til å lyse på bryste, til å prøve syn og hørsla hennar og slik bortetter, men han smilte heile tida. Ho såg på han og venta.

Ja, det var som han kunde tru, sa han. Ho trong å gå i fjøse ein vinter eller to, eller på anna utarbeid. På kontore – å ja, ho vara vel og rakk nokre år der òg, det var ikkje om det, men.

Ho fekk tårane i auga.

Ja, men: han kunde ikkje beint fram lyge full foreldra hennar heller; litt grann i voksteren det var ho, men elles var ho det friskaste han hadde lydd på, litt god luft no med ho voks, og så kunde ein kjøre tommert med henne. Dokteren snakka seg varm og tok handa hennar.

Da la ho den andre handa si oppå hans og smått strauk henne, ho såg han inn i auga og blunka hjelpelaust som barne.

- *Er det reint gæli nu da?*

- *Ja, Di må hjołp ma! For æ – held ikkj ut det lenger, heim. No som det e, la ho til og let horude sige.*

- *Å, er det slik, er det slik! Dokteren reiste seg fort, strauk henne med handbaken om kinne. Ja, da skulde det bli ei råd. Han song med han tenkte seg om, og så skreiv han at det var gjerne best ho kom bort frå heimen no i det første, for nervene si skyld, helst få seg noko arbeid.*

Frigg tørka tårane og takka han med nye tårar i auga, ho var i ein strålande barnesmil heile andlete over, så dokteren snakka lenge og rørt med seg sjølv etterpå, om å «bevare sit barnlige sind til det siste». ... (Det gode samvite (4);257)

Doktor Vibe er altså ein dokter med både sunn fornuft, empati og sans for humor, konsultasjonen er truverdig skildra, og han løyser problemet på ein god måte. Dette er den einaste dokteren Duun har skildra så personleg, og ein kan lure på om han kanskje har opplevd ein liknande situasjon sjølv. Samtidig ser vi at Frigg kan vere nokså utspekulert og manipulatorisk for å få gjennom viljen sin.

*Bruk*er dokteren for å stenge bedehuset under «spanska»

«Spanska» var ein influensa-pandemi som kom i 1918, han angrep særleg ungdomar og unge vaksne:

... Det gjekk ei tung ri med vekking over bygda att, Odin hadde hørt mangt om det. Det var denne sjukdommen som tukta folk til korse, og ein storprekar hadde det komme som hadde eit eige lag med dei sovande. ...

... No sto talaren fram att. Straks Odin møtte auga hans og kjente branden i dem, slo det han at det var galen manns auga. Odin hørte lite på det han sa, hørte berre at no var Vårherre ute og gjekk gjennom bygda, som mordarengelen gjennom Egyptens land, hørte dei ikkje kirkeklokka? ...

... Dette var ein farang, og en farlig ein; eg minns det har fare mange slike over bygda, og etter har det vorte berre oskehangen. ... (I stormen (7);237-238)

... Den andre glødde stort og fast: Har du ikkje set at Gud er her? At han er i denne sjukdommen som rasar i bygda? At han kan komma og slå ned det kjæraste for deg, eller deg sjølv, kva dag og stund det skal vera?- Utan det kunde eg vel ikkje blande meg borti det? sa Odin. – Du har merka og set at Gud styrer all ting? – Det har eg. Det har eg set bedre enn De. Men eg trur han heldt med meg om eg jaga dykk utor huse her i kveld alle mann, eg har sett mangt, eg. Og det var det eg skulde seie, at no får det vera slut med denne leiken her, med sjukdommen gjer ifrå seg. Eg skal få dokteren til å stenge huse. Gå heim, godt folk, og ta bibelen dykkar og lesa sjølv, så får De reint mjøl i posen! ... (I stormen (7);239)

Her tek altså Odin eit oppgjer med bedehusfolket, og han bruker dokteren for å få stengt bedehuset mens farangen står på.

Dokter og sjukesøster under spanska

Astri blir også sjuk av spanska, og Odin vil ha tak i dokter. Odin går bort i garden og vil snakke med Lauris. Lauris snakkar om penge-lånet, men Odin seier:

... Eg trur vi let det øg vera til ein annan dag. Vi får vel heller tenke på å få hit dokteren, til a Astri? Det kan slå seg på lunga, veit du; åhvorlig spell det gut! ... (I stormen (7);281)

Dette skjer i ein situasjon da Odin er så rasande på Lauris at han har bestemt seg for å ta livet av han, ettersom Lauris har sett ut rykte om seg sjølv og Ingri. Odin har både tenkt på å skyte han og å kaste han på sjøen, men så kjem stormen:

*... Ka anna har den her stormen å gjera enn å hjelp mæ? Han e rar, han som styri stelle:
Plaga ein te å bli mordar, og let'n aldri slepp. Æ lit på stormen æ. ... (I stormen (7);
280)*

Lauris nøler på grunn av stormen, han vil ha ein større båt og ein mann til, men Odin held på sitt:

*... Nei, to. Dokteren blir tredjemann hitover – kor var det du fann han? – Han skulde til
Ommundstranda og der i kring, utpå ettermiddagen. . . . «Nei, Lauris. Det blir vi to i dag.
Gutan vår, dem bli heim i dag ja.»*

*Astri var så blank i auga at det gav ein kvekk i Odin med det same. Det var visst ikkje
frakt innvendig der nei. Ho såg på han, pusta tungt ein totre gonger. Så slakna auga i henne
eit tak, seig bort i blanke ørska. . . .*

*... Han snudde seg til Lauris, som stod bak han. Du har ikkje ein drope brennevin i huset?
– ho vil ikkje ha. – Ho skal. Han tok Lauris over handa så det svikta i knea på han: Det
er åhvor det her! Har du ein skvett, så skal det ikkje vera brent til fånyttes. Brennevine kom
fram så blankt det var, og Odin plaga det i henne. . . . (I stormen (7);282-283)*

*... I kjøkene møtte han sjukesøstra, ho kom og skulde sjå til Ingri. Men er du her no att?
sa han. – Ja, berre som snarast. Om eg kunde vera til litt hjelp, meinte eg? – Nei da, du
skal vera der du er, og hør heller bort til Astri. Det var Odin som hadde fått henne
avstad i lære og hadde fått henne tilsett her. . . . men kanskje du ser hit i kveld? Om det
skulde bli litt seint. Vi kunde bli liggande vérfast til i morgo òg. – Ja, det skulde ho gjera!
Ho vart enda glad, såltinge . . . (I stormen (7);284)*

Lauris og Odin kjem seg over fjorden, og der finn dei dokteren:

... Dokteren var ferdig til å kjøre heim da dei kom opp i garen på Ommundstranda. Da han hørte korles det stod til med Astri, steig han utor kjerra utan eit ord og laga seg til å bli med. Men da han kom fram på sjøbakken og såg fjorden, vart han ståande, og da han såg båten deira, snudde han seg om til dem. – Det kunde ikkje vera meiningsa dei skulde ut med den der? Han hadde fare verre fjordar og i verre vær enn i dag, men da hadde det vore anna til båt. – Dei gjekk på han, at han måtte bli med, båten var uteita god, og no spakna landvinden litt med kvart, syntes dei sjå; dei gjekk hardt inn på han. Han såg på Lauris. – De trur det ikkje, De heller, at det er rådelig? sa han. Snakk sant – eg ser det på Dykk! Lauris såg på Odin. Han stod med hendene i lomma og såg utover, underlig borte og utan andsvar. No snudde han seg til dokteren, halvveges på låtten, kunde ei tru: Ja kom no, vi må ha dokteren med!

Men dokteren var ikkje til å rikke. Han rista på horuet og sette auga strengt i dem: Og de blir her i natt, de òg, sa han fast. De er da såpass til sjøfolk. – Så finn fram medisinien da! sa Odin. Fram med han, vi har ikkje stunda til å stå her og røle, det er kvelden snart.

Dokteren gjekk inn med skrinet sitt, og kom ut med ei flaske og gav Lauris. Så kom han med dampen i morgo, la han til. Han såg enda ein gong på fjorden, tagde og tenkte litt, og sa farvel, - det venta sjuklingar på han nokon kvar-stads. ...

... Kjem du? sa Odin, han gjekk i båten. – Jan da. Men: Han hadde no rett da, dokteren. Han er ikkje frøsen forfæld, det veit vi. ... (I stormen (7);286)

Berre brennvin, visst ...

På tilbaketuren kollseglar dei, Odin druknar, mens Lauris blir berga og kjem seg i land:

... Han (Lauris) smått gjekk og smått sprang opp gjennom vegen. Han kjente etter om han hadde medisinflaska heil i lomma. Jan. Ho òg var berga ja. – Du skal sjå ho Astri blir god att! sprang han og murra. Merkelig! Merkelig!

Sjukesøstra og tausa var i kjøkene, men Lauris gav dem ingen ans, han gjekk inni stua, stod litt der, og gjekk åt kammerse. Astri vart eit anna menneske straks ho såg han, men ho sa ikkje noko, og heller ikkje han. Ho låg urørlig still og stirde på han med han tok fram medisinen og skjenkte i. – Der! sa han. Berre brennvin, visst, men ta det. Korles er det med deg? ... (I stormen (7);293)

... Astri fekk ei ri ho ikkje kunne puste. Lauris gav henne medisin, og da linna det straks, men han kunne høre kor kove surkla ned i bringa på henne. ... (I stormen (7);295)

... Da tok ho handa hans. Feberen susa så for øra på henne, ho visste lite til seg for det første. Så tok det til å surkle i bringa på henne att og stemte for anddråtten. Lauris måtte opp og gi henne tå flaska. Ho ortska og smått snakka med seg sjølv, men litt var det så tok ho til og vart kvikkare att. ... (I stormen (7);296)

Pulsen

Vi hører sjeldan om kva dokteren eller sjukesøstra gjer av undersøkingar når dei kjem på sjukebesøk, men hos Astri følgjer sjukesøstra med på pulsen:

... Sjukesøstra kom inn, og da gjekk Lauris og skulde byte klæa. – Eg meiner De er bedre no? sa ho og kjente på pulsen til Astri. Men han var like galen som han hadde vore. ... (I stormen (7);293)

Snart hundre – men redd for dokteren

I «Medmenneske» hører vi om gammalfaster «Kvitugla» som snart er hundre og ligg på loftet. Ho blir sjuk, men vil ha verken dokter eller prest:

... Den kvelden var Gammalfaster reint dårlig. Det hadde elles gått fort nedover i det siste. Ragnhild nemnte dokteren, men da kava ho og peip, ho hadde vore redd den mannen all sin dag. Da ho vart likare ei stund, spurte Ragnhild om ho ikkje vilde ha presten. Gamla vart så arg at ho vart reint frisk.

- Så gammal som eg er! klagar ho seg. Og han som preikar så seigt: sjølve kjerringdauen! Eg vil ikkje --- pinast meir enn eg er nøydd til! Ho var borte ei tak, men ho kom til seg att. – Presten! kviskra ho og lo. Han sa til meg ein gong, med eg levde: Tenkt på du skal døy, sa han. Tenk sjøl, svara eg. Hi-hi-hi! Da veik han frå meg. Det vart det siste ho sa. Ho sovna, og sia var der ikkje noko samling i henne meir. ... (Medmenneske (10);71)

... let enda vel om sauminga ...

Didrik blir skamslegen etter dugnadsfesten på Fagernese, etter at dei har skjenkt han full. Håkon er ute og leitar etter han da han ikkje kjem heim:

... Andlete var ei blodkake, - så gale hadde han set han før ein gong - , men det var djupe sår i hovude på han. Ja, dei hadde vore harde straffarar, syndharde, dei hadde gitt Didrik for alle gongene. ... men krypen kunde ikkje sette fot under seg. ... Det synte seg at meste blode kom frå ei stor flære over venstre øre, og frå både øra, for dei var halvveges avrise. Eine auga var over hovna, og det andre stirde ut i røre som det var dødt. Bak i nakken hadde han ein diger kul. Håkon reiv føre utor trøya si og batt over verste såra så godt han kunne. ...
(Medmenneske (10);64)

... Da dei hadde Didrik i seng, tok Ragnhild seg for og vaska såra hans. Ho bleikna da ho såg den store flæra i hovudet. Men dette måtte her gjerast noko ved, og det straks. Ho snudde seg til Håkon, som stod der og halvt såg på.

Didrik bad henne: - Saum att verste gapet du!

Ho vart enda bleikare. Ho såg på Håkon at han skulde ho ikkje be. Ho fann seg det som til skulde, og gjorde arbeide. Eit par tak var ho åt og skulde uvita, men så gjorde Didrik det i staden. Ei stund gjorde ho seg til dyr, det var nær på ho murra; så innbilte ho seg det var fisk ho sauma i. Didrik kom seg så vidt han takka for arbeide. ... (Medmenneske (10);65)

... Dei var straks einige om at dokteren måtte hentast. Men dokteren budde i byen, og dit var det to gamle mil. ... - Det einaste blir å ro til byen med han, no før landvinden kvesser i. Så kjem han under dokterhand mange timar tidligare. ...

... Men da dei kom til Didrik slo han seg rang. – Langt ifrå, han skulde ikkje til byen! I morgo den dag var han god kar att ... (Medmenneske (10);66)

... Sjukhusdokteren saumfør Didrik. Han trudde ikkje det skulde vara så lenge før han var god kar att. Han let enda vel om sauminga hennes Ragnhild. ... (Medmenneske (10);68)

Når dei finn Didrik død i kvennhuset blir det skikka bud både på lensmann og dokter:

... Så var dokteren der. Han hadde ant om, for der låg sjukfolk og venta han andre stader. Han skreiv at døden hadde komme av brott på heilen. Eit fall mot ein stein kunde godt ha gjort det, sa han. ... (Medmenneske (10);110)

13.4. Sjukehus og sanatorier

I «På Tvert» vil Ane ha Danel, som har ein vanskapt fot, med på dans. Men foten hindrar han. Og han reagerer når også ho synes synd på han. «– Stakar! sa ho». Men han har høyrt snakk om at det går an å operere:

... Eig ska snart skjel meig me den her no, sa han og sette fram høgrefoten. Skulde han operere seg, kanskje? Det stod om det i bladom no, det var ein dokter som gjorde det fort vekk, og gode vart dei; det skulde ikkje vera så ubergelig vondt heller. ... (På tvert (1);210)

(Danel var fødd med det høgre fotbladet som sto tvert ut. Men dette er ingen kjent tilstand, så her har nok Duun dikta litt. Meir truleg var det at Duuns modell hadde

klumpfot, der fotbladet er vridd *innover*. Og i dag er det heilt vanleg å operere for klumpfot).

Litt seinare snakkar Danel med Sevrin:

... - *Veit du ha eig ska gjèrra, Sevrin?*
- *Tjen pèng, venteli, sukka han.*
- *Va de lekt seig. Tvi da! – Haugg då meig foten.*
No gjekk det for vidt. Spøkje med slikt, det ...
- *Spøk tåli, sa han. – Du kan få att de på hèlsa.*
Langt ifrå, det var rame alvore. Ringte opp til knivmeisteren nedpå sjukhuse i dag, men han sa nei. Hadde ikkje så likt til stål, sa han. – De fell trollbein i den-her gutn, sa Danel og sette fram foten. Skuld til stiftstaden no om tirsdagen. Dei brukta sag der, sirkelsag.
Fryktsommeli ilt, gut. ... (På tvert (1);212)

Det blir lange dagar for Danel på sjukhuset:

... *Han hadde aldri drøynt om at tid kunne bli så lang. Det var ikkje meir enn vel så ein 14-dags tid at han låg. Men jamvel det var ei æva. Og så vart han der ei veka, og han vart der to, ennå fekk han ikkje reise. – Hadde dei endå kunna lova han at foten skulde bli; men pinnfritt han kunde få det orde utor deim. Han skulde bli betre, så nokonlunde, det var alt. Og så vart han her liggjande, - det var så ein kunde skrike, beintfram, eller bite sund tennene. ... (På tvert (1); 213)*

Kva slags operasjon som vart gjort veit vi ikkje, men han har gips eller skinner:

... *Men den dagen tok dei endelig desse greiene av foten. --- Ein dags ti etter gjekk han beinast til overlækjaren og sa at no måtte han heim!*
Det var umulig. Han kunde bli krøpling tilgangs då, - det var fàrligare enn så.
- *Eig må heim no! Eig reisi, gjer eig!*

Dokteren riste på hovudet og tala om galenskap. Dokteren tala med all si magt til han, lågt og varmt som til ein ven, og han kjende seg viss på at det hjelpte; han såg det då Danel gjekk, han humpa så tålmodig ut. Han sa nokre ljose ord til han.

-- Dagen etter fór Danel med dampskipe i snøggruta nordover. ... (På tvert (1); 214-215)

Så etter 14 dagar skriv han seg ut sjølv mot overlegen sitt råd. Ein skulle tru at han måtte bruke krykker den første tida etter operasjonen, men det står det ingen ting om. Og foten blir ikkje bra, han er stadig ein plage:

... Det fortaldest at det var berre så som så med foten hans Danel på bua. Han hinka i alle fall meir no enn før, det var noko alle såg. Vondt var det visst i han òg, ettersom det høyrdest; han var i veg og låg alt i eitt om dagen. Men dokter sokte han ikkje, det var du då fri, ...

(På tvert (1);219)

I tråd med at sanatorier og sjukehus blir utbygd først på 1900-talet, bruker også Duuns personar desse helsetenestene. Danel i «På tvert» har djupe depresjonsperiodar, og han er fleire gonger redd for at dei skal sende han til Rotvoll asyl i Trondheim [1]. Men han greier å halde på kontrollen så han unngår å bli innlagt (kapittel 9.1).

I «Gud smiler» høyrer vi at Vidar Holm truleg har kreft og skal til Stockholm for å få behandling med radium (kapittel 10.5). Truleg skal han til Radiumhemmet i Stockholm, som var Sveriges første kreftklinik, grunnlagt i 1910. Radiumhospitalet i Oslo vart etablert først i 1932 [2, 3]. I «Olsøygutane» blir Sofia sjuk, truleg med ein kreftsjukdom, og ho må på sjukhuset. Ho blir operert, men etter ei tid får gutane hennes brev om at ho er død (kapittel 10.5). I «Siste leveåre» får Lea magekreft og blir sendt på sjukehuset, men også ho dør etter operasjonen (kapittel 10.5). Karen-Anna («I stormen») har tæring og får til slutt reise på sanatorium. Det same gjeld Turid i «Ettermæle» og Birger i «Samtid» (kapittel 6.7).

13.5. Diskusjon

Som vi ser i dette kapittelet, var redsel for finngann, skrømt og anna overtru farlege realitetar hos Duuns personar til langt ut på 1800-talet. Det kunne vere forklaringa på sjukdomar og ulykker, det var viktig å legge merke til førevarsel og å verne seg på ulike vis. Ikkje minst var det viktig å ikkje bli uvenner med samane. Det var berre Per Anders som torde det. Tjære kunne brukast mot det meste, og dei kunne også ty til årelating.

Slike førestillingar levde lenge parallelt med kristne førestillingar om synd, skyld og skam knytta til sjukdom og ulykker. I siste halvdel av 1800-talet var det og sterke pietistiske vekkingar på Jøa, noko som kom til å prege ikkje berre bygda, men også forfattaren og fleire i Duuns persongalleri [4].

Namdal sjukehus

Den nærmaste byen for Duuns personar var Namsos, så vi må tru at det var sjukehuset der som var modell for dei fleste som vart innlagt. Som mange andre stader, vart det etablert små private sjukehus fleire stader i Namdalen frå tidleg på 1800-talet, men det som seinare skulle bli Namdal sjukehus, vart bygd på Alhus og ferdig i 1848 [5]. Det første året og i åra fram til 1854 vart det lagt inn 92 pasientar, og av dei var om lag tredjedelen spedalske. Det var ingen luksus. Sjukeromma i ein etasje måtte stengast den første vinteren på grunn av kulde. Dei første to åra var det eit talglys på kvart rom, før dei fekk tranlamper i 1850. Vegger og tak innvendig var og sprukne og umalte og stokkverk fulle av veggglus. Dei tilsette måtte arbeide med dårlege hjelpemiddel i upraktiske lokale ... *midt oppe i smittsomme sykdomskilder og med pasienter utenfor enhver elendighetsbeskrivelse. Radesyke, tuberkulose og mange spedalske som sakte med sikkert råtnet bort. ...* [5]

Det vart noko betre etter at dei spedalske vart flytta til Reitgjerdet frå om lag 1870, og i 1888 vart sjukehuset flytta til Bjørum i Namsos. Dei som kunne betale for seg fekk da bra utstyrte rom, mens det elles ofte mangla utstyr som sengetøy. Det kunne gå fem til ni år mellom kvar gong det vart skifta halm i madrassane [5].

I 1913 vart det bygd eit nytt og etter måten moderne sjukehus, ikkje minst etter mangeårig innsats frå overlege Batt, som var sjef på sjukehuset i åra 1893-1932. (Sjå elles vedlegg 5) På 1900-talet vart det enda fleire utvidingar.

Legar og anna helsepersonell i Ytter-Namdalens

Dei kommunane eg har rekna med til Ytter-Namdalens her, hadde vel 15 000 innbyggjarar i 1880, noko som auka til 18 600 i 1920. I følgje Medisinalmeldingane var det ein lege i Nærøy i 1880, mens det i 1890 var lege både i Fosnes, Kolvereid, Nærøy og Vikna (Tabell 13.1) [6]. Alt dette var sjødistrikt, der båttransport var det vanlege, også for dokteren. Alt i 1880 var det jordmødre i dei fleste kommunane (Tabell 13.2). Medisinalmeldingane gir ingen opplysningar om sjukepleiarar i distrikta, kanskje fordi dei vart tilsette privat, for eksempel av kyrkjelydane eller av private organisasjonar.

Kommune	1880	1890	1900	1905	1910	1916	1920
Namsos (ladested)	1	2	2	3	3	4	2
Fosnes		1	1	1	1		1
Flatanger				1	1	1	1
Kolvereid		1	1	1	1	1	1
Foldereid							
Nærø	1	1					
Vikten		1	1	1	1	1	1
Lekø				1	1	1	
Gravik							
Sum	2	6	5	8	8	8	6

Tabell 13.1. Talet på legar i dei enkelte kommunane i Ytter-Namdalens i utvalte år i perioden 1880-1920. Summert etter Medisinalmeldingane [6].

Kommune	1880	1890	1900	1905	1910	1916	1920
Namsos (ladested)	2	2	1	2	2	1	8
Fosnes	1	1	2	2	2	2	2
Flatanger	1		2	1	1	2	1
Kolvereid	2	1	1	1	1	1	2
Foldereid		1	1	1	1	1	1
Nærø	1	1	1	1	1	1	2
Vikten	1	2	2	2	2	2	2
Lekø	1	1	2	2	1	1	1
Gravik					1	1	1
Sum	9	9	12	12	12	12	20

Tabell 13.2. Talet på jordmødre i dei enkelte kommunane i Ytter-Namdalens i utvalte år i perioden 1880-1920. Summert etter Medisinalmeldingane [6].

Dette illustrerer korleis den «moderne» helsetenesta gradvis vart utbygd i åra rundt førre hundreårsskiftet, omtrent på den tida Duun la handlinga til dei fleste romanane til.

Relevans i dag

Det kan i dag vere lett å ironisere over dei gamle juvikingane som var redde for finngann, og som på ulike måtar prøvde å verne seg mot sjukdom og ulykker, og i mange av romanane har Duun beiske stikk til «lesarane». Han illustrerer dobbelmoralen deira og viser kor dominerande, invaderande og irrasjonelle dei kunne vere.

I dei tiåra som er gått sidan Duuns litterære personar levde, har det skjedd mykje både innan utdanningsnivå og kunnskapsnivå og i teknologisk og anna utvikling. Vi har fått ei moderne og godt utbygd helseteneste, basert på dei beste naturvitenskapelege metodane. Samfunnet er i stor grad sekularisert, kristendommen og kyrkja har ein langt mindre plass hos folk flest, men det betyr ikkje at det er rasjonaliteten som rår. «Mennesket er dømt til å vere religiøst», sa ein prest til meg ein gong, « - trur vi ikkje på Vårherre, må vi finne noko anna å tru på».

Ei utfordring i dag er å handtere utryggheita hos pasientar og folk flest i ei moderne, sekularisert tid, med identitetsproblem som generelt og eksistensielt problem, og der døden nærmast er tabu[7]. «*Døden er sjølvsagt skremmande for ei tid og i ein kultur som ser på det å overleve som si fremste oppgåve*», seier idehistorikaren Trond Berg Eriksen. «*Det seier seg sjølv at dersom det å overleve er det einaste og høgste målet, må alle menneskeliv ende med katastrofe*» [8]. Ingen snakkar i dag om den naturlege og gode døden [9]. I dag har difor trua fått mange utslag. Alternativ-industrien er i sterke vekst, og «Snåsamannen» og andre liknande fenomen har stor oppslutning [10, 11]. Mykje av dette lever parallelt med at folk stoler på og bruker den naturvitenskapelege skolemedisin - ikkje ulikt slik det var da juvikingane trudde både på finngann, den kristne Vårherre – og etter kvart også litt på dokteren.

14. Nokre kasuistikkar

Mykje av Duuns litteratur er prega av konfliktar mellom menneska, nokre gonger med dramatiske resultat både for dei det gjeld, for dei nærmeste og for samfunnet rundt. I fleire tilfelle er handlinga prega av markante personar. Eg har valt ut seks slike personar som ikkje berre pregar handlinga i romanen dei er med i, men også har personlege eigeskapar som er interessante ut frå eit medisinsk/psykologisk perspektiv.

I serien om «Juvikfolke» er Ola Håberg ein sentral person i fleire av romanane. Han er klokkar, spelmann og ein original i bygda og har eit vanskeleg liv på mange måtar. I «På Lyngsøya» hamnar Magnus Brudalen i religiøs grubling, noko som får store følger både for han og familien. I «Carolus Magnus» møter hovudpersonen Carolus Magnus store forventningar alt som ung, han studerer teologi, men personlegdomen hans gjer livet vanskeleg for både han sjølv og dei omkring han. I «Medmenneske» hamnar hovudpersonane Didrik, Ragnhild og Håkon i eit komplekst familiendrama. I dag ville fleire av desse personane vere godt kjende på fastlegekontoret og kanskje også på sjukehuset. I dette kapittelet vil eg sjå nærare på desse personane med «dokterbrillene» mine, omrent som eg ville gjort dersom eg møtte dei på legekontoret, og kanskje kan eg prøve å forstå kvifor dei handlar som dei gjer.

14.1. Ola Håberg

Dårleg sjølbilde, depresjon og til slutt sjølvord

I bøkene om Juvikfolke blir vi godt kjende med Ola Håberg. Heilt frå han blir fødd til han dør i syttiårsalderen er han med i fleire av romanane. Ola er yngste sonen til Blind-Anders og Massi, han er ein attpåklatt i søskenflokken, og vi kan få inntrykk av at han både er «spesiell» og blir omtala i litt nedsettande ordelag heilt frå han er liten:

... Fleire år etter, da dei ingen venta lenger, kom det ein gut, og han kalla dei Ola. Det var røytegget, sa dei, og han tok mest live av mora; ho var kleinhelsug i mange år etter, men gutungen vart tjukk og rund. ... (I blinda (5);207)

... Ola-guten hadde komme for seint, sa faren; røytegget bli det aldri fugl av. Han heitte ikkje etter nokon, og likna ikkje nokon; - han gjorde som han vilde med den ting, sa han sjøl. Han var tjukk og rund, og sein av seg. Berre osten! sa foreldra. Men ein god ost lel, sa han; for han svara så det sat i veggene, om han aldri sa noko elles. Han var ein klyppar til å lesa, og så kunde kan spella så folk gret. Men det var dem som twila på om han var rett eller ikkje. ... (I blinda (5);226)

På den måten kan ein kan få inntrykk av at Ola blir sett ned på heilt frå han er liten. Han er mest opptatt av bøker og blir klokkar, men blir gåande som ein slags original i bygda. Han dekker seg ofte bak ironi og flir og blir ein som folk ikkje tek heilt på alvor. Han har lågt sjølbilde, er temmeleg nervös og har depressive tendensar. Ein gong er Ola på Segelsund, der søstra Mina bur, og han kjem på at han vil overnatte i borstua, der dei meiner det spøker. Men han greier ikkje å vere der om natta:

... Så var han på vegen ut. Han var så kald, han trudde ikkje han levde. Urande lite grand til no, så gjekk det sundt einkvart i han, så rauk det sundt heile stelle, - han var eit egg som fór imot veggen. Ja, han var på vegen ut no,

Slik var vegen for dei stakkarane som hadde gjort åt med seg. No veit du det, Ola. No veit du det. ... (Storbrylloppet (6);24)

Både Ola og søstersonen Peder er forelska i Andrea, dottera til dyrlegen, men Peder er svært populær hos jentene, er på nattbesøk hos Andrea, og han gifter seg til slutt med henne. Ola har liten sjølvtillit, så han dreg seg unna:

... «Æ e «veiet og funden for lett». Av mæ sjølv, forstår du. Fyk som eit fjun i vinden.»
(Storbrylloppet (6);27)

... «Nei nei nei, Andrea! Læt oss ti-still – læt oss vara folk! Ein domt ein som æ,» skyndar han seg å seie, - «veit du ikkjæ bli tili blind? Og at æ hi drømt det, all mi tid, at æ fekk berre byttinga te bonn; det hi æ forteld da, Andrea!» (Storbrylloppet (6);46)

I samtale med Andrea seier Ola:

... «Det feila visst ikkjæ mykji på at æ tek live og spring med det no, tek lakk mi og fer som ein annan juviking. Men sjå, det gjer æ no ikkjæ, det e den forskjéln. Hælsena e avhogd på mæ – det va skjüt, va det. Ja. Osså denher usmakjen i munn!» mumla han med seg sjølv. ...
(Storbrylloppet (6);60)

Ola går stadig med sjølvordstankar. Gammalmoster kjem ein morgen og skal vekke Ola, han har ligge rund på senga :

... Men eg har komme etter ein ting i natt. – Kva for slag da? – At sjoldauen er ein tung dane, når ein ikkje blir jaga ut i han. – Du er same slauren du både i åtferda og i snakke, du skulde skjemmast! Det er det eg ligg her og gjer. Eg meinte det var såpass av juvikingen att i meg, at eg kunde ta mitt og gå når eg lysta. Men ikkje det eingong er eg til. Kanskje så bar det i fliren med meg, i sjølve høgtidsstunda, - at eg såg meg sjølv som ein annan fåne, med tauge i handa? – Fåne ja, - men no ti du still med deg! – Ja, men heile verda er ei bøtte full med all slag kravl og armodsdom, - har du ikkje set søstrene mine? Og meg og alle dei andre? Ja, ikkje ho da, det meiner eg ikkje, men – eg får munnen full av vatn! Klokkardauen blir

meg for seig. Men du gjer ikkje å vera redd for meg; det måtte berast i veg både fort og blindt; skulde det bli noko av det; og så pass kan ingenting gå inn på meg – eg som mest ikkje er til! Og så etterpå da? Eg har så godt som prøvd det. For da var han der, det kjenner eg på meg, om eg aldri kan tru på han. Sei så eg ikkje er bonde... (Storbrylloppet (6);61)
... Ikkje trivs det här på meg, og ikkje skjegg, eg er som eit eggskal både utvendig og innvendig ... (Storbrylloppet (6);62)

Gammalmoster held auga med han der han går:

... Å næggu, du hengji dag ikkj, som snakka om taugje ... (Storbrylloppet (6);62)

Ein kveld Ola er på Rønningen hos farbror Petter, sit dei og drikk:

... Petter sat litt og tenkte på sitt. Så løfta han eine angebruna: Du, seier du? Berre skrapkaka du som eg, ban. Eller rettare sagt: Du er som du skulde har vore sonen min? Eg tenker ofte på deg. Men er redd deg, å kalle. Eg har set munnen din, somtid. Det er ein småmanns-munn. Du kunde suge blod. Du smiler kvitt som ein sjøklein ein etter folk, etter søstrene dine til og med; og med kvart så ler du innvortes som Svarten sjølv. Du er eit kvinnfolk til kar! Og eg trur eg veit korles det smakar å gå og kjenne på det – sei meg: har du aldri tenkt på å gjera åt med deg?... (Storbrylloppet (6);69-70)

... Ta rennsnara kring halsen ja, og rømme ifrå heile stelle, hm? Ifrå alt i hop som ein ikkje vart. Petter vart litt høgare i måle:

Du val no dryg tart brølloppe e over. Det stunda te helg i Håbergslekta, ban. ...

(Storbrylloppet (6);70)

... - No ska vi sjå da! låg han og sa. Om eg hadde horude inni rennsnara, så jamisel tok eg det ut att ei stund og bia. ... (Storbrylloppet (6); 70)

Det ser ut til at det er mest som også dei i familien «oppfordrar» Ola til å ta livet sitt. Det er ingen som støttar eller oppmuntrar han på ein god måte. Seinare er Ola på Håberg, og også no kjem det fram at han går i sjølvordstankar:

... Men i det same kjem Mina, i hattstand og kåpe og i full fart. Andlete lyser ungt og friskt som tyttebær-moen i blanke haustmorgenon, og den vesle Håberg-nasen styrer modig imot han. Auga kunde stane ein som var på veg åt skogen med tauglokka i handa. ...

(Storbrylloppet (6);140)

I «Storbrylloppet» blir eine brugommen, Peder, alvorleg sjuk og liggande på loftet. Ola kjem og sit hos han i lange stunder. Her møter han Åsel, søstera si:

... «Og du da Ola?» sa ho, han kom og skulde sjå opp til Peder. «Det såg ut som du ò va farafjerdi nyst her?» Og så snudde ho seg frå han og såg ut gjennom gangdøra: Her fanst ikkje ein meir som vilde ta ei bør på seg, - som vilde ta bygda på nakken og gå med henne, korles skulde det bli til slut?

«Nei, æ vil døy klokkaðauin her. Med æ venta på han som skal komma.»

«Som ska komma, ja... Vi fekk vel heller te å komma sjøl, mein æg.» ...

(Storbrylloppet (6);142)

Fleire år seinare sit Ola Håberg i lag med blant andre Odin og Engelbert Olsen, som var formann i arbeidarlaget:

... Folk blir så sluge! Eg tek snart av meg skoene og lurar med til sjøs. Eg har alt vore rundt og sagt farvel. De kan sitte der og vera sluge, skal! ... (I stormen (7);185)

Dei snakkar om fabrikken, og igjen skin det gjennom at Ola går med sjølvordstankar:

... Ola læst som han var forfald. «Lyg du no, så e det gæli. Og lyg du ikkj, så e det enda verr'. Men han Lauris, det e verstin tå dem all samma – æ vil legg att eit brev etter mæ, te slut. Eit som ska hjolp dæ visst dem vinn på dæ, Odin, hi hi hil». ... (I stormen (7);186)

Til slutt gjer Ola alvor det han har snakka om i lang tid, og han går på sjøen:

... Mina hadde sakna Ola til kafeen og hadde gått og set etter han. Da kom ho i hug at han hadde vore litt rar av seg før om dagen, og best ho gjekk fór redsla i henne, det slo som eit vått plagg innpå naken kropp, at han levde ikkje. Likevel var ho på veg ned til uthusa, ho trudde ho skulde finne han der liggande eller hengande, og ho var nøydd til å gå i veg og sjå etter. Da kom det for henne, at ho heller skulde sjå ned til sjøen, for der nedpå bryggeodden eller nedfor nausta hadde ho set han sto somtid; ho småsprang nedetter vegen. Ho fór odden rundt, og gjekk seg på skone hans ved åborden der fartya fortøyde seg. Ho sette i og ropte namne hans, eit par gonger. Skone hans torde ho ikkje røre. Da fekk ho sjå ein lang hake låg straks bortafør, ein båtshake frå eit farty, visst, dei hadde brukt han til garnrå. Den tok ho, og til å sokne i sjøen, ho visste så twillaust at der nedunder brattberget låg han. Litt hadde vore, fekk ho tak og drog opp. Det var han. Ei lita stund visste ho knapt til seg, ho hadde berre ein ting klårt for seg, at utan sko skulde ikkje folk finne han, for det hadde ho hørt frå gammalt, at folk som gjorde åt med seg dei smetta av seg fothyre først. Det var tverrdjupt ved bryggeberget, men ho fekk bala like frametter med lande til det låg på grunn i ei bergklip. Der kleiv ho ned med skone, vadde uti og fekk dei på han, slikt det var. ... (I stormen (7); 202-203)

Det var ei skam for familien at nokon hadde teke livet sitt, så Mina vil prøve å skjule det. Men Odin er ueinig:

... «At'n skuld gjera oss det her!»

«Ja, slik va no det,» sa Odin. Rart at han ikkje hadde gjort det før, tenkte han.

«Men ein ting, Odin: *Vi nemne ikkj at --- at skon' hans stod att på berje.*»

... *Da han stod på gonga heim, sa han til henne: Vi seier det slik det er. At han vart lei seg på jorda og gjekk på sjøen, - ein gammal, nyttelauks krok.* ... (I stormen (7);203)

... «*Enn at'n va her og sa farvel!*» sa Ingri best ho sat.

«*Han Ola? Ja du har rett i det. Og no har 'n falli ut, som ei tann utu ein gammel munn.*»

Men Ingrid hadde vorte bleik. – «Det va ikkj sjølgjort, veit æ?»

«*Som ein tek det te. Han va ferdi og dø leng før mi tid. Han ha' visst aldri vori i gang.*»

(I stormen (7);206)

... *Midt i sjauen vart det gravøl på Segelsund. ... Odin hadde forbydd dei å be dit Vikesylt, og det fann folk rimelig, for litt med kvart hadde det komme ut kra slag død han Ola hadde fått. Dei syntes det, mange, at dei kunde ikkje vente annan ende for han, ein einstøing og ein forlesen ein, og ein gudsfornekta dertil. Odin song ut like.* ... (I stormen (7);208-209)

Kommentarar

«At fortellingen om Ola er ladet av undergang, galskap, død og destruksjon, er tydelig fra første stund», skriv Syéd [1]. Ho framstiller Ola som ein hovudperson i Juvikfolke, han lever lengre og opplever fleire generasjonar enn dei fleste andre romanfigurane hos Duun. Ho refererer historikar Elin Strøm, som meiner at Ola Håberg på mange måtar viser sjølvbiografiske trekk hos Duun - kanskje er Ola ei skildring av korleis det kunne gått med Duun dersom han hadde blitt gåande heime på Jøa [2].

Også når ein ser på Ola med «dokterbriller» er han interessant. Heilt frå han var nyfødd vart Ola karakterisert i negative ordelag. Han var ein attpåklatt og «påførte» mora store helseplager i fødselen. Faren kalla han «røytegget» og sa mellom anna at «av røytegget blir det aldri fugl», så i alle fall faren hadde ingen store forventningar til han. I staden for å bli prest, vart han klokkar og spelmann, noko som ikkje ga særleg status i bygda. Han hadde og ein spesiell utsjånad, og han var klar over det sjølv. Han

tapar også i kjærleikslivet – det er brorsonen Peder som får Andrea, som også Ola er forelska i.

I fleire situasjonar er han og god å ha, for eksempel når Peder ligg for døden i tuberkulose. Likevel får vi inntrykk av gjennom fleire romanar der Ola er med, at alle kan ha lov til å trakassere Ola. Dei baktalar han, kallar han med utnamn, forstår ikkje at han orkar å leve og ber han gå og henge seg. Vi kan knapt registrere at han får ein positiv omtale eller kommentar, verken av dei nærmaste i familien eller av andre, og det er ikkje rart at dette må gå ut over sjølvbildet. Om Ola i utgangspunktet hadde disposisjon for depresjon, veit vi ikkje, men at denne negative påverknaden av familien og bygda elles, over så mange år, hadde alvorlege konsekvensar for Ola, kan det ikkje vere tvil om. Han utviklar ein alvorleg depresjon, uttalar over lengre tid at han er suicidal, og til slutt går han på sjøen.

Ut får eit medisinsk perspektiv ser skjebnen til Ola ut til å vere resultat av årelang trakassering, både frå familien og andre i bygda. Vi ser ikkje at nokon prøver å vise omsorg for Ola, trøste og oppmunstre han. Dette er eit eksempel på kor farleg «bygdedyret» kan vere, her også i form av «familiedyret».

14.2. Martin Brudalen

Religiøs grubling og depressiv psykose

I «På Lyngsøya» er Martin Brudalen hovdupersonen. I 11-12-års-alderen mister han begge foreldra på sjøen, mens han og halvsøstra bergar seg. Seinare reiser han bort for å gå på skole, og han reiser så rundt som predikant før han kjem heim vel tjue år gammal. Han tek etter ei tid til å gruble på religionen sin, han sluttar å preike, reiser frå heimgarden og blir gardskar på Lyngsøya hos Katrine, som er enke. Katrine har ei dotter, Tora, som Martin etter kvart gifter seg meg.

Romanen inneholder konfliktar på fleire plan, bl.a. konfliktar omkring ein gammal forsikringssvindel og forsøk på lureri for å få tak i pengar og få overta garden, alt

ikledd ein religiøs retorikk. Martin er ein grublar, er tungsint, sov därleg om natta, men bagatelliserer plagene sine:

... Å, han fekk da sova nok, berre ikkje mya var så grov.

Han fekk til å røyke tobakk til henne, så gav ho seg tilfreds, sa ho (*Tora*). Ja men, kvifor kunde han ikkje gjera det? For det såg da ut så – hyggeleg. Eg skal gjerne betale deg for det, sa ho. I det minste skal eg halde deg med tobakken, sa ho, hm? (På Lyngsøya (3); 99).

... Ja men, æ e friskar no, *Tora*; mykji friskar.

Ha du vori - dåli da?

Nei, forresten. Og no har det gått over, no e æ god kar igjen. ... (På Lyngsøya (3); 99).

... Ja, for han var – han kunde ikkje eingong seie henne kva han plagdes med! ... (På Lyngsøya (3); 101)

Martin har mykje hovudpine:

... For hovude var så vondt, og først det gav seg litegrand med denne gravinga og isinga der, så måtte det sjå ansles ut for han.

Når han for i veg og arbeidde, gav det seg utrulig; men det var tungt å komma i veg. Ein dagen snudde han beint om og gjekk inn til *Tora* att. Han vilde seie henne alt i hop. Men da han stod framfor henne og skulde til, kom han i hug at dette var ikkje å seie, der fanst ikkje ord for det, han hadde leita etter dem ofte nok. ... (På Lyngsøya (3); 115)

... Berre ho gav seg, denne pina, berre han slutta, denne tomme vonde lyden som song for øyra og baki nakken, denne massing-tonen, denne telefon-songen. Herre gud, det måtte gi seg snart! ... (På Lyngsøya (3); 119)

... Det e berre hue mitt som e kleinsli; ikkje noko anna. ... (På Lyngsøya (3); 129)

Han reiser åleine ut til Flesa langt ut i havet og er der fleire dagar. Det blir storstorm og høg sjø, og da blir han skikkeleg sjuk:

... Martin hadde aldri vore mørkrædd før, ikkje noko større, men no braut det i hop i han og isa igjennom, knea krøktes opp under han, og vette for sin veg gong for gong. Stundom sat det ein mann attmed senga hans og sukka. Det var berre sjoen; det var berre Flesa: det store nattville andlete hennar stirde på han gjennom glase, lenge – han var ein mordar! ----- Ja, ja det låg nake alt i hop no, det var ikkje det at han hadde tynt ho Julia, og ikkje det at han hadde ødelagt Tora for seg, men det var ein stor, svart flekk ein stad, det var at han vilde drepa seg sjøl! ... (På Lyngsøya (3); 133)

... Han visste han var galen. Men han kjente han var rettare enn alle andre. ... (På Lyngsøya (3); 135)

Etter han kjem heim:

... No har eg funni Gud, Tora. ----- Ja, no var han frisk, sa han. Endelig ein gong – og Gud lat ikkje eit menneske bli stort sjukare enn han hadde vore! ... (På Lyngsøya (3); 144)

... Men etter kvart som det leid til endes med dagen austover, vart Martin stillare av seg: han vart sittande og leike med det han fekk i handa, og såg tomt for seg. ... (På Lyngsøya (3); 145)

... Martin var litt sturen av seg, og fleire gonger glømte han det han vilde fortele... (På Lyngsøya (3); 147)

Så les han i avisar ein dag om ein mann som hadde drepe kona og eit av barna med tollekniv. Om natta får han ikkje sove, finn ein kniv, går først inn på soverommet til Katrine og deretter inn på soverommet til Tora og gutungen. I ein psykose-liknande tilstand forestiller han seg at han drep Tora og gutungen på soverommet- og kor vart det av han? av Gud? (På Lyngsøya (3); 150-154).

Katrine blir vettskremt etter dette opprinnnet om natta. Det er krefter i sving for å få Martin innlagt på sjukehus, men han blir tatt vare på så dette blir avverga. Etter ei tid kjem Martin til seg sjølv igjen og er tilsynelatande frisk:

... Og som barne kjente han seg heilt igjennom, eit lite barn som har vore ute i sjukdom og fare og ligg heime og er bera. ... (På Lyngsøya (3); 159)

Kommentarar

Noko av kjernen i denne romanen er religiøs grubling, utløyst av reaksjonen hans på å ha sett ei jente bade naken i sjøen. I dag kan det verke uskyldig, og det er vanskeleg å forstå at dette skulle vere eit problem. For Martin, med hans pietistiske bakgrunn, er dette likevel ei stor synd, noko som etter kvart utviklar seg til ein alvorleg depresjon. Ein slik depressiv tilstand kan vere alvorleg, og hos Martin kulminerer det med ein psykotisk tilstand der han både er suicidal og på nippet til å bli drapsmann. Til slutt går det likevel bra, han bergar sitt eige liv, han unngår å bli drapsmann, og han frisknar snart til. At han frisknar til så snart verkar imidlertid mindre truverdig - ein blir vanlegvis ikkje plutselig frisk av ein årelang, alvorleg depresjon med psykose.

Korleis ein mann, som i ungdommen verkar frisk og sterk, kan hamne i ein slik situasjon, er ikkje lett å forklare, men som oftast elles kan det skuldast kombinasjonen av arv og miljø. Vi veit ikkje om nokon i familien til Martin som hadde psykiske problem, så om han er arveleg disponert for depresjon, er uklart. Det kjem likevel fram at den religiøse bakgrunnen hans, bl.a. «predikantskolen», gjer at han set store og urealistiske moralske krav til seg sjølv. Han kjem heile tida til kort overfor eigne forventningar. I det pietistiske miljøet i Ytter-Namdalens Duuns tid, var truleg dette eit aktuelt problem.

I dagens sekulariserte samfunn er risikoene for å hamne i akkurat ein slik situasjon

truleg mindre, men også i dag finst sekteriske, religiøse grupper der medlemmer kan oppleve strenge og kanskje urealistiske moralske krav. Dessutan treng det ikkje vere religiøse krav. I dag er det mange, kanskje særleg unge, som set store og urealistiske krav til seg sjølve, kanskje både til eigen kropp, til skoleprestasjonar og til det å ha ein stor vennekrets og vere populær. Så ser vi da også aukande forekomst av depresjon hos unge, sjølv om det i dei færreste tilfella får så dramatiske følger som for Martin Brudalen [3].

14.3. Carolus Magnus

Carolus Magnus er hovudpersonen i romanen med same namn. Carolus kjenner at han er noko for seg sjølv heilt frå han er barn. Han blir mobba som barn, men hevdar seg godt i skolefaga. Han får toppkarakter i gymnaset og utmerkar seg også i teologistudiet. Under studiet får Carolus eit forhold til ei enke med to barn, Marta. Når ho blir gravid, får Carolus henne til å reise til Danmark, der ho dør like etter fødselen, mens barnet blir bortsett.

Carolus blir seinare gift med Helena, søster til kameraten Erik, men utan at ho veit at han har eit barn frå før. Dei slær seg ned i heimbygda til Carolus, der han set i gang eit stort prosjekt for å etablere ein eigen skole. Etter kvart får han med bygdefolket til å betale for skolen, men han er redd at kameraten Erik skal fortelje om forhistoria hans. Dette fører til at han gjer eit mislykka drapsforsøk på Erik, og ingen oppdagar kva han har prøvd på. Når skolen skal ha stor opning og han skal tale, er det tydeleg at han er psykotisk, og han blir til slutt innlagt på sinnsjukehus.

Måten Carolus lever på får store konsekvensar, ikkje berre for han sjølv, men også for dei nærmaste, familie og venner. Her vil eg gå nærrare inn på historia hans for å prøve å forstå kvifor han kunne handle som han gjorde.

Familiær belastning

Det går fram at i familien til Carolus Magnus er det fleire som har psykiske plager:

... Rett nok var det berre farbroren som sa det, og han var tullut og vart kalla Paven for det han trudde han var paven sjølv. ... (Carolus Magnus (8);157).

Faren, som er klokkar, henger seg etter at han gjort underslag i misjonskassa, truleg først og fremst for å betale utdanninga til Carolus. (Carolus Magnus (8);184). Også mora får eit psykoseliknande anfall:

... Men eine natta for ho opp or sømnen og ropa over seg. Ho sat i senga og twistirde fram for seg, reint ifrå vette å sjå til, og alt i eitt skreik ho, - ho skreik seg hås: - Vekk med deg! Vekk med deg, Just! Just!

Han skjønna det var faren ho såg. ... Da var det liksom ho vakna og vardest han, med andlete hennar var dødt, så forfæld var ho. – Han var her! kviskra ho. Han hang der! Og så kom han! Han sette auga i meg? Kan du ikkje svara meg? ... (Carolus Magnus (8);182-183)

Psykopatiske trekk

Carolus Magnus er svært sjølvopptatt, og det er svært viktig at ingen må komme i vegen for han. Dersom han kan risikere ein flekk på omdømmet sitt, tek han ingen omsyn. Eit eksempel er når søstra Klara kjem etter han til byen:

... Men det seier eg deg, Klara: Du er søstra mi, og du skal vera rein! Visst ikkje, da støyter eg deg ut. ... (Carolus Magnus (8); 175)

Og når mora fortel at faren har hengt seg, truar han mora på livet dersom ho fortel dette vidare:

... Da fór det eit kaldt og grått ålvor i Carolus Magnus, og han bøygde seg over henne og sa:
- Ti du ikkje no, da strøyper eg deg. Han såg henne i auga, og dei måtte svara han og forstå: det var meint som det var sagt! ... (Carolus Magnus (8);185)

Han tek seg sjølv svært høgtideleg, og har liten sans for humor:

... Då lo Erik, men det var hjartans ungt og velmeint: - Det er jamen rart gut, å høre nokon seie slikt! – Ja du ler du, mumla Carolus Magnus. – Ler ja? Du skulde prøve det du og, ein gong imillom. – Carolus Magnus hørte ikkje på slikt, ... (Carolus Magnus (8);172)

... for første gong i live hadde latten tak i han. ... (Carolus Magnus (8);214)

Carolus Magnus har alt frå han er barn eit stort sjølvbilde, også etter at han er gift med Helena:

... - Det er Gud sjølv, Det gode, som legg denne børa på meg. Å eige deg. For når han kårar ein ut og merkar ein til sjeni, da er det å tie og lyde. ... (Carolus Magnus (8);269)

Det kulminerer med at han på opninga av den nye skolen presenterer seg som den nye Luther:

... Eg er, som de ser, den nye Luther, eg er attkommen og er større enn før, her står eg, eg bed ikkje Gud hjelpe meg denne gongen, for eg er større enn han. ... (Carolus Magnus (8);295)

Han lyg der det tener han. Eigentleg lyg Carolus Magnus kontinuerleg gjennom heile historia:

... Så skulde her lygast i hop einkvart til denne onkel Fredrik. Det greidde nok Carolus Magnus Berg, for han, ein kjente han, han hadde aldri gjort anna enn å lyge, han laug til han trudde sjøl. ... (Carolus Magnus (8);213)

Det kan sjå ut som han ikkje har evne til å vise empati med andre, som når Marta fortel at ho er gravid:

... Ho var i slik ubotelig hjelpeleysa at han sat steins still og såg på henne. Noko medkjensle for henne hadde han ikkje, han hadde heller ikkje vore plaga med det nokon gong;

det hørte dei andre til. Men eit menneske i nøda, det fekk ein enten slå i hel, eller òg hjelpe det ein evla og meir til. ... (Carolus Magnus (8);204)

Carolus Magnus er opptatt av seg sjølv, og i mange situasjoner gir han uttrykk for at det omkring han ikkje skil han, også etter at Marta er død:

... Marta ho hadde det godt no, og hjarte i han det var kaldt som telen i jorda; slik det alltid var. ... (Carolus Magnus (8);214)

... Håret hennar var det siste som levde. No var vel det og dødt? Skilde han ikkje.
(Carolus Magnus (8);214)

... Og lerkesongen låg som ei lysdæmd sky over jordene, den tida som no. Men kva skilde det han i grunnen? (Carolus Magnus (8);233)

Han har ein parasittisk livsstil. Han låner pengar heile tida, frå han går på folkeskolen til han har fått bygd den nye private skolen sin. Han låner frå faren, frå naboor, frå søstera, broren, husvertinna Marta, kona Helena, og i sluttfasen frå mange folk i bygda. Han betaler aldri noko tilbake.

Psykotiske trekk

I tillegg til slike psykopatiske trekk, har Carolus Magnus på eit ganske tidleg stadium også psykotiske trekk. På eit hotellrom i Danmark, like etter at Marta er død, ser vi dette:

... Da kom djevelen til han, med han sat lysisvaken på romme sitt, ein liten, vond skapna, ei rotte berre, og han lo og sa: - Du er Carolus Magnus. Du kan aldri leva minders du er han; du dør av det, hi hi hi! Carolus Magnus vart opp i under; for han hadde aldri lese om at den mannen gjekk med kløyvd øvrelepper. – Du og eg, ser du! lo Svarten, - pelsen hans var elles ein mon raud i leten - . Eg er ein lystig ven; ein følgesvein. (Carolus Magnus (8);214-215)

Carolus Magnus er livredd for at Erik skal fortelje Helena om forhistoria hans. Han mister sovnen, er uroleg om natta, og han tenkjer på å skyte Erik og seg sjølv etterpå:

... Det var ei plage: han kunde ikkje bli viss om han drømte, eller om det var til, dette han hørte og såg ikring seg. Han sat i sofaen med eine ålbogen på borde og kjente seg da vaken nok? Det argaste av alt han såg var denne rotta under omnen. Slik ei øvrelepper vilde han nødig ha set no eller slike rotteauga. Ho fresta til og med å halde seg åhvorsam. Nyttar ikkje å hive blekkhus etter slikt krek. Han måtte sjå både hardt og heitt på henne før ho kraup inn i usynligheita att. Men der, inni synligheita, der gav det på og snakka og kviskrelo, det nemnte namne Erik alti eitt. Andre helst med Carolus Magnus. ... (Carolus Magnus (8);276-277)

Kommentar

Carolus Magnus har store tankar om seg sjølv heilt frå han er liten, han er skoleflink, sjærmerande og kan lett overtale folk. Han har lita evne til empati, bruker og utnytter folk omkring seg til sin eigen fordel, han lyg når det passar slik, er manipulerande for å oppnå det han vil, og han angrar aldri det han gjer. Alt dette er ulike psykopatiske trekk, og det er dei som pregar Carolus og måten han oppfører seg på.

Nærare om psykopatomgrepet

Det har lenge vore kjent at det finst menneske som manglar samvit, empati og er gjennomgående antisosiale, utan at det kan forklara med psykisk liding, hovudskade eller svikt i oppdragninga. Psykopatomgrepet har ei lang og komplisert forhistorie, rikt krydra med moralsk fordømming, men nyare forskning har støtta validiteten av omgrepet, sjølv om psykopati ikkje er anerkjent som eigen diagnose i DSM eller ICD.

Omgrepa psykopati, antisosial personlegdomsforstyrring og dyssosial personlegdomsforstyrring er i slekt, men ikkje synonyme omgrep. Ein reknar med at omtrent 0,5-1% av befolkninga tilfredsstiller kriteria for psykopati, mens omtrent

20% av ein fengselspopulasjon tilhører denne kategorien. Psykopati har bestemte kjenslemessige og mellommenneskelege karakteristika og bestemte åtferdstrekk. Dei kjenslemessige trekka omfattar egosentrismen, avflata affekt, manglende empati og mangel på anger og skyldkjensle. Dei mellommenneskelege trekka omfattar impulsivitet, og dei er uansvarlege, lyg og manipulerer. Åtferdstrekka omfattar stadige brot på normer og reglar, innanfor og utanfor lovas grenser [4].

PCL-R (Psychopathy Checklist-Revised) er den mest anerkjente og grundigst evaluerte manualbaserte sjekklista som er tilgjengeleg for å kartlegge symptom på psykopati. Sjekklista består av 20 ledd og belyser på den eine sida psykopatens særegne mellommenneskelege stil og kjenslemessige fungering (kjenneteikna ved kynisk og kjenslelaus manipulering av andre) og på den andre sida psykopatens impulsive og antisosiale livsstil. Kvart ledd blir skåra frå 0 til 2 poeng, så totalskåren på PCL-R varierer frå 0-40. Jo nærrare maksimal skåre, jo meir vil ein person likne ein prototypisk psykopat. Ein vanleg brukt diagnostisk grenseverdi internasjonalt er ein totalskåre på 30 eller høgare. Noko forskning tyder på at den diagnostiske grenseverdien bør vere noko lågare i Europa (25-26) på grunn av at sosiokulturelle forhold til ein viss grad verkar på korleis psykopati kjem til uttrykk her samanlikna med i USA og Canada [7].

Carolus Magnus vurdert etter PCL-R:

1. *Glatthet/ overflatisk sjarm* 2 poeng
Han snakkar rundt dei fleste han kjem i kontakt med, blant anna for å få pengar.
2. *Storhetsideer om egne evner og betydning* 2 poeng
Heilt frå han var barn hadde CM forestilling om at han var noko særskild. Han var heile tida opptatt av at han hadde ei særleg stor oppgåve her i verda. Det kulminerer med at han på opninga av den nye skolen presenterer seg som den nye Luther.
3. *Behov for stimulering/ lett for å kjede seg.* 1 poeng
Det går vel ikkje fram at det er noko utprega hos CM. Han er for eksempel mykje for seg sjølv og les.
4. *Patologisk lyving.* 2 poeng
- CM lyg kontinuerleg gjennom heile historia.
5. *Bedragerisk/ manipulerende* 2 poeng
- CM greier å manipulere alle omkring seg, menneska omkring han ser han på som reiskap han kan bruke for å nå sine mål.
6. *Manglende anger eller skyldfølelse* 2 poeng
- CM viser ingen teikn til anger, han har truleg inga evne til det.
7. *Grunne affekter* 2 poeng
- Det er stort sett ingen ting som «går inn på» han.
8. *Ufolsom/ manglende empati* 2 poeng
- CM viser ingen teikn på empati overfor nokon, eksempelvis når Marta fortalte at ho var med barn:
9. *Parasittisk livsstil* 2 poeng
Han låner pengar heile tida, frå han går på skolen, til han har fått bygd skolen, dvs. frå faren, frå naboor, frå søstra, broren, husvertinna Marta, kona Helena, og i sluttfasen frå mange folk i bygda. Han betaler aldri noko tilbake.
10. *Dårlig atferdskontroll* 1 poeng
- Stort sett kontrollerer han seg, er kalkulerande.
11. *Promiskuøs seksuell atferd.* 0 poeng
- Ikkje noko tema hos Duun.
12. *Tidlig atferdsproblemer* 0 poeng
- Truleg ikkje
13. *Mangel på realistiske fremtidsplaner* 2 poeng
- Ja, han legg store og urealistiske planar heilt frå han er barn.
14. *Impulsivitet* 1 poeng

- Kanskje av og til er det slik.
15. *Uansvarlig atferd* 2 poeng
- Ja, fordi han aldri tek eigentleg omsyn til menneska omkring seg. Dei får betale både økonomisk og menneskeleg.
16. *Tar ikke ansvar for egne handlinger* 2 poeng
- Martas graviditet er eit godt eksemel på at han unndreg seg ansvar og kjenner inga skyld.
17. *Mange kortvarige ekteskaps- eller samboerforhold* 0 poeng
- Nei, berre eit.
18. *Ungdomskriminalitet.* 0 poeng
- Nei.
19. *Vilkårsbrudd* 2 poeng
- Dersom det betyr det same som avtalebrot: Ja.
20. *Kriminell karriere med flere typer lovbrudd* 2 poeng
- Inga karriere, men han truar med å drepe mor, og gjer eit drapsforsøk på Erik.
-
- Sum** **29 poeng**

Etter ein gjennomgang av dei 20 spørsmåla på denne måten, skårar Carolus Magnus altså 29 poeng, noko som stadfestar at han har utprega psykopatiske trekk. Dette kan forklare korleis han lever og oppfører seg mot andre, også dei næreste. I tillegg får Carolus Magnus andre alvorlege psykiske symptom, som psykoser med hallusinasjonar. Dette fører til at han må leggast inn på sinnsjukehus.

Psykopatiske trekk kan vere til stades i ulike grader, frå svake tendensar langt under grensa på 25-26 poeng, til utprega symptom, som hos Carolus Magnus. Det er mest vanleg med færre og svakare symptom. Likevel kan personar med slike trekk verke destruktive på folk og miljø omkring seg, både i familien og i arbeidsmiljøet. Det er heldigvis langt mellom reine psykopatar som Carolus Magnus.

14.4. Hovudpersonar i «Medmenneske»

I «Medmenneske» er Didrik, Ragnhild og Håkon hovudpersonar. Det er Håkon og Ragnhild som er sjølvfolket på garden, mens faren til Håkon, Didrik, er på kåret. Dei kjem inn i ein innfløkt konflikt, som endar med at Ragnhild tek livet av Didrik. Alle tre er interessante personar som fortener særskilt omtale.

Didrik Dale

I bind 10 (med trilogien «Medmenneske», «Ragnhild» og «Siste leveåret») har Rolv Thesen ei innleiing, der han peikar på at i «Medmenneske» ville Duun først og fremst skildre den vonde Didrik - ein som ikkje var som andre menneske. I mange tolkingar av romanen har Didrik vore framstilt som eksponent for *det vonde*, mens Ragnhild har representert *det gode*, som i ein desperat situasjon «reddar» Håkon frå å gjere skade på faren ved sjølv å drepe Didrik.

Slik vi møter Didrik i romanen, blir han oppfatta som ein kranglefant som ingen liker, verken i familien eller i bygda elles. Han lurer Paul til å ta på seg eit farskap, han lyg om at han har fått Fagernese «på handa», truar med å melde om brannstifting, kastar fattigfolk ut av heimen, er brutal både overfor kona Tale og yngste sonen Arn, og han truar Håkon og Ragnhild.

I løpet av romanen får vi gradvis meir innsikt i bakgrunnen til Didrik. Eg vil igjen bruke «dokterbrillene» mine og sjå nærare på Didriks historie og situasjonen hans som kårmann, for kanskje å forstå betre kvifor han oppfører seg som han gjer.

Trekk ved Didrik si historie

Vanskeleg fortid. I siste del av romanen, etter at Didrik er død, får vi vite at han hadde ei vanskelegare fortid enn folk flest visste om. Svigersonen hans, Morten, som er gift med Lea, hadde *vore mykje i lag* (med han) *den tida Didrik var skipper og den andre var gut om bord* (Medmenneske (10);41). Morten kan fortelje at Didrik var mistenkt for

valdtekta av ei jente, og han var også mistenkt for drap på eit vitne til denne valdtekta. Morten verkar å vere trygg på at Didrik var skyldig, men det var ein annan som vart dømt. Fleire stader i romanen er det referert til at ein galning nordfrå er ute etter å «ta ned» ein eller annan i bygda. Vi skjørnar at dette er han som vart dømt for valdtekta og drapet, kanskje uskyldig, og at han er ute etter Didrik for å ta hemn.

Vi får aldri vite heilt sikkert kva som er sant når det gjeld denne delen av fortida til Didrik. Uansett må denne historia ha følgt han gjennom livet. Dersom han var skyldig, har han tidleg vist seg brutal og valdeleg, men har greidd å skjule det for familien og bygda. Enten det var slik, eller han var uskyldig, men mistenkt, kan denne historia kanskje forklare kvifor han føler at «alle» er etter han.

Fall i status. Tidlegare hadde Didrik hatt ein viss status i bygda. Han fekk kjøpt begge Stavsundgardane og bygde nye hus, men han fekk økonomiske problem, og dermed tapte han nok ansikt og status i bygda:

... Didrik reiv ned husa på både garane og bygde dem i hop, så det vart berre ein Stavsundgar. Det bygde han seg forderra på, og sleit som ein trål med skyld og renter, spekulasjonar og prosessar. No var han reint snau, det visste nokon kvar. ... (Medmenneske (10);19)

... Gamle Even sukka: - Sørgelig at skulle bli slik ein krokfant av'n Didrik; han var emna til noko anna han. ... (Medmenneske (10);19)

Han var kjent for å vere kunnskapsrik, og på dugnadsfesten på Fagernese høyrdde dei på han når han snakka både om politikk og anna:

... Visst hadde han lese meir enn andre, det var enda han som hadde sett i hop den vesle stubben at «bokhylden er en stige, hvorved du bliver din overmands lige», kom ikkje her. Bibelen hadde han lese frå perm til perm, grundig, mest som han las lovar og dommar og slik; ... (Medmenneske (10);61)

... Han var ikkje Didrik for ingen ting. Og slug som farligheita det var han, og utlærd i alle slag develkonster, hald eg unda der, ban. Men i natt var dei jamngode med han, mange, han burde vera litt meir utrygg. ... (Medmenneske (10);61)

Ei historie fortel at Didrik fekk uvenner alt i sine yngre dagar:

... Det vart fortalt og truudt at Didrik hadde vore utsett for eit gann eller eit vondt ønske. Han hadde svike ei gjente, og mor hennes hadde lova at så lenge ho levde skulde han ikkje komma inn i kirka med brura si. Folk mintes det vel: Ein gong kom ikkje brura, ho hadde vorte klein om morgongen; andre gongen kom ikkje presten, da var han sjuk. Tredje gongen, da fekk ein sjå. Da gjorde Morten det, for gode ord eller betaling, han før i veg og trua kjerringa med kvast, eller kva råder han brukte; nok var det, kjerringa laut ta i seg develskapen sin, og Didrik vart gift. ... (Medmenneske (10);41)

Uansett kva som hende, fortel historia at Didrik vart sett på som ein som var uheldig, og som kunne bruke harde metodar dersom det var nødvendig. Og også ei slik hending kunne nok bekrefte at andre «var ute etter han».

Didrik er altså ein kranglefant som ingen liker, ein utstøytt, både i eigen familie og i bygda. Han blir kalla stygge ting og får stadig signal om kor uønska han er: Også Håkon er beisk i sine kommentalar:

... - Gå sytten i vald med bråket ditt. Den vegn ber det kor som er. Gå vekk, eller så – ... (Medmenneske (10);24)

... Ho hørte han murra ei stygg banning da han gjekk framom faren, han bad visst develen hente den som hørte han til. ... (Medmenneske (10);25)

Også kona Tale er ganske klar i talen om kva ho meiner:

... - Å ja, arme Didrik, sa Tale, han får det da heitt nok dit han kjem. Når eg tenker på det, da må eg vera god med han, - lat meg smikke på dingsen og lunke ein kaffedrope åt han!

Ho reiste seg og sette kjelen over omnen. – Ikkje for det, småsnakka ho, eg trur nok han kjem til å trivast der nede; han finn mange å bitast med der. ... (Medmenneske (10);76)

... no mintes han noko anna han sa, om at han vilde av stad og henge seg. Tale band han hosebanda sine å henge seg i, dei heldt, let ho, for ho hadde vove dem sjøl. ...

(Medmenneske (10);103)

På dugnadsfesten på Fagernese er det mykje folk, og dei har planlagt å drikke Didrik full:

... I kveld kom han hit, tålig visst, og var lykka så god så var vona god, Indiana hadde lova å få han full. Ein eller annan hadde fått Paul, spelmannen, til å be henne om det. ...

(Medmenneske (10);60)

... Karl Albert og Morten baud han skjenk alt i eitt, og han drakk trøstig, for han skjona kva dei vilde han, krokane. ... (Medmenneske (10);62)

På veg heim frå festen blir han rundjult og skamslegen så det kunne ha stått om livet. Håkon og Ragnhild finn han og tek han med heim, og seinare ror dei han til sjukehuset. Vi får inntrykk av at dette overfallet er planlagt, mange av dei som var med på festen veit truleg om det som skjer. Overfallet er svært alvorleg, og det kunne likså godt ha enda med drap. Likevel er det ingen som varslar om kva som har skjedd, og ingen står fram og tek på seg ansvaret. Didrik er ein som «fortener» å få bank, og han veit det sjølv. Didrik er eit mobbeoffer for heile bygda.

Krenka, og lågt sjølbilde. Didrik kjenner seg krenka og forfølgt av folk, delvis med rette:

... Enda kunde han ikkje rekne dem for menneske heilt ut, somme tider; dei tok han fri for det. Dei såg ikkje retten som ein annan hadde, dei gjekk og trødde på den. ...

(Medmenneske (10);47)

... Det hadde ikkje falle han inn at ikkje han og Vårherre vilde det same. Han hadde enda bedt han at han måtte få råderom til å gi fan i folk. Men hitinntil hadde det set ut som han og den andre støtt vart to-eina i mot dem.

Og no syntes han sjå han hadde vorte åleine mot dem. Når ikkje eingong eins eigne folk trudde på ein, vilde ein anna enn vondt? ... (Medmenneske (10);58)

... Først tok dei garen frå han; så kåre, kunde ein seie; så tok dei arven som Gammalfaster hadde lova han, tok heile framtida og gleda hans, ... (Medmenneske (10);95-96)

Didrik har likevel bra sjølvinnssikt, han veit at han har uvenner og at folk ikkje liker han. Det er mange teikn på at han har svært lågt sjølvbilde:

... Didrik la merke til at ingen vart glad da dei såg han. ... (Medmenneske (10);17)

... - Der sit dei liksom dei såg Svarten i døra når du kjem. ... (Medmenneske (10);19)

... Nei, det er som ho Tale seier, eller kven det er som seier det, eg tør ikkje drikke. Huff, ban, eg er så full av vondt, eg kunne forsnakke meg. Nei nei nei, Ragnhild, bli ikkje redd meg. Du veit eg er ikkje så svart som folk vil ha meg til; og takk og ære for det, Ragnhild! ... (Medmenneske (10);21)

Før Ragnhild og Håkon var gift:

... Garen skal de få; eg er utsliten no, og unner dykk meir enn den. Og du unner meg kåre, det ser eg. Blir eg for uvist mot deg, og det blir eg vel, når hørte du anna om'n Didrik Dale? (Medmenneske (10);38)

... - Men sjå, seier han, kva veit du om slikt, du som ikkje er meg! Du som er eit skikkeleg menneske. Ho hørte det var meint det han sa, ord for ord. ... (Medmenneske (10);53)

Det er Håkon som no sit med garden og «makta», og Didrik kjenner seg så underlegen at det er viktig for han at Håkon skal sjå opp til han:

... - da måtte han vel bli vår at han hadde ein far han òg. ... (Medmenneske (10);46)

Familievald. Didrik tyr vil vald eit par gonger, ein gong mot Tale og ein gong mot Arn:

.... - Da Ragnhild hadde vore oppe og gitt Gammalfaster mat, hørte ho Didrik inni kårstua, han ropa vilt over seg og svor, han vilde jage Tale på dør. – Eg tåler ikkje sjå deg meir! skreik han, ut med deg, til helvetes! Eg har gått her som ein devel for deg i alle dei år, trur du ikkje eg har set det? No skal eg vara den du held meg for. Går du ikkje på timen no, - han sa det lågare og farligare da, da! ... (Medmenneske (10);56)

... Tale seig ned på stolen da ho hørte korles han lo, og frå stolen bar det i golvet med henne. Der låg ho. Ho hadde svimra utor. ... - Ja da, du må gjera deg stiv no, din hyklar der du ligg. Eg skal spenne deg i hel visst du ikkje pellar deg opp! ... (Medmenneske (10);56-57)

Arn var yngste sonen til Tale og Didrik:

... og jamvel Arn den vargtemmingen kom seg utover vegen for han på slike dagar, han visste det var ikkje langt etter jul. Var ein da så skamlaus at ein skreik for det ein fekk, da gjorde `n far sin farsplikt; og var ein så syndhard ein tagde til det, da gjorde han slikt slag. men enda råka han til å komma i vegen for faren sin. Sjølv veit kva han hadde sagt eller gjort, men Didrik tok han og tverrista han. Da guten slapp laus var han kvit rasande.
- Blir det ikkje folk då deg! skreik han mot faren.

Didrik sprang på han og hirde han flat i golve så naseblode rann, og murra og skreik over han: Eg skal trø deg i hell! og det vanta lite på at han gjekk i gang med det straks. ...
(Medmenneske (10);75)

Ein tidleg-pensjonist. Didrik er pressa til å gi frå seg garden av Ragnhild – han er «tvangspensjonert». Det har ført til at han har mista både posisjon og identitet. Han har inga rolle, verken i familien eller i samfunnet, og han føler at han ikkje har noko framtid. Difor er han ute etter noko å fylle tida med og også få tilbake noko av

sjølvbildet og statusen i familien og i bygda elles. Han har leigd eit laksvald, men taper retten til det:

... - han hadde vorte flådd for eit laksvald som han hadde leigd på levetida si, for alt han skulde leva av her etter. Nei, han gav seg sytten om det, som sagt, men i byen hadde han hørt nytt. Verkeleg nytt, og farlig nytt, tykte han. ... (Medmenneske (10);15)

... Jau, der var funne opp eit slag vasshjul no som skulde vera fule til å dra kvennbrukslik, og vatne lurte ein til dem gjennom lange jarnrøyr, så ein kunde legge bruket nedmed sjøen om ein lysta, - så folk nådde dit sjøveges med mølnaden sin – det skulde ligge her, nedpå stranda der handelsebua hans Karl Albert stod og brysta seg! ... (Medmenneske (10);15)

... Da hadde han set i eit syn, han hadde i grunnen set det for ein mannsalder sia, at hit skulde kvenna og saga flyttast. Det var livsverke hans, som venta på han. ...

(Medmenneske (10);15)

Men Håkon vil ikkje samarbeide:

... Ja men hør no er, tok han opp att: Fossen er din som han har vore, eg får berre retten til å bruke vatne når du har brukt det, nedansfor, skjønnar du, nedpå Stranda! Lite grand må eg ha å bale med, det unner du meg, ikkje sant? Kva er eit menneske utan framtida? ...

(Medmenneske (10);23)

... Ho hørte han tala om kåre, at der fanns ikkje meinings i det – han trøng pengar, kontant, - nedpå Stranda skulde han bu, han hadde alt kjøpt – han tala om framtida igjen, og enda meir høgmælt, han ropa mest: - Eg vil tene pengar så eg ikkje fell deg til byrde – det skal komma ein dag at du ikkje skjemmest av far din! ... (Medmenneske (10);23)

... han hadde slutta å vente seg retten sin, no hadde han berre denne her little vona att, så han slapp å døy som ein vanæra stakar. ... (Medmenneske (10);25)

... Han fortalte det ein etter det andre, om kor folk var vonde og vilde inn på ein, dei unte ein ikkje æra, dei unte ein ikkje live! ... (Medmenneske (10);27)

Didrik kjente seg slett ikkje ferdig med arbeidslivet, og han la store planer:

... *Han var så for ung enno, han syntes han kunde snu både vêre og lagnaen. ...*

(Medmenneske (10);45)

... *Skulde det ikkje vera arti å ta til for seg sjølv ein gong att? ...* (Medmenneske

(10);49)

Didriks personlegdom

Moral. Didrik har ein slags moral og eit samvit, bl.a. bruker han ikkje å lyge:

... *Det hadde teke så på han her i kveld at han rådde ikkje med seg sjølv. Han hadde trive til lôgna! Det hadde han aldri gjort før, utanfor retten og dei ting. – Her går du og har gjort det, sa han. Kva kan du ikkje vente deg no – kva er det det varslar? Så lenge det er von er det liv, sant nok, sant nok, men kva er det det varslar? To gonger på rapp langt du. ...*

(Medmenneske (10);20)

... *Det var berre så uhuglig det hadde hendt. Mest som einkvan vilde leie han ut i ulykka.*

... (Medmenneske (10);20)

... *Fagernese var det romme Didrik lôva Karl Albert. Han sa han hadde det på handa.*

Didrik kâldsveitta først han kom i hug det. ... (Medmenneske (10);42)

... *Karl Albert var narra, Didrik såg det. For folk visste at Didrik Dale lang ikkje, kva anna gale han gjorde. ...* (Medmenneske (10);97)

Han er eigentleg også sosial, og likar seg mellom folk:

... *Didrik hadde aldri halde seg for ein utanom dei andre. Folk var medmenneske, han hadde dem ikring seg og likte seg ved det; dei var så ymse og så mangt, han kjente varme gode mengda av dem. ...* (Medmenneske (10);47)

Kommentarar

Didrik er ein kranglefant som er mislikt både i familien og i bygda, og ut frå mykje av det han gjer, er dette lett å forstå. Ikkje nok med det: Både familien til Didrik, bygda, forfattaren sjølv og Rolv Thesen framstiller Didrik som ein representant for *det vonde*, men slike omgrep finst ikkje i det medisinske vokabularet. Som lege skal ein ikkje dømme folk etter moral, men prøve å forstå bakgrunnen for korleis folk handlar og kvifor dei har ulike symptom, slik at ein kanskje kan hjelpe dei. I medisinsk terminologi er det psykopati-omgrepet som er det nærmaste til det moralske omgrepet «vond», så difor kan det vere interessant å vurdere også Didrik Dale etter PCl-R:

Didrik Dale vurdert etter PCL-R:

1. <i>Glatthet/ overflatisk sjarm</i>	<i>2 poeng</i>
- Ja, han kunne vere glatt og sjærmerande	
2. <i>Storhetsideer om egne evner og betydning.</i>	<i>1 poeng</i>
- Han hadde planer, men neppe patologisk	
3. <i>Behov for stimulering/ lett for å kjede seg.</i>	<i>1 poeng</i>
- Han har først og fremst ute etter å ha noko å gjøre som pensjonist.	
4. <i>Patologisk lyving.</i>	<i>0 poeng</i>
- Neppe, det vart sagt at han ikkje brukte å lyge, og han fekk dårlig samvit da han gjorde det.	
5. <i>Bedragersk/ manipulerende</i>	<i>2 poeng</i>
- Ja, han prøvde med fleire knep	
6. <i>Manglende anger eller skyldfølelse</i>	<i>1 poeng</i>
- Delvis	
7. <i>Grunne affekter</i>	<i>0 poeng</i>
- Han viste kjensler ved fleire høve, truleg ekte	
8. <i>Ufølsom/ manglende empati</i>	<i>1 poeng</i>
- Når konflikta tilspissa seg, viste han lite empati, men tidlegare viste han at han hadde empatiske evner.	
9. <i>Parasittisk livsstil</i>	<i>1 poeng</i>
- Han hadde eit lån hos Lea som han ikkje betalte tilbake, men elles ville han først og fremst bli økonomisk uavhengig	
10. <i>Dårlig atferdskontroll</i>	<i>1 poeng</i>
- Ja, delvis	

<i>11. Promiskuøs sekssuell atferd</i>	<i>1 poeng</i>
- Han hadde eit forhold til tausa Indiana	
<i>12. Tidlig atferdsproblemer</i>	<i>0 poeng</i>
- Truleg ikkje	
<i>13. Mangel på realistiske fremtidsplaner</i>	<i>1 poeng</i>
- Kanskje, men ikkje verre enn at Håkon realiserte dei seinare.	
<i>14. Impulsivitet</i>	<i>1 poeng</i>
- Han mista kontrollen overfor Tale og Arn	
<i>15. Uansvarlig atferd</i>	<i>2 poeng</i>
- Ja	
<i>16. Tar ikke ansvar for egne handlinger</i>	<i>2 poeng</i>
- Han la ofte skylda på andre	
<i>17. Mange kortvarige ekteskaps- eller samboerforhold</i>	<i>0 poeng</i>
- Nei, men hadde eit forhold til Indiana	
<i>18. Ungdomskriminalitet</i>	<i>0 poeng</i>
- Nei, ikkje det vi kjenner	
<i>19. Vilkårsbrudd</i>	<i>2 poeng</i>
- Mange avtalebrot	
<i>20. Kriminell karriere med flere typer lovbrudd</i>	<i>1 poeng</i>
- Kanskje, ialle fall vart han mistenkt for både valdtekst og drap for mange år sidan.	
Sum	20 poeng

Vurdert etter PCL-R har altså Didrik fleire psykopatiske trekk, men er godt under den skåren som skal til for å tilfredsstille kriteriet for psykopati.

Sett med mine «dokterbriller» er det grunn til å tru at Didrik var sterkt prega av ei vanskeleg fortid. Vi kjenner mistanken om valdtekst og mord, men veit ikkje kva som skjedde. Uansett må dette ha vore ei stor påkjenning gjennom mange år. Han opplever så å bli «tvangspensjonert» av den kommande svigerdottera, med tap av status, identitet og roller som resultat. Denne situasjonen blir verre etter at han taper prosessen om laksevaldet. Han er uglesett i familien og i bygda, blir trakassert og nesten drept av folk i bygda. Han er åleine utan støtte av nokon. Han er krenka, ærelaus og makteslaus. I forsøket på å skape seg ei rolle, eit levebrød og litt status og

respekt, møter han ein uforsonleg Håkon og ei sterk Ragnhild. Da blir han desperat, og både han og Ragnhild mister kontrollen. Katastrofen er eit faktum.

Å forstå Didrik som berre «vond», dvs. som ein kjenslekald psykopat, blir ut frå ei slik vurdering feil og framfor alt for unnyansert. Utan å unnskylda alt han gjer, er det langt på veg mogleg å forstå den fortvilte situasjonen hans.

Ragnhild

Ragnhild er den andre hovudpersonen i «Medmenneske». Ho har også fleire interessante karaktertrekk:

Stort sjølvbilde: Ragnhild har aldri hatt nokon far, og mora dør før ho er åtte år. Da er ho gjetarjente hos Even og kona hans på Stavsund, og dei blir som foreldre for henne. Ragnhild har høg sjølvtillit alt frå ho er lita. Ein dagen kjem ho i skade for å tenne på ein liten lyng- og skogbrann:

... Da kastar ho seg ned attmed ein stein og bed åt Vakkermannen, ho var 10 år den sommaren: - Du skal hjelpe meg, hører du! Gret gjorde ho ikkje, det såg ho no, hadde visst ikkje gjort det sia mora vart teki frå henne. Ho ropa og bad. Og hjelpa kom: tora slo over fjelle, og litt etter kom regnet høljande. Ho undrast ikkje over det den gongen.

Sia ein gong låg Beret, husmora hennes, og var sjuk. Ho såg dei venta døden. Og på Even såg ho at den måtte ikkje få komma. ... Lenge streid ho imot, men så gjorde ho det, ho gjekk åt fjøse og kasta seg ned og bad. Ho bad Gud sjå'n Even der han gjekk, og tenke etter kor snild ho Beret hadde vore, ... Da ho vakna morgonen etter, var Beret over det verste.

Slik var ein den tida. ... (Medmenneske (10);36)

... Og heile tida hadde ho hatt den rona og vissa i seg, at ho trøngs der ho kom. Ho tykte ho visste meir om kva von er enn alle ho møtte. ... (Medmenneske (10);37)

Høge ambisjonar. Ragnhild har høge ambisjonar og set store krav til seg sjølv:

... Aldri hadde ho set det klårare at ho var berre eit vanlig lite kvinnfolkkre, men det var inga årsaking for henne. ... (Medmenneske (10);66-67)

Før ho giftar seg, set ho som vilkår at Didrik, far til Håkon, må gi frå seg garden:

... Det første ho gjorde, det var rart å tenke på det enno; ho fór dit og snakka med Didrik. Ho sa at utan Håkon fekk garen, flytta ikkje ho dit. Garen brydde ho seg elles ikkje så hardt om, ein gar er ingen helligdom, men for Håkon skulde det vera heimen og litt meir. ... (Medmenneske (10);37)

Seinare oppmuntrar ho Håkon til å sette i gang nedpå Stranda:

*... Men du veit, du burde rive ned heile kråkereiret her og bygge deg eit skikkeleg kvennhus, - du som har nevane til det og saga her like attmed. Det burde du.
- Har du òg tenkt på det? Han såg opp i under på henne.
- Nei, men eg tenkte at du hadde tenkt på det.
- Eg har det. ...
... - Gud gi du vilde klemme i veg! Brast det ut av henne. ...* (Medmenneske (10);13)

Løysingsorientert og handlekraftig. Ragnhild er både løysingsorientert og handlekraftig.

Ho ser kor vanskeleg forholdet etter kvart blir mellom Håkon og faren og prøver å mekle så dei kan bli forlikte:

*... eg kan ikkje anna enn halde med han; for han meiner det så vel (Didrik, forf. mrk.).
Ho fresta tenke ut einkvart som kunde vera til hjelp, så han og Håkon forliktest og gjekk i lag til verke sitt. Ho tenkte ut mangt, men ho stansa ved det til slut, at einkvart skjer det som syner ein det rettaste. Bakom alt anna stod Vårherre. Fekk han bruk for henne, så fann han henne. ...* (Medmenneske (10);30)

Ragnhild prøver å snakke med Håkon om det som er vanskeleg:

... Ho snakka om slaktinga, og ho snakka om bakinga, og han svara, det vanta ikkje det, men ho syntes han tagde like vel, at han gjorde seg til eitt med fienden omkring dem. Dette fann ho seg ikkje i, slett ikkje heller, ne-hei gu`! som Gammalfaster sa. Det måtte gå an å snakke her i garen òg, der det vart så mykje snakka. ... (Medmenneske (10);33)

Ho prøver også å snakke med Didrik:

... Ho kom i hug at no skulde ho ha snakka til han. Ho skulde i alle fall ha bedt han snakke til Håkon, så kom dei til å gå i lag med dette storverke sitt. ... (Medmenneske (10);53)

Og seinare med Håkon igjen:

... - I kveld skal du finne opp han og snakke med han. Vi skal ta oss til å snakke i kveld, det er ikkje for seint enno. Vi skal rydde huse for ufriskje i kveld. Du veit at eg gir meg ikkje. Eg trur for oss alle i hop. ... (Medmenneske (10);101)

Impulsiv. Når Ragnhild går ut om morgongen for å hente ved, har ho ingen planer om å drepe Didrik. Reint tilfeldigvis møter ho Didrik, men når han provoserer henne sterkt, mister ho kontrollen, og «da visste ho berre at ho steig unda og at øksa før i vêre» (Medmenneske (10);107). Dette var truleg ei impulshandling.

Kjenslekald? Ho viser få kjensler etter drapet på Didrik:

... Det var uhuglig så lett dette, sa ho seg da ho tok øksa og gjekk. Korles det no går ellers ikkje, han Håkon er uskyldig i det; det var ikkje han, san. Ligg i fred! No har verda vorte fri deg. Det kom sju år for seint.

... Håkon kom da Ragnhild hadde hogd ved og fått kjelen i kok. ... (Medmenneske (10);107)

... Ho gjekk ut og pumpa vatn til fjøse. Det drygde før Tale kom i dag.

Henne var det ikkje grand rart å sjå att. Dei gjekk omeinannan og hjelptest åt med fjøsstelle, det var for tidlig enno å gå inn. Rett som ho stod attmed henne vilde ho fortele at no var det slut med Didrik. Men i det same spurte Tale om ho hadde set noko til kallen.

- Nei, er han ikkje heimkommen? Det var sagt så naturlig, at ho måtte undre seg sjøl. ...

(Medmenneske (10);108)

... For ho kjente ho var herre over det som møtte henne. Det som hadde hendt, var forferdelig, ho undrast om der fanns menneske på jorda som kunde ha fortalt det; men ho åtte makta til å sjå det i auga, der kom ein varme innanfrå som heldt henne oppe, og sjølv veit kven som gav henne den. ... (Medmenneske (10);112)

... Ho gjekk åt kammerse og såg på vesleguten. Ho stod lenge og såg på han; det var siste gongen ho såg hansov. Sia såg ho rundt i kammerse; det var siste gongen ho gjorde det òg. Så dyrverdige kan ikkje ting bli mindes ein skal miste dem, undrast ho. Midt i dette kom ho i hug: ein mannsalder att-i tida vart slike som eg enten hengt eller halshogd. Korles hadde Håkon teke det? Ho såg på guten ein gong til. ... (Medmenneske (10);136-137)

Når Tale møter Ragnhild, etter at ho har sona ferdig fengselsstraffa, snakkar ho om Hallvard:

... - Men det blir ikkje folk av han! Tale hadde gråten i måle da ho sa det. – Det blir varg av han! Ragnhild var nær på å seie at det får stå i Skaparen si hand, men ho hadde ei minning frå før om at slikt sa dei ikkje. ... (Ragnhild (10);208)

... Da sa Ragnhild det, slik det var: At ho var død og borte frå all ting der nord. ...

(Ragnhild (10);208)

Håkon møter Ragnhild i byen:

... Og enno hadde ho ikkje spurt etter Hallvard. ... (Ragnhild (10);235)

... Håkon vart nåmen, han kom i hug noko ho sa til han ein gong. «At eg ser ned på deg, det ber du ikkje», spådde ho. (Ragnhild (10);237)

... Ikkje lenge etter snudde ho seg til han og spurte: - Korles står det til med gutungen din, han er vel stor no? Ho visste at orde din vilde ta borti han. Det var meinингa òg: han burde vita at ho hadde flytta over i eit anna liv. Han hørte vel at ho sa dette utan ei rørsle innvendig? Det var synd ja, mot naturen og ånden og kva dei vilde ha det til. Men det var ikkje hennes synd. ... (Ragnhild (10);237)

... Ragnhild sat der lysdæmd og still. Dei hadde ikkje set menneske så rolig i blikke, men kva såg ho for slag?... (Ragnhild (10);238)

Ragnhild er tilbake på Stavsund i lag med Hallvard:

... Han tjyrstirde på Ragnhild gong og annan utetter kvelden. Ho ser han, og seier med seg sjølv, at han der er ho mor for. – Eg merkar inga sjælsrørsle ved det, tenker ho. Nei nei, ingen ting å gjera ved det. ... (Ragnhild (10);245)

... Nei, men han var eit barn ho gjorde morlaus, her. Det er same synda som å ta liv. ... (Ragnhild (10);245)

Ragnhild minnes tida på tukthuset:

... Men ein og annan kvelden den første tida kom heimsjuka over henne. Det hendte ho gret. Ho kunde ligge og seie einkvart med Tale eller kven det var, og smått snufse ja; og så var det denne gutungen, ho var ikkje godtil å døy ifrå han på lenge. Ho døde da elles grundig nok, men det tok tid. ... (Ragnhild (10);249)

... Hallvard såg ho lite til. Han heldt seg visst unda henne alt det han kunde. Ein gong såg han henne i auga, som eit lite vaksemenneske, og da ho snakka til han, såg han bort og hørte det ikkje. Det var ikkje noko under om folk var glad i borna sine. Men det måtte vera ei tungvor i bør. ... (Ragnhild (10);249-250)

... Einast røndt ho har lidd, var da han viste henne frå seg. Han har ikkje heilt glømt henne enno, det hendte her i garen. Nå ja, det var no inge langdrap, det stod av seg på nokre få døgn. Men åra etter har vore stutte mot dem. ... (Ragnhild (10);258)

Kommentarar

Ragnhild har høge tankar om seg sjølv, har stor sjølvtillit og er ambisiøs både på eigne og på Håkon sine vegner. Dessutan er ho løysingsorientert og handlekraftig. Ho forstår konflikten mellom Håkon og Didrik og prøver å mekle, men utan å lykkast. Ho viser empati i mange situasjonar, men forstår lite av Didrik sin situasjon. Det var nok uvanleg, og eigentleg svært så freidig, da ho før ho og Håkon giftar seg går til Didrik, sin kommande svigerfar, og set som vilkår at han må gi frå seg garden. At ei kommande svigerdotter kjem og set slike vilkår, vil nok for dei fleste verke uhøyrt, men seier mykje om kven Ragnhild er.

Etter at Didrik og Tale har gitt frå seg garden, held Tale fram med å arbeide i fjøset. Ho har dermed fortsatt ein viktig funksjon i garden, mens Didrik opplever det som eit stort tap at Ragnhild nærmast har «trua» han til å gi frå seg garden. Didrik er både krenka, makteslaus, æreslaus og arbeidslaus. Det er frå denne situasjonen han vil prøve å reise seg gjennom å etablere mølle på stranda. Når han da møter ein uforsonleg Håkon, blir det ein så tilspissa konflikt at Ragnhild ved ei impulshandling tek livet av han.

Ragnhild har mange gode eigenskapar og vil i utgangspunktet det beste for alle, men å vurdere henne som representant for «det gode», i motsetning til «den vonde» Didrik, blir unyansert. Ho har svært så store tankar om seg sjølv, og er vand med å rydde opp og greie det meste. Når ho så føler at ho ikkje greier å ordne opp i konflikten mellom Håkon og Didrik, tyr ho til ei impulshandling som blir dramatisk. Ho viser liten empati for Didrik, og heller ikkje for dei andre ho har ført ulykke over med drapet, og vi hører aldri at ho angrar. I ettertid prøver ho å forklare drapet, bl.a. med at ho ville «spare» Håkon frå å gjøre det same, noko som kan passe med det vi kallar rasjonalisering, eigentleg ei bortforklaring. Dersom vi prøver Ragnhild etter dei same kriteria for psykopati som vi prøvde for Didrik, får vi eit slikt resultat:

Ragnhild vurdert etter PCL-R:

1. <i>Glatthet/ overflatisk sjarm</i>	0 poeng
- Nei	
2. <i>Storhetsideer om egne evner og betydning.</i>	2 poeng
- Ja, ho hadde tidleg forestillingar om kor store evner ho hadde	
3. <i>Behov for stimulering/ lett for å kjede seg.</i>	0 poeng
- Nei.	
4. <i>Patologisk lyving.</i>	0 poeng
- Nei.	
5. <i>Bedragersk/ manipulerende</i>	0 poeng
- Nei	
6. <i>Manglende anger eller skyldfølelse</i>	2 poeng
- Ja, hos viste liten eller ingen anger etter drapet på Didrik	
7. <i>Grunne affekter</i>	1 poeng
- Ho viste lite kjensler etter det som hendte	
8. <i>Ufølsom/ manglende empati</i>	1 poeng
- Ja, kanskje	
9. <i>Parasittisk livsstil</i>	0 poeng
- Nei	
10. <i>Dårlig atferdskontroll</i>	1 poeng
- Ja, kfr drapet på Didrik	
11. <i>Promiskuøs sekssuell atferd</i>	0 poeng
- Nei	
12. <i>Tidlig atferdsproblemer</i>	0 poeng
- Nei	
13. <i>Mangel på realistiske fremtidsplaner</i>	1 poeng
- Kanskje	
14. <i>Impulsivitet</i>	1 poeng
- Ja, i alle fall da ho drap Didrik	
15. <i>Uansvarlig atferd</i>	2 poeng
- Ja	
16. <i>Tar ikke ansvar for egne handlinger</i>	1 poeng
- Kfr reaksjonen etter drapet på Didrik	
17. <i>Mange kortvarige ekteskaps- eller samboerforhold</i>	0 poeng
- Nei	
18. <i>Ungdomskriminalitet</i>	0 poeng
- Nei	
19. <i>Vilkårsbrudd</i>	0 poeng
- Nei	

20. Kriminell karriere med flere typer lovbrudd 1 poeng
- Kfr drapet på Didrik

Sum **13 poeng**

Som vi ser har Ragnhild, i tillegg til mange gode eigenskapar, også ein del psykopatiske karaktertrekk, men ho skårar lågare enn Didrik.

Håkon

Håkon er den tredje hovudpersonen i dramaet på Stavsund. Han er gift med Ragnhild, og gjennom romanen bygger det seg opp ein konflikt mellom han og faren Didrik. Men forholdet mellom Håkon og faren er vanskeleg alt før Håkon og Ragnhild giftar seg og tek over garden:

... Men der sit han far. Mot han er han verjelaus, no når han har gjort seg til herre over han. Han minns eit stygt hende dem imillom. Det var straks før han fekk garen:

... Faren går der blid og trygg og hundsar han: slik og slik; og Håkon tier og finn seg i det, som elles. Men best det er så finn han seg ikkje i det, han seier stopp. Faren spør i iskalde vondskap: - Jaså, må eg verkeleg jaga deg òg frå garen? Håkon svarar like kaldt: - Nei, stakar, det blir eg som jagar deg. Dermed skyt sinne opp i han, så han slær i bordet og går tett inn på far sit med knytt neve: - Gjer eg min rett no, da – da! ... (Medmenneske (10);40)

... Ragnhild såg kor hardt det tok han, dette med faren. Han heldt av han, på sin måte, meir enn han sjølv visste, han hadde vore byrg av han, for Didrik var halden for beste horude i bygda, og vilde han ikkje skjemmast av han så laut han hjelpe han no. Men da måtte faren komma til han. ... (Medmenneske (10);50)

Forholdet mellom Håkon og Didrik blir neppe betre av at Ragnhild, mest truleg i samråd med Håkon, tvingar faren til å gi frå seg garden. Håkon er også ein stri person, han vil ikkje samarbeide med faren om møllebruket og saga nedpå Stranda.

Han tek tak i Arn og lempar han ut og trugar faren ein gong (Medmenneske (10);40), men elles ser vi ingen teikn til at han er valdeleg. Når konflikten tilspissar seg, har han mest lyst til å rømme til Amerika (Medmenneske (10);100-101).

Drapstrugsmål og umenneskeleg-gjering. I løpet av handlinga får vi eksempel på at fleire uttaler seg sterkt om kva dei meiner bør gjerast med Didrik. Ein kan få inntrykk av at familien er med på å umenneskeleggjere Didrik. Halvsøstra til Håkon, Lea, er i konflikt med faren om eit lån han ikkje har betalt tilbake:

... Eg skulde hit og ødelegge 'n far vår. Får eg ikkje pengane mine no, og det på timen òg, da veit eg ikkje kva eg gjer med han – eg drep han! ... (Medmenneske (10);45)

... Ho Lea drap han far visst han narra henne denne gongen; ... (Medmenneske (10);49)

Også Håkon får etter kvart eit hatsk forhold til faren, og er med på å «umenneskeleggjere» han:

... - Om einkvan uvetting gjorde som han var huga til, og slo han flat, så var det ikkje noko manndrap; for han er ikkje menneske no. ... (Medmenneske (10);58)

Håkon, etter roturen da dei frakta Didrik til sjukehuset:

... Han òg vart glad: men han vart redd seg sjølv, for no kjente han at heile tida med dei rodde båten og faren snakka så stygt, hadde han sitte og ønska det vart enden med faren, han var så ikkje eit rettelig menneske like vel. I alle fall hadde han vore like glad med kva som hendte. – Men er eg eit rettelig menneske, tenkte han, da er alle det. ... (Medmenneske (10);68)

... - Og kva vil du eg skal seie om 'n far? Eg kunde gjera mangt for han. Eg kunde gjort det, men no tåler eg han ikkje lenger. Syner han meg vondskapen sin ein gong til, da veit eg ikkje kva som hender. Da var det betre om eg hadde rømt. ... (Medmenneske (10);101)

Etter at Ragnhild har drept Didrik:

... Men er der ikkje eingong blod i han? undrast ho. Var det likt! Nei da måtte han ha vore eit menneske da. ... (Medmenneske (10);107)

Denne haldninga både hos Lea, Håkon, Tale og Ragnhild tyder på at dei ser på Didrik mindre og mindre som eit vanleg menneske. Når Ragnhild, som på mange måtar er eit klokt og forstandig menneske, slær han med øksehammaren «av all si kraft», og etterpå konstaterer at «*Nei da måtte han ha vore eit menneske da*», kan det tenkast at den gradvise umenneskeleg-gjeringa har gjort drapet lettare.

Var drapet «nødvendig»?

Ragnhild meinte det var nødvendig «å berge Håkon». Dessutan «var verda no kvitt han» (Medmenneske (10);107). Dette er tankar som Ragnhild kjem med etter drapet og kan godt tolkast som rasjonalisering eller ei bortforklaring for å «legitimere» drapet både for seg sjølv og andre. Vi hører ikke om slike tankar før drapet, drapet var ikke planlagt den morgonen ho skulle ut og hente ved. Når Didrik provoserer, kan ho ikke kontrollere seg og handlar på impuls.

Kor stor risikoen er for at Håkon skulle gjere faren noko, kan vi ikke vite, men det er grunn til å tru at Håkon hadde ein høg terskel før han ville gjere faren noko.

Didrik oppførte seg på ein ufyeleg måte som alle mislikte. Sett ut frå hans situasjon er det kanskje likevel mogleg å forstå den vanskelege situasjonen han var i. Han var i praksis tvinga til å gi frå seg garden, han hadde mista status og identitet, hadde inga rolle verken på garden eller i bygda, hadde ingen funksjon lenger - hadde mista all ære både i familien og i bygda, og han hadde svært lågt sjølvbilde. Det var noko av dette han på ein desperat måte prøvde å vinne att.

Didrik hadde ein del psykopatiske trekk, men var ingen psykopat i eigentleg forstand. Han var ikke utan empati. Etter at han var død, kom det opp rykte om at han hadde stått for ei valdtek og eit drap for mange år sidan, men vi får aldri

bekrefta dette. Han bruker makt mot Tale og mot Arn ein gong, elles er han ikkje valdeleg, men når han kjem med forslaget om å bygge mølle og sag på Stranda, møter han ein stri og uforsonleg Håkon. Ragnhild prøver å mekle mellom Håkon og faren, men har sjølv ei dobbeltrolle. Etter som ho er gift med Håkon, har ho naturleg nok si eiga interesse av at Håkon skal lykkast, og ho oppmuntrar Håkon til å satse ned på Stranda. Samtidig prøver ho å få til ei forsoning. Dette blir dermed ein dobbeltkommunikasjon, og meklinga mislykkast.

Sett utanfrå kan det verke nokså urimeleg at Håkon ikkje vil inngå avtale med faren, slik at dei kan lage eit felles prosjekt. Faren er over 60 år, og han vil uansett ikkje ha så veldig mange år igjen som yrkesaktiv. Kanskje er det slik at Håkon ikkje greier å samarbeide med faren fordi han er så vanskeleg, men vi kan likså godt få inntrykk av at Håkon ikkje vil dele «æra» og kanskje fortenesta med faren. I det heile verkar det som Håkon er nokså stri og lite kompromissvillig av natur.

Ragnhild opplever konflikten mellom Håkon og faren som svært vanskeleg. Ho har og store tankar om seg sjølv, ho er handlekraftig og vant til å kunne ordne opp (Medmenneske (10);99,101). Slik får konflikten ein katastrofal utgang når Ragnhild blir maksimalt provosert, bl.a. av at Didrik truar henne med at dei må rømme fordi han kan skulde dei både for drap på Gammalfaster og for forfalsking av testamentet hennar. Men drapet var ei impulshandling, det var ikkje planlagt. Dette er i tråd med den måten mange drap skjer på [5].

Etterpå unnskylder Ragnhild drapet med at ho hadde «redda» Håkon frå å gjere skade på faren, og med at no hadde verda blitt kvitt han (Medmenneske (10); 107). Dette verkar mest som eit forsøk på å bortforklare for seg sjølv, så ho kunne leve med det, men utan å verkeleg ta inn over seg det ho faktisk hadde gjort. Ho tilstår først når Håkon pressar henne til det.

Drapet på Didrik er eit resultat av ein konflikt mellom Didrik, som var desperat etter å gjenreise den tapte «æra» si, og ein stri og lite samarbeidsvillig Håkon, og

Ragnhild, som forventa av seg sjølv at ho kunne «ordne opp». Ved ein meir moden reaksjon frå Håkon og Ragnhild kunne ein sjølvsagt ha tenkt seg fleire andre, ikkje valdelege utgangar på denne konflikten, sjølv om Didrik var vanskeleg. Å karakterisere Didrik som «vond» vil i medisinsk/psykologisk terminologi tilsvare ein psykopat, og det passar därleg på Didrik. Det er ikkje umogleg at Didrik trass alt kunne ha endra seg eller kanskje gått med på eit kompromiss i den aktuelle konflikten. Lett ville det ikkje ha vorte for nokon av dei impliserte, men å konkludere med at drap var einaste utvegen, gir inga mening.

Frå ein medisinsk/psykologisk synsvinkel er drapet den verst tenkelege utgangen. Resultatet er ein katastrofe, ikkje berre for Didrik, men også for dei som er att: For Ragnhild, som må sitte i fengsel i mange år, og som «mistar» både mann, barn og heim i alle desse åra, for Håkon, som forutan å miste faren, også mistar kona i mange år, for Hallvard, som mistar mora i desse åra, og for Tale, som forutan å miste mannen sin, også får ei vanskeleg stilling på garden. Dessutan opplever dei alle sjølvsagt skamma som følger med ei slik drapssak.

«*Det vonde drep du ikkje med øks*», seier djevelen til Ragnhild i ein draum etter drapet. (Medmenneske (10);123). Det kan vere mykje rett i det, men først og fremst kan det vere lurt å tenkje over kven som er «vond» – om den ein tenkjer på verkeleg er så vond som det ein trur. Og er den som ein trur er «god», så god som ein først trur? Verda og menneska er oftare måla i gråtonar enn i svart og kvitt. Det kan vere ein god grunn til å vere forsiktig både med øksa og andre drapsvåpen.

14.5. Diskusjon

Ola Håberg, Martin Brudalen, Carolus Magnus, og Didrik, Ragnhild og Håkon Dale er seks markante personar i Duuns forfattarskap. Gjennomgangen i dette kapittelet viser kor samansette og komplekse desse personane er, og dei fleste er studert og analysert av litteraturvitayar før. Når eg ser på dei med «dokterbriller», er

utgangspunktet litt annleis, blant anna fordi som lege må eg halde det tradisjonelt moralske aspektet på avstand.

Etter vanlege kriterier er Carolus Magnus ein psykopat, ein som alltid set seg sjølv i sentrum, som utnyttar dei omkring seg til eigen fordel, utan empati, og som har psykotiske periodar. Til slutt blir han så psykotisk at han må leggast inn på sinnsjukehus. Sett med «dokterbriller» er romanen ein god illustrasjon på kor destruktiv og farleg ein psykopat kan vere, men som romanfigur er Carolus Magnus eindimensjonal, og blant alle Duuns sentrale romanfigurar er han kanskje ein av dei mindre interessante [6].

Martin Brudalen blir depressiv og i ein periode psykotisk, men her er noko av den utløysande årsaka religiøse førestillingar. I dei fleste romanane har Duun eit spark til «desarane», og ein kan sjå livet til Martin Brudalen som del av dette.

Ola Håberg og Didrik Dale er på mange måtar ulike. Dei har og ulike roller i samfunnet, men på eit vis får dei ein felles skjebne. Begge er over lang tid utsett for grov hetsing og sjikanering, ikkje berre frå bygda, men også frå den nære familien. Dei får få eller ingen positive tilbakemeldingar, og det er ingen som eigentleg viser omsorg for dei; dei blir åleine mot «alle». Dette går ut over sjølvbildet og psyken. Ola går inn i ein langvarig depresjon, mens Didrik reagerer med opposisjon og trass. Som følge av både «bygdedyret» og «familiedyret» endar begge liv tragisk, men god og dramatisk litteratur blir det.

15. Samla diskusjon

Utgangspunktet for denne boka var eit inntrykk av at Duuns skildringar av sjukdom og uhelse kunne vere interessante ut frå eit medisinsk historisk perspektiv, og eg hadde som mål å studere nærmare desse spørsmåla (kapittel 2): Korleis var sjukdomsmønsteret i Duuns litterære univers? Korleis opplevde romanfigurane hans sjukdom og uhelse? Kva slags syn hadde dei på medisinske hjelpemiddel, som for eksempel folkemedisin, dokter og sjukehus? Kva betydde andre forhold, som familien, bygda og samfunnet elles, for sjukdom og uhelse?

I dette kapitlet vil eg oppsummere dei viktigaste funna og deretter drøfte kva slags kunnskap vi i dag kan ta med oss når vi på denne måten bruker skjønnlitteratur som kjelde til medisinsk historie.

15.1. Hovudfunn

Sjukdom og uhelse var ein del av kvardagen

Det viktigaste funnet og noko av det som har gjort sterkt inntrykk på meg ved lesinga av Duun, er erkjenninga av kor nært Duuns litterære personar levde med sjukdom, ulykker og død i kvardagen. Handlinga i dei fleste romanane er lagt til omkring førre hundreårsskiftet, dvs. berre omtrent hundre år sidan, men kontrastane til dagens samfunn er store. Mens vi i dag tek det nærmast som sjølvsagt at vi får friske barn, har ei god helse til vi blir gamle og har tilgang til gode og effektive helsetenester, var ikkje noko av dette sjølvsagte ting for Duuns personar. Livet var utrygt på ein heilt annan måte enn det vi er vant til i dag.

Det sjukdomsmønsteret som Duun skildrar i litteraturen sin er for ein stor del prega av ulike infeksjonssjukdommar. Det er tuberkulosen i ulike former og ulike stadier som oftast går igjen, og han krev mange dødsfall, men også mange andre infeksjonar kunne vere alvorlege og kanskje dødelege. Dette var lenge før antibiotikaen kom, og lungebetennelse kunne vere dødeleg, på same måten som vanlege barnesjukdommar kunne vere alvorlege. Dødsfall hos barn og unge var ikkje uvanleg. Vi kan og lese om mange uønska graviditetar, om abortar, fødslar og fødselskomplikasjonar.

Psykologiske reaksjonar og mentale problem og sjukdommar er sentrale element i mykje av litteraturen hans. Han skriv også om alkoholisme og ulike grad av karakteravvik. Sjølvordstankar og sjølvmord er også viktige tema.

Det er elles ei lang rekke andre sjukdommar og helseproblem som inngår i Duuns forfattarskap. Dessutan kan vi lese om familievald, oppsedarvald og oppvekstforhold som vi i dag ville kalle barnemishandling. Vi kan lese om korleis det var å bli gammal, om korleis tru, overtru og folkemedisin styrte livet til mange, men også om korleis ein meir naturvitenskapeleg basert medisin etter kvart kom i bruk. Dei tette bygdesamfunna som Duun skildrar gir inspirasjon og motivasjon for nokre av personane, men den klamme og til dels farlege kontrollen frå «bygdedyret» er elles til stades i rikt monn.

I det heile bruker Duun eit stort spekter av ulike helseplager og sjukdommar i litteraturen sin, men det fanst også nokre sjukdommar som Duun ikkje skildrar i det heile, for eksempel kjønnssjukdommar og lepra. Ved å samanlikne diagnosestatistikken i Duuns litteratur med opplysninga vi kan få om helsetilstanden i Ytter-Namdalen på slutten av 1800-talet og starten på 1900-talet, er det delvis samsvar. Det *var* tuberkulose og andre infeksjonssjukdommar som dominerte sjukdomsbildet i Ytter-Namdalen på Duuns tid.

Korleis folk opplevde sjukdom og uhelse

Hos Duun kan vi lese ikkje berre *om at* dei vart sjuke, men korleis dei *opplevde* sjukdommen. Mange av personane hans blir vi godt kjende med og kjem nært inn på, også når dei blir sjuke. Noko av det som kanskje er mest ukjent for oss som lever i dag, er dei langvarige og slitsame sjukdomsprosessane som tuberkulosen førte med seg. Vi høyrer ikkje berre om ulike symptom som hoste, blodig oppspyt, tung pust, slappheit og feber og feberfantasiar, men kanskje likså viktig er det korleis dei opplevde angst, skamma, tabuiseringa, vekslinga mellom håp og motløyse og etter kvart resignasjonen inn mot sluttfasen og døden. Dessutan høyrer vi korleis menneska omkring den sjuke hadde det, med stell, nattevåk, hjelpe løyse og angst, i tillegg til korleis dei vart utslitne reint fysisk. Og det gjaldt ikkje berre tuberkulosen, men også for eksempel ved lungebetennelse, kreft, hjerneslag, fødselskomplikasjonar, difteri og andre barnesjukdommar. Dessutan er det mange eksempel på at det var mykje redsel og overtru knyttta til døden.

Danel i «På tvert» er eit eksempel på korleis ein gut med ei funksjonshemming strevar med å kompensere for helseplagene og å skaffe seg ein plass i samfunnet, trass i plagene. I «Siste leveåre» viser Duun at også ein innbilt sjukdom kunne vere alvorleg nok. I «Sigyn» har han livaktige skildringar av korleis tannpina kunne opplevast – også det ei vanleg plage i tidlegare tider.

Redsel for graviditet er eit tema i nokre av romanane, men vi høyrer ingen ting om prevensjon. Uønska graviditet kunne vere alvorleg og dramatisk, særleg for jentene, som fekk sitte både med skamma og omsorga for barnet. Men vi høyrer også om fleire mødre som slett ikkje skamma seg på grunn av ein «lausunge», men tvert i mot var stolt av barnet. Vi kan lese om fleire spontane abortar, og også om nokre provoserte abortar, sjølv om dette både var straffbart og risikabelt. Fødslar og fødselskomplikasjonar har Duun skildra meir på avstand, sjølv om vi i «Carolus

Magnus» har ei skildring av Martha som dør av svangerskapsforgiftning. Elles var ikkje kvinnehelse Duuns sterke side.

Psykologiske konfliktar er sentrale i mange av Duuns romanar, og det kan vere ein glidande overgang frå normale psykiske reaksjonar til det vi i dag vil kalle psykisk sjukdom. Det er angst- og depresjonsplager som er mest vanleg, og vi kan lese om fleire som er suicidale. Det er ikkje minst dei personane som har psykiske problem og som kanskje har karakteravvik, som er interessante ut frå eit medisinsk synspunkt.

Dei helseplagene som Duun skildrar i sitt litterære univers, kan vi også lese om i medisinsk litteratur. Heldigvis er fleire av sjukdommane han skildrar i praksis utrydda i Noreg i dag, så dagens generasjon av helsearbeidarar har knapt sett fleire av desse sjukdommane. Dessutan blir det noko heilt anna å lese om korleis sjukdommen blir opplevd av pasientane og familiene enn å lese ein nøktern og kanskje nokså teknisk tekst i ei medisinsk lærebok. Det er ikkje minst her Duun kan lære dagens helsearbeidarar noko.

Bruk av dokter og andre helsetenester

I dei romanane som er lagt til slutten av 1700-talet og tidleg 1800-tal, høyrer vi ingen ting om dokter eller andre, meir moderne helsetenester. Ved sjukdom er folk overlatne til seg sjølve og er i mange tilfelle påverka av trua på vonde makter, finngann og ulike varsel. Folkemedisin og det vi i dag vil kalle overtru, var harde realitetar, og kristne førestillingar om synd og straff var ofte tilstades. I historier lagt til slutten av 1800-talet og først på 1900-talet blir dokteren ofte tilkalla når nokon blir alvorleg sjuk eller ved ulykker, men dokteren er oftast ein fjern person. Han blir som regel tilkalla seint i sjukdomsforlopet og kan sjeldan gjere noko frå eller til. I dei historiene som er lagt til 1900-talet, møter vi også sjukepleiarar ute på bygda. Fødslane skjer heime med hjelp av kvinner i familien og i nablaget.

Fleire av Duuns personar blir innlagde på sjukehus, og nokre blir operert, men dei fleste med dårlig resultat. Alle som dør av tuberkulose ligg heime utan noko særskilt medisinsk behandling, men i dei romanane som er lagt til 1900-talet er det stor tru på at kuropphald på sanatorier og helseheimar vil gjere folk friske. Trass i at mange personar i desse bøkene har psykiske problem, hører vi nesten aldri om at nokon kan få profesjonell hjelp for dette, men det finst unntak: Danel i «På tvert» er alvorleg redd for å bli innlagt på Rotvoll, men unngår dette. Carolus Magnus i «Carolus Magnus» blir innlagt på sinnsjukehus til slutt.

Når vi ser Duuns litteratur samla, kan vi altså følge utviklinga av synet på sjukdom og bruken av helsetenester over ein periode på over hundre år, frå det vi i dag vil kalle folkemedisin og overtru, til trua på det som var «moderne» helsetenester først på 1900-talet. Vi hører likevel sjeldan at behandlinga hjelper, enten det gjeld gammal folkemedisin eller meir moderne behandling. Det gjennomgåande trekket er at sjukdommen går sin ubønnhørlege gang.

Andre relevante tema

Sjukdom og uhelse oppstår ikkje i eit vakum. Korleis samfunnet rundt er, og korleis det reagerer når sjukdom og uhelse råker, kan bety mykje. Hos Duun er bygda sentral i mange av romanane, og vi hører nokre gonger at bygdemiljøet verkar positivt på helse og trivsel, men kanskje oftast kor trykkande og helsefarleg bygda kan vere. Kanskje er det særleg det tette miljøet, der dei fleste veit det meste om kvarandre, som kan vere ei psykisk påkjenning.

Vald var akseptert i større grad enn i dag, kanskje særleg mot barn. Oppsedarvald var sett på som ein nødvendig del av det å oppdra barn, og vi hører om mange slike tilfelle. Vi hører også om tilfelle av annan familievald, slåsskampar og overfall. Det er sjeldan snakk om å melde slikt til lensmannen.

Kvinnene hadde ei anna rolle enn det vi er vande med i dag. Trass i at vi blir kjende med mange sterke kvinner hos Duun, hadde kvinnene som regel sine gamle og tradisjonelle roller. I Duuns litterære univers var det oftest mennene som rådde.

Det er fleire tema Duun skriv lite om, for eksempel hygiene, mat og klede, men frå det vi veit gjennom andre kjelder er det grunn til å tru at hygienen var ganske därleg, og at kleda var lite tilpassa det harde livet på sjøen. Maten var truleg nokså einsformig, og det var truleg også eit høgt forbruk av både tobakk og alkohol.

Noko av det som gjer eit sterkt inntrykk på ein leser av i dag, er dei store sosiale skilnadene i Duuns bygdesamfunn. Dei fleste av Duuns litterære personar hører til det vi kunne kalle ein middelklasse, med bønder og fiskarar som dei meste sentrale. Dei har det dei treng av hus, mat og klede, og enda har dei litt til overs. Samtidig kan vi lese om rein og skjær fattigdom og svolt. Da det ikkje er noko anna sosialt tryggingsnett, må barn i mange tilfelle bli bortsett på bygda. Vi hører og om samar og tatrar, som ikkje blir «rekna med» i samfunnet, men som mest blir omtala som uønska element og truslar mot det etablerte samfunnet. Alt dette er moment som vil vere sjukdomsskapande i eit samfunn.

Alt i alt skildrar Duun bygdesamfunn som for nokre av personene var inspirerande og positive, men når vi ser på desse med «dokterbriller», var det mange sjukdomsskapande element i desse bygdene, og mange fekk lide for dette.

15.2. Å bruke «dokterbriller» på Duuns litteratur

Eit relevant spørsmål kan vere om det i det heile tatt er «riktig» og «forsvarleg» å studere litteratur med «dokterbriller», slik som eg har gjort her. Eit medisinsk perspektiv vil uvilkårleg innsnevре synsfeltet og kan ta inn berre ein del av alt det som Duuns mangfoldige litteratur vil formidle. Vil ikkje essensen i litteraturen bli borte med slik «partering» og «disseksjon» av stoffet? Vil det vere eit overgrep mot forfattaren og litteraturen hans?

Dersom målet var å drøfte dei store eksistensielle spørsmåla, som store delar av Duuns litteratur handlar om, ville slike argument vere relevante. Det er før skrive mange bøker og avhandlingar som har tatt for seg ulike sider ved Duuns litteratur, men knapt nokon har greidd å ta inn alle perspektiva hos Duun. Det er nettopp det som er kjenneteiknet ved dei mest interessante forfattarane - at dei kan lesast og studerast frå ulike perspektiv. Ein kan lese dei fleire gonger, og stadig kan ein oppdage nye og interessante sider ved personane og handlingane. Litteraturen kan bli både «partert» og «dissekert», han tåler dette godt, og utan at det er noko overgrep verken mot litteraturen eller forfattaren. Det er slik eg opplever Duuns litteratur.

Difor, når eg nå har studert ei side ved Duuns litteratur og har sett på han med «dokterbriller», er eg sjølvsagt klar over at eg på denne måten har oversett mange andre og viktige aspekt. Eg har her tatt allmennlegens og samfunnsmedisinarens rolle. Eg er utdanna og har hatt yrkeskarriera mi på siste del av 1900-talet og starten på 2000-talet, dvs. omtrent hundre år etter den tida som handlingane i dei fleste av Duuns romanar er lagt til. Den legeetikken som gjeld i dag føreset at ein lege skal ta i mot og behandle alle pasientar på like vilkår, og han/ho skal sette diagnosar og behandle ut frå objektive kriterium og beste medisinske skjønn.

I dag finst det internasjonale diagnostilister, og eg har tatt utgangspunkt i ICPC-2 i ein del av arbeidet her, men omgrep som vondskap, umoral, synd og skam, som er viktige tema hos Duun, finst ikkje i det medisinske vokabularet eller i diagnostilistene. Det moralske perspektivet, som dei fleste Duun-studiane drøftar, høyrer difor ikkje med når eg her ser på litteraturen med «dokterbrillene» mine. Dette blir særleg tydeleg når eg ser på nokre av dei mest karakteristiske personane hos Duun, som for eksempel Didrik, Ragnhild og Håkon i «Medmenneske». Som lege prøver eg å forstå kvifor personane handlar som dei gjer ut frå eit medisinsk, psykologisk og kanskje sosiologisk perspektiv, utan å sette moralske merkelappar på dei. Eit underliggende motiv for ein lege er at ein på den måten vil prøve å finne måtar å hjelpe personane

på, kanskje slik at konfliktar ikkje blir verre. Tolkingar med eit slikt utgangspunkt kan difor bli nokså annleis enn det dei fleste tidlegare Duun-forskarane har publisert.

15.3. Skjønnlitteratur som kjelde for medisinsk historie

Faglitteratur er naturlege kjelder til historieskrivinga. Men kva med skjønnlitteratur – kan det brukast som truverdig historisk kjelde? Schiøtz drøftar dette:

... Trass i at det handlar om fiksjon, er truleg skjønnlitterære verk dei rikaste kjeldene om vi vil gripe pasienterfaringane. Det som særmerkjer dei gode diktarane, er nettopp evna til observasjon og innleiring. Dei set ord på det ordlause, dei appellerer til sansane våre, og dei opnar for innsikt og nye måtar å tolke liv og sjukdom på. ... [1]

Også Kjelstadli meiner at skjønnlitteratur kan brukast av historikarar – på visse vilkår. Han siterer Edvard Bull d.y. (1914-1986) som skal ha sagt dette:

... «litteraturen gir opplysninger om menneskers opplevelser av sin tids virkelighet, om konvensjonelle holdninger, meninger og moralbegreper. Den kan gi kunnskap om «ytretting», og den kan ses som uttrykk for den ideologiske påvirkningen som fortidas mennesker ble utsatt for». ... [2]

Kjelstadli fortset:

... «Men å bruke litteratur må ikke skje for direkte og naivt rett fram. Skjønnlitteraturen er jo ikke en direkte avspeiling av virkeligheten, men fiksjon. Om bevisstheten vår er en bearbeiding av de erfaringene vi har gjort i livet, er en skjønnlitterær framstilling enda en ny runde med bearbeiding. I denne bearbeidningen påvirkes en forfatter av tidas stilidealer, av sjangeren, av det han mener er publikums forventninger, av muligheten for å få solgt boka. Skal en få tak i forfatterens primære erfaringer, må slikt «ryddes unna». Dessuten må vi spørre: Hva representerer forfatteren? Et stykke på vei viser han eller hun en tid eller et visst miljø. ... Videre må vi stille kritiske spørsmål ved litteratur som ved andre kilder: Hva

slags bok er det, hvorfor er den skrevet? Hvor godt kjente forfatteren emnet? ... Og: Hvem skrev forfatteren for? Kjente leserne emnet, slik at det her lå en kontroll? For opplysninger om konkrete detaljer kan dårlige kolportasje- og kioskbøker være like opplysende som mesterverkene. Men den gode litteraturen trenger vi for å kunne leve oss inn i livene i fortida, for å få «økt menneskekunnskap», som Edvard Bull d.y. sa» ... [2]

Når vi skal vurdere Duuns litteratur som kjelde til medisinsk historie, bør vi difor også sjå kritisk på desse spørsmåla.

Helse og sjukdom som tema i skjønnlitteraturen er ikkje nytt. Mange norske forfattarar har skildra helse, sjukdom og helserelaterte tema i litteraturen sin. Også det å bruke litteratur som kjelde til medisinsk historie har ein lang tradisjon. Noko av det vanlegaste har vore personlege historier i form av for eksempel dagbøker, brev og sjølvbiografiar (memoarlitteratur), ofte frå folk som ikkje er profesjonelle forfattarar. Det kan og vere profesjonelle forfattarar som greier å skildre eigne opplevingar på ein måte som gir god innsikt i sjukdommen, korleis den sjuke opplever tilstanden, og korleis familien og hjelparane rundt handterer situasjonen.

Eit klassisk eksempel på litteratur som gir god innsikt i helse og sjukdom er «Ivan Ilitjs' død» [3], der Leo Tolstoj (1828-1910) greier å skildre korleis Ivan Ilitsj går frå å vere ein frisk og respektable borgar til ein sårbar og nedverdig pasient, utstøytt både frå samfunnet og familien, før han til slutt dør, 45 år gammal. Eit anna eksempel er Amalie Skram (1846-1905), som i to bøker skildrar korleis det var å ha ein psykisk sjukdom og vere innlagt på eit «sinnsjukeasyl» («Professor Hieronimus» og «På Sct. Jørgen». 1895) [4, 5]. Knut Hamsun (1859-1952) har også med nokre skildringar av helse og sjukdom i «Markens grøde» (1917) [6]. Johan Bojer (1872-1959) er eit eksempel som er nært Duun, ikkje berre i tid, men også i geografi. I «Den siste viking» (1921) [7] skildrar han fleire medisinske tilfelle, blant anna korleis Per Suzansa opplever å få påvist lepra, og korleis Elezeus Hylla dør av lungebetennelse

mens dei er ute på fiske. Han skildrar også helserelaterte tema som mat og klede, og han har også ei detaljert skildring av kor brutal fattigdommen kunne vere (vedlegg 1).

Eit anna eksempel på memoarlitteratur som er relevant også for Duuns litteratur, er Dag Skogheim (1928-2015) [8]. Han skildrar korleis det var å ha tuberkulose ut frå eigne erfaringar. Han vart innlagt på ein tuberkuloseinstitusjon som tenåring og fortel korleis han opplevde forholdet til andre pasientar, mange på hans eigen alder. Han fortel og om forholdet til personalet og den strenge sjukehuskulturen, han skildrar skamma og tabuiseringa ved det å ha tuberkulose, og ikkje minst fortel han kor sterkt inntrykk det gjorde å oppleve at medpasientar døydde. Mykje av det Skogheim fortel stadfestar det Duun skildrar, for eksempel i historia om Marjane («Marjane» og «I ungdomen») og i fleire av Duuns personar i Juvikfolke, som for eksempel når Peder («Storbrylloppet») og Elen, mor til Odin («I ungdommen»), blir sjuke og dør.

Fiksjon eller realisme?

Duuns litteratur er først og fremst prega av dei store eksistensielle spørsmåla, som livet, kjærleiken og døden, og det er først og fremt måten han har skildra desse som gjer han til ein stor forfattar. Duun var ein ordkunstnar og greidde også å skildre folkelivet på ein god måte, og han har mange naturskildringar. Det overordna målet for forfattaren Duun var sølvsgåt på denne måten å formidle estetiske opplevelingar til lesaren. Dette er grundig drøfta av mange Duun-kjennarar, frå Rolv Thesens bok frå 1942 til nyare biografiar og avhandlingar [10-13]. Likevel, bortsett frå Hovstads artikkel om Juvikfolke [14], er det få som har lagt stor vekt på dei medisinske skildringane i Duuns litteratur.

Duun skil seg ut frå mange andre forfattarar ved at mange av skildringane hans er detaljerte, han ser sjukdommen eller helseproblema frå den sjuke og familien si side, og skildringane verkar ofte truverdige, medisinsk sett. Rett nok har han nokre stader tatt seg litt dikterisk fridom, som når Danel fot i «På tvert» står rett ut, mens det

hadde vore meir truverdig dersom foten hadde vore vridd innover, som ein klumpfot. Det finst og mange stader der han skildrar at ein person blir «kvit» eller «raud» i ansiktet av psykiske påkjenningar, men dette må tilskrivast kontoen for litterære verkemiddel, og det øydelegg ikkje hovudinntrykket av at skildringane hans av dei ulike helseproblema er interessante ut frå eit medisinsk perspektiv.

Fleire biografar skriv dessutan at Duun generelt skreiv ut frå eigne erfaringar. I pamfletten «Det norske syn» i 1926 skreiv Duun at dersom kunstnaren skal ha noko å formidle til andre folk enn sitt eige, må han ta utgangspunkt i sitt eige tradisjonsgrunnlag. For kva skulle han elles ha å skrive om som ikkje andre folk visste betre av seg sjølve? Og skal ein ha evna til å ta til seg lærdom frå andre, må ein først vere trygg på sitt eige utgangspunkt [15]. Det er difor fleire ting som tyder på at Duuns skildringar ligg nært opp til verkelege hendingar. Denne realismen i Duuns litteratur gjer at han er meir interessant ut frå ein medisinske historisk ståstad enn det mange andre forfattarar er.

15.4. Duuns skildringar av helse og sjukdom - i perspektiv

Dei levde i si tid

Når eg les Duun, er det sølvsagt fare for at eg, med min medisinske bakgrunn og mine livserfaringar mange tiår etter at Duun levde, tolkar litteraturen ut frå mitt 2019-perspektiv. Dette kan bli både feil og kanskje urettferdig. For å få eit meir tidsriktig perspektiv på Duuns litteratur, er det nødvendig å prøve å sjå litteraturen ut frå den tida som handlingane er lagt til.

Som drøfta i kapittel 1, hadde folk enno langt ut på 1800-talet førestillingar om helse og sjukdom som hadde røter tilbake til den antikke humoral-læra, samtidig som trua på folkemedisin og overnaturlege krefter var viktig. Frå andre halvdel av 1800-

talet var det ei rivande utvikling innanfor naturvitenskapen, så Duun opplevde i si tid overgangen frå mange av desse gamle forestillingane til ein meir naturvitenskapeleg basert medisin og utbygging av helseinstitusjonar utover 1900-talet. Denne utviklinga er avspeglia i litteraturen hans: Tidleg på 1800-talet låg Per Anders i naustet Løssi Langnatt, møtte «Svartmeisk», fekk lungebetennelse og døydde, mens både han og familien hans såg mange uhyggelege varsel («Juvikingar»). Finngann var ein reell fare. Dåret setertaus, mor til Danel i «På tvert», ville verken ha dokter eller vekke folk midt på natta «berre for at ho skulle stryke med». Ved sjukdom var det stor grad av fatalisme, der sjukdommen måtte gå sin gang. Mange sette sin lit til Vårherre, mens langt færre såg ut til å stole på dokteren. Men seinare, i dei romanane der handlinga er lagt til omkring 1920-1930 («Siste leveåret», «Ettermæle» og «Samtid»), høyrer vi at det var vanleg å få seg undersøkt hos dokter, og at det var viktig å bli innlagt på sjukehus eller komme til ein tuberkulose-institusjon.

Andre sider ved Duuns samfunn var for eksempel dei store sosiale skilnadene, synet på vald i barneoppsedinga, manglande tilgang på prevensjon, kvinnene si stilling, manglande vernetiltak under arbeidet og manglande redningsutstyr på sjøen. Alt dette var harde realitetar for dei som levde på den tida.

Vi kan lære om «gamle» sjukdommar

Når eg i dag les Duuns litteratur, er det fleire moment som er interessante ut frå ein medisinsk historisk ståstad. Eit slikt moment er at Duun skildrar fleire sjukdommar som i dag er meir eller mindre utrydda i Noreg:

Tuberkulose er den sjukdommen som oftast går igjen i Duuns litteratur. Dette er ikkje unaturleg, etter som tuberkulosen tok mange liv, ikkje minst mange *unge* liv, i Duuns levetid. Sjukdommen var på retur alt på 1920- og 1930-talet, og etter at det kom både effektiv antibiotikabehandling og effektiv førebygging mot tuberkulose frå 1940-talet og utover, kom tuberkulosen nesten bort [16]. Resultatet er at det i dag er få norske legar som har opplevd alle dei ulike fasane av tuberkulosen, og særleg ikkje

slige seige dødsprosessar hos unge menneske som vi kan lese om hos Duun (eks. Peder i «Storbrylloppet» og Elen i «I ungdomen»).

Tyfoidfeber (nervefeber) har vore årsak til alvorlege epidemiar, truleg i fleire hundre år, og enno på Duuns tid kunne tyfoidfeberen vere dødeleg. Gjennom førebyggande tiltak som god hygiene og vaksine, og ved antibiotika og symptomatisk behandling, er tyfoidfeber ikkje eit stort problem i Noreg i dag [17].

Difteri var ein ikkje uvanleg dødsårsak hos barn og unge på Duuns tid, og vi kan lese om fleire slike tilfelle. Etter siste verdskrig har det knapt vore registrert difteri i Noreg [18].

Kikhoste kunne på Duuns tid vere alvorleg, og var ein ikkje uvanleg dødsårsak, særleg hos små barn [19].

Svangerskapsforgiftning er ikke ukjent heller i dag, men ei sentral oppgåve for svangerskapsomsorga i Noreg i dag er nettopp å førebygge og oppdage svangerskapsforgifting (preeklampsia) på eit tidleg tidspunkt. Difor er det neppe nokon norsk lege i dag som har opplevd dødsfall av svangerskapsforgiftning, slik vi kan lese om i «*Carolus Magnus*» når Marta dør.

Duuns til dels detaljerte skildringar av korleis desse sjukdommane kunne arte seg, gir eit anna bilde enn når vi les om dei same sjukdommane i ei medisinsk lærebok. Vi skal ikkje meir enn nokre timars flytur sørover før fleire av desse sjukdommane er daglegdagse også i dag.

Med dagens perspektiv

Når vi samanliknar samfunnet i dag med det samfunnet som Duun skildrar, har det skjedd mange og slåande endringar. På mange område har det skjedd forbetringar, men vi må nok erkjenne at vi også i dag har utfordringar:

Livsstilen, dvs. måten vi lever på, er i dag nokså ulik den Duuns personar hadde. Det gjeld ikkje berre den generelle levestandarden, men også for eksempel hus, klede,

hygiene, mat, drikke, og også fysisk og sosial aktivitet. Den gjennomsnittlege levealderen har auka frå 50-60 år i 1900 til over 80 år i 2018 [20]. I dag er overvekt, fysisk inaktivitet og einsemd blant folkehelseproblema. Dette hører vi lite om hos Duun. Alkoholen førte derimot med seg mange problem i litteraturen til Duun, og det same gjeld i minst like stor grad i dag, samtidig som vi nå har fått andre rusproblem i tillegg [21, 22].

Infeksjonssjukdommane er i dag under kontroll på ein heilt annan måte enn på Duuns tid. Det gjeld også tuberkulosen. I dag, derimot, opplever vi at antibiotikaresistensen er eit veksande problem, og vaksinemotstanden er aukande i nokre miljø. Dei mest pessimistiske har difor spådd at vi om ei tid kanskje kjem i omtrent same situasjon som tida før vi hadde antibiotika og vaksiner. Da kan vi kanskje få oppleve situasjoner omtrent som dei Duuns personar opplevde på hans tid. Det er og eit tankekors at tuberkulose slett ikkje er utrydda globalt, slik WHO hadde som mål for nokre år sidan. I 2017 vart det registrert over 160 000 tilfelle med tuberkulose. Aktiv behandling og vaksine er viktig, men det er grunn til å tru at fattigdom er eit underliggende problem [23, 24].

Synet på *barneoppseding* har endra seg dramatisk. Mens Duuns personar såg det som del av ansvaret deira å gje ungane ris, er dette nå straffbart. Barnevernet er nå utbygd i alle kommunar, så barn blir tatt vare på og ikkje sendt på bygda på meir eller mindre tilfeldig vis, som på Duuns tid. Vi opplever nå at det er for få fosterforeldre, at barnevernet ofte kjem til kort og stadig er utsett for kritikk. Det kjem dessutan rapportar om at angst og depresjon hos unge blir meir utbreidd.

Kvinnenes stilling er nå heilt annleis enn på Duuns tid, både rolla deira i yrkeslivet og i samfunnet elles, og dei har i dag ein heilt annan kontroll over svangerskap og fødslar.

Eldreomsorg. Hos Duun er det familien som har ansvaret for dei eldre, men ikkje alle har familie som kan ha omsorga, så da blir dei sendt gardimellom på legd. I «I

ungdommen» høyrer vi at bestemor Åsel vil ha bygd ein «gammelheim» for «fattige gamle», og «I stormen» har barnebarnet Odin fått realisert dette. Denne historia er lagt til tidleg på 1900-talet, og er det første teiknet på at ei offentleg eldreomsorg var på gang. I dag tek vi dei offentlege tenestene meir eller mindre for gitt, men om det offentlege vil greie utfordringane i åra framover, kan vere usikkert, og dette blir stadig debattert. Kanskje vil familien igjen få eit større ansvar for sine gamle.

Utviklinga av helsetenestene er eit av dei områda der det har skjedd mest etter Duuns tid. Stikkord er antibiotika, vaksiner, utdanning av fleire legar og anna helsepersonell, utbygging av sjukehus, ny teknologi for undersøking og behandling og effektive medisinar. Dette har gitt eit anna syn på helse, sjukdom og død enn det Duuns personar hadde. Dei levde tett på sjukdom, ulykker og død og var stort sett overlatne til seg sjølve. I dag kan vi nærmast ta for gitt både avanserte og rimelege helsetenester og det å ha ei god helse til langt opp i alderdommen.

Tannhelsa er betre i dag, så tannpine, som Duun også har skildra, er langt sjeldnare. Men det er uro, særleg for tannhelsa til dei eldre, og tannhelse er enno ikkje kome under dei offentlege refusjonsordningane på linje med andre helsetenester.

Psykiske problem var vanlege hos Duuns personar og er vanlege også i dag. Mens det på Duuns tid var familien som hadde ansvaret for dei som hadde psykiske problem eller var psykisk utviklingshemma, og utan noko profesjonell hjelp, har vi i dag fleire spesialiserte profesjonar og moderne sjukehus og medisinar. Likevel er mange, både unge og eldre, plaga med angst og depresjon [25], og sjølvmort er også i dag eit vanleg fenomen, både hos unge og eldre [26, 27].

Arbeidslivet på Duuns tid var prega av stor risiko for liv og helse, ikkje minst når dei var på sjøen, og vi høyrer om mange og alvorlege ulykker. I dag er arbeidslivet regulert på ein heilt annan måte, det er større og langt sikrare båtar, og dei som er på sjøen har GPS og ekkolodd, og dei kan følge med vérmeldingane kontinuerleg, for eksempel på Yr.no. Likevel er det mange som druknar kvart år, arbeidsulykker er

ikkje sjeldne heller i dag, og det er stadig bekymring over at mange barn ikkje lærer seg å svømme.

Klassesamfunnet som Duun skildrar måtte på mange måtar vere eit sjukdomsframkallande samfunn. Utbygginga av velferdssamfunnet etter andre verdskrig reduserte dei store klasseskillene, og samar og tatrar er vortne integrert på ein annan måte enn dei var i Duuns litterære univers. Men det er i dag på nytt uro for at dei sosioøkonomiske skilnadene blir større. Vi har også i dag minoritetsgrupper som ikkje er godt integrerte i storsamfunnet. Det beste eksempelet på «utgrupper» i dag er kanskje romfolket som sit og tigg på gatene i dei fleste byane.

Synet på helse og sjukdom. Hos Duun les vi om ulike syn på helse og sjukdom. Vi kan merke arven frå den antikke humorallæra, redsla for finngann og anna overtru, eit kristent religiøst syn med sjukdom som straff for synder, og også meir moderne, naturvitensCAPElege synspunkt. Ein kunne kanskje tru at synet på helse og sjukdom i løpet av dei knapt hundre åra sidan Duun hadde utvikla seg i ein meir rasjonell retning, parallelt med utviklinga av den naturvitensCAPElege medisinen. Så enkelt er det ikkje. Eit rikt utval av «alternative» behandlingar har utvikla seg til ein blomstrande industri [28, 29]. Kanskje kan den aukande sekulariseringa forklare noko. «Er det Gud vi saknar?» har vore eit tema, der ein har drøfta det religiøse basisbehovet hos alle menneska. Når vi har «pensionert» Vårherre, er det fritt fram for alternative forklaringsmodellar. Det «rasjonelle» og naturvitensCAPElege synet på helse og sjukdom blir berre ein av fleire modellar [30].

15.5. Konklusjon

- Studiet av Duuns forfattarskap ut frå ein medisinsk historisk ståstad gir eit godt innblikk i fleire av dei store folkehelseproblema på Duuns tid.
- Duun gir mange og nære skildringar av korleis folk kunne oppleve sjukdom, ulykker og død. Vi får innsikt i kor tett folk levde med sjukdom og uhelse i kvardagen, og vi får personlege og subjektive skildringar som ein vanlegvis ikkje får frå medisinske lærebøker. Fordi han skildrar fleire sjukdommar som i dag nærmast er utrydda i Norge, kan litteraturen hans gje kunnskap til helsearbeidarar også i dag.
- Gjennom Duuns litterære univers, som strekker seg over meir enn hundre år, kan vi følge korleis folk såg på og møtte sjukdom og ulykker, kva dei trudde på og stolte på. Vi kan og sjå korleis dette endra seg frå dei eldste juvikingane først på 1800-talet, til dei meir moderne romanfigurane på 1900-talet.
- Duuns forfattarskap gir også på andre måtar innblikk i eit samfunn som på mange måtar var ulikt vårt samfunn i 2019.

Etterord

Helse og sjukdom som litterære verkemiddel

For meg, som før har lest mange omtalar av Duuns litteratur, og som nå har lest Duun på nytt med «dokterbriller», er det med lett forundring eg har registrert at litteraturvitarane har gått så lett over dei medisinske og helsemessige skildringane hos Duun, for fleire romanar er i stor grad basert på medisinske fenomen:

- I «Marjane» er tuberkulosen hos ei tenåringsjente gjennomgangstema, og det er særleg tabuiseringa og skamma ved å ha denne sjukdommen som skaper mykje av dramatikken.
- «På tvers» bygger på korleis ein funksjonshemma gut, og etter kvart ein ung mann, strevar for å bli akseptert og skape seg ei rolle i samfunnet, trass i funksjonshemminga.
- Heile mysteriet i «Ettermæle» er basert på ein uønska graviditet og eit barn fødd i dølgsmål.
- Oppbygginga av «Siste leveåret» er bygd på ein kommunikasjonssvikt mellom dokteren og Håkon, som er pasienten.

Dessutan blir ei rekke sjukdommar og ulike helseproblem sentrale vendepunkt i romanane, for eksempel desse:

- Når Per Anders ligg i naustet Løssi Langnatt, får lungebetennelse og dør. Dette utløyser ei rekke andre hendingar i familien i Juvika.
- Like eins går det når Per på Håberg «slit sund» magen, blir arbeidsufør og dør.
- Når Blind-Anders øydelegg synet med varm tjære så han blir permanent blind.
- Når ramma for den klassiske scena med Odin og Lauris på båtkvelvet er spanskesjuka i 1918.
- Når handlinga i «Ragnhild» får ei anna retning etter at sonen Hallvard rømmer og blir alvorleg sjuk.
- Når uønska graviditet endrar eller bestemmer den vidare handlinga i fleire av romanane.

Det er fleire andre eksempel. Det hadde vore interessant om ein litteraturvitar kunne studert korleis Duun har brukt helseproblem, sjukdom, ulykker og død som litterære verkemiddel. Mitt inntrykk er at litteraturen hans hadde vore atskillig fattigare utan desse verkemidla.

Litteratur

Forord

1. Duun, O. *Ragnhild*. Oslo: Olaf Norlis Forlag og Johan Grundt Tanum Forlag: p 166, 195. 1949.
2. Thesen, R. *Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis Forlag: p 320. 1942.

1. Innleiing

1. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 13. 2003.
2. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 16. 2003.
3. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 20. 2003.
4. Gåsvær, K., <http://www.sor-gjaeslingen.no/Hilderya-yvret-Gjslingen-og-Olav-Duun.aspx>. 2016.
5. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 27. 2003.
6. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 28. 2003.
7. Strøm, E., *Jøa-samfunnet 1865-1900*. Olav Duun-ringen, 3: p 13. 2003
8. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 77. 2003.
9. Thesen, R., *Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis forlag: p 34. 1942.
10. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 23. 2007.
11. Strøm, E., *Jøa-samfunnet 1865-1900*. Olav Duun-ringen. 3: p 20, 24. 2003.
12. Strøm, E., *Jøa-samfunnet 1865-1900*. Olav Duun-ringen. 3: p 12. 2003.

13. Strøm, E., *Jøa-samfunnet 1865-1900*. Olav Duun-ringen. 3: p 25-26. 2003.
14. Strøm, E., *Jøa-samfunnet 1865-1900*. Olav Duun-ringen. 3: p 30. 2003.
15. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 27. 2007.
16. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 24. 2007.
17. Thesen, R., *Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis forlag: p 9. 1942.
18. Schiøtz, A., *Viljen til liv. Medisin- og helsehistorie fra antikken til vår tid*. Oslo: Samlaget: p 34, 35. 2016.
19. Folkehelseinstituttet, *Difteri*.
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/difteri--veileder-for-helsepersone/#om-difteri>. 2018.
20. Schiøtz, A., *Viljen til liv. Medisin- og helsehistorie fra antikken til vår tid*. Oslo: Samlaget: p 69. 2016.
21. Schiøtz, A., *Viljen til liv. Medisin- og helsehistorie fra antikken til vår tid*. Oslo: Samlaget: p 39. 2016.
22. Schiøtz, A., *Folkets helse - landets styrke. 1850-2003*. Oslo Universitetsforlaget: p 123-171. 2003.
23. Skålevåg, S.A., https://sml.snl.no/psykiatriens_historie. Store norske leksikon, 2017.
24. Dahl, L., *Bidrag til kundskab om de sindssyge i Norge*.
<https://www.nb.no/nbsok/nb/fb7fde2b5e130640212561925c21a8df?index=1#15.>, Christiania: Det Steenske Bogtrykkeri. 1859.
25. Sveen, K.B., *Her bodde "idiotene" i Norge. Et gammelt kart frar 1800-tallet gir oss oversikten*. <https://www.nrk.no/kultur/gammelt-kart-viser-hvor-det-bodde-flest-idioter-i-norge-1.13923943>, 2018.
26. Mørch, W.T., *Psykologiens historie*. https://snl.no/psykologiens_historie, 2018.
27. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 210, 213-214. 2007.
28. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Bambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 12. 2003.
29. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 191-192. 2003.
30. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 349-351. 2007.
31. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 176. 2007.
32. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 342. 2007.
33. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 62. 2003.
34. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 124. 2007.
35. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 17, 20. 2003.
36. Groven, L., *På sporet av Olav Duun. Artiklar og kommentarar*. Tapir.

37. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug; p 367-368.
38. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 13. 2003.
39. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 251. 2003.
40. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug; p 35. 2007.
41. Thesen, R., *Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis forlag. 1942
42. Nordheim, BP., *Lys over Olav Duun*. Trondheim: Nidaros Trykkeri & Forlag.
43. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium. 2003.
44. Strøm, E., *Jøa-samfunnet 1865-1900*. Olav Duun-ringen, 2003.
45. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug. 2007.
46. Syéd, GF., *Olav Duun. Kunsten, døden og kjærlighetens dikter*. Bergen: Vidarforlaget. 2015.
47. Vannebo, E., "Å vera menneske". *Religion og menneskesyn i Olav Duuns dikting*. Oslo: Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo. 2016.
48. Hovstad, L., *Olav Duun: Juvikfolke - en medisinsk historisk studie*. I Nordisk Medicinalhistorisk Årbok. Nyköping. Gust Österbergs Tryckeri. 1969.

2. Mål for boka, materiale og metodar

1. Den norske legeforening., *Etiske regler for leger*: <https://beta.legeforeningen.no/om-oss/Styrende-dokumenter/legeforeningens-lover-og-andre-organisasjoners-regler/etiske-regler-for-leger/#23694>. 2015.
2. Direktoratet for e-helse., *ICPC-2*: [https://ehelse.no/standarder-kodeverk-og-referansekatalog/helsefaglige-kodeverk/icpc-2-den-internasjonale-klassifikasjonen-for-primerhelsenesten](https://ehelse.no/standarder-kodeverk-og-referansekatatalog/helsefaglige-kodeverk/icpc-2-den-internasjonale-klassifikasjonen-for-primerhelsenesten). 2018.

3. Levekår i Duuns litterære univers

1. *Medisinalmeldingane. 1890*. Statistisk sentralbyrå: p 226.
2. *Medisinalmeldingane. 1900*. Statistisk sentralbyrå: p 236.
3. *Medisinalmeldingane. 1905*. Statistisk sentralbyrå: p 223.
4. *Medisinalmeldingane. 1916*. Statistisk sentralbyrå: p 210.
5. *Medisinalmeldingane. 1920*. Statistisk sentralbyrå: p 202.
6. *Medisinalmeldingane. 1910*. Statistisk sentralbyrå: p 211.
7. *Medisinalmeldingane. 1900*. Statistisk sentralbyrå: p 235-236.
8. *Medisinalmeldingane. 1905*. Statistisk sentralbyrå: p 224.

9. Natvig, H., *Hygieniske meddelelser*. Tidsskr Nor Lægeforen, 1902-03: p 936-937, 995.

4. Bygda

1. Syéd, G.F., *Olav Duun. Kunsten, døden og kjærighetens dikter*. Bergen: Vidarforlaget. p 120-121. 2015
2. Wikipedia, *Stockholmsyndromet*: <https://no.wikipedia.org/wiki/Stockholmsyndromet>. 2017.
3. Helsedirektoratet, *Sosial ulikhet i helse*.
<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/folkehelsearbeid-i-kommunen/sosial-ulikhet-i-helse#økonomisk-og-sosial-bakgrunn-påvirker-helsen>. 2018.
4. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder*. Forteller. Oslo: Aschehoug; p 190, 191. 2007.
5. Friis, J., *Laila*. Ansgar.
6. Skorgen, T., Ikdahl, I; Berg-Nordlie, M, *Rasisme*: <https://snl.no/rasisme>, i *Store norske leksikon*. 2018.
7. Gujord, H., *Olav Audun. Sjøtrønder*. Forteller. Oslo: Aschehoug: p 54. 2007
8. Brox, O., *Resirkulering av grågrenddiktaren*, i *Dag og Tid* nr 9, 2. mars 2000.

5. Sjukdomsmønsteret i Duuns litteratur

1. Direktoratet for e-helse, *ICPC-2*: [https://ehelse.no/standarder-kodeverk-og-referansekatalog/helsefaglige-kodeverk/icpc-2-den-internasjonale-klassifikasjonen-for-primerhelsestjenesten](https://ehelse.no/standarder-kodeverk-og-referansekatatalog/helsefaglige-kodeverk/icpc-2-den-internasjonale-klassifikasjonen-for-primerhelsestjenesten). 2018.
2. Folkehelseinstituttet, *Dødsårsaksregisteret*: <https://www.fhi.no/bn/helseregistre-og-registre/dodsarsaksregisteret/>. 2019.
3. Bore, R.R. *Medisinalberetningene tilgjengelige på web*:
<https://www.ssb.no/a/histstat/artikler/art-2006-12-04-01.html>.

6. Tuberkulose

1. Helsedirektoratet. *Pilot for strukturert tverrfaglig oppfølgingsteam*:
<https://helsedirektoratet.no/pilot-for-strukturert-tverrfaglig-oppfølgingsteam>. 2018.
2. Skogheim, D., *Sanotorieliv. Fra tuberkulosens kulturhistorie*. Oslo: Tiden Norsk Forlag; p 24-25. 2001.
3. Skogheim, D., *Sanstorieliv. Fra tuberkulosens kulturhistorie*. Oslo: Tiden Norsk Forlag; p 28-29. 2001.
4. Skogheim, D., *Sanotorieliv. Fra tuberkulosens kulturhistorie*. Oslo: Tiden Norsk Forlag; p 18. 2001.

5. Skogheim, D., *Sanatorieliv. Fra tuberkulosens kulturhistorie*. Oslo: Tiden Norsk Forlag: p 47. 2001.
6. Schiøtz, A., *Folkets helse - landets styrke. 1850-2003*. Oslo Universitetsforlaget: p 206-217. 2003.
7. Skogheim, D., *Sanatorieliv. Fra tuberkulosens kulturhistorie*. Oslo: Tiden Norsk Forlag: p 28. 2001.
8. Handagard, S., *Helselære for folkeskolen*. Bergen: Lunde & Co's Forlag: p 91. 1921.
9. Pedersen, A.G. *Dødelighetsmønstret i endring: Fra infeksjoner til livsstil:* <https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa94/del-ii-1.pdf>. Historisk helsestatistikk. Dødsårsaker 1850-2004.
10. Holmen, J; Midthjell, K; Holbo, ID; Enes, A; Holmen TL, *Båten som ble til mens vi rodde. 30 år med Helseundersøkelsen i Nord-Trøndelag*. Levanger: HUNT forskningssenter, NTNU: p 27. 2014.
11. Folkehelseinstituttet. *Tuberkulose*: <https://www.fhi.no/sv/smittsommesykdommer/tuberkulose/>. 2018.

7. Andre infeksjonssjukdommar

1. Schiøtz, A., *Folkets helse - landets styrke. 1850-2003*. Oslo, Universitetsforlaget: p 30-31. 2003
2. Borza, T., *Spanske syken i Norge 1918-19*. Tidsskr Nor Lægeforen, 2001. **30**(121): p 3551-4.
3. Folkehelseinstituttet, *Difteri*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/difteri---veileder-for-helsepersone/#om-difteri>. 2018.
4. Folkehelseinstituttet, *Miltbrann*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/miltbrann-anthrax---veileder-for-he/>. 2015.
5. Folkehelseinstituttet, *Kikhoste*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/kikhoste-pertussis---veileder-for-h/>. 2018.
6. *Medisinalmeldingane. 1880*. Statistisk sentralbyrå: p 191-192.
7. *Medisinalmeldingane. 1890*. Statistisk sentralbyrå: p 214
8. Folkehelseinstituttet, *Tyfoidfeber*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/tyfoidfeber---veileder-for-helseper/>. 2018.
9. *Medisinalmeldingane. 1882*. Statistisk sentralbyrå.
10. *Medisinalmeldingane. 1883*. Statistisk sentralbyrå.
11. *Medisinalmeldingane. 1886*. Statistisk sentralbyrå.

12. *Medisinalmeldingane*. 1888. Statistisk sentralbyrå.
13. *Medisinalmeldingane*. 1889. Statistisk sentralbyrå.

8. Graviditet og fødsel. Kvinnenes stilling

1. Dahl, L., *Bidrag til Kundskab om De Sindssyge i Norge*.
<https://www.nb.no/nbsok/nb/fb7fde2b5e130640212561925c21a8df?index=1#15>. Christiania: Det Steenske Bogtrykkeri: p 157. 1859.
2. Nesheim, I., *Prevensjon*. <https://sml.snl.no/prevensjon>. Store medisinske leksikon. 2018
3. Folkehelseinstituttet, *Fakta om svangerskapsforgiftning*:
<https://www.fhi.no/fp/gravide-og-fodende-kvinners-helse/fakta-om-svangerskapsforgiftning/>. 2016.
4. Wikipedia, *Eclampsia*: <https://en.wikipedia.org/wiki/Eclampsia>. 2019.
5. Lønnå, E., *Abortkampen*. <https://snl.no/abortkampen>. Store norske leksikon. 2018.
6. *Medisinalmeldingane*. 1900. Statistisk sentralbyrå: p 235.
7. *Medisinalmeldingane*. 1905. Statistisk sentralbyrå: p 223-224.
8. *Medisinalmeldingane*. 1905. Statistisk sentralbyrå: p 286.
9. Bore, R.R. *Medisinalberetningene tilgjengelige på web*:
<https://www.ssb.no/a/histstat/artikler/art-2006-12-04-01.html>.
10. *Medisinalmeldingane*. 1880. Statistisk sentralbyrå: p 199.
11. *Medisinalmeldingane*. 1880. Statistisk sentralbyrå: p 202.
12. *Medisinalmeldingane*. 1890. Statistisk sentralbyrå: p 213.

9. Psykiatri

1. *Rotvoll asyl*. http://www.strindahistorielag.no/wiki/index.php?title=Rotvold_asyl. Strinda historielag. 2016.
2. Thesen, R., *Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis forlag: p 136. 1942.
3. Thesen, R., *Mennesket og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis forlag: p 76. 1942.
4. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 97. 2007.
5. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 142. 2007.

6. Fløttum, S., *Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet*. Melhus: Decennium: p 80 ff. 2003.
7. *Medisinalmeldingane. 1905*. Statistisk sentralbyrå: p 222.
8. *Medisinalmeldingane. 1910*. Statistisk sentralbyrå: p 209.
9. Dahl, L., *Bidrag til Kundskab om De Sindsyge i Norge*. 1859: Christiania: p 258-305.
10. *Medisinalmeldingane. 1880*. Statistisk sentralbyrå: p 200, 202.
11. *Medisinalmeldingane. 1890*. Statistisk sentralbyrå: p 226.
12. *Medisinalmeldingane. 1900*. Statistisk sentralbyrå: p 235.
13. *Medisinalmeldingane. 1905*. Statistisk sentralbyrå: p 223.
14. *Medisinalmeldingane. 1905*. Statistisk sentralbyrå: p 282.
15. *Medisinalmeldingane. 1910*. Statistisk sentralbyrå: p 211.
16. *Medisinalmeldingane. 1916*. Statistisk sentralbyrå: p 212,213.
17. *Medisinalmeldingane. 1920*. Statistisk sentralbyrå: p 201, 202.
18. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 349-351. 2007.

10. Andre helseproblem

1. *Medisinalmeldingane. 1910*. Statistisk sentralbyrå: p 206.
2. *Medisinalmeldingane. 1905*. Statistisk sentralbyrå: p 218.
3. Folkehelseinstituttet, *Skabb*.
<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/skabb---veileder-for-helsepersonell/#forekomst-i-norge>. 2016.
4. *Medisinalmeldingane. 1900*. Statistisk sentralbyrå: p 232.
5. *Medisinalmeldingane. 1916*. Statistisk sentralbyrå: p 208.

11. Familievald. Oppvekstvilkår

1. Mykland, L; Masdalen, KO. *Vergerådet, Barnevernsnemnda*.
http://ika11.enternet.no/asta_vedlegg/admhist/barnevern_vergeraad.htm. 1987.
2. Tessem, L. *Lang vei til barns rettsvern*:
<https://www.aftenposten.no/norge/i/6qk5o/Lang-vei-til-barns-rettsvern>. 2015.
3. Teigstad, E. *Barneloven §30 med kommentarer*: <https://www.foreldretvist.no/barneloven-30/>. 2018.
4. Mossige, S; Stefansen, K. *Vold og overgrep mot barn og unge*, i NOVA Rapport 5/16. 2016.

5. Thoresen, S.H; Hjemdal, O.K. (red). *Vold og voldtekts i Norge. En nasjonal forekomststudie av vold i et livsløpsperspektiv*. Nasjonalt kunnskapssenter. 2014.
6. Braarud, H.C; Nordanger, DØ. *Kompleks traumatisering hos barn: En utviklingspsykologisk forståelse*. Tidsskrift for Norsk psykologforening, 2011. **48**(10): p 968-972.
7. Glad, K.A; Øverlien, C; Dyb, G. *Forebygging av fysiske og seksuelle overgrep mot barn. En kunnskapsoversikt 2010*. Nasjonalt kunnskapssenter. 2010.
8. Dahl, R., *Gutt: fortellinger fra barndommen*. Oslo: Gyldendal. 1986.

12. Aldring og alderdom

13. Tru, overtru, folkemedisin og anna behandling

1. Rotvoll asyl. http://www.strindahistorielag.no/wiki/index.php?title=Rotvold_asyl. Strinda historielag. 2016.
2. Wikipedia, Radiumhospitalet: https://no.wikipedia.org/wiki/Det_norske_radiumhospital. 2018.
3. Wikipedia, Radiumhemmet: <https://no.wikipedia.org/wiki/Radiumhemmet>. 2018.
4. Fløttum, S., Olav Duun - dikteren på Rambergfjellet. Melhus: Decennium: p 9-11. 2003.
5. Solum, G., *Det grenseløse sykehus. Namdal sykehus 150 år, 1848-1998*. Namsos: Namdal sykehus. 1998.
6. Bore, R.R. *Medisinalberetningene tilgjengelige på web:* <https://www.ssb.no/a/histstat/artikler/art-2006-12-04-01.html>.
7. Holmen, J., *Er det Gud vi saknar?*, in *Helse - Frelse. Samfunnsmedisin og livssyn - et møte*, I.H. Kjølvik, J, (red). Høyskoleforlaget. 2008.
8. Berg Eriksen, T., *Briste eller bære. Posthistoriske anfektelser*. Oslo: Universitetsforlaget. 1990.
9. Hovdhaugen, E., *Vårt møte med døden*. Oslo: Det Norske Samlaget. 1981.
10. Gundersen, K., *Snåsa-koden. En kunnskapsbasert guide til alternativ medisin*. Oslo: Aschehoug. 2013.
11. Tjomlid, G.R., *Placebodefekten. Hvorfor alternativ behandling virker som det virker*. Oslo: Humanist Forlag. 2013

14. Nokre kasuistikkar

1. Syéd, G.F., *Olav Duun. Kunsten, døden og kjærlighetens dikter*. Bergen: Vidarforlaget: p 192. 2015.

2. Syéd, G.F., *Olav Duun. Kunsten, kjærligheten og dødens dikter*. Bergen: Vidarforlaget: p 210. 2015.
3. Surén, P. *Har ungdommer dårligere psykisk helse enn før?*
https://tidsskriftet.no/sites/default/files/generated_pdfs/51193-har-ungdommer-d%C3%A5rligere-psykisk-helse-enn-%C3%B8r.pdf. Tidsskr Nor Legeforen, 2018.
4. Ottesen Kennair, L.E; Hagen R (red). *Persolighetspsykologi*. Bergen, Fagbokforlaget: p 362. 2015.
5. Grøndahl, P., *Om drap*. Oslo: Gyldendal. 2019.
6. Gujord, H., *Olav Duun. Sjotrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug: p 375. 2007.
7. Nasjonalt_kompetansesenternetverk, *Hare Psychopathy Checklist-Revised (PCL-R)*: <http://sifer.no/verktøy/detalj/hare-psychopathy-checklist-revised-pcl-r>. 2013.

15. Samla diskusjon

1. Schiøtz, A., *Viljen til liv. Medisin- og helsehistorie fra antikken til vår tid*. Oslo: Samlaget: p 403-404. 2017.
2. Kjeldstadli, K., *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget: p 165-166. 2013.
3. Tolstoi, L., *Ivan Iljitsj's død*, in *Leo Tolsto 1968. i. Utvalgte fortellinger*. Gyldendal Norsk Forlag Oslo: p. 189-232. 1968.
4. Skram, A., *Professor Hieronimus* 1895.
5. Skram, A., *På Sct. Jørgen*. 1895.
6. Hamsun, K., *Markens grøde*. Den norske bokklubben. 1917.
7. Bojer, J., *Den siste viking*. Samlede romaner. Oslo: Gyldendal,. 1942.
8. Skogheim, D., *Sanatorieliv. Fra tuberkulosens kulturhistorie*. Oslo: Tiden Norsk Forlag. 2001.
9. Skjønnlitteratur: <https://no.wikipedia.org/wiki/Skj%C3%B8nnlitteratur>. 2018, Wikipedia.
10. Rolv, T., *Menneske og maktene. Olav Duuns dikting i vokster og fullending*. Oslo: Olaf Norlis Forlag. 1942.
11. Gujord, H., *Olav Duun. Sjotrønder, Forteller*. Oslo: Aschehoug. 2007.
12. Syéd, G.F., *Olav Duun. Kunsten, døden og kjærlighetens dikter*. Bergen: Vidarforlaget. 2015.
13. Vannebo, E., *Å vera menneske. Religion og menneskesyn i Olav Duuns dikting*, in *Det teologiske fakultet*. Universitetet i Oslo: Oslo. 2016.
14. Hovstad, L., *Olav Duun: Juvikfolke - en medisinsk historisk studie*, in *Nordisk Medicinhistorisk Årbok*. Nyköping. Gust Österbergs Tryckeri: p 25-29. 1969.

15. Gujord, H., *Olav Duun. Sjøtrønder. Forteller*. Oslo: Aschehoug; p 367-368. 2007.
16. Pedersen, A.G. *Dødelighetsmønstret i endring: Fra infeksjoner til livsstil*: <https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa94/del-ii-1.pdf>. Historisk helsestatistikk. Dødsårsaker 1850-2004.
17. Folkehelseinstituttet, *Tyfoidfeber*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/tyfoidfeber--veileder-for-helseper/>. 2018.
18. Folkehelseinstituttet, *Difteri*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/difteri--veileder-for-helsepersone/#om-difteri>. 2018.
19. Folkehelseinstituttet, *Kikhoste*. <https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/sykdommer-a-a/kikhoste-pertussis--veileder-for-h/>. 2018.
20. Folkehelseinstituttet, *Levealder*: <https://www.fhi.no/bin/befolkning/levealder/>. 2018.
21. Folkehelseinstituttet, *Folkehelserapporten*. <https://www.fhi.no/nettpub/bin/>. 2018.
22. Krokstad, S.K., MS (red), *Folkehelse i endring*. <https://www.ntnu.no/documents/10304/1130562/folkehelse-i-endring-huntrapport-2011.pdf>. Levanger: HUNT forskningssenter, NTNU. 2011.
23. WHO, *Global Tuberculosis Report. Executive summary*. https://www.who.int/tb/publications/global_report/en/. World Health Organization. 2018.
24. Waaler, H., *Tuberculosis and poverty*. Int J Tuberc Lung Dis 2002. **6**(99): p 745-746.
25. Surén, P. *Har ungdommer dårligere psykisk helse enn før?* https://tidsskriftet.no/sites/default/files/generated_pdfs/51193-har-ungdommer-d%C3%A5rligere-psykisk-helse-enn-f%C3%98r.pdf. Tidsskr Nor Legeforen, 2018.
26. Folkehelseinstituttet, *Selvmord tar flest unge liv i Norden*. <https://www.fhi.no/nyheter/2016/selvmord-tar-flest-unge-liv-i-norde/>. 2016.
27. Kjølseth, I; Ekeberg, Ø; Teige, B, *Selvmord blant eldre i Norge*. Tidsskr Nor Lægeforen, 2002. **15**(122): p 1457-61.
28. Gundersen, K., *Snåsa-koden. En kunnskapsbasert guide til alternativ medisin*. Oslo: Aschehoug. 2013.
29. Tjomlid, G.R., *Placebodefekten. Hvorfor alternativ behandling virker som det virker*. Oslo: Humanist Forlag. 2013.
30. Holmen, J., *Er det Gud vi saknar? i Helse - Frelse. Samfunnsmedisin og livssyn - et møte*. Kjølvik, I; Holmen, J (red). Høyskoleforlaget. 2008.

Vedlegg 1

Eksempel på levekår i Johan Bojers litteratur

Bojer J: Den siste viking [1]

Johan Bojer (1872-1959) var ein av dei mest produktive forfattarane på 1900-talet [2]. Han levde omrent på same tid som Olav Duun og skreiv skildringar blant anna frå fiskarlivet på Trøndelagskysten og i Lofoten. Nokre av hans skildringar er meir detaljerte enn Duun sine, blant anna om mat og klede. Han har også ei detaljert skildring av korleis ein fattig familie levde og omtale av ein fiskar som fekk påvist lepra – ein sjukdom som Duun ikkje nemner i det heile.

Maten i rorbua, og i leddiken er det også ulike medisinar

... Men endelig blir klokka fire, det er nonsmatleite, og nå er det ikke noe fellesbord, nei, nå er hver kar gjest hos si egen matkiste. Og denne kistematstimen er noe for seg sjølv. Det er ikke bare å ta opp brød og smør og kline på og ete, nei det blir som å reise av sted på et lite besøk til sine egne – langt, langt der sør.

Der nede hos Per Suzansa ser han en stor tredall, der det gule smøret svetter små dråper over saltet som er blanda i. Den samme dallen har kona hans fylt til så mang ei lofotferd, men nå ligger hun på kirkegården, og det er dattra som har klemt smøret ned med ei skei denne gangen, så det ble hardt som stein. Det er den samme dattera som skal ha en liten en gang i vinter, men fyren er strøket sin veg, og mens hun stua kista her, felte hun nok sine modige tårer. Og ved sia av dallen er det en stor kvitost, som kona, hun Birgitte, fikk laga like før hun måtte til sengs, og nå skjærer han avosten med tollekniven. Han legger ei skive på kaka og synes at Bergitte og han, de er nå ikke så heilt skilt fra hverandre likevel. Og den svære mannen med det strie, grå bukkeskjegget, sier høgt ett eller anna om været, bare så ingen skal tru han sitter her og sturer.

Men under osten er det et lag av flatbrød og mjuk lefse, som er rein julemat når en kliner sirup på, og det er poser med brunt og kvitt sukker til kaffebit, og så saltkjøtt og pølse og sylte og slikt. I leddiken er det små medisinflasker, en med hoffmannsdråper for krime, en med rigabalsam for magen og en med kamferbrennevin for sår. Så er det et lite glass med terpentin for sting i brystet, og ved sia ligger salmeboka, som dattera har lagt der, fordi mor ville ha gjort det samme. ... (Bojer, J. Den siste viking; 65-66)

Mølje var ein viktig del av kosten på Lofoten:

... Mølje. Kom attåt bordet, folk, nå skal det endelig bli mat. Henrik bar inn flere fat med knekt flatbrød i. Nå kom gryta full av kokt, rykende lever, som han auste rundelig av i hvert fat. Fettet lyste og flaut over flatbrødhængene, og sia var det å skave opp mysost og strø over og til slutt helle sirup i lange, gylne slanger over det heile. Så er det å røre det heile rundt med skei, så det blir som en graut, å jo, det lonte seg å smake på.

De tolv mann satt rundt bordet og langa ut. Det er ikke godt å si når de sist hadde skei i handa. De syntes nesten de hadde levd på kaffe og brød så lenge de kunne minnes. Men det her var mer enn mat. Det her var brøllop. ... (Bojer, J. Den siste viking; 76)

Brutal fattigdom i «Den siste viking»

I «Den siste viking» av Johan Bojer går det fram at utøy slett ikkje var ukjent, og at det også kunne føre til sosial utstøyting. Og fattigdommen var brutal. Her er det Oluf som er på tur rundt i grenda med lofotbrev:

- Det var hu Siri Skaret, som satt aleine med en skokk unger opp i åsen, og hun hadde ikke stort hverken å bite eller å brenne. Kallen hennes, han Severin, ville ingen i grenda ha med på båt, fordi han alltid krydde av udyr, men han reiste av sted med dampbåt og tok hyre hos en nordlending det ene året etter det andre. Stort var det ikke han kom heim med, men det var bedre enn ingenting.

- I den grå stua under berga var det armod vinter og sommer, husa var så forfalte at kyrne i fjøset ofte sto i vatn langt oppover leggene, og inne gikk ungene med huer nedover ørene og votter på, fordi vinterstormen blåste tvers gjennom alle veggger.
- Hit var det Oluf arbeidde seg opp til slutt. Han åpna døra, og innafor den traff han en skinnfeld, som var hengt opp mot trekken. Men bak denne var det et rom, der det lå tre unger i tre senger og butra for kulden, mens det bleike kvinnfolket sjøl satt i lyset av ovnen og karda ull. Hun hadde tulla seg inn i et stort, falmet ullsjal og var blå i ansiktet av kulden hun og. Hun var ikke stort over tredve, men bleik, rynket og overtrøtt, så øyelokka knapt orka løfta seg mot han som kom utefra. ... (Bojer, J. Den siste viking; 83)

Klede

I «Den siste viking» skildrar Johan Bojer korleis fiskarane frå Rissa var kledd når dei var på Lofoten, og vi kan vel gå ut frå at namdalingane ikkje var så ulike. Etter at karane hadde vore på sjøen i lang tid, var det tid for storvask:

«Det er ingen som kjem i seng før han har vaska seg og skifta på kroppen sin,» sa Henrik Rabben. Og ingen nekta jo at i den saka var han hovedsmann over dem alle.
 De fyrt i ovnen. De gjorde det så hett i stua at folk som kom og ville inn, de snappa etter været og redda seg ut igjen. Det ble deres sak. «Legg berre il!» sa han Kaneles, og gikk sjøl og pinte enda mer i ovnen. Hadde de ikke frosset nok i det siste, og var det ikke godt om torv og ved her? «Fyr berre på!» sa han Henrik Rabben ute fra kjøkkenet, han dreiv med å varme vaskevatn.

De begynte på et vanskelig arbeid - sjøstovlenen skulle av. Føttene var hornta opp inni, og stovlene så reint mismodige ut, slik som de hadde vassa om i sjø, fiskeslam og snø i dager og uker uten å bli smurt eller tørka. De var gråkvite i læret, rynka og skrukne, de minte om sjuke gamlinger. Men av måtte de. Fyren satt på en skammel, en annen sto bak ham med tak under armene hans og halte bakover. En tredje hadde greip i stovelhæl og tå og sleit i

motsatt retning, så ansiktet vrei seg til sia. Hal i – å hoi! De spente i fra begge kanter. Det så ut som låra og leggene til kameraten skulle bli slitt av. Men det endte med at støvlene ga etter med en gnissende hyd.

Og nå viste labben seg. I si ti har den vært av kvit ull, nå er den svart. Den lukter av sjø, av lær, av svette. Den blir vrengt framover, og så kommer hosåa for en dag. Hva farge den hadde da den var ung, kan ingen si, men nå er den brungrå. Skal en få den av, så blir det ingen hystmat. Den er storkna inn til foten i ei blanding av sjø og blod, ser det ut for. Men av må den, de vrenger den forsiktig ned over leggen. Rautt, rautt overalt. Den sitter fast, den flår huden med. Men av må den.

Og der kommer endelig en naken menneskefot for en dag, blå om hælen, hoven og sår, med merker etter ull og sjø, men blårau over tærne, som er frosset alle sammen. De vakner til liv her inne i varmen. Det stikker i dem med nåler, au, en kan ikke boye dem i noe ledd.

Så kommer stampen inn, rykende av det varme vatnet, og legg berre i ovnen, sa han Kaneles. Da føttene kom ned i stampen, begynte det å rase for alvor. Karene småhylte, det gikk som knivstikk opp over all kroppen, og likevel gjør det godt innvortes å skrubbe foten rein. Det er som du blir rensa om sjøhe hjertet. Du tar foten opp og viser kameratene frostståra og høster medynk. «Dykade, den der ser stygg ut,» sider de. «Men vent, skal du få sjå det som er verre.» - Nå er det godt å ha gallebrennevin i kista, det finns ikke makan til råd mot frost i lemmene.

Mer varmt vatn og klarne av. «Legg berre i ovnen,» sier han Kaneles. Det er ikke spøk å skulle ta av seg den innerste ullskjorta. Busserullen av og vadmalvesten av, og så den digre strikkede ulltrøya, og videre den verdde ullskjorta, til slutt ei kvit linskjorte. Er det varmt nok i ovnen? For han Henrik Rabben krever at også den innerste ullskjorta skal av! Vel. Og der er endelig den bare kroppen, som de sjøhorne nevne småkjæler for. Den er så kvit og så kuldskjær, fordi den er stengt inne bak så mye ull til daglig. Frisk luft har den ikke kjent på lange tider.

Men nå går det laust med vask, så såpa skavler ned over bryst og armer. De skrubber hverandre på ryggen, «å gni meir, det her gjord' så godt.» «Legge meir i ovnen,» sier han Kaneles. ... (Bojer, J. Den siste viking; 147-149)

Per Suzansa har lepra

I «Den siste viking» skildrar Johan Bojer korleis Per Suzansa, ein garva fiskar, opplever å få påvist lepra mens han er på Lofoten:

... Det var en i laget som ikke var til stede. Det var Per Suzansa. Men nå kom han i måneskinnet like fra et hus på ytterste bergknatten, der det ene vinduet var opplyst. Det var sjukehuset. Her dreiv dokttern på framleis med alle disse fiskerne som hadde fått angel i hand eller vondt i mage eller frosne fingre eller tær. Det var enkelt nok det heile, men den gamlingen som nettopp gikk sin veg og hette Per Suzansa, ham var det ikke så greit med.

- *Per gikk og gikk, og underfottene knitra snøen i frosten, men i øret suste det heile tida: spedalsk.*
- *Denne byllen bak øret, som aldri ville bli god igjen, hadde doktoren gått og lurt på lenge. Men i dag var han ikke i tvil lenger. «Du har frosset og lidd for mye på sjøen!» sa han. «Og nå får du reise hjem og legge deg inn på pleiestiftelsen, mann min.»*
- *Reise sin veg fra kameratene – når det ingen annen brukelig hovedsmann var på «Morelden»! Per trygla så lenge at doktoren ga etter og lot ham få bli fisketia ut. Når han lovte å bære seg at slik og slik, så fikk vel heller sjukdommen bli en hemmelighet så lenge mellom de to. ... (Bojer, J. Den siste viking ;92-93)*
- ...
- *Per Suzansa sto der med en kopp i handa. Hodet lutte, han var grå i ansiktet, og bak øret hadde han fått ei forbinding på. Den største skronemakeren av dem alle, han som hadde reist så mang en latter høgt under loftet, han var blitt så gammel. ... (Bojer, J. Den siste viking ;94)*
- ...

- Da de andre tok ordet igjen, gikk han og satte seg avsides og var glad ingen la merke til ham mer. ... (Bojer, J. Den siste viking; 95)

Litteratur

1. Bojer, J., *Den siste viking*. Samlede romaner. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1942.
2. Skei, H.H., *Johan Bojer*. https://nbl.snl.no/Johan_Bojer. Norsk Biografisk Leksikon, 2009.

Vedlegg 2

Omtale av samar på 1800-talet

(Sjå elles kapittel 4)

Ein skotte møter samar i Verdal i 1835-36

Omtrent på den tida da Anders gifta seg med Solvi (I Blinda (5)), kom ein verdsvant skotte til Trøndelag, der han blant anna møtte samar. Samuel Laing (1781-1868) var frå Orknøyane og tilhørde ei rik slekt som åtte mange og store eigedommar. Samuel tok studenteksamen i heimbyen Kirkwall og studerte jus i Edinburgh, men utan å ta avsluttande eksamen. Seinare var han i Kiel, der han lærte seg tysk, og han verva seg som offiser og gjorde krigsteneste i Spania. Etter ei tid søkte han avskjed i hæren, gifta seg og vart direktør i eit gruveselskap i Sør-Skottland. I 1818 drog han tilbake til Orknøyane for å organisere sildefisket der for eit London-firma. Han bygde ei utstikkarbrygge og ein heil fiskarlandsby, og dette vart sentrum for fiskarbåtar frå heile Orknøyane. Kvar sesong var opptil 400 båtar engasjert, så verksemda skaffa arbeid til om lag 2000 menneske.

Laing var også ein føregangsmann innan landbruk. Han vart vald til magistrat og ordførar i Kirkwall, eit tillitsverv han hadde i fjorten år. I mange år vart drifta og utviklinga av Laings eigedommar finansiert med overskot av tareaske-produksjon, men mot slutten av 1820-åra lønte ikkje salet av tareaske seg lenger, og han fekk alvorlege økonomiske vanskar i lang tid framover. Ved parlamentsvalet i 1833 stilte han opp som kandidat for dei liberale på Orknøyane og Shetland, men vart ikkje vald. Laings økonomiske problem, og det at han ikkje vart parlamentsmedlem, var truleg eit stort vonbrot for han. Han følte behov for å komme seg bort ei tid. Kona hadde døydd frå han etter tre års ekteskap, og begge barna var vaksne. Han hadde såleis ikkje noko band på seg og bestemte seg for å reise til Norge. Han var historisk interessert og samfunnsengasjert og visste at Norge hadde fått ei fri forfatning i 1814,

og han ville ved sjølvsyn utforske korleis nordmennene levde og styrte landet sitt etter at unionen med Danmark var oppløyst. Sommaren 1834 drog han difor med båt via England og Sverige til Christiania, og så vidare til Trøndelag. Han budde ein vinter på Brusve i Levanger, men våren 1835 leigde han garden Midtgrunnen vestre i Vuku og dreiv han i eit år. Etter at han kom tilbake til England skreiv han ei bok om reisene og opphaldet sitt i Noreg. Her skildrar han mange detaljar om korleis livet var på garden og i bygda, og samane blir omtalt fleire stader [1].

- Han ser ein full same i vegkanten, mens kona hans passar han (s. 170).
- Han kommenterer kroppsfasong, at dei er hjulbeinte og at dei har ei sterk kroppslukt (s. 171).
- Han fortel om samar som handverkarar, talet på samar i Sverige og Norge, språket, religionen, reindrifta, levemåten (s. 171-174).

... Det er ikkje rart at dei fattige samane, sjølv om dei nok aldri har vore undertrykt eller mishandla men berre blir sett ned på av nordmennene, helst vil halde til opp i fjellet, der dei ikkje kjenner seg underlegne i forhold til andre, og der dei får utfalde seg fritt og kan skaffe seg det dei treng for å leve. ... (s. 175)

- Han fortel om utsjånaden til samane, mellom anna kor vakre dei unge samekvinnene er (s. 210).
- Han fortel om eit besøk av ei pen samejente, blant anna gir han ei skildring av kleda hennes (s. 269).

... Ein «finn» som dei kallar samen i Norge, blir sett på med ein slags vanvørnad, som eit dyr av ei lågare art. Den som er nedst på den sosiale rangstigen, held seg for god til å ete eller sitte i lag med, eller ha omgang med, ein av dei. Da eg ville at tenestejentene skulle koke kaffe til gjesten min og eg bad henne sette seg til bords, stirra og kniste dei som ei engelsk jente ville ha gjort om du du hadde bedt henne servere eit stykke kake til skjødebunden din. Men nordmennene er aldri slemme eller uvennlege mot samane, som eg har inntrykk av er litt

overtruiske – men også snille. Det skal føre til ulykke om ein ikkje gir dei noko å ete når dei kjem til gards. Trua på trolldom er ikkje heilt borte, og bondene kan fortelje mange historier om dei overnaturlege kreftene gamle samekvinner har. Tenestejentene tykte nå det var klokt av meg å behandle samejenta vennleg, for da kunne skyldfolke hennes lage det slik at alt kom til å gå meg vel heile vinteren. ... (s. 270)

- Laing kjøpte ein rein som samane slakta straks.

... Eg var så godt fornøgd med denne prestasjonen at eg baud dei inn på eit måltid suppe, poteter og sild, og serverte rikeleg med kaffe og brennevin etterpå. Dei var svart takksame fordi eg behandla dei som andre folk og bad dei til bords. I staden for at dei skulle få maten i handa og stå og ete den i eit hjørne, eller ta den med seg, som er den vanlege måten å gjere det på. Eg twilar på om eg på noko anna vis kunne ha synt dei ei større glede enn med denne vensemda, for samane er også eit stolt folkeferd. ... Når samane kjem i kontakt med dei norske bondene, blir dei behandla som ein mindreverdig kaste, sjølv om dei blir vennleg mottatt. Det kjem kanskje av den overtrua som rår. Litt underlegne er dei vel når det gjeid styrke, storleik og enn meir med omsyn til åndelege og fysiske evner. Men dei har mange gode sider, og det er knapt noko vondt i dei. Frå Nordkapp til Røros blir det til vanleg sagt om denne nedvurderte folkegruppa «at ein finn aldri seier noko som ikkje er sant, og han aldri tar noko som ikkje tilhører han.» Og det er vel ein fin karakteristikk av ein utstøytt minoritet. ... (s. 273)

Ei verdalskvinne fortel om samane på 1850-60-talet

Nokre år seinare skriv ei kvinne om erfaringane sine med samar. Louise Rygh (1848-1928) var fødd i Vinne i Verdal, var gift med Oluf Rygh (1833-1899), professor og namnegranskar. Dei fekk fire døtre, deriblant Laura Othelie (f. 1882), som vart gift med Jon Marius Olsen Suul (1884-1961), mangeårig lensmann i Verdal og ei drivkraft

i lokalhistorisk arbeid. I årboka for Verdal historielag i 1996 er det gjengitt eit manuskript Louise let etter seg, der ho fortel om korleis det var da ho vaks opp.[2]

... I den Tid var det en masse Finner som for omkring, hele Følger paa 7-8 stykker kunde komme om Kveldene og de maatte faa Hus, Mad og Skjænk. Kjærringerne tömte sin Dram ligesaavel som Kallene. De var ikke velset, men man maatte heller ikke sige noget ondt til dem, bare tage imod dem: det gik det Ord at Finnerne hadde ræt til at fare slik, thi de hadde engang frelst Bygderne herinde for Overfald fra Svenskerne. En Finn skulde vise en hel Arme med Svensker Vei over Fjeldet en sen Vinterkved. Han tændte sin Lygte og gik foran til han kom til en uhyre brat Styrning, saa kasted han af alle Kraefter Lygten udover Berget og Følget styrret efter og dræptes hver eneste en. Slig fortaltes det og Folk troed derpaa. Ligesaar havde en Finnkal manet bort Hugormen, saa den ikke findes imellom en Bæk ude ved Leklem og en Bæk ude i Stjørdalen. Han havde tændt en stort Baal og korset og snakket, runed og maned, og tilslud kom en uhyre masse med Hugorm og rendte lige i Varmen. Siden den Tid findes ikke Hugorm paa denne Strækning. Merkelig nok naar Du kommer over Bækken ved Leklem, saa findes Hugorm i Stjørdalen (jeg husker ikke Navnet), saa findes atter Hugorm.

- *Engang i gamle Dage havde Manden paa Leklem stadig ulykker paa sine Kreaturer. Intet Aar uden at de misted paa forskjellig Vis nogen af Buskaben. Saa henvendte man sig til en Finnkal, og han sagde at enten maatte Fjøset flyttes eller saa fik han finde sig i Ulykkerne, thi Fjøset staar paa et Sted hvor alt som rinder derifra kommer ned i Hjemmet til Smaatussan, og «jeg skal vise Dig noget i Kveld efter Solnedgang». – Da Finnen kom igjen, gi de to ud og bagom Fjøsvæggen. «Se der», sagde Finnen, og Manden fik se akkurat som en sti ifra Fjøset og borti Berget og fra og til paa Stien myldred det af Tusser. «Ser Du dem», sagde Finnen. «Ja jeg ser, og jeg skal flytte Fjøset». Saa sa han ikke mere, men Fjøset ble flyttet og siden ble det bare lykke med alle Kreaturene. Ja Finnene var alle Folk redde, for de Gannet og gjorde Ondt naar de ikke fik det gode de vilde paa Gaardene.*
- (Resten er skrive på bokmål)


- Det var ikke godt nok, når en flokk finner kom inn nys for duggul, å be de sette seg til bords og spise av den mat som husets folk i den tid almindelig brugte til dugguls, nemlig sild, poteter og suppe enten av surmelk eller mysostsuppe. «Nei bætta tå buri mor- vil vi ha», og da måtte mor iver å skjære inn flesk. En dyktig skive til hver finn og flatbrød til. Var det lite, så var det neppe de verdiget å takke. Kom husbonden sjøl inn så lød tiggingen om en dram hos far sjøl, som også ble gitt. Da var alt bra og hele følge strøk iver til neste gård med samme tigging. Det gikk an om dagen, men kom et helt følge sent om vinterkvelden til gårds, var det nesten en gru, men aldri å si nei. Kaller, kjerringer, hunder og unger måtte huses.
- Av finnene i den tid var virkelig mange underlig å se på, sure røde øine, lang hake, skrumpet hud og en stemme så tykk og grov. Aldri ja, men tja, hæ hæ og r var meget fremtrædende.
- Før trodde folk at finnene kunne skape seg til ulv og så rev de i hjel kreaturen på de gårder de var sint på og som de ikke fikk noe hos. Mange historier derom. Når en sint finnkjerring eller kall strøk av sted og truet så fantes det ofte døde kreaturer i havningen. På en gård ble konen lei av tiggeriet og finnkjerringen strøk av sted, men straks etter da man skulde gå ut å ta inn kalvene som gikk på en innhengning utenfor gården, lå begge kalvene døde, og finnkjerringen ble holdt for å ha gjort dett. (Dette er sant).
- Til en gård kom sent en vinterkveld en finn og tagg halm, for hans kone skulde få barn i plassen nedenfor, og hun skulle ligge på halm. Mannen på gården sa nei, men da ble finnen sint og sa: «Du sier nei, men du skal få de som røyter opp halmen din, skal jeg si», og tenk, mannen hadde flere barn, men alle begynte å lade vannet i sørne. De ble voksne og gifte, men samme plage både på de og likeså for deres barn. Dette var i den senere tid så jeg kunde se at denne historien hadde noe i seg. Skolen holtes i den tid inne i dagligstuen hvor folkene spiste og husbondfolkene sov, men hos denne mannen var det alltid et stort traug under sengen forat ikke det skulle rinne fram utover gulvet, og sengeklærne på denne gårde var uthengt til tørking hver dag, men i underfellene var midten rotnet ut og da vi som barn hadde hørt fortellingen så hadde vi øynene med.

- Finnene var vist i den tid for det meste hedninger. Ingen tenkte på dem i den retning. Var det en finn som kom inn i Kirken når det var gudstjeneste så saes det: «Kjære det var da en finn i Kirka i dag». Ingen tenkte over et høyere mål.
- Mor fortalte at på gården Baglo var det en finn som ble sint og lovet ont. Straks etter at han var reist, skulde mannen gå på Øra. Da han kom ned i marken hvor sauene gikk, fikk han se noe i et skogholt som var så underlig, halvt ulv og halvt menneske. Han gikk dit og finnen holdt da på å ta på seg ulvehamen, men var ikke ferdig og makten vek ifra ham når mannen kom. Han ba da sjøl om å slå seg til blods, for elles ble han ikke anderledes. Dette lovte mannen på den betingelse at han aldri skulde gjøre hans kreaturer noe. Finnen lovte alt mulig og så fikk han et slag av mannen så blodet fløt. Da smatt han ut, forvandledes til finn og hinket avstad, hammen forsvant med ham.
- Når de hadde sorg satt de og korra mens de vugget seg fram og tilbake og hadde en underlig lyd. Engang satt en finnkvinde på gulvet hos min mors foreldre. Hun satt på huk og vugget fram og tilbake med denne lyd. De spurte hennes følge hva dette betydde og fikk det svar at hun hadde mistet et barn. Goksti, goksti var et ord som ofte hørtes iblandt dem, men ingen forsto dette naturligvis.
- Taterne for også omkring, men disse ble jaget fra bygd tilbygd. Der var ansatt en mann i hvert sogn som jaget hele følget av sted til neste sogn og da tok etter dettes ståtarkonge fatt og førte de videre. Naturligvis måtte ståtarkongen få bud fra det sted hvor farkene var. Men det var mange plasser som likte å ha dem, og disse stedene kaltes farklosji, så det var ofte mange lag i bygden allikevel. Ståtarkongen var utrustet med svøpe (okspeis) med jernholker, og denne brukte han å slå med når de ikke vilde hystre å reise av sted. Han fulgte dem til neste kirkesogn og da var det dette sogns ståtarkonge som skulde føre de videre.


Litteratur

1. Laing, S., *Dagbok frå eit opphold i Norge i åra 1834, 1835 og 1836*. (red). K. Snekkvik. Melhus: Snøfugl, 1997.
2. Berg, T., Louise Rygh fortel, in *Verdal historielags skrifter nr 23*. Verdal historielag: Verdal , 1996. p. 63-65.

Vedlegg 3



241117-jh SLEKTSKART FOR ODIN (II)



Vedlegg 4

Tuberkulosedødsfall

Tuberkulose er den sjukdommen som dominerer i Duuns forfattarskap, og dette blir drøfta i kapittel 6. Duun skildrar ulike symptom ved tuberkulose, blant anna fleire dødsfall. Mens dagens helsepersonell knapt har sett dødsfall av tuberkulose, er det her fleire ulike eksempel på korleis den siste fasen av sjukdommen kunne arte seg:

Mor Elen dør

Elen, mor til Odin, har tæring. Når Odin får høre at ho er sjuk, ved juletider, fryktar han korleis det kan gå – han tenkjer på korleis Bendek i Kjelvika døydde:

*Men han skulde ikkje vera forfæld, det var da ikkje noko større, ettersom ho hadde hørt! ...
Nei, stakar, eg er ikkje forfæld. – Kva var det da? – Kom berre for meg, at eg skulde møtast med ein gammal kjenning.* (I ungdommen (7);20)

Når Odin kjem til Vennestad, møter han Iver, som prøver å trøste han:

*... Det var kanskje ureit å vera ein som Iver, når tæringen var ut og fór? ... Ja, du veit det har vore følt så mykje kleinfolk borti garane no eit tak; dei har da komme seg att, alle i hop.
... Ja, di anner ja. Dem hi da stabelert. Vi får ha trua go, Odin. ...* (I ungdommen (7);22)

... Elen låg i kammerse. ... Farlig bleik var ho ikkje, det var einast auga i henne som var sjuke. Man da ho snakka, vart han stiv på stolen, for det var ikkje mål i henne lenger, det var berre håse nøda att, syntes han. Ho var langt langt nedover.

Ho var kvikkare da han hadde sitte der ei tid ... Æ vart ligganes ø, sa ho da Iver hadde gått, og no var det mest som ho drog på smilen. I det same fekk ho ei hoste-ri, ho hosta seg utor, så Odin truud ikkje ho kom att meir. Sveitten flodde av panna hennar.

Hadde ho vore klein lenge? Å ja; ho hadde vore litt ussel sia i fjarvår, og no her i haust kom det att litt verre, og da ho skulde arbeide det utor seg, så gjekk det ikkje; ho vann det ikkje.

Æ kjem alder opp meir, sa ho best ho låg. ... (I ungdommen (7);23)

Odin spør om ho vil at han skal vere der om natta:

... Javisst villa æ det. Men --- dem sei det e --- smittsam? Ho mor – e her av og te. ... (I ungdommen (7);23)

... Ein gammal kjenning, ja, mumla han med seg sjølv, da han hadde sagt farvel. Det var rart den gongen han Bendek dø. Da va æ tynn. ... (I ungdommen (7);24)

Odin blir på Vennestad hos mora heile tida frå jul til i februar:

... Det gjekk fort nedover med Elen. Doktoren hadde sagt med Iver, at våren var verste knipa for slike. Stod ho over den, kunde ho komma på føtene att. Odin såg at ho levde ikkje til våren eingong. ... (I ungdommen (7);26)

... Da det leid ut i februar var det det ikkje stort att av Elen. Sov gjorde ho visst ikkje, og lite såg det ut til ho sansa av det som var i kring henne. Einast ei stund på natta var ho fullt vaki og med seg sjølv. Den stunda kvidde Odin seg for. Han syntes ho vilde spørre han om noko som det var umulig å svara på. ...

Det var midt på natta. Det hadde komme slik uro over henne. Åsel sat på senggavlen og heldt i handa hennar. Auga flakka til og frå. Somtid hang dei ved mora, somtid og lengst ved Odin. Da kviskrar ho:

Kan ikkje du Odin svara mæ da!

Han stirde tomt inni dei store redde auga. Djupare og djupare opna dei seg for han, og der inne stod sjølve angst, som han ikkje hadde visst om før. Svara, det måtte han, kor han så tok det ifrå.

Ja, mor! sa han. Ja, mor! Han visste ikkje om han kviskra det eller ropa det. Men ho hørte han ikkje. Han snudde seg til Åsel i rådløysa, men ho var der liksom ikkje, fanns ikkje makt i andlete hennar no. Ho hadde sitte der og snakka så vakkert om Vårherre, og Elen hadde ikkje hørt det. No hørte ho ikkje han heller.

Kor det ber henn med mæ, Odin? Det reiv som eit skrik i huse.

Odin såg rundt seg, ut gjennom glase og attende til Iver, som stod bortmed døra. Og Iver var ikkje Iver lenger, han var tynn så ein kunde sjå gjennom han, men eit levande menneske likevel, og det stod ei makt ifrå han og til Odin, som ei god hand. ... (I ungdommen (7);27-28)

Odin får tak i faren Otte som kjem og ser til Elen:

... Trur du han tek imot mæ da? Spurte ho, ørande stilt. Otte nikka berre. Kanskje han gjorde ikkje det eingong. ...

Ja, ja! anda ho.

Da seig trøyten over henne, ho la andlete andre vegen og let att auga. Ho seig gjennom sømnen og vekk. Berre nokre få rykningar sleit i henne, ei totre pipande lyd. Dei lyta til det song for øyra. No drog ho ikkje anda meir. ... (I ungdommen (7);28)

Bestemor Åsel dør

Også bestemora Åsel dør av tæring:

Men der kom det på, at Åsel var sjuk.

Sjuk hadde ho aldri vore før, ho hadde berre vore eit grand tungblæst siste åra, og litt hoste hadde ho hatt, men den hadde ho smilt til; det var gammalmanns-hosten. No tok det henne med frist og hete, og sjukdom all igjennom, så ho måtte til sengs. Da smilte ho att. Ho låg og såg kva dette var. Utpå natta bar det i brekkinga med henne, og da var det blod ho kasta opp.

... Ho var blåbleik i kinna og kvit på leppene, men auga såg lognt og levande på han (Odin). Snakke var ho ikkje god til for det første.

... - Han fekk kanskje vekke ei av tausene, og fara etter dokteren? spurte han.

Ho rista på hovude, det little ho var i stand til; han skulde ikkje det nei. – Nei nei, sa han. Noko farleg kan det ikkje vera; det her. – Nei. Ikkje farlig, kviskra ho. Men ålvor, Odin!

Da det vart dagen, skikka han folk etter dokteren lel, og i kreldinga kom han. Han fór henne vel over, og Åsel sette seg ikkje imot det. Han sa som Odin, at noko farlig var det ikkje, ho hadde gått og hosta seg fordervat av bronkitt: ho kunde bli bra vissst ho berre vart i senga lenge nok. Det svara ho ikkje noko til. Men da han hadde fare, såg ho på Odin att, og smilte som i gamle dagar: Nei, ban, det er gjort no. Han ser det, Han, at eg er ikkje noko til meir. Har ikkje bruk for meg lenger. Nei, nei da. (I ungdommen (7);135)

... Åsel vilde ikkje dei skulde vaka over henne, dei kunde sjå ho plagdes ved det; ho heldt det for skam. Ut på morgokristen fekk ho ei ny hosteflage, og da kom blode verre enn før. Etterpå visste ho ikkje til seg ei lang stund, og Astri stod og venta det var døden. Ho stod på sprang og skulde etter Odin, men så tok ho seg på tak og let det vera. No hørte ho for resten eit lite andedrag. ...

... Utover dagen kvikna Åsel til att. Odin sat der hos henne. Han bad henne fleire gonger at ho måtte ikkje snakke, men det smilte ho berre til. Døden var over henne, det såg han, men hadde han hatt makt til det, hadde han trua henne til å ligge still. Tankane kom og gjekk gjennom henne, og munnen mumla etter kvart. – Gammelkarane, Odin, dei låg og tenkte på gravølet sitt. Gjer så eg òg. Stort gravøl – like vel. Ikkje sant? ...

... Det var noko, Odin. Eg las om det – gamlehjem – sei meg: kva er det for noko? Odin fortalte det han visste om det. – Ja, ser du der! Anka ho seg. Visste det, eg, men. Det vart ikkje med meg. Kunde da ha gjort noko, ser du! Men så kjem Han og tek meg ifrå det – eg er så tørst, Odin!

Han gav henne vatn, og ho takka, og tok etter sommen med det same. ... (I ungdommen (7);136-137)

Åsel har sterke lungeblødinger som er i ferd med å kvele henne:

... Gong for gong måtte dei til senga, for blode kom settande og vilde kvæve henne. Ho visste ikkje stort om seg: men sa ho eit ord, var det med full sans. – Kyrne, Astri? spurte ho. Budeia – sovnar visst av? ...

... Da vaknar dei til ved eit særskilt andedrag. Dei snur seg samstundes, møter einannan med auga, så vidt, og går bortåt senga. Det er ikkje anddrått lenger å høre, berre surkling og strid.

Åsel ser dem som snarast. Dei veit det er farvel og takk for seg. ... (I ungdommen (7);138)

Thekla dør

Sigyn har ei veninne frå lærarskolen, Thekla Olsen, som kjem til bygda som lærar, men ho har därleg helse, og det blir snart klart at ho har tæring (Sigyn (2);97). Thekla snakka om døden:

... Det var i fjar då eg heldt på og skulde fara i veg, før eg reiste på helseheimen. ... (Sigyn (2); 109).

... --- Thekla låg og døde. Ho stridde ikkje med døden, ho hadde git seg over og smilte trøytt og blodlaust til Sigyn, rette handa til henne:

Du får ha farvel no, Sigyn, og takk.

Sigyn kasta seg over henne, halvt ifrå seg.

Nei, Thekla, eg slepper deg ikkje, du får ikkje gå ifrå meg, hører du, du får ikkje det!

Så trøsta ho lågt og innerlig:

Du skal bli frisk du ser du, eg tek deg med meg heim i denne dag, og då skal eg vel alltid få deg frisk att, og då skal vi ha det så hyggelig du og eg, - du skal vera fri skulen og alt, vi

skal trøy oss som to små ungar, Thekla – vil du ikkje det? Jan, du må ville det, for mi skyld om ikkje for anna, du går ikkje ifrå meg no, du gjer ikkje det, Thekla, no når eg er så - så glad som eg er!

Thekla opna auga litt. Ho såg kor herlig Sigyn blømte – ungdommen som tek lukka og live – så let ho att auga og låg still lenge; små drag av liding kom og gjekk over det vesle bleike andlete. Ho vart brennande raud i kinnene, pusta stuttare og fortare, og auga opna seg blanke og i skjerande angst. Ho tok handa til Sigyn, mest som ho sokk i sjøen. Det var hosten som kom. Ho hosta opp klåre blode. Etterpå låg ho og anka seg. ... (Sigyn (2);169)
... Thekla nikka. Snakke var ho for trøytt til. Ho såg rolig på Sigyn, med store blågrå auga; angelokka løfte seg og seig frå stund til anna, med lange frynser som la skugge nedover dei uttærde barnekinnene. Sigyn måtte kysse henne, så farlig det var. ... (Sigyn (2);170)
... Det gjekk fram med Thekla, syntes Sigy; men det gjekk smått. Våren vilde nok heller ikkje koma i år. ... (Sigyn (2);170)

... Jan, det gjekk fram med Thekla. Det hang i ein tråd som ikkje måtte briste. Men når Sigyn tala om det, riste hos på horude som ho hadde gjort: ikkje seie det der du. ...

... Og beste det var snudde ho seg til veggen og gret. Ho gret vonlaust og lenge, heilt til hosten kom. ... (Sigyn (2);171)

... Ja Thekla – kor var ho no, tru? Ho fór visst ut.

Ho fann henne nedi hagen, ho sat i solskine på ein liten borkestol. Ho smilte då Sigyn kom rennande: Lat meg få sitte her ei lita stund; så er du snild då.

Før Sigyn fekk henne inn, riste ho over all kroppen. Ut på kvelden, då Sigyn kikka opp til henne om hosov, sat ho oppe og skreiv; ho stakk breve i skuffa og tok seg til horude, munnen skalv litt og kinnene brann, og kaldsveitten blenkte i panna.

Ein times tid etter låg ho og øra i feber. Av og til kasta på seg, ho fekk ikkje luft. Doktoren kom ut på morgenparten, og han såg straks kva veg dette bar.

Dagen etter kom ho til seg sjølv ei stund. Ho tok handa til Sigyn med både sine. Å seie noko var ho ikkje istrand til, ho hadde slik styng. Endelig fekk ho kviskra det fram: Der låg eit brev i skuffa. Til han. Om Sigyn vilde sende det – når det var slutt.

Ved midnattsleite tok døden til. Det vart ikkje så lang ein strid. Ho døde med eit krampetak i Sigyn.

Sigyn anda ut i stor lettnad, då det var gjort. ...

... Sjukesøstra kom og sa at no fekk Sigyn gå ned, ho skulde vel stelle med like. ... (Sigyn (2);171-172)

Ane-Marta Bjørland dør

Ane-Marta Bjørland i «Det gode samvite» blir stadig därlegare:

... --- Morganen etter var Ane-Marta kleinslig og kom ikkje opp ... Ane-Marta var raud kring auga, ho hadde gråte. Nei takk, vann ikkje åt kaffe i dag. Takk, ikkje mat heller nei ... (Det gode samvite (4);198-199)

... Men Ane-Marta var det berre armelig det hingla med. Hosten vart grovare enn han hadde vore hardaste vinteren nokon gong, og horude var så reint gale. ... (Det gode samvite (4);200)

... Ane-Marta var blågrå i andlete; men det var ho elles rett som det var. Ho tok seg til hjarte, men berre eit lite tak, så Nora ansa ikkje på det. ... (Det gode samvite (4);204)

... Da dei bar Ane-Marta inn til sengs, kasta ho opp blod. Det hadde hendlt seg før og, men aldri så mykje, og ikkje hadde ho vore så vekk.

No vart ho liggande i ein døs etterpå, og gong på gong kom ræddhugen over henne, at ho var åleine og skulde døy. Ho bad så vakkert dei måtte ikkje gå ifrå henne.

Dokteren kom, og han var ikkje mangmålt. Greier det knapt, sa han til Lars. Ho hadde hosta seg fordervar for lenge sea, og no klikka hjarte og.

Dei visste det likså godt dei andre som han. Ho kvikna til ein totre gonger og meinte ho var god, og så ein morgonen baud ho farvel med dem. Ho bad dem helse Anders, og bad Nora

enno ein gong om å bera korse med tålmod, det var den siste kviskringa, og straks etter hadde ho gjort ifrå seg. (Det gode samvite (4); 205)

Nora dør

Etter gravølet til Ane-Marta er det Nora som blir sjuk:

... Men ein dagen kjem kjøkkentausa ned frå loftet og leitar opp Lars. Nora er klein, det kom an på om han ikkje måtte sjå oppå? Lars legg frå seg pennen og går opp. Nora ligg som ho sør; stutt i pusten, og auga halvopne; ho er gloheit. Han set seg på senggavlen og tek handa hennar, han vil kjenne på pulsen. Han sit og ser på klokka og teler.

Hm! Hm! seier han tungt. – Vi må etter doktern. ...

Dokteren var ikkje viss på kva dette var. Han kom att sea og var enda mindre viss på det. Nora var ikkje verre, men ho vart ikkje betre heller, og dessutan hosta ho så det var ei synd.
(Det gode samvite (4); 230)

....

Men Nora la handa bortpå håre til Lars. Ho let henne ligge der.

Du veit da det, Lars, at det va det best om æ fekk døy. For oss bå to.

-- Men Nora fekk ikkje døy. Ho friskna til litt med kvart, og dokteren sa ho kom seg for denne gongen. Men, sa han til Lars, noko helse trur eg knapt ho får. Ho bli gåande slik og hoste og vera småklein. Om det no ikkje beint fram bli tæring, sa han. (Det gode samvite (4); 230)

... Nora kom seg ikkje fort, men fram gjekk det, og da våren kom for allan, heldt ho til ute i sol og vind og gjorde seg godt av dagane. ... (Det gode samvite (4);232)

Men Nora er ikkje heilt frisk:

... ho hosta berre litt med seg sjølv, ein liten tør, plagsom hoste. Om natta sette ho seg opp i senga somtid, ho fekk ikkje puste. ... (Det gode samvite (4);254)

... Ho (Elen) skulle vikariere for lærarinna på sørsida, for ho var sjuk og låg til fjells. Elen skulde få ha romme hennar i skolehuse, om ho vilde, og det tok ho med; ho var ikkje redd tæringen. ... (Det gode samvite (4);277-278)

Nora blir dårligare:

... Nora gjekk og la seg på nytta, og sovna. Om natta vakna ho med slik strid hoste, og styng for bryste, og da ho skulde sjå, hadde ho hosta blod. Ho såg på blodet og smilte, og så la ho seg til att. ... (Det gode samvite (4);288)

... Eit par dagar etter var Nora på føtene att. Frak var ho ikkje, det var alt med seg det skrid. Med kvart måtte ho til sengs ein vending. Gamle Beret putra og skjente, at ho skulde til dokteren. Nora gjeispa berre. ... (Det gode samvite (4);289)

Elen og Kristian giftar seg i byen, men Nora kan ikkje vere med:

... Nora var ikkje med, ho var for kleinslig. Det var tæring ho hadde, ho merka det så vel, og ho meinte ikkje han kom til å bli langvarig. ... (Det gode samvite (4);289)

... Dei vaka hoss mora halve natta kvar. Næste dagen kom Rohl utover, og da han såg kor det stod til, snudde han seg stilt til Frigg. Han slo seg for der, til det var slutt. ... (Det gode samvite (4);296)

... Da Elen kom ut i kammerse, låg mora og halsov og sveitta. Ho vakna straks, vart liggande og strævde med å få luft eit tak. Så låg ho stilt og såg på dem. ...

... Mora smilte med den døde munnen, og hosten sette på henne. ...

... utover natta vart striden tyngre, det vart ei natt som tok ut sveitten på dem, og først på morgenparten var det slutt. Ho såg på dem ein for ein, og dei kom og baud farvel.

Amen! kviskra ho; og sea kom ho ikkje til seg. ... (Det gode samvite (4);297)

Kona til Helmer, Gisken, døyr

Også i «Menneske og maktene» møter vi tæringen. Det er Giske, kona til Helmer som blir sjuk:

... Men Helmer hadde lagt merke til Gisken. Ho var visst nær på å svimre gong for gong utetter kvelden, og ei stund måtte ho legge seg nedpå. Sia om dagane skjønte han at ho var ikkje frisk. Denne rødleten hennes var noko for seg, og auga var ansles blanke enn dei skulde vera. Ho lea trøytt på horude da han vilde ha henne med til dokteren, det vanta ikkje henne noko.

Endelig fekk han henne dit. Tæring, visste Helmer om det ikkje vart sagt. Og det var da ein sjukdom med von i? Dokteren sa der var god von, berre ho levde slik og slik. Gisken gjorde som dei bad henne om. Ho vilde gjerne leva. ...

... Men utpå kvelden sette hosten til. Ikkje noko dødsbud, men om natta vakna Helmer og var redd. Og Gisken låg og fraus borti senga si. Ho påstod det var for heitt. Han før etter dokteren. – Lungeinflamasjon, kunngjorde dokteren, og det var da meir enn sant nok. ...

... Sjukdommen gjekk sin gang. ...

... Med Gisken sa han farvel ei stund ho var klår nok til det. Nå ja, live var henne ein liten ting nå. Ho skulde ein annan veg. ... (Menneske og maktene (12);168-169)

Vedlegg 5

«En liten brystsvak pike»

Denne visa, som vart kjent over heile Skandinavia, skal ha sitt opphav nettopp i Namdalen på Duuns tid. Visa er ikkje særleg «duunsk» i forma, ho er langt meir sentimental enn det vi er vant til hos Duun, men illustrerer det tragiske ved tuberkulosen. Og visa reflekterer noko av den empatien og den makteløysa som i alle fall forfattaren av visa må ha opplevd. Forfattaren skal ha vori Nicolay Benjamin Batt, overlege ved Namdal sjukehus frå 1893 til 1932. Han var ein fagleg foregangsmann på fleire områder og vart svært populær blant namdalingane. Han hadde sjølv ingen barn, men hadde særleg godt forhold til barn, og blant anna kjøpte han inn både julegåver og leiker til barn som låg på sjukehuset.

Bildet på neste side er frå hausten 1906 og viser overlege Batt, som sit ved bordet i eit av barneromma. Det er fortalt at det var den elleve år gamle Anna Sætereng frå Otterøya, i senga til venstre på bildet, som Batt skreiv om i visa «I en sal på hospitalet», eller også kalla «En liten brystsvak pike».



Bildet er tatt på ein av sjukesalane ved Namdal sjukehus hausten 1906. Bildet viser overlege Batt, som sit ved bordet, og hans personale i eit av barneromma. Det er fortalt at det var den ellevje år gamle Anna Sætereng frå Otterøya, i senga til venstre på bildet, som Batt skreiv om i visa «I en sal på hospitalets», eller også kalla «En liten brystsvak pike». Anna døydde på sjukehuset 17. januar 1907. På golvet sit to år gamle Hilmar Jakobsen Øie(n?). Han døydde nokre år seinare av polio. Heilt til høgre ligg Olea Moe frå Harran. Ho døydde på sjukehuset eit år etter at bildet vart teke, ti år gammal. Personalet er elles frå venstre diakonisse Lorise P. Andersen Helø, lege dr. Ole Flatvad (var kommunelege på Leka og distriktslege i Overhalla), diakonisse Anna Cathinka Oftedal. Heilt til høgre ei ukjent, truleg ei gangkone. (Foto: Namdalsmuseets samlinger).

En liten brystsvak pike

*I en sal på hospitalet,
hvor de hvite senger står,
lå en liten brystsvak pike,
mild og god med gyllent hår.*

*Alles hjerte vant den lille
som hun lå der mild og god,
bar sin smerte uten klage,
som et barn med hellig mod.*

*Og hun hvisker til sin lege,
som ved hennes seng han står:
«Får jeg komme hjem til påske,
skal jeg være riktig god».*

*Legen svarer henne stille:
«Nei, mitt barn, det knapt jeg tror;
men til pinse kan det hende
du kan du komme hjem til mor».*

*Pinsen kom med grønne skoger;
blomsters prakt i mark og eng;
men den lille lå der stille,
fengslet i sin sykeseng.*

*Og når høsten ubarmhjertig
Ryster hennes svake bryst,
Spørger hun en gang imellom:
«Må jeg komme hjem i høst?»*

*Legen svarer henne ikke,
stryker hennes gyldne hår,
det er tårer i hans øyne,
når han vender seg og går.*

*Og til siste med fred i følge
julens glade budskap kom,
men den lilles røst var stille,
og den lille seng var tom.*

*I sin grav nu trygt hun hviler
under sneens kolde skrud,
endt er hennes lange venten,
hun fikk komme hjem til Gud.*

Vedlegg 6

Alvorleg lungebetennelse

Før antibiotika kom i bruk, kunne lungebetennelse vere ein livstruande tilstand. Duun skildrar fleire som får lungebetennelse, både unge og eldre, og dette er omtalt i kapittel 7.1. Her er fleire eksempel på korleis sjukdommen kunne arte seg:

Marta Brønnes – overlever etter «krise» sjette døgnet

Marta Brønnes, svigermor til Sigyn, får lungebetennelse. Ho er svært därleg, dei omkring henne trur ho dør, men det snur seg etter sjette døgnet, og ho overlever. Dei har besøk av dokter fleire gonger, og dei får også hjelp av sjukesøster. Historia viser korleis det også tek på dei som står henne nærest:

... Dokteren kjørte fra Brønnes, og Elias sjølv var med og skyssa. Karjolhjula murra og skar i veg-gruse med så einslig ein lyd, slurpa likesælt gjennom dei små vasshola. Elias bøyde seg fram og tala til dokteren gong for gong; han prøvde å snakke seg inn på han, så godt han var mann for det; han var ikkje med for noko anna en for å få litt meir greie på kor det stod til. Og det stod dårlig til.

Det hadde ikkje gått som Sigyn ønskte seg det, at ho skulde bli sjuk. Marta vart liggande. Og verre kunde det ikkje skape seg til, det syntes dei alle. ... (Sigyn;180-181)

... Marta låg og pusta kringt og stutt, berre med halve drag. Auga flytte seg med andedrage att og fram.

Ho var klein, det kunde ho ikkje negte. Men slettes ikkje noko farlig. Ho stod det over. Same kva dei trudde. Det var på det fjerde døgne no; og då var det berre eit par døgn – til det gav seg. For det var lungebrune. Ho hadde hatt det før.

Ho hadde kome heim frå kvinnesforeninga ned i bygda her ein kvelden og vore skraput, hadde hatt slike hjartans frost i seg, og slik hete op i hovude. Ho tok seg ein todji, men den kasta ho opp; så tok ho seg ein karsk, - det smakte alltid litt likare når det kom i kaffen. Ja, det gav seg eit grand då, så-mykje ho fekk sømnen for seg; men utpå natta vakna ho med stynge gjennom ryggen og bryste, og kjente att fanterie straks. – Dokteren hadde vore her to gonger no, og klein tru hadde han visst, særlig da han hørte ho hadde hatt det før.

Men det var just det som trøsta Marta. Ho hadde dregest med det ein gong før, og hadde kome seg så tålig ifrå det; ein måtte bli bortåt dubbelt så klein, skulde ein stryke med av det. Det vart verre denne gongen, det gjorde det. Men ikkje ansles en at ho greidde det. Ho var no berre knapt 61 år òg. ... (Sigyn (2);180-181)

... Jamen var ho dålig lel, dygtig dålig òg. Og det av slik ein sjukdom da, som kvindfolk mest aldri fekk. Ho la hovude hit og dit; kroppen låg på høgre sida, kunde ikkje røre seg for stynge; det vart bågt snart å få puste, saga ho seg sund innvortes. Å ja, det vart litt tussig no eit tak; eit døgn eller to. Men - ...

... --- No tok det til og vart så uklårt for Marta. Lange rider glømte ho at ho hadde vondt. Men ho merka det var ille å vera til. ...

... No hadde ho visst øra ei stund. ...

... --- Dei vaka over henne både to den natta. Det vart ikkje så dei sa noko; dei kunde ikkje godt prate heller no som det var. ...

... Sigyn låg på kne framfor senga då han kom inn, ho gret ned i dyna, over handa til Marta.

-- Og sjette natta kom; og ho kom tungt.

Marta låg og stridde i feber og hoste, og dei to sat og vakta på henne. Sjukesøstra skulde løyse dei av då det leid på, men dei bad henne vente. ...

... Marta låg og såg framover golve, kjente visst ingen, og sa ikkje noko. Hoste var ho vel for klein til; men andedrage let så klagande, ut og inn.

Det er ein slags sømn, sa søster Kristine og la seg på sofaen.

I morgo-tidlig skulde dokteren høre hit. Det var lenge til den tid. ...

... Ho hadde blunda, ho vak opp og undrast om det var lenge. Då, nett i det same, rører Marta på seg, snur på seg, og ser klårt og vake hitover, auga finn henne og ser på henne. Ho gir fra seg ein lang sukk, liksom ho slepper ei meng med luft.

Sigyn spring opp og borttil senga, tek henderne hennar og kjenner ikkje golvet under seg; dette er vel døden som kjem.

Men Marta gjeispa, og togg litt me den tørre munnen.

Gji meg liti vatn, Sigyn. – Ho var så merkelig frisk i måle, og henta heim pusten så djupt og trygt, lea litt på seg, kjente på seg. – Jamen sant mein eg de verst e over. Ho smilte forundra: - Ska'n ha kjent sånt. Ja ja da, -- Gå å legg deg, Sigyn; gjer de. Eg vil – sova etgrand eg ò. Ho snudde på horude, ogsov.

Sigyn stod på sprange og vilde inn etter Elias, ho trudde det verste enno, men sjukesøstra sa at no bar det rette vegen; ho kunde berre gå. ...

... Han reiste seg frå benken inni stua, då ho opna døra; han var fullt påklædd.

E de – dåliar no? sa han. ...

... Nei, Elias, sa ho, - de verst e gjort no. Ho sov no.

He?

Ho fortalte han korleis det var; ho vann det, og seig i hop i gråt inntil han. ... (Sigyn (2);

182-185)

Lars Lines dør

I «Det gode samvite» blir Lars Lines därleg:

... Det kunde vera det, meinte Anders, at han Lars Lines var så klein. Dokteren hadde vore der. ...

... Litl-Lars bar fram erende sitt fort: Han far vant så dårlig, det var riktig skrap med han, lungebetændels. ... (Det gode samvite (4);182-183).

.... Lars Lines låg og drogst med døden. Det var tridje gongen han hadde lungebrune, og nå stod han det ikkje over. Han hadde vore sjuk lenge, meinte dokteren, for det var noko gale med bryste. Han vann snaut sjå til sides. Kanskje kjente han Per, kanskje ikkje. Andlete var beinbert og blå-årut, og munnen var open som på eit lik. ...

... Utpå kvelden tok døden til for alvor. Først utpå morgonparten gav han anda frå seg (Det gode samvite (4);184-186).

I «Olsøygutane» får Johan lungebetennelse

Johan datt i sjøen, greier å kravle seg opp på berget, men blir sjuk etterpå:

... Men tidlig morgenen etter kom Johanna og vekte Jæger; Det stod visst gale til me 'n Johan, han snakka så uvislig, og så vilde han opp. Jæger såg straks at dette var alvor, og så for dei etter dokteren. Da dokteren hadde vore der ei stund, spurte han om Johan hadde hatt lungebrune før. – Nei, han hadde aldri vori sjuk ein dag. – Ja. Det skulde da vera ei trøst. Men han hadde fått ein vålig støyt for bringa, attåt denne avkjølinga. Dokteren vona det beste, og lova å skikke dit sjukesøstra.

Johan hadde komme til seg att, men han var hardt sjuk. Dag og natt låg han der og småhosta og plagdes og smått anka seg. Johanna vaka til Jæger måtte jaga henne i seng. Sjukesøstrasov heller ikkje mange timane. Da det leid på mista han samlinga att. – Gutungar! Slepp meg! låg han og sa. Reiser de frå meg! klaga han seg. Så bala han og

snakka og lo, så glad at ein Stein kunde grøsse. Johanna spurte fleire gonger om han ikkje kjente henne, men det var ikkje vislig svar å få.

Dokteren var der att.

Ein morgonen kom Arne og sa til Jæger at no såg det lysare ut; - det går visst den vegen det skal gå no, sa han. – Det gjer det visst, svara Jæger og gjekk fort åt kammerse. Johan kjente han og drog på smilen. Det var verre for Jæger å kjenne Johan.

Jæger gjekk ut og vekte Johanna, ho låg påklædd på sofaen i litlestua. Han tok armen hennar og leidde henne. Ho vart ståande framfor senga og halde i Jæger. Johan var alt død. ...

(Olsøygutane (9);64)

Bronkitt, lungebetennelse, hjarteslimmer

I «Ragnhild» legg Tale planer om å reise sørover og hente svigerdottera Ragnhild etter at ho hadde vore i fengsel i fleire år. Men Tale har i lang tid vore plaga med bronkitt:

... Det var merkelig kor bronkitten hadde gitt seg i det siste. Og føtene var utrulig brukbare no ei tid. ... (Ragnhild (10);162)

... Og ho mor, stakar, som sette i veg sørjennom lande med bronkitten sin og dei arme føtene ... (Ragnhild (10);166)

Det kan godt tenkast at bronkitten til Tale er tuberkulose, det får vi aldri vite. Men når Ragnhild og Tale sit på toget heimover, blir Tale sjuk:

... – Det var da dei kjørte oppgjennom dalbygdene at Tale vart dårlig. Rettelig frisk var ho ikkje før heller, ho klaga seg klein da ho hadde sitte på toge ein times tid. – Vi må skynde oss å reise no, sa ho, for elles når eg ikkje heim. ... (Ragnhild (10);225)

... Lenger ut på dagen var det ho sa: - Nei eg er ikkje noko til, lenger; eg skal vera glad visst eg vinn meg heim, da lyt eg seie eg har gjort mitt. ... Hosta gjorde ho ikkje, men ho hadde litt tyngre for å puste enn vanlig. ... (Ragnhild (10);226)

... Best det var kom Tale sigande fram over den vesle bordplata. Ho hadde ei føl nød med å puste. Dei kom med vatn, og Ragnhild sat breiddmed henne og heldt henne. Tale fann i handa hennes og blåheldt seg i den, for det hjelpte utrulig. Tida gjekk, time for time. ... (Ragnhild (10);226)

... Ho fekk slik frost gjennom all kroppen, men horude var eldande heitt, og så kom denne nøda att med å få dratt anda, det kjendes som det skulde bli slut med det. Hjarte tok til verre med flaksinga si, så stod det litt, og så gjekk det litt, så før det i veg om kapp med togramle.

... (Ragnhild (10);227)

... Tale var så sjuk, da dei endelig var i byen, at Ragnhild fekk tak i vognmann og kjørte til sjukehuset med henne. ... Dagen etter, da Ragnhild kom dit, fortalte dei det stod dårlig til, det var ikkje berre bronkitten dette, det var gale med både hjarte og nyrer, ingen kunde vite kva veg det vilde ta. ... (Ragnhild (10);227)

... Det vart ein hard strid. Ragnhild måtte trøste seg med at Tale ikkje visste til seg, at ho ikkje merka korles sjukdommen før med henne.

Tale var heilt klår. Ho syntes ho hadde ei pine, og det var at ho var så alt for klår. Henne regjorde sjukdommen med som han lysta no, ho hamla berre unda og let vera å kjenne det, kroppen fekk i guds namn vri seg, men da hørte ho og såg ho alt som var ikring henne, og bortanfor det såg ho svarte gape der all ting sluttar. ... (Ragnhild (10);227-228)

... - Skulde det berast i døyninga med meg, sa ho eingong. Meir var ho ikkje god til å få sagt. Sia vart det urolig for henne, det var vonde tider, og alt var utan fred. Gode lyse menneske var leidde fram og og gjort ende på, folk trudde ho var like slug på det, men ho var radt allvitande og allstads nærverande, dei visste ikkje noko om a Tale, visste ikkje noko om seg

sjøl heller, men fred med dykk like vel, born! Nedi eine hagekråa heime står ein liten blom som ikkje har vorte tilset i heile sommar, og der er mange ting elles, men no fer eg visst? Kva veg er dette da, godt folk, ber det aust eller vest?

Til himmels, trudde Ragnhild, og så langt vilde ikkje ho følgje henne, nei ikkje Tale heller vilde ho følgje så langt. Nei. Tale tok handa hennes og krevde det, og da svara ho ja, - eg er med Dykk! Men det gjaldt berre til handa var kald. ... (Ragnhild (10);228-229)

Lungebetennelse etter å ha rømt heimanfrå og overnatta ute

Hallvard, guten til Ragnhild og Håkon, får lungebetennelse etter å ha rømt og vore ute i skogen i fire døgn:

... Hallvard snudde seg fram da han hørte målet til faren. Sveitten perla i panna på han, men han var fullt med seg, kunde dei sjå. Da Håkon kom bortåt senga og snakka til han, vendte han seg mot veggen att. Der var ikkje svar å få av han.

Dokteren kom. Han trudde ikkje der var nokon fare på ferde ... (Ragnhild (10);265)

... Men Hallvard brekte seg gong for gong, han var verkeleg sjuk. Ragnhild sa det med Håkon. Håkon hadde alt set det. Tidlig morgonen etter fortalte han at guten låg og snakka i ørska og var heit som ei glo. Først telefonen vart opna ringte han etter bydoktoren.

Dokteren kom med dampbåten om kvelden. Han sa dem det dei visste før, at det var lungebrand. Resten var ikkje godt å seie.

Dei gjekk inn i angstens att, utan å seie noko, utan å sjå på einannan. Dei gjekk sju lange døgn til botns, og det åttande vart ikkje linnare.

Det vart kveld og der vart morgen den eine dagen som den andre. Sola stod på himmelen, stod og skjein alt det ho kunde, men det var for verda elles, dei såg henne gjennom ein vond draum. Det som var til, var at Hallvard låg og pintes og var snart klar. Med kvart var det natta, gråe sømnen utanfor huse. Ein kunde bli vår einkvan tingen, ein haug eller ein gar, han var så reint bortglømt. Dei var bortglømte sjølv.

Dei byttast med å vaka, men stort anna enn vakinga vart det ikkje for nokon av dem. Det måtte ha vore vondt nok å høre på denne hosten, så drepande han var, om det ikkje var vesle Hallvard som drogst med han. Han vart verre og verre, der fanns ikkje miskunn til.

Dei henta bygdedokteren eit par gonger, og han gjorde det han kunde; men det var ikkje vandt å skjonna han, at mot døden og lagnaden er det ikkje stort ein kan gjera, enten ein er dokter i byen eller på landet.

Ein gong da det var på det verste, snudde Håkon seg til Ragnhild. Det var midt millom dagen og natta, ei bleik og lyslaus stund, ho var sløkt for all von. Hallvard låg i ein ynk, og feberen var snart oppi 41. ...

...

Dei venta på sjuande døgne. Da skulde sjukdommen ta ei vending, til liv og død. Da var dei så gjennompint, dei tykte det var bra same kva det vart, berre det ikkje var slik lengre.

Det skjedde. Feberen gav seg, og hosten linna etter kvart. Men det gjekk for fort, det var umulig å tru på det. Det måtte vera røgen ned. Tid for tid venta dei pulsen gjekk tvert i stå, og at livsvarmen lak ut med feberen.

Dei såg det vart live, men dei var ikkje i stand til å tru det. ...

Men dei kom over det. Hallvar sov, det nytta ikkje å nekte det, dette var sømn. Heile dagen gjekk, vinden og regne dreiv på ute, no var det deira tid, og inne låg Hallvard og sov. Gong og anna ynka han seg litt, det hørtes som det var i velhære. Mot kvelden såg han opp, fleire gonger. Litt forundra, kom det for dem; dermed snudde han seg og sov att. ...

... Dei kom ut av angstens att, hadde fare ferda til endes kvar for seg og møttest på andre sida. ... (Ragnhild (10);267-268)

Michael Skjelderup

Michael is a publication series named after professor *Michael Skjelderup* (1769–1852), one of the fathers of Norwegian medicine. He was born in Hof, a small place in what now is called the Vestfold county in Norway as the son of a priest, and was raised in the Norwegian countryside. Because of severe speech disturbances as a boy he did not get proper schooling, but was at last accepted as an apprentice in an apothecary's dispensary in the city of Fredrikstad at the age of 16. During his youth he tried through hard work and by means of an intensive self-discipline to overcome his handicap, and he really succeeded, except for in stressed situations.

Lacking a student examination, an academic training seemed out of question, in spite of his obvious bright mind. However, in 1789 he was admitted to the new Surgical Academy in Copenhagen, where academic qualifications were not required.

From now on, his career flourished. He passed the surgical examination with the highest grade in 1794, entered positions in Copenhagen hospitals and at the University, where he defended his doctoral thesis in 1803 and was appointed professor in 1805.

The first University in Norway was founded in Christiania (now: Oslo) in 1811. Medical teaching was supposed to commence from the very beginning, and from 1814 the new medical faculty could offer medical training. Michael Skjelderup was appointed its first professor 1813, and started his teaching, mainly in anatomy in the fall of 1814, after a dramatic war time sea voyage from Denmark across the waters of Skagerrak where hostile Swedes fired at his swift sailing vessel.

As a University pioneer, he became active in several medical fields. Among other achievements, he published an authoritative textbook in forensic medicine in 1838. When he resigned in 1849, eighty years old, he had seen all Norwegian trained medical doctors in his lecture room.

Skjelderup was instrumental in building a scientific medical community in Christiania. Together with his University colleague Frederik Holst (1791–1871) he founded the first Norwegian medical journal *Eyr*, named after a Norse medical goddess, in 1826. A reading club of physicians established in 1826 was formalized into an association in 1833, the still existing Det norske medicinske Selskab (The Norwegian Medical Society), which over the decades to come played an important role in the development of the health services and of a national medicine.

Michael is devoted to the memory of the man who first realized the importance of a regular, national medical publication activity in Norway and implemented his ideas in 1826. *Michael* is published by the same association as was founded by Michael Skjelderup and his colleagues – Det norske medicinske Selskab.

www.dnms.no

ISBN 978-82-92871-82-9



9 788292 871829

ISSN 1893-9651



9 771893 965004